



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 1400–1472 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4472, 5322, 5578 og 5621

Forord

St.prp. nr. 1 (2008-2009) frå Miljøverndepartementet består av 4 delar:

Del I presenterer hovudutfordringane i miljøpolitikken og hovudprioriteringar innafor Miljøverndepartementets budsjett i 2009. Vidare blir det gitt eit kort oversyn over miljøpolitiske satsingar i andre departement. Del I gir òg ei oversikt med oppsummering av utfordringar og status innafor dei sju resultatområda i miljøforvaltninga.

I Del II er det presentert ei utfyllande og fullstendig omtale av alle resultatområda med konkrete mål, status og verkemiddel.

Del III inneheld budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar.

Del IV gir ei oversikt over organisasjonsending, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga. Her er òg omtalt oppfølging av oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Inndelinga av miljøpolitikken i sju resultatområde, slik det er presentert i del I og II, heng saman med at miljøproblema er komplekse og at årsakene til dei er samansette. Dei omfattar ofte meir enn ein sektor i samfunnet, og kjeldene til ei miljøbelastning kan vere mange. Av dei sju områda utgjør resultatområda 1-4 dei miljøpolitiske resultatområda med utgangspunkt i miljøutfordringane. Resultatområda 5 og 6 handlar om det forvaltningsansvaret miljøforvaltninga har innan internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområda, og for plandelen av plan- og bygningslova og kart- og geodatapolitikken på nasjonalt nivå. Under resultatområde 7 er omtalt fellesoppgåver og miljøpolitisk arbeid som går på tvers av resultatområda. Dei fleste av resultatområda er delt inn i underområder. Dei sju resultatområda er som følgjer:

1. Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv
2. Bevaring og bruk av kulturminne
3. Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn
4. Eit stabilt klima og rein luft
5. Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda
6. Planlegging for ei berekraftig utvikling
7. Tverrgående verkemiddel og oppgåver

Inndelinga i resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte. Kvart resultatområde inneheld dermed anten eitt miljøpolitisk tema eller eit knippe av tema som står så nær kvarandre at dei bør omtalast i samanheng. Inndelinga i resultatområde legg òg til rette for ein effektiv struktur for formuleringar av mål og resultatoppfølging, både i forhold til andre sektorar og internt i miljøforvaltninga. Samtidig skal inndelinga i resultatområde sikre konsistens gjennom klare definisjonar og tydelege avgrensingar mellom dei ulike temaområda. Det er gitt ein definisjon og ei avgrensing av kvart resultatområde i del II.

Det enkelte resultatområdet rettar fokus mot dei viktigaste miljøutfordringane og synleggjer Regjeringas miljøpolitiske satsing. Dette speglar seg i strategiske mål, nasjonale mål og sektorvise arbeidsmål.

- *Strategiske mål* uttrykkjer ein ønskt tilstand på overordna nivå i eit langsiktig perspektiv
- *Nasjonale resultatmål* er fastsette på bakgrunn av dei strategiske måla, og skal vere meir konkrete, tidfesta og moglege å etterprøve, og vise kva resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå. Dei nasjonale resultatmåla representerer dermed det øvste operative nivået i målhierarkiet.
- *Dei sektorvise arbeidsmåla* er avleidde frå dei nasjonale måla, og vil saman med desse danne ein heilskapleg struktur ved at ein skal kunne aggregere arbeidsmåla i dei ulike sektorane til nasjonale mål.

Innhald

Del I		8	Resultatområde 3	
Innleiing	13		Reint hav og vatn	
			og eit giftfritt samfunn	85
1	Hovudutfordringane		9	Resultatområde 4
	og Regjeringas svar	15		Eit stabilt klima og rein luft
				106
2	Hovudprioriteringane i		10	Resultatområde 5
	Miljøverndepartementets			Internasjonalt samarbeid
	budsjett for 2009	16		og miljø i nord- og
				polarområda
				139
3	Miljøpolitiske satsingar		11	Resultatområde 6
	på andre departement sine			Planlegging for ei berekraftig
	område	19		utvikling
				160
4	Oppsummering av status på		12	Resultatområde 7
	dei enkelte resultatområda	23		Tverrgåande verkemiddel
4.1	Bevaring av naturens mangfald			og oppgåver
	og friluftsliv	23		177
4.2	Bevaring og bruk av kulturminne ..	26		
4.3	Reint hav og vatn og eit giftfritt			
	samfunn	27		
4.4	Eit stabilt klima og rein luft	29		
4.5	Internasjonalt samarbeid og miljø			
	i nord- og polarområda	33		
4.6	Planlegging for ei berekraftig			
	utvikling	36		
4.7	Tverrgåande verkemiddel			
	og oppgåver	38		
4.8	Miljøverndepartementets budsjett			
	fordelt på resultatområde	40		
5	Oversiktstabellar	41		
5.1	Merknader til budsjettframlegget ..	41		
5.2	Utgifter	41		
5.3	Inntekter	42		
Del II			Del III	
Omtale av Miljøverndepartementets			Miljøverndepartementets	
resultatområde	47		budsjettforslag for 2009	187
6	Naturens mangfald		<i>Programkategori 12.10 Fellesoppgåver,</i>	
	og friluftsliv		<i>regional planlegging, forskning,</i>	
	(resultatområde 1)	49	<i>internasjonalt arbeid m.m.</i>	189
			Kap. 1400 Miljøverndepartementet	189
			Kap. 4400 Miljøverndepartementet	199
			Kap. 1410 Miljøvernforskning	
			og miljøovervaking	200
			Kap. 4410 Miljøvernforskning	
			og miljøovervaking	203
7	Resultatområde 2		<i>Programkategori 12.20 Naturens mangfald</i>	
	Bevaring og bruk		<i>og friluftsliv</i>	204
	av kulturminne	74	Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	205
			Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet	
			og Statens fiskefond	208
			Kap. 1426 Statens naturoppsyn	212
			Kap. 4426 Statens naturoppsyn	214
			Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning ...	214
			Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning ...	228
			<i>Programkategori 12.30 Kulturminne</i>	
			<i>og kulturmiljø</i>	230
			Kap. 1429 Riksantikvaren	230
			Kap. 4429 Riksantikvaren	238

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	239	Kap. 5578 Sektoravgifter under	
Kap. 4432 Norsk kulturminnefond	240	Miljøverndepartementet	261
<i>Programkategori 12.40 Forureining</i>	241		
Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn		Del IV	
(jf. kap. 4441)	242	Organisasjonsendring og oppfølging	
Kap. 4441 Statens forureiningstilsyn	247	av oppmodingsvedtak frå Stortinget	263
Kap. 1444 Produktregisteret	249		
Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart	249	14 Organisasjonsendring,	
Kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp ...	250	fornyingsarbeid og likestilling ...	265
Kap. 5322 Statens miljøfond, avdrag	250	14.1 Organisering	265
Kap. 5621 Statens miljøfond, renteinntekter ...	251	14.2 Oversikt over fornyingsarbeidet ...	265
		14.3 Rapport om likestilling	
<i>Programkategori 12.50 Kart og geodata</i>	252	i miljøforvaltninga	266
Kap. 1465 Statens kjøp av tenester		14.4 Oppfølging av IA-avtala	268
i Statens kartverk	252		
Kap. 2465 Statens kartverk		15 Om oppfølging av	
(jf. kap. 5491 og 5603)	253	oppmodingsvedtak	
Kap. 5465 Statens kartverk	256	frå Stortinget	270
<i>Programkategori 12.60 Nord- og</i>		Forslag	
<i>polarområda</i>	257	til vedtak om løyving for	
Kap. 1471 Norsk Polarinstitut	257	budsjettåret 2009, kapitla	
Kap. 4471 Norsk Polarinstitut	259	1400-1472 og 2465, 4400-4472,	
Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	260	5322, 5578 og 5621	272
Kap. 4472 Svalbard miljøvernfond	261		

Figuroversikt

Figur 8.1 Risikoindikatorar: Utslepp	
av helse- og miljøfarlege stoff.	
2002-2006, der 2002=1.....	96

Tabelloversikt

Tabell 3.1 Miljøtiltak i statsbudsjettet		Tabell 6.2 Oversikt over område verna	
for 2009 (i mill. kroner)	22	etter naturvernlova	
Tabell 4.1 Miljøverndepartementets		pr. 1. januar 2008.	51
budsjett for 2008 og 2009 fordelt		Tabell 6.3 Mål- og indikatortabell for	
på resultatområde:	40	underområde 1 Berekraftig	
Tabell 5.1 Oversikt over talet på		bruk og vern av leveområde.	
årsverk pr. 1. mars 2008 under		Nasjonalt resultatmål 2.	54
Miljøverndepartementet	45	Tabell 6.4 Mål- og indikatortabell for	
Tabell 6.1 Mål- og indikatortabell for		underområde 1 Berekraftig	
underområde 1 Berekraftig		bruk og vern av leveområde.	
bruk og vern av leveområde.		Nasjonalt resultatmål 3.	58
Nasjonalt restmål 1.	50		

Tabell 6.5	Mål- og indikatortabell for underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Nasjonalt resultatmål 1.	59	Tabell 8.6	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 3 Oljeforureining	91
Tabell 6.6	Mål- og indikatortabell for underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Nasjonalt resultatmål 2.	61	Tabell 8.7	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter	92
Tabell 6.7	Bestandssituasjonen for laks januar 2007, talet på elvar.	63	Tabell 8.8	Liste over prioriterte kjemikalier som er omfatta av det nasjonale resultatmål 1 (Prioritetslista)	93
Tabell 6.8	Mål- og indikatortabell for underområde 3 Framande arter og genmodifiserte organismar. Nasjonalt resultatmål 1.	66	Tabell 8.9	Stoff der utslepp av enkelte miljøgifter skal stansast innan 2005. Oppdaterte resultat for utsleppsreduksjonar	93
Tabell 6.9	Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 1.	68	Tabell 8.10	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter	95
Tabell 6.10	Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 2.	69	Tabell 8.11	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter	95
Tabell 6.11	Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 3.	70	Tabell 8.12	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter	96
Tabell 6.12	Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 4.	71	Tabell 8.13	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter	97
Tabell 7.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 1.	75	Tabell 8.14	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 5 avfall og gjenvinning	99
Tabell 7.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 2	79	Tabell 8.15	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 5 avfall og gjenvinning	100
Tabell 7.3	Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 3	83	Tabell 8.16	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde avfall og gjenvinning	100
Tabell 8.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 1 Hav- og vassforvaltning	85	Tabell 9.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar	106
Tabell 8.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 1 Hav- og vassforvaltning	87	Tabell 9.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar	107
Tabell 8.3	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 2 Overgjødsling og nedslamming ..	88	Tabell 9.3	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar	110
Tabell 8.4	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3: underområde 2 Overgjødsling og nedslamming ..	88	Tabell 9.4	Mål- og indikatortabell resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar- klima- og skogprosjektet	111
Tabell 8.5	Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 3 Oljeforureining	90	Tabell 9.5	Mål og resultatindikatorar resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar- Tilpassing til klimaendringane	124

Tabell 9.6	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 2 Nedbryting av ozonlaget	127	Tabell 9.21	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 5 Støy	138
Tabell 9.7	Tabellnavn	127	Tabell 10.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet, bl.a. EUs miljør Samarbeid og UNEP	140
Tabell 9.8	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 2 Nedbryting av ozonlaget	128	Tabell 10.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet, bl.a. EUs miljør Samarbeid og UNEP	141
Tabell 9.9	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar	129	Tabell 10.3	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA	144
Tabell 9.10	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar: Utslepp av svoveldioksid (SO ₂)	130	Tabell 10.4	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA	145
Tabell 9.11	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av nitrogenoksid (NO _x)	130	Tabell 10.5	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 3 Geografisk retta miljør Samarbeid ..	147
Tabell 9.12	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC)	132	Tabell 10.6	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	149
Tabell 9.13	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av ammoniakk (NH ₃)	132	Tabell 10.7	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	151
Tabell 9.14	Krav til svovelinnhald i marint drivstoff	134	Tabell 10.8	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	152
Tabell 9.15	Krav til nitrogenoksid (NO _x)	134	Tabell 10.9	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	153
Tabell 9.16	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet	135	Tabell 10.10	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	155
Tabell 9.17	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet	135	Tabell 10.11	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljør Samarbeid i nord- og polarområda	155
Tabell 9.18	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet	136			
Tabell 9.19	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet	136			
Tabell 9.20	Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 5 Støy	137			

Tabell 10.12	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda	156	Tabell 11.8	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata	173
Tabell 10.13	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda	157	Tabell 11.9	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata	174
Tabell 10.14	Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda	157	Tabell 11.10	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata	174
Tabell 11.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 1 arealpolitikk og samfunnsutvikling	161	Tabell 11.11	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata	175
Tabell 11.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 1 arealpolitikk og samfunnsutvikling	167	Tabell 12.1	Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde 1 Styring og administrasjon	177
Tabell 11.3	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging	168	Tabell 12.2	Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde 2 Sektorovergripande arbeid	181
Tabell 11.4	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging	169	Tabell 13.1	Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar	191
Tabell 11.5	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging	170	Tabell 13.2	Garantifullmakter under kap. 1400 post 77	195
Tabell 11.6	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging	171	Tabell 13.3	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2009 (tal i heile kroner)	209
Tabell 11.7	Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata	172	Tabell 13.4	Berekning av kapital i Viltfondet i 2009	210
			Tabell 13.5	Samla refusjonar frå Viltfondet i 2009	210
			Tabell 13.6	Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2009	211
			Tabell 13.7	Samla refusjonar frå Statens fiskefond i 2009	212
			Tabell 13.8	Statens kartverks driftsinntekter	254
			Tabell 13.9	Statens kartverks kapitalbalanse	255
			Tabell 13.10	Statens kartverks gjeld og egenkapital	256



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 1400–1472 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4472, 5322, 5578 og 5621

*Tilråding frå Miljøverndepartementet av 12. september 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiing

1 Hovudutfordringane og Regjeringas svar

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere eit før-egangsland i miljøpolitikken, både nasjonalt og internasjonalt. Vern om miljøet er eit grunnleggjande vilkår for ei berekraftig utvikling og krev innsats på brei front. Ressursane på jorda er ikkje endelause. Dei rikaste av verdas befolkning belastar miljøet og ressursane så sterkt at andre ikkje får rom for velstandsvekst utan at tolegrensene blir sprengde. På fleire område er desse grensene allerede overskridne. Dessutan rammar miljøøydeleggingar ofte hardast dei som har minst høve til å tilpasse seg store endringar.

Norsk miljøpolitikk skal vere tufta på prinsippet om berekraftig utvikling, som rommar eit krav om solidaritet med komande generasjonar. Dette inneber vern av livsnødvendige miljøressursar, og ei forsvarlig forvaltning av naturressursane. Miljøpolitikken skal byggje på «føre var-prinsippet», som seier at tvil skal komme naturen til gode, på prinsippet om at forureinar skal betale, og prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknologi.

Miljøomsyn må gripe inn i alt vi gjer, i alle delar av samfunnet. Elles vil både globale og nasjonale miljøressursar halde fram med å forsvinne, til skade for framtidens generasjonar. Omsynet til miljøet skal derfor prege ikkje berre Miljøverndepartementets budsjett, men heile statsbudsjettet. Det er eit viktig prinsipp at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å tufte verksemda si på miljøomsyn.

God miljøpolitikk krev innsats frå staten, kommunane, bedriftene, borgarane og organisasjonane. Regjeringa legg stor vekt på innsatsen til dei frivillige organisasjonane og vil gjere sitt til at miljø blir sett tydelegare på den lokalpolitiske dagsordenen. Regjeringa vil stimulere til at norsk industri skal bli leiande innafor miljøforbetringar og utvik-

ling av miljøvennleg teknologi. Det skal bli enklare for forbrukarane å vere miljøvennlege i kvardagen. Det offentlege skal gå føre som ansvarleg forbrukar og etterspørje miljøvennlege varer og tenester. Skatte- og avgiftssystemet skal oppmuntre til miljøvennleg handling.

Dei største miljøutfordringane i vår tid er globale. Nord- og polarområda er særskilt sårbare og er ein viktig indikator for verdas miljøtilstand. Noreg har derfor ei særleg oppgåve som global miljøforvaltar på Svalbard og i polarområda, og ved å vera ein pådrivar i det internasjonale miljøsamrådet og ved å arbeide for forpliktande internasjonale miljøavtaler. Det blir lagt vekt på å byggje eit breitt samarbeid på miljøområdet med store og viktige utviklingsland. Ei eiga skogsatsing skal bidra til reduksjon i klimagassutslepp frå tap og degradering av skog i utviklingsland, og kan i tillegg bidra til å ta vare på naturskog, og det naturmangfaldet dette representerer, og til lokal utvikling. Regjeringa følgjer opp handlingsplanen for miljøretta utviklingssamarbeid, og Noreg skal bli leiande på miljøretta bistand. Handelsavtaler vil òg vera eit viktig verkemiddel for å fremje miljøvennleg produksjon og forbruk og lette tilgangen til miljøteknologi. Aktiv påverknad av EUs miljøpolitikk er viktig for utforminga av norsk miljøpolitikk. FNs miljøprogram UNEP må på sikt bli ein særorganisasjon for miljø.

Aukande konsentrasjon av klimagassar i atmosfæren. Rask reduksjon i naturmangfaldet på jorda. Stadig veksande bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Dette er dei tre største miljøtruslane verda står overfor i dag. Kampen mot desse truslane må prege alt frå Regjeringas internasjonale arbeid til kvar enkelt borgar sine daglege handlingar.

2 Hovudprioriteringane i Miljøverndepartementets budsjett for 2009

Miljøverndepartementets budsjett for 2009 utgjer ein kraftig offensiv på sentrale miljøområde. Klimapolitikken og bevaring av naturmangfaldet har Regjeringas høgaste prioritet. På Miljøverndepartementets budsjett er det særleg stor auke i løyvingane til bevaring av naturmangfaldet i Noreg. I tråd med sektoransvarsprinsippet går dei største løyvingane til klimarelaterte tiltak over andre departements budsjett. I 2009 er det sett av 1,5 mrd. kroner til skogtiltak i utviklingsland på Utanriksdepartementets budsjett, med ei tilsegnsfullmakt på ytterlegare 1,5 mrd. kroner. Dermed kan det i 2009 bli sett i gang skogtiltak for 3 mrd. kroner, slik Regjeringa har lovt. Det er òg ein monaleg auke til klimatiltak på Miljøverndepartementets budsjett. Budsjettet syner i tillegg ei sterk satsing på mellom anna bevaring av kulturminne, arbeid mot forureining og miljøovervaking.

Miljøverndepartementets budsjett for 2009 er på 4 086,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 810,0 mill. kroner, eller 24,7 pst., i høve til det salderde budsjettet for 2008. Av dette går 200 mill. kroner til å auke fondskapitalen i Kulturminnefondet. I tillegg til rammeauken er det omprioritert midlar innafor ramma til nye tiltak på prioriterte område.

Løyvingane til bevaring av naturmangfaldet og til friluftsliv aukar med om lag 345 mill. kroner. Løyvingane til nye tiltak for kulturminnevern går opp med 268 mill. kroner. Av dette går 200 mill. kroner til å auke kapitalen i Kulturminnefondet. Klimaarbeidet er styrkt med nær 129 mill. kroner. Løyvinga til arbeidet mot miljøgifter aukar med 31 mill. kroner. Løyvinga til det lokale miljøvernet aukar med vel 17 mill. kroner.

Om lag 31 mill. kroner av satsingane gjeld miljøovervaking knytt til prioriterte miljøområde. Saman med omprioriteringar til nye tiltak, gjer dette at den samla satsinga på miljøovervaking blir på vel 40 mill. kroner. Den samla satsinga på miljøforskning på departementets budsjett er på vel 34 mill. kroner. 13 mill. kroner gjeld samfunnsvitskapleg forskning om fornybar energi. Basisløyvingane til miljøforskningsinstitutta aukar med nær 15 mill. kroner og løyvinga til infrastrukturtiltak med nær 7 mill. kroner.

Budsjettframlegget utgjer eit krafttak for bevaring av naturmangfaldet i Noreg. Målet om å stanse tapet av naturmangfald innan 2010 er eit krevjande mål. Auken på om lag 340 mill. kroner går til ei lang rekkje tiltak. Regjeringa sikrar at nasjonalparkplanen på eitt område nær blir fullført i løpet av 2010, med 15 mill. kroner meir til erstatningar og ein auke i tilsegnsfullmakta. Innsatsen for skjøtsel og forvaltning av allereie verna område har hatt eit stort etterslep. Derfor følgjer Regjeringa opp fjorårets budsjettauke med ytterlegare 63 mill. kroner i styrking av 2009-budsjettet. Midlane vil blant anna gå til utarbeiding av forvaltningsplanar, til styrking av Statens naturoppsyn og til eit program for overvaking av verneområda. I tillegg kjem ei satsing på 5 mill. kroner til nasjonalparksenter og andre informasjonssenter knytte til verneområde.

Mange av dei truga norske artane lever i skog. Skogvernet skal derfor styrkjast. I Miljøverndepartementets budsjett aukar løyvingane til skogvern med 57 mill. kroner, inkludert erstatningsutbetalningar knytte til fredinga av Trillemarka-Rollagsfjell. I tillegg blir tilsegnsfullmakta for skogvern auka, slik at nytt skogvern for om lag 107 mill. kroner kan bli vedteke i 2009. I hovudsak vil vernet omfatte statseigd skog.

Villaks og villrein er to truga arter som Noreg har eit særskilt ansvar for. Løyvinga til bevaring av villaks aukar med 21,5 mill. kroner, som hovudsakeleg vil gå til utrydding av parasitten *Gyrodactylus salaris*. Løyvinga til å sikre villreinen aukar med 6 mill. kroner. I tillegg trappar Miljøverndepartementet opp arbeidet for bevaring av andre truga dyre- og plantearter med over 40 mill. kroner. Mellom anna aukar innsatsen for å utarbeide handlingsplanar med 22 mill. kroner, kartlegginga av truga naturtypar og arter blir styrkt med 15 mill. kroner, og løyvinga aukar til overvåkingsprogrammet for stortare og sukkertare.

Bestandsmåla for ulv og bjørn er ikkje nådd. Talet på ynglingar vil derfor måtte vekse, og regjeringa aukar løyvingane til erstatningar, førebyggjande og konfliktdepande tiltak og til skadefellingar med 54 mill. kroner.

Regjeringa vil starte eit artsprosjekt for systematisk kartlegging av artene i norsk natur. Dette vil gjere det mogleg å inngå eit samarbeid med det svenske Artsprosjektet, som starta i 2002. Løyvinga på Miljøverndepartementets budsjett er på 20 mill. kroner. Arbeidet vil skje i nært samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Naturindeksen vil bli eit viktig verktøy for å måle utviklinga i det norske naturmangfaldet. Eit pilotprosjekt basert på data frå Midt-Noreg vil bli presentert i 2008, og ein første versjon for heile landet vil etter planen ligge føre i 2009. Arbeidet knytt til utvikling av naturindeksen blir styrkt med 15 mill. kroner.

Kartleggingsprogrammet MAREANO skal innhente kunnskap om det biologiske mangfaldet på havbotnen, som grunnlag for ei berekraftig forvaltning. Ei styrking er naudsynt blant anna som ledd i arbeidet med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten. Dette er eit samarbeid med Fiskeri- og kystdepartementet, og Nærings- og handelsdepartementet. Auken i Miljøverndepartementets budsjett i 2009 er på 6,3 mill. kroner. Det er òg ein auke på 3 mill. kroner til arbeidet med heilskapeleg forvaltning av norske havområde, mellom anna overvaking av miljøgifter og biologisk mangfald i havområda.

Den nasjonale strategien mot framande skadlege arter, som vart utarbeidd i 2007, blir følgd opp med ein budsjettauke på 10 mill. kroner til blant anna tiltaksplanar og informasjonstiltak. Laksedreparen *Gyrodactylus salaris* viser at framande problemarter kan føre til store samfunnsøkonomiske tap.

Frå 2009 startar eit prøveprosjekt i utvalde kommunar for styrking av natur- og miljøfaga i grunnskolen. Prosjektet «Den naturlege skulesekken» er eit samarbeid med Kunnskapsdepartementet, og får ei løyving på 5 mill. kroner på Miljøverndepartementets budsjett.

2009 er eit offisielt kulturminneår. Året skal skape auka merksemd og engasjement. Emnet for kulturminneåret skal vere «dagleglivets kulturminne». Det frivillige arbeidet vil stå sentralt i dei mange planlagde lokale arrangementa. I kulturminneåret blir Miljøverndepartementets budsjett auka med 68 mill. kroner til nye tiltak, i tillegg aukar fondskapitalen i Kulturminnefondet. Av styrkinga går 10 mill. kroner til gjennomføring av kulturminneåret, som er eit samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet.

I kulturminneåret tek Regjeringa eit krafttak for å følgje opp Stortingets behandling av St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Stortinget vedtok i 2005 ein opptrappingsplan for auka til-

skot til freda kulturminne og kulturmiljø, for å stanse forfallet og oppfylle dei nasjonale måla. Ti konkrete bevaringsprogram er starta opp. I 2009 er Miljøverndepartementets budsjett til opptrappingsplanen auka med 53 mill. kroner til nye tiltak. Auken inneber eit særlig løft for å styrkje bevaringsprogramma for ruiner, tekniske og industrielle kulturminne, verdsarven og fartøy. I tillegg blir løyvingane til verdskapingsprogrammet styrkt med 5 mill. kroner.

Norsk kulturminnefond får auka fondskapitalen med 200 mill. kroner, til 1,2 mrd. kroner. Dette vil ytterlegare styrkje ressursane til å ivareta mangfaldet i landets kulturminne.

Klimameldinga frå mai 2007 vart følgd opp av eit klimaforlik med partia i opposisjonen, utanom Framstegspartiet, i januar 2008. Oppfølginga av meldinga og forliket skjer gjennom auka innsats på fleire departement sine budsjett, både til tiltak og forskning. Auken på 129 mill. kroner på Miljøverndepartementets budsjett skal mellom anna sikre at Noreg spelar ei leiande rolle i dei internasjonale klimaforhandlingane. Eit godt resultat på partsmøtet i København i desember 2009 er avgjerande for at verdssamfunnet finn ein ny kurs i klimapolitikken.

Budsjettauken skal mellom anna gå til å opprette eit kompetansesenter for is og klima ved Norsk Polarinstitutt i Tromsø, for å styrkje, spisse og utvikle den norske klima-, polar- og isbrefaglege kompetansen. Senteret blir mellom anna eit viktig norsk bidrag til eit samarbeid med verdas «brestatar» for å auke forståinga av bresmeltinga som følge av klimaendringane. Den nye løyvinga er på 22 mill. kroner.

Klimainnsatsen i polarstroka blir òg styrkt med 13,3 mill. kroner, gjennom auka løyvingar til Zeppelin målestasjon, til styrking av infrastrukturen i Ny-Ålesund og til gjenreising av den norske forskingsstasjonen på Bouvetøya.

Arbeidet for utsleppsreduksjonar i dei 13 største byane skal styrkjast gjennom ein auke på nær 14 mill. kroner i løyvinga til samarbeidsprosjektet «Framtidas byar». Programmet skal redusere klimagassutsleppa i byane, og omfattar òg tilpassing til klimaendringane og betre bymiljø. Kampanjen «Klimaløftet» får auka løyvinga med 8 mill. kroner som ledd i satsinga på informasjon. Samtidig aukar løyvingane med 5 mill. kroner til vår nasjonale tilpassing til dei klimaendringane som allereie er undervegs. Som tidlegare nemnt blir samfunnsvitenskapleg forskning om fornybar energi styrkt med 13 mill. kroner.

Oppfølginga av EUs rammedirektiv for vatn vil styrke norsk vassforvaltning vesentleg. Forvaltninga vil i all hovudsak bli styrt etter kjemiske og

økologiske mål som blir sette i vassførekomstane. Budsjettauken i 2009 er på 18,0 mill. kroner.

Regjeringa styrkjer innsatsen for avfallsforebygging. Det blir løyvt 3 mill. kroner til eit prøveprosjekt i Miljøverndepartementet, som mellom anna skal syte for informasjon og rådgiving om miljøvennleg produksjon og forbruk.

Arbeidet med å lage eit giftfritt miljø held fram og blir styrkt. Som oppfølging av St.meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø* vil Miljøverndepartementet etablere ein nasjonal miljøprøvebank for miljøgifter. Ein slik bank vil gjere det mogleg å granske tidsutvikling i måleverdiar, og å gjere nye analysar av gamle prøver når analysemetodane blir betre. Løyvinga i 2009 er på 5 mill. kroner. Oppfølginga av EUs kjemikaliedirektiv (REACH) blir styrkt med 10,0 mill. kroner. Løyvinga går hovudsakeleg til det Europeiske kjemikaliebyrået ECHA. Eit nytt utval skal vurdere korleis målet om å stanse utsleppa av miljøgifter innan 2020 skal nås, og får ei løyving på 3 mill. kroner. Det vil bli løyvt 2 mill. kroner til bransjeorganisasjonen Avfall Noreg sin farleg avfall-kampanje 2009. Arbeidet med opprydding i forureina grunn og sjøbotn blir ført vidare.

Regelverket om radioaktiv forureining av det ytre miljøet må reviderast. Det er ein auke på 11 mill. kroner i 2009-budsjettet, som skal gå til kunnskapsinnhenting, overvaking og etablering av eit tilsynsapparat.

Regjeringa styrker arbeidet med å fremje utvikling av miljøvennlege teknologiar. Som ledd i ei interdepartemental satsing blir Miljøverndepartementets budsjett styrkt med 3 mill. kroner.

Den nye plandelen i Plan- og bygningslova gir kommunane strengare krav om og auka rom for å bruke arealplanlegginga til å fremje miljøomsyn og ei berekraftig utvikling. Då må blant anna den kommunale og regionale plan- og miljøkompetansen styrkjast. Løyvinga til dette føremålet aukar

med 5 mill. kroner. Den kommunale eigeninnsatsen vil vere monaleg.

Miljøverndepartementet følgjer opp intensjonsavtala med Oslo kommune om eit langsiktig samarbeid for å betre miljø og levekår i Groruddalen. Viktige tiltak i 2009 vil vere ein hovudsykkelveg langs Alna, start i arbeidet med å gjenopne Alna på strekningar der ho er lagt i røyr, og ei utviding av Alna miljøpark. Auken i Miljøverndepartementets budsjett er på 12 mill. kroner, og satsinga føreset 50 pst. deltaking frå kommunen.

Regjeringa set handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar ut i livet. Frå 2008 gjeld konkrete miljøkrav for statlege innkjøp innan prioriterte produktgrupper. Direktoratet for forvaltning og IKT skal følgje opp handlingsplanen på dei områda som gjeld miljøomsyn, og får auka løyvingane med 4 mill. kroner over MDs budsjett.

Miljøvernforvaltningas budsjett finansierer mange av dei mest sentrale verkemidla og tiltaka i miljøpolitikken. For å sikre administrativ oppfølging av aktivitetssauken som dette budsjettet legg opp til, er det òg lagt inn ei styrking av miljøvernforvaltninga. Miljøpolitikken omfattar òg mange og viktige aktivitetar på andre departement sine budsjett. Dette gjeld ikkje minst på klima- og energifeltet, der Miljøverndepartementet har eit tett samarbeid med andre departement. Skogløyvinga på Utanriksdepartementets budsjett er allereie nemnt. Betydelege løyvingar ligg på Olje- og energidepartementets og på Samferdsledepartementets budsjett. Løyvinga til kvotehandling ligg på Finansdepartementets budsjett. CO₂-avgiftene blir presenterte av Finansdepartementet i skatte- og avgiftsproposisjonen. Regjeringa held fram med gjennomgangen av skatte- og avgiftssystemet, med det for auge å stimulere til meir miljøvennleg åtferd. Ei vidare styrking av klimaprofilen i bilavgiftene er ein viktig del av dette. Miljøsatsingar på budsjetta til andre departement er omtalte i kapittel 3.

3 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område

Regjeringa sine høge ambisjonar på miljøområdet kjem til uttrykk gjennom ei historisk sterk satsing på miljøtiltak i statsbudsjettet for 2009. Dei samla miljøpolitiske løyvingane er berekna å auke frå om lag 24,7 mrd. kroner i 2008 til om lag 30,6 mrd. kroner i 2009. Dei miljøpolitiske prioriteringane visast att på ei rekkje av departementa sine budsjett.

Blant dei tiltaka som blir prioritert i 2009 er:

- CO₂-handtering (Kårstø, Mongstad, Gassnova transport og lagring)
- oljevern og kystberedskap
- tiltak mot avskoging i u-land
- kollektivtrafikk og jernbaneutbygging
- forskning

Dei fleste aktivitetar i samfunnet kan påverke miljøet på ein eller annan måte. Å ta miljøomsyn er derfor ei viktig oppgåve på alle samfunnsområde og eit krav til alle departementa. Miljøomsyn inneber både å førebyggje miljøbelastningar og å rydde opp der ein har skada miljøet. Både den økonomiske politikken generelt og politikken i dei enskilde sektorane må byggje på omsyn til miljøet. Ein heilskapleg miljøpolitikk krev òg at tiltak og verkemiddel på mange område blir samordna og tilpassa til kvarandre. På denne måten handlar miljøvern om korleis vi organiserer og innretter samfunnet vårt, om dei val og prioriteringar vi gjer og om korleis vi bruker fellesskapet sine ressursar.

For å få fram miljøprofilen i regjeringa sitt budsjettforslag utarbeider departementa oversikter over kor stor del av budsjetta som blir nytta til miljøføremål. Miljøtiltak er her definert og avgrensa på følgjande måte:

- utgiftene må i sin heilskap nyttast til miljøforbetringar, eller
- miljøomsynet må vere avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført, eller
- utgiftene skal motverke negative miljøeffektar av sektorpolitiske tiltak elles (førebyggjande tiltak)

Tabellen på side 22 viser korleis utgifter til miljøtiltak i statsbudsjettet for 2009 er fordelte på departementa. Det går fram av tabelloppstillinga at mange departement bruker store økonomiske midlar til

miljøbegrunna tiltak. Sjølv om Miljøverndepartementet har fått ei monaleg budsjettauke i 2009, utgjer departementet sitt budsjett ein avgrensa del av dei samla miljøbegrunna løyvingane, slik desse er definert her.

Ein slik oversikt som her er gitt, vil innehalde ein god del skjøn. Mange tiltak kan begrunnast på fleire måter og skal medverke til å nå ulike mål. Miljøtiltaka er òg svært ulike; her finn ein både førebyggjande tiltak i form av t.d. kystvaktoppgåver, klassiske naturvernoppgåver slik som etablering av verneområde, opprydding av forureina grunn, satsingar som gir størst effekt sammen med andre typer tiltak, slik som jernbaneutbygging og støtte til kollektivtrafikk. Nokre tiltak er langsiktige, slik som forskning, mens andre gir meir umiddelbare verknader. Miljøvern er ein dimensjon ved all samfunnsaktivitet, noko som gjer feltet svært ueinsarta og dermed komplisert å omtale i form av samla budsjettal på ein fullgod måte.

Endra definisjonar eller endringar i arbeidsdeling mellom departementa kan òg medføre at nokre tal ikkje fullt ut kan jamførast frå eitt år til det neste. Tabellen gir derfor eit grovt bilete av regjeringa si miljøatsing, og tala må tolkast med varsemd. Nedenfor blir nokre av departementa sine miljøtiltak kort omtalt.

Olje- og energidepartementet vil bruke meir enn 3 mrd. kroner til miljørelaterte tiltak i 2009. Dette er ein svært stor auke i høve til 2008, da denne summen var på vel 1,8 mrd. kroner.

I tråd med klimaforliket blei det i samanheng med Revidert nasjonalbudsjett sett av 70 mill. kroner ekstra til forskning på fornybar energi og karbonfangst og -lagring. I statsbudsjettet for 2009 blir det fremja forslag om ei satsing på totalt 300 mill. kroner til dette, av dette er 185 mill. kroner foreslått over Olje- og energidepartementets budsjett.

Til CO₂-handtering (Kårstø, Mongstad, Gassnova, transport og lagring og Gassnovas del av Climit) blir det i 2009 sett av til saman 1,85 mrd. kroner, mot 1,08 mrd. kroner i 2008. Regjeringa foreslår å følgje opp satsinga på demonstrasjon av nye fornybare energiteknologiar offshore gjennom relevante stønadsordningar i Enova og Forskingsrådet. Regjeringa har som ambisjon at sentrale prinsipp for

ein norsk-svensk marknad for el-sertifikat skal vere på plass innan 1. oktober 2009. Til miljørelevant forskning går det med 353 mill. kroner i 2009, mot 168 mill. kroner i 2008. Arbeidet med å nå målet om null miljøfarlege utslepp til sjø frå petroleumsvirksemda blir ført vidare. Regjeringa legg framleis vekt på å redusere CO₂-utsleppa frå norsk sokkel. Grunnfondet for fornybar energi og energieffektivisering vil bli tilført nye 10 mrd. kroner i 2009. Avkastinga frå dette fondet er på 431 mill. kroner i 2008 og er venta å bli meir enn 900 mill. kroner frå 2010.

Samferdsledepartementet legg opp til å nytte 10 052 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2009, mot 8 293 mill. kroner i 2008. I 2009 vil Regjeringa føre vidare satsinga på jernbane og annan kollektivtransport. Til investeringar, vedlikehald og drift i jernbanenettet vil det bli brukt 7 072 mill. kroner, mot 5 801 mill. kroner i 2008. Desse tiltaka skal betre kapasiteten og regulariteten i trafikkavviklinga og gje rom for å føre over meir gods- og persontransport til jernbane. Dobbeltsporanlegget Stavanger–Sandnes og nye Lysaker stasjon vil bli sluttført i 2009. Arbeidet med nytt dobbeltspor mellom Lysaker og Sandvika på Drammenbanen blir ført vidare. I 2009 vil òg arbeidet med dobbeltsporlegget Barkåker–Tønsberg på Vestfoldbanen og Gevingåsen tunnel mellom Trondheim og Stjørdal starte opp. Den viktige Alnabru godsterminal (nord) i Oslo blir oppgradert for å kunne avvikle meir trafikk. Arbeidet med Bybanen frå Bergen sentrum til Nesttun vil gå for fullt i 2009, med sikte på åpning i 2010. Bybanen blir finansiert gjennom bompengar og ordninga med alternativ bruk av riksvegmidlar. Beløningsordninga for å stimulere til auka kollektivtrafikk i dei større byområda blir dubla til 323,4 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om å opprette eit prøveprosjekt, Transnova, for å fremje utvikling og bruk av meir miljøvennlige transportmiddel.

På *Fiskeri- og kystdepartementet* sitt budsjett går vel 982 mill. kroner til ulike miljøtiltak i 2009. Dette er ein vekst på meir enn 200 mill. kroner frå 2008. Storparten av denne auken er knytt til styrka oljevern og slepebåteredskap langs kysten. Det blir løyvd 88 mill. kroner til m.a. utskifting av oljevernstyr på dei statlege depota. Vidare skal det leigast inn eit nytt slepefartøy som skal gå inn i den statlege slepebåteredskapen i Nord-Noreg. Dette fartøyet skal erstatte eit av Kystverket sine fartøy som blir fasa ut i 2009. Til dette føremålet blir det løyvd 74 mill. kroner. I tillegg blir innsatsen mot ulovleg, urapportert og uregistrert fiske styrkt med 10 mill. kroner, og det blir føreslått å løyve 6,3 mill. kroner til styrking av MAREANO (Marin arealdatabase for norske hav- og kystområde) over Fiskeri- og kystdepartementets budsjett. Fiskeri- og kystdepartementet prioriterer arbeidet mot rømt oppdrettsfisk høgt. Fleire etatar

samarbeider om tiltak mot slik rømming, som skal haldast på eit absolutt minimum.

På *Utanriksdepartementet* sitt budsjett er det på usikkert grunnlag berekna at om lag 4,7 mrd. kroner går til miljøtiltak i 2009, mot om lag 3 mrd. kroner i 2008. Den største auken her kjem på bistandsfeltet, som får ein berekna vekst frå 2,8 til 4,3 mrd. kroner. Auken skuldast forslaget om å løyve 1,5 mrd. kroner til Regjeringa si klima- og skogsatsing i utviklingsland. Samtidig blir den breie satsinga på klimatiltak i utviklingssamarbeidet ført vidare. Denne satsinga blir gjennomført langs tre hovudliner; 1) Opptrapping av det bilaterale klimasamarbeidet med land i Afrika. Klimasamarbeidet med Kina, India og Indonesia blir òg styrkt. 2) Auka satsing på klimaforskning, fagleg samarbeid og næringslivet, medrekna tiltak for utvikling av rein energi, Den grønne utviklingsmekanismen og karbonfangst og -lagring. 3) Vidareutvikling og støtte til nye klima- og rein energi-initiativ m.a. gjennom FN-systemet og utviklingsbankane.

Noreg skal vere ein pådrivar i det internasjonale klima- og miljøarbeidet og bli leiande innanfor miljøretta utviklingssamarbeid. Noreg skal vere ein langsiktig og truverdig forvaltar av miljøverdiene i nordområda. Noreg stør arbeidet i miljøpartnerskapen under Den nordlege dimensjon. Noreg vil fortsatt prioritere kontinuerleg overvaking og felles tiltak mot viktige regionale forureiningskjelder særleg i Russland, høgt. Samarbeidet bidrar til å redusere faren for ulukke og forureining og hindre at radioaktivt og spaltbart materiale kjem på avvegar.

I miljøsamrådet med Russland vil det i 2009 særleg bli satsa på havmiljøsamrådet og samarbeid i grenseområda. Atomtryggingarbeidet vil bli ført vidare. Det vil bli utarbeida ein felles miljøstatusrapport for heile Barentshavet i 2009. Denne vil danne grunnlag for vidare samarbeid om heilskapleg forvaltning. I det bilaterale miljøvernssamarbeidet skal klimaendringar bli eit satsingsområde frå 2009. Vi skal føre vidare samarbeidet om reduksjon av forureining, reinare produksjon, forvaltning av biomangfald i Barentsregionen og kulturminnevern.

Innanfor EØS-finansieringsordninga vil om lag ein firedel av midlane bli nytta til miljø- og klimarelaterte prosjekt. Anslag for utbetalingar til ulike miljøprosjekt i 2009 er ca. 170,8 mill. kroner. Mesteparten av dei vedtekne prosjekta vil medverke til å redusere klimagassutslepp, blant anna gjennom energieffektiviseringstiltak og fornybar energi. Energieffektivisering er eit høgt prioritert område i Polen. Her vil fleire hundre offentlege bygningar bli moderniserte og etterisolerte for å redusere energibruken.

Ei rekkje vedtekne prosjekt innanfor EØS-midlane omhandlar bevaring av biologisk mangfald, etablering av reinseanlegg og andre tiltak mot forureinande utslepp. Det er òg vedteke prosjekt som omfattar rehabilitering etter naturkatastrofar og førebyggjande tiltak mot flaum og skogbrannar.

På *Forsvarsdepartementet* sitt budsjett er det berekna at 914,6 mill. kroner går til miljøtiltak i 2009, mot 950,5 mill. kroner i 2008. Nedgangen frå 2008 til 2009 er i stor grad knytt til at prosjekt for bevaring av biologisk mangfald i skyte- og øvingsfeltet Regionfelt Østlandet blir avslutta i 2008. Kystvakten sine oppgåver i samband med miljø- og ressursovervaking utgjer meir enn halvdel av dei miljørelaterte utgiftene under Forsvarsdepartementet. Oppryddinga i det snart nedlagde Hjerkinns skytefelt på Dovrefjell blir ført vidare i 2009. Oppryddingsarbeidet starta i 2006 og vil pågå i 15 år. Når arbeidet er fullført vil eit meir enn 160 km² stort høgfjellsområde bli ført tilbake til tilnærma opphaveleg tilstand. Til energieffektivisering og etablering av varmesentralar med bruk av fornybar energi ved forsvaret sine anlegg blir det løyvd 141 mill. kroner i 2009, som er ein monaleg auke frå inneverande år.

Landbruks- og matdepartementet aukar den budsjettvise miljøinnsatsen frå 4 690 mill. kroner i 2008 til 4 781 mill. kroner i 2009. Den langt største delen av desse løyvingane går over Jordbruksavtala. Det er fortsatt naudsynt med en sterk satsing på jordvern dersom det skal vere mogeleg å nå målet om at den årlege omdisponeringa av dei mest verdfulle jordressursane skal halverast innan 2010. I 2009 vil arbeidet med ein meir samla satsing på resultatkontroll og resultatrapportering frå skogbruket sitt miljøarbeid bli ført vidare, jf. den nye skogbrukslova. Samarbeidet med Miljøverndepartementet om spesielt verdfulle kulturlandskap blir og ført vidare. 20 slike landskap vil vere sikra skjøtsel i løpet av 2009.

Det er oppretta eit eige utviklingsprogram for klimatilskott i jordbruket over jordbruksavtala. Gjennom programmet skal tiltak i jordbruket, som er lagt fram i Klimameldinga, bli vidareutvikla og kostnadsvurdert og eventuelle nye tiltak skal bli kartlagde. Ein viktig del av programmet vil vere satsinga på auka produksjon av biogass frå husdyrgjødsel i samarbeid med avfallssektoren. I oppfølginga av Klimameldinga vil departementet auke satsinga på FoU, teknologiutvikling og investeringar i produksjon av syntetisk biodiesel og etanol frå skogsvirke. Landbruks- og matdepartementet skal leggje fram ei eiga stortingsmelding om landbruk og klima våren 2009. Her vil utfordringar og tiltak på landbruksområdet vil bli breitt omtalt.

På *Kommunal- og regionaldepartementet* sitt budsjett går om lag 92 mill. kroner til ulike miljø-

elaterte tiltak, i hovudsak til bustad, bustadmiljø og bygg. Husbanken spelar ei sentral rolle i dette arbeidet. Prioriterte satsingsområder er m.a. redusert energibehov, energiomlegging, meir miljøvennleg materialbruk i byggenæringa og avfallshandtering. Husbanken har som mål at talet på bustader med halvert energibehov skal utgjere 50 prosent av all nybygging i 2010. Den nye Plan- og bygningslova som trer i kraft i 2009 er og ei viktig brikke i arbeidet med meir miljø- og klimavennleg energibruk. Grøne energikommunar er eit samarbeidsprosjekt mellom Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet og Kommunenes sentralforbund. 22 kommunar er valde ut til prosjektet. Målet med prosjektet er å få kommunane til å satse på energisparetiltak, bioenergi og reduserte klimagassutslepp. Erfaringane med ordninga skal gi inspirasjon og vere ei kjelde til læring for andre kommuner. Programmet skal vare til 2010.

Barne- og likestillingsdepartementet har ansvar for regjeringa si forbrukarpolitikk. På dette feltet blir det løyvd 6 mill. kroner til ulike miljørelaterte føremål. BLD vil arbeide for å skape auka medvit om berekraftig forbruk og medverke til å konkretisere kva dette tyder i praksis. Ein vil føre vidare den økonomiske stønaden til miljømerka Svanen og EU-blomen. Departementet vil og vurdere å gi økonomisk stønad til forbrukarinformasjon om etiske eller miljømessige sider ved varer og tenester.

På *Nærings- og handelsdepartementet* sitt område går om lag 390 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2009, mot 350 mill. kroner i 2008. Som del av klimaforklaret på Stortinget vil departementet styrke løyvinga til forskning på fornybar energi og energieffektivisering med 33 mill. kroner. Utover dette vil NHD øyremerke 20 mill. kroner til ein satsing på forskning på miljøvennlege teknologiar.

Kjøp av klimagasskvotar

Som ein følge av Kyotoprotokollen har den norske staten forplikta seg til ei maksimal mengd av klimagasser som kan sleppast ut i perioden 2008-2012. Det er vedtatt at Norge skal overoppfylle Kyotoavtala for inneverande periode (2008-2012) med 10 pst. Dette tilsvarer 5 millioner tonn CO₂-ekvivalentar årleg. I tillegg har Regjeringa vald å overoppfylle med 1,5 mill. tonn CO₂ årleg gjennom å ikkje bruke kvoter som stammer frå tilvekst av skog. Ein legg og opp til å overoppfylle målet tilsvarende utsleppa frå gasskraftverket på Mongstad og stats-tilsette sine internasjonale flyreiser. Denne overoppyllinga på 6-7 millioner tonn årleg svarer om lag til staten sitt kjøp av klimakvotar. For 2009 blir det føreslått ei løyving på 715 mill. kroner til kjøp

av klimakvotar og ein fullmakt til å inngå avtaler om kjøp av utsleppskvotar utover denne løyvinga for inntil 6 300 mill. kroner. Til kjøp av klimakvotar for statstilsette sine internasjonale tenestereiser

med fly, blir det føreslått 8,4 mill. kroner og ein fullmakt på inntil 10,5 mill. kroner til å inngå avtaler utover denne løyvinga. Finansdepartementet skal ha ansvaret for sal av klimakvotar.

Tabell 3.1 Miljøtiltak i statsbudsjettet for 2009 (i mill. kroner)

Departement	2008 ¹	Forslag 2009
Arbeids- og inkluderingsdepartementet ²	–	–
Barne- og likestillingsdepartementet	4,3	6,0
Finansdepartementet	9,8	10,1
Fiskeri- og kystdepartementet	773,3	982,4
Forsvarsdepartementet	950,5	914,6
Helse- og omsorgsdepartementet	103,0	103,0
Justisdepartementet	82,7	77,8
Kommunal- og regionaldepartementet	83,0	92,0
Kunnskapsdepartementet	543,7	538,0
Kultur- og kyrkjedepartementet	784,8	851,5
Landbruks- og matdepartementet	4 690,0	4 781,0
Miljøverndepartementet ³	3 090,6	3 885,9
Fornying- og administrasjonsdepartementet ^{4 5}	166,9	161,0
Nærings- og handelsdepartementet	350,0	390,1
Olje- og energidepartementet	1 849,5	3 094,9
Samferdsledepartementet	8 293,0	10 052,0
Utanriksdepartementet ⁶	3 017,4	4 716,5
Sum alle departementa	24 792,5	30 656,8

¹ Denne kolonnen inneheld tal både frå budsjettproposisjonen 2008 og frå saldert budsjett. For nokre departement kan det vere visse avvik mellom desse tala.

² Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ikkje budsjettpostar som fell inn under miljøomgrepet slik det her er definert.

³ Miljøverndepartementet sine budsjettal omfattar her berre halvdel av utgiftene til Statens Kartverk. Årsaka til dette er at denne etaten tener ei rekkje formål i tillegg til dei miljøfaglege.

⁴ Tala omfattar ikkje Statsbygg/rehabilitering av verneverdige statlege bygningar. Enøk-tiltak i regi av Statsbygg er tekne med.

⁵ Denne posten omfattar og utgifter til Fylkesmannens miljøvernavdeling. For 2009 er desse utgiftene her sett til 155 mill. kroner, som i 2008.

⁶ Norsk bistandspolitikk byggjer på standardar som er fastsette i OECD/DAC. Definisjonen av miljøtiltak avvik noko frå Miljøverndepartementet sin definisjon.

Miljøtiltak på andre departement sine budsjett er nærare omtalt i budsjettproposisjonane frå dei enkelte departementa. Her finn ein og ei omtale av:

- utfordringar knytt til miljø- og ressursforvaltning på departementa sine ansvarsområde
- mål for departementa sine arbeid med desse utfordringane
- oppnådde resultat i 2007
- ressurs- og miljøtiltak i budsjettforslaget for 2009.

Miljøpolitikk handlar likevel ikkje berre om løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø

omfattar òg avgjerder som ikkje har direkte budsjettkonsekvensar. Dette kan vere å hindre miljøskadelege inngrep i naturen, reformer og regelendringar som skal gjere det lettare å ta miljøomsyn i offentleg og privat planlegging, skattar og avgifter på miljøskadeleg produksjon og forbruk o.a.

Regjeringa sine overordna miljøpolitiske mål er vist i kapitlet 6-14. Departementa sitt miljøpolitiske arbeid er i hovudsak omtalt i budsjettproposisjonane og i stortingsmeldinga Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand frå 2007. Store miljøpolitiske satsingar blir lagt fram i eigne stortingsmeldingar.

4 Oppsummering av status på dei enkelte resultatområda

Del II gir utfyllande omtale av det enkelte resultatområdet med konkrete mål, status og verkemiddel.

4.1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv

Mangfaldet av liv i naturen er grunnlaget for eksistensen vår og avgjerande for verdiskaping, velferd og livskvalitet. Dei siste 50 åra har menneska endra økosystema raskare og meir ekstremt enn i nokon annan periode i vår historie. FN-utgreiinga Millennium Ecosystem Assessment viser at millionar av menneske kan bli alvorleg truga av utviklinga dei kommande åra. I 60 pst. av økosystema er verdiane og tenestene vi får av økosystema svekka, eller systema blir ikkje brukte på ein berekraftig måte. Alt i dag har dette store konsekvensar for kva val vi har og vil få. Tapet av biologisk mangfald skuldast særleg tap av nøkkelområde og endringar i arealbruk, men òg klimaendringar, forureining, spreieing av framande arter og overutnytting.

Noreg har som mål å stanse tapet av naturmangfald innan 2010. Dette målet deler vi med alle dei andre europeiske landa. På globalt nivå er målet å redusere betydeleg tapet av arter og økosystem innan 2010. For å auke bevisstgjeringa om 2010-målet sende miljø- og utviklingsminister Erik Solheim våren 2008 postkort til alle ordførarane i landet med oppfordring til å delta i kampen for å ta vare på mangfaldet av arter i naturen. Kvar kommune har fått ein særeigen, truga art dei blir bedne om å ta ekstra godt vare på.

Vern av naturområde

I overkant av 14,3 pst. av fastlandsarealet i Noreg er no verna etter naturvernlova. Vern av naturområde er eit viktig verkemiddel for å stanse tapet av arter og økosystem og sikre verdier som òg er viktige for næringsutvikling. Viktige tiltak er gjennomføringa av nasjonalparkplanen, dei fylkesvise verneplanane, auka skogvern, marin verneplan og auka fokus på arbeid for å sikre naturverdiane i verneområda. Dette er i tråd med det internasjonale arbeidet for å bevare naturmangfald. Under Konvensjonen om biologisk mangfald har ein vedteke at det innan 2010 skal etablerast eit nettverk av verneområde på land og innan 2012 eit nettverk

av marine verneområde. I arbeidet med verneplanar legg ein òg vekt på å sikre artene i eit endra klima.

I løpet av hausten 2008 og i 2009 er ni nye område i nasjonalparkplanen planlagt verna eller utvida. Då vil 47 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen vere gjennomførte. Ein legg stor vekt på å gjennomføre demokratiske og tillitvekkjande planprosessar, blant anna når det gjeld samarbeid med Sametinget.

Oppsyn og forvaltning av verneområda

Natur- og bruksverdiane i dei verna områda er under press. Ei viktig utfordring er derfor å betre forvaltninga i verneområda, slik at desse verdiane kan haldast oppe. Statens naturoppsyn hadde i 2007 ansvaret for oppsyn i alle dei 2248 verneområda i fastlands-Noreg, men det er framleis eit etterslep i arbeidet med å etablere tilfredsstillande oppsyn i enkelte område. Dette gjeld blant anna i fleire av dei nyoppretta nasjonalparkane, og innafor regionar med store geografiske avstandar og/eller eit stort tal mindre verneområde. Forvaltningsplanar for nasjonalparker og andre verneområde gir nærare retningslinjer for korleis verneverdiane kan forvaltast på best mogleg måte innafor det enkelte verneområdet. Av totalt 29 nasjonalparker har åtte i dag godkjende forvaltningsplanar. Om lag 500 av dei mindre verneområda manglar òg forvaltnings- og skjøtelsplanar, og fleire eksisterande forvaltningsplanar treng revisjon. Det går no føre seg arbeid med nye forvaltningsplanar og revidering av eldre planar for dei fleste av nasjonalparkane som manglar slike. I 2008 er det i tillegg sett i gang arbeid med å lage forvaltningsplanar for i overkant av 100 mindre verneområde. Tiltak for betre oppsyn og skjøtsel, og arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar, vil bli ytterlegare styrkt i 2009.

Naturmangfald utanom verneområda

Hovuddelen av naturmangfaldet finst og vil alltid finnast utanom dei verna områda. Det er derfor viktig at omsynet til bevaring av naturens mangfald ligg til grunn for all verksemd og planlegging.

Endringane i kulturlandskapet har vore store dei seinare tiåra. Særleg er gjengroing i utmark no

svært tydeleg, med fare for tap både av store landskapsverdiar og av arter som er knytte til slike landskap. Det er eit aukande behov for å oppretthalde drift og skjøtsel blant anna i dei høgast prioriterte områda i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren vil i 2008 fremje forslag om dei første 20 områda i Utvalde kulturlandskap i jordbruket som skal følgjast opp med særskilt forvaltning.

Forskrift om rammer for vassforvaltninga, som implementerer EUs vassrammedirektiv, trådte i kraft frå 1. januar 2007. Denne forskrifta gir rammer for fastsetjing av miljømål for vassførekomstane, og skal sikre vern og berekraftig bruk av desse blant anna gjennom utvikling av forvaltningsplanar og tiltaksplanar. Ni fylkesmannsembete er etablerte som regionale vassregionstyresmakter.

Omfanget av motorferdsel i utmark har auka dei siste åra, og kan truge både naturmangfald og friluftsliv. Prosjektet «Motorferdsel og samfunn» er no avslutta. På dette grunnlaget er det utarbeidd eit forslag til nytt regelverk for motorferdsel i utmark og vassdrag som vart sendt på høyring sommaren 2007. Etter høyringa har Direktoratet for naturforvaltning lagt fram tilrådinga si for Miljøverndepartementet. Departementet tek sikte på å fremje eit forslag for Stortinget i 2008.

Skogvern

Pr. september 2008 er i overkant av 1 000 km² produktiv skog verna i Noreg. Dette utgjør om lag 1,4 pst. av skogarealet i landet. Det er ei viktig utfordring å auke dette arealet.

Hausten 2008 er det planlagt vernevedtak for Trillemarka-Rollagsfjell. I 2002 vart det verna om lag 45 km² i området. Nå blir ytterlegare om lag 102 km² verna, slik at totalt verneareal i Trillemarka-Rollagsfjell blir 147 km². Hausten 2008 blir det òg verna betydelege skogareal gjennom ordninga med frivillig vern. I 2009 vidareførast satsinga på auka skogvern, blant anna med fokus på vern av skog på statsgrunn.

Truga arter og ansvarsarter

Tiltak for å ta vare på dei truga artene er særskilt viktig i arbeidet for å stanse tapet av arter og økosystem innan 2010.

I desember 2006 la Artsdatabanken fram ei ny raudliste som gir oversikt over kva for arter som er truga og sårbare i Noreg. Den nasjonale raudlista er eit viktig verkemiddel både for å vite kva arter som treng ekstra vern, og for å kunne måle i kva grad vi er på rett veg for å nå målet om å stanse

tapet av planter og dyr. Ein tek sikte på ny revisjon av raudlista i 2010. Det er utarbeidd og sett i verk oppfølging av handlingsplanar for damfrosk, elvemusling, orkideen raud skogfrue, stor salamander, åkerrikse og fjellrev. Pr. august 2008 har Direktoratet for naturforvaltning under arbeid handlingsplanar for ytterlegare ni truga arter, og for sjøfugl som har hatt ein urovekkjande tilbakegang langs norskekysten. Arbeidet med å utarbeide handlingsplanar for fleire truga arter og følgje opp desse med tiltak vil bli ytterlegare styrkt i 2009.

Sikring av leveområde for villreinen har stått sentralt ved opprettinga av fleire av våre store verneområde. Dette er likevel ikkje nok til å sikre store nok område for villreinen, og Miljøverndepartementet bad derfor i 2007 aktuelle fylkeskommunar om å utarbeide fylkesdelplanar for fjellområde som er spesielt viktige for villrein. Samtidig vart det vedteke at ti villreinområde skal ha status som nasjonale villreinområde.

Rovvilt

Sist vinter vart det ikkje registrert yngling av ulv i Noreg. Totalt vart det registrert 19 ynglingar i Skandinavia, ei av desse vart registrert på grensa mellom Noreg og Sverige. I 2008 er det førebels registrert ei yngling av ulv i Noreg. Det nasjonale bestandsovervakingsprogrammet for rovvilt rapporterer om nedgang i bestanden av ulv i Noreg, medan det framleis synest å vere ein auke på svensk side.

For bjørn tyder registreringar på ein viss vekst i bestanden, men det er langt igjen til bestandsmålet er nådd. DNA-analysar viser at det er ei stor overvekt av hannbjørnar i bestanden. I 2007 vart det påvist ei yngling i Trysil. Det nasjonale målet er 15 ynglingar i året. Det nasjonale målet for jerv er 39 ynglingar i året. I 2007 vart det registrert 51 ynglingar i Noreg. Det vart gjennomført hiuttak av tispe og/eller kvalpar ved 11 av dei 51 ynglingane. Det nasjonale bestandsmålet på 65 årlege ynglingar av gaupe er nådd. Vinteren 2008 vart det registrert 74 familiegrupper av gaupe. Målet for kongeørn er sett til 850-1200 hekkande par, og bestanden på landsbasis er rekna for å vere om lag på dette nivået. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av ulv, bjørn, jerv og gaupe innafor sin region. Det er fastsett nasjonale bestandsmål for alle rovviltarter i kvar enkelt rovviltregion. Regjeringa legg stor vekt på førebyggjande og konfliktdepande tiltak i rovviltforvaltninga.

Betre kunnskapsgrunnlag

Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga arter er det mogleg for styresmaktene å

få eit bilete av utviklinga i naturmangfaldet og om verkemidla fungerer slik dei skal. Det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er svært sentralt i dette arbeidet. Framover vil det bli lagt vekt på å få kvalitetssikra og supplert data frå denne kartlegginga, og å gjennomføre neste fase med blant anna kartlegging i sjø. Kartlegginga i kommunane er supplert med ei felles tverrsektoriell satsing frå seks departement på spesielle område der kommunane berre delvis har dekt kunnskapsbehovet. Sjøfuglprogrammet SEAPOP skal gi betre kunnskap som grunnlag for å setje inn tiltak for å sikre sjøfuglbestandane. Det marine kartleggingsprogrammet MAREANO vil gi grunnleggjande kunnskap om vår marine natur, og er ein viktig basis for oppdateringa av forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten i 2010.

Arbeidet med å utvikle betre verktøy for å måle utviklingstrendar i norsk natur vil bli styrkt i 2009. Det er gjennomført eit utgreiingsarbeid for å etablere ein naturindeks for Noreg. Ein første versjon av ein naturindeks basert på dagens datagrunnlag vil bli presentert med data frå Midt-Noreg i løpet av 2008. Eit norsk «artsprosjekt» vil bli etablert i 2009. Målet er å samanstillе informasjon om alle arter i norsk natur, og gjere denne tilgjengeleg i oppslagsverk og via internett. Arbeidet vil skje i nært samarbeid med det svenske artsprosjektet.

Vilt- og fiskeforvaltning

Gjennom den gradvise utbygginga av Statens naturoppsyn har kontrollen med ulovleg jakt og fangst på sårbare og truga arter blitt betre. Lakseoppsynet er òg styrkt gjennom organisatoriske endringar og effektivisering.

Vilt- og fiskeressursane i Noreg er forvalta etter føre var-prinsippet. Ingen viltarter som det blir jakta på er truga av overutnytting. Bestandene av villaks har likevel dei siste åra vore på eit historisk lågt nivå, og det vart i mai 2008 fastsett nye og historisk strenge reguleringar for laksefisket både i elv og sjø.

Ferdigstillinga av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vart vedteken av Stortinget våren 2007, jf. St.prp. nr. 32 (2006-2007) og Innst. S. nr. 183 (2006-2007). Dette gav dei viktigaste laksebestandane betre vern. Ordninga består no av til saman 52 nasjonale laksevassdrag og 29 nasjonale laksefjordar som er underlagt eit oppdatert verneregime.

Arbeidet med å utrydde *Gyrodactylus salaris* er styrkt i 2008 og vil bli styrkt ytterlegare i 2009. Det vart gjennomført kjemisk behandling av Lærdalselva i april med ein kombinasjon av aluminium og

rotenon. Det er planlagt kjemisk behandling av Steinkjervassdraga hausten 2008. Planlegging for nedkjemping i heile Vefsn-regionen held fram med sikte på oppstart av behandling i 2009. Det blir i dag kalka i 22 laksevassdrag i Sør-Noreg. Også dei lokale kalkingsprosjekta i regi av frivillige organisasjonar har halde fram på høgt nivå. Kalkingsaktiviteten blir halden oppe på noverande nivå også i 2009.

Framande arter og genmodifiserte organismar

Innføring og spreing av framande organismar gir store utfordringar. Auka handel, turisme, reising og nedbygging av grensekontroll mellom land og kontinent gjer at mange organismar blir spreidde til område der dei ikkje høyrer heime. Dei ti mest berørte departementa la i mai 2007 fram ein *Tverrsektoriell nasjonal strategi med tiltak mot framande arter*. Samstundes la Artsdatabanken fram *Norsk svarteliste 2007* med risikovurderingar av 217 av dei 2 483 framande artane som til no er registrerte i Noreg. Denne lista vil bli eit viktig verktøy for å prioritere tiltak mot framande arter.

Stadig fleire land set ut genmodifiserte organismar (GMO) i miljøet. Det er stor usemje om bruk og regulering av GMO mellom dei landa som produserer og eksporterer GMO og andre land. På partsmøtet for Cartagena-protokollen om GMO i 2008 vart det semje om eit kompromissforslag om ansvars- og erstatningsreglar for skader som skuldast GMO. Dette vil danne grunnlag for vidare forhandlingar. Siktemålet er å vedta ansvarsreglar på partsmøtet i 2010. Noreg er ein pådrivar i dette arbeidet.

Friluftsliv

Noreg har store friluftssareal og ein allemannsrett til ferdsel i utmark. Men somme stader, særleg i strandsona, er allemannsretten under press. Det er viktig å sikre areal og rettar til ferdsel, opphald og aktivitetar, og stimulere til miljøvennleg friluftsliv. Miljøverndepartementet la i 2007 fram eit nytt rundskriv om friluftsløva der ein tek for seg fleire høgsterettsdomar som gjeld tilhøva for ferdsel i strandsona.

Regjeringa vil leggje fram ei eiga lov om naturområde i Oslo og nærliggjande kommunar (Marka) i løpet av 2008. Lova skal både sikre grensene for Marka og ta vare på natur- og kulturkvalitetane i Marka.

Undersøkingar viser at ungdom si deltaking i friluftsliv er betydeleg redusert dei seinaste tiåra. Dette er ei utfordring, både i eit miljø- og eit helseperspektiv. Ungdom er ei svært viktig målgruppe for det motivasjonsarbeidet som skjer i regi av frivillige organisasjonar og ulike statlege etatar.

Det er sikra meir enn 2 000 område til friluftsførmål ved kjøp eller avtaler om bruk av eigedom. I 2007 vart 58 nye område sikra. Fleire område er sikra ved omstillingar i staten, blant anna ved overtaking av forsvarseigedommar. Regjeringa held fram arbeidet med å sikre nye friluftsområde, særleg område i kystsona. I tillegg til sikring og tilrettelegging av særskilte friluftsområde vil det òg bli lagt vekt på å opne ulike typar statseigedom for allmenta. Det er òg viktig å sikre overordna og samanhengande grønstruktur i byar og tettstader. Samarbeidet med byane Bergen, Oslo, Trondheim og Kristiansand vil halde fram i 2009.

4.2 Bevaring og bruk av kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø representerer store verdier både for den enkelte og for samfunnet. Kulturminnelova og internasjonale konvensjonar fører til at særskilte kulturminne blir tekne vare på. Regjeringa vil sikre at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø gir grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Viktige kulturhistoriske verdier står i fare for å gå tapt. I åra 2000-2006 var tap og skade på automatisk freda kulturminne gjennomsnittleg 1,2 pst. årlig. Det har vore eit synleg etterslep i vedlikehaldet av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Regjeringa har sett inn ressursar for å snu den negative trenden. Løyvingane over statsbudsjettet til formålet har auka dei seinare åra, og aukar vidare i 2009. Erfaringar frå arbeidet med bevaringsprogramma viser at med framhaldande styrke og målretta innsats vil det vere mogleg å nå dei nasjonale måla innan 2020.

Dei nasjonale måla skal nåast gjennom ti konkrete bevaringsprogram. Programma legg vekt på den ressursen kulturarven er i lokalsamfunna og i regionane, og omfattar freda kulturminne i privat eige, industriminne, fartøy, brannsikring av trehusbusetnad, arkeologiske kulturminne, bergkunst, ruinar, stavkyrkjer, verdsarvområde og samiske kulturminne. Gjennom regjeringas strategi for sikring og istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø er det lagt eit godt grunnlag for å prioritere innsats og tiltak.

Ved sidan av bevaringsprogrammet for stavkyrkjene, har bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige hatt høgast prioritet dei siste tre åra. Gjennom programmet har ein fått god oversikt over behovet for vedlikehald. Til no er 60 pst. av dei freda bygningane i privat eige ferdig registrerte. Tilskotsmidlane blir gitt til dei kulturminna der behovet er størst og effektane best. Dette har ført til at trenden er snudd i positiv retning og at vi er på god veg til å nå målet.

Det er stor merksemd om dei norske verdsarvområda, og bevaringsprogrammet for verdsarven har òg hatt høg prioritet. Behova har likevel auka, blant anna fordi Noreg har fått fleire og større område inn på verdsarvlista. Også bevaringsprogrammet for ruinar får stor merksemd, ikkje minst lokalt. Regjeringa meiner det er viktig å ha ei god framdrift i programmet og vil auke løyvinga.

Bevaringsprogramma for ti utvalde tekniske og industrielle kulturminne og for fartøy inneber spesielt store utfordringar, ikkje minst budsjettmessig. Desse kulturminna er viktige representantar for norsk industriutvikling og skipsfart.

Kulturminne og kulturmiljø kan gi grunnlag for å utvikle levende lokalsamfunn og vere ressursar for verdiskaping i næringslivet. Miljøverndepartementet har sett i gang eit program som tek for seg verdiskaping på kulturminneområdet. Fase 1 av programmet går ut 2010 og omfattar 11 pilotprosjekt – frå sør til nord i heile landet – og med varierende innhald. Erfaringane er positive og prosjekta synleggjer eit stort potensial for verdiskaping. Det er viktig å sikre framdrifta i programmet i den viktige avsluttande fasen.

Interessa for Kulturminnefondet har auka i takt med auken i fondskapitalen. I 2008 er talet på søknader og tildelingar høgare enn nokon gong. Kulturminnefondet er den viktigaste finansieringskjelda for bevaring av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Fondet er dessutan ei vesentleg finansieringskjelde i verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Fondets midlar skal òg brukast til freda kulturminne. Det har fram til no komme få søknader frå private som er eigarar av freda kulturminne. Miljøverndepartementet vil sjå nærare på tiltak som kan auke talet på slike søknader. Miljøverndepartementet vil sende utkast til endra forskrifter for kulturminnefondet på høyring i årsskiftet 2008-2009. Dette er ei oppfølging av evalueringa av fondet i 2006.

Statens kulturhistoriske eiendommer (SKE) er eit prosjekt under Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Prosjektet blir avslutta i 2008. Då vil dei resterande oppgåvene i prosjektet bli overførte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet. Prosjektet omfattar registrering av alle statens bygningar med omsyn til verneverdi, utarbeiding av landsverneplanar for dei statlege sektorane og utarbeiding av retningslinjer for forvaltninga av statens kulturhistoriske eigedommar. Riksantikvaren skal ha ansvaret for å gjennomføre fredingsprosessane for dei anlegga som blir valde ut. Dette er det mest omfattande bevaringsprosjektet som nokon sinne har vore gjennomført i Noreg.

Informasjon er sentralt og omfattar bl.a. kunnskap om kvar kulturminna finst og korleis dei skal setjast i stand. Kulturminnedatabasen Askeladden blir utvikla vidare og har no nær 2 700 registrerte brukarar. Stadig fleire kommunar tek basen i bruk i sitt planleggingsarbeid. Saman med byggjenæringa har Miljøverndepartementet førebudd oppretting av ein nettbasert kunnskapsportal for tradisjonsbaserte handverksfag. Planlagt oppstart er i 2009. Nettstaden skal gjere det enklare for alle å finne fram til leverandørar av tradisjonelle handverkstenester og produkt.

I 2008 bestemte Regjeringa at 2009 skal vere eit kulturminneår, med «Dagleivets kulturminne» som hovudtema. Det er Miljøverndepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet som saman med Noregs kulturvernforbund har ansvaret for å planleggje og gjennomføre kampanjeåret.

4.3 Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn

Heilskapeleg hav- og vassforvaltning

Omfanget av aktivitetar som påverkar havmiljøet og vassførekomstane aukar sterkt. Aktiviteten skjer ofte utan at ein veit nok om samanhengen mellom belastningane og effektane på økosystema. Samtidig får vi stadig ny kunnskap om kor sårbare våre kyst-, hav- og vassmiljø er. Det er derfor naudsynt å sjå dei ulike belastningane på økosystema i samanheng. Den samla miljøbelastninga må ikkje bli større enn at økosystemas struktur, funksjonsmåte og produktivitet blir haldne ved lag.

Heilskapeleg havforvaltning

Det er Regjeringas mål at det innan 2015 skal utarbeidast heilskapelege og økosystembaserte forvaltningsplanar for alle norske havområde. St.meld. nr. 8 (2005 – 2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten* vart presentert våren 2006, og inneheld den første regionale forvaltningsplanen for eit norsk havområde. Arbeidet med å gjennomføre denne forvaltningsplanen er i gang. I gjennomføringa av planen vil Regjeringa føre vidare arbeidet med kartlegging av havbotn og sjøfugl i havområdet. Arbeidet blir prioritert i områda Nordland VII, Troms II og Eggakanten fram mot 2010, i samband med den varsla oppdateringa av planen. Regjeringa vil òg prioritere å byggje opp kunnskap om havområdet gjennom samordna overvakingssystem, og gjennom forskning på langtransportert forureining, konsekvensar av klimaendringar og konsekvensar av samla påverknad på ulike delar av økosystemet.

Arbeidet med å utforme ein forvaltningsplan for Norskehavet er godt i gang. Regjeringa tek sikte på å presentere denne i ei stortingsmelding våren 2009. Innan 2015 ønskjer Regjeringa å utarbeide ein forvaltningsplan også for Nordsjøen.

Heilskapeleg vassforvaltning

Regjeringa vil styrkje arbeidet med ei meir heilskapeleg, økosystembasert og kunnskapsbasert forvaltning av ferskvatn, grunnvatn og kystvatn – i tråd med EUs rammedirektiv for vatn. Forskrift om rammer for vassforvaltninga implementerer EUs vassrammedirektiv i norsk rett, og vil vere det viktigaste verktøyet. Forskrifta gir rammer for fastsetjing av miljømål for vassførekomstane og skal sikre best mogleg vern og berekraftig bruk av desse. Måla skal nåast gjennom regionale forvaltningsplanar og program for tiltak der alle ansvarlege styresmakter og sektorar medverkar.

Miljøverndepartementet er ansvarleg for at forskrifta blir gjennomført i Noreg. Forvaltningsplanar for om lag 20 pst. av Noregs vassførekomstar skal vere ferdige i 2009, og innan 2015 skal det ligge føre forvaltningsplanar for alle vassførekomstane. Overvaking av vassførekomstane er ein viktig føresetnad for å gjennomføre forskrifta. Den skal gi informasjon om naturtilstanden og samtidig syne om tiltak som blir sette i verk gir ønskt miljøforbetring. Dette vil gi grunnlag for eventuelle nye tiltak når forvaltningsplanane vert fornya kvart sjette år.

Ni fylkesmannsembete er peika ut som vassregionstyresmakter. Dei skal syte for å lage forvaltningsplanane i samarbeid med relevante sektorar. Arbeidet i vassregionane er basert på fleire faglege rettleiarar utarbeidde av sentrale fagstyresmakter. Arbeidet er organisert i eigne vassregionutval, og lokalt i arbeidsutval for dei enkelte vassførekomstane. Direktivet og forskrifta føreset brei medverknad, der alle statlege styresmakter regionalt og lokalt, fylkeskommunar, kommunar og organisasjonar er med i arbeidet.

Det er gjennomført ei grovkarakterisering av tilstanden i vassførekomstane. Det blir no arbeid vidare med ei meir detaljert karakterisering, eit overvakingssystem og konkretisering av tiltak for miljøforbetring.

Innlemming av EUs rammedirektiv for vatn er nærare omtalt i St.prp. nr. 75 (2007-2008).

Overgjødning og nedslamming

Overgjødning er framleis eit betydeleg forureiningsproblem i Noreg. Dei utsleppsreduksjonane som har vore gjennomførte har ikkje vore nok for å

løyse miljøproblema. Oppfølging av vassforvaltningsforskrifta blir viktig i det vidare arbeidet med å redusere overgjødslingsproblema. I ferskvatn er det særleg problem knytte til overgjødsling i område med stor folketettleik eller i landbruksintensive område. I marine område er det særleg lokale fjordområde langs Skagerrakkysten og fjordområda på strekninga Lindesnes – Stad som er utsette for overgjødsling og nedslamming, grunna utslepp frå kommunalt avløp, industri, landbruksavrenning og/eller fiskeoppdrett. Overgjødsling og nedslamming er, kombinert med klimaendringar, truleg ei av hovudårsakene til den omfattande nedgangen i førekomstane av sukkertare langs kysten av Sør-Noreg. Statens forureiningstilsyn og Direktoratet for naturforvaltning arbeider i samråd med sektorane med å finne årsakssamanhengar og eventuelle tiltak.

Oljeforureining

Oljeforureining skuldast både akutte (ulovlege og ukontrollerte) utslepp og driftsutslepp frå offshoreinstallasjonar, skip og landbaserte kjelder.

Petroleumsindustriens nullutsleppsmål er nådd for tilsette kjemikaliar. Det skal likevel framleis vere sterkt fokus på å skifte ut kjemikaliar med mindre miljøfarlege alternativ (substitusjon) for å sikre at også resten av dei miljøfarlege stoffa blir fasa ut. Målet for naturleg førekommande miljøfarlege stoff i produsert vatn er ikkje nådd i same grad som for tilsette kjemikaliar. Produsert vatn inneheld restar av olje og kjemiske stoff, både kjemikaliar tilsette i prosessen og naturleg førekommande kjemiske stoff.

Ulovlege utslepp frå skip utgjør hovud utfordringa. Samarbeidet mellom Nordsjølanda har som mål å oppnå ei meir effektiv straffefølgjing av ulovlege utslepp frå skip.

Alle hamner er etter forureiningsforskrifta pålagt å syte for etablering og drift av mottaksordningar for handtering av avfall og lasterestar frå skip som er innom hamna. Dei fleste offentlege hamnene har utarbeidd avfallsplan og har mottak som fungerer tilfredsstillande. Likevel er det fleire hamner som framleis ikkje følgjer krava i forskrifta.

Noreg har tiltredd Konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatn-konvensjonen). Ei nasjonal forskrift om handtering av ballastvatn er på høyring og vil etter planen vil bli fastsett i løpet av våren 2009.

Miljøgifter

Spreiing av miljøgifter frå produkt, industri, transport og avfallsbehandling fører til ei gradvis foru-

reining av jord, luft og vatn. Stadig fleire kjemikaliar inngår i stadig fleire produkt og produksjonsprosessar, utan at vi kjenner til kva følgjer bruken kan få. Samtidig viser kartleggingar i miljøet at miljøgifter blir funne igjen over stadig større delar av kloden – og i for høge konsentrasjonar – i menneske, planter og dyr. Regjeringa har styrkt innsatsen mot bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Den auka innsatsen vart presentert i St. meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid*. Meldinga inneheldt òg to handlingsplanar, den eine for opprydding i forureina jord i barnehagar og på leikeplassar, den andre for opprydding i forureina sjøbotn.

Kartlegging av miljøgifter i naturen og i produkt vil framleis bli prioritert.

Det overordna målet i kjemikaliepolitikken er å unngå helseskadar, skadar på økosystem eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Over tid skal konsentrasjonen av dei farlegaste stoffa bringast ned mot naturlege bakgrunnsverdiar. Dette skal sikrast både ved å hindre nye utslepp og å hindre at gamle forureiningar skader helse og miljø. Det er sett konkrete mål med tidsfristar for når utsleppa av prioriterte miljøgifter skal vere vesentleg reduserte eller stansa. Alle utslepp av miljøgifter skal vere stansa innan 2020.

Det nye europeiske kjemikalierregelverket om registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier – REACH – vart innlemma i EØS-avtala i mars 2008 og godkjent av Stortinget i mai 2008. Norsk gjennomføringsforskrift vart fastsett med verknad frå 30. mai 2008. REACH er no det grunnleggjande systemregelverket for kjemikalieforvaltning i Noreg. Formålet med REACH er å oppnå betre vern av helse og miljø gjennom betre kontroll med produksjon, import, bruk og utslepp av kjemiske stoff. Regjeringa vil arbeide for å påverke utviklinga på dette viktige miljøområdet i EU/EØS. Det vil òg vere aktuelt med fleire forbod mot miljøgifter i produkt.

Regjeringa legg opp til at eit offentleg utval skal sjå på korleis ein kan nå 2020-målet om å stanse alle utslepp av miljøgifter. Utvalet skal gi innspel til styresmaktene om konkrete tiltak som kan setjast i verk for å bidra til at styresmaktene når måla sine. Regjeringa vil styrkje informasjonsarbeidet overfor forbrukarar om helse- og miljøfarlege produkt og kjemikaliar, for at dei skal kunne ta miljøvennlege val. Dette vil redusere bruk av produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Ein nasjonal miljøprøvebank for miljøgifter vil bli oppretta frå 2009.

Trusselen frå miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar er global. Dårlig kontroll

med bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i utviklingsland fører til lokale skadar på helse og miljø. Samtidig blir miljøgifter transporterte langt frå kjeldene, og nordområda er ein «utslagsvask» for utslepp som skjer andre stader i verda. Internasjonalt arbeid er derfor heilt naudsynt for å redusere utsleppa i norsk natur og nå 2020-målet. Regjeringa vil vere pådrivar for å styrkje internasjonale avtaler om miljøgifter både regionalt og globalt, og gi bistand til utviklingsland for å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Samtidig legg Regjeringa vekt på å sikre eit høgt vernnivå nasjonalt og å vere i forkant av den internasjonale utviklinga.

Mange stader på land og i sjøen ligg det miljøgifter som stammar frå gamle industriutslepp, avfallsfyllingar og liknande. Slike forureiningar trugar både miljøet og menneske si helse. Miljøgiftene blir tekne opp i planter og dyr og kan ende i våre eigne matfat. Grunnlaget for verdiskaping blir redusert i dei berørte områda og forureiningane fører òg til auka kostnader ved utbygging.

Miljøproblema er løyste på alle dei om lag 100 verste lokalitetane med forureina jord, slik at forureininga på desse ikkje lenger utgjør fare for helse og miljø. Vidare er miljøtilstanden undersøkt og behovet for oppryddingstiltak ferdig klarlagt på om lag 500 utpeikte lokalitetar. Per 1. april 2008 kjenner miljøstyresmaktene til 348 lokalitetar der det finst eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreingsfare, og der det ut frå risikovurdering er behov for vidare tiltak. Arbeidet med å få stansa eller redusert vesentleg spreining av miljøgifter frå forureina grunn på land blir vidareført i 2009. Hausten 2006 la Miljøverndepartementet fram ein eigen handlingsplan for opprydding i forureina jord i barnehagar og på leikeplassar. Det er utarbeidd fylkesvise tiltaksplanar for 17 prioriterte område med forureina sjøbotn. Desse er utgangspunkt for ein nasjonal handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn, som Miljøverndepartementet la fram i stortingsmeldinga om helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

I arbeidet med opprydding på land og i sjøbotn vil staten framleis medverke med betydelege midlar til opprydding der det ikkje er mogleg å identifisere dei ansvarlege, eller der det ikkje er rimeleg å påleggje dei ansvarlege dei fulle kostnadane, og til kunnskapsoppbygging og naudsynt overvaking på feltet.

Avfall og gjenvinning

Det er eit mål å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og miljø, samtidig som ressursane i avfallet skal utnyttast. Miljøforvaltninga skal medverke til rammevilkår som fører

til at minst 75 pst. av den genererte avfallsmengda går til gjenvinning innan 2010, med ei vidare opptrapping til 80 pst. Det har vore ei svært positiv utvikling på avfallsfeltet dei siste åra. I dag blir opp mot 70 pst. av avfallet anten gjenvunne som material eller utnytta til energi, mens utsleppa frå avfall er betydeleg reduserte.

Miljøforvaltninga har få verkemiddel som direkte regulerer kor store avfallsmengder som blir generert. Men strengare krav til avfallsbehandling, avgift på sluttbehandling av avfall og innføring av produsentansvar er med på å stimulere til avfallsreduksjon. Regjeringa vil styrkje arbeidet med avfallsførebygging ved å auke informasjons- og rådgivingsarbeidet og prøve ut nye verkemiddel gjennom eit prøveprosjekt under Miljøverndepartementet. Verksemda skal fremje ei meir miljøvennleg samfunnsutvikling ved å bidra til redusert miljøbelastning frå produksjon og forbruk, og leggje til rette for ei tettare kopling mellom forbrukar- og miljøspørsmål.

Frå 1. juli 2009 blir det innført forbod mot å deponere nedbryteleg avfall. Det er venta at klimagassutsleppa frå deponi på sikt vil bli reduserte til omtrent ein tredel av nivået i dag som følgje av forbodet og eksisterande verkemiddel. Metangassutslepp frå deponi utgjør omtrent 2,2 pst. av klimagassutsleppa i Noreg.

Utsleppa av miljøgifter og næringssalt vil òg bli betydeleg reduserte. Forbodet vil bidra til auka gjenvinning av avfall.

Vi har òg viktige utfordringar når det gjeld farleg avfall. 1 020 000 tonn farleg avfall vart levert og handtert i samsvar med gjeldande regelverk i 2006, ein auke på 9 pst. frå året før. Restmengda på om lag 88 000 tonn vart anten handtert ulovleg eller utanom styresmaktens registreringssystem.

For å auke befolkninga sin kunnskap om kva som er farleg avfall og korleis det skal behandlast for ikkje å skade miljøet, støttar Miljøverndepartementet bransjeorganisasjonen Avfall Noreg sin opplysningskampanje om farleg avfall. Kampanjen er særleg retta mot forbrukarane.

4.4 Eit stabilt klima og rein luft

Klimaendringar

Klimaproblemet er den største miljøutfordringa verda står overfor i dag. Sidan industrialiseringa tok til har konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂), som er den viktigaste klimagassen i atmosfæren, auka med nær 40 pst. FNs klimapanel (IPCC) skreiv allereie i 2001 at mesteparten av oppvarminga vi har observert dei siste femti åra er menneskeskapt. Verknadene framover kan bli

drastiske. Nedsmelting av is på Grønland og i Antarktis kan, saman med temperaturauke og utviding i havmassane, føre til ei betydeleg heving av havflata og strandlinjene. Regionale og lokale klimaendringar kan bli store og etter måten raske, men er vanskelege å føreseie.

Det langsiktige målet i Klimakonvensjonen er å stabilisere konsentrasjonen av klimagassar på eit nivå som hindrar farleg menneskeskapt påverknad av klimasystemet. Regjeringa har vedteke ei konkretisering av det strategiske målet. Denne seier at den globale temperaturauken må haldast under 2°C. Dette vil krevje store reduksjonar i klimagassutsleppa. Kyotoprotokollen er eit steg på vegen mot det langsiktige målet, men må forsterkast av eit meir globalt klimaregime med sterkare reduksjonar etter 2012.

I 2006 var dei samla norske klimagassutsleppa på 53,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Førebelse tal frå Statistisk sentralbyrå/Statens forureiningstilsyn viser at dei samla norske klimagassutsleppa auka til 55 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2007. Utsleppa i Noreg er venta å auke vidare i åra framover.

Stortinget har vedteke at Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga etter Kyotoprotokollen med 10 prosentpoeng, til 9 prosent under 1990-nivå. Regjeringas politikk er at utsleppsforpliktinga skal oppfyllest gjennom ein kombinasjon av nasjonale tiltak og bruk av Kyoto-mekanismane slik protokollen legg opp til, der ein betydeleg del av utsleppsreduksjonane skjer gjennom nasjonale tiltak. I tillegg skal Noreg fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. Det er realistisk å ha som mål at om lag to tredeler av den norske utsleppsreduksjonen skjer nasjonalt, når opptak i skog er rekna med. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der andre industriland òg tek på seg store forpliktingar, vil Noreg sørge for å redusere dei globale utsleppa tilsvarande 100 pst. av Noregs utslepp seinast i 2030. Det vil seie at Noreg blir karbonnøytralt.

I St. meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitik* foreslår Regjeringa ei rekkje tiltak for å nå desse måla innafor dei viktigaste samfunnssektorane med klimagassutslepp i Noreg. Fleire tiltak

kom til i klimaforliket mellom regjeringa og opposisjonspartia på stortinget.

Klimakvotelova trådde i kraft 1. januar 2005 og knyter kvoteplikt til om lag 50 norske industribedrifter for perioden 2005–2007. Kvotesystemet vart utvida frå 2008, og vil omfatte blant anna petroleumsvirksemda på norsk sokkel i tillegg til landbasert industri og energianlegg over 20 MW. Over 40 pst. av dei norske klimagassutsleppa vil vere kvotepliktige. Kvotesystemet vil, saman med CO₂-avgifta og andre verkemiddel, medverke til å redusere utsleppa av klimagassar på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte. Partane i EØS vart samde om å innlemme kvotedirektivet i EØS-avtala 26. oktober 2007. Denne avgjersla trådde i kraft 29. desember i fjor. Regjeringa sende den nasjonale tildelingsplanen til EFTAs organ for overvaking (ESA) den 28. mars 2008.

ESA aksepterte i sitt vedtak av 16. juli 2008 hovudtrekka i den norske tildelingsplanen, men krev enkelte justeringar i tildelinga av vederlagsfrie kvotar til verksemdar på fastlandet.

Klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog utgjer bortimot 20 prosent av dei samla globale utsleppa, og er samtidig mogleg å redusere relativt raskt og til ein ganske låg kostnad. Store og varige reduksjonar i klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog føreset at avgrensingar av utslepp frå desse kjeldene inngår i ei ny global klimaavtale. Regjeringa har derfor trappa opp satsinga på desse områda i 2008. Innsatsen vil bli ytterlegare styrkt i 2009, gjennom ei løyving på 1,5 mrd. kroner og ei like stor tilsegnsmakt på Utenriksdepartementets budsjett. Det er dermed lagt opp til at løftet i klimaforliket kan bli oppfylt allereie frå 2009.

Sjølv om vi har store ambisjonar om utsleppskutt nasjonalt og internasjonalt er det naudsynt å vere budd på konsekvensane av klimaendringar i Noreg. På fleire samfunnsområde er ein allereie i gang med eit arbeid for tilpassing til klimaendringar. Det blir sett i gang ei breitt opplagt offentleg utgreiing for å kartleggje kor sårbart samfunnet er og kva behov vi har for tilpassing til klimaendringane. Utvalet skal sjå på kva risiko klimaendringane representerer for natur og samfunn, og gjere greie for kva samfunnsområde som er mest utsette.

Boks 4.1 Klimaforliket: Auka satsing på klimatiltak i 2009

Som følge av regjeringa sine ambisiøse mål i klimapolitikken og klimaforliket på Stortinget, aukar klimasatsinga på mange departement sine budsjett, både til tiltak og til forskning.

Over Utanriksdepartementet sitt budsjett blir det foreslått 1,5 mrd. kroner i løyving til tiltak mot avskoging i utviklingsland. Samtidig blir det gitt 1,5 mrd. kroner i tilsegnfullmakt til same føremål.

Rammene til generell forskning på fornybar energi og karbonfangst og lagring aukar med 300 mill. kroner. I tillegg blir det foreslått 150 mill. kroner til oppretting av eit demonstrasjonsprogram for utvikling og introduksjon av nye fornybare energiteknologiar offshore.

Løyvingane til investeringar, vedlikehald og drift i jernbanenettet aukar med om lag 1,3 mrd. kroner frå 2008 til 2009. Det blir òg gjort framlegg om å etablere eit prøveprosjekt innanfor Samferdsledepartementet – Transnova, som skal fremje utvikling og bruk av meir miljøvennlige transportmiddel.

Regjeringa skal leggje fram ein handlingsplan for det internasjonale arbeidet for karbonfangst og lagring som klimatiltak i løpet av 2008. Det blir gjort framlegg om 20 mill. kroner over Olje- og energidepartementet sitt budsjett til dette i 2009.

Miljøverndepartementet får ein auke på 129 mill. kroner til klimatiltak i 2009. Det vil m.a. bli løyvd 22 mill. kroner til eit nytt kompetansesenter for auka kunnskap om is og klima ved Norsk Polarinstitut i Tromsø. Senteret blir mellom

anna eit viktig norsk bidrag til samarbeid med verdas «bre-statar» for å auke forståinga av korleis klimaendringane påverkar breane.

Klimainnsatsen i polarstroka blir òg styrkt med 13,3 mill. kroner, gjennom auka løyvingar til Zeppelin målestasjon, til styrking av infrastrukturen i Ny-Ålesund og til gjenreising av den norske forskingsstasjonen på Bouvetøya i Antarktis.

Kampanjen «Klimaløftet» får auka løyvinga med 8 mill. kroner som ledd i satsinga på informasjon. Samtidig aukar løyvingane med 5 mill. kroner til innanlands tilpassing til klimaendringane.

Det blir gjort framlegg om ei samla løyving på meir enn 1,83 mrd. kroner til CO₂-handtering. Desse midla går m.a. til arbeidet med nasjonale CCS-prosjekt (Carbon Capture and Storage), forskning, utvikling og demonstrasjon av CO₂-handteringsteknologi og drift av statsføretaket Gassnova SF.

Det blir gjort framlegg om ei løyving på 715 mill. kroner til kjøp av klimakvotar som utgjer ein auke på 210 mill. kroner og ei fullmakt til å inngå avtaler om kjøp av utsleppskvotar utover denne løyvinga for inntil 6,3 mrd. kroner som er ein auke på 2,7 mrd. kroner. Til kjøp av klimakvotar for statstilsette sine internasjonale tenestereiser med fly, blir det foreslått 8,4 mill. kroner og ei fullmakt på inntil 10,5 mill. kroner til å inngå avtaler utover denne løyvinga.

Nedbryting av ozonlaget

Trusselen mot ozonlaget er ikkje borte, men Montrealprotokollen har effektivt redusert bruken og utsleppa av KFK og andre ozonreduserande stoff frå dei rike industrilanda. Ei hovudutfordring internasjonalt er å gjere utviklingslanda i stand til å oppfylle forpliktingane sine under protokollen.

Noreg har oppfylt krava i Montrealprotokollen og gjennomført EU-forordninga om ozonreduserande stoff. Det nasjonale arbeidet er no retta mot kontroll med at føresegnene blir etterlevde, og overvaking av miljøtilstanden.

Langtransporterte luftforureiningar

Internasjonale avtaler og nedlegging av forureinande industri i Europa har redusert forsuring

problema i Noreg. Tolegrensene for forsuring av overflatevatn var overskridne på 42 pst. av arealet vårt i 1980 og 23 pst. i 2000, jf. ny kunnskap presentert i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Med full effekt av Gøteborgprotokollen vil tolegrensene venteleg vere overskridne på om lag 11 pst. av Noregs areal i 2010. Noreg var og er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse miljøproblema som skriv seg frå langtransportert luftforureining.

Gøteborgprotokollen krev at dei årlege norske svovelutsleppa er maksimalt 22 000 tonn frå 2010. Regjeringa legg opp til at dette kravet skal oppfyllest gjennom nye utsleppskrav til industrien, jf. intensjonsavtala med Norsk Industri (tidlegare Prosessindustriens Landsforeining).

NO_x-forpliktinga i Gøteborgprotokollen inneber ein reduksjon i dei årlege norske utsleppa på 18 pst. frå 2007 til 2010, til maksimalt 156 000 tonn, og krev betydelege nye tiltak. I tråd med Stortingets vedtak sette Regjeringa 1. januar 2007 i verk ei avgift på utslepp av nitrogenoksid (NO_x). Miljøverndepartementet inngjekk 14. mai 2008 ei avtale om reduksjon av NO_x-utslepp med 14 næringsorganisasjonar. Næringsorganisasjonane tek i avtala på seg å redusere dei årlege NO_x-utsleppa med 30 000 tonn. Verksemdar som slutta seg til avtala innan 1. juli 2008 får tilbakebetalt NO_x-avgift som er innbetalt frå 1. januar 2008. Avgiftsfritaket gjeld dei tre åra 2008, 2009 og 2010. Utsleppsreduksjonane skal vere fullt ut gjennomførde innan utgangen av 2011.

EFTAs overvåkingsorgan (ESA) vedtok 16. juli 2008 å ikkje framsetje innvendingar mot avgiftsfritaket for verksemdar som er tilslutta NO_x-avtala. Avtala vil bidra vesentleg til at Noreg overheld NO_x-forpliktinga i Gøteborgprotokollen.

Noregs utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) var i 2007 for første gong lågare enn forpliktinga i Gøteborgprotokollen, som er maksimalt 195 000 tonn innan 2010. Utsleppa er vesentleg reduserte dei siste åra som følge av krava som er sette til utslepp frå lasting og lagring av råolje på sokkelen og implementering av EU-direktiv, blant anna om utslepp av VOC frå bruk av løysemiddel og VOC i måling og lakk. Noreg overheld òg i 2007 begge utsleppsforpliktingane i VOC-protokollen av 1991.

Utsleppa av ammoniakk var i 2007 om lag på same nivå som den norske forpliktinga etter Gøteborgprotokollen, og er venta å endre seg lite fram mot 2010.

Tilførslene av sur nedbør frå Europa er sterkt reduserte dei siste åra, men i dei forsuringsskadde områda i Noreg vil det på grunn av berggrunnsforhold og tidlegare skadar framleis ta lang tid før reduksjonar i tilførsler gir betre vasskvalitet. Kalking er eit langsiktig avbøtande tiltak som held ved lag det biologiske mangfaldet i forsura vassdrag, og har blant anna ført til at laksebestanden er bygd opp att i mange forsuringsskadde vassdrag. Det føregår no kalking i 24 laksevassdrag og i om lag 3 000 lokale prosjekt, hovudsakeleg i Sør-Noreg.

Noreg skal føre vidare den aktive medverkna den i det internasjonale samarbeidet om forskning, utgreiing og kartlegging av miljøproblem som skuldast langtransportert luftforureining. Dette arbeidet vil leggje grunnlag for forhandlingar om moglege nye protokollar under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining. I arbeidet med å revidere Gøteborgprotokollen vil Regjeringa leggje vekt på å utvikle ein ny effektba-

sert avtale. Landa bør ta på seg forpliktingar som fører til at utsleppa som bidreg til overskriding av kritiske belastningsgrenser blir reduserte på ein effektiv måte. Regjeringa arbeider innafor FN's sjøfartsorganisasjon IMO for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå sjøfarten, og i mars 2008 vart det semje om ei løysing med nye og strengare krav til utslepp av svovel, NO_x, VOC og partiklar.

Lokal luftkvalitet

Den lokale luftkvaliteten i Noreg er jamt over god. Men i nokre byar og tettstader kan lokal luftforureining i periodar gi betydelege helse- og trivselsproblem. Svevestøvkonsentrasjonane overskridd det nasjonale resultatmålet i fleire norske byområde. Overskridingane skjer i hovudsak langs dei mest trafikkerte vegane. Sjølv om svevestøvnivåa vil bli reduserte fram mot 2010, vil det likevel vere vanskeleg å nå målet som gjeld for 2010 utan nye tiltak eller auka styrke på eksisterande tiltak.

Konsentrasjonane av svoveldioksid og benzen i by- og tettstadluft vil truleg vere innafor dei nasjonale måla i 2010.

Vegtrafikk er den største kjelda til lokal luftforureining. Utsleppa frå kvart køyretøy minkar merkbar som følge av strengare krav internasjonalt og i Noreg, men aukande trafikkmengd verkar motsatt veg, slik at nettoreduksjonane ikkje blir så store. Utsleppa av både nitrogenoksid og svevestøv frå vegtrafikken gjekk ned med 45 pst. frå 1990 til 2006. Fyring med ved er òg ei vesentleg kjelde til svevestøvforureininga, særleg på kalde dagar. Utsleppa frå vedfyring er reduserte med om lag 13 pst. frå 1990 til 2006.

Forureiningsforskrifta gjer kommunane til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Det blir arbeidd med oppfølging for å sikre at forskrifta blir etterlevd. Nasjonale verkemiddel er òg knytte til kvaliteten på drivstoff. Noreg implementerer blant anna EU-direktiv på dette området. I samarbeid med aktuelle styresmakter bli det utarbeidd ein handlingsplan for å betre den lokale luftkvaliteten. Eksisterande tiltak og verkemiddel kan bli styrkte, og/eller nye tiltak og verkemiddel innførte.

Støy

Støy er eitt av dei miljøproblema som rammar flest menneske i Noreg. Rundt 1,7 millionar personar er utsette for støy over 50 dB ved bustaden sin. Støy frå samferdsel utgjer opp mot 90 pst. av den kartlagde støyplaga, og vegtrafikken står åleine for nærare 80 pst. I perioden 1999-2006 vart det målt ein auke av den samla støyplaga på omkring 3 pst.,

i hovudsak på grunn av veksande vegtrafikk og auka busetjing i trafikkerte område.

Regjeringa presenterte ein handlingsplan mot støy for perioden 2007-2011 i St. meld nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Denne planen legg føringa for støyarbeidet dei næraste åra.

4.5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda

Stadig fleire avgjerder som er viktige for den norske miljøtilstanden og den norske miljøpolitikken blir tekne utafor landets grenser. Samtidig er dei alvorlegaste miljøutfordringane globale. Derfor er det naudsynt å styrkje det forplikande internasjonale samarbeidet både i og utafor organisasjonar som har miljø som hovudoppgåve. Det er viktig å sjå dei internasjonale utfordringane samla fordi dei heng saman innbyrdes. Omsynet til å oppfylle og vidareutvikle internasjonale plikter i miljøavtaler har høg prioritet. Dette gjeld særleg innafor klima, biologisk mangfald og miljøgifter, og det vil vere eit viktig samarbeidsområde både i internasjonale organisasjonar og i høve til samarbeidslanda våre.

Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet

EU er vår viktigaste samarbeidspartnar på miljøområdet. Det meste av EUs miljølovgiving blir fortløpande gjort gjeldande i Noreg gjennom EØS-avtala. Også i 2008 er ei rekkje nye rettsakter på miljøområdet innlemma i EØS-avtala. Regjeringa legg stor vekt på å kunne medverke til utforminga av regelverk og gjere norsk syn gjeldande tidleg på område som er særskilt viktige for Noreg, som klima, kjemikaliar, hav og luftforureining. Miljøforvaltninga vurderer fortløpande rettsutviklinga på naturvernområdet i EU, i tråd med Soria Moria-erklæringas mål om å følgje opp gode miljøinitiativ frå EU og ta i bruk det beste i EUs miljølovgiving, også der det ikkje er omfatta av EØS.

Miljø og kulturarv er dei viktigaste satsingsområda i vårt bilaterale og regionale miljøsamarbeid gjennom EØS-midlane. Miljøverndepartementet legg vekt på politisk dialog med dei nye EU-landa, og vil medverke til auka bilateral kontakt mellom nasjonale og lokale styresmakter i Noreg og dei nye EU-landa.

For Noreg er det nordiske samarbeidet særleg viktig, blant anna i arbeidet med å påverke internasjonale regelverk på sentrale område som hav, vatn og kjemikaliar. I tillegg er det gitt høg prioritet til samarbeidet om klimaspørsmål. Oppfølginga av

Nordisk strategi for klima og miljøgifter i Arktis har òg vore ein prioritert oppgåve.

I perioden 2008-2009 har FN's Kommissjon for berekraftig utvikling (CSD) hatt hovudfokus på arealforvaltning, tørke, Afrika, jordbruk, utvikling på landsbygda og forørkning. I 2008 vart det gjort ein statusgjennomgang på området. Forhandlingar vil gå føre seg i 2009. Noreg arbeidde aktivt for å få belyst samanhengar mellom arealbruk og biobrensel, og fremja forslag om at det bør utviklast internasjonale kriterium for biobrensel. Frå norsk side vil det bli lagt vekt på å bruke CSD til å vise at det er mogeleg både å fremje vekst og motverke fattigdom utan å ofre miljøet. Ei langsiktig positiv utvikling krev at miljøet blir teke vare på.

OECD har vedteke ein miljøstrategi for perioden 2000-2010 med målsetjingar for miljøpolitikken i OECD-landa og nasjonale tiltak for å nå desse. OECD la i 2008 fram ein ny Environmental Outlook 2030 som legg grunnlag for det vidare arbeidet, blant anna med omsyn til integrering av miljø i utviklingspolitikken og i handelssamanheng. OECD har særleg gjort viktig arbeid rundt kostnadene ved ikkje å ta miljøomsyn og med bruk av indikatorar for å måle framsteg og betre grunnlaget for avgjersler.

Noreg legg vekt på å styrkje FN's miljøprogram (UNEP) for på sikt å kunne oppgradere UNEP til ein særorganisasjon under FN og styrkje UNEPs rolle som FN's sentrale miljøautoritet og premissleverandør i globalt miljøarbeid. Miljøverndepartementet vil òg oppretthalde ei aktiv rolle i arbeidet med god organisering av miljøomsyna på globalt nivå, særleg innan FN-reform. UNEPs nye strategi for perioden 2010-2013 har fokus på klima, forvaltning av økosystem, kjemikaliar og farleg avfall, naturkatastrofar og konflikstar, miljøstyresett og effektiv ressursutnytting og berekraftig produksjon og forbruk.

Det globale miljøfondet (GEF) er den sentrale finansieringsmekanismen for dei globale miljøkonvensjonane. Det er viktig å arbeide for ei styrking og vidareutvikling av GEF som støttar opp under måla i miljøkonvensjonane, og søkje å bringe inn større midlar frå andre kjelder. Tiltaka som blir sette i verk under ei avtale bør òg ha positiv verknad for dei andre avtalene.

Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljøet

Regjeringa vil arbeide for å fremje eit internasjonalt handelsregime der omsyn til miljø, faglege og sosiale rettar, mattryggleik og utvikling i fattige land skal tilleggast avgjerande vekt. Regjeringa arbeider derfor for å få ein god miljøprofil i den pågåande forhandlingsrunden i WTO, og arbeider

med å vidareutvikle frihandelsavtalene som bidrag til det overordna målet om berekraftig utvikling, under dette den kommande avtala med Kina. Det er viktig å sikre at ikkje utviklinga i regelverket avgrensar nasjonale miljøtiltak og verkemiddel i praksis.

Noreg legg vekt på å trekkje nasjonalt og internasjonalt næringsliv sterkare med for å løyse globale miljøproblem. Regjeringa ønskjer å styrkje det internasjonale og nasjonale arbeidet med å fremje meir samfunns- og miljøansvar i næringslivet, særleg for selskap som opererer i land eller regionar der regelverk ikkje finst eller svakt utforma.

Verksemda i multilaterale organisasjonar som ikkje har miljø som hovudfokus kan ha betydelege effektar for miljøtilstanden og dermed også for måloppnåing under miljøkonvensjonane. FAO-avtala for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk vil til dømes vere eit viktig bidrag til bevaring og berekraftig bruk av desse ressursane i tråd med Biodiversitetskonvensjonen (CBD). Svalbards globale frøbank opna i 2008, og vil gi sikker bevaring av landbruksfrø frå heile verda for lang tid framover og støtte opp om målsetjingane både i CBD og FAO-avtala.

Geografisk retta miljøsamorbeid

Noreg har særskilte avtaler om miljøsamorbeid med Sør-Afrika, Kina, Indonesia og India. Eit samorbeid med Sør-Korea vart inngått sommeren 2008. Desse landa er alle viktige for utviklinga i den globale miljøtilstanden. Samarbeidsavtalene blir nytta til politisk og strategisk dialog i tillegg til gjennomføringa av konkrete miljøtiltak. Dialog og samorbeid om klimaspørsmål er særst høgt prioritert. Noreg støttar òg fleire miljøprosjekt i dei tidlege sovjetrepublikane og på Balkan.

Regjeringas mål er at Noreg skal bli leiande på miljøretta bistand. God miljøforvaltning er avgjerande for å løyse fattigdoms- og utviklingsproblema verda står overfor. Styrking av samorbeidslandas kapasitet til å ta vare på både langsiktige omsyn til miljøet og dei internasjonale forpliktingane dei har er òg ei sentral målsetjing i Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid. Handlingsplanen har fire satsingsområde: Biologisk mangfald og naturressursar, vatn og sanitær, klimaendringar og tilgang til rein energi, og miljøgifter. I mange utviklingsland er det store utfordringar knytte til forvaltninga av petroleumsressursar. Regjeringas program Olje for Utvikling skal medverke til god ressursforvaltning innafor petroleumssektoren, og ei finansforvaltning og eit styresett som medverkar til brei utvikling og til å ta miljøomsyn. Regjeringa har òg sett i gang ei eiga

satsing for å fremje energieffektivitet og fornybare energikjelder i utviklingssamarbeidet.

Miljøsamorbeid i nord- og polarområda

Noreg skal vere den fremste forvaltaren av miljø og naturressursar i nordområda. Det blir stilt strenge miljøkrav til all verksemd og set rammer som sikrar at dei unike natur- og kulturmiljøa blir verna mot negativ påverknad og tekne vare på for framtidige generasjonar. Noreg skal òg vere i front internasjonalt når det gjeld utvikling av kunnskap om, for og i nordområda. Kunnskap er navet i nordområdestrategien, med direkte forgreiningar til miljøforvaltning, ressursutnytting og verdiskaping. Vi har behov for kunnskap for å kunne møte dei utfordringane vi står overfor i nord. Regjeringa vil òg styrkje internasjonalt samorbeid for å redusere miljøbelastninga i nordområda.

Barentsregionen og den arktiske regionen

Noreg har formannskapet i Arktisk Råd. Samorbeid om oppdatering av konsekvensane og utfordringane ved venta klimaendringar i Arktis, jf. ACIA-rapporten, og ei felles tilnærming til ei heilskapeleg økosystembasert ressursforvaltning står sentralt i det norske formannskapet. Noreg har initiert eit prosjekt om klimaendringar og kryosfæren (snø, vatn, is og permafrost) og eit prosjekt om økosystembasert ressursforvaltning. Forvaltningsplanen for Barentshavet er brukt som eit døme i denne samanhengen. Noreg spelar ei viktig rolle i Arktisk Råds miljøovervakingssprogram (AMAP), deltek i samorbeidsprosjekt i forhold til Arktis og Russland og i det marine programmet for Arktis (PAME).

Noreg bidrar òg med årlege løyvingar til miljøpartnerskapen Northern Dimension Environment Programme (NDEP) i EUs arbeid med Den Nordlege Dimensjon.

Noreg har leiinga av Barentsrådets miljøarbeidsgruppe fram til hausten 2009. Arbeid med reduksjon av utslepp av miljøgifter og klimagassar frå dei store forureiningskjeldene i Nordvest-Russland (hot-spots), klimaendringar og bevaring av biologisk mangfald i regionen har prioritet.

Havmiljøsamorbeidet er spesielt høgt prioritert i det bilaterale arbeidet i regi av den norsk-russiske miljøvernkommissjonen. Ei eiga havmiljøgruppe skal medverke til auka samorbeid om økosystembasert forvaltning av Barentshavet. Mellom anna vil det i 2009 bli utarbeidd ein felles norsk-russisk miljøstatusrapport for heile Barentshavet, som eit grunnlag for vidare samorbeid.

Vern og forvaltning av biologisk mangfald i Barentsregionen, reduksjon av forureining, reinare produksjon, grensenært samarbeid, kulturminnevern og forvaltning av verneområde på arktiske øygrupper er dei andre hovudsatsingsområda for det bilaterale miljøvernssamarbeidet med Russland.

Norilsk Nikel-konsernet arbeider vidare med å modernisere verksemda på Kolahalvøya. Konsernet har bekrefta at eit briketteringsanlegg for nikelmalm blir bygd i Zapoljarny, og det skal etter planen stå ferdig i 2009. Framtidig lokalisering av smelteverket er derimot ikkje avgjort. Selskapet er gjort kjent med at den norske økonomiske støtta gjeld modernisering av smelteverket i Nikel og krev reduksjon av forureininga der, innafor det tidsrommet avtalene gjeld, dvs. ut 2010.

Svalbard

Norske styresmaktar har som mål at Svalbard skal bevarast som eitt av dei best forvalta villmarksområda i verda.

Omfanget av samanhengande villmarksområde på Svalbard skal søkjast oppretthalde. Eit representativt utval av natur og marine naturverdiar skal sikrast mot vesentlege inngrep og påverknad, og eit representativt utval av kulturminne på Svalbard og Jan Mayen skal søkjast bevart. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet.

Dei siste åra er det oppretta seks nye verneområde som sikrar nokre av dei biologisk mest produktive landområda, og nye sjøområde er inkluderte i verneområda etter utvidinga av territorialgrensa. Til saman er om lag 65 pst. av landområda og 84 pst. av territorialfarvatna verna.

Ei rekkje dyrebustandar som tidlegare var truga er no gjennom vernetiltak restituerede eller i vekst. Det er utarbeidd nye reglar for å hindre at fiske påverkar bustandane av svalbardrøye, som frå tidlegare er kraftig nedfiska i fleire av vassdraga.

Ferdsel frå turistar og fastbuande har auka dei siste åra. Cruiseturismen har i aukande grad teke i bruk fjerntliggjande område nord og aust på Svalbard. I 2007 vart det innført krav til drivstoffkvalitet og avgrensingar i talet på passasjerar for skip innafor dei store naturreservata aust på Svalbard. For å sikre naturreservata i aust som urørt referanseområde for klima- og miljøforskning, arbeider styresmaktene no med forslag til nye avgrensingar for kor turistar kan gå i land innafor desse naturreservata.

Miljøet på Svalbard blir òg påverka av endringar i klima og langtransportert forureining. Det er

venta at temperaturane i Arktis vil stige dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Dersom bre- og issmeltinga held fram som no, kan konsekvensane for miljøet bli alvorlege, særleg for arter knytte til havisen, som sel og isbjørn. Den raske smeltinga av havis, brear og permafrost i Arktis vil kunne forsterke den globale oppvarminga, og såleis få alvorlege følgjer òg for resten av verda.

Det har vore ein markant reduksjon i tilførsel av særleg svovelsambindingar til Svalbard dei siste åra. Tilførsler av «gamle» miljøgifter som PCB og DDT synest òg å vere noko reduserte dei siste åra. Nivåa av PCB i isbjørn, sel og polarmåke ved Svalbard er likevel framleis blant dei høgaste i Arktis. Vidare viser målingar at førekomsten av kvikksølv i planter og dyr aukar i Arktis. Det er òg registrert fleire «nye» miljøgifter i Arktis, for eksempel bromerte flammehemmarar.

Kunnskap frå Svalbard-området er viktig både for å forstå klimaproblema og for det norske arbeidet med å styrkje dei internasjonale avtalane som gjeld klima og langtransportert forureining. Norske styresmakter vil derfor utvikle Svalbard vidare som ein plattform for internasjonal miljø- og klimaforskning, og sikre Svalbards kvalitetar som eit urørt referanseområde for slik forskning.

Den klima-, polar- og isbrefaglege kompetansen Norge har skal styrkjast, spissast og utviklast vidare innafor rammene av eit nasjonalt «Kompetansesenter for is og klima». I 2009 vil oppbygginga av kompetansesenteret starte med kjerne i Norsk Polarinstitut og i samarbeid med sentrale faginstitusjonar i Noreg. Senteret skal styrkje Noregs posisjon som ein aktiv og synleg part i det internasjonale klimaarbeidet. Kompetansesenteret skal òg vere eit viktig norsk bidrag til eit samarbeid med verdas «brestatar» for å auke forståinga av dynamikken i – og konsekvensen av – bresmeltinga som følgje av klimaendringane. I IPCCs scenarium er det store kunnskapshol på desse områda.

Det er oppretta eit miljøvernfond for Svalbard som skal tildele midlar til miljøvernprosjekt etter søknad. Miljøgebyr for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, som vart fullt operativt i 2008.

India etablerte ein forskingsstasjon i Ny-Ålesund sommaren 2008 og ein norsk-indisk avtale om klima og polarforskingssamarbeid vart underskriven mellom Norsk Polarinstitut og ein tilsvarende indisk institusjon. Ny-Ålesund-symposiet er etablert som eit årleg arrangement for å sette auka fokus på problemstillingar i nord og styrkje samarbeidet mellom næringsliv, forskarar og styresmakter, og NGOar på tvers av land.

Antarktis

Noreg har godkjent vedlegget til miljøprotokollen under Antarktis-traktaten som regulerer ansvaret for miljøskade i Antarktis. Vedlegget vil no bli implementert i vår eiga forskrift om vern av miljøet i Antarktis. I samarbeidet under Antarktistraktaten er det auka fokus på klimaendringar og på den veksende cruiseturismen. Gjennom fleire resolusjonar er det lagt opp til tiltak som skal avgrense dei negative effektane på miljøet av den aukande turismen.

Radioaktiv forureining

Konsentrasjon av radioaktivt cesium i vegetasjon på utmarksbeite går svært langsamt nedover. Sjølv over 20 år etter Tsjernobyl-ulykka blir det gjennomført årlege tiltak i Noreg for å redusere innhaldet i kjøtt og mjølk frå utmarksbeitande dyr.

Noreg har dei siste åra lagt vekt på samarbeid med og støtte til russiske tilsynsstyresmakter i arbeidet med radioaktivitet i Nordvest-Russland. Noreg legg vekt på at miljøkonsekvensvurderingar må vere gjennomførte før ulike tiltak blir sette i verk, og at arbeidet blir planlagt slik at risikoen blir så liten som råd er. Det er viktig å bidra til kompetanseoverføring som set Russland i stand til sjølv å handtere utfordringane på grunnlag av best tilgjengeleg kunnskap og teknologi. Noreg arbeider for brei internasjonal deltaking i dette arbeidet, og for å spreie kunnskap om problem og løysingar.

Utsleppa av technetium-99 frå Sellafield vart betydelig reduserte i 2004. Som ein følgje av dette er det venta ytterlegare nedgang i konsentrasjonane av technetium-99 langs norskekysten i åra som kjem, og konsentrasjonane ligg monaleg under toppverdiene frå 1999-2001. Norske styresmaktar arbeider no for at britane stansar reprosesseringsanlegget THORP for godt, for å redusere risikoen for større, akutte utslepp av radioaktive stoff frå Sellafieldanlegget som kan påverke norske område.

Gjennom det nasjonale overvakingsprogrammet for radioaktiv forureining held norske styresmakter seg fortløpande orienterte om den radioaktive forureininga av norske land- og sjøområde. Det er òg etablert eit samarbeid med Russland om overvaking av radioaktiv forureining i dei nordlege havområda, slik at norske styresmakter no får informasjon om tilstanden også i russisk sone.

Miljøverndepartementet har ansvar for radioaktiv forureining av det ytre miljøet i form av utslepp og radioaktivt avfall frå kjelder i Noreg. Statens strålevern er departementets fagorgan på dette området. Arbeidet med radioaktiv forureining frå norske kjelder skal styrkjast betydeleg med hovudvekt på utslepp frå petroleumssektoren,

forureining frå gamle gruver og kartlegging av radioaktivt avfall. Det er avdekt stor kunnskapsmangel på området som krev styrkt kartlegging, utgreiing, overvaking og forskning. Det er òg lagt opp til ei fagleg og økonomisk styrking av Statens strålevern og innføring av eit betre regelverk for å handtere radioaktiv forureining.

4.6 Planlegging for ei berekraftig utvikling

Ein føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling er samordning på tvers av sektorinteresser og forvaltningsnivå. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit sentralt verkemiddel for å oppnå slik samordning.

Kommuneplanar og kommunal arealplanlegging

Behovet for samla styring og samordning i kommuneplanar aukar i takt med at oppgåver blir delegerte til kommunane. Det er blant anna naudsynt å sjå næringsutvikling og verdiskaping, areal- og miljøforvaltning, levekår, folketalsutvikling og kommunal tenesteyting i nær samanheng. Mange kommunar driv eit aktivt utviklingsarbeid innafor miljø- og samfunnsplanlegging. Miljøverndepartementet deltek i eit samarbeid med KS om læring og oppfølging av kommunane blant anna gjennom programmet Livskraftige kommunar – kommunenettverk for miljø og samfunnsutvikling. Talet på blant anna reguleringsplanar og kommuneplanar viser at eit stort fleirtal av kommunane har ei aktiv kommuneplanlegging både for arealbruken og den langsiktige samfunnsutviklinga.

Viktige konfliktspørsmål knytt til arealbruken kjem ofte opp i kommuneplanens arealdel. Dei viktigaste grunngevingane for motsegner gjeld naturvern-, friluftsliv- og landskapsinteresser, utbyggingsmønster, strandsoner, jord- og skogbruk og kulturminne. I reguleringsplanane er i tillegg forureining/støy og transport viktige tema. Dei fleste motsegnene blir løyste lokalt. Talet på saker Miljøverndepartementet behandlar er nokså stabilt frå år til år. Nasjonale retningslinjer for gjeldande arealpolitikk er gitt i St. meld. nr. 21 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*.

Kommunane har eit stort ansvar for å sikre ei samordna arealforvaltning som tek vare på natur- og kulturmiljø, landskap og kvalitetar i miljø med busetnad. Klimatilpassing og areal- og transportpolitikk som bidrar til å redusere klimautsleppa er sentrale tema i planlegginga. Regjeringa legg stor vekt på at strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde med god tilgang for all-

menta. Fjellområda skal forvaltast som landskap der kultur- og naturressursar, næringsutvikling og friluftsliv blir sikra og utfyller kvarandre. Landskapsverdiane skal få auka fokus, og leveområda for villrein skal sikrast.

Regjeringa ser kommunal planlegging som viktig for å løyse dei langsiktige utfordringane som er knytte til blant anna bruk og utnytting av fjellområda våre. Når det gjeld dispensasjonar i strandsona, både i og utafor byggjeområde, syner rapporteringa at det i 2007 vart gitt om lag 767 slike dispensasjonar innafor 100-meterbeltet mot sjø – mot 808 i 2006 og om lag 1000 i 2005. Tala syner behov for fortsett skarpt fokus på nedbygging av strandsona, særleg i område med stort byggjetrykk og viktige natur- og friluftsområde langs sjøen. Regjeringa vil leggje fram statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning i 2009.

Byar og tettstader

Som oppfølging av klimameldinga har Regjeringa invitert 13 av dei største byane til eit samarbeid om programmet «Framtidas byar». Alle byane ønskte å vere med, og ein intensjonsavtale om samarbeidet er underteikna. Programmet har som føremål å redusere klimagassutsleppa i byane, som særleg kjem frå vegtransport, oppvarming, forbruk og avfallsbehandling. Også tilpassing til klimaendringane og forbetring av bymiljøet står sentralt.

Innsatsen i programmet for Alna og grønstruktur i Groruddalen aukar i 2009. Dette er eit av fire satsingsområde i eit omfattande samarbeidsprosjekt med Oslo kommune om å betre miljøet i Groruddalen.

Bymiljøprisen, som vart delt ut første gongen i 2002, vil bli ført vidare som eit ledd i å synleggjere ein miljøretta bypolitikk. I 2008 er tema for prisen «Klima og bymiljø». Prisen er tildelt Trondheim kommune for arbeidet med å redusere klimagassutsleppa, blant anna gjennom bruk av restriktive tiltak for å avgrense biltrafikken

For å styrkje kunnskap og kompetanse om tettstadutvikling, har Miljøverndepartementet i 2008 mellom anna oppretta ein nettportal for tettstadutvikling. Saman med andre partar har departementet gjennomført regionale og landsomfattande konferansar for kommunar og fylke.

Regionale planar

Ei rekkje verne- og utviklingsoppgåver må løysast i samarbeid med kommunane. I samsvar med St. meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* har Miljøverndepartementet stimulert til utarbeiding av fylkesdelplanar for

nasjonale villreinområde. I alt åtte fylkeskommunar er i gang, og det er etablert eit felles forum for dette planarbeidet. I samarbeid med Olje- og energidepartementet vil Miljøverndepartementet stimulere til at det blir utarbeidd regionale planar for vindkraft- og småkraftverk.

Revisjon av plan- og bygningslova

Miljøverndepartementet la våren 2008 fram ein odelstingsproposisjon for ny plan- og bygningslov. Lova vart vedteken av Stortinget 5. juni 2008, og er venta sett i verk frå 1. juli 2009. Våren 2009 er det planlagt eit vegleiingsprogram for kommunar, fylke og andre aktørar som deltek i planlegging etter lova.

Universell utforming

Universell utforming av transport, bygg, uteområde, IKT mv. skal sikre tilgjenge for alle menneske i ulike situasjonar og fasar i livet. Miljøverndepartementet førebur rikspolitiske retningslinjer for dette arbeidet, og omsynet til universell utforming er styrkja i samband med revisjon av plandelen i plan- og bygningslova. Pilotkommunar i fleire fylke utviklar universell utforming som kommunal strategi. Dei arbeider bl.a. med by- og tettstadutvikling, auka tilgjenge til offentlege bygningar, friluftsliv og kulturminne. Kommunane og fylkeskommunane rapporterer om universell utforming gjennom KOSTRA frå 2007.

Kart og geodata

Det er ei overordna målsetjing at landet skal ha ein tenleg infrastruktur med tilgjengeleg geografisk informasjon om sjø- og landområde. Innafor arealpolitikken er det sentralt å skaffe fram god informasjon om arealens tilstand, før framtidig bruk blir planlagt. EU har no vedteke nye retningslinjer for etablering av miljøinformasjon, det såkalla Inspire-direktivet. Direktivet er relevant og akseptabelt for Noreg, og vil bli innarbeidd i norsk rett og gi føringar for vidare etablering av geografisk informasjon.

Bruk og tilgjenge, Noreg digitalt

Geodata er eit verkemiddel for at kommunar og forvaltning skal oppnå effektiviseringsgevinstar og betre resultat. Det er derfor viktig å få på plass og ta i bruk aksepterte nasjonale og internasjonale standardar for felles bruk av geografiske data. Noreg medverkar aktivt til den internasjonale standardiseringa, og fleire norske løysingar blir brukte som modell. Statens kartverk har ei viktig og sentral rolle i dette arbeidet.

Noreg digitalt er eit samarbeid mellom kommunar og statlege etatar, i tillegg til tele- og energiselskap med leveringsplikt, om etablering, drift, vedlikehald og distribusjon av geografiske data. Samarbeidet om Noreg digitalt gjer at arealdata, ressursdata, miljødata og plandata kan inngå i ein felles geografisk infrastruktur. Retningslinjene for samarbeidet vart streka opp i St.meld. nr. 30 (2002-2003) «Norge digitalt» – *et felles fundament for verdiskaping*, som departementet har vidareført. Samarbeidet har vorte særskild viktig for offentleg innsamling, utveksling og bruk av geodata. Over 550 ulike partar er med i samarbeidet. Det er eit mål at alle kommunane og alle statlege etatar som har behov for geodata tek del i Noreg digitalt. Dette målet reknar ein med blir oppfylt i 2009, med over 600 deltakande partar i samarbeidet.

Satellittbasert stadfesting (koordinatbestemming)

All privat og offentleg oppmåling, kartlegging og navigasjon føreset ein korrekt kartreferanse. Til no har ikkje grunnlaget vore så nøyaktig og påliteleg som dei nye satellittbaserte løysingane krev. Arbeidet til Statens kartverk kan grovt delast i fire delar: Vitskapelege målingar for overvaking av klima og andre globale endringar, ei nasjonal overvakingstene for høg grannsemd ved bruk av internasjonale satellittsystem, nytt landsnett for bruk av satellittdata saman med kart, og nytt høgdegrunnlag. Statens kartverk slutførte målearbeidet for nytt landsnett i 2007. Bereknningar er no gjort, men mange kommunar har sjølve noko arbeid å gjere før dei kan ta grunnlaget i bruk i eigne kart. Høgdemåling i Noreg er framleis basert på grunnlag frå 1950-talet. Statens kartverk arbeider med sikte på at nytt høgdegrunnlag tilpassa bruk av satellitteknologi kan vere på plass innan 2009.

Infrastruktur av nasjonale geografiske databasar, eigedomsdata, trykte og digitale kart

Etableringa med landsdekkjande geodata er eit omfattande arbeid. I 2008 er heile kysten dekt med elektroniske sjøkart tilpassa satellittbasert navigasjon for alle viktige farleier. Dette er eit resultat av fleire års forsert sjøkartlegging, og er eit stort framsteg for norsk skipsfart. Det er no mogleg å vri innsatsen meir over på andre viktige oppgåver i Statens kartverk som har vore nedprioriterte under forseringsprogrammet. Regjeringa vil særleg prioritere arbeidet med det offisielle eigedomsregisteret, Matrikkelen, og iverksetjinga av ny lov om eigedomsregistrering. Ei viktig oppgåve for Statens kartverk vil vere å yte fagleg støtte til kommunane.

Det er ikkje venta at Noreg vil vere dekt med digitale kartdata på land før tidlegast i 2015. I 2008 er noko over 50 pst. av denne dataetableringa fullført. Areal i byar og tettstader er i hovudsak dekt. Det er samtidig ei stor utfordring å halde dei områda som er dekte oppdaterte med nye data. Arbeidet med landkartlegginga vil få auka fokus.

Frå 2008 vil Statens kartverk vere tinglysningsstyresmakt for heile landet. Arbeidet med tinglysinga i Kartverket sorterer under Justisdepartementet. Miljøverndepartementet og Justisdepartementet samarbeider om ei framtidig løysing for styringa av tinglysinga. Denne vil bli presentert for Stortinget i 2010-budsjettet.

4.7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver

Det er ei viktig oppgåve for miljøforvaltninga å innrette verksemda slik at måla i miljøpolitikken blir nådde. Styrings- og kostnadseffektivitet skal vere grunnleggjande for valet av verkemiddel. Miljøomsyn skal integrerast i alle sektorar av samfunnet. Kunnskap, informasjon og kommunikasjon skal medverke til å styrkje forståinga av miljøspørsmål og til at avgjerder som påverkar miljøet blir tekne på grunnlag av best tilgjengelege kunnskap.

Resultatområdet omfattar oppgåver og verkemiddel som går på tvers av resultatområda 1-6, og innverkar dermed på resultatoppnåinga på alle dei andre områda.

Styring og administrasjon

Det er utarbeidd eit overordna plan- og styringsdokument og eit heilskapeleg system for styring, prioritering og måling og oppfølging av resultat i miljøforvaltninga. Systemet dekkjer alle nivå og alle formål. Departementet arbeider med å innarbeide risikoanalyse som ein integrert del i mål- og resultatstyringssystemet, og fleire risikoanalysar er gjennomførte i 2007 og 2008. Tiltak for ytterlegare effektivisering og forenkling av arbeidet i miljøforvaltninga er under jamleg vurdering.

Miljøverndepartementet vil ha fokus på kompetanseutvikling og rekrutteringsstrategi, og setje i verk konkrete tiltak knytte til dette. Det blir arbeidd fortløpande med å vidareutvikle sentrale personalpolitiske område som livsfasepolitikk, inkluderande arbeidsliv, mobilitet, likestilling og medbestemming. Vidareføring av Grøn stat er ein del av Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar. Handlingsplanen blir følgt opp gjennom å integrere miljøleing i departementets system for verksemdsplanlegging og gjennom ISO 14001-sertifisering. I 2008 vart departementet reser-

tifisert etter å ha hatt systemet i drift i tre år. Beredskapsarbeidet er følgt opp gjennom årlege revisjonar av planverk og gjennomføring av fleire beredskapsøvingar for departementet og etatane. I tillegg deltek departementet på eksterne øvingar som omfattar ansvarsområda våre. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) hadde i 2008 tilsyn med beredskapsarbeidet i Miljøverndepartementet. Krav og pålegg frå dette tilsynet vil bli følgt opp.

I tildelingsbrevna har departementet følgt opp initiativet frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og bede etatane gjennomføre systematiske brukarundersøkingar som òg skal gjerast allment tilgjengelige. Fleire av etatane rapporterer om gjennomførte eller planlagde undersøkingar mot viktige samarbeidspartnarar og brukarar. Nokre eksempel er periodiske omdømmeundersøkingar, befolkningsundersøkingar når det gjeld kunnskap – mellom anna om farleg avfall, miljømerking og klimavoter, undersøkingar om tilgjenge- og formidlingsaspektet på websider, nettstader etc.

Den regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmennene, som skal sjå til at nasjonale miljømål blir omsette til regionale og lokale mål og tiltak. Fylkesmannen har ei sentral rolle i samband med samarbeid og samordning med andre sektorar og forvaltar dessutan delar av lovverket på miljøområdet. Fylkesmannens oppgåver skal vere i samsvar med Regjeringas prioriteringar. Samla sett er innsatsen i miljøavdelingane ved fylkesmannsembeta retta mot dei fleste av resultatområda under Miljøverndepartementet. Vi viser elles til Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Sektorovergripande arbeid

Departementet har ansvar for å slå fast mål for god miljøtilstand og foreslå tiltak som er naudsynte for å hindre eller rette opp skadeleg påverknad av miljøtilstanden. Kunnskap blir henta inn gjennom miljøovervaking, forskning og rapportering, i samarbeid med relevante sektorar. Miljøforvaltninga har sjølv omfattande program for overvaking av naturen. Vi har òg ansvar for dokumentasjon og kvalitetssikring av norske miljødata, og det er lagt opp til ei systematisk rapportering og dokumentasjon av resultatata av Regjeringas samla miljøpolitikk. Departementet samarbeider med Noregs forskingsråd for å sikre ein målretta kunnskapsproduksjon, og legg stor vekt på ei god formidling av nye resultat.

Miljøprofilen i statsbudsjettet blir omtalt i Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Status i miljøpolitikken blir omtalt i stortingsmeldinga om Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, som sidan 1999 har vore lagt fram annakvart år. Førre melding vart lagt fram våren 2007.

Miljøverndepartementet samarbeider tett med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet om det internettbaserte læremiddelet «Nettverk for miljølære». «Nettverk for miljølære» er ein del av den norske oppfølginga av FNs utdanningstiltak for ei berekraftig utvikling. «Den naturlege skulesekken» (DNS) skal bidra til å utvikle nysgjerrighet og kunnskap om naturen, medvit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hos alle elevar og lærarar i grunnskulen. I 2009 blir det sett i gang eit pilotprosjekt med utgangspunkt i tre fylke og 10 kommunar.

Miljøverndepartementet skal gjennom sin kommunikasjon søke å auke interessa for miljøspørsmål og motivere dei ulike sektorane i samfunnet til å ta miljøomsyn. Departementet skal formidle miljøkunnskap til publikum på ein rask, profesjonell og truverdig måte. Verksemda skal vere synlig og allment tilgjengelig. Departementet skal vise mest mulig openheit, og yte service til dei som ønsker informasjon om departementets arbeid. Det skal heile tida vere god tilgang til miljøinformasjon. Media og internett er to viktige informasjonskanalar. Store mengder miljøinformasjon er gjort tilgjengelig gjennom nettstadene til miljøforvaltninga.

Den viktigaste målgruppa for departementets kommunikasjon er almenta. Målet er at heile befolkninga skal vite om dei viktigaste avgjerdene som departementet tek. Meir spesifikke målgrupper er dei som blir direkte berørt, så som kommunar, bedrifter, organisasjonar, direktorat og andre departement, både i inn- og utland.

Klimainformasjonskampanjen Klimaløftet koordinerer Regjeringas samla klimainformasjon retta mot folk flest. Det skal setjast i gang ei rekkje felles prosjekt og utviklast omfattande nasjonale informasjonstiltak i tråd med innhaldet i Klimaforliket.

For å bidra til å sikre at miljøinformasjonslova blir overhalden vart det oppnemnt ei eiga uavhengig klagemnd frå 1. januar 2004. På bakgrunn av ei evaluering av lova vil Regjeringa gjere miljøinformasjonslova og produktkontrollovas reglar om rett til informasjon endå betre kjent.

Det er eit mål å kople økonomisk vekst og miljøbelastningar frå kvarandre. Auke i forbruket set eit stort press på naturressursane. På FN-toppmøtet i Johannesburg vart det sett i gang arbeid med eit 10-års rammeverk med program for berekraftig produksjon og forbruk. Noreg følgjer opp denne internasjonale prosessen, og deltek aktivt i EU og i nordisk samarbeid for å styrkje dette arbeidet. Noreg har, saman med Sveits, utarbeidd ein internasjonal rettleiar for grønare offentlege nyskaffingar, og saman med Frankrike arbeidd for meir berekraftig turisme.

Regjeringa vil leggje til rette for ei tettare kopling mellom forbrukar- og miljøspørsmål, og gjere det enklare å vere miljøvenleg i kvardagen. Regjeringa vil styrkje miljøinformasjonsarbeidet og gjere miljømerka betre kjende i det offentlege.

Regjeringa la i 2007 fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege nyskaffingar. Det er eit mål at miljøbelastninga knytt til offentlege nyskaffingar skal minimerast. I arbeidet med miljøomsyn i offentlege innkjøp skal tiltak knytte til klima og energi, helse og miljøfarlege kjemikaliar og biologisk mangfald prioriterast. Handlingsplanen skal medverke til ein effektiv offentlig sektor og eit konkurransedyktig næringsliv. Det er innført ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp med konkrete krav til statlege verksemdar innan prioriterte produktgrupper. Miljøpolitikken er gjort gjeldande frå 1.1.2008. Miljøleing i statlege verksemdar (Grøn stat) er vidareført gjennom handlingsplanen, og miljøpolitikken for statlege verksemdar er ein obligatorisk del av miljøleingsystemet. Verksemdar med betydeleg miljøbelastning vil bli bedne om å innføre miljøleingsystem sertifiserte av tredjepart. Ein rettleiar for grønare leveransekjeder for verksemd i utlandet vil bli utarbeidd for å bistå norsk næringsliv.

På nasjonalt nivå vil Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) få ei sentral rolle i den operative oppfølginga av handlingsplanen, og i kvart fylke/region vil det bli etablert ei fagleg støttetjeneste.

4.8 Miljøverndepartementets budsjett fordelt på resultatområde

Tabell 4.1 viser planlagt disponering av Miljøverndepartementets budsjett innanfor det enkelte resultatområde på tvers av ulike programkategoriar og kapittel. Tabellane inneheld planlagt disponering av budsjetta for 2008 og 2009. Dei endringane som går fram av tabellen er ikkje berre eit resultat av opp- eller nedprioritering, men skuldast òg tekniske endringar.

Miljøverndepartementets budsjett er auka med 24,7 pst. samanlikna med saldert budsjett 2008. Regjeringas største satsingar på Miljøverndepartementets budsjett er innfor resultatområde 1 Naturens mangfald og friluftsliv, under dette ei klar styrking av midlar til forvaltning av verneområde og nytt skogvern. Eit anna viktig satsing er resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft. Vidare syner budsjettet ei sterk satsing på bevaring av kulturminne og miljøovervaking. Regjeringa foreslår òg auka innsats for å betre miljøet i Groruddalen innfor resultatområde 9 Regional planlegging.

Reduksjonen på resultatområde 3 Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn skyldast tekniske justeringar i budsjettet, bl.a. den eit-årig auking av vrakpanten i 2008 for de mest forurensende dieselskjøretøyene.

I tillegg er det foreslått å auke fondskapitalen i Norsk kulturminnefond med 200 mill. kroner.

Ei nærare omtale av satsingane i budsjettet er gitt i kapittel 2.

Tabell 4.1 Miljøverndepartementets budsjett for 2008 og 2009 fordelt på resultatområde:

Resultatområde	(i 1 000 kr)		
	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Endring siste år i pst.
1. Naturens mangfald og friluftsliv	855 166	1 150 444	34,5
2. Bevaring og bruk av kulturminne	348 582	617 493	77,1
3. Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn	565 152	533 309	-5,6
4. Eit stabilt klima og rein luft	174 058	266 243	53,0
5. Internasjonalt miljør samarbeid og miljø i nord- og polarområda	210 804	191 276	-9,3
6. Planlegging for ei berekraftig utvikling	416 802	514 348	23,4
7. Tverrgående verkemiddel og oppgåver	693 756	801 165	15,5
Sum	3 276 322	4 086 27	24,7

5 Oversiktstabellar

5.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Miljøverndepartementet på 4 086,3 mill. kroner.

5.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1400	Miljøverndepartementet	402 941	436 142	569 731	30,6
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	367 476	391 518	461 676	17,9
	Sum kategori 12.10	770 417	827 660	1 031 407	24,6

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1425	Vilt- og fisketiltak	70 278	76 442	78 942	3,3
1426	Statens naturoppsyn	131 320	129 109	167 755	29,9
1427	Direktoratet for naturforvaltning	674 736	657 520	914 270	39,0
	Sum kategori 12.20	876 334	863 071	1 160 967	34,5

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1429	Riksantikvaren	317 761	355 146	404 260	13,8
1432	Norsk kulturminnefond	236 659	43 680	243 680	457,9
	Sum kategori 12.30	554 420	398 826	647 940	62,5

Utgifter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)	515 583	619 490	621 854	0,4
1444	Produktregisteret	16 537			
1445	Miljøvennleg skipsfart	2 000	2 000	3 000	50,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp		4 000	8 000	100,0
	Sum kategori 12.40	534 120	625 490	632 854	1,2

Utgifter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk	351 436	371 353	378 823	2,0
2465	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)	6 672	12 000	12 000	0,0
	Sum kategori 12.50	358 108	383 353	390 823	1,9

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1471	Norsk Polarinstittutt	196 933	169 422	210 738	24,4
1472	Svalbard miljøvernfond	1 315	8 500	11 550	35,9
	Sum kategori 12.60	198 248	177 922	222 288	24,9

5.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4400	Miljøverndepartementet	10 334	1 200	1 253	4,4
4410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	4 000	4 000	4 000	0,0
	Sum kategori 12.10	14 334	5 200	5 253	1,0

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4425	Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond	72 300	76 442	78 942	3,3
4426	Statens naturoppsyn	25 688	2 261	1 138	-49,7
4427	Direktoratet for naturforvaltning	17 215	15 250	15 268	0,1
Sum kategori 12.20		115 203	93 953	95 348	1,5

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4429	Riksantikvaren	9 382	4 845	5 059	4,4
4432	Norsk kulturminnefond	36 659	43 680	43 680	0,0
Sum kategori 12.30		46 041	48 525	48 739	0,4

Inntekter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4441	Statens forureiningstilsyn	81 841	26 561	64 017	141,0
4444	Produktregisteret	422			
5322	Statens miljøfond, avdrag	88 797			
5621	Statens miljøfond, renteinntekter	2 046			
Sum kategori 12.40		173 106	26 561	64 017	141,0

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4471	Norsk Polarinstittutt	67 732	38 270	39 954	4,4
4472	Svalbard miljøvernfond	1 315	8 500	125	-98,5
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet			11 425	
Sum kategori 12.60		69 047	46 770	51 504	10,1

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
01-01	Driftsutgifter	813 613	784 750	943 832	20,3
11-23	Varer og tenester	761 790	789 127	1 052 898	33,4
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	301 746	339 973	422 223	24,2
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	275 433	294 217	339 706	15,5
60-69	Overføringer til kommunar	5 350	4 000	9 500	137,5
70-89	Overføringer til private	933 715	1 064 255	1 118 120	5,1
90-99	Utlån, avdrag m.v.	200 000		200 000	
	Sum under departementet	3 291 647	3 276 322	4 086 279	24,7

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
01-29	Sal av varer og tenester m.v.	184 501	85 487	123 615	44,6
50-91	Skattar, avgifter og andre overføringer	207 748	135 522	141 246	4,2
	Sum under departementet	392 249	221 009	264 861	19,8

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overførast»

Det blir foreslått å knyte stikkordet «kan overførast» til dei postane som er viste i tabellen nedanfor. Dette er postar der det knyter seg stor uvisse til utbetalingsår. For å kunne sikre utbetaling av til-

segn om tilskot gitt i 2008 og tidlegare år, må posten tilføyast stikkordet «kan overførast».

Under Miljøverndepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane, utanom postgruppe 30–49:

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2008	Forslag 2009
1400	22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming		2 000
1400	72	Miljøverntiltak i nordområda	300	1 800
1400	73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk		25 750
1400	74	Tilskot til AMAP		3 700
1400	75	Miljøvennleg byutvikling	3 285	31 000
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak	101	22 471
1400	78	Miljøtiltak til nikkilverka på Kola	109 000	
1400	80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle	5 549	600
1400	81	Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn	564	26 000

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2008	Forslag 2009
1425	61	Tilskot til kommunale vilttiltak	24	3 500
1425	70	Tilskot til fiskeformål	1 597	10 000
1425	71	Tilskot til viltformål	5 309	37 600
1427	60	Tilskot til lokalt utviklingsfond		6 000
1427	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål		88 000
1427	71	Forvaltningstiltak i verdsarvsområde		9 600
1427	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga	3 301	80 500
1427	74	Tilskot til friluftslivstiltak	204	17 520
1427	76	Tilskot til informasjons- og kompetansesentra		7 900
1427	77	Tilskot til nasjonalparksentra	123	14 600
1427	78	Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd		8 000
1429	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø	9 908	195 130
1429	73	Brannsikring og beredskapstiltak	145	11 953
1429	74	Fartøyvern	333	42 004
1429	75	Internasjonalt samarbeid	164	1 100
1429	77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet	370	18 400
1429	78	Tilskot til beslutningsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi		6 500
1465	21	Betaling for statsoppdraget	5 899	378 823
1471	21	Spesielle driftsutgifter	10	66 271

Tabell 5.1 Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2008 under Miljøverndepartementet

Kapittel	Nemning	Tal årsverk
1400	Miljøverndepartementet	224
1427	Direktoratet for naturforvaltning	233
1429	Riksantikvaren	137
1441	Statens forureiningstilsyn	273
2465	Statens kartverk	725
1471	Norsk polarinstitutt	136
1432	Norsk kulturminnefond	7
Sum		1735

Del II
Omtale av Miljøverndepartementets
resultatområde

6 Naturens mangfold og friluftsliv (resultatområde 1)

Resultatområdet omfattar bevaring av naturens mangfold og friluftsliv. Friluftsliv er eit felles gode som det er viktig å sikre som kjelde til auka trivsel, betre folkehelse, forståing av naturverdiar og berekraftig utvikling. Bevaring av naturens mangfold skjer gjennom berekraftig bruk, vern, oppsyn, skjøtsel og restaurering. Hovudårsakene til tap av naturmangfaldet er knytte til tap av biologiske nøkkelområde og endringar i arealbruk, klimaendringar, forureining, spreining av framande arter og overutnytting. Resultatområdet omfattar òg arbeidet med å motverke negative miljøeffektar på naturmangfaldet av desse påverknadene, med unntak av klimaendringar og forureining som blir dekte av resultatområde 3 og 4. Bevaring av verdifulle geologiske førekomstar og ulike landskapskvalitetar inngår òg i resultatområdet. I tillegg dekkjer resultatområdet internasjonalt arbeid, blant anna oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre berekraftig bruk, vern og rettferdig fordeling av naturens mangfold.

Resultatområdet er delt opp i følgjande underområde:

- 1.1. Berekraftig bruk og vern av leveområde.
- 1.2. Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar
- 1.3. Framande arter og genmodifiserte organismar
- 1.4. Friluftsliv

Strategisk mål

Naturen skal forvaltast slik at arter som finst naturleg blir sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap blir halden ved lag og gjer det mogleg å sikre at naturmangfaldet

får halde fram med å utvikle seg. Noreg har som mål å stanse tapet av naturmangfold innan 2010.

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Nasjonale resultatmål, miljøforvaltningas arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Resultatområde 1 – underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde

Avgrensing og definisjon av underområde 1
Berekraftig bruk og vern av leveområde

Underområdet omfattar sikring av leveområde og naturtypar slik at naturmangfaldet får utvikle seg vidare og slik at viktige økosystemtenester ikkje blir ytterlegare utarma. Nedbygging, bruk og bruksendring (inkludert opphøyrte bruk) av areal er rekna som dei viktigaste truslane mot planter og dyr i Noreg. Summen av mange tilsynelatande ubetydelege inngrep kan få alvorlege følgjer for den evna arter og bestandar har til å overleve, og for økosystemas produksjonsevne. Dei mest verdifulle og sårbare naturområda treng særskild omsorg gjennom vern og oppsyn for å sikre at verneverdiene ikkje går tapt. I område utanfor verneområda er det viktig å redusere negativ påverknad på naturens mangfold så mykje som mogleg for å sikre at vi òg i framtida kan hauste av naturen og nyte godt av tenester som økosystema leverer. Det er derfor ei klar kopling mellom innsatsen for å ta vare på leveområde for mangfaldet av planter og dyr og den nasjonale arealpolitikken som er omtalt i resultatområde 6.

Tabell 6.1 Mål- og indikatortabell for underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Nasjonalt restmål 1.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.1.1 Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar.	1.1.1.1 Implementere arbeidsprogram om områdevern frå Konvensjonen om biologisk mangfald (vedteken på COP7 i 2004) ved å etablere nettverk av terrestriske verneområde innan 2010.	Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	1.1.1.2 Leie og samordne det norske arbeidet under Konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale konvensjonar som er relevante for å ta vare på ulike naturtypar.	Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	1.1.1.3 Sluttføre fylkesvise/tematiske verneplanar i løpet av år 2009.	Talet på vedtekne fylkesvise verneplanar.
	1.1.1.4 Auke skogvernet i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, jf. Innst. S.nr. 46 (2003-2004).	Sum verna areal produktiv skog fordelt på naturgeografiske regionar. Areal produktiv skog som er vedteke verna etter 2002.
	1.1.1.5 Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 40 nye og utvide 14 eksisterande verneområde i løpet av 2010.	Sum verna areal fordelt på naturgeografiske regionar. Talet på nye verneområde som er vedtekne.
	1.1.1.6 Etablere eit representativt nettverk av marine verneområde innan dei ulike biogeografiske regionane i kyst- og havområda gjennom nasjonal marin verneplan innan 2012.	Del av representative, særigne, truga og sårbare naturtypar som inngår i dei marine vernaområda i kvar biogeografiske region.
	1.1.1.7 Sikre at naturverdiane i verneområda blir oppretthaldne, mellom anna ved å utvikle tilfredsstillande skjøtsels- og oppsynsordningar.	Del av verneområde som har tilfredsstillande forvaltningsplan. Del av verneområde med tilfredsstillande skjøtsel. Del av verneområde som har tilfredsstillande oppsyn/tilsyn.

Regjeringa prioriterer høgt å ta vare på norsk natur og verne om naturmangfaldet. Av dei 18 500 artene som vart vurderte i arbeidet med den norske raudlista i 2006 vart 3 886 arter (21 pst.) plasserte på raudlista. Omlag 48 pst. av desse er knytte til skog, 35 pst. til kulturlandskap, 13 pst. til våtmark, 12 pst. til hav/strand/kyst, 9 pst. til ferskvassmiljø, 5 pst. til fjell/arktisk natur og 5 pst. til marint miljø. Vern av eit representativt utval områ-

de etter naturvernlova er viktig for å sikre framtida for artene.

Pr. 1. januar 2008 er 14,3 pst. av fastlands-Noreg verna etter naturvernlova.

Eit viktig verkemiddel for å stanse tapet av planter, dyr og naturtypar er eit moderne og heilskapleg lovverk. Regjeringa vil derfor leggje fram forslag til ei ny lov om forvaltning av naturens mangfald slik at Stortinget kan handsame denne våren 2009.

Tabell 6.2 Oversikt over område verna etter naturvernlova pr. 1. januar 2008.

	Tal	Areal km ² (inkl. ferskvatn)	Prosent av Noregs landareal ¹
Nasjonalparker	29	26 756	8.3
Landskapsvernområde	174	15 093	4.7
Naturreservat	1 790	4 193	1.3
Naturminne	1012	2	0.0
Andre fredingsområde ³	122	126	0.0
Sum	2 248	46 273	14.3

¹ Fastlandet ekskl. Svalbard (verneområde på Svalbard er oppretta i medhald av svalbardmiljølova).

² 99 av desse naturminna er geologiske. I tillegg er ca. 180 tre/tregrupper freda som botaniske naturminne.

³ I tillegg kjem 12 område på om lag 300 km² som er verna etter viltlova § 7.

Arbeidsmål 1.1.1.1 Implementere arbeidsprogram om områdevern frå Konvensjonen om biologisk mangfald ved å etablere nettverk av terrestriske verneområde innan 2010

Arbeidsprogrammets overordna mål er å etablere og halde ved lag effektivt forvalta og økologisk representative nasjonale og regionale nettverk av verneområde. Dette skal vere på plass innan 2010 for område på land og innan 2012 for marine område. Etablering, forvaltning og overvaking av verneområde skal skje med deltaking og respekt for urfolk og lokale samfunn.

Partsmøtet for Konvensjonen om biologisk mangfald i mai 2008 la stor vekt på områdevern som reiskap for å nå 2010-målet, og framheva særskilt behovet for å gjennomføre økologiske GAP-analysar for vern i løpet av 2009 (i) og finansiering av områdevern (ii).

Tiltak som står sentralt i Noregs oppfølging av vedtaket om områdevern er i hovudsak knytte til gjennomføring av dei fylkesvise verneplanane, auka skogvern, gjennomføring av nasjonalparkplanen, marin verneplan, sikring av naturverdiane i verneområda og evaluering av gjennomført vern av ulike naturtypar. Som tilpassing til klimaendringane vil det bli lagt vekt på å sikre tilstrekkeleg store område som inneheld økologiske gradientar som gir ei ekstra forsikring for artar i eit endra klima.

Grunnlagsmaterialet for evaluering av gjennomført vern av ulike naturtypar vil i hovudsak bli ferdigstilt i løpet av 2008. Analysearbeidet vil starte i 2008, men hovudvekta av dette arbeidet vil skje i 2009.

For å auke bevisstgjeringa om 2010-målet sende miljø- og utviklingsminister Erik Solheim i mai 2008 eit postkort til alle ordførarane i landet

med ei oppfordring til å delta i kampen for å ta vare på artsmangfaldet i naturen. Kvar kommune har fått ein sær eigen, truga art dei blir bedne om å ta ekstra godt vare på.

Oppfølging av områdevernet og gjennomføring av nytt vern er omtalt under arbeidsmåla 1.1.1.4 – 1.1.1.7. Arbeidet under CBD med å etablere eit nettverk av marine verneområde er omtalt under arbeidsmål 1.1.1.6.

Internasjonale plikter i andre konvensjonar er òg sentrale for å følgje opp arbeidsprogrammet under Konvensjonen om biologisk mangfald, blant anna Ramsarkonvensjonen om våtmarker, Bernkonvensjonen om vern av europeisk natur og Oslo-Paris-konvensjonen om vern av det marine miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet (OSPAR).

Ein tek sikte på å utvikle norsk vernepolitikk meir i tråd med EUs NATURA 2000 i høve til etablering av område og rapportering via det europeiske miljøbyrået (EEA). Innmelding av norske område til Emerald Network vil vere ein parallell til EU-landas Natura 2000-prosess.

Det er brei europeisk semje om å opprette gode europeiske nettverk av verneområde. Under Bernkonvensjonen om vern av europeisk natur er dette følgt opp gjennom at partane skal peike ut område til eit europeisk nettverk av verneområde kalla Emerald Network. I 2007 ferdigstilte Direktoratet for naturforvaltning eit pilotprosjekt på dette (DN-rapport 2007-1). Dette utgjer det faglege grunnlaget for vidare arbeid med innmelding av område.

Noreg deltek aktivt i arbeidet med den paneuropeiske biomangfald- og landskapsstrategien (PEBLDS) der etablering av eit paneuropeisk nettverk av verneområde står sentralt.

Arbeidsmål 1.1.1.2 Leie og samordne det norske arbeidet under Konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale konvensjonar som er relevante for å ta vare på ulike naturtypar

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er det sentrale internasjonale rammeverket rundt arbeidet med å nå målet om å stanse tapet av arter og naturtypar innan 2010.

Det niande partsmøtet for konvensjonen vart halde i mai 2008. I tillegg til fokus på gjennomføring av konvensjonens etablerte arbeidsprogram, bl.a. områdevern, vart det fatta vedtak som stimulerer til synergi mellom klimatiltak og naturmangfaldsomsyn og arbeid for å betre kunnskapsgrunnlaget under konvensjonen. UNEPs initiativ for å etablere ein mekanisme for kunnskap om naturens mangfald og økosystemtenester vil bli følgt opp frå norsk side.

Noreg vil medverke aktivt i arbeidet med å utvikle nye globale mål for konvensjonen i perioden fram mot 2010. Dei internasjonale Trondheimskonferansane om naturens mangfald medverkar til konstruktive samarbeidsarenaer for internasjonale forhandlingar om å ta vare på mangfaldet av arter og økosystem, og til å styrkje det vitenskapelige grunnlaget for desse. Neste Trondheimskonferanse skal haldast i 2010, som òg er FN's internasjonale år for biologisk mangfald.

Arbeidsmål 1.1.1.3 Sluttføre fylkesvise/tematiske verneplanar i løpet av år 2009

Verneplan for Oslofjorden, delplan Oslo/Akershus og einskildområde Danmark (Akershus) vart vedteke i juni 2008. Vikanbukta (Nord-Trøndelag) vart verna i september 2008. Vidare er det i 2008-2009 planlagt vedtak for verneplan for Smøla (Møre og Romsdal), verneplan for Oslofjorden (delplan for Østfold og ein samordna sjøfugldelplan for alle fylka kring Oslofjorden), verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal, verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane og verneplan for myr i Finnmark. Det same gjeld einskildområde Bruvollhagan (Hedmark). Verneplan for rik lauvskog i Troms vart gjennomført som frivillig skogvern og er planlagt vedteken i 2009. I løpet av 2009 vil ein ha nådd målet i St.meld. nr. 68 (1980-81) om gjennomføring av fylkesvise, tematiske verneplanar for tema edellauvskog, myr, våtmark og sjøfugllokaltetar – totalt 70 verneplanar.

Arbeidsmål 1.1.1.4 Auke skogvernet i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, jf. Innst. S. nr. 46 (2003-2004)

I 2007 vart det verna 18 skogområde med totalt 20,7 km² produktiv skog. Totalt er det verna i overkant av 1 000 km² produktiv skog i Noreg pr. september 2008, tilsvarande ca. 1,4 pst. av skogarealet i landet.

Omfanget av vern i Trillemarka-Rollagsfjell vart avklart i januar 2008, og formelt vernevedtak for området er planlagt hausten 2008. I 2002 vart det verna ca. 45 km² i området. No blir ytterlegare ca. 102 km² verna slik at totalt verneareal i Trillemarka-Rollagsfjell blir ca. 147 km².

Hausten 2008 vil det òg bli verna betydelege skogareal gjennom frivillig vern-ordninga.

Hovudstrategien i arbeidet for auka skogvern er å sikre høg fagleg kvalitet ved at dei viktigaste områda blir fanga opp i arbeidet, samtidig som ein sikrar god dialog med skogeigarar og andre partar. Samarbeidet med Noregs Skogeigarforbund om frivillig skogvern blir ført vidare i 2009. For 2009 er det følgjande hovudelementar:

- Skogvern på statsgrunn: Vernevedtak for område på statsgrunn, mellom anna i Nord-Trøndelag og Nordland, og oppstart av verneprosessar for attverande, registrerte verneverdige skogområde på statsgrunn. Verneprosessar på statsallmenningar der vern kan innverke på private bruksrettar, skal i hovudtrekk byggje på frivillig vern-konseptet.
- Frivillig skogvern: Vernevedtak, og oppstart av arbeid med nye område.
- Verneprosessar- og vernevedtak for verneverdige skogområde på areal eigd av Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar).
- Systematiske, naturfaglege registreringar i prioriterte skogtypar og gjennomføring av verneprosessar knytte til dette.

Arbeidsmål 1.1.1.5 Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 40 nye og utvide 14 eksisterande verneområde i løpet av 2010

Pr. 1. september 2008 er 38 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen gjennomførte. Sylan landskapsvernområde vart oppretta i april 2008. Følgjande område er planlagt verna hausten 2008 og i 2009: Naustdal-Gjengedal, Ålfotbreen, Hylingsdalen, Sjunkan-Misten, Sølen, Lomsdal-Vissten, Sørvalen-Isdalen og Ytre Hvaler.

I vernearbeidet legg ein stor vekt på å gjennomføre demokratiske og tillitvekkjande planprosessar. Samarbeidet med Sametinget for å sikre samiske

interesser på best mogleg måte i planlegginga (jf. avtala om konsultasjon mellom Staten og Sametinget) blir ført vidare.

Pr. 2008 er det autorisert 14 nasjonalparksenter, og departementet sin plan for etablering av nasjonalparksenter frå 1995 er no fullført. Lokalt vert det arbeidd med planar for fleire nasjonalparksenter, blant anna i den kommande Ytre Hvaler nasjonalpark.

Arbeidsmål 1.1.1.6 Etablere eit representativt nettverk av marine verneområde innan dei ulike biogeografiske regionane i kyst- og havområda innan 2012

Noreg har slutta seg til målet om å ha på plass eit representativt og økologisk samanhengjande nettverk av marine verneområde innan 2012. I OSPAR har vi slutta oss til at eit slikt nettverk skal vere på plass innan 2010. Eit første representativt nettverk av marine område verna etter naturvernlova og marine område varig beskytta på annan måte skal etter planen vere etablert i 2010. Nettverket skal deretter i andre fase supplerast etter behov for å sikre eit representativt, økologisk samanhengjande nettverk for alle dei norske kyst- og havområda innan 2012.

Det formelle verneplanarbeidet for fase ein startar i 2008. Det skal gjennomførast konsekvensutgreiingar før verneforslaget blir sendt på felles lokal og sentral høyring i 2009.

Arbeidsmål 1.1.1.7 Sikre at naturverdiane i verneområda blir oppretthaldne, mellom anna ved å utvikle tilfredstillande skjøtels- og oppsynsordningar

Statens naturoppsyn (SNO) sine oppgåver omfattar kontrollverksemd, naturvegledning, fysisk tilrettelegging, registreringsarbeid og skjøtsel. Statens naturoppsyn hadde i 2007 oppsynsansvaret for alle dei 2248 verneområda i Fastlands-Noreg (samla areal på 46 276 km²). Oppsyn blir òg utført gjennom tenestekjøp frå Statskog Fjelltenesta i Troms og Nordland, frå fjellstyra sitt fjelloppsyn og andre samarbeidspartnarar.

Frå 2006 til 2007 vart det registrert ein ytterlegare oppgang (5%) i talet på brot på regelverket i verneområde. Oppgangen frå 2005 til 2006 var på 48%.

Det er i 2007 gjennomført fleire store tilretteleggingstiltak for brukarar av nasjonalparkane og andre naturområde der tilrettelegginga ved Besseggen er blant dei mest arbeids- og kostnadskrevjande. I 2007 gjennomførte SNO, som tidlegare år, eit stort tal større eller mindre skjøtselstiltak i

verneområde i heile landet. Desse skjøtselstiltaka besto mellom anna av slått, tynningshogst, uttak av framande artar som rynkerose og sitkagran, og ulike tilretteleggingstiltak som oppsetting av skilt/grensemerke og fysisk tilrettelegging av stitraséar. I 2007 organiserte og deltok SNO også i 50 ulike søppelryddingsaksjonar i verneområde. I enkelte av desse aksjonane blei det fjerna fleire tonn med akkumulert søppel. I tillegg til dette kjem skjøtsel organisert gjennom fylkesmennene og kommunane.

Innsatsen i høve til oppsyn og skjøtselstiltak har auka dei siste åra. Regjeringa held i 2009 fram med opptrappinga av arbeidet med forvaltningsplanar og skjøtselstiltak.

Sjølv om etablering av tilfredsstillande oppsynsordningar er vesentleg styrkt dei siste åra, er det framleis eit stort etterslep i arbeidet med å etablere eit tilfredsstillande oppsyn i enkelte område/regionar. Dette gjeld mellom anna i fleire av dei nyoppretta nasjonalparkane og landskapsvernområda, men òg innafor enkelte regionar med store geografiske avstandar og/eller eit stort tal mindre verneområde og for naturoppsynet langs kysten.

Forvaltningsplanar for nasjonalparkar og andre verneområde skal gi nærare retningslinjer for korleis verneverdiane kan forvaltast best mogleg innan det enkelte verneområde. Det er behov for forvaltningsplanar i alle dei 29 nasjonalparkane, i ei rekkje landskapsvernområde og i om lag 500 av dei mindre verneområda. Berre 8 av nasjonalparkane har i dag godkjende forvaltningsplanar. I tillegg kjem at mange eksisterande forvaltningsplanar må reviderast. Det går no føre seg arbeid med nye forvaltningsplanar og revidering av eldre planar for dei fleste av nasjonalparkane som manglar slike. I 2008 er det sett i gang arbeid med utarbeiding av forvaltningsplanar for i overkant av 100 mindre verneområde.

Løyvingane til forvaltning av verneområde har auka dei siste åra og regjeringa vil halde fram med å auke løyvingane til forvaltningsplanlegging og konkrete skjøtselstiltak for å sikre at verneverdiane blir haldne ved lag. Direktoratet for naturforvaltning vil i løpet av 2008 kartleggje akutte og langsiktige behov for tiltak i dei enkelte verneområda. Data frå kartlegginga vil bl.a. bli lagt til grunn for prioritering av midlar til forvaltningsplanlegging og skjøtselstiltak i 2009.

Noreg manglar eit landsdekkjande system for overvaking av verneområde. I arbeidet med å styrkje overvakinga i verneområda har Direktoratet for naturforvaltning sett i gang arbeid med å definere bevaringsmål for sentrale naturkvalitetar i det enkelte verneområde. Det er i 2008 sett i gang forsøk der fastsetting av bevaringsmål og avklaring av

konkret overvåkingsopplegg i samband med dette blir behandla som ein del av forvaltningsplanprosessen for konkrete område. Dette arbeidet er òg kobla til innmelding av område i Emerald Network (sjå arbeidsmål 1.1.1.1).

Noreg har store utfordringar i høve til pliktene i Ramsarkonvensjonen, ikkje minst knytte til dei 37 norske våtmarkssystema (32 på fastlandet og 5 på Svalbard) som er med på lista over verdas viktigaste våtmarksområde. Ut frå konvensjonen skal desse områda ha godkjende forvaltningsplanar. Pr. mai 2008 er det godkjend planar for heile eller delar av 7 av dei 32 ramsarområda på fastlandet. Det blir arbeidd med, eller er tildelt midlar til 13 nye planar. 2 gamle planar er under revisjon.

I dag har om lag 50 kommunar ansvar for forvaltning av naturreservat, naturminne og/eller landskapsvernområde. I tillegg er det som eit prøveprosjekt delegert forvaltningsmynde til kommunar for nokre større verneområde i nasjonalparkplanen, mellom anna Reinheimen nasjonalpark som er delegert gjeldande frå 1. oktober 2007. Til saman er det om lag 70 kommunar som har fått delegert forvaltningsmynde for verneområde. I 2008 er ordningane med forvaltningsmynde for verneområde blitt evaluerte. Resultatet av evalueringa vil bli lagt fram for Stortinget ved eit seinare høve.

Tabell 6.3 Mål- og indikatortabell for underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Nasjonalt resultatmål 2.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.1.2 Areal utanfor verneområda skal forvaltast slik at viktige økologiske funksjonar og tenester blir haldne ved lag i så stor grad som mogleg; i truga naturtypar skal ein unngå inngrep.	1.1.2.1 Medverke til å halde ved lag truga, sårbare og omsynskrevjande naturtypar gjennom rådgiving, samordning og oppfølging av sektorane.	Talet på truga, sårbare og omsynskrevjande naturtypar som er blitt kartlagde. Omfang av naturtypar som er dokumentert skadde eller øyde lagde.
	1.1.2.2 I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at forvaltninga av vassdrag og kystnære marine vassførekomstar tek omsyn til biologisk mangfald.	Overvåkingsparameter under forskrift om rammer for vassforvaltninga (EUs rammedirektiv for vatn).
	1.1.2.3 Sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på.	Areal av inngrepsfrie naturområde.
	1.1.2.4 Gjennomføre kartlegging slik at det innan 2010 ligg føre ei landsdekkjande, kartfesta oversikt over alle førekomstar av dei utvalde naturtypene, og kvalitetssikre data frå tidlegare kartlegging.	Talet på kommunar som er ferdig kartlagde innafor dei ulike naturtypene. Talet på kvalitetssikra datasett.
	1.1.2.5 I samarbeid med sektorane gjennomføre eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av naturens mangfald (jf. St.meld. nr. 21 (2004-2005).	Mengda av kvalitetssikra data i høve til det talfesta målet om lokalitetsopplysingar i naturbasen.

Tabell 6.3 Mål- og indikatortabell for underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Nasjonalt resultatmål 2.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
	1.1.2.6 Utvikle måleverktøy for biologisk mangfald, under dette naturindeks, og bidra til at informasjon om norsk naturmangfald kan samanliknast med andre land.	Talet på datasett som kan samanliknast.
	1.1.2.7 Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø, bl.a. ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.	Talet på dispensasjonar som er gitt. Talet på personar som er melde for brot på motorferdslelova. Omfanget av førebygging av ulovleg motorferdsel.

Arbeidsmål 1.1.2.1 Medverke til å halde ved lag truga, sårbare og omsynskrevjande naturtypar gjennom rådgiving, samordning og oppfølging av sektorane

Alle sektorar har ansvar for at tiltak og aktivitetar på eige område ikkje gir unødige miljøbelastningar. Hovuddelen av naturmangfaldet finst utanfor verneområda og blir forvalta av andre sektorar gjennom deira sektorlover og gjennom kommunane si planlegging etter plan- og bygningslova. Bygging av fritidsbustader, motorferdsel i utmark, utbygging av arealkrevjande energi- og transportanlegg og endra driftsformer i landbruket er i dag nokre av dei viktigaste grunnane til nedbygging, bruksendring, oppsplitting av viktige areal og gjen-groing. Summen av mange, tilsynelatande ubetydelege inngrep kan få alvorlige følgjer for arter og bestandar og deira høve til å overleve, og for produksjonsevna i økosystema. Bevaring av naturens mangfald er derfor ei sektorovergripande utfordring som krev samordning og forpliktande samarbeid på tvers av sektorane, innanfor rammer av ei aktiv arealplanlegging lokalt og regionalt. Miljøverndepartementet har ei viktig rolle i å medverke til dei andre departementa sitt arbeid med bevaring og berekraftig bruk av naturmangfaldet.

Det er sett i gang arbeid for å bevare utvalte naturtypar. Store delar av stortareskogen i nord og sukkertareskogen i sør har forsvunne. Stortaren blir beita ned av kråkebollar, men årsakene bak den dramatiske situasjonen er framleis ukjende. For sukkertare ser det ut til at høgare sjøtemperaturar og store tilførsler av nærings salt og partiklar er viktige årsaker. Mykje tyder på at dei langtransporterte tilførsleane har gått ned dei 10 siste åra. I 2008 vart det sett i gang arbeid med å vurdere lokale tilførsler bl.a. som grunnlag for å utarbeide tiltaksanalyser. Kaldtvasskorallrev er ein annan naturtype som er

under stort press. Reva har blant anna blitt skadde av botntråling, og klimaendringar og havforsuring er nye trugsmål. Fiskeristyresmaktene har forbode botntråling på fleire spesielt viktige korallrev, og det er forbode å skade kjente førekomstar av rev i samband med fiske. Direktoratet for naturforvaltning vil i 2008 leggje fram ei utgreiing om situasjonen og behovet for ytterlegare beskyttelsestiltak for norske kaldtvasskorallrev. Det skal deretter utarbeidast ein nasjonal handlingsplan for korallrev under leiing av Miljøverndepartementet.

Truga og sårbare naturtypar vart frå og med 2006 inkludert i arbeidet med revisjon av raudlista. Det har vist seg at det er nødvendig å utvikle ein fagleg omforeina klassifikasjon av norske naturtypar før ei «raudliste» for naturtypar kan etablerast. Artsdatabanken er i slutfasen med prosjektet «Naturtypar i Noreg», og skal etter planen vere ferdig med typeinndeling i løpet av 2008. På grunnlag av denne fagleg omforeina naturtypeinndelinga vil Artsdatabanken leggje fram ei vurdering av kor truga norske naturtypar er i løpet av 2009.

I 2008 starta Direktoratet for naturforvaltning arbeidet med ein handlingsplan for naturtypen slåttemark i samarbeid med Statens Landbruksforvaltning. Arbeidet held fram i 2009.

Det er viktig å utvikle verktøy og verkemiddel som synleggjer og integrerer omsynet til truga, sårbare og omsynskrevjande naturtypar i kommunanes ordinære plan- og styringssystem. Direktoratet for naturforvaltning vil i løpet av 2008 gjennomføre ei evaluering av i kor stor grad kommunane tek omsyn til viktige område for biologisk mangfald etter kartlegginga dei har gjennomført (etter DN's kartleggingshandbøker). Eventuelle «flaskehalsar» som blir avdekte gjennom evalueringa vil bli følgt opp i 2009.

Det finst foreløpig inga tilfredsstillande rapportering av inngrep i viktige naturtypar, men det blir arbeidd med å få ei slik oversikt gjennom KOSTRA.

Arbeidsmål 1.1.2.2 I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at forvaltninga av vassdrag og kystnære marine vassførekomstar tek omsyn til biologisk mangfald

Forskrifta om rammer for vassforvaltning (oppfølging av EUs vassrammedirektiv) trådte i kraft 1. januar 2007. Vassforskrifta gir rammer for fastsetjing av miljømål for vassførekomstane og skal sikre best mogleg vern og berekraftig bruk av desse. Forskrifta vil vere det viktigaste verktøyet for å gjere norsk vassforvaltning meir heilskapleg, samordna og økosystembasert. Regjeringa har òg lagt fram ein stortingsproposisjon der det er foreslått at vassrammedirektivet blir teke inn i EØS-avtala. Det blir vist til nærare omtale under resultatområde 3, underområde 1 Heilskapleg hav- og vassforvaltning.

Det er sett i gang arbeid med å utarbeide fylkesvise planar for små vasskraftverk. Planane skal sikre at naturmangfald, friluftsliv og store landskapsverdiar ikkje går tapt samtidig som talet på små vasskraftverk aukar. Retningslinjene for små vasskraftverk utarbeida i 2007 av Olje- og energidepartementet i samråd med Miljøverndepartementet ligg til grunn for arbeidet. Desse gir ei oppskrift for korleis fylkeskommunane kan kartleggje og systematisere dei ulike områda ut frå kor verdifulle dei er med omsyn til viktige miljø- og friluftsverdiar. Retningslinjene blir òg lagt til grunn for konsesjonsbehandlinga av enkeltprosjekt.

Det blir arbeidd med ei omlegging av Samla plan. Dette arbeidet må sjåast i samheng med gjennomføring av vassforskrifta.

Ferdigstillinga av ordninga med nasjonale laksevasdrag og nasjonale laksefjordar, jf. St.prp. nr. 32 (2006-2007) Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevasdrag og laksefjordar, vart vedteken av Stortinget våren 2007, jf. Innst. S. nr. 183 (2006-2007). Ordninga består etter dette av til saman 52 nasjonale laksevasdrag og 29 nasjonale laksefjordar som skal beskyttast mot inngrep og aktivitetar i vassdraga, og mot oppdrettsverksemd i dei nærliggjande fjord- og kystområda. Det blir arbeidd med juridisk forankring av ordninga og med styrkt overvaking.

Arbeidsmål 1.1.2.3 Sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på

Dei siste hundre åra er dei villmarksprega områda i Noreg (område 5 kilometer eller meir unna tyngre tekniske inngrep) reduserte frå omkring halv-

parten av landarealet til i underkant av 12 pst. I Sør-Noreg var det berre att 5 pst. i 2003. Bortfallet av inngrepsfri natur var om lag 640 km² i perioden 1998-2003. Vegbygging i landbruket stod for over 80 pst. av det totale bortfallet. Status for inngrepsfrie naturområde (område som ligg meir enn 1 kilometer unna tyngre tekniske inngrep) i Noreg (INON) vart sist oppdatert i januar 2003, og ajourførte kart og statistikk vart lagt ut på nettet i 2004 (www.dirnat.no/inon). Denne oversikta blir ajourført med 5 års mellomrom, og viser bl.a. utviklinga for desse områda og kva for samfunnssektorar som er ansvarlege for bortfall av inngrepsfri natur. I 2007 starta arbeidet med ei ny periodisk oppdatering av INON-databasen, og oppdaterte kart vil vere klare ved årsskiftet 2008/2009.

Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet har sett i gang arbeid for å gå gjennom regelverket med sikte på å hindre at tilskot til vegbygging skal gi tap av inngrepsfri natur. Bl.a. vil datakvaliteten for skogsvegar og INON bli vurdert, saman med skogbrukets behov for vegbygging og konsekvensar og moglegheiter med sikte på endring i regelverket for tilskot.

Arbeidsmål 1.1.2.4 Gjennomføre kartlegging slik at det innan 2010 ligg føre ei landsdekkjande, kartfesta oversikt over alle førekomstar av dei utvalde naturtypene, og kvalitetssikre data frå tidlegare kartlegging

Om lag 90 pst. av kommunane har no gjennomført ei første gongs kartlegging av område med stor verdi for naturens mangfald på land. Det er førebels lagt inn naturtypedata frå om lag 300 kommunar i Naturbasen. Det ligg pr. 1. mai 2008 inne data frå 95 000 lokalitetar spreidde over heile landet i Naturbasen. Av dette er omlag 2/3 artsdata og 1/3 er naturtypedata. Dei fleste artsdata stammar frå viltkartlegginga. I kartlegginga av areal er dei som er truga av inngrep prioriterte, og det er derfor kartlagt lite i fjellområda. For marin kartlegging er det laga ein plan for 2007 – 2010 som skisserer eit opplegg med utgangspunkt i ei målsetjing om at halvparten av kommunane i Noreg er ferdig kartlagde innan 2010.

Krava til eigenskapane til naturtypedata har endra seg mykje sidan kartlegginga starta i 1999. Parallelt med den vidare kartlegginga er det derfor prioritert å oppdatere eksisterande data i Naturbase. Oppdateringa inneber både betre avgrensing av naturtypene og ei områdebeskriving som gir data større forvaltningsrelevans. For ein del område inneber denne oppdateringa ei ny kartlegging. Dette er kostbart og tidkrevjande, og oppdateringa vil derfor gå føre seg over fleire år.

Det står enno att mykje kartleggingsarbeid på viktige naturtypar og lokalitetar for raudlistearter. Dette arbeidet inngår no i Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. Sjå òg arbeidsmål 1.1.2.6. og arbeidsmål 1.2.2.1.

Arbeidsmål 1.1.2.5 I samarbeid med sektorane gjennomføre eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av naturens mangfald

Eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er etablert. Programmet er styrt og finansiert av eit utval samansett av 7 departement. Nasjonalt program skal medverke til å dekkje forvaltningas behov for kartlegging og overvaking der desse ikkje er dekte gjennom sektorvise tiltak, og syte for at kartbasert kunnskap om naturmangfald blir gjort tilgjengeleg. Programmet initierer kartleggings- og overvakingsaktivitetar både på land, i ferskvatn og i sjø ut til grunnlinja. Programmet er inne i sin andre programperiode som går ut i 2010. I denne perioden vil hovudfokus vere retta mot naturtypar, truga og sårbare arter og framande arter i norsk natur.

Kartlegging og overvaking av sjøfugl skjer gjennom sjøfuglprogrammet SEAPOP, som vart starta av Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet i 2005. Ein viser til nærare omtale under arbeidsmål 1.2.2.1.

MAREANO er eit tverrsektorielt program for kartlegging og styrking av kunnskapen om Norges havbotn, finansiert over Fiskeri- og kystdepartementets, Miljøverndepartementets og Nærings- og handelsdepartementets budsjett. MAREANO vart starta i 2005. For å nå målet om kartlegging av Nordland VII, Troms II og Eggakanten i løpet av 2010 er løyvinga auka med totalt 18.8 mill. kroner i 2009, likt fordelt på dei tre finansieringsdepartementa, slik at totalbudsjettet i 2009 blir på 51.4 mill. kroner. Under MAREANO blir havdjupn og topografi kartlagt der slike data manglar. Havbotnens fysiske, kjemiske og biologiske miljø blir òg kartlagt. MAREANO gir viktig kunnskap om vår marine natur og har blant anna medverka til at det er oppdaga nye marine naturtypar, naturlege gassoppkommer og nye korallrev på havbotnen på kontinentalsokkelen. MAREANO vil gi viktig kunnskap til oppdateringa av Forvaltningsplan Lofoten-Barentshavet i 2010, under dette om sårbare naturtypar på havbotnen.

1.1.2.6 Utvikle måleverktøy for naturens mangfald, under dette naturindeks, og bidra til at informasjon om norsk naturmangfald kan samanliknast med andre land

Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga arter får styresmaktene eit bilete av utvik-

linga i naturmangfaldet, om verkemidla fungerer etter formålet og om Noreg klarer å ivareta målet om å stoppe tapet av arter og økosystem innan 2010. Regjeringa er i gang med å vurdere korleis ein kan utvikle betre verktøy for å måle utviklings-trendar i norsk natur, og det er sett i gang utgreiingsarbeid om metode for å etablere ein naturindeks for Noreg. Ein første versjon av ein naturindeks basert på dagens datagrunnlag vil bli presentert med data frå Midt-Noreg i 2008. Basert på dette pilotprosjektet tek ein sikte på å presentere ein naturindeks for heile landet i 2009.

Artsdatabanken spelar ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og gjere dei viktigaste data om naturens mangfald tilgjengelege for brukarar i areal- og ressursforvaltninga. Rapporteringsverktøyet «Artsobservasjonar» vart lansert i mai 2008. Berre tre veker etter lanseringa passerte talet på registrerte artsfunn/observasjonar 100 000. 15 000 av desse er funn av raudlistearter. Dette er eit overraskande bra resultat, og viser at folkeleg medverknad kan vere eit viktig bidrag til betre kunnskap om naturens mangfald. Sjå også arbeidsmål 1.2.2.1.

For å kunne samanlikne utviklinga av norsk naturmangfald med andre land deltek Noreg aktivt i EEAs utvikling av indikatorar for naturmangfald SEBI2010 (Streamlining European 2010 Biodiversity Indicators) og det europeiske miljøbyråets informasjonsverktøy EIONET (European Environmental Information and Observation Network). EEA har foreslått eit første sett med 26 SEBI indikatorar som eit ledd i arbeidet med å nå 2010-målet. Dette er påverknads-, tilstands- og responsindikatorar knytte til å ta vare på naturmangfald og som omfattar ulike sektorar. Ei vurdering gjennomført av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med ei rekkje fagmiljø viser at Noreg (heilt eller delvis) har datagrunnlag for 16 av dei 26 indikatorane, men for dei fleste av dei 16 indikatorane er det pr. i dag ikkje etablert dataflyt/rapportering til EEA. For 10 indikatorar kan det ikkje rapporterast, dels fordi metodikken ikkje er fullt utvikla eller fordi dei baserer seg på datakrav knytte til EUs Fugle- og habitatdirektiv. Den nasjonale overvakinga av naturmangfaldet er fortløpande vurdert i høve til vidare tilpassingar til SEBI2010.

Fugleindeksen (bestandsutvikling for hekkande fugl) er etablert som ein av regjeringas indikatorar for berekraftig utvikling i Noreg. Indeksen blir registrert i alle naturtypar på land, og inngår i nasjonale nøkkeltal for naturens mangfald. Data blir òg rapporterte til EEA/SEBI2010. Førebels er indikatoren basert på data som ikkje er representative for heile Noreg, og det er i regi av Direktoratet for naturforvaltning sett i gang arbeid for å etablere eit

landsrepresentativt nettverk av teljepunkt for kvantifisering av bestandsvariasjonar for fugl i eit 18x18 km rutenett der ca. halvparten av rutene blir oppsøkte årleg for registrering. Nettet vil bestå av 500 teljeområde fordelt over heile Noreg. Etableringa i Sør-Noreg vil bli ferdig i 2008. Etablering i Nord-Noreg er planlagt i perioden 2009-2011.

God informasjon om status og utvikling i naturmangfaldet og om økologiske tenester som blir produserte av naturen er ein viktig føresetnad for å bevare naturens mangfald. Fram mot FN's internasjonale år for naturmangfald i 2010 vil det bli utvikla ein eigen kommunikasjonsplan.

1.1.2.7 Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø, mellom anna ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område

Det totale talet på snøskuterar var over 61 000 ved utgangen av 2007, og det har vore ein jamn auke i talet på snøskuterar i fleire år (frå 53 599 i 2003 og 58 327 i 2006). Talet på barmarkskøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til over 22 000 køyretøy pr. 31. desember 2007 (alle tal frå Opplysningsrådet for vegtrafikk). Dette indikerer at omfanget av motorferdsel i utmark har auka kraftig.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdsellova og den nasjonale forskrifta er tilgjengeleg som KOSTRA-rapportering. I 2007 vart det behandla 13 248 søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark. Av desse vart 12 225

(92 pst.) godkjende. For å få eit samla bilete må det òg reknast med dispensasjonar som er gitt for fleire år. Ca. 13 000 tidlegare gitte dispensasjonar var framleis gyldige i 2007, dvs. at det var i overkant av 25 000 aktive dispensasjonar i 2007. For barmarkskøyring vart det totalt godkjent 2626 søknader i 2007. Det er god grunn til å gi barmarkskøyringa større merksemd framover. Statens naturoppsyn har gjennomført målretta oppsyns- og kontrolltiltak, oftast i samhandling med lokalt politi. Barmarkskøyring har hatt særleg prioritet. I 2007 vart totalt 128 tilfelle av ulovleg motorferdsel melde til politiet, etter kontrollar av SNO (inkl. Fjelltenesta i Nord-Noreg). Av desse var det 40 tilfelle av ulovleg barmarkskøyring. Kontrollen med barmarkskøyring skal styrkjast i samarbeid mellom politiet og Statens naturoppsyn.

Forsøksordninga med planstyrt forvaltning av motorferdsel er blitt evaluert av Norsk institutt for naturforskning (NINA). Denne evalueringa var ein del av grunnlaget for prosjektet Motorferdsel og samfunn (MOSA). MOSA hadde som formål å etablere eit best mogeleg kunnskapsbasert avgjerdsgrunnlag for utforming av strategiar, regelverk og verkemiddel for regulering av motorferdsel i utmark, med vekt på avveging mellom nytte- og verneverdiar. På dette grunnlaget har Direktoratet for naturforvaltning utarbeidd eit forslag til nytt regelverk for motorferdsel i utmark og vassdrag som vart sendt på høyring sommaren 2007. Etter høyringa la Direktoratet for naturforvaltning våren 2008 fram eit revidert forslag til ny lov. Dette forslaget blir no vurdert av regjeringa.

Tabell 6.4 Mål- og indikatortabell for underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Nasjonalt resultatmål 3.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.1.3 Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, opplevingsverdiar, biologisk mangfald og tilgjenge blir halde ved lag.	1.1.3.1 Medverke til at verdifulle kulturlandskap blir tekne vare på og haldne ved lag.	Tilstand og utvikling for dei nasjonalt prioriterte kulturlandskapa.

Arbeidsmål 1.1.3.1 Medverke til at verdifulle kulturlandskap blir tekne vare på og haldne ved lag

Gjengroinga i utmark er no svært tydeleg både i fjellet, på kysten og i låglandet, og kulturlandskap med større areal av ulike typar seminaturlege naturtypar minkar. Det er aukande behov for å halde oppe drift og skjøtsel i dei høgast prioriterte områda (ca. 300) i Nasjonal registrering av verdi-

fulle kulturlandskap og naturtypar i kulturlandskapet kartlagt med høg verdi for naturmangfald. Som ledd i landbruks- og miljøvernstyresmaktens arbeid med å operasjonalisere målet om at «Spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og ha fått særskilt forvaltning innan 2010», la Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren i 2007 fram ein rapport om utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Direktorata har mellom anna utarbeidd kriterium for å velje ut spesielt verdifulle kulturlandskap i landbruket, som grunnlag for fylkesvis gjennomgang og utpeiking av slike område. Den fylkesvise gjennomgangen har resultert i at fylka har foreslått 2-3 område kvar som utgangspunkt for direktoratas forslag om dei første 20 områda i Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Disse skal følgjast opp med særskilt forvaltning. Direktoratata vil fremje sitt forslag for Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet i 2008.

Andre viktige verkemiddel i arbeidet med å ta vare på jordbrukets kulturlandskap og det naturlege mangfaldet i dette landskapet, er supplerande kartlegging av naturens mangfald og betre overvaking. Supplerande kartlegging er gjennomført i Buskerud, Midt-Noreg (Møre og Romsdal og Oppland), Sogn og Fjordane og Agderfylka. Det er òg starta eit prosjekt for å vidareutvikle og justere eksisterande kartleggingsmetodikk. Prosjektet skal bidra til utvikling av regionale indikatorarter og regionale utformingar av kulturmarks-/naturtypar. Metodikken skal òg omfatte opplysningar eller kunnskap om hevd og bruk. Eit prosjekt om kystlynghei skal dokumentere status/tilstand og utvikling for norske kystlyngheier knytt til skjøt-

sel/hevd og truslar bakover og framover i tid. Rapportar frå dei tre omtalte prosjekta kjem i 2009.

Mykje av arbeidet knytt til å halde ved lag verdifulle kulturlandskap er òg integrert i andre resultatmål og oppgåver.

Resultatområde 1 – underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar

Avgrensing og definisjon av underområde

Underområdet omfattar arbeidet med å sikre leve-dyktige bestandar av dei artene som høyrer naturleg heime i norsk natur. Ein god variasjon i arvemateriale i levande organismar, med eit samleord kalla «genressursar», er naudsynt for at arter skal kunne tilpasse seg endra miljøforhold, til eksempel klimaendringar. Genressursane er òg eit viktig grunnlag for bio- og genteknologi og oppdrettsnæringa. Underområde 2 har særleg fokus på berekraftig hausting og tiltak for å ta vare på truga arter. Dei truga artene har så dårleg bestandsstatus at det er naudsynt med tiltak i høve til kvar enkelt art. Det er nær kopling mellom innsatsen for å ta vare på enkeltarter og arbeidet med å sikre leveområde for planter og dyr under underområde 1.

Tabell 6.5 Mål- og indikatortabell for underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Nasjonalt resultatmål 1.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.2.1 Hasting og anna bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir utrydda eller truga.	1.2.1.1 Sikre at nasjonale, regionale og lokale rammer for hausting av vilt- og fiskeressursane blir baserte på best mogeleg kunnskap om arter og bestandar. For anadrom laksefisk skal hausting i størst mogleg grad baserast på driftsplanar av rettshavarar i samarbeid med kommunar og brukarar.	Omfanget av bestandar som er truga av overutnytting. Delen av hjortevilt felt på vald med driftsplan/bestandsplan. Talet på driftsplanar for laksefisk som er lagt til grunn for forvaltninga.
	1.2.1.2 Medverke til at all utnytting av levande ressursar og genressursar skjer i tråd med førevar-prinsippet og ei økosystembasert tilnærming gjennom rådgiving og oppfølging av sektorane.	Del av bestandar eller arter som er overutnyttede eller truga av overutnytting. Del av bestander eller arter som har forvaltningsmål og -strategiar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.2.1.1 Sikre at nasjonale, regionale og lokale rammer for hausting av vilt- og fiskeressursane blir baserte på best mogeleg kunnskap om arter og bestandar. For anadrom laksefisk skal hausting i

størst mogleg grad baserast på driftsplanar utarbeidde i samarbeid mellom rettshavarar, kommunar og brukarar

Innanfor viltforvaltninga er hjorteviltregisteret eit viktig hjelpemiddel for dei som skal ta avgjerder.

Gjennom nasjonalt overvakingsprogram og helseovervakingsprogram for hjortevilt følger ein bestandsutviklinga i eit representativt utval av hjorteviltbestandane. Veterinærinstituttet og Direktoratet for naturforvaltning har saman utarbeidd eit rammeverk for helseovervakning av viltbestandar. Behovet for helseovervakning er aktualisert ved den sterke merksemda som har vore omkring fuglevirus og moglege konsekvensar av dette i Noreg. I tillegg kjem auka utbreiing av flått og hjortelusfluge, og auka fare for andre sjukdommar med endra klimatilhøve. For hjort utgjer fellingsløyve på område/vald med bestandsplan 35 pst. av det totale talet på fellingsløyve (13 633 av totalt 38 369). For elg utgjer desse løyva 85 pst. (39 003 av totalt 45 597). Ingen viltarter som det er jakta på er truga av overutnytting.

Regulering av laksefisket er basert på vitskapeleg rådgiving, kunnskap om tilstanden til bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. I 2008 vart det innført eit nytt reguleringsregime med vesentlege innskrenkingar i fisket både i elv og i sjø. Innskrenkingane er grunngitte mellom anna med omsynet til å kunne nå gytebestandsmål i dei 162 elvane der det finst vurderingsgrunnlag for slike mål. Reguleringane i sjø skal reviderast i 2009 med sikte på mellom anna å få på plass ei konsesjonsordning for sjølaksefiske i tråd med Innst.S.nr.183 (2006-2007).

Ei driftsplanbasert forvaltning krev at rettshavarane er organiserte i høvelege einingar som kan ivareta interessene deira. Slike einingar må vere juridisk og økonomisk forpliktande, slik at styremaktene kan opptre formelt i høve til eit driftsplanområde. Utviklinga av driftsplanbasert forvaltning vil bli følgd opp i samarbeid med dei sentrale organisasjonane på fiskerettshavar- og brukarsida. I høyringsforslag til revidering av lakse- og innlandsfisklova er det mellom anna foreslått å innføre obligatorisk organisering av rettshavarar i laksevassdrag.

Arbeidsmål 1.2.1.2 Medverke til at all utnytting av levande ressursar og genressursar skjer i tråd med føre var-prinsippet og ei økosystembasert tilnærming gjennom rådgiving og oppfølging av sektorane

Fleire fiskebestandar i Nordsjøen har låge bestandsnivå. Det gjeld for eksempel torsk og makrell. Talet på gytebestandar over og under sikre biologiske grenser er forholdsvis konstant i perioden. Kva slag bestandar som ligg over eller under dei sikre grensene varierer likevel noko frå år til år. Noko av variasjonen kan forklarast med naturlege svingingar i bestandane. Generelt kan ein likevel seie at gytebestandane i Nordsjøen er relativt sterkt påverka av fiskeri.

I 2006 var makrell og kolmule utsette for fiske utanfor det som er sett på som sikre grenser for å unngå ein nedgang i bestanden. Dette inneber at ein haustar meir fisk av desse artene enn overskottet i bestanden gir grunnlag for.

Fleire kommersielle marine arter er lista i den norske raudlista, bl. a. er artene ål og pigghå vurderte som kritisk truga. Kysttorsk nord for 62. breiddegrad grader er vurdert som sårbar og havsil, vanleg uer og snabeluer som sårbare. For nokre av desse artene går det føre aktivt kommersielt fiske. Det er gjennomført tiltak for å ta vare på desse artene. Bl.a. er det forbod mot direkte fiske av pigghå og det er gjennomført fleire avgrensingar i fisket etter kysttorsk nord for 62. breiddegrad. For ål er det starta opp arbeid med å lage ein handlingsplan. For denne arten er det sannsynleg at klimaendring er ein viktig påverknadsfaktor. For vanleg uer er det lov med direkte fiske med noko reiskap og innanfor eit avgrensa tidsrom, men det er reglar for bifangst. Det er ikkje lov med direkte fiske av snabeluer – i tillegg er det reglar for bifangst og stengte område.

Tabell 6.6 Mål- og indikatortabell for underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Nasjonalt resultatmål 2.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.2.2 Halde oppe eller byggje opp att truga arter til livskraftige nivå.	1.2.2.1 Medverke til å redusere presset på truga arter og ansvarsarter gjennom handlingsplanar og samarbeid med andre involverte partar.	Talet på raudlistearter totalt og endringar i raudlistekategori for raudlistearter i ulike naturtypar. Del av truga arter, med utarbeidd handlingsplan. Inngrep i villreinområde.
	1.2.2.2 Sikre levedyktige bestandar av rovvilt gjennom målet om 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850-1200 årlege hekkingar av kongeørn.	Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, jerv, bjørn og ulv siste år fordelt på dei åtte rovviltregionane. Talet på hekkingar av kongeørn siste år. Talet på dokumenterte ulovlege fellingar av rovvilt fordelt på rovviltart.
	1.2.2.3 Byggje opp att bestanden av fjellrev til eit livskraftig nivå.	Talet på vaksne individ og ynglingar av fjellrev.
	1.2.2.4 Sikre dei ville laksebestandane.	Endringar i bestandstilstand etter kategorisystemet for laksevassdrag.
	1.2.2.5 Utvikle oppsynsordningar som sikrar at arter blir tekne vare på.	Del truga og sårbare arter som er dekte av oppsyn.
	1.2.2.6 Leie og samordne det norske arbeidet under Konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale konvensjonar som er relevante for å ta vare på arter og genressursar.	Kvalitativ vurdering av arbeidet.

Arbeidsmål 1.2.2.1 Medverke til å redusere presset på truga arter og ansvarsarter gjennom handlingsplanar og samarbeid med andre involverte partar

Artsdatabanken la i desember 2006 fram ei ny offisiell raudliste for Noreg, inkludert Svalbard. Norsk raudliste 2006 inneheld totalt 3 886 arter. Av desse er 84 utdøydd frå norsk natur etter år 1800. I kategorien kritisk truga er det 285 norske arter. Kategorien sterkt truga inneheld 764 arter, og i kategorien sårbar er det 939 arter. Ulike typar arealendring/arealbruk er eit trugsmål mot 85 pst. av raudlisteartene. Høgast førekomst av raudlistearter er det i skog med 1 827 arter (48 pst. av raudlisteartene) og i jordbrukslandskap med 1 330 arter (35 pst.). Ein tek sikte på å revidere raudlista i 2010.

Arbeidet med å utarbeide og setje i verk handlingsplanar for utvalde, truga arter vil bli styrkt i 2009. Det er til no utarbeidd handlingsplanar for damfrosk, elvemusling, orkideen raud skogfrue, stor salamander, åkerrikse og fjellrev. Alle desse planane er under oppfølging. Pr. 1. august 2008 har Direktoratet for naturforvaltning under arbeid handlingsplanar for dverggås, edelkreps, flaggermus (gruppe), hubro, hortulan, honningblom, sinoberbille, elvesandjeger, klippeblåvengje og truga sjøfugl. Arbeid med ein handlingsplan for naturtypen slåttemark er òg sett i gang. Denne naturtypen inneheld ei rekkje truga arter.

Tiltak knytte til dverggås har den aller høgaste prioriteten. I tillegg til at dverggås er klassifisert som kritisk truga på raudlista, har Noreg eit internasjonalt ansvar for å medverke til å ta vare på den fennoskandiske restbestanden av denne arten.

Edelkrepsen er klassifisert som sterkt truga i den norske raudlista. Det er utarbeidd eit forslag til overvaking av 27 representative krepsebestandar. Etter påvising av krepsepest i Glomma i 2005 vart det sett i verk tiltak for å hindre vidare spreiding av sjukdommen. I juli 2008 vart det påvist signalkreps i Haldenvassdraget, og dette kan tyde på at sjukdommen ikkje er fjerna. Påvising av krepsepest på introdusert signalkreps i Dammane i Brevik hausten 2006 vart følgd opp med ein utryddingsaksjon våren 2008.

Arbeidet med handlingsplanar for truga sjøfugl starta i 2008. Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Fleire sjøfuglbestandar langs Norskekysten har hatt ein urovekkjande tilbakegang. Lomvi er klassifisert som kritisk truga på raudlista. Sjøfuglprogrammet SEAPOP skal gi betre kunnskapsgrunnlag for å ta avgjerder i spørsmål som gjeld tilhøvet mellom sjøfugl og menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona, til dømes innafor petroleumsverksemda. Programmet er sett i verk i full nasjonal skala i 2008. Gjennom forvaltningsplanen for Barentshavet er det sett i gang fleire tiltak, så som påbodne skipsleier og rammer for petroleumsverksemda, bl.a. av omsyn til sjøfugl.

Villreinen er ein norsk ansvarsart og skal ha ein sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida. Det er derfor eit arealpolitisk mål å sikre leveområda for arten. Sikring av villreinen sine leveområde har stått sentralt ved opprettinga av mange av våre store nasjonalparker og landskapsvernområde. Slikt vern dekkjer likevel berre delar av villreinen sine leveområde og må utfyllast av planar etter plan- og bygningslova. Miljøverndepartementet har avgjort at 10 villreinområde skal ha status som nasjonale villreinområde. Departementet bad i 2007 fylkeskommunane utarbeide fylkesdelplanar for fjellområde som er spesielt viktige for villrein, og det er førebels starta tre slike planprosessar (Setesdalsheiane, Hardangervidda og Rondane-Sølnkletten). To informasjons- og kompetansesenter for villrein kom i drift på Skinnarbu og Hjerking i 2007.

Det blir òg viktig å sikre leveområde for dei truga artene gjennom kommunal planlegging. Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere verknader av ulike tiltak på truga arter, og sjå til at dei negative konsekvensane blir minst moglege.

Regjeringa vil i 2009 etablere eit norsk artsprosjekt. Arbeidet i prosjektet vil skje i nært samarbeid med det svenske artsprosjektet.

For dei store rovviltartene og villaks viser ein til egne omtaler.

Arbeidsmål 1.2.2.2 Sikre levedyktige bestandar av rovvilt gjennom målet om 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850-1200 årlege hekkingar av kongeørn

Det er førebels registrert ei yngling av ulv i Noreg (i Osdalen) i 2008. Det nasjonale målet er tre heilnorske årlege ynglingar i Noreg innafor eit nærare definert forvaltningsområde i Hedmark, Akershus, Østfold og Oslo. Grenseflokkar kjem i tillegg. Det nasjonale bestandsovervakingssystemet for rovvilt rapporterer om nedgang i bestanden av ulv i Noreg, medan det framleis synest å vere ein auke på svensk side. I 2007 vart det registrert 19 ynglingar i Skandinavia, 18 av desse i heilsvenske revir og ei yngling på grensa mellom Noreg og Sverige. DNA-analyser av dei skandinaviske ulvane viser eit nært slektskap, noko som på lang sikt kan gi innavlsdefektar dersom det ikkje år om anna kjem inn nye individ gjennom naturleg innvandring frå Finland/Russland. DNA-analyse har dokumentert innvandring av to dyr frå Finland/Russland. Det gjenstår å sjå om desse individ vil formeire seg. Førebelse analysar viser at årets ulvekull i Osdalen kjem frå den sørskandinaviske bestanden.

Det nasjonale målet for bjørn er sett til 15 årlege ynglingar. Registreringar kan tyde på ein viss vekst i bestanden, men det er enno langt igjen til bestandsmålet er nådd. Totalt vart det påvist tre binner med årsungar i 2006. To av binnene med årsungar er påviste i Pasvik (region 8), mens ei binne med årsungar er påvist i Lierne/Snåsa (region 6). I 2007 vart det påvist ei yngling i Trysil (region 5). Frå 2006 er bestandsovervakinga av bjørn betra ved hjelp av innsamling av ekskrement og hår for DNA-analyse. Innsamlinga vart gjennomført blant anna ved hjelp av lokale elgjegerar, frå Trøndelag og nordover i 2006 (71 individ påvist) og i Sør-Noreg i 2007 (60 individ påvist). Det vil bli samla inn prøver på nytt i Midt-Noreg i 2008.

Det vart registrert 51 ynglingar av jerv i 2007. Det nasjonale målet er 39 årlege ynglingar. Bestandsreguleringa skal skje ved lisensfelling. I skadeutsette område der lisensfelling ikkje gav tilstrekkeleg bestandsregulerande effekt i høve til tapspotensial vart det våren 2008 sett i verk ekstraordinære uttak av jerv. Uttak av tisper og/eller kvalpar vart gjennomført ved 11 av dei 51 registrerte ynglingane i 2007, og er pr. august 2008 gjennomført i 10 av de 45 ynglingane som er registrerte så langt i 2008. For gaupe vart det vinteren 2007 registrert 74 familiegrupper. Det nasjonale bestandsmålet på 65 årlege ynglingar er nådd. Ei yngling tilsvare ei familiegruppe.

Målet for kongeørn er sett til 850-1200 hekkande par, og bestanden på landsbasis er rekna for å vere stabil på omlag dette nivået. Frå 2006 har kongeørn inngått i det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt. Frå og med 2009 vil innsatsen på overvaking av kongeørn bli auka.

Rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av gaupe, jerv, bjørn og ulv innafør sin region. Rovviltnemnda skal utarbeide ein forvaltningsplan, i nært samarbeid med aktuelle partar. Planen skal vise korleis nemnda vil gjennomføre den vedtekne nasjonale rovviltpolitikken i sin region. Dette arbeidet er no fullført i alle dei 8 regionane.

SNO har det operative ansvaret i høve til rovviltforvaltning i Noreg. Oppgåvene omfattar mellom anna skadedokumentasjon, under dette drift av rovviltkontaktnettet, bestandsregistrering og skadefelling.

Arbeidsmål 1.2.2.3 Byggje opp att bestanden av fjellrev til eit livskraftig nivå

Fjellreven er på raudlista klassifisert som kritisk truga i Noreg utanom Svalbard. I Noreg utanom Svalbard er det om lag 50 vaksne fjellrevar att. Med 16 ynglingar var 2007 eit relativt godt produksjonsår for fjellrev i det nordlege Noreg. Dette heng truleg saman med at det var mykje smågnagarar.

Regjeringa har ført vidare arbeidet med å hindre at fjellreven blir borte frå den norske fjellnaturen. I 2008 vart det sett av om lag 5,9 mill. kroner

til formålet. Arbeidet med fjellreven skjer med utgangspunkt i Handlingsplan for fjellrev (Direktoratet for naturforvaltning, 2003). Avlsprosjektet og Finnmarksprosjektet er to sentrale prosjekt som er i gang. Finnmarksprosjektet omfattar eit fleirårig forsøk med raudrevkontroll på Varanger-halvøya. Avlsprosjektet går ut på å drive avl av fjellrev for seinare utsetjing i naturen. I 2007 vart det sett ut 15 kvalpar på Dovrefjell frå avlsstasjonen. Overvaking av fjellreven blir gjennomført årleg, og det er oppretta ein nasjonal database som inneheld detaljert omtale av nesten alle kjende fjellrevhi i Noreg. Mykje av feltarbeidet knytt til oppbygginga av fjellrevbestanden er utført av Statens naturoppsyn.

Arbeidsmål 1.2.2.4 Sikre dei ville laksebestandane

Laksefisket kring tusenårsskiftet var totalt sett betre enn på mange år, blant anna som følgje av betre temperaturforhold i havet og gode føresetnader for oppvandring i elvane i fiskesesongen. Sesongane 2005 og 2006 gir likevel inntrykk av at den positive utviklinga har stansa. I 2007 var talet på laks som hadde vore eitt år i sjøen svært lågt, i tillegg var denne laksen uvanleg liten av vekst. Dette indikerer at laksen har hatt låg overleving og dårlege beiteforhold i havet, og gir grunn til bekymring for dei kommande årgangane av laks. Omlag ein tredel av bestandane er framleis truga eller sårbare, mens 45 bestandar har gått tapt.

Ei oversikt over situasjonen for dei ville laksebestandane går fram av tabellen under.

Tabell 6.7 Bestandssituasjonen for laks januar 2007, talet på elvar.

Kategori	Beskriving	Tal
1	Tapt bestand	45
2	Truga bestand	32
3a	Sårbar bestand nær tolegrensa	30
3b	Sårbar bestand kan oppretthaldast ved tiltak	19
4a	Redusert bestand ungfiskproduksjon	63
4b	Redusert bestand berre vaksenfiskbestand	2
5a	Moderat/lite påverka bestand, spesielt omsynskrevjande	208
5b	Moderat/lite påverka bestand, ikkje spesielt omsynskrevjande	38
X	Usikker kategoriplassering	13
Totalt tal lakseelvar i Noreg		450

Det er ikkje utarbeidd nye tal i 2008. Ei ny oversikt vil bli utarbeidd i 2009.

Stortingsvedtaket om nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vart gjort for å gi dei viktigaste laksebestandane i Noreg eit betre vern (Innst. S. nr.

134 (2002-2003)). Det blir no arbeidd med nærare retningslinjer og juridisk forankring av ordninga.

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* er den enkeltfaktoren som har størst dokumentert skadeeffekt på dei norske bestandane av villaks. Parasit-

ten vart introdusert til Noreg i 1975, og har sidan blitt spreidd til i alt 46 lakseførande vassdrag. I dag er 15 vassdrag friskmelde etter behandling, 11 vassdrag er behandla, men ikkje friskmelde, 9 vassdrag er behandla, men gjeninfiserte og 11 infiserte vassdrag er ikkje behandla. Målsetjinga for arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* er å utrydde parasitten i infiserte vassdrag der dette er realistisk, og i tillegg minimalisere risikoen for vidare spreiding. Målet skal nåast gjennom systematisk arbeid i 8 avgrensa smitteregionar og 3 risikoregionar.

Ein har dei seinaste åra nytta sur aluminiumsblanding som hovudkjemikalie med supplement av rotenon der dette er naudsynt. Denne såkalla kombinasjonsmetoden er meir skånsam for både botndyr og fisk, og metoden er derfor langt mindre problematisk enn bruk av berre rotenon i forhold til vedteken kjemikaliepolitikk. Erfaringane med denne metoden gjennom dei siste åra er ikkje så god som ein kunne håpe, og metoden må framleis utviklast vidare. Det er viktig at den til ei kvar tid beste metoden blir valt for å oppnå eit vellykka resultat.

I 2007 vart det gjennomført behandling i Steinkjervassdraga og i dei to infiserte vassdraga i Halsfjorden i Nordland. I Lærdalselva vart parasitten dessverre påvist på nytt etter behandling med aluminiumsulfat i 2005/2006, og det vart gjennomført ny kjemisk behandling våren 2008. Det er planlagt utryddingstiltak i Steinkjervassdraga hausten 2008. Planlegging for nedkjemping i heile Vefsnerregionen held fram med sikte på oppstart av behandling i 2009. I august 2008 la Direktoratet for naturforvaltning fram utkast til ny handlingsplan for tiltak mot *Gyrodactylus salaris* med mellom anna ei vurdering av dei ulike verkemidla som er nytta for nedkjemping av parasitten. Utkastet til ny handlingsplan vil bli behandla i departementet i løpet av hausten, og Stortinget vil bli informert på høveleg vis.

Det blir i dag utført kalking i 22 laksevassdrag i Sør-Noreg. Også dei lokale kalkingsprosjekta i innlandsvassdrag, som for ein stor del går i regi av frivillige organisasjonar, har halde fram på høgt nivå. Kalking har ført til at laksebestandane er bygde opp att i mange forsuringsskadde elvar, og har ført til ein stor auke i laksefangstane på Sør- og Sørvestlandet. Kalkingsaktiviteten skal haldast oppe på noverande nivå også i åra som kjem.

Levande genbank er eit tiltak som er sett i verk for å redde stammer som ikkje lenger kan overleve i vassdraga. I genbanken blir stammene tekne vare på til faren i vassdraga er over. Ni av dei 29 laksestammene som er blitt tekne vare på i genbanken er blitt tilbakeførte til elvane sine; sju er tekne ut av

genbanken, mens to er tekne vare på som sikringsstammer. I tillegg er 12 stammer under tilbakeføring i dag, mens sju ventar på å bli tilbakeførte når *Gyrodactylus salaris* er utrydda i elvane deira.

Reguleringane i laksefisket som vart fastsette i 2008 er dei strengaste nokon gong, sjå òg arbeidsmål 1.2.1.1.

Arbeidsmål 1.2.2.5 Utvikle oppsynsordningar som sikrar at arter blir tekne vare på

Gjennom den gradvise utbygginga av Statens naturoppsyn har kontrollen med ulovleg jakt og fangst på sårbare og truga arter og bestandar blitt stadig betre. Gjennom arbeidet med handlingsplanar for truga arter er det dokumentert eit klart behov for styrkt oppsyn med leveområda til fleire av desse artene.

Statens naturoppsyn har gjennom heile perioden etter at det overtok ansvaret for lakseoppsynet styrkt dette gjennom organisatoriske endringar og effektivisering. Gjennom samarbeid og samordning med politiet, Kystvakta og andre aktørar blir utviklingstrekk i viktige lakseområde fanga betre opp, og kontrollen med ulovleg fiske blir styrkt. Som i tidlegare år var ulovleg laksefiske òg i 2007 den mest omfattande typen lovbrøt som SNO var involvert i, med i alt 3 274 meldingar til politiet og 273 åtvaringar. Det vart i 2007 registrert ei betring i nokre distrikt der det tidlegare var eit betydeleg ulovleg fiske, men det er framleis nokre kjende «problemområde» der ein slit med å få fjerna det ulovlege fisket.

Det høge talet meldingar i 2007, innstramminga i fisketida som følgje av nye reguleringar i 2008 og den svake bestandsstatusen til mange laksebestandar, synleggjer kor viktig det er med eit sterkt og effektivt lakseoppsyn.

Statens naturoppsyn samarbeider med villreinutvala og lokalt politi om kompetanseoppbygging og gjennomføring av villreinoppsynet, slik at dette skjer på ein einsarta og effektiv måte i alle villreinområda. Innsatsen i høve til sjøfugljaktoppsyn og målretta tilsyn med dei freda områda for sjøfugl er òg auka dei siste åra. Det er ein nedgang i talet på meldingar til politiet og åtvaringar for brot på viltlova frå 2006 til 2007.

Statens naturoppsyn har i 2006, 2007 og 2008 prioritert høgt å forebyggje og avdekkje ulovleg felling av rovvilt, og har eit aktivt samarbeid med politiet i konkrete saker. Det er etablert tett samarbeid med politiet og Økokrim om særskilde oppsyns- og kontrolltiltak i forvaltningssona for ulv. Det blir òg gjennomført rutinevis kontrolltiltak med felte rovdyr og skotplassar under lisens- og kvotejakt på desse artene.

Arbeidsmål 1.2.2.6 Leie og samordne det norske arbeidet under Konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale konvensjonar som er relevante for å ta vare på arter og genressursar

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) har tre målsetjingar; bevaring av naturens mangfald, berekraftig bruk av naturens mangfald og rettferdig fordeling av utbyttet av genetiske ressursar.

Fram mot 2010 vil arbeidet med å utvikle eit internasjonalt regime for tilgang til og rettferdig fordeling av utbytte frå bruk av genressursar vere prioritert. Noreg arbeider for å utvikle ein legalt bindande protokoll under Konvensjonen om biologisk mangfald med fokus på utvikling av ordningar som kan sikre ei meir rettferdig fordeling av goda frå utnyttinga av genressursar.

Noreg har medverka aktivt til ei operasjonalisering og vidareutvikling av konvensjonen, blant anna gjennom Trondheimskonferansane om naturmangfald som Noreg har arrangert saman med FN. Regjeringa var saman med FNs miljøprogram (UNEP) vertskap for ein femte Trondheimskonferanse hausten 2007, knytt til målet om ein betydeleg reduksjon i tapet av arter og økosystem innan

2010 og med fokus på kor viktig naturens mangfald er for å redusere fattigdom og følgje opp FNs tusenårs mål. Konferansen gav faglege bidrag til møtet mellom partslanda i Tyskland i 2008, og gav også deltakarane nyttig kunnskap og inspirasjon for vidare arbeid i heimlanda deira. Det vart òg sendt ein bodskap frå konferansen til klimamøtet i Bali i 2007 om kor viktig det er med betre samhandling mellom klimatiltak og tiltak for å ta vare på naturmangfald. Regjeringa tek sikte på at Noreg kan invitere til ein ny Trondheimskonferanse i det internasjonale året for naturmangfald i 2010.

Resultatområde 1 – underområde 3 Framande arter og genmodifiserte organismar

Avgrensing og definisjon av underområde

Underområdet omfattar arbeidet for å hindre spreiding av framande, skadelege organismar som ikkje høyrer heime i norsk natur. Saman med endringar i arealbruk og klimaendringar er spreinga av framande artar den største trusselen mot naturens mangfald. Underområdet omfattar òg arbeidet med å sikre at bruk av genmodifiserte organismar (GMO) ikkje gjer skade på miljø og helse.

Tabell 6.8 Mål- og indikatortabell for underområde 3 Framande arter og genmodifiserte organismar. Nasjonalt resultatmål 1.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.3.1 Menneskeskapt spreieing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, skal ikkje skade eller avgrense økosystemas funksjon.	1.3.1.1 Førebyggje utilsikta introduksjonar av framande arter og negative effektar av eksisterande og utilsikta nye introduksjonar gjennom meir dekkjande regelverk, tiltak, informasjon og sektorsamarbeid.	Talet på kjende introduksjonar som er årsak til skade på miljøet.
	1.3.1.2 Medverke til sektor departementa sitt arbeid med framande arter gjennom oppfølging av den tverrsektorielle strategien mot framande arter.	Talet på framande arter det er sett i gang tiltak mot. Talet på departement som har gjennomført risikovurdering for spreieing av framande arter.
	1.3.1.3 Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetning av genmodifiserte organismar, ut frå best mogleg kunnskap slik at det ikkje oppstår skade på miljø og helse.	Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	1.3.1.4 Leie og samordne det norske arbeidet med GMO under Konvensjonen om biologisk mangfald.	Kvalitativ vurdering.
	1.3.1.5 Ivareta prinsippa for GMO-regulering i norsk lov og Cartagena-protokollen i høve til arbeidet i andre internasjonale fora (WTO, FAO/Codex, IPPC m.fl.)	Kvalitativ vurdering.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.3.1.1 Førebyggje utilsikta introduksjonar av framande arter og negative effektar av eksisterande og utilsikta nye introduksjonar gjennom meir dekkjande regelverk, tiltak, informasjon og sektorsamarbeid

Globalt er menneskeskapt spreieing av organismar gjennom auka handel, turisme, reising og nedbygging av grensekontroll mellom land og kontinent ein av dei største truslane mot mangfaldet i naturen. FN's Konvensjon om biologisk mangfald pålegg oss, så langt det er mogleg og føremålstenleg, å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde arter som trugar økosystem, leveområde eller arter.

I mai 2007 la Artsdatabanken fram Norsk svar-
teliste 2007 som inneheld risikovurderingar av 217 av dei 2 483 framande artene som så langt er registrerte i Noreg. Denne svartelista er eit viktig verk-

tøy for styresmaktenes prioriteringar av tiltak mot etablerte, skadelege framande arter, og grunnlag for å setje i gang risikovurdering av fleire av dei framande artene som vi veit har negative økologiske effektar.

Miljøverndepartementet er, i tråd med det hovudansvar det har for heilskapen i regjeringas miljøpolitikk, pådrivar og koordinator i oppfølginga av den tverrsektorielle nasjonale strategien mot framande skadelege arter. Det er viktig å avklare roller og ansvar for ulike aktivitetar og arter mellom departementa.

Det skal lagast handlingsplanar og setjast i gang tiltak mot utvalde framande skadelege arter innfor dei ulike sektoranes ansvarsområde. I 2008 vart det laga handlingsplanar for mårhund og ferskvasskreps/krepsepest/-signalcreps. Det er utarbeidd tiltaksplan mot *Gyrodactulus salaris* generelt og ørekyte spesielt i Namsenvassdraget. I ein del verneområde blir det gjennomført skjøt-

selstiltak mot framande arter og andre problemarter, mellom anna platanlønn, gran, sitkagran, bergfuru, buskfuru og rynkerose. Det er gjennomført jakttid heile året på mink, mårhund, bisamrotte og villsvin, og innført utvida jakttid for 7 andre arter som ikkje høyrer heime i norsk natur. Direktoratet for naturforvaltning har identifisert nærare 60 arter som det er viktig å prioritere tiltak mot. Dette krev betydelig ressursinnsats.

Noreg har førebels ingen generell overbygning som omfattar alle sektorar i høve til lovgiving om introduksjonar av framande arter. Det regjeringsoppnemnde lovutvalet for biologisk mangfald har foreslått nytt regelverk på dette området som del av ei ny naturmangfaldlov. Ei forskrift under innførsle- og utførslerereguleringslova som regulerer innførsle av virvellause dyr er òg under utarbeiding.

I 2007 vart Noreg part i den internasjonale konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn i skip og sediment. Konvensjonen vil tre i kraft eitt år etter at minst 30 land som representerer minst 30 pst. av verdsflåten har blitt partar til konvensjonen. Ei ny lov om skipstryggleik (lov 16. februar 2007 nr. 9) trådte i kraft 1. juli 2007. Lova inneheld heimel for forskrift med krav om tiltak for å redusere risiko for introduksjon og spreing av framande arter frå skipsballastvatn og sediment. Ei slik forskrift er no under utarbeiding. Hausten 2007 vart òg ei stortingsmelding om forvaltning av kongekrabbe lagt fram.

1.3.1.2 Medverke til sektordepartementa sitt arbeid med framande arter gjennom oppfølging av den tverrsektorielle strategien mot framande arter

Framande organismar kan ha effektar som grip over mange sektorar. Dei ti mest relevante departementa la i mai 2007 fram *Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter*. Strategien inneheld felles mål, prinsipp og retningslinjer for behandling av framande arter, saman med ei rekkje felles og sektorspesifikke tiltak.

Blant fellestiltaka som skal gjennomførast er utvikling av regelverk, utvikling av retningslinjer for tilsikta introduksjonar, risikokartlegging og vurdering innafor dei ulike sektorstyresmaktene, tiltak mot etablerte framande skadelege artar, utvikling av system for tidleg varsling, gjennomføring av kartlegging og overvaking, informasjon om risiko ved og reglar for innførsel og spreing av framande arter.

For å styrkje samarbeidet mellom sektorane i høve til framande arter skal det haldast jamleg kontakt for kompetansebygging og informasjons-

utveksling. Eit samarbeid på direktoratsnivå er starta, og ein konferanse om styresmaktene si oppfølging av tverrsektoriell nasjonal strategi blir halden hausten 2008.

Ein plan for kartlegging og overvaking av framande arter for perioden 2008 – 2010 vart våren 2008 vedteken av det interdepartementale utvalet under Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. I 2008 er det arbeid vidare med å utvikle metodikk for overvaking av framande arter.

Arbeidsmål 1.3.1.3 Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetning, av genmodifiserte organismar, ut frå best mogleg kunnskap slik at det ikkje oppstår skade på miljø og helse

Talet på land som set ut genmodifiserte organismar (GMO) i miljøet aukar. I 2007 vart genmodifisert soya, mais, bomull og raps, og noko tomatar, squash, papaya, paprika, alfalfa, nellik, poplar og petunia dyrka på 114 millionar hektar. USA dyrkar ca. halvparten med 57,7 millionar hektar. Argentina og Brasil står for nesten 1/3 med 34 millionar hektar, mens resten av arealet i all hovudsak er fordelt på Canada, India, Kina, Paraguay og Sør-Afrika. Det er framleis stor usemje om bruk og regulering av GMO mellom dei landa som produserer og eksporterer GMO og andre land.

Noregs GMO-regelverk og -politikk er blant dei mest restriktive i verda. Både genteknologilova og våre internasjonale plikter (EØS-avtala, Cartagena-protokollen og WTO-avtala) stiller strenge krav til vitskapeleg risikovurdering for vedtak om godkjenning av eller forbod mot GMO. For at vi skal kunne halde fram med vår GMO-politikk, og vurdere eit stadig aukande tal på komplekse GMO-søknader best mogleg, er det naudsynt å sikre forskning på miljøkonsekvensar av GMO og få bistand frå best mogleg fagleg ekspertise i behandlinga av GMO-søknader. For å oppnå dette er det viktig å samordne midlane til GenØk – Senter for biotryggleik, og å medverke til at miljørisikovurderingane frå Vitskapskomiteen for mattryggleik kan halde eit fagleg høgt nivå.

EUs nye reglar om utsetjing av GMO i miljøet vart innlemma i EØS-avtala i september 2007 med ei vidareføring av tilpassinga som gir Noreg rett til å forby GMO som EU godkjenner dersom vi meiner at det er naudsynt ut frå genteknologilova. EU har vedteke nye reglar om bruk av GMO til mat og fôr, merking og høve til sporing av GMO og høve til sporing av genmodifisert mat og fôr. Regjeringa forhandlar med EU om å innlemme også desse reglane i EØS-avtala med ei tilsvarande tilpassing.

Arbeidsmål 1.3.1.4 Leie og samordne det norske arbeidet med GMO under Konvensjonen om biologisk mangfald

Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismer (GMO) skal sikre at handel og bruk av levande GMO ikkje skader naturens mangfald eller helsa til menneska.

Protokollen trådde i kraft 11. september 2003. Under forhandlingane om protokollen vart partane ikkje samde om reglar for ansvar og erstatning for skade som skuldast GMO, og opna derfor for seinare forhandlingar om dette. Desse forhandlingane skulle etter planen ha vore avslutta på det 4. partsmøtet i mai 2008. Partsmøtet gjekk i staden inn for å arbeide mot eit bindande avtaleverk om dette på neste partsmøte i 2010 i Japan. Genteknologilovas føresegn om erstatningsansvar ligg til grunn for Noregs posisjonar i forhandlingane.

Anbefalingane frå «Verksted for risikovurdering av nye typer GMO» som Noreg arrangerte i juni 2007 saman med Canada vart lagt fram på partsmøtet i mai 2008. Anbefalingane gjekk ut på at det er nødvendig med meir informasjon og utvikling av dei framgangsmåtane vi nyttar for risikovurdering av GMO for å sikre god nok vurdering av nye typar av GMO som for eksempel genmodifiserte tre, planter som produserer medisinske pro-

tein, genmodifisert fisk og virus. På partsmøtet vart det semje om å setje ned ei ekspertgruppe som bl. a. skal vurdere korleis anbefalingane kan følgjast opp. FAO/Codex, Det internasjonale kontor for epizootier (OIE) og Den internasjonale konvensjon for plantevern (IPPC) set standardar og lagar retningslinjer for handelshindrande tiltak av omsyn til folke-, dyre- og plantehelse som òg kan ha betydning for vår regulering av GMO. Miljøverndepartementet bistår helsestyresmaktene for å sikre at prinsippa for GMO-regulering og risikovurdering i norsk lov og Cartagena-protokollen blir tekne vare på i dette arbeidet.

Resultatområde 1 – underområde 4 Friluftsliv

Avgrensing og definisjon av underområde 4

Arbeidet på friluftsområdet skal sikre areal og rettar til ferdsel, opphald og aktivitetar, og stimulere til miljøvennleg friluftsliv. Større fjell- og skogsområde, strandsona langs sjø og vassdrag og naturen i og ved byar og tettstader er mest pressa av blant anna utbyggingar, tekniske inngrep og motorisert ferdsle. Areal for friluftsliv, grunnlaget for jakt og fiske og natur- og kulturopplevingar blir òg tekne vare på gjennom arbeidet på resultatområda 2 og 6. Friluftsliv i polare område er dekt av resultatområde 5.

Tabell 6.9 Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 1.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.4.1 Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.	1.4.1.1 Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med relevante partar, under dette frivillige organisasjonar.	Statistikk om folks deltaking i friluftsliv, under dette: - Dagsturar og overnattingsturar i naturomgivnader. - Bruk av nærområde i byar og tettstader. Bærplukking, fritidsfiske og jakt.

Statusbeskriving

Hovudarbeidet innan friluftsliv er å følgje opp dei tiltaka som ligg i St. meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet*.

Regjeringa vil i løpet av 2008 leggje fram forslag om ei eiga lov om naturområde i Oslo og nærliggjande kommunar (Marka). Det vil framleis vere ekstra fokus på utviklinga i strandsona.

Undersøkingar viser at ungdom (16 – 29 år) si deltaking i friluftsliv og deira kunnskap om allemannsretten er redusert dei seinaste tiåra. Dette gjer ungdom til ei svært viktig målgruppe for motivasjons- og informasjonsarbeidet. Ein vil òg følgje

opp arbeidet med friluftsliv og folkehelse (fysisk aktivitet og psykisk helse) og ha særskilt fokus på nye målgrupper som etniske minoritetar og funksjonshemma.

Arbeidsmål 1.4.1.1 Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med relevante partar, under dette frivillige organisasjonar

2009 er Kulturminneåret og det er naturleg å sjå kulturminne og friluftsliv i samanheng. Kulturminna er i mange høve eit naturleg mål for turar i naturen. Kulturminne og friluftsliv styrkjer opplevinga og læringa ved å opphalde seg i naturen.

Arbeidet med å følge opp dei gode røynslene dei siste åra frå tiltak retta mot barn og unge (6 – 15 år) vil fortsetje. Regjeringa vil medverke til at organisasjonane kan ha eit høgt aktivitetsnivå i 2009 òg. Ei doktorgradsavhandling (NTNU 2008) syner relativt stabil og høg oppslutning om dei mest sentrale friluftslivsaktivitetane. Samla sett har den delen av befolkninga over 16 år som utøvar friluftsliv auka med fire prosentpoeng dei siste 30 åra. Dette er gledeleg, og viser at ein har lukkast med dei tiltaka som har vore sette inn.

Den tilsynelatande stabiliteten i aktivitetsmønsteret skjuler likevel ei urovekkjande utvikling i ungdomsgruppa (16-24 år). Nedgangen i oppslutning om det «tradisjonelle» friluftslivet er på heile 10 prosentpoeng i perioden 1970 – 2004. Sviktande oppslutning blant ungdommen om dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetane ser ut til å vedvare. Dette vil kunne resultere i sviktande deltaking blant dei vaksne (over 24) om nokre tiår. Både av miljø- og folkehelseomsyn er det derfor naudsynt å rette ein særskilt stimuleringsinnsats mot ungdommen i tida framover.

Tabell 6.10 Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 2.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.4.2 Barn og unge skal få høve til å utvikle dugleik i friluftsliv.	1.4.2.1. Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark.	Kunnskap om allemannsretten, fjellreglane og sjøvettreglane innan fylte 18 år. Prosentdelen av barn og unge under 18 år som har delteke i friluftslivsaktivitetar dei siste 12 månadene. Talet på medlemmer i ungdomsorganisasjonar dominerte av aktivitetar retta mot natur- og friluftsliv (som f.eks. speidarforeiningar og DNTs ungdomsgrupper).

Arbeidsmål 1.4.2.1 Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark

Friluftslovas 50-års-jubileum vart markert i 2007. Eit viktig fokus i feiringa var allemannsretten. Likevel viser «Natur- og miljøbarometeret for 2008» at kunnskapen om allemannsretten fall med 7 prosentpoeng blant unge (15–29 år) frå 2007. Dette krev ein kritisk gjennomgang av informasjonsstrategien vår med sikte på å auke kunnskapsnivået i denne viktige målgruppa.

Undersøkingar viser at kunnskap og dugleik aukar med målretta stimulering, og at grunnlaget for gode friluftslivsvanar i vaksen alder blir lagt i barndommen. Det er derfor gledeleg å konstatere at deltaking i friluftsliv blant dei aller yngste (6–15 år) ligg på eit høgt nivå, og har gått opp sidan 1997. Det er rimelig å tru at satsing ved ei rekkje førskular og skular har ført til at fleire barn tek del i friluftslivsaktivitetar. Dette skjer både gjennom brei offentleg innsats og gjennom samarbeid med friluftslivsorganisasjonane. Fleire av desse har eigne barneorganisasjonar, til dømes Barnas Turlag, Fiskeklubben, KFUM-KFUK-speidarane og Norske 4H, og talet på medlemmer blant dei yngste har auka i fleire av organisasjonane. Friluftsrådas Landsforbund (FL)

si satsing «Læring i friluft» har ført til ein auke på 10 pst. i talet på lærarar og barnehagetilsette som deltek på kurs. Talet på barn som deltok i friluftslivsaktivitetar gjennom skule, barnehage og på fritid i regi av FL auka med 30 pst. frå 2006 til 2007. I ein ny undersøkelse ved Høgskulen i Hedmark blir det slått fast at uteskule ikkje berre gir elevane meir frisk luft og fysisk aktivitet, men at det òg er mogleg å arbeide med sentrale fagemne innafor alle skulefag utanfor klasserommet.

For å bidra til meir bruk av friluftsliv i skulen, både som helsebringande og pedagogisk verkemiddel, er det etablert eit «Forum for friluftsliv i skulen». Dette er eit landsdekkjande, breitt samarbeidsforum som arbeider for at alle elevar skal få oppleve meistring og trivsel gjennom eit aktivt friluftsliv, og etablere gode vanar for å vere ute i natur. Det vil bli oppretta ein særskilt nettstad (www.friluftsliviskolen.no) som ein infobank for dette feltet.

Nedgangen i oppslutninga om «tradisjonelle» friluftslivsaktivitetar for ungdomsgruppa (16–29 år) kan i stor grad tilskrivast auka konkurranse frå andre innandørs fritidsaktivitetar, mellom anna knytt til bruk av data. Det er særleg tur- og haus-

tingsaktivitetar som går ned. For skiturar er det til dømes ein samla nedgang i oppslutninga på 38 prosentpoeng mellom 1970 og 2004. Meir moderne friluftslivsaktivitetar som terrengsykling, skisegling, alpint og elvepadling er i vekst. Auken i nye aktivitetar blant ungdom er likevel ikkje nok til å kom-

pensere for fråfallet frå dei «tradisjonelle» friluftslivsaktivitetane.

I Miljøverndepartementets samarbeid med organisasjonane og dei andre departementa til fremje av friluftsliv og fysisk aktivitet vil det framover vere eit særskilt fokus på ungdomsgruppa.

Tabell 6.11 Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 3.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.4.3 Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting blir fremja og naturgrunnlaget teke vare på.	1.4.3.1 Viktige område for friluftsliv skal vere sikra for formålet ved kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde.	Talet på nye område pr. år.
	1.4.3.2 Alle statleg sikra friluftslivsområde (inkl. skjergards parkar) og markaområde i alle større kommunar, skal inngå i forvaltningsplanar.	Prosentdelen av friluftsområde med slikt forvaltningsopplegg.
	1.4.3.3 Viltressursar og fiske ressursar i ferskvatn som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta.	Prosentdelen av område som kan utnyttast (dvs. fiskeførande vatn og vassdrag og jaktterreng for småvilt) i eit utval kommunar med sal av kort for fiske og småviltjakt.

Arbeidsmål 1.4.3.1 Viktige område for friluftsliv skal vere sikra for formålet ved kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde

Det er no sikra totalt meir enn 2 000 område til friluftslivsformål ved kjøp eller avtaler om bruk av eigedom. I 2007 vart 58 nye område sikra for friluftsliv, av desse vart 32 område sikra ved kjøp, 20 ved avtaler om skjergardspark i Lister-regionen og 6 ved overtaking av friluftseigedommar frå Forsvaret. Det går i tillegg føre seg arbeid i kommunane med å gjennomføre nye kjøp/avtaler, utviding av skjergardsparkar og overtaking av fleire område frå Forsvaret. Regjeringa prioriterer høgt arbeidet med å sikre nye friluftsområde, særleg område i kystsona. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar. Innsatsen for sikring, tilrettelegging og drift av særskilte friluftsområde ved kjøp eller avtaler vil fortsetje.

Arbeidet for å opne ulike typar statseigedom for allmenta vil òg fortsetje, særleg dei områda som Forsvaret og andre statlege grunneigarar ikkje lenger har bruk for. Direktoratet for naturforvaltning gjer kvart år ei vurdering av Forsvarets eigedomsporfølje med utgangspunkt i allmenne

friluftslivsinteresser for å identifisere eigedommar som framleis bør vere i offentleg eige. I 2007 vart 18 nye eigedommar vurderte som viktige for friluftslivet. Direktoratet vil framleis følgje avhendingsprosessen tett, og medverke til å sikre nye eigedommar. Etter nye rutinar for offentleg avklaring kan dette gjerast gjennom kjøp av heile eller delar av eigedommar og gjennom klausulering formulert i kjøpekontrakt.

Samarbeidet mellom Friluftsrådas Landsforbund og Direktoratet for naturforvaltning om sikring og tilrettelegging av friluftsområde vil halde fram. Samarbeidet med Kristiansand, Bergen, Oslo og Trondheim kommunar for å sikre viktig grønstruktur vil bli ført vidare i 2009. Strandsonearbeidet vart i 2007 føljt opp med 2,5 mill. kroner til kystsonenettverk og juridisk bistand til kommunane. Det er framleis sterkt fokus på å hindre uheldig utbygging i strandsona, og leggje til rette for allmenta gjennom sikring, god arealplanlegging og juridisk bistand. Arbeidet vil bli ført vidare i 2009, og det skal setjast auka fokus på å styrkje avgjerds- og kunnskapsgrunnlaget, bl.a. gjennom innsats for kartlegging av friluftslivsverdiar i kystkommunane.

Den kommande markalova vil gi eitt av dei viktigaste og mest brukte friluftsområda i landet ei varig grense, og leggje til rette for friluftsliv og naturoppleving innafor ei fleirbruksramme.

Arbeidsmål 1.4.3.2 Alle statleg sikra friluftslivsområde (inkl. skjergardsparkar) og markaområde i alle større kommunar skal inngå i forvaltningsplanar

For å skape godt grunnlag for opparbeiding og drift av friluftsområde og bidra til auka tilgjenge for fleire brukargrupper, blant anna funksjonshemma, har kommunane i samarbeid med friluftsråda og i samråd med fylkesmannen utarbeidd enkle planar for forvaltninga av dei viktigaste statleg sikra friluftslivsområda i kvart fylke. Som ledd i dette arbeidet er det utarbeidd heilskaplege forvaltningsplanar som blant anna omtaler behovet for tilrettelegging og skjøtselsnivå for størsteparten av friluftslivsområda i Oslofjorden, skjergardsparkane på Sørlandet og Vestkystparken. Det er no utarbeidd forvaltningsplanar for meir enn 50 pst. av dei sikra friluftsområda.

Skjergardstenesta er etablert med uniformerte båtar og mannskap langs heile kysten frå Østfold til og med Hordaland. Denne tenesta er resultatet av eit samarbeid mellom fleire aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. Statleg medverknad utgjør ein viktig del av grunnlaget for verksemda, knytt til både driftsmidlar og investeringsmidlar til båt.

Kystleiprojektet i regi av Den norske turistforeining (DNT), Friluftsrådas Landsforbund (FL)

og Forbundet Kysten er eit tiltak for å stimulere og leggje til rette for eit ikkje-motorisert friluftsliv langs kysten.

Det finst viktige markaområde i og kring mange andre store byar og tettstader i landet. Den nye plan- og bygningslova gir gode verkemiddel til å ta vare på desse områda. Det er utarbeidd ein «Marka-retteleiar» som eit tilbod til dei kommunane som forvaltar viktige bymarker.

Status for bygging i strandsona er omtalt under resultatområde 6.

Arbeidsmål 1.4.3.3 Viltressursar og ressursar av ferskvassfisk som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta

Organiseringa av jakt og fiske varierer mellom kommunar og fylke. Gjennom eit konstruktivt samarbeid med rettshavarane blir fleire og fleire område opna for allmenta. Dette fører til at aktiviteten aukar på dette feltet.

Det vert ikkje kravd fiskaravgift for innlandsfisk. For laksefiske er det mogleg å betale fiskaravgift for familiar.

Talet på jegerar aukar svakt for kvart år. Ved starten på det nye jaktåret 1. april 2008 var det registrert 411 100 norske jegerar i Jegerregisteret. 42 570 av desse var kvinner. 194 300 personar betalte jegeravgifta for jaktåret 2007/2008. Det er 2 800 fleire enn førre jaktår. Sist jaktår betalte 12 400 kvinner jegeravgift, en andel på 6,5 prosent. Kvinneandelen aukar og er nesten dubla på ti år.

Tabell 6.12 Mål- og indikatortabell for underområde 4 Friluftsliv. Nasjonalt resultatmål 4.

Nasjonalt resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Nasjonalt resultatmål 1.4.4 Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med godt samband til omkringliggjande naturområde.	1.4.3.4 I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 pst. av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknytning til ein samanhengande grøn struktur.	Prosentdelen slike bygningar med rekreasjonsareal og tilknytning til grønstruktur innan 500 meter.

Arbeidsmål 1.4.4.1 I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 pst. av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknytning til ein samanhengande grønstruktur

Kartlegging av grønstrukturen skal leggjast til

grunn i den kommunale planlegginga og forvaltninga, og bli ein premiss for vidare tettstadutvikling. Fleire kommunar har dei seinare åra gjennomført slik kartlegging, mellom anna gjennom bruk av metoden «grøn plakat» og eigne kommunedelplanar for grønstrukturen. I tillegg har Statistisk sentralbyrå utvikla ein metode for å overvake arealstorleikar og tilgjenge til slike nære, grønne

lunger. Tilgang på nærturterreng minkar ved aukande tettstadsstorleik. Dårligast stilt er det i dei største byane våre, og det er bustadblokkene som har dårlegast tilgang på nærturterreng. Tilsvarende negativ tendens ser vi òg for tilgangen til leike- og rekreasjonsareal.

Det er planlagt å gjennomføre ei ny undersøking av stoda i 2009 i samband med miljøsatsinga i dei større byane (prosjektet «Framtidens byer»).

Verkemiddel

Finansieringa er i hovudsak dekt av budsjett-ramma for Direktoratet for naturforvaltning, jf. kap. 1427, og fagkapitla 1425 og 1426, men kapitla 1400, 1410, 1429 og 1441 inneheld òg budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i 2009. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 1. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap.1510 Fylkesmannsembeta under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Naturvernlova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, genteknologilova og plan- og bygningslova er dei viktigaste juridiske verkemidla for miljøforvaltninga innan underområde 1, 2 og 3. Friluftslova har innverknad på arealforvaltning og naturbruk. Vernearbeidet etter naturvernlova skjer i det alt vesentlege gjennom tematiske fylkesvise verneplanar, nasjonalparkplanen, marin verneplan og verneplanar for utvida skogvern. Område med særleg store natur- og kulturverdiar kan òg fredast etter kulturminnelova, eventuelt i kombinasjon med naturvernlova og plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova er det viktigaste generelle verkemidlet for å ta vare på omsynskrevjande naturtypar og arter på dei ca. 85 pst. av areala som ikkje er omfatta av vern.

Lov om statleg naturoppsyn har som mål å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. Lova har lagt grunnlaget for etablering av Statens naturoppsyn.

Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag er regulert av motorferdsellova og nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark. Her òg er det stort behov for målretta og samordna oppsyns-, kontroll- og førebyggingstiltak.

Framstilling og bruk av genmodifiserte organismar (GMO) er regulert i genteknologilova, i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Forvaltninga i Miljøverndepartementet skjer i samråd med andre aktuelle departementet.

I utgreiing NOU 2004:28 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold* (naturmang-

faldlova) fremja Biomangfaldlovutvalet forslag til endringar i erstatningsordninga ved vern etter naturvernlova. Miljøverndepartementet legg til grunn at grunneigarar og rettshavarar som har fått område verna som nasjonalpark eller landskapsvernområde, og der den ordinære fristen for å krevje erstatning ikkje gjekk ut 1. januar 2002, skal få utsetjing av fristen til seks månader etter at ny naturmangfaldlov trer i kraft. Dette endrar ikkje den ordinære fristen på eitt år for å framsetje krav om erstatning etter naturvernlova § 20 b.

Ulike internasjonale konvensjonar og avtaler står sentralt i utvikling og oppfølging av norsk arbeid med naturens mangfald, med Konvensjonen om biologisk mangfald som den mest sentrale av desse. Det er no stort fokus på oppfølging av konvensjonen for å nå 2010-målet om å stanse tapet av arter og økosystem. Konkretisering av nødvendige tiltak og rapportering er derfor prioritert. Naturens mangfald er eit prioritert tema i Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid. Gjennom arbeidet i PEBLDS, EEA og Bern-konvensjonen er det ei regional tilnærming til dette arbeidet som Noreg òg vil prioritere. Resultatområdet 5 gir ei omtale av anna internasjonalt samarbeid som òg omfattar naturmangfald, bl.a. i høve til arktisk samarbeid, naturvernsamarbeid med Russland og miljøretta bistand.

Internasjonalt blir det arbeidd i ulike fora med problema kring avskoging i tropiske land, og ulovleg og ikkje berekraftig hogst og handel med tropisk tømmer. Det er bestemt at staten ikkje skal kjøpe inn produkt av tropisk tømmer som anten er ulovleg eller produsert på ein ikkje berekraftig måte. Dette betyr at tropiske tømmerprodukt som blir kjøpte inn av staten må vere sertifiserte gjennom ei godkjent sertifiseringsordning.

Statlege midlar er med på å sikre regionalt og nasjonalt viktige friluftslivsområde, jf. underområde 4 Friluftsliv. Statlege midlar er òg viktige for å motivere kommunane til å realisere vedtekne planar for å bevare grønstruktur og leggje til rette for friluftsliv, jf. St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder*.

I tillegg er friluftslova, lakse- og innlandsfiskelova og viltlova viktige juridiske verkemiddel i arbeidet med friluftsliv. Miljøverndepartementet har gitt ut eit rundskriv om friluftslova med oversikt over dei oppgåvene kommunane har når det gjeld å fremje allmenta sine friluftslivinteresser.

Plan- og bygningslova er det generelle verkemidlet som kommunane har for å utvikle gode område for friluftsliv for alle folkegrupper og interesser.

I samarbeid med kommunane medverkar staten til finansiering av driftsordningar for skjer-

gardsparkane. I kystsona frå Østfold til og med Hordaland er dette samordna gjennom Skjergardstenesta, der staten gjennom Statens naturoppsyn har det nasjonalt overordna ansvaret og gir økonomiske tilskot til driftsutgifter, båtinvesteringar mv. Statens naturoppsyn arbeider òg med å integrere naturoppsyn i den daglege drifta av skjergardstenesta.

Det blir vidare gitt driftsstøtte til Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Den Norske Turistforeining, Noregs Jeger- og Fiskarforbund og Friluftsrådas Landsforbund. Dette gjeld blant anna til arbeidet i Forum for natur og friluftsliv som er

organisert i alle fylke. Det blir dessutan gitt tilskot til stimuleringsiltak i regi av dei frivillige organisasjonane. Desse midlane er knytte til aktivitetsretta prosjekt med formål å stimulere nye grupper, især barn og unge, til å utøve friluftsliv.

Det blir òg gitt tilskot til frivillige organisasjonar sitt arbeid med tilrettelegging for fritidsfiske og jakt.

Informasjon/kommunikasjon er eit viktig strategisk verkemiddel for å nå måla under resultatområdet. Prinsippa for universell utforming er lagt til grunn for styresmaktenes arbeid med friluftsliv.

7 Resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne

Resultatområdet omfattar arkeologiske og marin-arkeologiske kulturminne, bygningar og anlegg, kulturmiljø og fartøy.

Definisjon og avgrensing

Alle spor etter menneska sine liv og verksemd i omgivnadene, er kulturminne og kulturmiljø anten dei tilhøyrrer ei fjern eller nær fortid. Målet er å ta vare på eit utval av desse kulturminna.

Arkeologiske kulturminne er dei fysiske spora etter menneskeleg aktivitet som finst i og under markoverflata. Alle typar kulturminne eldre enn frå år 1537 er etter kulturminnelova automatisk freda. Bygningar som er undersøkt og stadfesta oppført i perioden 1537-1650 er og automatisk freda. For samiske kulturminne er grensa for automatisk freding sett til 100 år.

Marinarkeologiske kulturminne er alle kulturminne som ligg under vatn, både i havet, i vassdrag og i innsjøar. Slike kulturminne eldre enn frå år 1537 er automatisk freda. Skip og gjenstandar som kan ha vore om bord i desse, og som er eldre enn 100 år, tilhøyrrer staten dersom eigaren ikkje er kjend, og vert forvalta som freda.

Kulturminne som ikkje er automatisk freda, kan fredast i medhald av kulturminnelova uavhengig av alder. Dette gjeld bygningar og anlegg, fartøy og kulturmiljø som er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Verneverdige bygningar med lokal og regional betydning kan sikrast gjennom plan- og bygningslova.

Strategisk mål

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.

Dei nasjonale måla skal nåast gjennom 10 konkrete bevaringsprogram, jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Programma omfattar gjennomgang av tilstand og tiltak for sikring, istandsetjing og vedlikehald. Programma legg auka vekt på den innverknad kulturarven har i lokalsamfunna og i regionane. Regjeringas strategi for sikring og istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø gir eit godt grunnlag for å prioritere innsats og tiltak.

Løyvingane over statsbudsjettet har auka dei seinare åra. Erfaringar viser at med framhaldande styrke og målretta innsats vil det vere mogleg å snu ein negativ trend og nå måla innan 2020. For eksempel i arbeidet med freda bygningar i privat eige, som har høg prioritet og som har fått størst påplussingar, er ein no på god veg til å nå målet.

Det vil bli arbeidet med å forbedre resultatindikatorane ifm med budsjettet for 2010.

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 1.

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av fjerning, øydelegging eller forfall skal minimaliserast og skal innan år 2020 ikkje overstige 0,5 prosent årleg.	1.1. Føre ei tydeleg og føreseieleg forvaltning av arkeologiske kulturminne.	Strategi og klare faglege føringar for å sikre arkeologiske kulturminne i langsiktig perspektiv. Talet på nye registreringar. Del kommunar som er à jour med registrerte arkeologiske kulturminne i Askeladden. Periodevis tap og skade, og årsaksforhold i utvalte lokalitetar over og under vatn.
	1.2. Halde fortløpande oversikt over tap og endringar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø.	Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar. Vurdering av antikvariske og miljømessige konsekvensar av økonomiske, juridiske og andre viktige vilkår for forvaltning av bygningar og anlegg. Talet på freda bygningar og anlegg og tette trehusmiljø som går tapt i brann. Oppdatert oversikt over verneverdige fartøy innanfor alle kategoriar.
	1.3. Medverke til aktiv bruk og bevaring av kulturminne, kulturmiljø og landskap som grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping.	Betre og meir dokumentert kunnskap om samanhengane mellom verdiskaping og kulturminne, kulturmiljø og landskap.
	1.4. Medverke til at kommunal sektor og andre samfunnssektorar tek meir ansvar for kulturminne og kulturmiljø.	Talet på kommunar med vedteken kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Talet på reguleringsplanar for bevaring. Talet på kommunar og arealbrukande sektorar som nyttar Askeladden. Utviklingsarbeid med kommunane som er sett i verk. Tilstand og utvikling i jordbrukslandskapet ifølgje overvakingsprogrammet 3Q. Sektorsamarbeid bl.a. innanfor kystkultur som er sett i verk. Planlagde tiltak i samband med kulturminneåret 2009.

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 1.

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
	1.5. Halde oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse med tilfredsstillande forvaltning.	Talet på identifiserte kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Talet på område med tilfredsstillande forvaltningsplanar og verkemiddel. Kvalitativ vurdering av utviklinga for kulturmiljø og landskap.
	1.6. Leggje til rette for at kulturminnefondet er ei viktig finansieringskjelde i forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, og eit viktig verkemiddel i verdiskaping med grunnlag i kulturminne.	Talet på prosjekt som har fått tilskot over kulturminnefondet innan prioriterte satsingsområde.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Føre ei tydeleg og føreseieleg forvaltning av arkeologiske kulturminne

Omlagginga av forvaltningspraksis slik at staten no som hovudregel dekkjer utgifter til arkeologisk arbeid ved mindre private tiltak har ført til ein merkbar auke i talet på saker. Frå 2006 til 2007 vart talet på slike saker dobla. Tendensen ser ut til å halde fram. Kostnadene i dei enkelte sakene kan variere mykje som følgje av ulikt omfang på dei ulike tiltaka og ulik karakter og verdi på kulturminna. Tilskota er svært viktige for at privatpersonar kan gjennomføre planlagde tiltak. Den nye praksisen kan òg bidra til at det blir rapportert inn fleire arkeologiske funn. Dette bidrar til ei betre forvaltning og fører til auka oppslutning om vernet av arkeologiske kulturminne.

Det er viktig for kulturminneforvaltninga og andre samfunnsaktørar å ha god oversikt over kor kulturminne og kulturmiljø finst. For å halde oversikt over utviklinga når det gjeld tilstanden til kulturminna og sikre oss mot ukontrollerte tap, blir det gjennomført periodevise kontrollar i avgrensa geografiske område. Oversiktene viser at utviklingstrenden er negativ. *Kulturminnedatabasen Askeladden* inneheld lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon om freda kulturminne, type, kvar dei ligg, tilstand og fredingsstatus og er eit sentralt verkemiddel for forvaltning av kulturminne.

I 2008 er det sett i gang arbeid med å utforme ein tydelegare strategi for å sikre arkeologiske kulturminne på land og under vatn. Arbeidet er planlagt avslutta i 2010. Dette arbeidet skal danne grunnlaget for kulturminneforvaltninga si utøving av mynde og sikre ein føreseieleg forvaltningspraksis.

Musea og Riksantikvaren sine faglege program ved dei respektive institusjonane, gir viktig grunnlag for forvaltning av arkeologiske kulturminne. Miljøverndepartementet set i verk tiltak for å sikre lik og føreseieleg forvaltningspraksis i heile landet. Viktige tiltak som er under gjennomføring, er utarbeiding av felles budsjettmal for arkeologiske utgravingar og retningslinjer for dekning av utgifter til arkeologiske utgravingar ved gjennomføring av mindre, private tiltak. Arbeidet blir avslutta i 2008.

Arbeidsmål 1.2. Halde fortløpande oversikt over tap og endringar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø

Kontrollregistreringar av «SEFRAK»-bygningar viser at tapet av bygningar er stort. Forfall, tap og omfattande endringar betyr ein reduksjon av mangfaldet i bygningstypar. Bygningar som er i aktiv bruk har ein lågare prosentdel av tap. Det må derfor gis løyve til bruksendringar for at bygningar kan brukast og dermed bli tekne vare på.

Rettsakter i EU som blir implementerte i norsk lov, kan påverke høvet til å drive antikvarisk arbeid og bygningsvern. 24 EU-rettsakter er identifiserte som problematiske for antikvarisk arbeid med bygningsvern. Dersom dette arbeidet ikkje blir følgt opp nasjonalt gjennom å syte for nødvendige unntak, kan implementerte rettsakter indirekte bidra til å auke det årlege tapet av verneverdige kulturminne. Noreg medverka i samarbeid med andre europeiske land til at tjære vart teke ut av Biocid-direktivet og sikra dermed høvet til framhalden bruk av tjære ved arbeid på stavkyrkjer og mellomalderbygningar i tre.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) samarbeider med Riksantikvaren om brannsikring av verneverdig tette trehusbusetnad. Det er gjennomført ei kartlegging av ca. 180 trehusmiljø og utarbeidd ein rettleiar. Brannsikringa av den tette trehusbusetnaden i Bergstaden Røros er no avslutta. Brannsikring av busetnaden på Grip er godt i gang. Det er gitt tilskot til brannsikring av fleire andre tette trehusmiljø, blant anna Risør. Det er òg gjort ein stor innsats når det gjeld brannsikring av stavkyrkjene, jf. 2.3. Tilskot til arbeid med brannsikringsplanar er prioritert. Utdringane framover er i stor grad knytte til dei ressursane regional og kommunal forvaltning har til å prioritere og følgje opp arbeidet med brannsikring av tette trehusmiljø.

Arbeidsmål 1.3. Medverke til aktiv bruk og bevaring av kulturminne, kulturmiljø og landskap som grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping

Verdiskapingsprogrammet gir kunnskap om korleis kulturminne, kulturmiljø og landskap kan gi grunnlag for verdiskaping. Fase 1 av programmet går ut i 2010 og omfattar 11 pilotprosjekt som dekkjer heile landet. Erfaringane frå prosjekta så langt viser at kulturarven kan vere viktig ressurs både i stads- og næringsutvikling, og at denne ressursen kan aktiviserast gjennom målretta innsats. Pilgrimsleden som går frå Oslo til Nidarosdomen, kan nemnast som eit vellykka eksempel på eit pilotprosjekt innafor Verdiskapingsprogrammet. Prosjektet har på ein særleg god måte kombinert naturoppleving og kulturminne med ulike former for kommersiell verksemd, og har fått ei ikkje ubetydeleg internasjonal merksemd. Natur- og kulturarven er ein del av grunnlaget for reiselivet i Noreg. Utdringane i prosjekta er å styrkje kompetansen og å utvikle gode samarbeidsrelasjonar og funksjonelle nettverk mellom styresmakter, kompetansmiljø, næringsorganisasjonar, næringsutøvarar og potensielle etablerarar. Prosjekta synleggjer eit stort potensial. Programmet blir midtvegs evaluert ved årsskiftet 2008/09.

Arbeidsmål 1.4. Medverke til at kommunal sektor og andre samfunnsektorar tek meir ansvar for kulturminne og kulturmiljø

Kommunane

Plan- og bygningslova er kommunane sitt viktigaste verkemiddel for å sikre kulturminne og kulturmiljø.

Det er stadig fleire kommunar som tek i bruk Askeladden i sitt arbeid med å sikre kulturminne og kulturmiljø. Pr. 1. juli 2008 har 327 kommunar teke i bruk registeret.

NIKU og Universitetet i Tromsø samarbeider i eit prosjekt for å få fram kunnskap om korleis nokre kommunar har lukkast i å ta vare på viktige kulturmiljø som samtidig fungerer godt i lokalsamfunnet. Sluttrapport vil liggje føre i første kvartal 2009, og vil kunne gi viktig informasjon og inspirasjon til kommunane i kulturminneåret.

Riksantikvaren arbeider med etablering av ein database for by- og tettstadsmiljø som har nasjonal interesse. Databasen er eit verktoy som kan nyttast i saksbehandlinga i kommunane og fylkeskommunane og er planlagt teken i bruk i 2009.

Det er ei utfordring at kommunane ikkje har samla oversikt over verneverdige kulturminne. Miljøverndepartementet vil arbeide for å betre dette, bl.a. gjennom at kommunane si rapportering gjennom KOSTRA-systemet i større grad blir tilpassa behovet for oversikt over verneverdige kulturminne.

Staten

Statens kulturhistoriske eiendommer (SKE) er eit prosjekt under Fornyings- og administrasjonsdepartementet som starta i 2003. Prosjektet omfattar registrering av alle statens bygningar med omsyn til verneverdi. Det er under utarbeiding landsverneplanar for dei ulike statlege sektorane og overordna føresegner for forvaltninga av statens kulturhistoriske eigedommar. Dette er det største bevaringsprosjektet relatert til kulturminne som har vore gjennomført i statleg regi. Prosjektet blir avslutta i 2008. Då vil prosjektet sine oppgåver blir overførte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Miljøverndepartementet.

I løpet av 2007 har dei fleste sektorane starta eller ført vidare arbeidet med landsverneplanar.

14 planar er under arbeid. 3 planar er planlagt ferdigstilte i 2008 og 5 i 2009. Riksantikvaren er rådgivar for alle tiltak på dei kulturhistorisk viktige anlegga. Som ein del av planprosessen skal Riksantikvaren ta stilling til kva slag bygningar og anlegg som skal fredast og gjennomføre fredingar.

I tillegg til å lage landsverneplanar, nyttar ei rekkje sektorar eigne verkemiddel til å sikre kulturminne som representerer verksemda i sektorane.

Landbrukssektoren arbeider med å ta vare på landbrukets kulturarv i samband med nedlegging eller omlegging av drift i landbruket. Dette er ei oppgåve som reiser spesielle utfordringar. Sentrale verkemiddel er dei lokale SMIL-midlane og regio-

nale miljøprogram. I eit samarbeid mellom Statens Landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren blir det utarbeidd eit opplegg for sikring av «Utvalte kulturlandskap i jordbruket».

Store kulturhistoriske og biologiske verdiar skal sikrast god forvaltning gjennom framhalden drift. Det blir òg arbeidd med tiltaksplan knytt til store nye driftsbygningar og tilpassing til kulturmiljø og landskap.

I 2008 blir det valt ut 20 representative jordbrukslandskap med både biologiske og kulturhistoriske verdiar for spesiell oppfølging med omsyn til framhalden drift, jf. omtale under Landbruks- og matdepartementet.

Område innan energisektoren som er spesielt viktige for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, er vindkraft, småkraft, fornying og revisjon av vassdragskonsesjonar og overføringslinjer for kraft.

Olje- og energidepartementet etablerte i 2008 ei sektoravgift, bidrag til kulturminnevern (post 70), på sitt budsjett. Midlane skal gå til å dekkje kostnader til arkeologisk arbeid i samband med fornying og revisjon av vassdragskonsesjonar. Grunnlag for prioriteringar av arkeologiske undersøkingar er beskrive i faglege program, jf. arbeidsmål 1.1.

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren utviklar på oppdrag frå Miljøverndepartementet metodar for landskapsanalysar. Eit høyringsutkast frå første fase skal vere klart hausten 2008. Prosjektet skal i 2009 vidareførast i høve til landskap i kommuneplanar, og landskap og vindkraft, sistnemnde i samarbeid med NVE.

Rettleiar for visualisering av planlagde vindkraftverk vart ferdigstilt i 2007 av NVE i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren.

NVE arbeider for å følgje opp sektoransvaret for sikring, bevaring og formidling av norsk vassdrags- og energihistorie og samarbeider med Riksantikvaren. I 2003-2006 har NVE saman med Riksantikvaren gjennomført prosjektet Kulturminne i norsk kraftproduksjon (KINK), som er ei evaluering av bevaringsverdige vasskraftverk i Noreg.

I 2006 starta det treårige prosjektet «Dammar som kulturminne» som har som mål å presentere eit utval nasjonalt bevaringsverdige dammar i Noreg.

Utbygginga av olje- og gassfelt med overføring via rørleidningar kan ha særleg verknad for kulturminne under vatn.

I desember 2007 la Regjeringa fram ein reiselivsstrategi som har som hovudmål bl.a. å auke verdiskaping og produktivitet i reiselivsnæringa. Innovasjon Norge og Riksantikvaren utarbeider krite-

rium for berekraftig reiseliv. Berekraftig reiseliv er òg viktig for pilotprosjekta i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

Kystverket, Fiskeridirektoratet, ABM-utvikling og Riksantikvaren har utarbeidd felles handlingsplan for arbeidet med kystkultur for 2007-2010. Viktige prioriteringar innanfor handlingsplanen er koordinering av verkemiddel for å sikre ei heilskapleg forvaltning og formidling av kystkulturen og å ta den historiske kystkulturen i bruk som ein ressurs i nærings- og samfunnsutviklinga.

Ei anna viktig prioritering er å synleggjere kulturhistoria langs kysten, mobilisere engasjement for å sikre kystens kulturarv som ein ressurs for lokalsamfunn og regionar, for næringsetablering, og for marknadsføring av produkt og av Noreg som reisemål. Det blir òg arbeidd med eit heilskapleg prosjekt for formidling av utvalte kulturhistoriske epokar i kysthistoria, f.eks. pomorhandelen, hansatida mv. Dette skal gjerast gjennom prosjektet Forteljingar om Kyst-Noreg. I 2008 er det utarbeidd 4 forteljingar.

Kystverket, Fiskeridirektoratet, ABM-utvikling og Riksantikvaren har sidan 2003 arrangert årlege nasjonale kystkulturseminar.

Arbeidsmål 1.5. Halde oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse med tilfredsstillande forvaltning

Kulturmiljø er større område med samansette kulturminneverdiar. Forvaltninga av kulturmiljøa skapar utfordringar, bl.a. fordi ein del av desse også er levande lokalsamfunn og krev forvaltningsplanar som er tilpassa lokale forhold, aktivitet og utvikling.

Det er i dag freda 6 kulturmiljø etter kulturminnelova § 20. Dette er Havråtunet i Hordaland, områda omkring Utstein kloster i Rogaland, Skoltebyen Neiden i Finnmark, Kongsberg Sølverk i Buskerud, Sogndalstrand i Rogaland og Birkelunden i Oslo. Desse representerer svært ulike miljø. Samarbeid mellom kulturminneforvaltninga og eigarar, kommunale styresmakter, næringsliv, organisasjonar og andre instansar er nødvendig for å ta vare på eit kulturmiljø og dei kulturhistoriske verdiane. Sjå òg arbeidsmål 2.4.

Arbeidsmål 1.6. Leggje til rette for at kulturminnefondet er ei viktig finansieringskjelde i forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, og eit viktig verkemiddel i verdiskaping med grunnlag i kulturminne

Kulturminnefondet er den viktigaste offentlege finansieringskjelda når det gjeld ikkje freda, beva-

ringsverdige kulturminne og kulturmiljø. Det er òg ei viktig finansieringskjelde for freda kulturminne. I perioden 2003–2007 har ca. 8 pst. av midlane gått til freda anlegg. Kulturminnefondet har i perioden 2003–2007 gitt tilskot til i alt 421 prosjekt med til saman 72,3 mill. kroner. Kulturminnefondet er òg ei vesentleg finansieringskjelde i verdiskapingsprogrammet. Fondet har frå 2005 og fram til 2008

medverka med 11 382 000 kroner fordelt på 54 søknader innafor verdiskapingsprogrammet. Alle dei 11 pilotprosjekta i programmet har fått støtte.

Kulturminnefondet vart evaluert i 2006. Som oppfølging av evalueringa arbeider Miljøverndepartementet med utkast til endra forskrifter for fondet. Forskriftsutkastet vil bli sendt på høyring ved årsskiftet 2008/2009.

Tabell 7.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 2

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.	2.1. Sikre og formidle kunnskapsverdiar i bergkunst og andre arkeologiske kulturminne over og under vatn.	Talet på lokalitetar der det er sett i gang tiltak for å betre bevaringsforholda for kulturlag. Delen av registrerte arkeologiske kulturminne utan nye skadar. Talet på arkeologiske kulturminne der skjøtsel og tiltak for auka tilgjenge er gjennomført i løpet av året.
	2.2. Gi gode og føreseielege rammevilkår for private eigarar av freda bygningar og anlegg og freda og verneverdige fartøy.	Delen freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå. Talet på fredingssaker som er sette i gang før 1. januar 2005 og som er ferdig behandla. Talet på fredingsvedtak frå før 1979 som er vurderte mot innhald og omfang. Talet på samiske kulturminne som er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. Oppdatert analyse av tilstand og tilskotsbehov for freda og verneverdige fartøy. Tilgang til nettbasert kunnskapsportal for tradisjonsbaserte handsverksfag.
	2.3. Syte for nødvendig progresjon i arbeidet med å sikre og setje i stand utvalte grupper bygningar og anlegg.	Talet på stavkyrkjer som er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. Talet på teknisk-industrielle kulturminne som er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. Talet på ruinar som er sikra og tilrettelagt.
	2.4. Halde fortløpande oversikt over endringar i freda kulturmiljø.	Periodevis kartlegging av vesentlege endringar i freda kulturmiljø.
	2.5. Forvalte dei norske verdsarvstadene i tråd med internasjonale forpliktingar.	Norske verdsarvstader med optimal tilstand, legalt vern og samarbeidsforhold.

Arbeidsmål 2.1. Sikre og formidle kunnskapsverdiar i bergkunst og andre arkeologiske kulturminne over og under vatn

Kunnskapsverdiar i arkeologiske kulturminne over og under vatn er i utgangspunktet best sikra ved at kulturminna får liggje urørte, men dei kan òg sikrast gjennom utgravingar og forskning. Kunnskap blir formidla gjennom målretta informasjonstiltak og ved tilgang til kulturminna. Universell utforming er viktig i forbindelse med tilrettelegging av kulturminne.

I arbeidsmålet inngår arbeid med to av bevaringsprogramma:

Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne, frå store gravfelt og gravhaugar til små gjenstandar, er emne for stort lokalt engasjement. Dette viser bl.a. dei mange medieoppslaga om utgravingar og funn i sommarhalvåret. Målet er å gjere eit representativt utval av arkeologiske kulturminne frå ulike periodar tilgjengeleg for publikum. Skadane på og det ukontrollerte tapet av automatisk freda kulturminne på land og freda kulturminne under vatn er betydelege. Regional kulturminneforvaltning utarbeider oversikter over skadde kulturminne der viktige kulturminneverdiar er i ferd med å gå tapt. Oversiktene er eit viktig grunnlag i prioriteringa av musea sine sikringstiltak. For å sikre kulturminna er det nødvendig å nytte ulike og til dels nye registreringsmetodar, og å byggje ut tilstandsovervakninga. For kvart kulturminne som går tapt mister vi viktig kunnskap. Jord- og skogbruk, industri og vegbygging er eksempel på aktivitetar der faren for å skade eller øydeleggje kulturminne er stor. Arbeidet med sikringstiltak er starta, og blir prioritert der det er lokal interesse.

Riksantikvaren overvakar automatisk freda kulturlag i mellomalderbyane. Målet er å dokumentere bevaringsforhold og -tilstanden til kulturlaga, og utvikling over tid. Endringar av kulturlaga kan skje som følge av menneskeleg verksemd og inngrep eller som følge av naturlege endringar. Nye teknikkar for peling og fundamentering av bygningar opnar no for utbygging av tomter på mellomaldergrunn i dei automatisk freda mellomalderbyane Trondheim, Oslo, Tønsberg, Skien, Sarpsborg, Hamar, Stavanger og Bergen. Det betyr at fleire tomter som i dag ligg utan bygningar kan byggjast ut. Den første utbygging etter dei nye retningslinjene for pefundament starta i Tønsberg i 2008.

Bevaringsprogrammet for Bergkunst

Bergkunsten er ein del av ei verdsomspennande kunsthistorie. Det er til no dokumentert 482 bergkunstlokalitetar. Det er registrert skadar på 95 pst. av desse. Aktiviteten knytt til skjøtsel av arkeologiske kulturminne og bergkunst er aukande. I 2007 vart det frå Riksantikvaren gitt skjøtselstilskot til i gjennomsnitt 4 lokalitetar i kvart fylke. I 2008 og i Kulturminneåret 2009 blir det lagt ekstra vekt på skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne og bergkunst.

Fylkeskommunar og Sametinget har utarbeidd planar for kva som skal prioriterast framover, og kva slag lokalitetar som skal løftast fram spesielt i Kulturminneåret for å synleggjere verdiane og auke forståinga av bevaringsbehovet for denne typen kulturminne. Ei spesiell utfordring er å finne fram til korleis helleristingar kan formidlast til publikum utan at dei nødvendigvis skal målast opp.

Arbeidet med sikring av bergkunst blir ført vidare. Skjøtsel og tilgjenge er prioriterte oppgåver samtidig med at arbeidet med konservering og utvikling av kunnskap om årsaker til nedbryting held fram.

Arbeidsmål 2.2. Gi gode og føreseielege rammevilkår for private eigarar av freda bygningar og anlegg og freda og verneverdige fartøy

I arbeidsmålet inngår arbeidet med tre av bevaringsprogramma:

Bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige

Det er viktig med korrekt kunnskap om tilstanden til dei freda kulturminna for å kunne prioritere tilskotsmidlane til dei kulturminna der behova er størst og effektane best. Miljøverndepartementet har derfor lagt vekt på å få fram ei samla oversikt over tilstanden. Dette vert gjort bl.a. gjennom Riksantikvarens prosjekt for tilstandsregistrering av freda bygningar og anlegg som blir avslutta i 2008. Til no er 60 pst. av freda bygningar i privat eige undersøkt. 35 prosent av bygningane har ordinært vedlikehaldsnivå, mens 2/3 av den freda bygningsmassen treng moderate eller store utbetringar for å oppnå ordinært vedlikehaldsnivå.

På bakgrunn av stortingsmeldinga om kulturminnevern er det også sett i gang eit eige prosjekt for å gjennomgå alle fredingsvedtak fatta i perioden 1923-1979. Prosjektet som skal gjennomgå fredingsvedtaka er omfattande og vil gå fram til 2012.

Erfaringane frå arbeidet er svært positive. Prosjektet har ført til ein god dialog med eigarane, og

det klargjer kva dei eldre fredingane inneber og får fram handlingsrommet for eigarane. Arbeidet gir derfor eit godt forvaltningsgrunnlag for regionalforvaltninga.

Bevaringsprogram for samiske kulturminne

Samiske kulturminne er i aktiv bruk som grunnlag for utvikling av eigen identitet og kultur. Minna omfattar bygningar, spor etter busetnad, heilage fjell og andre naturelement. Sametinget har ein sentral posisjon i forvaltninga. Samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda. Denne avgrensinga ut frå eit reint alderskriterium utan verne vurdering reiser særskilte utfordringar når det gjeld bygningar. Talet på freda bygningar aukar automatisk frå år til år og det finst ikkje fullstendige oversikter over kva bygningar som er freda.

Bygningsverneplanen til Sametinget er følgt opp gjennom det planlagde prosjektet, Sirbmá, i Deatnu – Tana er starta opp. Målet med prosjektet er i tillegg til konkret vernearbeid å utvikle samisk bygningsvernearbeid.

Sametinget har som mål at alle freda samiske kulturminne skal vere registrerte i Askeladden. Det er sett i gang eit prosjekt som skal femne fylke med samisk busetnad slik at alle freda samiske kulturminne blir registrerte.

Bevaringsprogrammet for fartøy

Noreg er ein sjøfartsnasjon med ei omfattande historie. Det betyr òg at vi har ein stor flåte som er av historisk verdi og som utgjer ein stor og viktig del av kulturarven. Fartøyvernprogrammet gjeld dekte fartøy i flytande tilstand. 220 fartøy har ei eller anna form for avtale om vern. 86 fartøy har status som verneverdige skip i skipsregistret, og hittil er *hjuldamparen Skibladner* og *bilferja Skånevik* freda etter kulturminnelova. Dei fleste kulturhistorisk viktige fartøya er eigde av privatpersonar, stiftelsar eller museum. Det er registrert eit betydeleg forfall på dei verneverdige fartøya. Det er ei stor utfordring å snu den negative trenden. Arbeidet med verneplan for fartøy er i gang, og den vil liggje føre i 2009. Planen skal bl.a. gi grunnlag for å velje ut fartøy som skal sikrast varig vern og definere relevante bevaringsmetodar og verkemiddel for å gjennomføre vernet. Dette blir bl.a. gjort gjennom tre nasjonale senter for fartøyvern; Hardanger fartøyvern senter, Nordnorsk fartøyvern senter og båtsamling i Gratangen for bevaringsoppgåver knytte til trefartøy, og Bredalsholmen dokk og fartøyvern senter ved Kristiansand for arbeid med stålskip. Fartøyvern sentera er òg viktige institusjo-

nar lokalt for kultur og sosialt arbeid, sjå òg punkt 3.2.

Kunnskapsportal for tradisjonsbaserte handverksfag

Miljøverndepartementet har saman med byggenæringa førebudd oppretting av ein nettbasert kunnskapsportal for tradisjonsbaserte handverksfag. Nettstaden rettar seg både mot eigarar av eldre busetnad, byggjenæringa, styresmakter og kulturhistoriske fagmiljø, og skal gjere det enklare for alle å finne fram til leverandørar av tradisjonelle handverkstenester og produkt. Dette skal vere ein nettstad der kulturhistoriske fagmiljø når vidt med relevant materiale og rådgiving. Det skal bidra til å heve den generelle kompetansen på området – både hos kjøparar, leverandørar og rådgivarar. Det er planlagt oppstart i 2009.

Arbeidsmål 2.3. Syte for nødvendig progresjon i arbeidet med å sikre og setje i stand utvalte grupper bygningar og anlegg

I arbeidsmålet inngår arbeidet med tre av bevaringsprogramma:

Bevaringsprogram for stavkyrkjene

28 stavkyrkjer er etablerte nasjonale klenodium og Noregs bidrag til verdas kulturarv. Dei har ein sterk posisjon i folks medvit gjennom sin alder og symbolverdi.

Fortidsminneforeininga eig 8 av desse, resten er eigde av kyrkjelyden.

I stavkyrkjeprogrammet er det no sett i stand 9 kyrkjer til ordinært vedlikehaldsnivå. Programmet har avdekt til dels alvorlege skadar på kyrkjene. Istandsetjinga på enkelte av kyrkjene har vore den mest omfattande sidan kyrkjene vart restaurerte for 100-150 år sidan. Programmet har gitt oss ny kunnskap om korleis kyrkjene vart bygde. Ei utfordring i programmet er tilgangen til gode nok byggjematerialar, særskilt til takspan. Det blir no arbeidd med 5 kyrkjer, der istandsetjinga av Urnes stavkyrkje inngår som eitt av arbeida. Etter dette vil det stå igjen 14 stavkyrkjer som skal setjast i stand. Sjå òg arbeidsmål 2.5.

Bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne

Tekniske og industrielle kulturminne viser historia om den industrielle revolusjonen i Noreg og har ei betydeleg allmenn interesse.

Bevaringsprogrammet for 10 tekniske og industrielle kulturminne har komme kortare enn

det som er målet og må prioriterast høgt i 2009. Arbeidet med å setje i stand anlegga er svært krevjande. Tre teknisk-industrielle kulturminne er ført fram til ønskt bevaringstilstand; Industristaden Tyssedal/Tyssedal kraftverk, Klevfos Cellulose- & Papirfabrik og Sjølingstad Uldvarefabrik.

Det er sett i gang arbeid med ein strategi for ferdigstilling av alle dei ti anlegga.

Etter at anlegga er sette i stand vil det framleis vere behov for tilskot til løpande vedlikehald av desse.

Bevaringsprogram for ruinar

Riksantikvarens ruinprosjekt «Bevar forfallet» starta i 2006 og skal avsluttast innan utgangen av 2015. Målet med prosjektet er å få eit utval ruinanlegg ferdig konservert og opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå. Pr. i dag er 6 ruinanlegg ferdig konserverte og det går føre seg konservering på 10 anlegg.

Ruinar med stor nasjonal eller lokal verdi og engasjement frå lokalbefolkninga, blir prioriterte.

Arbeidsmål 2.4. Halde fortløpande oversikt over endringar i freda kulturmiljø

Fram til no er det ikkje gjennomført systematiske kartleggingar av endringar i freda kulturmiljø. Arbeidet med å utvikle eit system for overvaking av freda kulturmiljø blir sett i gang i 2008.

Opplysningar om dei aktuelle kulturmiljøa og kulturminna er registrerte i kulturminnedatabasen Askeladden. Beskrivingar av tilstand er likevel mangelfulle. Dette gjeld både for arkeologiske kulturminne, bygningar og kulturmiljø. Det manglar òg grunnleggjande registreringar om objekt frå nyare tid.

Opplysningane i Askeladden skal gåast gjennom for å få oversikt over kva som manglar for kvar av dei 6 freda kulturmiljøa, sjå arbeidsmål 1.5.

Arbeidsmål 2.5. Forvalte dei norske verdsarvstadene i tråd med internasjonale forpliktingar

Bevaringsprogram for verdsarven

I arbeidsmålet inngår arbeidet med eit bevaringsprogram:

Noreg har sju område på Unescos verdsarvliste. Tre nye område er førte opp på tentativ liste og nominasjon av eitt av desse skal etter planen sendast Unesco i 2009. Det kan ventast forslag om ytterlegare prosjekt til tentativ liste.

Det blir periodisk rapportert til Unesco om tilstanden for verdsarvområda. Dette inneber ein

systematisk gjennomgang av tilstand og utfordringar. Rapporten gir grunnlag for prioritering av innsats.

Det pågår istandsetjings- og vedlikehaldsarbeid ved alle verdsarvstader. Ingen av stadene har optimal vedlikehaldstilstand.

Bergkunsten i Alta

Tilstanden for bergkunsten er tilfredsstillande, men det er behov for skjøtsel for å hindre at områda gror igjen. Tilrettelegging av bergkunsten er òg ei viktig oppgåve. Eigeomsretten til områda der bergkunsten er, skal overførast til Alta kommune.

Bryggen i Bergen

Verdsarven Bryggen i Bergen har ikkje ein tilfredsstillande tilstand. Hovudårsaka til problema er lekkasjar av grunnvatn som bl.a. bidrar til setningsskadar. Bryggen har legalt vern, med ei buffersoner som er sikra gjennom plan- og bygningslova. Det er mange aktørar involverte i verdsarven Bryggen. Store institusjonelle samarbeid er i gang.

Røros

Verdsarvstaden Røros har gjennom mange år blitt tilført ressursar til istandsetjing. Uthusprosjektet held fram, og vel 200 av totalt 400 uthus er no sette i stand. Det blir gjennomført årleg skjøtsel av kulturlandskapet i Småsetran for å halde landskapet ope. Det blir òg gjennomført årlege arbeid på statens eigedommar etter Røros koparverk. Istandsetjing av taubana mellom Olavsgruva og Stortwartz er fullført. Arbeidet med utviding av verdsarvområdet heldt fram i 2008 og vart ført opp på tentativ liste.

Struves Meridianboge

Struves Meridianboge er det første teknisk-vitskapelege kulturobjektet som er innskrevet på verdsarvlista. Struves Meridianboge er einestående i sitt omfang og kvalitet og den representerer eit viktig element i geovitskapen si historie. Meridianbogen går gjennom 10 land og er grunnlaget for å rekne ut krumminga for jordkloden. 4 målepunkt ligg i Finnmark.

Urnes stavkyrkje

Det går føre seg istandsetjing og restaurering av kyrkja. Arbeidet er krevjande, med omfattande grunnarbeid og oppretting. Urnes kan vere ferdig i løpet av 2009. Kyrkja er stengt under istand-

setjinga. Fortidsminneforeininga og Riksantikvaren presenterte derfor ei utstilling om stavkyrkja og stavkyrkjeprogrammet ved Urnes sommaren 2008.

Vega

Vega har status som verdsarv med grunnlag i kulturlandskapet. Det er utarbeidd ein tiltaksplan for kulturlandskapet. På Skjærvær er heile fiskeværet freda. Bremstein fyr, som er i dårleg forfatning, er òg freda. Viktige bygningar i dei gamle vëra er sette i stand og lagt til rette for besøk. Det er likevel behov for istandsetjing av bygningar på ei rekkje av øyane i tillegg til det som allereie er gjort. Ein del ærfuglhus blir òg sette i stand. Desse er utpeikte som viktige delar av verdsarven. Ei rekkje nye besøkspunkt i skjergarden er etablerte, og det blir arbeidd for å opprette eit besøksenter i buffersona på Nes. Det vart halde arkitektkonkurranse for dette i 2008.

Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvstaden Vestnorsk fjordlandskap består av Geirangerfjorden i Møre og Romsdal og Nærøyfjorden i Sogn og Fjordane. Langs fjordane og berghyllene ligg små fjordgardar og i fleire av fjelldalane er det setrar. Dei fleste av gardane er no fråflytte.

Vestnorsk fjordlandskap har status som verdsarvområde med grunnlag i geologi, og naturskjønnheit er verna etter naturvernlova. Området har få vedtaksfreda objekt.

For både Vega og Vestnorsk fjordlandskap er det utarbeidd tilstandsanalyse og tiltaksplan. Utfordringane når det gjeld gjennomføring ligg innafor ansvarsområda til ulike sektorar. Miljøverndepartementet har etablert ei tverrdepartemental gruppe av seks departement for å få til ei samordning av bruk av ulike verkemiddel for å sikre verdsarvverdiane på ein god måte.

Tabell 7.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 nasjonale mål 3

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
3. Den geografiske, sosiale, etniske og tidsmessige breidda i dei vedtaksfreda kulturminna og kulturmiljøa skal betrast, og eit representativt utval kulturminne skal vere freda innan 2020.	3.1. Utarbeide overordna fredingsstrategi for nye fredingar fram til 2020.	Auke i talet på fredingar innanfor svakt representerte hovudgrupper. Talet på landsverneplanar med gjennomført forskriftsfreding.
	3.2. Oppdatere overordna strategi for fartøyvern.	Auka tal freda og bevaringsverdige fartøy innanfor svakt representerte kategoriar.

Arbeidsmål 3.1. Utarbeide ein overordna fredingsstrategi for nye fredingar fram til 2020

Det vil bli utarbeidd ein strategisk plan for gjennomføring av nye fredingssaker slik at dei freda anlegga på ein god måte representerer historia vår.

Erfaringa frå arbeidet med gjennomgang av eksisterande fredingsvedtak og slutføring av pågåande fredingssaker vil vere eit viktig grunnlag for å utarbeide ein overordna fredingsstrategi.

Kulturminne knytte til dei nasjonale minoritetane og til andre minoritetar er sterkt underrepresenterte på fredingslista. I samarbeid med minoritetsgruppene har Riksantikvaren derfor teke initiativ til å få registrert kulturminne for å få laga verneplanar og sikre eit utval for varig vern.

Freding av statlege eigedommar med grunnlag i prosjektet Statens kulturhistoriske eiendommer vil medføre ein sterk auke i fredingar. Resultatet vil

gi eit representativt bilete av statens historie og vil bidra til at nye typar funksjonar blir omfatta av freding. Til ei viss grad vil det òg bidra til å rette opp mishøve i forhold til tidmessig og geografisk breidde.

3.2. Oppdatere overordna strategi for fartøyvern

Formålet med arbeidet med nasjonal verneplan for fartøy skal vere å utvikle ein strategi for korleis eit representativt utval fartøy kan få varig vern. Strategien skal gi grunnlag for å velje ut fartøy som skal sikrast varig vern, og definere relevante metodar og verkemiddel for å gjennomføre vernet. Planen vil liggje føre i 2009 og vil bl.a. bli følgt opp med freding av fartøy med nasjonal verdi. Pr. i dag er to fartøy freda.

Verkemiddel

Lovverk

Forvaltninga av det store mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skjer i stor grad innafor rammene av plan- og bygningslova. Det er derfor viktig å få fram opplysningar tidleg i planarbeidet i kommunane for å unngå dyre og tidkrevjande prosessar. Dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa av nasjonal verdi skal sikrast gjennom freding etter kulturminnelova. I tillegg er det utarbeidd eit eige rundskriv om forvaltning av kyrkje, kyrkjegard og området rundt kyrkja som kulturminne og kulturmiljø.

Økonomi

Finansieringa er i hovudsak dekt av Miljøverndepartementets budsjett, jf. kap. 1429 Riksantikvaren og kap. 1432 Norsk kulturminnefond. Dei økonomiske verkemidla skal i første rekkje nyttast til dei nasjonalt viktige kulturminna. Tilskotsmidla skal gå til konkrete tiltak for å sikre og setje i stand kulturminna. Det er kulturminne med private eigarar som skal prioriterast med tilskotsmidlar. Prinsippa for universell utforming skal vurderast i forhold til relevante tilskot og i utviklingsarbeidet på resultatområdet.

Riksantikvarens økonomiske tilskotsmidlar er i hovudsak retta mot eigar av freda kulturminne og kulturmiljø. Kulturminnefondet har ei viktig supplerande rolle gjennom tildeling av tilskotsmidlar til eigarar av verneverdige og freda kulturminne.

Kunnskap og informasjon

Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø er grunnleggjande for ei god forvaltning og for å skape forståing for vernearbeidet. Viktige verkemiddel i denne samanhengen er mellom anna praktisk opplæring og vidareutdanning av handverkarar og undervisningstilbod i kulturminneforvaltning. Riksantikvaren målrettar informasjon bl.a. mot private eigarar av freda hus og anlegg, fylkeskommunar og kommunar. Ved nye fredingsvedtak vil eigaren få ein informasjonspakke og eit informasjonsblad som blir publisert årleg. Det er utarbeidd bortimot hundre informasjonsark med praktiske råd om istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Dei aller fleste er tilgjengelege på internett. To gonger i året blir det utgitt informasjonsblad med relevante tema for kommunesektoren.

Riksantikvaren samarbeider med universitet og høyskular om målretting og marknadsføring av utdanningstilbod som kan medverke til at kommunane får auka kunnskap om kulturminneforvalt-

ning. Det blir gjennomført kurs og andre opplæringstiltak for ulike forvaltarar, blant anna kyrkjeverjer. Riksantikvaren deltek òg i handverksnettverk og liknande arenaer for å auke kunnskapen og tilgangen på kompetanse i utførande og prosjekterande ledd.

Informasjon til allmenta vil bli styrkt gjennom opning av ei publikumsutgåve av kulturminnedatabasen Askeladden. Lokal deltaking er òg viktig for nå måla.

Samarbeid

Ulike sektorar har stor innverknad på kulturminne, kulturmiljø og landskap gjennom næringsverksemd, byggje- og anleggstiltak og eigedomsforvaltning. Det er derfor etablert eit omfattande samarbeid mellom Riksantikvaren og statlege sektorar med verksemd som kan ha særleg effekt på kulturminna. Siktemålet er å styrkje sektoransvaret og påverke utforming av eksisterande og nye verkemiddel.

Miljøverndepartementet medverkar til at kommunar og samfunnssektorar kan ta meir ansvar for bevaring av kulturminne og kulturmiljø, bl.a. ved å gjennomføre utviklingsprogram som gir erfaringsbasert kunnskap. Andre viktige verkemiddel er utvikling av lovverk som kulturminnelova og plan- og bygningslova, økonomiske verkemiddel og gode styringsdata.

Forskning og miljøovervaking.

Systematisk miljøovervaking og forskingsbasert kunnskap er nødvendig for å ivareta internasjonale forpliktingar og for å nå nasjonale resultatmål. Både oppdragsforskning og forskning i regi av Noregs forskingsråd, forvaltningsmusea og Norsk institutt for kulturminneforskning gir den offentlege kulturminneforvaltninga viktig kunnskap som medverkar til fagleg utvikling og betre forvaltningsgrunnlag.

Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid om å bevare kulturminne og kulturmiljø skjer gjennom nordiske fora, i norsk-russisk samarbeid, innan Europarådet, gjennom EØS-samarbeidet og innafor Unesco. Den nordiske verdsarvstiftelsen (Nordic World Heritage Foundation) skal støtte gjennomføringa av Unescos verdsarvkonvensjon (World Heritage Convention) av 1972. Riksantikvaren er fagsenter for kulturminneforvaltning i bistandsarbeidet og skal bidra til at kulturminneinteressene blir tekne vare på i norske bistandsprosjekt.

8 Resultatområde 3 Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:

- 3.1 Heilskapleg hav- og vassforvaltning
- 3.2 Overgjødsling og nedslamming
- 3.3 Oljeforureining
- 3.4 Miljøgifter
- 3.5 Avfall og gjenvinning

Strategisk mål

Underområde Heilskapleg hav- og vassforvaltning, Overgjødsling og nedslamming, Oljeforureining

Det skal sikrast ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning av hav- og kystområda og ferskvassførekomstane våre. Den samla miljøpåverknaden skal ikkje vere større enn at økosystemas struktur, funksjonsmåte og produktivitet blir oppretthaldne og det biologiske mangfaldet bevart. Det skal vidare sikrast ein vasskvalitet i ferskvatn og marine område som medverkar til å halde oppe arter og

økosystem, og som tek omsyn til helse og trivsel for menneska.

Resultatområde 3 – underområde 1 Heilskapleg hav- og vassforvaltning

Definisjon og avgrensing

Resultatområde 3, underområde 1, omfattar arbeidet med heilskapleg, økosystembasert hav- og vassforvaltning. Ferskvatn og marine område skal sjåast i samanheng. Forvaltninga skal baserast på forvaltnings- og tiltaksplanar som omfattar alle sektorar. Underområde 1 omfattar vidare internasjonalt havmiljøarbeid, slik som oppfølging av Nordsjø-deklarasjonane, OSPAR-konvensjonen, Londonkonvensjonen og konvensjonar innan den internasjonale skipsfartsorganisasjonen (IMO), så vel som relevante EU-direktiv.

Tabell 8.1 Mål- og indikatorstabell for resultat område 3 underområde 1 Hav- og vassforvaltning

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
1. Det skal utarbeidast heilskaplege og økosystembaserte forvaltningsplanar for alle norske havområde innan 2015.	1.1. Leie og koordinere forvaltningsplanarbeidet, og sikre det nødvendige miljøfaglege grunnlaget for utarbeiding, gjennomføring og oppdatering av heilskaplege forvaltningsplanar for norske havområde. Sikre utarbeiding av heilskaplege forvaltningsplanar for Norskehavet i løpet av 2009 og Nordsjøen innan 2015, og i løpet av 2010 ha oppdatert forvaltningsplanen for Barentshavet/Lofoten.	Ha lagt fram ein heilskapleg forvaltningsplan for Norskehavet i tråd med arbeidsmålet. Ha lagt fram ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen i tråd med arbeidsmålet. Ha oppdatert forvaltningsplanen for Barentshavet/Lofoten i tråd med arbeidsmålet.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Leie og koordinere forvaltningsplanarbeidet, og sikre det nødvendige miljøfaglege grunnlaget for utarbeiding, gjennomføring og oppdatering av heilskaplege forvaltningsplanar for norske havområde. Sikre utarbeiding av heilskaplege forvaltningsplanar for Norskehavet innan 2009 og Nordsjøen innan 2015, og i løpet av 2010 ha oppdatert forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten

Gjennom behandlinga av St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav* (havmiljømeldinga) vart det gitt tilslutning til at det skulle utarbeidast heilskaplege forvaltningsplanar for alle norske havområde. Formålet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og gode i havområda, og samtidig halde ved lag struktur, verkemåte og produktivitet i økosystema. Planane skal vidare klargjere dei overordna rammene for eksisterande og ny verksemd i havområda.

Det er miljøforvaltningas ansvar å leie og koordinere arbeidet med heilskaplege forvaltningsplanar, inkludert å sikre det nødvendige miljøfaglege grunnlaget for utarbeiding, gjennomføring og oppdatering av forvaltningsplanar for norske havområde.

St.meld. nr. 8 (2005-2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten* vart, som den første heilskaplege forvaltningsplanen for eit norsk havområde, lagt fram våren 2006. Arbeidet med å gjennomføre forvaltningsplanen er godt i gang. Dei tre rådgivande gruppene som skal bidra til å sikre den faglege gjennomføringa av forvaltningsplanen (overvåkingsgruppa, risikogrupper og fagleg forum) arbeider i tråd med gitt mandat. Arbeidet med å styrkje kunnskapsgrunnlaget, under dette kartlegging av havbotnen, sjøfugl og geologi i Nordland VII, Troms II og Eggakanten går som planlagt. Det er lagt opp til at forvaltningsplan Barentshavet-Lofoten skal oppdaterast første gongen i løpet av

2010, mens det er teke sikte på å revidere heile planen i 2020.

Forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten har gitt ein modell for arbeidet med heilskapleg og økosystembasert forvaltning. Arbeid med det faglege grunnlaget for ein plan for Norskehavet, som har halde på sidan 2007, er ferdig hausten 2008. Regjeringa tek sikte på å presentere forvaltningsplanen for Norskehavet i ei stortingsmelding våren 2009.

Økosystema i Nordsjøen er i aukande grad utsette for belastningar blant anna som følgje av miljøgifter, næringssalt og partiklar, effektar av botntråling og overfiske. Saman med auke i havtemperaturen fører dette til endringar i økosystema. Sukkertaredød og endringar i fiskebestandane er uttrykk for dette. Auka kunnskap er derfor nødvendig. Regjeringa ønskjer at Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet med å etablere ei heilskapleg, integrert og internasjonalt basert forvaltning av Nordsjøen. Eit slikt arbeid må ta utgangspunkt i samarbeid mellom Nordsjølanda.

Ei økosystembasert tilnærming er lagt til grunn i EUs nye direktiv om ei ramme for fellesskapets aktivitet innan havmiljøpolitikk (havstrategidirektivet), som vart vedteke av EU 17. juni 2008. Direktivet vil gi auka fokus på havmiljøarbeid i Europa, noko Noreg som nedstraumsland kan vente å nyte godt av. Direktivet vil òg leggje forholda til rette for at andre europeiske land medverkar til ein plan for heilskapleg forvaltning av Nordsjøen.

OSPAR-konvensjonen om bevaring av det marine miljøet i Nordaust-Atlanteren vil stå sentralt i gjennomføringa av EUs havstrategidirektiv i det nordaustlege Atlanterhavet og vil i tillegg vere den sentrale mekanismen for utvikling av ein regional plan for heilskapleg forvaltning av Nordsjøen. Miljøverndepartementet vil arbeide for at denne planen blir integrert med det arbeidet som blir gjort for å etablere forvaltningsplanar for ferskvatn og kyst i Nordsjølanda.

Tabell 8.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 1 Hav- og vassforvaltning

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
2 For å nå dei kjemiske og økologiske måla i vassforvaltningsforskrifta, skal det med utgangspunkt i vassregionane utarbeidast heilskaplege og økosystembaserte forvaltningsplanar med tiltaksprogram for minst eitt vassområde i kvar vassregion innan 2009, og for alle vassområda i landet innan 2015.	2.1 Samordne og avklare faglegerammer for vassregionane for å sikre grunnlaget for utarbeiding av forvaltningsplanar og tiltaksprogram innan tidsfristane som vassforskrifta set.	Del av alle vassførekomstane som har nådd dei kjemiske og økologiske måla innan fristane i vassforvaltningsforskrifta Framdrift i gjennomføringa av miljøtiltak. Fortløpande vurdering av framdrift og resultat på planane.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Samordne og avklare faglegerammer for vassregionane for å sikre grunnlaget for utarbeiding av forvaltningsplanar og tiltaksprogram innan tidsfristane som vassforskrifta set

Forskrift om rammer for vassforvaltninga implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Vassforskrifta gir rammer for fastsetjing av miljømål for vassførekomstane og skal sikre best mogleg vern og berekraftig bruk av desse. Måla skal nåast gjennom regionale forvaltningsplanar og program for tiltak der alle ansvarlege styresmakter og sektorar medverkar.

Alle vassområda der det skal utarbeidast forvaltningsplanar innan 2009 er karakteriserte for miljørisiko og miljøtruslar. For dei fleste av desse blir det no gjort vidare kartleggingar og vassundersøkingar som grunnlag for arbeidet med tiltaksprogram. Forvaltningsplanane og tiltaksprogramma skal vere ferdige i løpet av 2008 og sendast på høyring våren 2009. Vedtak og godkjenning av desse forvaltningsplanane skal skje i løpet av hausten 2009.

Verkemiddel

Resultatområde 3, underområde 1 Heilskapleg økosystembasert hav- og vassforvaltning er i hovudsak finansiert over Statens forureiningstilsyns budsjetttramme (kap. 1441), og budsjettamma til Direktoratet for naturforvaltning (kap 1427), men i tillegg inneheld kap. 1400, 1410, 1445 og 1471 budsjettmidlar som skal medverke til finansiering av resultatområdet i 2009. Dessutan har Fylkesmannen ansvar for store oppgåver, ikkje minst dei 9 som har vassregionmynde etter vassforskrifta. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er i hovudsak budsjetterte på

kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Nasjonalt skal det utarbeidast forvaltningsplanar for alle havområde. Arbeidet skal koordinerast med internasjonale avtaler, som EUs rammedirektiv for vatn og EUs havstrategidirektiv, og arbeidet med ei norskrussisk samla miljøvurdering for Barentshavet.

For å sikre gjennomføringa av St. meld. nr. 8 (2005-2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljøet i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten* vil regjeringa føre vidare arbeidet med kartlegging av havbotnen (MAREANO) og kartlegging av sjøfugl (SEAPOPOP). Kartlegginga av havbotn prioritert i områda Nordland VII, Troms II og Eggakanten frem mot oppdateringa av forvaltningsplanen i løpet av 2010. Regjeringa vil dessutan føre vidare anna kunnskapsoppbygging om havområdet, under dette vidareutvikling av det samordna overvakingssystemet, vidare oppbygging av miljøprøvedatabanken, kartlegging av tilførsler og nivå av forureining i havområdet og forskning på konsekvensar av langtransportert forureining, konsekvensar av klimaendringar og konsekvensar av samla påverknad på ulike delar av økosystemet.

Regjeringa vil halde fram med utarbeidinga av ein heilskapleg forvaltningsplan for Norskehavet som det er teke sikte på å fremje for Stortinget våren 2009. Arbeidet med heilhetleg forvaltning av havområde er styrkt ytterligare i 2009.

Regjeringa vil vidare at Noreg gjennom det internasjonale samarbeidet i OSPAR og andre organisasjonar skal forsetje å vere pådrivar for at det blir etablert ein felles, regional forvaltningsplan for Nordsjøen. EUs rammedirektiv for vatn, EUs marine strategi og det kommande direktivet for hav vil danne grunnlaget for dette arbeidet. I dette arbeidet vil det bli lagt vekt på å integrere planarbeidet for vassførekomstane på land.

Det overordna miljømålet i vassforvaltningsforskrifta er god kjemisk og økologisk tilstand, eller

godt økologisk potensiale i vassførekomstar som har store fysisk inngrep. Forskrifta er det viktigaste verktøyet for å gjere norsk vassmiljøforvaltning meir heilskapleg og økosystembasert. I St. prp. nr. 75 (2007 -2008) er det blant anna gjort greie for dei økonomiske konsekvensane av gjennomføringa av direktivet. Det er blant anna naudsynt med auka ressursar til vassovervaking, forskning og forvaltning. For 2009 er det foreslått ein betydelig auke i budsjettmidla til gjennomføringa av vassforvaltningsforskrifta. Det blir her

vist til omtale under kap. 1410 post 21 og kap. 1427 post 21.

Resultatområde 3 – underområde 2 Overgjødsling og nedslamming

Definisjon og avgrensning

Resultatområde 3, underområde 2, omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av næringssalt (nitrogen og fosfor) og partiklar til ferskvatn og marine område.

Tabell 8.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 2 Overgjødsling og nedslamming

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
1. Dei nasjonale tilførslene av næringssalt og partiklar til ferskvassførekomstar og marine område som er prega av over gjødsling eller nedslamming, skal redusert til eit nivå som sikrar god økologisk tilstand for vassførekomstane innan 2021 i tråd med krava i vassforvaltningsforskrifta.	1.1. Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med forureiningsforskrifta og bidra til å nå vassforvaltningsforskriftas mål om god tilstand.	Den delen av befolkninga som er knytt til avløpsanlegg som oppfyller reinsekraua i forureiningsforskrifta.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med krava i forureiningsforskrifta og bidra til å nå vassforvaltningsforskriftas mål om god tilstand.

Det nye avløpsregelverket i forureiningsforskrifta del IV trådte i hovudsak i kraft 1. januar 2007.

Regelverket har som formål å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn. Kvart enkelt avløpsanlegg rapporterer årleg kor mykje dei reinsar, og det blir arbeidd med å leggje til rette rapporteringssystemet Forureining slik at nøkkeltal for kor mange av dei aktuelle anlegga som oppfyller krava til primær-, sekundær-, eller tertiærreinsing blir tilgjengelege i 2009.

Tabell 8.4 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3: underområde 2 Overgjødsling og nedslamming

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
2. Ingen vassførekomstar skal nedklassifiserast (bli dårlegare) som følgje av auka tilførsler av næringssalt eller partiklar i tråd med krava i vassforvaltningsforskrifta.	2.1. Sikre at utsleppa frå avløp til vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følgje av tilførsler av næringssalt eller partiklar ikkje aukar.	Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følgje av tilførsler av næringssalt frå avløp.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Sikre at utsleppa frå avløp til vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følgje av tilførsler av næringssalt eller partiklar ikkje aukar.

Dei to nasjonale resultatmåla for overgjødsling og nedslamming byggjer på målsetjingane i vassforvaltningsforskrifta. Måla krev gjennomføring av ei

rekke nye tiltak for å redusere tilførslene av fosfor og nitrogen til ferskvatn og marine område. Overgjødsling er framleis eit betydeleg forureiningsproblem i Noreg, der dei viktigaste tilførslene kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt avløp og industri. Resultata frå grovkarakteriseringa i samsvar med EUs rammedirektiv for vatn, viser at problemet med overgjødsling omfattar omtrent like mange vassførekomstar som forsuring og miljøgifter. Ferskvatn med overgjødslingsproblem finst

særleg i område med tett busetnad eller i landbruksintensive område.

I dei marine områda er det særleg kyststrekninga frå svenskegrensa til Lindesnes som er utsett for negative effektar av overgjødsling. Sjølv om fosfor- og nitrogentilførslene til dette området er reduserte med respektive 64 og 42 pst. i perioden 1985-2005 er mange lokale fjordarmar framleis påverka. Årsaka til overgjødslingsproblema er truleg at tilførselsreduksjonane i ein del område ikkje har vore tilstrekkelege, og auka avrenning frå land på grunn av milde vintrar og auka nedbør i delar av landet. Modellutrekningar viser at langtransporterte tilførsler av næringssalt har gått ned etter 1995, basert på at tilførslene av nitrogen og fosfor frå dei kontinentale elvane har gått ned. Eutrofiering førekjem òg i ein del fjordområde både langs Vestlandet og i Nord-Noreg.

Undersøkingar har påvist omfattande bortfall av sukkertareskog langs kysten i Sør-Noreg. Det er anslått at omlag 90 pst. av sukkertaren er forsvunnen frå den norske Skagerrakkysten og at omlag 50 pst. er blitt borte langs kysten av Rogaland og Hordaland. Sukkertaren er i tillegg forsvunnen enkelte stader frå kystområda i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Langs heile kyststrekninga har sukkertareskogen blitt erstatta med algar som medverkar til at partiklar i vassmassane festar seg og sedimenterer.

Årsaka til bortfallet av sukkertaren, ser ut til å skuldast ein kombinasjon av høgare sjøtemperaturar, lite vind og bølger, og store tilførsler av næringssalt og partiklar. Dette er alvorleg med tanke på at sukkertareskogen er viktig oppvekst- og næringsområde for bl.a. fisk og skaldyr. Statens forureiningstilsyn samarbeider med Direktoratet for naturforvaltning for å kartleggje omfanget og årsakene til tareskogdøden, slik at ein kan få satt i gang nødvendige tiltak. Direktorat frå andre sektorar bidrar òg i arbeidet med å førebu tiltaksanalyser.

Verkemiddel

Resultatområde 3, underområde 2 Overgjødsling og nedslamming er i hovudsak planlagt finansiert over Statens forureiningstilsyns budsjetttramme, jf. kap. 1441, men òg kap. 1400, 1410 og 1445 inneheld budsjettmidlar som skal medverke til finansiering av resultatområdet i 2009. Dessutan har Fylkesmannen ansvar for store oppgåver under resultatområdet. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Gjennom lov om kommunale vass- og kloakkavgifter, med tilhøyrande forskriftsføresegner, er kommunane gitt høve til å dekkje kostnadene sine på avløpssektoren gjennom gebyr. Miljøverndepartementet fører eit overordna tilsyn med korleis denne ordninga fungerer og vurderer behov for eventuelle endringar. Krav til utslepp av avløpsvatn er samla i forureiningsforskriftas del. IV, som gjennomfører eit forenkla søknadssystem for utsleppsløyve basert på standardkrav. Mynde etter dette kapittelet er delt mellom fylkesmannen og kommunen ut frå storleiken på den aktuelle tettstaden.

Innan fiskeoppdrett blir det nytta utsleppsløyve, i medhald av forureiningslova. Statens forureiningstilsyn er konsesjonsstyresmakt for desse utsleppsløyva.

Det er i 2009 avsett 5 mill. kroner til arbeidet med kystovervaking. Midlane vil særleg brukast til å halde fram oppbygginga av kunnskap om bortfallet av sukkertare langs kysten.

Resultatområde 3 – underområde 3 Oljeforureining

Definisjon og avgrensing

Resultatområde 3, underområde 3, omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av olje og andre miljøskadelege stoff til ferskvatn og marine område, inkludert kravstilling til privat og kommunal beredskap mot akutt forureining.

Tabell 8.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 3 Oljeforureining

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
1. Operasjonelle utslepp av olje skal ikkje medføre helse- eller miljøskade, eller medverke til auke i bakgrunnsnivåa av olje eller andre miljøskadelege stoff over tid.	1.1 Operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff til sjø frå petroleumsverksemda skal stansast eller minimerast innan 2005 (nullutslepp).	Utslepp av olje og miljøfarlege stoff i vatn frå petroleumsverksemda.
	1.2. Sjå til at operasjonelle, akutte og ulovlege utslepp av olje, miljøfarlege stoff, avfall og framande organismar til sjø frå skip stansast eller minimerast.	Talet på mottaksordningar for avfall frå skip. Talet på og mengd oppdaga akutte og ulovlege utslepp av olje frå skip.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff til sjø frå petroleumsverksemda skal stansast eller minimerast innan 2005 (nullutslepp)

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) inneber at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff. I Barentshavet og havområda utanfor Lofoten er det lagt til grunn endå strengare krav enn for sokkelen elles. I dette området er det sett krav om at det ikkje skal vere utslepp til sjø av borekaks og produsert vatn ved normal drift, jf. St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* og St.meld. nr. 8 (2005-2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*. Nullutsleppsmålet er basert på førevar-prinsippet og skulle ha vore nådd for både nye og eksisterande installasjonar innan 2005. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikaliar, men ikkje for naturleg førekommande stoff i produsert vatn. Mange av felta hadde implementert tiltak for å redusere utsleppa av produsert vatn innan utgangen av 2005. Enkelte av dei planlagde tiltaka har kravd lengre tid å gjennomføre. Regjeringa vil i 2009 vurdere måloppnåing og behovet for ytterlegare tiltak for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn.

Den viktigaste kjelda til utslepp av olje frå petroleumsverksemda er utsleppa av produsert vatn. Vassproduksjonen har auka kontinuerleg sidan 1997. I perioden 2000 til 2007 auka vassproduksjonen med 39 pst. frå 116,1 mill. m³ til 161,8 mill. m³. I følgje prognosar frå Oljedirektoratet vil mengda produsert vatn auke fram mot 2011 for deretter å bli redusert. Produsert vatn som kjem opp på plattformene med brønnstraumen blir anten pumpa tilbake i reservoaret, eller reinsa og

sleppt ut. I 2007 vart det i alt sleppt ut 1532 tonn olje, målt med ISO-metoden, til sjø saman med det produserte vatnet. Analysemetoden som er nytta for utsleppa av olje med produsert vann i 2007 er endra i forhold tidlegare år, og dette gjer at resultat ikkje kan direkte samanliknast.

Arbeidsmål 1.2. Sjå til at operasjonelle, akutte og ulovlege utslepp av olje, miljøfarlege stoff, avfall og framande organismar til sjø frå skip stansast eller minimerast

Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FN's skipsfartsorganisasjon (IMO). Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere desse konvensjonane og syte for god handheving. Regelverket for utslepp av olje og kjemikaliar frå skip er nyleg revidert og stramma inn, mens konvensjonen som regulerer miljøgifter brukt i botnstoff på skip trätte i kraft i juli 2008. Effektane av desse nye krava er ikkje kvantifiserte, men er rekna for å vere signifikante og betydelege for nokre stoff.

Noreg har tiltredd konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatnkonvensjonen). Når denne konvensjonen trer i kraft vil risikoen for introduksjon av framande arter frå skip bli betydeleg redusert. Ei forskrift om handtering av ballastvatn er på høyring og vil etter planen bli fastsett i løpet av våren 2009.

IMO har utarbeidd nye krav til luftutslepp frå skip som vil fase ut bruk av tungolje på skip. Dette vil redusere risikoen for ulykkesutslepp, generere mindre oljehaldig avfall og slik redusere talet på ulovlege utslepp frå skipsfarten.

Forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip, pålegg alle hamner å syte for etablering og drift av mot-

taksordningar, utarbeide ein plan for avfallshandtering og krevje avfallsgebyr frå skip som trafikkerer hamna uansett om dei leverer avfall eller ikkje («no special fee»). Krava omfattar alle norske hamner, totalt ca. 7 000 hamner av ulik storleik og art. Sjølv om dei fleste offentlege hamnene har utarbeidd avfallsplan og har mottak som fungerer tilfredsstillande, og til ei viss grad har etablert gebyrordninga «no special fee», er det likevel mange hamner som framleis ikkje følgjer krava i forskrifta. Dette skuldast delvis at forskrifta ser ut til å vere dårleg kjent, og i tillegg at særleg dei mindre hamnene oppfattar plikta om å utarbeide avfallsplan som tung.

Dei akutte og ulovlege utsleppa frå skipsfarten utgjer hovudutfordringa. I 1998 vart Nordsjøen oppretta som spesielt område under MARPOL 73/78-konvensjonens vedlegg om oljeforureining frå skip. Dette inneber strengare utsleppskrav enn dei generelle reglane for utslepp av olje frå skip.

Gjennom Kystverkets system for overvaking vart det identifisert ca. 90 ulovlege utslepp frå skip i 2007, som er det same som i 2006. I mengd er utsleppa rekna til å vere i underkant av 670 m³ (570 tonn) olje i 2007, mot 27 m³ (23 tonn) i 2005 og 363 m³ (309 tonn) i 2004. Dei høge tala for 2007 skuldast i stor grad utslepp i samband med forliset av lasteskipet Server utanfor Fedje i januar, som resulterte i utslepp av 380 m³ bunkersolje og 70 m³ olje. I tillegg skjedde det også eit forlis av ein trålar på Nordvestlandet som førte til utslepp av 170 m³ diesel same månaden.

Det ble ikkje rapportert om noen akutte kjemikalieutslepp frå skip i 2007.

Eit samarbeid mellom Nordsjølanda har som mål å oppnå ei meir effektiv straffefølgjing av slike ulovlege utslepp frå skip. Ein reknar med betydelege mørketal for ulovlege utslepp frå skip.

Tabell 8.6 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 3 Oljeforureining

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
2. Risikoen for helse- eller miljøskade som følgje av akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og skal kontinuerleg søkjast ytterlegare redusert. Dette skal òg vere styrande for verksemd som med fører fare for akutt forureining.	2.1 Verksemd som kan medføre akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining.	Talet på og mengd akutte utslepp av olje frå petroleumsverksemd, skip og landbaserte utslepp. Talet på godkjende private og kommunale beredskapsplanar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Verksemd som kan medføre akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse, før leite- og produksjonsverksemd startar. Petroleumsnæringa skal til ei kvar tid syte for dimensjonering og plassering av beredskapsfunksjonar som gir best mogleg beredskap innanfor dei rammene som styresmaktene har sett, bl.a. gjennom krav og vilkår i enkeltløyve. I 2007 var det i alt 167 akutte utslepp av olje på til saman ca. 4 488 m³ (3 815 tonn) frå off-shoreverksemda på norsk sokkel. Dette er ein kraftig auke frå året før, og skuldast utsleppet i samband med lasting på Statfjordfeltet i desember som førte til eit utslepp på 4 400 m³. På landsida har 72 bedrifter utvida beredskapskrav og 34 regionar har beredskapskrav og godkjende beredskaps-

planar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommune dekkjer sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 34 interkommunale samarbeidsregionar som alle har godkjende beredskapsplanar. I 2007 vart det registrert 191 akutte utslepp av olje og andre kjemikalier frå landbasert industriverksemd som til saman utgjorde 280 m³. Dette er ein nedgang samanlikna med utsleppa i 2006. Utsleppa av olje og kjemikalier frå landbasert industriverksemd varierer likevel sterkt mellom dei ulike åra og er sterkt påverka av enkelthendingar.

Akutte utslepp frå skip er omtalt under arbeidsmål 1.2

Verkemiddel

Resultatområde 3, underområde 3 Oljeforureining er i hovudsak planlagt finansiert over Statens forureiningstilsyns budsjetttramme, jf. kap. 1441, men i tillegg inneheld kap. 1400, 1410, 1445 og budsjettmidlar som skal medverke til finansiering av resul-

tatområdet i 2009. Dessutan har Fylkesmannen ansvar for store oppgåver under resultatområde 3. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7 Områdeovergrepande verkemiddel og fellesoppgåver. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Nullutsleppsmålet blir vurdert som oppnådd for tilsette kjemikalier. Det skal likevel framleis vere sterkt fokus på substitusjon (utskifting av kjemikalier med mindre miljøfarlege alternativ). Regjeringa tek i 2009 sikte på å vurdere måloppnåing og behovet for ytterlegare tiltak for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn.

Noreg vil føre vidare arbeidet innanfor FNs sjøfartskonvensjon (IMO) for å medverke til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere konvensjonar og syte for god handheving. Regjeringa arbeider med ei forskrift om handtering av ballastvatn som venteleg vert vedteke i løpet av 2009. Regjeringa vil òg styrkje fylkesmannens arbeid knytt til handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner.

Kravstilling til privat og kommunal beredskap mot akutt forureining frå olje og kjemikalier er òg dekt av dette resultatområdet.

Strategisk mål

Underområde Miljøgifter

Utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier skal ikkje føre til helseskadar, skadar på økosystem eller skadar på naturen si evne til produk-

sjon og sjølvfornyng. Konsentrasjonane av dei farlegaste kjemikaliane i miljøet skal bringast ned mot bakgrunnsnivået for naturleg førekommande stoff, og tilnærma null for menneskeskapte sambindingar.

Resultatområde 3 – underområde 4 Miljøgifter

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere bruk, utslepp og spreing av miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikalier til jord, luft og vatn nasjonalt. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid. Det gjeld bl.a. oppfølginga av Stockholm-konvensjonen, Rotterdam-konvensjonen, miljøgiftprotokollar under FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE) og kjemikaliespørsmål innan OSPAR-konvensjonen, Nordsjø-deklarasjonane og FNs miljøprogram UNEP. Kjemikalier som bryt ned ozon, drivhusgassar og nokre andre kjemikalier som medfører grenseoverskridande og lokale luftforureiningar er dekte under resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft.

Miljøstyresmaktene har ansvaret for den påverknaden kjemikalier har på miljøet generelt. I tillegg har miljøstyresmaktene ansvaret for den påverknaden kjemikalier har på helsa til forbrukarane, mens påverknad på helsa til arbeidstakarane er arbeidsstyresmaktens ansvar. Miljøstyresmaktens ansvar er vidare avgrensa i forhold til nokre bruksområde for kjemikaliane og i forhold til enkelte eigenskapar ved dei. Brann- og eksplosjonsfare knytt til kjemikalier fell utanfor miljøstyresmaktens ansvarsområde.

Tabell 8.7 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter

Nasjonale resultatmål:	Miljøforvaltningas arbeidsmål:	Miljøforvaltningas resultatindikatorar:
1. Utslepp av enkelte miljøgifter (jf. Prioritetslista og kriteria i tabell 8.9) skal stansast eller redusert vesentleg innan 2005 og 2010.	1.1. Sjå til at utslepp av prioriterte miljøgifter blir reduserte eller stansa.	Indeks for utslepp av kjemikalier på prioritetslista vekta etter fare for helse og miljø.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Sjå til at utslepp av prioriterte miljøgifter blir reduserte eller stansa

Arbeidsmål 1 omfattar miljøgifter som utgjer særlege helse- og miljøproblem i Noreg. I følgje målet

skal utsleppa av stoffa på den første delen av lista stansast innan 2005. Utsleppa av dei andre miljøgiftene på lista skal redusert vesentleg innan 2010 i forhold til nivået i 1995.

Tabell 8.8 Liste over prioriterte kjemikalier som er omfatta av det nasjonale resultatmål 1 (Prioritetslista)

Skal reduserast vesentleg innan 2000 og blir freista stansa innan 2005:	Skal reduserast vesentleg, seinast innan 2010:	Skal reduserast vesentleg innan 2010 også dersom stoffa oppfyller eitt av kriteria under:
- Klorparafinar, kortkjeda	- Arsen	1. Stoff som vanskeleg let seg nedbryte, hopar seg opp i levande organismar og som a) har alvorlege langtidsverkningar for helse, eller b) er svært giftige i miljøet. 2. Stoff som svært vanskeleg let seg nedbryte og som svært lett hopar seg opp i levande organismar (utan krav til kjende giftverknader) 3. Stoff som blir funne att i næringskjeda (f.eks. i morsmjølk) i nivå som gir tilsvarande grunn til bekymring. 4. Andre stoff som gir tilsvarande grunn til bekymring, slik som hormonforstyrrende stoff og tungmetall.
- PCB	- Bromerte flammehemmarar	
- Pentaklorfenol	- 1,2 Dikloreten (EDC)	
- Nonylfenol og nonylfenoletosilat	- Dietylheksylftalat (DEHP)	
- Oktylfenol og oktylfenoletoksilat	- Dioksin og furan	
- Enkelte tensid (DTDMAC, DSDMAC, DHTDMAC)	- Heksaklorbenzen	
	- Høgklorerte mellomkjeda parafinar	
	- Klorerte alkyl benzen (KAB)	
	- Muskxylen	
	- Tetrakloreten (PER)	
	- Triklorbenzen	
	- Triklosan	
	- Trikloreten (TRI)	
	- PAH	
	- PFOS-relaterte sambindingar	
	- Tributyltinnsambindingar	
	- Trifenyltinnsambindingar	
	- Bly	
	- Kadmium	
	- Kvikksølv	
	- Krom	
	- Perfluorinert oktansyre (PFOA)	
	- 2,4,6 tri-tert-butylfenol	
	- Dodecylfenol m. isomerer	
	- Bisfenol A	
	- decametylcyklopentasiloxan (D5)	

Dei samla utsleppa av alle miljøgiftene på prioritetslista er reduserte frå 1995 til i dag. Utsleppa av miljøgiftene på den første delen av lista er vesentleg reduserte, og målet om at utslepp av oktyl- og nonylfenol og etoksilata deira skulle vere

stansa innan år 2000 vart etter miljøstyresmaktene sitt syn oppfylt så langt som mogleg. Dette gjeld dessutan for stoffa med mål om stans i utsleppa innan 2005, og tabellen viser resultat for desse.

Tabell 8.9 Stoff der utslepp av enkelte miljøgifter skal stansast innan 2005. Oppdaterte resultat for utsleppsreduksjonar

Miljøgift	Utslepp 1995 (tonn)	Utslepp 2005 (tonn)	Utsleppsred. 1995-2005 (%)
Kortkjeda klorparafinar	1,1	0	100
Nonyl/oktylfenol og etoksilata deira	25	3	89
Pentaklorfenol	Ca. 10	0	100
Enkelte tensid (DTDMAC, DSDMAC, DHTDMAC) (1995-data erstatta med 1998-data)	8	1	89
PCB *(stående masse)	384*	155*	60*

All ny bruk av PCB har vore forboden sidan 1980. Dei viktigaste potensielle utsleppskjeldene for PCB er PCB-haldige produkt i bruk og kasserte PCB-haldige produkt. Ein handlingsplan for å redusere utslepp av PCB vart lagt fram i i 2003. Sett i internasjonal samanheng har Noreg komme langt i dette arbeidet, men vedvarande innsats er nødvendig.

Frå 1980 til 2005 er ca. 86 pst. av den PCB som fanst i ståande masse teken ut av bruk. For eksempel vart 400 tonn PCB i transformatorar og store kondensatorar fasa ut i 1994. Den forskriftsfesta fristen for å skifte ut PCB-haldige kondensatorar i lysarmatur er nylig gått ut. Gamle PCB-haldige isolerglasruter er ei av dei store attverande potensielle kjeldene til PCB-utslepp.

I 2004 vart det innført ei plikt for importørar og produsentar av isolerglasruter til å delta i eit retur-system for PCB-haldige isolerglasruter. Forskrifta syter for at alle som har avfall kan levere kasserte PCB-haldige isolerglasruter til forsvarleg behandling til ein pris som ikkje overstig kva det kostar å levere inn isolerglasruter utan PCB til vanleg mottak. I 2008 vart kommunanes plikt til å ta imot PCB-haldige ruter frå hushald og mindre verksemdar utvida. Hushalda skal kunne levere rutene vederlagsfritt til kommunen. Frå 1. januar 2008 er det innført obligatoriske krav til miljøkartlegging og utarbeiding av avfallsplanar i byggjesaker. Dette kravet er venta å bidra til ein auke av mengda PCB-haldig bygge- og rivingsavfall som blir disponert forsvarleg. Statens forureiningstilsyn følgjer opp utskiftingskrava og krava til handtering av PCB-haldig avfall med kontroll for å sjå til at regelverket er etterlevt.

Utsleppa av miljøgiftene på den andre delen av lista er òg reduserte, og for dei aller fleste stoffa sin del er det venta utsleppsreduksjonar i tråd med målet. Det er likevel naudsynt med framhalden innsats for å nå målet om vesentleg reduksjon for alle stoffa på lista innan 2010. Dette er eit første steg mot målet om å stanse utsleppa innan 2020, sjå resultatmål 2 (tabell 8.10). Det er dei same stoffa som er omfatta av generasjonsmålet som er oppført på prioritetslista. Måloppnåing for alle prioriterte miljøgifter er presentert i Stortingsmelding nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid.*

Miljøvernstyresmaktene vurderer kontinuerleg kva slag stoff som på bakgrunn av kriteria skal vere omfatta av prioritetslista. Ny vitskapeleg informasjon og endra bruksmønster kan aktualisere nye stoff eller gjere andre mindre aktuelle. For nye stoff som blir lagt til lista vil utsleppsreduksjonar og måloppnåing no bli vurdert i forhold til 2020-målet (resultatmål 2, tabell 8.10).

Triklosan er eit stoff som blir nytta som antibakterielt middel i fleire ulike produkt som kosmetikk, hygieneartiklar, tekstilar og plast. Triklosan er svært giftig i miljøet, det hopar seg opp i levande organismar, og tilgjengelege data på forekomst i miljøet tilseier at stoffet er persistent. Stoffet er blant anna påvist i sediment, slam, fiskelever og morsmjølk. Basert på ei samla vurdering synest triklosan å oppfylle kriteria for prioritetslista, og stoffet blir derfor inkludert på lista.

Koppar vart identifisert som ei miljøgift i 1987 og oppført som ei prioritert miljøgift i Noreg i St.meld. nr. 58 (1996-97). Hovudgrunnen til det var at koppar har høg akutt giftverknad, konkrete effektar i vassdrag som følgje av gruveavrenning og store punktutslepp frå industrien. Kriteria for etablering som prioritert stoff var ikkje så klare den gongen som i dag.

Koppar er eit naturleg førekommande metall. Alle levande organismar har reguleringsmekanismer for fysiologisk koppar konsentrasjon. Koppar er eit essensielt sporelement for planter og dyr, men fleire kopparsambindingar er svært giftige for organismar som lever i vatn. Koppar er giftigare for organismar i ferskvatn enn i marint miljø grunna fysiologiske skilnader.

Koppar hopar seg ikkje opp i næringskjedene og har ikkje langtidseffektar som hormonliknande effektar.

Ved å stå oppført på prioritetslista har koppar ved målsetjing og utforming av tiltak blitt vurdert på same måte som andre miljøgifter, der alle typar kjelder og spreining er viktig. Dette vil generelt vere for restriktivt for koppar. Tiltak mot koppar som miljøproblem bør vere basert på konkrete risikovurderingar av aktuell bruk og utslepp, og ikkje retta mot all bruk av koppar og kopparsambindingar generelt. Koppar blir derfor teke ut av prioritetslista.

Tabell 8.10 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
2. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det målet å stanse utsleppa innan ein generasjon (dvs. innan 2020).	2.1. Identifisere nye miljøgifter og arbeide for at utsleppa blir reduserte eller stansa gjennom arbeid nasjonalt og internasjonalt.	Nøkkeltala på feltet er til vurdering.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Identifisere nye miljøgifter og arbeide for at utsleppa blir reduserte eller stansa gjennom arbeid nasjonalt og internasjonalt

Stoffa som er omfatta av generasjonsmålet er dei som er rekna som miljøgifter. Miljøgifter er kjemikaliar som er giftige for helse og miljø, og/eller som er vanskelege eller svært vanskelege å bryte ned i naturen og som hopar seg opp i næringskjedene, (jf. kriteri i tabell 1). Miljøgifter som hopar seg opp i miljøet og næringskjedene medfører ei gradvis forgifting av jord, luft, vatn, menneske og dyr. Det må arbeidast kontinuerleg med å identifisere slike stoff både på nasjonalt og internasjonalt plan.

Generasjonsmålet er nedfelt i miljøgiftstrategien i OSPAR-konvensjonen. Innan OSPAR er rundt 40 stoff eller stoffgrupper prioriterte for tiltak. Eit liknande mål er dessutan blitt vedteke i EUs rammedirektiv for vatn. ECE-protokollane om organiske miljøgifter og tungmetall under langtransportkonvensjonen (LRTAP) trådde i kraft i 2003. Dei globale avtalene Stockholm-konvensjonen om organiske miljøgifter og Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikaliar trådde i kraft i 2004. Avtalene styrkjer den internasjonale reguleringa av miljøgifter, og det blir arbeidd med å få inn strengare krav og inkludere fleire stoff i avtalane. Reduserte utslepp av stoff omfatta av resultatmål 1 og stoff omfatta av internasjonale avtaler og plikter medverkar til at vi kjem nærare generasjonsmålet.

Tabell 8.11 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter


Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
3. Nasjonalt resultatmål Risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar årsaker skade på helse og miljø skal minimerast.	3.1. Arbeide for å minimere risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar fører til skade på helse og miljø.	Risikoindikator for potensiell eksponering for helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Statusbeskriving

Arbeidsmål 3.1. Arbeide for å minimere risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar fører til skade på helse og miljø

Arbeidsmålet er retta mot det meir generelle arbeidet med å hindre helse- og miljøskade frå kjemikaliar. Målet inneber at stadig mindre helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal inngå i produksjon, produkt og avfall, og at kjemikaliar skal nyttast på ein måte som reduserer risikoen for helse- og miljøskade.

Informasjon er nødvendig for at brukarar skal kunne erstatte farlege kjemikaliar med alternativ som medfører mindre risiko, og det er lagt til rette for elektronisk deklarerer av farlege kjemikaliar. Basert på omsetningstal kombinert med eit sett korreksjonsfaktorar som seier noko om korleis kjemikaliane vert brukte, er det utvikla ein risikoindikator for helse- og miljøfarlege stoff, der indikatoren i 2002 er sett lik 1. Figur 8.1 viser utviklinga i denne risikoindikatoren for helsefarlege (CMR-klassifiserte, kronisk giftige og allergiframkallande stoff) og miljøfarlege stoff i perioden 2002 – 2006. Årleg evaluering og betring av berekningsmodellen vil bli gjennomført.



Figur 8.1 Risikoindikatorar: Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. 2002-2006, der 2002=1.

Kjelde: SSB

Tabell 8.12 Mål- og indikatorstabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
4. Spreiing av miljøgifter ¹ frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.	4.1. Syte for gjennomføring av tiltak for opprydding av miljøgifter frå forureina grunn og arbeide for å redusere risiko frå spreieing av andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar.	Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining ² .

¹ Miljøgifter er definerte som kjemikaliar omfatta av nasjonale resultatmål 1 og 2.

² Lokalitetar som er kjende av miljøstyresmaktene der det finst eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreieingsfare, eller andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar med spreieingsfare der det ut frå ei risikovurdering er behov for vidare tiltak.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 4.1. Syte for gjennomføring av tiltak for opprydding av miljøgifter frå forureina grunn og arbeide for å redusere risiko frå forureina grunn og arbeide for å redusere risiko frå spreieing av andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Pr. 1. april 2008 er det 348 kjende lokalitetar med

alvorleg grunnforureining, dvs. lokalitetar som er kjende av miljøstyresmaktene og der det finst eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreieingsfare, eller andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar med spreieingsfare der det ut frå ei risikovurdering er behov for vidare tiltak. Oppfølginga av lokalitetane kan innebere undersøkingar, sikring og overdekning, fjerning av masse, areal-

bruksrestriksjonar eller liknande. Talet på lokalitetar går ned som resultat av gjennomført oppfølging, men det vil òg kunne auke på grunnlag av for eksempel nye undersøkingar, nye utslepp eller revurdering av risiko ved forureininga.

I arbeidet med forureina grunn er det lagt til grunn at spreiring av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg, mens spreiring av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. Særleg blir prioritert oppfølging av stader der forureininga medfører helserisiko for menneske eller der forureininga lek frå grunnen til område som er prioriterte i samband med arbeidet med forureina sjøbotn (sjå arbeidsmål 5.1.). Det blir dessutan vurdert nærare korleis ein kan ta omsyn til særleg sårbare grupper, som for eksempel barn.

Ein handlingsplan for opprydding i forureina grunn i barnehagar vart fremja hausten 2006.

Handlingsplanen inneber at overflatejorda i barnehagane i dei 10 største byane og 5 store industristader skal undersøkjast i løpet av 2008 og eventuell forureining ryddast opp innan 2010.

Statens forureiningstilsyn (SFT) syter for gjennomføring av handlingsplanen i samarbeid med dei aktuelle partane. Alle dei 15 involverte kommunane er no i gang med arbeidet. Enkelte stader har ein allereie sett i gang oppryddingstiltak. For eksempel er Oslo kommune langt på veg ferdig med oppryddinga. Også utskifting av CCA-impregnert trevirke rundt sandkassar og sandbasseng er godt i gang her. Andre kommunar er framleis i ein tidlegare fase og arbeider med å innhente tilbod for å få gjennomført dei aktuelle undersøkingane. Arbeid er òg sett i gang for å undersøkje enkelte barnehagar som ikkje har vore utsette for særleg påverknad av forureining, for å mogleggjere samankning av data.

Tabell 8.13 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 4 Miljøgifter

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
5. Sediment (botnmassar i vatn) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar, skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.	5.1. Syte for gjennomføring av tiltak for opprydding av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i forureina sediment.	Nøkkeltala på feltet er til vurdering.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 5.1. Syte for gjennomføring av tiltak for opprydding av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i forureina sediment

Handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn i St.meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid* bygger på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn for dei 17 høgst prioriterte områda i Noreg. Dei fylkesvise tiltaksplanane er avgrensa til dei delane av fjordane der sjøbotnen er sterkast forureina, og til kjeldeområde på land i tilknytning til desse.

Eit omfattande arbeid er sett i gang med å førebu og gjennomføre oppryddingsprosjekt på dei 17 områda.

For at opprydding i sjøbotnen skal gi varig betring, må viktige nye tilførsler av miljøgifter stansast før opprydding i sjøbotnen finn stad. For dei fleste tiltaksplanområda går det no føre seg arbeid med å gi pålegg om undersøking til dei viktigaste kjeldene, bl.a. skipsverft og annan industri, forureina grunn inkl. deponi og store hamner. Miljø-

vernstyresmaktene har gitt pålegg til dei aller fleste av ca. 100 prioriterte skipsverft om å gjennomføre undersøkingar i grunnen og i sjøbotnen utanfor for å klarleggje behovet for oppryddingstiltak. Det er i tillegg gitt pålegg til 10 store hamner om å kartleggje korleis verksemda deira bidrar til å forureine sjøbotnen, og vurdere behovet for opprydding. Tilsvarende pålegg vil bli gitt til dei største industrihamnene. Deretter vil miljøvernstyresmaktene, der det er nødvendig og juridisk mogleg, gi pålegg om oppryddingstiltak for å stanse utlekking til sedimenta.

Parallelt med at kjeldene blir stengt blir sjøbotnen i dei 17 prioriterte tiltaksplanområda undersøkt, slik at det er grunnlag for å lage detaljerte oppryddingsplanar. Det er viktig at det blir gjennomført grundige prosjekteringsundersøkingar inkludert gode kostnadsberekningar før det blir fatta vedtak om kva slag tiltak som bør setjast i verk.

I dei fleste av tiltaksplanområda har kommunane ei sentral rolle i oppryddingstiltaka som lokal styresmakt, ansvarleg for hamneverksemda og ansvarleg for viktige kjelder til utlekking av miljøgifter som avfallsdeponi og kommunale avløp. SFT

sende i januar 2008 ut invitasjon til dei involverte kommunane om å søkje SFT om økonomisk medverknad til undersøkingar og oppryddingsprosjekt i forureina sjøbotn.

Arbeida med å planleggje og gjennomføre tiltak i forureina sjøbotn er i gang ei rekkje stader. I Oslo har ein f. eks. komme godt i gang med sjølve oppryddingsarbeidet, mens ein framleis er i planleggingsfasen ei rekkje andre stader, f. eks. i Hammerfest, Harstad, Bergen, Grenland, Tromsø, Trondheim, Ålesund, Stavanger, Arendal, og Listerregionen.

Verkemiddel

Resultatområde 3, underområde 4 helse- og miljøfarlege kjemikaliar er i hovudsak planlagt finansiert over Statens forureiningsstilsyns budsjett kap. 1441 og kapitla 1400 og 1410 for 2009. Dessutan har Fylkesmannen ansvar for oppgåver under resultatområde 3.4. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7.1. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett. Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova), Lov om kontroll med produkt og forbrukartenester, og forskrifter gitt i medhald av desse er dei sentrale juridiske styringsverktøya på kjemikalieområdet.

I dette inngår verkemiddel og tiltak for å stanse utslepp frå produkt, både under produksjon, bruk og når dei blir avfall. Streng regulering av utslepp frå industri og prosessutslepp skal leggjast til grunn. Verkemiddelbruken i kjemikaliepolitikken har som føremål å redusere risiko frå helse- og miljøfarlege kjemikaliar generelt, mens det for miljøgiftene er lagt til grunn at alle utslepp skal stansast innan 2020, i tillegg til at utsleppa skal reduserast vesentleg allereie innan 2010.

Regjeringa legg opp til at eit offentleg utval skal sjå på korleis utslepp av miljøgifter kan stansast i medhald av 2020-målet. Utvalet skal gi innspel til styresmaktene om konkrete tiltak som kan setjast i verk for å bidra til at styresmaktene når måla sine. Det skal arbeidast for ei styrkt regulering av helse- og miljøfarlege kjemikaliar både internasjonalt og nasjonalt. Det nye regelverket i EU/EØS om registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikaliar (REACH) vart innlemma i EØS-avtala 14. mars 2008 og godkjent av Stortinget 29. mai 2008. Norsk gjennomføringsforskrift vart fastsett med verknad 30. mai 2008. REACH er no det grunnleggjande systemregelverket i Noreg. Det er òg oppretta eit nytt kjemikaliebyrå (ECHA) i tilknytning til oppfølging av REACH. Deltaking i ECHA medfører auka økonomiske forpliktingar for Noreg. ECHA

skal i utgangspunktet finansierast av gebyr, men vil i oppstartsfasen vere avhengig av bidrag frå EUs budsjett. Gebyrfinansieringa vil bety relativt lite i 2008 og 2009, men vil auke etter dette. EØS/EFTA-landa er òg forplikta til å bidra med ein fast forholdsmessig del. Regjeringa vil bl.a. syte for at norsk forvaltning skal kunne medverke aktivt til at det nye kjemikaliregelverket i REACH sikrar godt vern av helse og miljø og styrkje internasjonalt kjemikaliararbeid. Internasjonalt arbeid er spesielt viktig, då ei stor mengd av dei helse- og miljøfarlege kjemikaliane som blir tilført miljøet i Noreg stammar frå utslepp i andre land, og blir ført til Noreg via luft- og havstraumar. I tillegg blir det innført ei rekkje kjemikaliar via produkt som er produserte utanfor Noreg. Noreg har nyleg foreslått at den bromerte flammehemmaren HBCDD blir inkludert i den globale Stockholm-konvensjonen og i POPs-protokollen under den regionale langtransportkonvensjonen.

Regjeringa vil følgje opp dei nasjonale handlingsplanane for bromerte flammehemmarar, PCB, PFOS, kvikksølv og prioriterte miljøgifter som krev særskilt innsats. Frå 2008 er det innført nasjonalt forbod mot kvikksølv i produkt og utvida forbod mot den bromerte flammehemmaren deka-BDE. Eit forslag til regulering av visse miljøgifter i forbrukarprodukt var på nasjonal og internasjonal høyring i 2007. Miljøverndepartementet har no motteke Statens forureiningsstilsyns forslag til regulering. Kunnskapsheving er òg svært viktig i kjemikaliararbeidet, og Regjeringa vil arbeide for å auke kunnskapen om kjemiske stoff og kartleggje miljøgifter i naturen og i produkt.

Det skal opprettast ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for seinare analysar av miljøgifter. Formålet er å kunne foreta nye analysar av prøver når betre metodar for å oppdage miljøgifter vert utvikla, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrender. Kunnskap frå materialet i ein miljøprøvebank vil blant anna danne grunnlag for tiltak mot forureining med miljøgifter, og gi dokumentasjon om spreiding av miljøgifter som Noreg treng for å vere ein pådrivar for internasjonale reguleringar på miljøgiftområdet. Miljøprøvebanken vil òg bidra til auka utnytting av ressursar og effektivisering innafor overvaking og forskning, i det utnyttinga av innsamla prøver til nye og fleire formål vil bli betydeleg større enn før.

Den nasjonale miljøprøvebanken bør over fleire år byggjast opp for å bli ei fullgod løysing for forskings- og overvakingformål for miljøgifter. Miljøprøvebanken bør innehalde både biologiske prøver på ulike nivå i næringskjeda som fisk og fugl (med fokus på dyr høgt oppe i næringskjeda), og prøver av sediment, luft og nedbør. Humant materiale er òg viktig for å kunne overvake miljøgiftnivå i

menneskekroppen. Den systematiske innsamlinga av miljøgiftprøver skal frå 2009 omfatte faste stasjonar i heile landet inkludert Svalbard, Bjørnøya og dei opne havområda.

Etablering av ein miljøprøvebank for forskning og overvaking av miljøgifter er forankra i St.meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for er tryggere fremtid* og St.meld. nr. 8 (2005-2006) *Helhetlig forvaltning av det marine miljøet i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*.

Regjeringa vil styrkje arbeidet for at forbrukarar skal kunne ta miljøvennlege val, og dermed redusere bruk av produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikalier. Produktregisteret skal halde fram sitt arbeid for å betre tilrettelegginga av offentleg informasjon for allmenta. Regjeringa vil òg auke kontroll og tilsyn med regelverket for helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Miljøstyresmaktene arbeider kontinuerleg med å følge opp handlingsplanen for opprydding i forureina sjøbotn, jf. St.meld. nr. 14 (2006-2007). Prosessen med å førebu og gjennomføre oppryddingsprosjekt i sjøbotn er omfattande og tek tid. Det er mange aktørar involverte i arbeidet, ansvarsforholda er uoversiktlege, saksområdet er både fagleg komplisert og omstridt (eks. Oslo hamn), det er eit stort tal forureiningskjelder. Når tiltaka kjem i gang, er desse ofte være svært omfattande og dyre.

Utgangspunkt for arbeidet med forureina grunn og forureina sediment er at forureinar skal betale, og det viktigaste verkemidlet for å få rydda opp er pålegg etter forureiningslova. Det vil likevel ofte vere behov for bidrag frå det offentlige til dekning av kostnader knytte til undersøkingar og opprydding i område der den ansvarlege ikkje kan påleggjast dei fulle kostnadene. Dette gjeld særleg

ved opprydding i forureina sjøbotn der ansvarsforholda ofte er komplekse og kostnadene store. Det er løyvd midlar til dette arbeidet over Miljøverndepartementets budsjett, sjå postomtalen til kap. 1441 post 39 Oppryddingstiltak.

Strategisk mål

Underområde Avfall og gjenvinning

Det er eit mål å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Dette skal gjerast ved å løyse avfallsproblema gjennom verkemiddel som sikrar ein samfunnsøkonomisk god balanse mellom omfanget av avfall som blir generert, og som blir gjenvunne, brent eller deponert.

Resultatområde 3 – underområde 5 Avfall og gjenvinning

Definisjon og avgrensning

Resultatområde 3, underområde 5 omfattar arbeidet med å redusere miljøskadelege utslepp som følgje av avfall (inkl. farleg avfall), gjennom å redusere avfallsmengdene, auke gjenvinninga, og syte for ei forsvarleg sluttbehandling av avfallet, og å medverke til mindre forsøpling. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, særleg arbeidet med EU-direktiv og oppfølginga av Baselkonvensjonen. Resultatområdet omfattar ikkje kjernefysisk avfall eller avfall frå sprengstoff, eksplosiv m.m. Både fiskeavfall som blir dumpa til sjøs og lausmassar, stein og grus er omfatta av avfallsomgrepet, men dei er ikkje årsak til vesentlege ulemper når det gjeld forureining.

Tabell 8.14 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 5 avfall og gjenvinning

Nasjonale resultatmål:	Miljøforvaltningas arbeidsmål:	Miljøforvaltningas resultatindikatorar:
1 Utviklinga i generert mengd avfall skal vere vesentlig lågare enn den økonomiske veksten.	1.1. Stimulere til at avfallsmengdene blir vesentleg lågare enn den økonomiske veksten ¹ .	Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.

¹ Arbeidsmål og oppfølging/verkemiddel knytte til resultatmål 1 vil i betydeleg grad påverke måloppnåinga for resultatmål 2, og omvendt.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Stimulere til at avfallsmengdene blir vesentlig lågare enn den økonomiske veksten

I perioden 1995–2006 auka den totale avfallsmengda med om lag 30 pst., mens BNP i same periode auka med 37 pst. (SSB 2007). Fram til

rundt 2003 hadde dei totale avfallsmengdene ein vekst i tråd med det nasjonale målet til miljøstyresmaktene om at avfallsmengdene ikkje skal auke meir enn BNP. Hushaldsavfallet har auka meir enn BNP heile perioden. Dette er ikkje i tråd med det nasjonale målet. Etter 2003 har i tillegg næringsavfallet auka raskare enn økonomien. Auken kan

skuldast høg aktivitet i store delar av næringslivet, men òg endringar i datagrunnlag og omlegging av avfallsstatistikken.

Tabell 8.15 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 underområde 5 avfall og gjenvinning

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
2. Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010 med ei vidare opptrapping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljømessig fornuftig nivå.	2.1. Sjå til at det finst rammevilkår for å oppfylle dei nasjonale gjenvinningsmåla ¹ .	Delen av avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling.

¹ Arbeidsmål og oppfølging/verkemiddel knytte til nasjonalt resultatmål 1 vil i betydeleg grad påverke måloppnåinga for nasjonalt resultatmål 2, og omvendt.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Sjå til at det finst rammevilkår for å oppfylle dei nasjonale gjenvinningsmåla

Gjenvinning av avfall omfattar materialgjenvinning, biologisk behandling og energiutnytting. Det oppsto 9,6 mill. tonn avfall i 2006. Nær 70 pst. av ordinært avfall vart gjenvunne i 2006. Av dette vart om lag to tredelar materialgjenvunne. Resten vart anten brent med energiutnytting eller behandla biologisk (SSB 2007). Retursystema for særskilte avfallstypar har oppnådd svært gode resultat, og medverkar til ein positiv auke i delen avfall som går

til gjenvinning. Innsamling av EE-avfall (elektrisk og elektronisk avfall) har hatt ein stor auke etter at retursystemet kom på plass i 1999. I 2007 vart det samla inn 147 500 tonn EE-avfall i Noreg. Dette svarer til rundt 30 kg EE-avfall pr. person. Høg levestandard, rask teknologisk utvikling og kortare levetid på produkt gjer at denne avfallstypen aukar opptil tre gonger så raskt som anna avfall. I 2006 oppnådde retursystema for emballasjeavfall ein samla gjenvinningsdel på 90 pst. Retur av drikkevareremballasje har i mange år gitt positive resultat, til dømes er returdelen for gjenbruksflasker av glas og plast på over 95 pst.

Tabell 8.16 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde avfall og gjenvinning

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Resultatindikatorar
3. Praktisk talt alt farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal redusertast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.	3.1. Sjå til at det finst rammevilkår for å oppfylle dei nasjonale måla for farleg avfall.	Mengd farleg avfall med ukjent disponering. Mengd farleg avfall som blir eksportert til sluttbehandling.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 3.1. Sjå til at det finst rammevilkår for å oppfylle dei nasjonale måla for farleg avfall

1 020 000 tonn helse- og miljøfarleg avfall gjekk til godkjent behandling i 2006, ein auke på 9 pst. frå året før. I 2006 gjekk 88 000 tonn farleg avfall til ukjent handtering. Det er 1 pst. mindre enn i

2005, og 16 pst. mindre enn i 2003 (SSB 2007). Lista over farlege avfallstypar vart utvida frå 1.januar 2003, med blant anna impregnert trevirke og plast med bromerte flammehemmarar. Dette forklarar auken i mengd farleg avfall til ukjent handtering frå 2002 til 2003. Held vi desse typane farleg avfall utanom, gjekk mengda farleg avfall til ukjent handtering ned med 26 pst. frå 1999 til 2006.

Ukjent handtering kan bety at avfallet er gått til godkjent handtering, men at det ikkje er registrert. Men det kan òg bety at avfallet har blitt handtert på uforsvarleg vis eller er hamna i naturen. Tala frå SSB tyder på at ein betydeleg del av mengda som er inkludert i kategorien ukjent handtering faktisk har gått til godkjent handtering og dermed er inkludert i dei 1 020 000 tonna til godkjent handtering.

Oljehaldig avfall utgjorde hovuddelen av mengda farleg avfall til ukjent handtering i 2006, slik situasjonen har vore sidan 1999. Mengda har likevel avteke med 8 pst. frå 2003.

89 pst. av alt farleg avfall til godkjend handtering gjekk i 2006 til spesialdeponi eller andre former for sluttbehandling. Mange typar farleg avfall, bl.a. frå industrien, er vanskelege å gjenvinne, og dette kan vere ei forklaring på den høge sluttbehandlingsprosenten. Ein stor del av det sluttbehandla avfallet blir stabilisert og nytta til landskapsrestaurering.

Verkemiddel

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; lover og forskrifter, avgifter, tilskotsordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Dei sentrale juridiske styringsverktøya på avfallsfeltet er lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) og forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

Resultatområde 3, underområde 5 Avfall og gjenvinning er finansiert over kap. 1441 Statens forureiningstilsyn, kap. 1400 Miljøverndepartementet, og i noko grad over kap. 1410 Miljøforskning og 1429 Riksantikvaren. Dessutan har Fylkesmannen ansvar for store oppgåver under resultatområde 3, underområde 5. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjettert på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

I samband med Stortingets behandling av St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* vart Regjeringa bedt om å komme tilbake til Stortinget med ei eiga sak om avfallspolitikken. I det følgjande blir det derfor gitt ein brei gjennomgang av dei aktuelle verkemidla på avfallsområdet.

Prosjekt for avfallsførebygging

Regjeringa har som mål at veksten i avfallsmengdene skal vere vesentleg mindre enn den økonomiske veksten. Til no har avfallsmengdene vakse omtrent i takt med BNP-veksten, og spesielt har

mengda hushaldsavfall vakse raskt. Frå 2009 vil det bli gjennomført eit prøveprosjekt som har som føremål å bidra til avfallsførebygging og redusert miljøbelastning frå produksjon og forbruk.

Gjennom prosjektet skal ein fremje ei meir miljøvennleg samfunnsutvikling ved å bidra til redusert miljøbelastning frå produksjon og forbruk. Det skal på denne måten leggjeast til rette for ein tettare samanheng mellom forbrukar- og miljøspørsmål, og gjere det enklare for folk å vere miljøvennlege i kvardagen. Det blir løyvd 3 mill. kroner for 2009.

Gjennom prøveprosjektet vil ein supplere tradisjonelle verkemiddel i miljøpolitikken med informasjon og rådgiving for å stimulere bedrifter og privatpersonar til å gjere meir miljøvennlege val. Dette inkluderer mellom anna ei samordna nettløysing for alle som vil handle miljøvennleg i kvardagen, og marknadsføring av eksisterande miljømerke. Det vil og vere aktuelt å gi tilskot til organisasjonar og bedrifter for å utløyse tiltak som bidrar til redusert miljøbelastning frå produksjon og forbruk.

Plastposar

Vi brukar nær 1 milliard plastposar i Noreg kvart år. Plastposane er blitt eit symbol på forbrukarsamfunnet og det er sett fokus på bruk av plastposar som miljøproblem både i Noreg og internasjonalt. Det er bl.a. innført forbod eller andre lovreguleringar i ei rekkje land og byar, mellom anna i Bangladesh, Kina, Paris og San Fransisco. Det er òg teke lokale initiativ for å avgrense bruken av plastposar i Noreg.

Regjeringa har som mål å avgrense veksten i avfallsmengda, dvs. hindre at avfall oppstår. Ein reduksjon i forbruket av plastposar vil kunne bidra til dette.

For å sikre at eit eventuelt verkemiddel retta mot å redusere forbruket av plastposar vart tilstrekkeleg utgreidd, vart Statens forureiningstilsyn gitt i oppdrag å syte for ei kartlegging av miljøkonsekvensane av dagens bruk av plastposar og alternativa til desse. Resultata frå kartlegginga viser at gjenbruksbaggar av plast eller tekstilar er mest miljøvennlege, under føresetnad av at dei blir nytta tilstrekkeleg mange gonger. Kartlegginga viser i tillegg at vi brukar fleire plastposar enn nødvendig. Plastposen kjem likevel totalt sett betre ut miljømessig enn papirposen. Kartlegginga viser òg at plastposane spelar ei viktig rolle i dagens avfallshandtering, ca. 80 pst. av plastposane blir nytta som emballasje av avfall frå hushalda. Positivt er det at kartlegginga viser at ein svært liten del av plastposane hamnar i naturen.

Gjenvinning

Miljøforvaltninga skal medverke til å oppfylle gjenvinningsmåla gjennom forvaltning av forureiningslova, konsesjonspraksis og krav til kommunar og næringsliv.

Strengt krav til handtering av avfall og avgift på sluttbehandling av avfall medverkar til å styre avfallsstraumane i ønskt retning. Særskilte retur- og produsentansvarsordningar for enkelte avfallstypar legg i tillegg til rette for ei stadig aukande grad av gjenvinning.

Produsentansvarsordningane

For å sikre at kasserte produkt blir samla inn og tekne forsvarleg hand om når dei endar som avfall, er det etablert produsentansvarsordningar for batteri, dekk, elektriske og elektroniske produkt (EE), ulike typar emballasje, bilvrak og PCB-haldige isolerglasruter.

I St.meld. nr. 26 (2006-2007) om *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* varsla Miljøverndepartementet at det ville bli sett i gang eit arbeid med å gå gjennom dei ulike produsentansvarsordningane. Dette vart grunnlagt med at det var over 10 år sidan dei første ordningane vart etablerte, og at det derfor var naturleg å vurdere kor vidt det var sider ved dei ulike ordningane som kan gjerast betre og meir effektive.

For å kunne utføre ei evaluering av produsentansvarsordningane, såg departementet behov for å få betre oversikt over dei ulike ordningane slik dei fungerer i dag. Eit arbeid med å kartleggje produsentansvarsordningane vart derfor sett i verk. Kartlegginga vart ferdigstilt i juli 2008. I kartlegginga blir dei eksisterande produsentansvarsordningane beskrivne med vekt på dagens status. Også måloppnåinga for dei ulike ordningane er beskriven.

Nokre sentrale observasjonar frå kartlegginga er:

- Produsentansvarsordningane er baserte på forskjellig grunnlag, frå reine bransjeavtaler til forskriftsbaserte ordningar, avgiftsbaserte ordningar og kombinasjonar av desse.
- Kartlegginga viser at nokre av produsentansvarsordningane er relativt like. Det er eit utstrakt samarbeid mellom fleire returselskap. Eksempel på dette er emballasjesamarbeidet i Grønt Punkt Noreg og samarbeidet gjennom LOOP.
- Kartlegginga viser samtidig at fleire av ordningane er svært forskjellige. Utviklinga av desse har skjedd relativt individuelt avhengig av spesifikke forhold innanfor kvart enkelt avfalls-

straum. Eksempel på dette er ordningane for PCB-haldige isolerglasruter, glasemballasje og EE-produkt.

- Kartlegginga viser at ordningane har utvikla seg sidan etableringa. Konfliktnivået i kjedene og i forhold til avfallsaktørane har normalt vore høgare ved opprettinga av ordningane enn ved seinare endringar eller omleggingar av ordningane. Nokre ordningar er prega av stor konkurranse mellom aktørane, eksempelvis innanfor EE-avfall og bilvrak.
- Kartlegginga viser at måloppnåinga innan dei ulike ordningane varierer ein del, samtidig som dei fleste av ordningane har nådd dei målsetjingane som er nedfelte i bransjeavtalene og/eller i forskriftene.
- Ordningane er svært forskjellige med omsyn til kostnads- og aktivitetsnivå.
- Ordningane er svært forskjellige ut frå mengd og kor farleg avfallet er. Spennet frå 250 000 tonn brunt papir til 200 tonn NiCd-batteri og spennet frå glasemballasje til PCB-haldige isolerglasruter eksemplifiserer dette.
- Ordningane er generelt oppfatta som viktige for å nå fastsette målsetjingar. Det er meir sprikande oppfatningar om kor vidt avtaler er eit føremålstenleg verkemiddel i tida framover.
- Kartlegginga viser at materialverdi og høvet til avsetning er viktige faktorar for resultatoppnåing innan dei ulike ordningane.

Departementet vil, bl.a. på bakgrunn av observasjonane som er gjort gjennom kartlegginga, vurdere hvorvidt og eventuelt korleis det vidare evalueringarbeidet skal leggjast opp.

Utrangerte fritidsbåtar

Ei kartlegging Statens forureiningstilsyn har fått gjennomført anslår at det finst om lag 1 million fritidsbåtar i Noreg. Kartlegginga viser at fritidsbåtene har ei lengre levetid enn ein trudde før, og at det derfor blir utrangert færre fritidsbåtar pr. år enn kva som gjekk fram av tidlegare prognosar. Ein trur at det i 2007 vart utrangert rundt 5 500 fritidsbåtar. Talet på utrangerte båtar er venta å auke til rundt 15 000 i 2017. Det er viktig å understreke at levetidsprofilen er svært samansett og at tala derfor er litt usikre.

Utrangerte fritidsbåtar frå privatpersonar er hushaldsavfall og fell i dag inn under kommunane sitt renovasjonsansvar. Dei fleste kommunane har ikkje eit særskilt tilbod om mottak av denne typen avfall og gjeldande system er heller ikkje særleg kjent. Returdelen av fritidsbåtar til dei kommunale mottaka er relativt låg.

Det er truleg fleire årsaker til den låge returgraden av utrangerte fritidsbåtar. Det er for det første ein velfungerande bruktnarknad for gamle fritidsbåtar. I tillegg er det ikkje uvanleg at fritidsbåtar som ikkje blir brukte blir ståande i hagar og liknande. Det er likevel òg ei kjensgjerning at det framleis førekjem ulovleg disponering av utrangerte fritidsbåtar ved at desse blir brende, senka eller sette att i fjøra e.l.

Miljøproblemet knytt til dei utrangerte fritidsbåtane er likevel sett på som relativt lite, ettersom ulovleg disponerte fritidsbåtar framleis utgjer ei lita mengd avfall. Men prognosane viser at talet på utrangerte fritidsbåtar vil auke dei næraste åra og båtane vil gjerne vere større enn i dag. Dette aukar faren for negative miljøkonsekvensar som følgje av ulovleg disponering av utrangerte båtar.

Kartlegginga viser at ordninga med å levere inn utrangerte fritidsbåtar til dei kommunale avfallsmottaka er for lite kjend både blant kommunane sjølve og befolkninga. Systemet med kommunal innsamling er likevel positivt ved at det byggjer på eksisterande infrastruktur i kommunane med relativt god tilgjenge og kjent avsendar med omsyn til informasjon osv. Det er truleg eit betydeleg potensial knytt til å utvikle vidare dagens system med kommunal mottaksplikt. Statens forureinings-tilsyn vil derfor, i samarbeid med avfallsbransjen, informere kommunane om mottaksansvaret og be dei om å leggje betre til rette for mottak og informere båteigarane om mottakstilbodet.

Ved eit framtidig aukande tal fritidsbåtar som blir kassert, ofte store, vil det kunne bli vanskeleg for kommunane å ta forsvarleg hand om avfallet. Departementet vil difor gi Statens forureiningstilsyn i oppdrag å vurdere ulike alternativ som grunnlag for å vurdere ei heilskapeleg bransjeløysing for utrangerte fritidsbåtar (produsentansvar). Ei eventuell løysing med produsentansvar vil ivareta prinsippet om at forureinar skal betale og bidra til ei meir heilskapeleg og effektiv innsamling og behandling av dei kasserte båtane. Ei bransjeløysing vil i tillegg stimulere til å utvikle gjenvinningsløysingar og incentivløysingar, samt design og produktutvikling.

Forbod mot deponering av nedbryteleg avfall

Årleg oppstår om lag 4 mill. tonn nedbryteleg avfall. Av dette blir 1 mill. tonn deponert. Regjeringa varsla i St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk* at den ville innføre eit forbod mot deponering av nedbryteleg avfall. Forbodet vart fastsett 30. juni 2008 og vil tre i kraft 1. juli 2009. Forbodet inneber at biologisk nedbrytelege fraksjonar som papir, tre, våtor-

ganisk avfall, tekstilar og slam må behandlast på andre måtar enn ved deponering.

Metangassutslepp frå deponi utgjer omtrent 2,2 pst. av klimagassutsleppa i Noreg. Med eit forbod mot deponering av nedbryteleg avfall, er det venta at klimagassutsleppa frå deponi på sikt vil bli reduserte til omtrent ein tredel av nivået i dag. Utsleppa av miljøgifter og næringssalt vil òg bli betydeleg reduserte. Ved å hindre at avfall blir deponert, vil forbodet bidra til auka gjenvinning av avfall. Avfall som elles ville blitt deponert, vil gå til ulike alternative behandlingsformer, som materialgjenvinning, forbrenning med energiutnytting og biologisk behandling.

Når forbodet trer i kraft 1. juli 2009, er det venta at det kan vere mangel på nasjonal behandlingsskapitet. Dette kan føre til noko auka eksport av avfall i ein periode, og at det vil måtte bli gitt einskilde dispensasjonar frå forbodet. Usortert avfall som blir eksportert, blir i hovudsak sendt til energigjenvinning i Sverige. Det blir lagt til grunn at behandlinga i Sverige miljømessig er på same nivå som i Noreg. Det er betydeleg ny behandlingsskapitet under planlegging i Noreg, blant anna som konsekvens av deponiforbodet. Situasjonen vil derfor kunne sjå annleis ut om nokre år. Regjeringa vil likevel følgje med på utviklinga, og vil om nødvendig vurdere ytterlegare tiltak for å auke den nasjonale behandlingsskapiteten.

Avgifter

Sluttbehandlingsavgifta er basert på vurderingar av miljøkostnadene ved deponering og forbrenning av avfall. Deponiforbodet vil medføre endra samansetning av det avfallet som går til deponi. Dermed er det naturleg å gjere ei ny vurdering av miljøkostnadene for eventuelt å endre satsen på deponiavgifta. Utrekningane av miljøkostnader som ligg til grunn for dagens deponiavgift vart utførte midt på 1990-tallet og det er behov for å oppdatere desse. Den nye vurderinga av miljøkostnadene ved deponering vil derfor ta omsyn til både endringar i samansetninga av avfall til deponi og til endringar i verdsetjinga av miljøkonsekvensar. Regjeringa vil i revidert nasjonalbudsjett komme tilbake med ei vurdering av avgifta på deponering av avfall, saman med eit eventuelt forslag til omlegging av avgifta eller avgiftssatsen. Avgift på forbrenning av avfall vart 1. juli 2004 omgjort til ei avgift basert på utslepp av miljøskadelege stoff til luft. Avgifta prisar no miljøkostnadene ved forbrenning av avfall individuelt for alle anlegg.

Miljøavgifta på drikkevareemballasje skal prise kostnader ved at drikkevareemballasje hamnar som søppel i naturen.

Forsøpling

Eingongsgrillar

Bruk av eingongsgrillar utgjør liten helse- og miljøfare, men eingongsgrillane kan utgjere eit forsøplingsproblem. Forsøpling er forbode etter forureiningslova, og det er kommunane sitt ansvar å syte for tilstrekkeleg utplassering og tømning av avfallskonteinarar på utfartsstader. Kommunane har òg ansvar for at det blir rydda opp på slike område. Det ser ut til at kommunane i aukande grad tilpassar seg avfallet frå eingongsgrillane, blant anna ved å setje ut spesialtilpassa avfallskonteinarar på særleg populære utfartsstader, men rydding av eingongsgrillar medfører òg betydelege kostnader for enkelte kommunar.

Miljøverndepartementet har tidlegare vurdert ulike nasjonale verkemiddel som kan redusere forsøplingsproblemet, under dette panteordning, produsentansvar og avgift. Alle desse verkemidla er utfordrande å ta i bruk, både praktisk og administrativt. Eventuelle tiltak mot forsøpling med eingongsgrillar må stå i forhold til omfanget av problemet, og Miljøverndepartementet har til no ikkje sett det som mogleg eller føremålstenleg å innføre nasjonale tiltak.

Forsøplinga med eingongsgrillar avgrensar seg i hovudsak til nokre relativt få kommunar. Det kan derfor vere meir føremålstenleg med lokale enn nasjonale tiltak. Miljøverndepartementet vurderer derfor om det er mogleg å gjere nokre grep på nasjonalt nivå som vil auke det kommunale handlingsrommet i forhold til å få bukt med forsøplinga. Miljøverndepartementet vil gi Statens forureiningstilsyn i oppdrag å vurdere moglege lokale tiltak for å redusere forsøplinga med eingongsgrillar, og korleis staten eventuelt kan bidra til å styrkje kommunanes høve til å gjennomføre slike tiltak. Oppdraget opnar òg for å vurdere tiltak som kan motverke forsøpling generelt.

Farleg avfall

Miljøforvaltningas arbeid på dette området skjer gjennom forvaltning av forureiningslova og avfallsforskriftas kapittel 11 om farleg avfall.

Det fortløpande arbeidet i miljøforvaltninga med regulering og tilsyn med alle som handterer farleg avfall er viktig for å sikre høg grad av innsamling og forsvarleg behandling av farleg avfall. I tillegg medverkar særskilte returordningar til høge tal for gjeving, for eksempel for EE-avfall.

Farleg avfall-strategien

Stadig fleire produkt inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Det gjer at mengda farleg avfall frå slike produkt aukar. Innsats knytt til å redusere helse- og miljøfarlege stoff i ulike produkt, jf. resultatområdet 3, underområde 4, vil ha innverknad på arbeidet med å redusere miljøproblema frå avfall. Kjemikaliepolitikken har som mål å redusere bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier, noko som vil medverke til å redusere mengda farleg avfall som oppstår, såkalla kvalitativ avfallsreduksjon. I tillegg er det behov for at det blir lagt til rette for forsvarleg handtering av farleg avfall frå eit stadig aukande tal produkt. Statens forureiningstilsyn har gjennomført ein farleg avfallstrategi for perioden 2008–2010. SFT vil særleg rette innsatsen mot innsamling av farleg avfall med prioriterte miljøgifter. Dei vil òg auke innsatsen mot ulike fraksjonar farleg avfall med ukjend disponering i større mengder.

Farleg avfall-kampanje

I takt med velstandsutviklinga aukar delen av avfall som inneheld miljøfarlege komponentar. Farleg avfall utgjør derfor eit stadig aukande miljøtrugsmål så lenge det ikkje blir samla inn og behandla forsvarleg. Folks kunnskap om kva som er farleg avfall og kor viktig det er å samle det inn, er ikkje god nok, og det er naudsynt å auke medvitet om den skadeverknaden forbruksprodukt kan ha i miljøet.

Regjeringa har i St.meld.nr.14 (2006-2007) sagt at den vil arbeide for å få samla inn mest mogleg og sikre forsvarleg behandling av det farlege avfallet. Regjeringa har vidare sagt at ho ønskjer utgreidd korleis informasjon om kva som er farleg avfall kan bli gjort betre tilgjengeleg for forbrukarane for såleis å sikre ei effektiv innsamling av desse produkta.

Regjeringa støttar bransjeorganisasjonen Avfall Norges farleg avfall-kampanje 2009 med 2 mill. kroner. Kampanjen har som mål å bidra til å nå desse måla gjennom å gi auka medvit og kunnskap om kva som er farleg avfall for dermed å auke innsamlingsgraden av dette avfallet.

Grensekryssande transport av farleg avfall

Avfallsforskrifta som gjennomfører EF-forordning 1013/2006 i norsk rett, trådte i kraft 1. juli 2008. Forordninga legg stor vekt på kontroll- og tilsynsoppgåver, og stiller klare krav til styresmaktene sitt arbeid for å avdekkje og følgje opp ulovlege transportar. For Statens forureiningstilsyn (SFT) som

import-/eksportstyresmakt medfør forordninga merkbart auka ressursinnsats til saksbehandling og kvalitetssikring av meldingane, og auka innsats på tilsyn og kontroll. SFT reknar òg med at det vil vere aktuelt å intensivere samarbeidet med relevante styresmakter noko.

Regjeringa gir derfor SFT heimel i avfallsforskrifta kapittel 13 til å krevje gebyr for saksbehandlinga av førehandsmeldingar og utarbeiding av samtykkje for eksport og import av avfall. Dette er i tråd med dagens politikk om at staten skal ha høve til å dekkje kostnadene sine knytte til saksbehandling, jf. forureiningslova § 52a, og til prinsippet om at forureinar betalar.

Spillolje

Spillolje er rekna som farleg avfall, og det har derfor høg prioritet å syte for innsamling av spillolje til godkjent behandling. Innsamling og gjenvinning av brukt smøreolje (spillolje) blir stimulert gjennom ei avgift på smøreolje med tilhøyrande avgiftsrefusjon ved innlevering av spillolje til godkjent innsamlar. Sjå nærare omtale av refusjonsordninga under kap. 1441 post 76. For nærare omtale av

avgifta sjå St.prp. nr. 1 (2007-2008) *Skatte, avgifts- og tollvedtak*. Innsamlingsgraden for spillolje er på om lag 85 pst. Før etablering av refusjonsordninga var den på om lag 60 pst.

SFT har fått i oppdrag å vurdere ei produsentansvarsordning for spillolje og er i dialog med bransjen når det gjeld utforminga av ei eventuell ordning. Formålet med produsentansvar vil vere å auke innsamlingsgraden for brukt smøreolje og leggje til rette for at spillolje i så stor grad som mogleg blir gjenvunnen eller utnytta til energiformål. Utforminga av ei eventuell produsentansvarsordning vil ta noko tid. Det vil bli lagt vekt på at ei eventuell ny ordning på dette området vil bli utforma i samråd med dei berørte aktørane i næringslivet. I tilknytning til dette oppdraget har SFT òg fått gjennomført ei utgreiing av ulike høve til å leggje avgift på utslepp ved forbrenning av spillolje. I utgreiinga blir det konkludert med at det truleg har avgrensa negative effektar på dei samla CO₂- og svovelutsleppa at kjøp av smøreolje og brenning/reraffinering av spillolje ikkje er pålagt CO₂- og svovelavgift. Ved ein eventuell overgang til ei produsentansvarsordning, vil det vere naturleg å revurdere dagens avgifts- og refusjonssystem.

9 Resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft

Resultatområde 4: Eit stabilt klima og rein luft består av fem underområde:

- 4.1. Klimaendringar
- 4.2. Nedbryting av ozonlaget
- 4.3. Langtransporterte luftforureiningar
- 4.4. Lokal luftkvalitet
- 4.5. Støy

I 2007 vart det utarbeidd nye nasjonale mål (jf. St.meld. nr. 34 (2006–2007)) og nye arbeidsmål, jf. tabell 9.1. Nokre av desse måla er igjen reviderte som resultat av klimaforliket på Stortinget. Arbeidsmål 1.2 blir ført vidare frå fjorårets budsjett. Dei nye arbeidsmåla er omtalt nærare under statusomtala på underområde 1 Klimaendringar.

Strategiske mål

Konsentrasjonen av klimagassar skal stabiliserast på eit nivå som vil hindre farleg, menneskeskapt

påverknad av klimasystemet i tråd med artikkel 2 i Klimakonvensjonen. Den globale temperaturen skal ikkje auke meir enn 2°C.

Resultatområde 4 – underområde 1 Klimaendringar

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, under dette karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O), og F-gassar (HFK, PFK og SF₆). Departementets arbeid med klima- og skog fell òg inn under dette resultatområdet. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, bl.a. oppfølging av Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen.

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.	1.1. Sjå til at Noreg overoppfyller utsleppsforpliktinga si i 2012 i tråd med målsetjinga, og at Kyotoforpliktinga blir innfridd ved hjelp av betydelege nasjonale utsleppsreduksjonar.	Nasjonal utsleppsutvikling.
	1.2 Medverke til å avgrense og redusere utslepp ved bruk og produksjon av energi i samarbeid med energistyresmaktene.	Nasjonal utsleppsutvikling.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Sjå til at Noreg overoppfyller utsleppsforpliktinga si i 2012 i tråd med målsetjinga, og at Kyotoforpliktinga blir innfridd ved hjelp av betydelege nasjonale utsleppsreduksjonar.

Kyotoprotokollen trådde i kraft 16. februar 2005 etter at Russland hadde gjennomført den avgjerande ratifiseringa. Noreg ratifiserte protokollen i 2002. Dei siste par åra har arbeidet internasjonalt bl.a. vore knytt til å oppfylle forpliktingar under Klimakonvensjonen og praktisk tilrettelegging for

iverksetjing av Kyotoprotokollen. Ein har bl.a. fokusert på operasjonalisering av Den grønne utviklingsmekanismen (CDM).

Regjeringa vil at Noreg skal vere ein aktiv deltakar i internasjonalt klimasamarbeid, bl.a. i arbeidet med å utvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen vidare til å bli miljø- og klimaeffektive instrument for å avgrense utsleppa og auke opptaket av klimagassar. Regjeringa vil leggje til rette for at norsk industri og næringsliv skal kunne delta aktivt i internasjonalt klimasamarbeid, bl.a. gjennom bruk av Kyoto-mekanismane.

Noreg har ei folkerettsleg forplikting under Kyotoprotokollen som inneber at Noregs gjennomsnittlege årlege utslepp i perioden 2008–2012 ikkje skal vere høgare enn 1 pst. over 1990-nivået, det vil seie 50,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Noregs tildelte kvotemengd («assigned amount») vart fastsett etter at dei utsleppstala Noreg leverte i slutten av 2006 (Norges «initial report») hadde blitt gjennomgått av eit internasjonalt høyringsteam under Kyotoprotokollen. Teamet gjekk òg gjennom korleis Noregs system for overvaking og rapportering av utslepp av klimagassar er organisert, og Noregs register for klimakvoter. Desse forholda er funne i orden, og Noreg har derfor frå 22. april 2008 hatt høve til å delta i det internasjonale samarbeidet under Kyotomekanismane. Kyotoprotokollen opnar for at partane, som supplement til nasjonale tiltak eller nasjonale *reduksjonar*, kan bruke Kyotomekanismane til å oppfylle utsleppsforpliktinga. Kyoto-mekanismane består av handel med utsleppskvotar, prosjektsamarbeid mellom industriland som har ratifisert protokollen (JI), og prosjektsamarbeid med utviklingsland (CDM). Stortinget har vedteke at Noreg skal overoppfylle utslippsforpliktinga under Kyotoprotokollen med 10 prosentpoeng. Det nye målet inneber at Noregs utslepp, når det er teke omsyn til bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen, i gjen-

nomsnitt i perioden 2008–2012 skal vere 9 pst. lågare enn dei var i 1990. Regjeringa legg opp til ei brei tilnærming for å innfri Noregs utsleppsforplikting under Kyotoprotokollen. Regjeringas politikk er at utsleppsforpliktinga skal oppfyllest gjennom ein kombinasjon av nasjonale tiltak og bruk av Kyotomekanismane slik protokollen legg opp til, der ein betydeleg del av utsleppsreduksjonane skjer gjennom nasjonale tiltak, jf. St.meld. nr. 34 (2006–2007) *Norsk klimapolitikk*. Det er etablert eit statleg kjøpsprogram for kjøp av kvotar under Kyotomekanismane i Finansdepartementet, jf. St.prp. nr 1. (2008-2009) *Statsbudsjettet for 2009*.

Arbeidsmål 1.2. Medverke til å avgrense og redusere utslepp ved bruk og produksjon av energi i samarbeid med energistyresmaktene.

Regjeringas visjon er at Noreg skal vere ein miljøvennleg energinasjon og vere verdsléiande innafor utviklinga av miljøvennleg energi. I Soria Moria-erklæringa har regjeringspartia slege fast at energipolitikken skal byggje på at miljømåla vil bestemme produksjonsmoglegheitene, og at det er nødvendig å føre ein aktiv politikk for å avgrense veksten i energibruken. Regjeringa vil auke tilgangen på energi gjennom å satse på nye miljøvennlege energiformer.

Tabell 9.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. Regjeringas klimamelding kan utvidast til 15-17 mill. tonn CO ₂ ekvivalentar i høve til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Dette inneber i tilfelle at om lag to tredelar av Noregs totale utsleppsreduksjonar blir tekne nasjonalt.	2.1. Sjå til at utsleppa i Noreg ikkje overstig 35 mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar i 2020, inkludert kvotekjøp og opptak i skog, og medverke til at nasjonale utslepp i 2020 er 15–17 mill. tonn lågare enn referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skogkredittar er inkluderte. 2.2. Etablere eit oppfølgingsregime for dei sektorvise og nasjonale måla for utsleppsreduksjonar, under dette fastsetje kontrollstasjonar fram mot 2020.	Nasjonal utsleppsutvikling. Etablert kontrollstasjon.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Sjå til at utsleppa i Noreg ikkje overstig 35 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, inkludert kvotekjøp og opptak i skog, og medverke til at nasjonale utslepp i 2020 er 15–17 mill. tonn lågare enn referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skogkredittar er inkluderte.

I 2007 var dei samla norske klimagassutsleppa på 55 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i følgje førebelse tal frå Statistisk sentralbyrå og Statens forureiningstilsyn. Dette er nesten 3 pst. meir enn i 2006. Det er først og fremst utslepp i samband med oppstartsproblema ved StatoilHydros anlegg på Melkøya som er årsak til veksten. I 2007 var petroleum og energi ansvarleg for 30 pst. av dei norske utsleppa, transport 29 pst. og industri for 28 pst.

Som svar på denne utfordringa har regjeringa teke initiativ til ein meir offensiv klimapolitikk. Som EU har vi vedteke ei langsiktig målsetjing om at klimaendringane må avgrensast slik at den globale middeltemperaturen ikkje aukar meir enn 2 °C. Regjeringas klimapolitikk vil gi resultat både i forhold til utsleppsforpliktinga under Kyotoprotokollen og i eit meir langsiktig perspektiv. Regjeringa legg stor vekt på dei sektorovergripande, økonomiske verkemidla, og frå 2008 er over 70 pst. av dei nasjonale klimagassutsleppa regulerte gjennom kvoteplikt eller avgifter som set ein pris på utsleppa.

Klimakvotelova trådde i kraft 1. januar 2005. Verksemdene som hadde kvoteplikt overheldt denne plikta i heile perioden 2005-2007. Styresmaktene fekk god erfaring med dei meir tekniske elementa i kvotesystemet som overvaking, rapportering og kontroll av utslepp, noko som kan gjere ein tryggare på at systemet for 2008-2012 vil verke etter føresetnadene. Endringar i lova trådde i kraft 1. juli 2007, og inneber at kvotesystemet frå 2008 vart utvida slik at omfanget vart tre gonger så stort som tidlegare. Det omfattar blant anna petroleumsværksemda på norsk sokkel i tillegg til landbasert industri og energianlegg over 20 MW. Over 40 pst. av dei norske klimagassutsleppa vil vere kvotepliktige. Regjeringa har vedteke å inkludere produksjon av mineralgjødsel frå 1. juli 2008 og vurderer kvoteplikt for ytterlegare verksemdar innafor bl.a. produksjon av aluminium, ferrolegeringar og kjemisk industri. Kvotesystemet vil saman med CO₂-avgifta og andre verkemiddel medverke til å redusere utslepp av klimagassar på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte.

Partane i EØS vart samde om å innlemme kvotedirektivet i EØS-avtala 26. oktober 2007. Denne

avgjerda trådde i kraft 29. desember 2007. Regjeringa sende den nasjonale tildelingsplanen til EFTAs organ for overvaking (ESA) den 28. mars 2008. ESA skal i prinsippet fatte ei avgjerd to månader etter at dei har fått planen, eller så raskt som mogeleg etter det tidspunktet. ESA bad om meir informasjon, som vart gitt i slutten av mai, og den 16. juli 2008 fatta dei sitt vedtak. ESA aksepterer i sitt vedtak av 16. juli i hovudtrekk den norske tildelingsplanen, men krev enkelte justeringar i tildelinga av vederlagsfrie kvoter til verksemdar på fastlandet. Dette er ein føresetnad for at ESA skal godkjenne tildelinga, kvotene kan utstedast og det norske kvotesystemet fullt ut kan knytast til det europeiske. ESA har ingen innvendingar mot det miljømessig høge ambisjonsnivået i planen, dvs. at det blir tildelt få kvoter i høve til utsleppa i 2005 og framskrivinga for 2008-2012.

Regjeringa har valt å etterkomme ESAs krav til justeringar. Det må derfor bl.a. bli etablert tildelingsreglar som tek vare på omsynet til dei 12 bedriftene med utsleppsløyve som ikkje hadde utslepp i basisperioden 1998-2001, og som derfor ikkje ville ha rett til vederlagsfrie kvoter i medhald av kvotelova, jf. Ot.prp. nr. 66 (2006-2007) *om lov om endring i klimakvoteloven m.m.* Justeringane føreset endring av klimakvotelova og klimakvoteforskrifta. Dei nødvendige lov- og forskriftsendringane vil bli fastsette så snart som mogleg.

Den samla kvotemengda vil bli minst 20 pst. lågare enn dei kvotepliktige sine utslepp i 2005 og er vurderte til om lag 14 mill. tonn pr. år. Dei kvotepliktige vil ha høve til å nytte kvoter frå dei prosjektbaserte kyotomekanismane svarande til 13 pst. av utsleppa sine, eller 20 pst. av den samla kvotemengda.

Regjeringa har vedteke å innføre kvoteplikt frå 1. juli 2008 for utslepp frå lystgass frå produksjon av mineralgjødsel. Dette gjeld i praksis Yaras to fabrikkar i Noreg. Denne avgjerda er no til godkjenning i ESA.

Regjeringa har ein tredelt strategi for å nå målsetjingane i klimapolitikken. Ei betre internasjonal klimaavtale er det første og viktigaste elementet i klimapolitikken. Det andre elementet er at Noreg må medverke til utsleppsreduksjonar i utviklingsland og raskt veksande økonomiar som Kina, India mfl. Det tredje elementet er at innsatsen for reduksjon av utslepp i Noreg må intensiverast.

Regjeringa inngikk i februar 2008 eit klimaforlik med opposisjonspartia på Stortinget, unnateke Fremskrittspartiet. Avtala inneber ei sterkare satsing på fleire område, blant anna på fornybar energi, på forskning og teknologiutvikling, og tiltak for å redusere utsleppa frå transportsektoren (inkl. biodrivstoff).

I klimameldinga anslo Regjeringa at det var realistisk å ha eit mål om å redusere utsleppa i Noreg med 13-16 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i forhold til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Basert på ei skjønnsvurdering meinte partane i klimaforliket at dei nye tiltaka gjer det realistisk å anta ytterlegare utsleppsreduksjonar i Noreg. Partane meinte derfor at intervallet frå Regjeringas klimamelding kunne utvidast til 15–17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i høve til referansebana slik den er presentert i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Dette inneber i tilfelle at om lag to tredelar av Noregs totale utsleppsreduksjonar skjer nasjonalt.

Grunna den store uvissa fann partane ikkje grunnlag for å fordele desse reduksjonane på sektorar.

Regjeringa set i verk ei rekkje tiltak som skal setje oss betre i stand til å vurdere om bruken av verkemiddel er stram nok til at vi når dei klimapolitiske målsetjingane våre for nasjonale utslepp. Ei SFT-leia faggruppe skal vurdere behovet for å innføre endra eller nye verkemiddel som skal til for å nå måla om kutt av 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Faggruppa overordna mandat er å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for den vurderinga av klimapolitikken og behov for endra verkemiddel som skal leggjast fram for Stortinget 2010.

Faggruppa skal vurdere i kor stor grad eksisterande verkemiddel bidrar til å nå Noregs mål for nasjonale utsleppskutt og vurdere behovet for nye/endra verkemiddel, knytt til målet om å redusere utsleppa i Noreg i 2020 med 15-17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i forhold til referansebanen når skog er inkludert.

Faggruppa skal utarbeide ein verkemiddel- og tiltaksanalyse og gjennomføre ein vurdering av forventta kvotepris i 2012, 2015 og 2020 med utgangspunkt i blant anna analysane som gjerer i forbindelse med perspektivmeldinga. Faggruppa skal vidare gjennomgå utviklinga i mål - og verkemiddelbruk internasjonalt med føremål å vurdere implikasjonane for verkemiddelbruken i Noreg.

Regjeringa vil òg syte for at CO₂-verknader av alle større satsingar blir ein del av avgjerdsgrunnlaget i form av eit såkalla klimagassbudsjett, når statsbudsjettet blir lagt fram kvart år. Vidare vil det i budsjettproposisjonen årleg bli rapportert status i forhold til dei sektorvise klimamåla. Klimagassbudsjettet er no under utvikling. Eit endelig opplegg for klimagassbudsjett blir presentert med statsbudsjettet og i nasjonalbudsjettet for 2010. Sjå nærare omtale nedanfor.

Arbeidsmål 2.2. I løpet av 2008 etablere eit oppfølgingsregime for dei sektorvise og nasjonale måla for utsleppsreduksjonar, under dette å fastsetje kontrollstasjonar fram mot 2020.

SFT leiar ei faggruppe som i samarbeid med andre relevante etatar vil utarbeide det faglege grunnlaget for ei vidareutvikling av nasjonal verkemiddelbruk. Ein omforeina rapport basert på faggruppa sitt arbeid skal leggjast fram innan 1. november 2009.

Klimagassbudsjett

Som bestemt i klimaforliket skal det årleg i forbindelse med oppfølging av berekraftstrategien, og dei ordinære budsjettfremlegg, leggjast fram ei rapportering/klimagassbudsjett som vurderer konsekvensane for klimagassutslepp og som rapporterer om utsleppsutviklinga og gjennomføringa av klimapolitikken. Eit prøveprosjekt for slik rapportering er blitt gjennomført i samband med budsjettet for 2009. Regjeringa tar sikte på å komme tilbake med eit heilskapeleg opplegg i budsjettproposisjonen for 2010. Klimagassbudsjettet skal altså gi ei oversikt over klimagassutsleppa som følgjer av Regjeringas største satsingar i statsbudsjettet. Bidrar dei ulike satsingane i ei retning som set landet i stand til å innfri klimamåla sine? Effekten av satsingane skal vurderast anten dei gir auka utslepp som for eksempel ved enkelte vegprosjekt, eller dei gir reduserte utslepp som for eksempel satsinga på karbonfangst og -lagring. Klimagassbudsjettet skal òg innehalde tiltak som skatte- og avgiftsendringar og satsingar innan forskning og utvikling.

Systemet med handel med klimakvotar og kvoteprisen er viktige premisser for klimagassbudsjettet. Norske bedrifter med kvoteplikt kan følgjelig velje mellom å kutte eigne utslepp eller kjøpe kvoter.

Regjeringas klimagassbudsjett skal setjast opp årleg. Det skal givast tal både for budsjettåret og for 2020. På den måten vil det bli tydeleg i kva grad den enkelte satsinga bidrar til at Noreg når klimamåla sine, som til dømes det som omtalast i klimameldinga og forliket om at det er realistisk å ha som mål å kutte dei innanlandske klimagassutsleppa med 15-17 mill. tonn i forhold til referansebana i nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert.

Å rekne ut effekten for klimagassutsleppa av ulike satsingar på statsbudsjettet er ei svært utfordrande oppgåve. Det er viktig at det blir brukt ein heilskapeleg og gjennomarbeidd metodikk for alle sektorar. Miljøverndepartementet har sett ut eit

prosjekt til Statens forureiningstilsyn, som saman med Statistisk sentralbyrå skal anbefale ein metodikk som skal brukast. Regjeringa vil vurdere utforminga av klimagassbudsjettet mellom anna i lys av det arbeidet som utførast av Statens forureiningstilsyn og Statistisk sentralbyrå. Klimagassbudsjettet er ment å vere eit nyttig supplement til den tradisjonelle framstillinga av budsjettet. Det

første klimagassbudsjettet sett opp vil etter planen bli presentert i neste års budsjettproposisjon for 2010 frå Miljøverndepartementet og i Nasjonalbudsjettet for 2010.

Det blir som nemnt ikkje presentert eit ferdig klimagassbudsjett i samband med 2009-budsjettet. Nye framskrivingar vil bli lagt fram i Perspektivmeldinga.

Tabell 9.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
3. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030. (Merknad: målet er oppdatert i tråd med klimaforliket i fjor haust)	3.1. Medverke til at Noreg er karbonnøytralt i 2030, bl.a. ved å delta i kvotehandel og ha ein strategi for korleis Noreg på sikt skal bli eit lågutsleppssamfunn.	Nasjonal utsleppsutvikling. Tilstrekkelig bruk av fleksible mekanismer eller andre slik de måtte vere i 2030.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 3.1. Medverke til at Noreg er karbonnøytralt i 2030 bl.a. ved å delta i kvotehandel og utarbeide ein strategi for korleis Noreg på sikt skal bli eit lågutsleppssamfunn.

Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der òg andre industriland tek på seg store plikter, vart partane i klimaforliket samde om at Noreg skal ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.

Partane meinte at det er viktig å få oppslutning om ei rask iverksetjing av klimatiltak. Som del av gjennomføringa av våre plikter etter Kyoto-avtala vil Noreg finansiere utsleppsreduserande tiltak i andre land, i hovudsak i utviklingsland. Partane er samde om at vi vil overoppfylle vår utsleppsforplikting i Kyoto-avtala med 10 prosentpoeng. Dette er

midlar som fullt ut går til utsleppsreduserande tiltak i andre land, i hovudsak i utviklingsland. Basert på dagens kvoteprisar representerer dette ei satsing på om lag 5 mrd. kroner over Kyoto-perioden.

Det er eit mål å stimulere andre land til å setje seg høge klimamål. Partane vart samde om at Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet for ei ny og meir ambisiøs internasjonal klimaavtale, med utgangspunkt i målet om at den globale temperaturauken skal haldast under 2°C samanlikna med førindustrielt nivå. Dei rike landa må ta ein vesentleg høgare del av utsleppsreduksjonane, fordi vegen ut av fattigdom for utviklingslanda føreset auka bruk av energi. Noregs truverde som pådrivar er avhengig av at vi reduserer eigne utslepp, bidrar til utvikling av teknologi og til å vise at det er mogleg å kople økonomisk vekst frå vekst i klimagassutsleppa. Noreg må saman med andre rike land ta ei leiarrolle i arbeidet med å utvikle eit godt, klimavennleg samfunn.

Tabell 9.4 Mål- og indikatortabell resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar- klima- og skogprosjektet

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
4. Noreg skal bidra til å avgrense dei globale oppvarmingane til 2°C relatert til førindustrielt nivå	4.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å redusere utslepp og auke opptaket av klimagassar.	Status for dei internasjonale forhandlingane og oppfølging av avtalene i dei enkelte landa. Resultat frå forhandlingar om nye forpliktingar etter 2012. Gjelder og arbeidsmål 4.2.
	4.2 Å bidra til at utslepp frå skog blir omfatta av ei ny internasjonal klimaavtale.	Det vert arbeida med indikatorar/metodar. I mellomtida leggjast kvalitative vurderingar av igangsatte tiltak til grunn.
	4.3 Bidra til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar.	Det vert arbeida med indikatorar/metodar. I mellomtida leggjast kvalitative vurderingar av igangsatte tiltak til grunn.
	4.4 Å bidra til å ivareta naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon.	

Statusbeskriving

Arbeidsmål 4.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å redusere utslepp og auke opptaket av klimagassar.

Hovedutfallet frå klimatoppmøtet på Bali i desember 2007 er «The Bali action plan» (Baliplanen). Dette er ei avgjerd om ein forhandlingsprosess under Klimakonvensjonen fram mot København i 2009, der siktemålet er å få eit nytt klimaregime på plass som omfattar alle land, under dette USA. Denne prosessen skal gå parallelt med forhandlingane om ein ny forpliktingsperiode for i-landa under Kyotoprotokollen, som òg skal slutførast i København i 2009. Baliplanen, saman med blant anna prosessen rundt ein ny forpliktingsperiode under Kyotoprotokollen og avgjerder knytte til ulike problemstillingar vedrørende skog, utgjer samla den såkalla «Bali road map» (Bali-vegkartet).

I tillegg til dei ordinære forhandlingsrundane under Konvensjonen, har det vore to ekstraordinære rundar i 2008. Den siste, i Accra/Ghana i slutten av august 2008, var finansiert av Noreg. I 2009 kan det bli behov for eit endå tettare program for å kunne komme fram til løysingar i København.

Det følgjer av Baliplanen at partane skal bli samde om eit langsiktig mål som ramme for forhandlingane. Planen har ei viktig tilvising til FN's klimapanel (IPCC) hovudkonklusjonar om stabiliseringsnivå for klimagassar og behov for globale

utsleppsreduksjonar. Bali-planen byggjer på at ei framtidig global avtale skal innehalde fire hovudelement, utsleppsreduksjonar, tilpassing til klimaendringar, teknologiutvikling og -overføring og finansiering. I planens punkt om utsleppsreduksjonar skal plikter som u-landa tek på seg, gjerast moglege og støttast gjennom teknologioverføringar, finansieringsmekanismer og kapasitetsbygging. Det ser ut til å vere semje om at ein ikkje kan vente at dei fattigaste u-landa, blant anna dei små øystatane, kan ta på seg utsleppplikter i ei ny avtale. Desse landa er òg underlagt særskilt behandling i planens punkt om behov for ressursar til tilpassing til klimaendringane.

Klimaendringane representerer ei utfordring som ikkje berre trugar miljøet, men òg internasjonal fred og tryggleik, velstand og utvikling. Det er heilt avgjerande i forhold til den klimautfordringa vi står overfor at verda kan einast om ei ambisøs global avtale. Det kan verke uopplåeleg å unngå at den globale temperaturauken overstig 2°C. Vi har likevel ikkje noko val i det internasjonale klimaarbeidet dersom vi skal unngå farlege klimaendringar. Sjølv endringar i gjennomsnittstemperatur på nokre få grader får enorme verknader på klimaet. Det norske internasjonale klimaarbeidet har fleire hovudsatsingsområde. Vi skal vere ein aktiv pådrivar for ei ambisøs global klimaavtale som har som siktemål å unngå ein temperaturauke på meir enn 2°C.

Regjeringa vil i forhandlingane presisere at sjølv ein temperaturauke under 2°C vil kunne få alvorlege følgjer, spesielt for fattige land med lita

evne til å tilpasse seg endringane. Allereie no ser vi alvorlege effektar av klimaendringane. Eit framtidig regime bør byggje på forpliktinga i Klimakonvensjonen om at industriland må gå føre i kampen mot dei negative effektane av klimaendringane. Dei rike landa har eit moralsk ansvar i forhold til å skaffe midlar som sikrar at u-landa i størst mogleg grad vil vere i stand til å tilpasse seg dei klimaendringane som vil komme.

Dei globale menneskeskapte utsleppa av klimagassar har auka med 70 pst. frå 1970 til 2004. Der- som nye tiltak ikkje blir sette i verk vil utsleppa auke med 25 til 90 pst. innan 2030. Er utgangspunktet eit mål på to grader, må veksten i dei globale klimagassutsleppa stansast innan 2015 og reduserast med 50-85 pst. i forhold til utslippsnivået i 1990 fram mot midten av dette hundreåret. I følge FN's klimapanel må i-landa redusere utsleppa sine med 25-40 pst. allereie i 2020. I tillegg må utsleppa i land i Latin-Amerika, Midtausten og Aust- og Sentral-Asia reduserast betydeleg i forhold til «business as usual»-framskrivingar.

For å sikre ei føreseieleg finansiering av nødvendige klimatiltak har Noreg i forhandlingane foreslått at ein nærare bestemt del FN-kvoter blir auksjonerte internasjonalt. Auksjonering av klimakvoter er relativt enkelt å administrere og vil kunne sikre betydeleg føreseieleg finansiering av nødvendige klimatiltak. Særleg vil dette kunne vere ei viktig finansieringskjelde for tilpassingstiltak til klimaendringar i u-land.

Noreg vil vidare arbeide for ei meir heilskapleg tilnærming til skog og inkludere internasjonal skipsfart i eit framtidig globalt klimaregime. Vi skal trekkje på opparbeidd kompetanse som verdas femte største skipsfartsnasjon og erfaringar frå det norske skoginitiativet der Regjeringa har bestemt å setje av inntil tre mrd. kroner årlig for å hindre avskoging i u-land. Noreg arbeider vidare for å oppnå aksept for og ei raskare utbreiing av teknologi for karbonfangst og lagring. Arktiske strøk er særleg sårbare for klimaendringar fordi temperaturauken i desse områda er det dobbelte av det globale gjennomsnittet og ein ser tidlege effektar av klimaendringane. Polarområde er slik sett både laboratorium og utstillingsvindaug for klimaendringar. Å bruke polarområda til å forske på og overvake klimaendringar og spreie informasjon er derfor ein viktig del av den internasjonale strategien.

Klima- og skogprosjektet

Status og budsjett for 2009

Dersom det ikkje lukkast å avgrense den globale oppvarminga til maksimalt 2°C, vil konsekvensane både for det globale miljøet og berekraftig utvik-

ling vere svært alvorlege og ramme dei fattigaste hardast. Ein viser òg til Utanriksdepartementets budsjettproposisjon.

Situasjonen er alvorleg, og alle tilgjengelege og føremålstenlege verkemiddel må utnyttast. Klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland utgjer omkring 20 pst. av dei årlege globale utsleppa. Desse utsleppa er ikkje omfatta av Kyoto-protokollen. Ifølge den mest autoritative studien på området – rapportane frå FN's klimapanel – er reduksjon av utslepp frå avskoging og degradering av skog eit føremålstenleg verkemiddel i innsatsen mot global oppvarming, fordi det er relativt sett kostnadseffektivt og kan gi store og relativt raske utsleppsreduksjonar. Ein rapport Sir Isaac Stern utarbeidde for den britiske regjeringa argumenterer for det same synet.

På denne bakgrunnen kunngjorde statsminister Jens Stoltenberg under klimaforhandlingane på Bali i desember 2007 at Noreg er budd på å trappe opp innsatsen for tiltak mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland til om lag 3 mrd. kroner årleg. Det er ein føresetnad for den norske opptrappinga at det blir etablert tilfredsstillande mekanismar, for eksempel i regi av FN eller Verdsbanken som kan handtere store pengeoverføringar på ein trygg måte. Initiativet rettar seg mot all tropisk skog. For å gjennomføre denne politikken vart det nedsett ei prosjektgruppe i Miljøverndepartementet, som i tett samarbeid med Utanriksdepartementet trekkjer på ressursar frå mange delar av statsforvaltninga. Gruppa trekkjer òg på kompetansen frå klima- og skogområdet i frivillige organisasjonar og forskingsmiljø både i inn- og utland. I St. prp. Nr. 59 (2007-2008) *Tilleggslovvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2008* vart det løyvd 225 mill. kroner til dette arbeidet, som første trinn i Regjeringas opptrapping mot ein innsats på omlag 3 mrd. kroner årleg.

Breitt internasjonalt samarbeid er viktig for å lukkast i dette arbeidet, og gjennom klima- og skogprosjektet vil Regjeringa i hovudsak søkje å gjennomføre tiltak i samarbeid med andre land og organisasjonar, og søkje å verke som ein katalysator for at andre land og aktørar aukar støtta si. Saman med blant anna Australia var Noreg blant dei første landa til å annonsere eit konkret tiltak, men òg land som Storbritannia og Tyskland satsar no tungt på dette området.

Dei positive konsekvensane av arbeidet mot avskoging og degradering av skog er betydelege: i tillegg til kva det betyr for det globale klimaet, er det mogleg å oppnå betydelege positive effektar innan biodiversitet – regnskogane er blant klodens største skattkammer når det gjeld artsmangfald – og berekraftig utvikling inkludert kamp mot fattig-

dom og respekt for rettane til urfolk. Tiltak mot avskoging og degradering av skog kan m.a.o. gi ein «trippel gevinst» – for klima, biodiversitet og berekraftig utvikling.

Innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland inneber betydeleg risiko. Dei attverande store skogområda ligg i nokre av verdas mest utilgjengelege område – mellom anna i Amazonas, Kongo-bassenget og øygruppene i Sørøst-Asia. Utfordringane når det gjeld styresett er mange, landa har ofte avgrensa styringskapasitet, faren for korrupsjon er stor, sterke internasjonale krefter er aktivt involverte i avskoging og mange av dei relevante landa er eller har vore i konflikt. Inntektene frå avskoging kan til dels vere betydelege og aukande i ei tid med stadig høgare råvareprisar, mens alternativ bruk av skogen gir avgrensa økonomisk avkastning. Alt dette gjer kampen mot avskoging krevjande. Tålmod, langsiktig tenking og vilje til prøving og feiling er viktige element.

Noregs innsats på dette området er basert på at det å redusere utslepp frå avskoging og degradering av skog er relativt kostnadseffektivt, og at resultat kan oppnåast relativt raskt. Dette må sjåast i eit samanliknande perspektiv. Arbeidet vil ikkje vere enkelt, billig, eller fort gjort. Men det er blant dei betre alternativa som finst for å oppnå raske og kostnadseffektive resultat i kampen mot global oppvarming, og kan slik sett ikkje stå uprøvd.

Fordi arbeidet med klima- og skog i dette omfanget er eit nybrottsarbeid, er omtala av prosjektets mål, den risikoen og dei utfordringane det står overfor, utførleg beskrive i denne proposisjonen. Det same gjeld strategiane som er lagt til grunn i gjennomføringa. Både risikobiletet og strategiane vil vere dynamiske, og Stortinget vil bli oppdatert jamleg om utviklinga av Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet, inkludert rapportering i dei årlege budsjettproposisjonane frå og med St.prp. nr. 1 (2009-2010).

Over Utanriksdepartementets budsjett, kap. 166 *Internasjonale miljøprosessar og berekraftig utvikling* er det foreslått løyvd 1,5 mrd. kroner til klima- og skogtiltak i 2009. Midlane er avsett på post 73 *Klima- og skogsatsinga* bortsett frå 25 mill. kroner som blir budsjettert på post 01 *Driftsutgifter* for å dekkje alle driftskostnader til satsinga, mellom anna lønn, administrasjon og reiseutgifter, samt midlar til utgreiingar, seminar og internasjonale møter. Det er òg foreslått ei tilsegnsmakt på 1,5 mrd. kroner knytta til 73-posten.

Det er dermed lagt opp til å oppfylle løfta i klimaforliket allereie frå 2009 med eit aktivitetsnivå på samanlagt 3 mrd. kroner. Midlane i 2009 vil gå til både multilaterale tiltak (ca. 600 mill. kroner) og bilaterale tiltak (ca. 700 mill. kroner). Innsatsen

skal òg rettast mot forskning og utvikling, og støtte til frivillige organisasjonar. Vidare skal innsatsen rettast mot utvikling av system og policy for overvaking, analyse, rapportering og verifikasjon (175 mill. kroner).

Dette inneber ei svært betydeleg opptrapping frå beløpet i 2008 som var på 400 mill. kroner, og forslaget følgjer opp nivået som vart fastlagt i klimaforliket. Alle prosjekt skisserte nedanfor oppfyller dei formelle krava for utviklingshjelp (ODA-krava), og løyvingane til Regjeringas klima- og skogprosjekt er dermed rekna inn som del av Noregs offisielle utviklingssamarbeid.

Mål

Å bidra til berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk. Berekraftig utvikling er difor ein viktig del av innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland. Det vil òg bli arbeid systematisk for at mest mogleg effektive verkemiddel for berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom skal inngå som sentrale verkemiddel. I mange tilfelle vil utviklingsretta innsats vere ein heilt sentral føresetnad for å redusere utslepp av klimagasar frå avskoging og degradering av skog. Det er vanskeleg å tenkje seg at dei som bur i og ved skogen på sikt vil la vere å kutte den ned med mindre alternative levevegar – inkludert alternativ bruk av skogen – er meir attraktive. *Vice versa* vil det vere vanskeleg å oppnå langsiktig utvikling utan at klimautfordringa blir handtert. Dette er i tråd med Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid.

Den mest sentrale målsetjinga for Regjeringas klimapolitikk er å bidra til å få på plass eit globalt, forpliktande og langsiktig post-2012-regime for reduksjonar av klimagassutslepp som bidreg til at den globale oppvarminga blir avgrensa til 2°C i forhold til førindustrielt nivå. Dette vil vere eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og også klima- og skogprosjektet skal i størst mogleg grad byggje opp under og støtte arbeidet for å nå denne målsetjinga. Satsinga skal innrettast slik at den gir incentiv til utviklingsland for å slutte seg til eit globalt klimaregime etter 2012. Det er viktig å understreke at arbeidet for å redusere utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland kjem i tillegg til, og ikkje på nokon måte til erstatning for, innsatsen for å redusere utslepp i dei økonomisk meir utvikla delane av verda.

Grunngivinga for innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland er å bidra substansielt til kampen mot global oppvarming. Klimamåla – som er skisserte under arbeidsmål 4.2, 4.3

og 4.4 – vil derfor vere avgjerande for vedtak om igangsetjing, vidareføring, avslutning eller endring av støtte.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 4.2. Å bidra til at utslepp frå skog inngår i ein ny internasjonal klimaavtale

Ein heilt sentral føresetnad for å oppnå varige og signifikante reduksjonar i klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog, er å syte for at avgrensingar av utslepp frå desse kjeldene inngår i ei ny global klimaavtale. Å bidra til dette er derfor et svært viktig mål i arbeidet. Dette kan bli oppnådd gjennom:

- Å gi utviklingsland tillit til at dersom dei godtek at utslepp frå avskoging og degradering av skog blir del av eit nytt globalt klimaregime, så vil dei ikkje bli sitjande med rekninga for dette åleine. Brei, systematisk og langsiktig støtte til arbeidet deira blir dermed av grunnleggjande betydning.
- Å vise at det er realistisk å få på plass program som reduserer utslepp frå avskoging og degradering av skog, til ein akseptabel kostnad. Dette både for å skape tillit i skoglanda til at innsats mot avskoging og degradering av skog er rekningsvarande og føremålstenleg, og for å skape tillit blant partane som forhandlar om eit nytt globalt klimaregime til at reduksjonar i utslepp frå avskoging og degradering av skog er realistisk.
- Å få på plass ein overvakings-, analyse- og verifiseringskapasitet som vil gjere eit slikt regime globalt truverdig. Skal arbeidet mot utslepp frå avskoging og degradering av skog kunne oppnå brei internasjonal tillit, er evne til overvaking og analyse av skogarealene av avgjerande betydning, både for å kunne gjennomføre ein aktiv skogpolitikk og for å kunne verdsetje (endringar i) skogressursene på ein føremålstenleg måte. Innan det 15. partsmøtet under Klimakonvensjonen i København i desember 2009, er det viktig at eksempel på eit internasjonalt truverdig system for måling av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog er etablert.

Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet arbeider aktivt på alle desse områda. Det vil vere viktig å kunne bidra med innspel til forhandlingane som klart fører desse framover. Dette både når det gjeld dei tekniske spørsmåla knytte til overvaking, analyse og verifisering, og dei politiske forholda knytte til tillit når det gjeld byrdefordeling og truverde.

Arbeidsmål 4.3. Å bidra til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar

Å bidra til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar, er eit sentralt mål. Det er likevel – som følgje av utfordringar knytte til at reduserte utslepp ein stad lett kan gi auka utslepp ein annan stad (såkalt «lekkasje») – ikkje enkelt å måle desse reduksjonane. Før skog blir del av eit globalt framtidig klimaregime, er det ikkje mogleg å handtere lekkasjeproblematikken fullt ut.

For å minimalisere lekkasjeproblemet, der det på kort sikt er praktisk mogleg, har Miljøverndepartementet som hovudregel valt å gå inn med støtte på landnivå, og å fastsetje støtte som ein funksjon av utsleppsreduksjonar relativt til eit på førehand fastlagt referansenivå. Sjølv med ei slik tilnærming vil det – grunna metodiske utfordringar – måtte nyttast anslag, noko som igjen vil innebere ein viss risiko. For å redusere denne risikoen vil det systematisk bli arbeidd for å betre metodikk og rammeverk på området.

I mange av dei relevante landa er det svært avgrensa kapasitet til å setje i gang arbeidet mot avskoging. Dette gjeld både med omsyn til nasjonal planlegging, kapasitet til overvaking og analyse av skogområde, lovverk, evne til handheving med meir. I dei innleiande fasane, som vil måtte strekkje seg over noko tid, vil det derfor ofte måtte fokuserast på kapasitetsbygging, og først etter ein periode vil ein kunne vente resultat i form av utsleppsreduksjonar. I den innleiande perioden vil framdrift måtte målast opp mot milepælar for sjølv kapasitetsbygginga.

Arbeidsmål 4.4 – Å bidra til å ivareta naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon

Naturskog og det biologiske mangfaldet desse representerar er viktig både med omsyn til evna til å binde karbon og når det gjeld mangfoldet av artar og genressursar. I Kongo-bassenget finst for eksempel over 10 000 plantearter, over 1 000 fuglearter og over 400 pattedyrarter. På enkelte tropiske øysamfunn – som for eksempel Papua Ny Guinea – er det store førekomstar av artar som ikkje finst nokon annan stad. Verdien av dette mangfaldet kan ikkje talfestast, og menneska har berre så vidt begynt å skrape i overflata når det gjeld forståinga av å halde oppe biologisk mangfald. Potensialet for eksempel for medisinsk forskning er svært betydeleg.

Å ta vare på dette mangfaldet er derfor naturleg og viktig. På den eine sida vil slik bevaring følgje nærmast automatisk av ein meir berekraftig for-

valtning av skog. Det kan likevel òg tenkjast situasjonar der ein i valet mellom to elles like satsingsområde, let høvet til å bevare og fremje biologisk mangfald vere den avgjerande faktoren.

Fattige kvinner i utviklingsland er særleg hardt ramma av klimaendringar. I Afrika står kvinner for 70-80 pst. av matproduksjonen, og kvinner og jenter har ansvar for å hente vatn og ved til hushaldet. Dei manglar i stor grad tilgang til kapital, gjødsel og såkorn av god kvalitet som kan medverke til å få opp produktiviteten. Desse kvinnene er ikkje blant dei som tenar på avskoging. Tvert om vil dei bli hardt ramma av dei negative konsekvensane i form av svekt tilgang på brensel, degradering av jordkvalitet og auka risiko for tørke. Kvinner har fleire stader gått i spissen for aksjonar for bevaring eller nyplanting av skogen. Dei mest kjende kampanjane er Chipco-rørsla i India der kvinner mobiliserte som levande skjold for trea mot nedhogging, og Green Belt-rørsla i Kenya under leiing av fredsprisvinnar Wanghari Mathai. Agenda 21 frå Rio-konferansen om berekraftig miljø og utvikling i 1992 og handlingsplanen frå FN's 4. kvinnekonferanse i Beijing i 1995 forpliktar Noreg og partnerlanda til å anerkjenne og styrkje kvinner si medverking til forvaltning av miljøet.

Risiko og utfordringar

Dette underkapitlet skisserer risiko og utfordringar i innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland. Neste underkapittel beskriv departementets strategiar for å handtere dei.

Skogens verdi

Den grunnleggjande utfordringa i avskoging og degradering av skog, er at det gjennomgåande er meir innbringande å hogge skogen ned enn å la den stå. I den forstand at vi no veit at karbonutslepp burde vere svært høgt prissett, kan dette sjåast på som ei form for marknadssvikt. Skogen er ikkje tillagt den verdien den burde ha, gitt verdien for det globale samfunnet av den lagringa av karbon som skjer der og den klimareguleringa dette gir. I lys av dette blir arbeidet med å hindre avskoging og degradering av skog eit godt eksempel på betaling eller kompensasjon for grunnleggjande økosystemtenester.

Denne utfordringa kan berre løysast gjennom ei internasjonal avtale med innebygde mekanismar som syter for at skogen blir verdsett i samsvar med dei tenestene den utfører som globalt karbonlager. I mellomtida må interimsløysingar på plass for å gi dei som bestemmer over skogen si framtid incentiv til å bevare den heller enn å kutte den ned. Dei

totale kostnadene ved dette er betydelege, dersom skogen sin alternative verdi for eksempel som tømmer eller bruk av arealet til annan råvareproduksjon blir teken med i reknestykket.

Anslaga over kva det vil koste å prise all skog slik at det blir meir lønnsamt å ta vare på den enn å avskoge/utarme, varierer: Stern har anslått årlege beløp til 15 mrd. USD, IPCC så høgt som 115 mrd. USD. Tala er uansett så høge at det vil vere svært krevjande å mobilisere tilstrekkelege ressursar berre på gåvevilkår å la Regjeringas klima- og skogprosjekt, sjølv om fondsliknande løysingar truleg vil vere del også av ei meir langsiktig løysing. Desto viktigare er det at forhandlingane fram mot klimatoppmøtet i København lukkast med å få på plass eit internasjonalt post-2012-regime som inkluderer skog, der finansieringsordningar for og dermed òg prissetjing av skogen inngår som integrerte premisser. Den norske støtta er først og fremst nyttig gjennom å bidra til å skape rammevilkår som gjer dette mogleg. Både gjennom tillitsbygging og ved utbygging av overvakningssystem og pilotprosjekt som viser at truverdig kamp mot utslepp frå avskoging og degradering av skog faktisk er mogleg.

Generelle risiko og utfordringar

Dei mest sentrale teknologiske og politiske risikoane knytte til arbeidet mot avskoging er som følger:

- *Måling av karbonreservar i skog og endringar i desse* er ein føresetnad for eit vellukka arbeid mot avskoging og degradering av skog. Dersom kapasiteten til å utføre denne oppgåva ikkje er god nok, eller ikkje er tilstrekkeleg standardisert frå land til land, vil systemet stå overfor ein betydelig risiko. Det er viktig å ha oversikt over i kor stor grad arbeidet mot avskoging og degradering av skog lukkast, både med omsyn til kompensasjon for bevaringsarbeid, og når det gjeld å gi dette arbeidet internasjonalt truverde. Uvissa er knytt både til evna til å måle areal som faktisk er dekt av skog, og karbontettleiken i den skogen ein har. Kjennskapen til ressursane som blir diskuterte, og endringane av desse, er med andre ord avgrensa, og må betrast radikalt.
- *Etablering av referansenivå for framtidige utslepp* er nødvendig for å kunne vurdere om ein oppnår reduksjonar i høve til eit på førehand etablert framtidsscenario. Å fastleggje kva som er eit rimeleg scenario er ikkje enkelt. Prinsipielt sett er det to hovudtilnærmingar: eit historisk referansenivå som legg til grunn at gjennomsnittsraten for avskoging/degradering av skog frå tidlegare år blir ført vidare, og så vur-

derer utviklinga relativt til dette; og ei tilnærming der den historiske raten – i den grad den er kjent – blir nytta som utgangspunkt, men blir justert for endringar i rammevilkår, f. eks. auka matvareprisar, betra infrastruktur, endring i sosiopolitiske rammevilkår eller liknande. For landa som skal kompenseras for reduksjonane, vil det sjølvsagt vere ein fordel å leggje referansenivået høgast mogleg, slik at den støtta dei kan gjere krav på blir høgast mogleg for kvart reduksjonsnivå. Eit tilleggspørsmål på dette punktet er risikoen for skeive incentiv – dersom historiske ratar blir lagt til grunn, endar verdsamfunnet opp med å premiere land som har avskoga mykje, mens dei som har teke betre vare på skogen blir straffa relativt sett. Dette kan føre til at avskoging blir intensivert i håp om seinare kompensasjon for å redusere avskoginga igjen. Det stiller krav om betydeleg innsats for å utforme ein best mogleg incentivstruktur på dette punktet.

- *Lekkasje – at redusert avskoging ein stad fører til auka avskoging ein annan stad* – vil utgjere ein betydeleg risiko for høvet til å oppnå reelle resultat. På globalt nivå kan denne problematikken best handterast gjennom at avskoging og degradering av skog blir innlemma i eit heilskapleg, globalt post-2012-klimaregime. Risikoen kan likevel handterast på nasjonalt nivå gjennom å satse på nasjonale program, der kompensasjon blir avhengig av nettoresultat på landnivå. I og med at store delar av den attverande tropiske skogen i verda er lokalisert til relativt få land, vil ein kunne komme eit godt stykke med denne tilnærminga.
- *Varigheit, dvs. å sikre at oppnådde resultat ikkje blir av berre mellombels karakter*, er òg ei betydeleg utfordring. Dei kreftene som har interesse av å avskoge og/eller utarme skogen, forsvinn ikkje. Det vil derfor alltid vere ein risiko for at utsleppsreduksjonar eit år vil bli oppheva av auke det neste. Nasjonale program er viktige for å få bukt med også dette problemet, men full kontroll er neppe mogleg før økonomiske incentiv gjer det ulønnsamt å avskoge eller overutnytte skogen. Samtidig er det viktig å sjå skogtiltak i samanheng med landa sine overordna nasjonale strategiar for berekraftig utvikling og kamp mot fattigdom.

Det er ein realitet at avskogingsratane varierer i takt med eksternt gitte økonomiske rammevilkår. Det er gode grunnar til å tru at økonomisk vekst på verdsbasis, kombinert med auke i folketalet, auka etterspørsel etter mat og dermed aukande matvareprisar, og etterspørselen etter areal til produk-

sjon av alternativ energi (bioenergi, landbasert vindkraft, solkraft m. m.), vil føre til at dei økonomiske incentiva for å hogge ned skog vil auke. Dette til trass for at det er fullt mogleg å dekkje i alle fall delar av behova ved å bruke landområde som i dag ligg brakk, og å utnytte produktivt land meir effektivt. Dette er forhold som ligg utanfor departementets kontroll, og som – igjen – til sjuande og sist berre kan handterast ved å setje ein verdi på skogen som reflekterer den verdien den faktisk har for det globale klimaet. I tillegg kjem naturlege utfordringar som for eksempel skogbrann, som har eit betydeleg omfang og ytterlegare aukar uvissa.

Situasjonsbestemte risikoar og utfordringar

I tillegg til dei generelle risikoane og utfordringane, vil dei lokale tilhøva i kvart enkelt samarbeidsland variere, og by på eigne utfordringar og risikoar. Dei fleste landa som har mykje tropisk skog slit med styringsutfordringar som òg vil gjere arbeidet mot avskoging og degradering av skog vanskelegare. Betydinga og den interne vektinga av utfordringar og risikoar vil variere, men dei fleste av dei som står under går igjen i større eller mindre grad i dei landa det vil bli samarbeidd med, bilateralt eller gjennom multilaterale kanalar:

- *Nasjonalt eigarskap* til innsatsen mot avskoging og degradering av skog er viktig for at den skal lukkast. Kapasiteten i offentleg administrasjon i dei relevante landa er av høgst varierende kvalitet. Dette går på alt frå evne til å utforme, koordinere og implementere politikken på strategisk nivå i regjeringsapparatet, til å syte for at den blir følgt opp på lokalt nivå.
- *Motkreftene til arbeidet mot avskoging og degradering av skog er mange*. I enkelte av dei relevante landa er dei òg mektige. Mange menneske og selskap har betydelege økonomiske interesser knytte til å føre vidare avskoginga, og desse har òg til dels betydeleg politisk innverknad. Muting av politikkarar i byte mot konsesjonar for å drive industriell hogst er eit utstrekt problem i enkelte område.
- *Lovverk knytt til eigdomsforhold og råderett over skogen* er i mange tropiske skogland relativt dårleg utvikla. Dette er ei utfordring både med omsyn til kampen mot ulovleg hogst, med omsyn til sjølvtekt på allmenn grunn – som er ei vanleg årsak til degradering av skog, og med omsyn til å skape incentivstruktur for dei som eig skogen til å bevare den. Handhevinga av lovverket er mange stader svært mangelfull, i verste fall fråverande.

- *Fattigdom* er relevant for problematikken rundt avskoging og degradering av skog, i den forstand at dei som bur i og rundt skogen, og ofte er avhengig av den for å overleve, tek dei vala dei må for å skape ein best mogleg kvardag for seg og sine. Så lenge det som gir størst økonomisk gevinst – eller som er nødvendig for å overleve – fører til avskoging og degradering av skog, vil dei menneska som bur der ta vala sine deretter. Ei fundamental utfordring i arbeidet mot avskoging og degradering av skog er derfor å leggje til rette for alternative levevegar for lokalbefolkninga, og å auke dei økonomiske incentiva for å bevare skogen.
- *Korrupsjon* er rota til delar av den ulovlege avskoginga, og vil i tillegg gjere implementering av programma vanskelegare. Behovet for å unngå korrupsjon er eit sentralt argument for å kanalisere norske midlar hovudsakleg gjennom multilaterale kanalar.

Det at vi er i forkant av utviklinga på dette området, og i mange tilfelle etablerer verksemd på tilnærma nye område, bidrar òg til auka risiko. Våre bidrag vil likevel også i slike tilfelle ha ein verdi gjennom å gi lærdom for oss sjølve og andre i det som vil måtte bli ei langvarig og tålmodskrevjande oppgåve. Det har stor betydning at enkeltaktørar vågar å vise veg, også på område som er vanskelege og der risikoane er store.

Strategi for klima og skogsatsingar

Dei risikoane og utfordringane som er nemnde ovanfor kan ikkje eliminerast, og vi må rekne med ein viss del mindre vellykka aktivitetar. Gjennom ei systematisk strategisk tilnærming kan omfanget av desse reduserast, og korrigerande tiltak setjast i verk dersom innsatsen ikkje har ønska effekt. Hovudelementa i strategien er som følgjer:

- Det må etablerast *ei truverdig evne til overvaking, analyse og verifisering av skogareal og karboninnhaldet i skog, og endringar i dette*, og etter kvart tilhøyrande regelverk gjennom klimaforhandlingane. Dette for å sikre reell kontroll med utviklinga og kva resultat som blir oppnådd. Denne kapasiteten må etablerast både på landnivå i dei landa vi vel å samarbeide med, og på internasjonalt nivå. Det enkelte skogland må etablere kapasitet og kompetanse til å overvake utbreiinga av og kvaliteten på skogane sine, og framskaffe god kunnskap om karbonvolum i ulike typar skog og arealbrukskategoriar. Det må etablerast klare kvalitetskrav og kriterium for utforminga av overvakingssystem. Prinsippa fastlagt av FN's klimapanel IPCC og gjen-

nom klimaforhandlingane under FN's klimakonvensjon UNFCCC må leggjast til grunn. I forkant av etableringa av eit post-2012-regime som omfattar skog bør det etablerast ein internasjonal koordinerings- og kvalitetssikringsfunksjon, helst innafor FN-systemet. Det må etablerast regelverk for og kapasitet til truverdig og uavhengig verifisering av rapporterte resultat.

- *Det må etablerast ein robust, effektiv og fleksibel internasjonal arkitektur* for arbeidet mot avskoging og degradering av skog, og Noreg må kanalisere sin støtte gjennom denne i dei landa som byr på dei største utfordringane. Noreg har verken kapasitet eller kompetanse til på eiga hand å handtere så pass krevjande og omfattande oppgåver i det som for ein stor del er land vi har lita erfaring i å samarbeide med. Dette ville heller ikkje ha vore føremålstenleg. Relevante FN-organ som miljøprogrammet (UNEP), utviklingsprogrammet (UNDP) og FN's organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) vil måtte spele ei sentral rolle her, det same vil Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Desse må igjen halde tett kontakt med FN's klimasekretariat (UNFCCC). Koordinering og samarbeid mellom desse både på globalt og nasjonalt nivå vil vere viktig, og er noko det vil bli lagt stor vekt på.
- *Det må etablerast ein portefølje av prosjekt, med variasjonar i vanskegrad, risiko, geografiske forhold, skogtype og samarbeidspartnarar.* Felles for dei landa det blir satsa på, må vere ein uttalt og etter kvart demonstrert politisk vilje til å arbeide systematisk mot avskoging og degradering av skog, under dette å *utvikle og følgje opp nasjonale strategiar.* Desse må rette seg mot dei viktigaste utfordringane knytte til avskoging og degradering av skog, under dette dei utfordringane og risikoane som er omtalte under avsnittet *Generelle risikoar og utfordringar* og avsnittet *Situasjonsbestemte risikoar og utfordringar.* Sjå òg punktet *Sentrale element i mottakarlandas nasjonale strategiar mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog* nedanfor. Det må òg etablerast føremålstenlege mekanismar for oppfølging og kvalitetssikring av resultatata i det enkelte prosjektet.
- I dei landa der arbeidet har komme lengst og truverdet er størst, kan innsatsen trappast opp relativt raskt. *I land som byr på større utfordringar legg ein til grunn ei gradvis tilnærming*, med føresetnad om oppnådde resultat innafor kvar fase før det blir fatta vedtak om vidareføring og eventuelt auka støtteomfang.
- Der kapasitet til å gjennomføre systematisk arbeid mot avskoging og degradering av skog

er låg, må *kapasitetsbygging i mottakarlandet ha prioritet* i dei innleiande fasane. Dette gjeld blant anna innafor overvaking, analyse og verifisering av skogareal og karboninnhald i skog, innafor policyutvikling og lovgiving, og evne til å sikre at lovverk blir overhalde. *Kapasitetsbygging må òg gjennomførast internasjonalt.* Innsatsen mot avskoging og degradering av skog i eit klimaperspektiv er eit relativt nytt felt, og ressursar må tilførast eigna internasjonale institusjonar, først og fremst innafor FN-systemet, for å sikre at dei har den nødvendige kapasiteten til å møte utfordringane globalt.

- *Norske og internasjonale frivillige organisasjonar (NGOar)* har arbeidd med skogspørsmål i lang tid, og sit på betydeleg kompetanse og kapasitet på området. Eit tett samarbeid med desse vil derfor vere ein føresetnad for å maksimere sjansane for å lukkast, og det vil bli lagt stor vekt på eit systematisk samarbeid med desse. *Det same gjeld relevante forskings- og kompetansemiljøer nasjonalt og internasjonalt.*
- *Støtta til arbeid mot avskoging og degradering av skog må vere resultatbasert.* Dette inneber at det snarast mogleg må utviklast truverdige referansenivå for framtidige utslepp, og at utbetalingar skal gjerast avhengige av og dimensjonertast i høve til oppnådde reduksjonar i forhold til desse. I ein innleiande fase vil det i mange tilfelle vere nødvendig med utstrekt kapasitetsbygging før det kan ventast reduksjonar. I denne perioden skal mottakarlanda målast på framdrift i denne kapasitetsbygginga, jf. òg arbeidsmål 4.3. For samarbeidsland som ikkje leverer bør støtta reduserast og – dersom framdrift og politisk vilje ikkje er demonstrert innan rimelig tid – bortfalle heilt.
- *Det må arbeidast for at norsk innsats blir ein katalysator for bidrag frå andre land.* Utfordringane knytte til klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog er så store at ein berre kan oppnå reelle resultat dersom fleire rike land stiller store ressursar til disposisjon. Å bidra til å fremje ei slik utvikling vil minske risikoen betydeleg for at arbeidet mislukkast.
- *Det vil bli gjennomført systematisk evaluering av alle prosjekt og program, både med tanke på vidare støtte, og med tanke på systematisk læringsoverføring.*

Som understreka i innleiinga vil det vere svært krevjande å lukkast med innsatsen mot avskoging og degradering av skog. Tålmod og langsiktig tenking vil derfor vere viktige faktorar i arbeidet. På kort sikt vil det å redusere takten i avskoginga, og i

nokre tilfelle hindre at avskogingsraten aukar, vere ein prestasjon i seg sjølv.

Samtidig må dei langsiktige perspektiva våre ikkje bli ei sovepute. Vi må stille krav til samarbeidsland om nasjonal innsats, og vi må måle resultat på nasjonalt nivå. Norsk innsats må prioriterast mot land der arbeidet mot avskoging og degradering av skog blir teke på alvor. Utan eit slikt nasjonalt eigarskap vil internasjonal støtte – uavhengig av omfang – ikkje kunne verke etter formålet.

Sentrale element i mottakarlandas nasjonale strategiar mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog

Korleis nasjonale strategiar mot avskoging og degradering av skog best kan utformast og kva dei bør fokusere på, vil variere frå land til land avhengig av kva som er dei største og mest sentrale drivkreftene bak avskoginga. Forskjellane her er betydelege, og det vil derfor vere viktig å unngå rigide og standardiserte løysingar. Strategiane må vere genuint nasjonale, og dei nasjonale styresmaktene må utvikle dei og ta eigarskap til dei. Det internasjonale samfunnet kan bidra, men utan nasjonalt eigarskap vil innsatsen ikkje kunne lykkast.

I dei aller fleste tilfella vil tre hovudelement utgjere kjernen i arbeidet:

- *Ei koordinerande nasjonal eining*, helst på regjeringnivå, som styrer arbeidet i det aktuelle skoglandet, utviklar strategiar, leiar implementeringa og utgjer hovudgrensesnittet mot den internasjonale støtta.
- *Eitt internasjonalt program pr. land for å støtte den nasjonale eininga*, støtte av den internasjonale organisasjonen som er best eigna til dette, og som mottakarlandet prioriterer. Programmet vil utgjere ei koordinerande eining. Andre organisasjonar, gjevarland, frivillige organisasjonar o.l. vil så bidra i høve til sine komparative fortrinn. Poenget er å sikre ein koordinert internasjonal innsats, samtidig som det blir trekt på heilskapen i den internasjonale kompetansen og kapasiteten i arbeidet. Ikkje minst NGOane si rolle vil stå sentralt her.
- *Ein internasjonal støttestruktur*, der blant anna organisasjonen som har rollen som standardsetjar og kvalitetssikrar med omsyn til overvaking, rapportering og analyse inngår. Støttestrukturen vil i tillegg kunne omfatte forhold som kunnskapshandtering, systematisering av formidling av velutprøvd metodikk som har fungert i praksis, opplæringsfunksjonar m.m.

Innafor ramma av denne arkitekturen kan så dei nasjonale strategiane utformast. For nokre land er

eitt eller fleire viktige element allereie på plass, for andre ingen. Strategiane og fokus for implementeringa må variere deretter. Elementa beskrivne nedanfor vil likevel måtte vere dekt dersom kampen mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog skal lykkast.

Kapasitet for måling og overvaking av avskoging, degradering av skog og karboninnhald i skog, og mekanismar for uavhengig verifikasjon må på plass, sjå òg punktet *Generelle risikoar og utfordringar* ovanfor. Slik kapasitet er viktig for truverdet i arbeidet, og må derfor utgjere ein hovudpilliar i alle nasjonale strategiar.

For å kunne setje i verk mest mogleg effektive tiltak er det viktig å ha eit godt grep om drivkreftene bak avskoging og degradering av skog i det aktuelle landet. Dette varierer betydeleg mellom land og verdsdelar.

Dei komplekse drivkreftene bak avskoging kan for illustrasjonsformål delast inn i to hovudkategoriar – den som blir gjennomført for økonomisk vinning i industriell skala, og den som blir utført av lokalbefolkning som nyttar skogen for sitt daglege livsopphald. I førstnemnde kategori finst mellom anna hogst for å dekkje internasjonal etterspørsel etter tømmer og jordbruksprodukt, olje eller mineral. Bak slik verksemd står ofte store tømmereselskap og plantasjeigarar som driv plukkhogst etter det mest verdifulle tømmeret, eller flatehogst for etablering av plantasjar for soya, palmeolje eller hurtigveksande treslag. Store inntekter, internasjonale eigarstrukturar som er vanskelege å etterspore, korrupsjon på ulike forvaltningsnivå og politisk nivå og manglande handheving av lovverk og konsesjonsvilkår kompliserer biletet endå meir.

I den andre kategorien finst blant anna småbønder eller urfolk som svir av og dyrkar opp små flater for å drive rotasjonsjordbruk. Volumet for den enkelte bonden er sjeldan spesielt stort, men i og med at det bur så pass mange menneske i og ved skogen – over 20 millionar når det gjeld Amazonas – blir den totale belastninga på skogen like fullt betydeleg.

Den nasjonale tiltaksporteføljen må byggjast opp basert på ei grundig forståing av dei faktiske drivkreftene og vilje til å ta tak i dei viktigaste sektorane og aktørane. Arbeidet med denne og den påfølgjande implementeringa bør helst leiast av ei politisk tung eining på regjeringnivå, og det må utviklast nasjonal strategisk og administrativ kapasitet både på sentralt og lokalt nivå. Alle som kan ha innverknad på avskoging så vel som vern og meir forsvarleg forvaltning av resterande skog må involverast, frå tømmereselskap og plantasjeigarar til småbønder og urfolk.

Strategien bør byggje på og vidareutvikle eksisterande lovverk, og baserast på eksisterande internasjonale forpliktingar, med omsyn til naturvern, skogbruk, jordbruk, arealforvaltning og eigedoms- og bruksrettar til skog. Strategien bør referere til og vere koordinert med utviklingsplanar for desse sektorane, så vel som rettane og rolla til urfolk og lokalsamfunn i ei meir forsvarleg skogforvaltning, og makroøkonomiske drivkrefter bak avskoging og degradering av skog.

Den bør identifisere dei mest kostnadseffektive, og politisk, institusjonelt og sosialt akseptable tiltaka i dei ulike sektorane. Vidare bør den identifisere behov for reformer i lovverk og handheving i forhold til ulovleg og lite berekraftig hogst, og eigedoms- og bruksrettar til skog, for å sikre varige reduksjonar i utslepp. Strategien bør klargjere institusjonelle ansvarsforhold for dei ulike tiltaka, og eigarskap og fordeling av kredittar, inntekter eller fordelar frå utsleppsreduksjonar.

Robuste system for betaling for økosystemtenester er av stor betydning for å anerkjenne og løne forsvarleg skogforvaltning. Dette er nøkkelen til rask endring av åtferd, kompensasjon for ulemper som redusert tilgang til skog, og legitimering av skogbevaring som klimatiltak. Det er svært krevjande å syte for at pengestraumane faktisk når aktørane på grasrota, og pilotprosjekt må gjennomførast for å søkje alternative måtar å oppnå dette på.

Aktivitetar i 2009

Strategien for arbeidet, beskriven under punktet *Strategi for klima og skogsatsingar* ovanfor, blir følgt opp gjennom porteføljen for 2008 og 2009. Overvaking og analyse av karbonreservar i skog og endringar i desse blir sett i høgsetet. Det blir prioritert å få på plass ein multilateral arkitektur for arbeidet. Multilaterale kanalar for norsk innsats er etablerte og vil bli vidareutvikla. Ressursinnsatsen varierer betydeleg frå prosjekt til prosjekt, avhengig av kor langt oppbygginga av kapasitet har komme. Der kapasitetsbygging er nødvendig, blir dette arbeidet prioritert. Mekanismar for å gjere norsk ressurstilførsel resultatbasert er òg under utvikling.

Alle prosjekt skissert nedanfor oppfyller dei formelle krava for utviklingshjelp (ODA-krava), og løyvingane til Regjeringas klima- og skogprosjekt blir dermed rekna inn som del av Noregs offisielle utviklingssamarbeid.

Følgjande kanalar/prosjekt er etablerte eller vil bli etablerte i løpet av 2009:

Multilaterale kanalar

FN-systemet, Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er dei mest relevante multilaterale kanalane for innsatsen mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland. Det er allereie etablert bidrag gjennom alle desse kanalane.

Det er Regjeringas politikk å bidra til at det internasjonale samfunnet sin respons på sentrale globale utfordringar er så samordna og effektiv som mogleg. Det er derfor blitt lagt stor vekt på at dei relevante internasjonale aktørane skal arbeide mest mogleg integrert, og at gode mekanismar blir etablerte for å sikre effektivt samarbeid og reell koordinering. Skal kampen mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog lykkast, må fleire og større aktørar enn Noreg på bana. Vårt beste bidrag er å medverke til ein velfungerande arkitektur som gjer innsatsen effektiv, og som dermed kan vere ein katalysator for medverknad frå andre land.

Med dette formålet har Noreg blant anna saman med dei relevante FN-organisasjonane stått som vertskap for ein breitt opplagt konferanse om arbeidet mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog, i september 2008. Seminaret hadde som formål å etablere brei konsensus rundt hovudtrekka i arbeidet mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Det vart lagt spesiell vekt på den internasjonale arkitekturen, under dette overvaking og verifikasjon, på samarbeid og koordinering og på å utnytte dei enkelte aktørane sine komparative fortrinn best mogleg. Det var lagt vekt på å gjere konferansen inkluderande, med deltaking frå relevante internasjonale organisasjonar, relevante tropiske skogland, store givarland, representantar for relevante urfolksgrupper, frivillige organisasjonar, og forskingsmiljø.

Den norske politikken for å sikre ein samla internasjonal respons ser så langt ut til å bidra til at utviklinga går i riktig retning. Dei relevante FN-einingane – FNs miljøprogram (UNEP), FNs utviklingsprogram (UNDP) og FNs matvare- og landbruksorganisasjon (FAO) – er som direkte respons på det norske klima- og skoginitiativet, blitt utpeikte av FNs generalsekretær til å samordne FNs arbeid på dette området. Dei er støtta i arbeidet av sekretariatet for klimaforhandlingane (UNFCCC).

Samtidig er FN-systemet, Verdsbanken og Den afrikanske utviklingsbanken (sjå nedanfor om Congo Basin Forest Fund) blitt samde om, eller i prosess for å klargjere høva til, å opne for gjensidig representasjon i relevante fond. Det er òg oppnådd

overorda semje om at den internasjonale støtta til enkeltland innafor dette saksområdet skal koordinerast gjennom eitt enkelt landprogram, der den enkelte internasjonale aktøren bidrar på dei områda der han har komparative fortrinn, jf. òg utforminga av støtta til det enkelte skogland beskriven under punktet *Sentrale element i mottakarlandas nasjonale strategiar mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog* ovanfor.

Mykje arbeid står att for å sikre ein effektiv internasjonal innsats mot klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog, og dette arbeidet vil bli høgt prioritert.

Den samla støtta gjennom multilaterale kanalar i 2009 vil antakeleg liggje på omlag 600 mill. kroner.

Arbeid gjennom FN-systemet

FN-organisasjonane som er nemnde ovanfor har som svar på det norske initiativet etablert eit eige program – Collaborative UN Program on Reduced Emissions from Deforestation and Forest Degradation (UN REDD) for å koordinere sin eigen innsats. Som kanal for finansiering av denne innsatsen har dei etablert eit United Nations Multi-donor Trust Fund (UN MDTF). Dette er ein velprøvd mekanisme frå FNs side, og Noreg har tidlegare medverka i fleire slike fond. FN-organisasjonane deler Noreg sitt syn på behovet for koordinering. Dei har derfor invitert Verdsbanken til å sitje i styret for UN MDTF, og vil søkje å koordinere arbeidet sitt mot banken også på landnivå. Andre aktørar, som NGOar, representantar for urfolk mv. vil bli aktivt involverte i arbeidet.

Første etappe for UN REDD-programmet er eit «UN REDD quick-starts program», som i denne omgangen siktar mot å utvikle og forankre nasjonale strategiar, etablere system for overvaking, analyse og verifisering av skog og karboninnhaldet i skog, og generell administrativ kapasitetsbygging i eit tal pilotland som er under utveljing. Denne tilnærminga samsvarer fullt ut med den norske stegvise strategien, og deler òg vårt fokus på å få på plass resultat spesielt på overvaking- og analyse-sida, som kan nyttast på ein positiv måte i samband med klimaforhandlingane fram mot København.

Oppstartsprogrammet er kostnadsrekna til omkring 175 mill kroner. UN REDD-arbeidet vil bli gradvis utvida både i breidda (altså med fleire land) og i djupna (med større og breiare opplagt aktivitet). I dei seinare fasane vil fleire givarar måtte bidra. I første omgang var det viktigast raskt å få i gang FNs arbeid, og Noreg har derfor sagt seg villig til å fullfinansiere første fase.

Innsats gjennom dei regionale utviklingsbankane

Gjennom den afrikanske utviklingsbanken (AfDB) er det etablert eit fond for vern og berekraftig forvaltning av Kongo-bassengets skogområde (Congo Basin Forest Fund, CBFF). Fondet vil samarbeide tett med sentralafrikanske styresmakter, internasjonale givarar, frivillige organisasjonar og privat sektor, og støtte aktivitetar som kan bidra til nasjonal og lokal kapasitet og kompetanse for berekraftig skogforvaltning. Noreg har, som fondets initiativtakar Storbritannia, annonsert eit bidrag på 500 mill. kroner til CBFF. Av dette vil 50 mill. kroner bli utbetalt i 2008, mens resten blir fordelt mellom 2009 og 2010. Givarane vil vere representerte i styret for fondet.

Fondet er ope for søknader frå både styresmakter og frivillige organisasjonar i dei aktuelle landa. Kriteria legg bl.a. vekt på å sikre at fondsmidlane blir nytta til tiltak som vil redusere takten i avskoging, bidrar til fattigdomsreduksjon og involverer lokalbefolkninga som lever i og av skogen. Eit viktig kriterium er òg at søknadene identifiserer risiko for misbruk av midlar, og at det er ein plan for korleis ein vil førebyggje og handtere dette.

CBFFs arbeid vil bli koordinert mot FN's og Verdsbankens innsats, og utforma i lys av strategiane til dei enkelte land.

Innsats gjennom Verdsbanken

Verdsbanken har etablert Forest Carbon Partnership Facility (FCPF), som skal byggje kapasitet til å gi incentiv til å unngå avskoging gjennom å søkje og etablere føresetnadene for ein framtidig marknad for sal av skogkarbonkvoter som blir skapte gjennom redusert avskoging/skogplanting. Ein sentral funksjon for FCPF har vore å identifisere tropiske skogland sitt behov for støtte i å forberede seg på å kunne delta i ein slik marknad. Noreg lova på Bali å bidra til dette arbeidet med 5 mill. USD. Ytterlegare bidrag vil kunne bli aktuelt.

Verdsbanken arbeider òg med utvikling av eit Forest Investment Program, som skal gjennomføre investeringar for å støtte arbeidet med å redusere avskoging og degradering av skog. Noreg følger dette arbeidet nøye, med spesiell vekt på at det blir teke omsyn til interessene til mottakarlanda og involverte grupper og at det blir koordinert systematisk opp mot annan internasjonal innsats, spesielt FN's arbeid. Når rammene for fondet er fastlagt, vil eit eventuelt norsk bidrag bli vurdert. Det vil i vurderinga bli lagt stor vekt på i kva grad fondet sitt arbeid kan vere komplementært til FN's arbeid, slik at dei to kan styrkje kvarandre gjensidig, og på interessa for eit slikt fond blant relevante mottakarland.

International Tropical Timber Organization (ITTO)

ITTO er ein sentral organisasjon for internasjonalt arbeid med skog. Avtala ITTO byggjer på koplar på ein god måte saman handel, kamp mot fattigdom og miljø. Alle dei viktige skoglanda i Latin-Amerika, Kongo-bassenget og Sørøst-Asia er medlem i ITTO, og organisasjonen er derfor eit viktig forum for både multi- og bilateral dialog om skog.

Dei siste åra har ITTO som andre internasjonale skogorganisasjonar lagt aukande vekt på koplinga mellom skog og klima. Noreg har derfor teke initiativ til å utvikle eit tematisk program om REDD. Initiativet er under utvikling i samarbeid med andre land, og vil etter planen bli vedteke på ITTOs rådsmøte i november 2008. Det tematiske programmet er tenkt å vere ein mekanisme for å kanalisere givarmidlar til REDD-aktivitetar som er foreslått av produsentlanda. Frå norsk side er det lagt opp til at prioriteringane i programmet skal ligge tett opp til prioriteringane i Noregs innsats på same område, og foreløpige sonderingar tyder på at ingen har motførestillingar mot ein slik profil.

Noreg må bidra med startkapital for eit slikt program for å følgje opp initiativet, og foreløpig blir det planlagt for eit avgrensa eingongsbidrag i 2009. Vidare bidrag må vurderast ut frå resultatata.

Finansieringsmekanismen for FN's miljøkonvensjonar – GEF (Global Environment Facility)

GEF har utvikla eit nytt program for berekraftig skogforvaltning der formålet er å stimulere til auka investeringar i skogsektoren som skal gi resultat på områda redusert klimagassutslepp, bevaring av biodiversitet og reduksjon av landutarming. Programmet omfattar tropisk skog i 17 land. Det er venta at investeringar på 60 mill. USD gjennom dette programmet vil utløyse tilleggsmidlar på 100 mill. USD gjennom finansieringsmekanismen på landnivå. Det vil vere aktuelt å bruke denne finansielle mekanismen også for tiltak innafor den norske satsinga på skog og klima.

Bilaterale program

Noreg vil kanalisere det meste av støtta si på klima og skogområdet området gjennom multilaterale kanalar. Men det finst unntak, som i hovudsak har sin bakgrunn i to forhold: det eine er situasjonar der det nasjonale arbeidet har komme så langt at Noreg allereie frå starten av kan gå inn med resultatbasert støtte til implementeringa av ein etablert strategi; det andre er situasjonar der det er multilaterale

bidrag på plass, samtidig som Noreg har erfaring med bistandsarbeid i landet. Brasil er eit eksempel på førstnemnde, Tanzania på sistnemnde.

Brasil

Brasil er verdas største skogland, og 30 pst. av den attverande regnskogen i verda ligg her. Høg avskogingsrate har vore eit stort problem i Brasil i mange år. Samtidig er Brasil eit av dei landa som har komme lengst i å ta problematikken på alvor. Styresmaktene har etablert eit omfattande nasjonalt program for å redusere avskoginga i Amazonas, som har oppnådd betydelege resultat dei siste åra.

Den brasilianske strategien inkluderer systematisk overvaking, styrkt lovverk i kampen mot ulovleg hogst, betre handhevingskapasitet, opprydding i eigedomsforhold, kamp mot korrupsjon i dei delane av offentleg sektor som har ansvar for skogen, og arbeid for å etablere alternative levevegar for dei som lever i og av skogen. Denne innsatsen har gått føre seg sidan 2004, og har gitt signifikante reduksjonar i avskogingsraten. Det siste knappe året har ein likevel igjen sett ein negativ trend. Blant anna på denne bakgrunnen ønskjer brasilianske styresmakter ytterlegare å intensivere innsatsen sin.

Brasil ønskjer òg støtte frå andre regjeringar, bedrifter og privatpersonar til den intensiverte strategien sin. For dette formålet har dei etablert eit Amazonas-fond, som skal forvaltast av den brasilianske utviklingsbanken BNDES. Fondet skal finansiere aktivitetar som støttar opp under dei brasilianske styresmaktene sin innsats mot avskoging. Det er på brasiliansk initiativ etablert ei resultatbasert tilnærming til bidrag til fondet, og omfanget av omsøkte bidrag er direkte relatert til reduksjonar i avskoginga relativt til eit historisk referansenivå. Referansenivået blir revidert kvart femte år.

Noreg vil gå inn med signifikant støtte til Amazonas-fondet, men vil la dei årlege bidraga variere avhengig av dei resultata brasilianarane oppnår. For 2008 er det tilrådd å løyve 100 mill. kroner, for 2009 600 mill. kroner.

Brasils program dekkjer ikkje degradering av skog, og heller ikkje dei andre store skogområda i Brasil. Det sistnemnde problemet ønskjer dei å løyse frå 2011, då dei planlegg å utvide arbeidet mot avskoging til å dekkje heile Brasil. Når det gjeld degradering av skog har Brasil og Noreg som del av eit breiare klima- og skogpolitisk samarbeid etablert eit teknologisamarbeid for å vurdere korleis degraderinga best kan motverkast.

Noregs bidrag til Amazonas-fondet vil vere del av eit breiare opplagt samarbeid med Brasil innafor

klimapolitikken. Brasil er ein aktør med aukande betydning i internasjonal politikk generelt og klimasaker spesielt, og dette er ein viktig kanal for å formidle norske synspunkt og arbeide for gode løysingar. Samarbeidet, som vart stadfesta av statsminister Stoltenberg og president Luis Lula da Silva under Stoltenbergs Brasil-besøk i september 2008, omfattar i tillegg til støtta til Amazonas-fondet ein systematisk klima- og skogpolitisk dialog på departementalt og politisk nivå, og samarbeid om dei tekniske utfordringane knytte til overvaking, rapportering og verifisering – sistnemnde òg i form av støtte til tredjeland.

Tanzania

Det vart våren 2008 underteikna ein intensjonsavtale mellom Tanzania og Noreg om samarbeid på klima- og skogområdet. Under føresetnad av aktiv innsats frå Tanzania si side, forplikta Noreg seg i samband med dette til å bidra med 500 mill. kroner fordelt over 5 år til Tanzanias arbeid for å redusere klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog.

Dette bidraget vil delvis kunne gå gjennom multilaterale kanalar og delvis bilateralt. For å sikre reelle resultat på nasjonalt nivå, vil Tanzanias oppfølging av arbeidet mot UN REDD vere ein føresetnad for det bilaterale samarbeidet. Som omtalt ovanfor vil arbeidet gjennom UN REDD fokusere på utviklinga av nasjonale strategiar for arbeidet mot avskoging og degradering av skog, kapasitetsbygging og etablering av overvakingssystem. Det bilaterale samarbeidet vil i større grad fokusere på enkeltprosjekt for å skape incentiv for å avstå frå avskoging og etablere alternative levevegar.

Bidrag til forskning og utvikling og norske og internasjonale frivillige organisasjonar

Arbeidet for å redusere klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog er i støypeskeia. Utfordringane er mange og risikoen betydeleg. Meir kunnskap om feltet er viktig, og det vil derfor bli gitt støtte til utstrekt forskings- og utviklingsverksemd innan relevante delområde. Det er vidare eit betydeleg behov for å søkje nye, innovative tilnærmingar til saksfeltet. I noko grad vil prosjekt som søkjer slike tilnærmingar ikkje passe innafor dei multi- og bilaterale mekanismane som er under etablering. På denne bakgrunnen vil det bli etablert ordningar for løyvingar til forskning og utvikling og til prosjekt utført av norske og internasjonale frivillige organisasjonar.

Søknadene vil bli vurderte på basis av eit sett med miljø- og bistandsfaglege kriterium. Hovud-

vekt skal leggjast på det potensial prosjekta har for å utvikle nyskapande løysingar som kan implementerast i større skala dersom dei viser seg å fungere. Prosjekt med betaling for økosystemtenester, berekraftig skogbruk og innovative finansieringsmekanismer er moglege eksempel. Det vil òg bli gitt støtte til at utviklingsland kan ta del i sentrale internasjonale prosessar, seminar, konferansar m.m. i arbeidet for å redusere klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Det er lagt opp til at ordningane vil bli forvalta av Norad i tråd med retningslinjer frå Utanriksdepartementet og Miljøverndepartementet.

I tillegg vil det bli inngått strategiske alliansar med utvalte NGOar og forskingsinstitusjonar/tenketankar. Målet med dette vil delvis vere utvikling av løysingar, men i vel så stor grad å bidra til systematisk formidling og debatt rundt behovet for eit nytt klimaregime, og for å inkludere skog i dette.

Truverdig evne til overvaking, analyse, rapportering og verifisering av skogdekket og karboninnhaldet i skogen (MRV), er som understreka ovanfor avgjerande for å skape tillit til arbeidet for å redusere klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD). Ikkje minst gjeld dette i forhold til å få utslepp frå skog inn som del av eit nytt, heilskapleg globalt klimaregime under København-toppmøtet i desember neste år. Departementet har allereie sett i gang fleire initiativ på dette området, blant anna gjennom finansiering av ein FN-leidd konferanse i Washington D.C. i september d.å. Denne satsinga bør førast vidare – både gjennom arbeid med metodeutvikling og etablering av eigna internasjonale strukturar, og gjennom etablering av konkrete system og kapasitetar i det enkelte REDD-land. Den direkte støtta kjem i tillegg til støtte til slik verksemd gjennom multi- og bilaterale kanalar.

Den samla støtta på desse områda vil vere omlag 175 mill. kroner i 2009.

Ytterlegare prosjektutvikling

Departementa vil i tillegg til den ovannemnde porteføljen arbeide aktivt gjennom multilaterale institusjonar og bilateralt for å få også andre utviklingsland til å forplikte seg til nasjonale program mot avskoging- og degradering av skog. I den grad dette fører til finansieringsbehov for truverdige prosjekt, vil tilførsel av ytterlegare prosjekt til porteføljen bli vurdert.

I utgangspunktet vil det bli utarbeidd gode løysingar for å kanalisere midlane gjennom multilaterale kanalar, med enkelte unntak som beskrive ovanfor. I hovudsak vil bilaterale kanalar berre bli nytta i land der det òg blir gjennomført multilaterale

initiativ og/eller fleirgivarsamarbeid, slik at den nødvendige kapasiteten er på plass/er i ferd med å byggjast opp, spesielt når det gjeld nødvendig politisk eigarskap, og utvikling av nasjonale planar angående overvaking, analyse og verifisering.

Regjeringas arbeid med klima og skog i perspektiv

Kampen mot global oppvarming er ei av dei mest krevjande oppgåvene verdssamfunnet har stått overfor nokon sinne. I realiteten må store delar av verdsøkonomien leggjast om frå ei høg- til ei låg-karbon innretting i løpet av ein svært kort periode, 30-40 år. Dei samla utsleppa av klimagassar i verda må reduserast med over 50 pst., samtidig som folketallet i verda truleg vil auke med omkring 30 pst., og verdas BNP anslagsvis vil doblast. Store delar av omlegginga i retning av lågare klimagassutslepp må skje allereie i løpet av dei næraste åra.

Alle høve må utnyttast dersom det skal det vere mogleg å lykkast med denne omlegginga. Ingen løysingar er enkle, men nokre er meir overkommelege og kan gjennomførast på kortare tid enn andre. Redusert avskoging og degradering av skog i utviklingsland er eit slikt verkemiddel det dekkjer om lag 20 pst. av dei årlege globale utslepp. Samtidig er IPCC og Stern-rapporten samstemte i at redusert avskoging og degradering av skog er eit kostnadseffektivt verkemiddel.

Som vist ovanfor, betyr ikkje det at å redusere utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland er enkelt, eller spesielt rimeleg. Betydelege utfordringar er knytte til arbeidet mot avskoging og degradering av skog, og ressursbehovet er svært betydeleg. Det norske arbeidet er spesielt utfordrande fordi vi ligg i forkant av utviklinga, og set opp strukturar og kapasitet som andre som kjem etter oss vil få stor nytte av. Investeringane våre no vil med andre ord auke kost-/nytteeffekten av andre sin innsats på same området seinare. Slik sett er det ikkje nødvendigvis slik at vi krone for krone vil få store utsleppsreduksjonar ut av innsatsen dei aller første åra.

Det er det relative potensialet over tid som er poenget. Dei aller fleste andre tiltaka – med unntak av lønnsame tiltak knytte hovudsakleg til energiøkonomisering – er endå meir kompliserte, vil ta lenger tid å implementere i stor skala, og er til dels betydeleg dyrare. Det betyr ikkje at ikkje også andre tiltak – som innføring av alternative, reine energiformer – er viktige og nødvendige, men det understrekar behovet for raskt å komme i gang med skogrelaterte tiltak.

Med sin innsats for å redusere klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utvi-

klingsland, går Noreg føre i å arbeide for reduserte utslepp av klimagassar på eit område der kloden si framtid er avhengig av at vi lykkast. På sikt kan dette arbeidet lykkast berre dersom det kjem på plass ei global avtale om reduserte utslepp av klimagassar, som dekkjer alle viktige sektorar og strekkjer seg langt fram i tid. Noreg kan bidra til at

ei slik avtale blir ein realitet ved å skape tillit og vise at det er mogleg å gjere truverdige reduksjonar i utslepp frå avskoging og degradering av skog, og bidra til å setje opp ein internasjonal arkitektur som kan koordinere denne innsatsen på ein effektiv og inkluderande måte.

Tilpassing til klimaendringar

Tabell 9.5 Mål og resultatindikatorar resultatområde 4 underområde 1 klimaendringar- Tilpassing til klimaendringane

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
Bidra til å gjere samfunnet mindre sårbart for klimaendringar og bidra til å styrkje Noregs tilpassingsevne.	5.1. Kartleggje kor klimasårbart Noreg er og innarbeide omsynet til klimaendringane i samfunnsplanlegginga.	Igangsetje offentleg utgreiing om klimatilpassing.
	5.2 Få fram meir kunnskap om klimaendringane og klimatilpassing.	Fremje omsynet til klimaendringane i samfunnsplanlegginga. Utvikle og leggje til rette kunnskap om klimaendringane og effektar i Noreg og ivareta omsynet til klimatilpassing i dei aktuelle forskingsprogramma.
	5.3 Stimulere samordning, informasjon og kompetanseutvikling.	Styrkje samordningsrolla til Direktoratet for Samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og utvikle ny nettportal Klimatilpassing Noreg.

Statusbeskriving

Konsekvensane av klimaendringane vil bli størst i utviklingsland, og sårbare regionar har store utfordringar knytte til eit endra klima. Helse- og miljøproblema blir forsterka av klimaendringane, og trugar oppfyljinga av FN's tusenårsmål og mål om berekraftig utvikling. Noreg skal derfor vere ein pådrivar for at utviklingslanda skal styrkje tilpassingsevna si, og omsynet til klimaendringane skal takast inn i utviklingssamarbeidet.

Sjølv om vi har høge ambisjonar om utsleppskutt nasjonalt og internasjonalt er det nødvendig å vere førebudd på konsekvensane av klimaendringane i Noreg. På fleire samfunnsområde er ein alle-reie i gang med eit arbeid for tilpassing til klimaendringane. Det skjer ein omfattande forskingsinnsats for å kartleggje klimaendringane sin innverknad på naturen og samfunnet. I tida framover vil tilpassing til klimaendringar bli ein viktig og integrert del av samfunnsplanlegginga på fleire område. Ein målretta innsats på dette området vil kunne spare Noreg for store kostnader i framtida.

Koordinert innsats

Klimaendringane påverkar naturen og samfunnet på ulike måtar. For å bidra til samordning er det under leiing av Miljøverndepartementet oppretta ei koordineringsgruppe med deltaking frå aktuelle departement. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap er gitt eit spesielt ansvar for å ivareta dei praktiske utfordringane knytte til koordineringa av styresmaktene sin innsats på dette området.

Det overordna målet er å gjere samfunnet mindre sårbart for klimaendringane, og bidra til å styrkje Noregs tilpassingsevne.

Arbeidsmål 5.1. Kartleggje kor klimasårbart Noreg er og innarbeide omsynet til klimaendringane i samfunnsplanlegginga

Det blir sett i gang ei breitt opplagt offentleg utgreiing for å kartleggje kor sårbart samfunnet er og behov for tilpassing til klimaendringane. Utvalet skal sjå på kva risiko klimaendringane representerer for natur og samfunn, og gjere greie for kva

samfunnsområde som er mest utsette. Parallelt med utgreiinga er det viktig at styresmakter og næringsliv kjem i gang med å integrere omsynet til klimaendringane i samfunnsplanlegginga på dei mest utsette områda. For eksempel er det viktig at langsiktige investeringar i vegar og andre delar av infrastrukturen i samfunnet skjer i lys av utsiktene til eit endra klima.

Arbeidsmål 5.2 Få fram meir kunnskap om klimaendringane og klimatilpassing

Styresmaktene og forskingsmiljøa har eit ansvar for å utvikle og leggje til rett meir kunnskap om klimaendringane og effektar i Noreg. Eit av dei grunnleggjande spørsmåla for arbeidet med klimatilpassing er korleis klimaendringane vil arte seg. Vi treng meir detaljerte og betre klimascenarium enn det vi har i dag. Vi er òg avhengige av at klimaforskarar og samfunnsforskarar samarbeider. Utviklinga av kunnskap på dette området krev ein langsiktig satsing, og omsynet til klimaendringane og behovet for tilpassing må ivaretakast i relevante forskingsprogram.

Arbeidsmål 5.3 Stimulere samordning, informasjon og kompetanseutvikling

Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) har fått ei viktig rolle som koordinator og knutepunkt for styresmaktene sitt arbeid med klimatilpassing. DSB skal blant anna leggje til rette for at kommunar og andre blir i stand til å møte dei langsiktige utfordringane som følgjer med klimaendringane. Dette inneber omfattande informasjonsarbeid og blant anna utviklinga av ein nasjonal nettportal som no blir tilgjengeleg på Regjeringas nettsider. Her vil aktuelle styresmakter, bedrifter og andre som måtte vere interesserte i løpet av hausten finne skreddarsydd og oppdatert informasjon om konsekvensane av klimaendringane.

Departementa vart bedne om å gjere greie for arbeidet med klimatilpassing i forbindelse med Statsbudsjettet for 2009. Det skulle spesielt fokuserast på korleis klimaendringane vert tekne omsyn til ved planlegging av større investeringar. Departementa med dei største investeringane i til dømes samferdsel, energi og forsvar har teke tak i denne utfordringa, men svara frå dei fleste departementa har vore mangelfulle. Miljøverndepartementet vil vurdere kva felles tiltak som er aktuelle å ta opp med dei andre departementa mens utvalet arbeider.

Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 4, underområdet 1 Klimaendringar, blir dekt over kap. 1400, kap.

1410, kap. 1441 og kap. 1471. CO₂-avgifta, som vart innført i 1991, vil saman med det nasjonale kvotesystemet dekkje over 70 pst. av utsleppa frå Noreg. Ein viser til Finansdepartementets avgiftsproposisjon for eit nærare oversyn over satsane for CO₂-avgifta. F.o.m. 2005 har Noreg og EU oppretta klimakvotesystem. Desse er kopla saman frå og med 2008 fordi EUs kvotedirektiv vart innlemma i EØS-avtala. I praksis vil høvet til å overføre kvotar frå Noreg til EU (og den andre vegen) skje etter at ESA har godkjent Noregs plan for tildeling (sjå førre avsnitt) og kvoteregistra er fullt etablerte både i EU og i Noreg. Regjeringa har vedteke kvoteplikt frå 1. juli 2008 for utslepp av lystgass frå produksjon av mineralgjødsel, og vurderer vidare kvoteplikt for den andre delen av industrien som ikkje er omfatta av obligatorisk kvoteplikt etter EU sitt kvotedirektiv, herunder aluminium, ferrolegeringar, kjemisk og annan metallurgisk industri.

Regjeringas visjon er at Noreg skal vere ein miljøvennleg energinasjon og vere verdsleiande innafor utviklinga av miljøvennleg energi. I Soria Moria-erklæringa har regjeringsspartia slege fast at energipolitikken skal byggje på at miljømåla vil bestemme produksjonsmoglegheitene, og at det er nødvendig å føre ein aktiv politikk for å avgrense veksten i energibruken. Regjeringa vil fortsetje satsinga på fornybar energi og energisparing ved å ta i bruk ulike verkemiddel. Både kvotesystemet, skatte- og avgiftssystemet, rådgiving og støtte til prosjekt og andre tiltak gjennom Energifondet er viktige verkemiddel for å realisere regjeringas klimapolitikk.

Eit anna viktig område er satsinga på fangst og lagring av CO₂. Ein viser elles til omtalen av dette i St.prp. nr. 1 (2008-2009) frå Olje- og energidepartementet. Miljøverndepartementet har inngått ei avtale med elektrobransjen om reduserte utslepp av SF₆. Det vart innført ei avgift på produksjon og import av HFK og PFK 1. januar 2003. Ein viser til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om denne avgifta. Avgifta vart supplert med ei refusjonsordning for brukt HFK og PFK som blir levert inn til destruksjon. Refusjonsordninga trådde i kraft frå 1. juli 2004. Avgifta og refusjonsordninga skal saman bidra til å motverke at ozonreducerande gassar som blir fasa ut blir erstatta av klimagassane HFK og PFK, i staden for meir miljøvennlege alternativ. Sjå òg omtale under kapittel 1441 post 76 Refusjonsordningar.

Vegtrafikk er ein av dei store bidragsytarane til norske utslepp av klimagassar. Utan nye tiltak er det venta sterk vekst i CO₂-utsleppa frå vegtrafikken. Biodrivstoff kan bidra til å få ned desse utsleppa. Samtidig held Regjeringa oppe fokus på å få ned trafikkveksten, på meir kollektivtrafikk, på drivstoffgjerrige bilar, på alternative motorteknolo-

giar, og på dei som sykklar og går. Det er sendt på høyring forslag til forskriftsendringar om krav om at minimum to volumprosent av årleg omsett volum drivstoff til vegtrafikken skal bestå av biodrivstoff i 2008, stigande til fem pst. i 2009. Etter høyringa er saka no til grundig vurdering i Regjeringa, og partane i klimaforliket på Stortinget er òg trekte inn i prosessen. Det er venta ei endeleg avgjerd i løpet av hausten 2008.

Regjeringa ønskjer å samarbeide med EU, internasjonale organisasjonar og drivstoffbransjen for å få på plass ordningar for å fremje berekraftig produksjon og import av biodrivstoff. Regjeringa har bl.a. drive aktiv påverknad inn i EU-systemet i forbindelse med forslaget til eit system for berekraftig biodrivstoff i forbindelse med EUs forslag til nytt direktiv om auka bruk av fornybar energi (KOM 2008/19 av 23.01.2008).

Aktuelle fagmiljø skal utarbeide grunnlagsmateriale og forslag til ein strategi for auka FoU på annengenerasjons biodrivstoff inkludert demonstrasjonsprosjekt. Ein slik strategi kan ventast fastsett i løpet av første halvår 2009.

Vi viser elles til omtale om biodrivstoff i kapitla 8.3 og 9.2.2 i klimameldinga (St.meld. nr. 34 (2006-2007)) og i klimaforliket.

I omtalen av biodrivstoff og berekraftomsyna i klimameldinga, står det at Regjeringa vil evaluere strategien for auka bruk av biodrivstoff seinast i forbindelse med statsbudsjettet for 2009. Tre sentrale element i strategien er framleis under vurdering eller på annan måte enno ikkje ferdigbehandla: forskrift om påbod om omsetning av biodrivstoff; påverknad og vedtak internasjonalt om eit system for berekraftig biodrivstoff; og ein strategi for auka FoU på annengenerasjons biodrivstoff. Desse prosessane er venta avklart i løpet av 2008 eller første halvdel av 2009. Det kan derfor synast meir føremålstenleg å komme tilbake med ei vurdering av strategien når desse elementa er meir avklarte, for eksempel i forbindelse med statsbudsjettet for 2010 eller i ei relevant stortingsmelding i løpet av 2009.

Regjeringa går inn for å styrkje klimarelatert forskning, og vil prioritere overvaking av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringar i nordområda.

Ved å satse på utvikling av ny kunnskap og teknologi kan det vi gjer nasjonalt få betydning langt ut over Noregs grenser. Klimautfordringa er så kompleks at det trengst ny kunnskap på mange område. Vi bør dessutan ha kunnskapsberedskap for problem og løysingar som vi ikkje har oversyn over i dag. Betre kunnskap om årsaker til og verknader av klimaproblemet vil vere eit viktig grunnlag for framtidige klimaforhandlingar, og utgjere ein fagleg basis for politiske avgjersler om nødvendige

utsleppsreduksjonar. Utvikling av ny teknologi for produksjon og bruk av energi er vidare ein svært viktig del av arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar nasjonalt og internasjonalt. Klima- og miljøforskning er òg høgt prioritert internasjonalt, både i enkeltland og innanfor større samarbeidsarenaer.

Forskning på klimasystemet og klimaendringar står sentralt for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for prognosar av framtidige klimaendringar og effektar av desse. Men klimarelevant forskning omfattar langt meir: Forsking og utvikling av klimavenleg teknologi, særleg relatert til fornybar energi og energieffektivisering, samfunnsmessig forskning knytt til verkemiddel og tiltak, og forskning på kor sårbart samfunnet er for klimaendringar og behov for tilpassing til dei, er alle eksempel på felt av vesentleg betydning for å sikre ein kunnskapsbasert klimapolitikk. Dette inkluderer forskning på utviklingstrendar i samfunnet med omsyn til bl.a. befolkning, teknologisk nivå og ressursforbruk og korleis desse trendane fører til endring i utslepp av klimagassar. Det er dessutan viktig å få kunnskap om kva slag politikk som kan gi optimale løysingar for å møte dei klimaendringane som uansett vil komme. Vidare er det behov for auka kunnskap om klimatilpassingstiltak og sårbarheit i utviklingsland.

For at forskingsresultata skal kunne komme til nytte, er det viktig at resultata blir formidla vidare til styresmakter, politikarar, næringsliv og allmenta elles. Regjeringa understrekar at styrkt formidling av informasjon på klimaområdet vil vere ei sentral oppgåve framover, og at alle FoU-miljø som arbeider med klimarelevant forskning bør leggje vekt på formidling av resultat.

Forskning om klima, miljø og energi går på tvers av fag-, sektor- og departementsgrenser. Eit synleg løft på dette området er derfor eit utprega fellesprosjekt for heile regjeringa. Kunnskapsdepartementet, gjennom sitt koordineringsansvar for forskingspolitikken, og Miljøverndepartementet, gjennom sitt koordineringsansvar for miljø saker, har eit felles ansvar for å realisere ei samla satsing på klimarelevant forskning.

Som eit ledd i å styrkje formidling av informasjon og kunnskap om klima har Regjeringa sett i gang klimakampanjen Klimaløftet. Klimaløftet skal gjennom mange ulike tiltak bidra til auka klimakunnskap i befolkninga. Eit siktemål er å stimulere til meir klimavenleg åtferd.

Klimaløftet gjennomførte våren 2008 ei omnibusundersøking om folks haldningar til klimaspørsmål og vilje til å leve meir klimavenleg. 90 pst. av dei spurde svara at dei ønskjer å gjere noko aktivt for å redusere klimagassutsleppa. Samstundes vart det avdekt at folk har behov for å få meir kunnskap og råd om korleis dei kan leggje om livs-

stilen i meir klimavenleg retning. Klimaløftet har i 2007 og i 2008 lagt vekt på å styrkje kunnskapsformidlinga, blant anna gjennom ulike føredragskonsept, og har utvikla eit verktøy for endring av åtferd, gjennom nettstaden www.klimaklubben.no.

Kampanjen tek òg i bruk eit breitt spekter av kommunikasjonstiltak og former som formidlar kunnskap om klima på ein pedagogisk og engasjerande måte. Klimaløftet samarbeider med ein rekkje aktørar, som næringsliv, frivillige organisasjonar, kommunar, offentlege styresmakter og forskingsmiljø for å sikre at tiltaka når betre ut til folk flest. Informasjonen skal gi folk eit heilskapleg perspektiv på klimautfordringane. I 2009 vil det bli lagt meir vekt på ungdom som målgruppe, og tiltak som gir folk praktiske råd som klimaklubben, klimakalkulator, energiråd og miljømerking skal utviklast vidare.

Resultatområde 4 – underområde 2 Nedbryting av ozonlaget

Strategisk mål

Alt forbruk av ozonreducerande stoff skal stansast i tråd med *Montrealprotokollen*.

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebygge og redusere utsleppa av alle ozonreducerande stoff, bl.a. klorfluorkarbon (KFK), hydroklorfluorkarbon (HKFK), metylbromid og halon. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, bl.a. oppfølging av *Montrealprotokollen*.

Tabell 9.6 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 2 Nedbryting av ozonlaget

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
	1.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Montrealprotokollen til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreducerande stoff.	Status i det internasjonale arbeidet: - talet på land som har ratifisert og følgjer opp dei ulike endringane av protokollen. - landa si oppfølging av forpliktingane sine.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Montrealprotokollen til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreducerande stoff.

Internasjonalt er ei av hovudutfordringane å leggje forholda til rette for at utviklingslanda kan bli i stand til å oppfylle forpliktingane sine under Montrealprotokollen. Ei anna hovudutfordring internasjonalt er å utvikle vidare regelverket for å sikre at mål og forpliktingar i protokollen blir effektivt oppfylte.

191 land (av totalt 196 land) har ratifisert *Wienkonvensjonen* og *Montrealprotokollen*. Tabellen nedanfor viser talet på land som har ratifisert dei ulike endringane i protokollen.

Tabell 9.7 Tabellnavn

	Talet på land som har ratifisert
Wienkonvensjonen (1988)	191
Montrealprotokollen (1988)	191
London-endring (1992)	186
København-endring (1994)	179
Montreal-endring (1999)	159
Peking-endring (2002)	135

I 2006 hadde dei 191 landa som har ratifisert *Montrealprotokollen* oppnådd 95 pst. reduksjon i forbruk av ozonreducerande stoff, samanlikna med baseline. Det gjenstår å fase ut 87 000 tonn (målt i ozonreducerande effekt, ODP), av dette 11 000 i i-land og 76 000 i u-land.

Vidare oppfyller over 90 pst. av landa forpliktingane sine i protokollen. Det er etablert eit non-compliance-regime, som har gjort at 25 land som ikkje oppfylte forpliktingane sine, med bistand frå dette regimet har klart å overhalde forpliktingane sine igjen.

Tabell 9.8 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 2 Nedbryting av ozonlaget

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).	2.1. Følgje opp bruken av verkemiddel overfor halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.	Reell reduksjon i bruk av KFK og halon.
3. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere stabilisert frå 1995 og vere fasa ut innan 2010.	3.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av HKFK i Noreg, under dette følgje opp endringar i ozonforordninga frå EU.	Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK.
4. Forbruket av metylbromid skal vere stabilisert frå 1995 og vere fasa ut innan 2005.	4.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av metylbromid i Noreg, under dette oppfølging av endringar i ozonforordninga frå EU.	Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av metylbromid.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 2.1 Følgje opp bruken av verkemiddel overfor halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.

Arbeidsmål 3.1 Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av HKFK i Noreg, under dette følgje opp endringar i ozonforordninga frå EU.

Arbeidsmål 4.1 Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av metylbromid i Noreg, under dette oppfølging av endringar i ozonforordninga frå EU.

Noreg har oppfylt krava i *Montrealprotokollen* og gjennomført EU-forordninga om ozonreduserande stoff (forordning (EF) 2037/2000), som for enkelte stoff set strengare mål for utfasing enn *Montrealprotokollen*. For metylbromid er EUs delmål at bruken skal reduserast med 75 pst. i høve til 1991-nivå innan 1. januar 2003 og 100 pst. innan 1. januar 2005. Bruken av HKFK skal reduserast med 70 pst. i høve til eit nytt basisnivå (som er lik HKFK-bruken i 1989 pluss 2 pst. av KFK-bruken i 1989) innan 1. januar 2004, 75 pst. innan 1. januar 2008 og 100 pst. innan 1. januar 2010.

Noreg har ingen produksjon av ozonreduserande stoff. Dei ozonreduserande stoffa som blir brukte er importerte. Det blir importert små mengder KFK, tetraklormetan (karbontetraklorid) og 1,1,1-trikloretan (metylkloroform) til analy-

sar som er godkjende som essensiell bruk under *Montrealprotokollen*. Noreg oppfylte elles målet om utfasing av metylbromid innan 2005. Det er unntak for bruk av metylbromid til behandling av visse typar produkt for eksport. I 2007 vart det ikkje importert noko til dette formålet. Det vart importert vel 326 tonn HKFK i 2007, og dette er innafor utfasingsplanen.

Noreg har i mange år vore i framkant av dei internasjonale føresegnene når det gjeld reduksjon i bruken av dei ozonreduserande stoffa. Målt i ozonreduserande effekt er norsk forbruk av ozonreduserande stoff redusert med meir enn 99 pst. i perioden 1986 til 2006.

Verkemiddel

Finansiering av resultatområde 4, underområde 2 nedbryting av ozonlaget, blir i hovudsak dekt under kap. 1400 og kap. 1441.

Bakgrunnen for dei gode reduksjonsresultata for ozonreduserande stoff i Noreg er at det er teke i bruk ein kombinasjon av verkemiddel som har vore styringseffektiv. Forskrifter, informasjon, frivillige tiltak og samarbeid mellom styresmaktene og bransjane har stått sentralt. Alle dei ozonreduserande stoffa i *Montrealprotokollen* er regulerte gjennom forskrift 1. juni 2004 nr. 922 om avgrensing av bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier og andre produkt (produktforskrifta) kapittel 6.

Det nasjonale arbeidet er retta mot kontroll av at føresegnene blir etterlevde, og overvaking av miljø-

situasjonen. Noreg har ei ordning med lisensiering for import og eksport av ozonreduserande stoff, slik det er lagt opp til under *Montrealprotokollen*.

Resultatområde 4 – underområde 3 Langtransporterte luftforureiningar

Strategisk mål

Utsleppa av svovel, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og ammoniakk skal reduserast, slik at påverknaden av naturen blir halden innafor kritiske belastningsgrenser (tolegrensene i naturen), og slik at mennesket si helse og miljøet ikkje tek skade, i tråd med artikkel 2 i *Gøteborgprotokollen*.

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av svovel, nitrogenoksid, ammoniakk og flyktige organiske sambindingar. I tillegg omfattar det arbeidet med å betre miljøtilstanden, som f.eks. kalking. Meir enn 90 pst. av nedfallet av svovel og nitrogenoksid i Noreg kjem frå kjelder utanfor landegrensene. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av *Konvensjonen om langtransporterte grensekryssande luftforureiningar*.

Tabell 9.9 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar¹

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Etablering av internasjonale avtaler som gir reduksjonar i utsleppa av svoveldioksid, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og ammoniakk, slik at påverknaden av naturen blir halden innanfor kritiske belastningsgrenser (naturens tålegrense), og slik at menneskeleg helse og miljøet ikkje tek skade.	1.1. Medverke til å utvikle fagleg grunnlag for og ta initiativ til utvikling av nye internasjonale avtaler som gir utsleppsreduksjonar i samsvar med det nasjonale målet.	Del av økosystem i respektive Noreg og heile avtaleområdet som er verna mot overskriding av tolegrensar for forsuring, bakkenært ozon og overgjødsling.

¹ Resultatmålet reflekterer dei plikter Noreg har teke på seg under ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Medverke til å utvikle fagleg grunnlag for og ta initiativ til utvikling av nye internasjonale avtaler som gir utsleppsreduksjonar i samsvar med det nasjonale målet.

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse miljøproblema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. Det vart i 1999 vedteke ein protokoll om reduksjon av forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon (Gøteborgprotokollen) under ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining. Protokollen trådde i kraft 17. mai 2005. 24 partar har ratifisert den per 28. august 2008.

Protokollen regulerer landa sine utslepp av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), ammoniakk (NH₃) og flyktige organiske sambindingar (VOC). Noregs plikter i høve til protokollen er reflekterte i dei nasjonale måla.

I 1980 var tolegrensene for forsuring av overflatevatn overskridne på 42 pst. av Noregs areal, jf. ny kunnskap presentert i St.meld. nr. 26 (2006-2007)

Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Denne delen var redusert til om lag 23 pst. i 2000. Med full effekt av Gøteborgprotokollen vil område med overskridingar av tolegrensar for forsuring bli ytterlegare reduserte. Likevel er det venta at tolegrensene vil vere overskridne på om lag 11 pst. av arealet i Noreg i 2010. Gøteborgprotokollen inneheld ei føresegn om at partane eitt år etter at protokollen trer i kraft skal vurdere om forpliktingane er tilstrekkelege til å nå dei langsiktige måla om at forureiningane ikkje skal overstige tolegrensene i naturen for forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon. Ein treng omfattande fagleg kunnskap, analysar og overvaking av forureiningsbelastninga og miljøtilstanden for å utvikle effektive internasjonale avtaler som byggjer på tolegrensene i naturen og kritiske belastningsgrenser for menneskeleg helse. Styringsorganet for *Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar* vedtok i desember 2007 å starte forhandlingar om revisjon av Gøteborgprotokollen. I 2008 har det vore arbeid med det faglege grunnlaget for ein slik revisjon.

Tabell 9.10 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar: Utslepp av svoveldioksid (SO₂)¹

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Dei årlege utsleppa av svoveldioksid (SO ₂) skal maksimalt vere 22 000 tonn f.o.m. 2010.	2.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av svoveldioksid i samsvar med det nasjonale målet.	Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.

¹ Resultatmålet reflekterer dei plikter Noreg har teke på seg for utslepp av svoveldioksid (SO₂) i *Gøteborgprotokollen*

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av svoveldioksid i samsvar med det nasjonale målet.

Det er ifølgje framskrivingane av utsleppa av svoveldioksid (SO₂) rekna med at dei norske utsleppa utan nye miljøtiltak vil vere om lag 25 400 tonn i 2010. Utsleppa var 21 000 tonn i 2006, mens førebels tal presentert av Statistisk sentralbyrå i juni 2008 syner at utsleppa av SO₂ var på 19 700 tonn i 2007. Noreg overheld den internasjonale forpliktinga for SO₂ som går fram av svovelprotokollen frå 1994. Noreg overheld òg forpliktinga i *Gøteborgprotokollen* der dei årlege utsleppa innan 2010 må vere maksimalt 22 000 tonn.

På bakgrunn av forpliktinga i *Gøteborgprotokollen* har Miljøverndepartementet og Norsk Industri,

tidlegare Prosessindustriens Landsforeining (PIL), inngått ein intensjonsavtale om reduksjonar i svovelutsleppa. Då avtala vart inngått, forplikta prosessindustrien seg til å redusere dei årlege utsleppa av SO₂ med minimum 5 000 tonn. Prosessindustrien tok dessutan på seg å leggje fram konkrete forslag til korleis ein slik utsleppsreduksjon kan gjennomførast, og samtidig leggje fram forslag til korleis ein samla reduksjon på 7 000 tonn kan gjennomførast på ein måte som er kostnadseffektiv for Noreg. Utslepp frå den enkelte verksemda blir regulerte i utsleppsløyve frå Statens forureinings-tilsyn (SFT). Stortinget vedtok på denne bakgrunnen å fjerne avgifta for utslepp av SO₂ frå bruk av kol og koks og frå raffinaria frå 1. januar 2002. Det er venta at gjennomføring av avtala med Norsk Industri vil sikre at Noreg innfrir kravet i *Gøteborgprotokollen* om utslepp av SO₂.

Tabell 9.11 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av nitrogenoksid (NO_x)¹

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
3. Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO _x) skal maksimalt vere 156 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje overstige nivået i 1987 (dvs. 213 000 tonn).	3.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av nitrogenoksid i samsvar med det nasjonale målet.	Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.

¹ Resultatmålet reflekterer dei plikter Noreg har teke på seg for utslepp av nitrogenoksid (NO_x) i protokollar under *ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar*, inkludert *Gøteborgprotokollen*

Arbeidsmål 3.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av nitrogenoksid i samsvar med det nasjonale målet.

Framskrivningar viser at dei årlege utsleppa av NO_x kan ventast reduserte til om lag 193 000 tonn i 2010, når ein ser bort frå effekten av NO_x-avgifta som vart innført frå 1. januar 2007. Førebelse tal presentert av Statistisk sentralbyrå i mai 2008 syner at utsleppa av NO_x var på 190 000 tonn i 2007. Dette er ein reduksjon på 0,6 pst. frå 2005 og ligg om lag 28 000 tonn under gjeldande internasjonale krav. For å innfri kravet i Gøteborgprotokollen, kor dei årlege utsleppa av NO_x innan 2010 må vere maksimalt 156 000 tonn, må Noreg redusere utsleppa med 18 pst. i høve til 2007.

Utsleppa av NO_x er i dag regulerte på ulike måtar. Det blir stilt krav til utslepp frå industri og energiproduksjon gjennom utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppa av NO_x frå køyretøy er regulerte gjennom køyretøyforskriftene til vegtrafikklova. Krava er skjerpa i tråd med utviklinga av EUs regelverk på området. Det vart i 2000 innført differensiert årsavgift på tunge køyretøy etter utsleppa av bl.a. NO_x. Denne ordninga vart i 2006 utvida til å omfatte køyretøy med totalvekt over 7,5 tonn. For å redusere utslepp av svevestøv er det innført høgare årsavgift for dieselskøyretøy utan fabrikkmontert partikkelfilter. Desse køyretøya har òg generelt høgare NO_x-utslepp. Låg-NO_x-brennarar blir tekne i bruk ved installering av nye gassturbinar på norsk sokkel der slik teknologi er kommersielt tilgjengeleg. Sjøfartsorganisasjonen i FN, IMO, har vedteke regelverk som set krav til NO_x-utslepp frå skip som er bygde eller oppgraderte 1. januar 2000 eller seinare.

I tråd med Stortingets vedtak sette regjeringa 1. januar 2007 i verk avgift på utslepp av NO_x. Avgifta omfattar skip, fly og dieseldrivne jernbanetrafikk med framdriftsmaskineri med samla installert effekt på meir enn 750 kW, motorar, kjelar og turbinar i energianlegg med samla innfyrt effekt på meir enn 10 MW, og faklar. Den er anslått å dekkje om lag 55 pst. av dei norsk NO_x-utsleppa. Avgifta var for 2007 sett til 15 kr/kg NO_x som vart sleppt ut. For 2008 er avgifta sett til 15,39 kr/kg NO_x. Stortinget vedtok i samband med innføring av

NO_x-avgifta at utsleppskjelder omfatta av miljøavtale med staten om gjennomføring av NO_x-reduserande tiltak i samsvar med eit fastsett miljømål kan givast mellombels fritak for avgift.

Den 14. mai 2008 vart det inngått ei slik avtale mellom staten ved Miljøverndepartementet og følgjande 14 organisasjonar: Byggevareindustriens Forening, Fiskebåtrederne's Forbund, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fraktofartøyenes Rederiforening, NHO Luftfart, NHO Reiseliv, Norges Fiskarlag, Norges Rederiforbund, Norsk Fjernvarme, Norsk Industri, Næringslivets Hovedorganisasjon, Oljeindustriens Landsforening Rederienes Landsforening og Hurtigbåtenes Rederiforbund. Det overordna målet for avtalen er å redusere dei samla årlege NO_x-utsleppa frå kjelder som er omfatta av avtalen til maksimalt 98 000 tonn. Ifølgje avtala tek næringsorganisasjonane på seg å redusere dei årlege NO_x-utsleppa med 30 000 tonn. Dette skal skje ved at det blir gjennomført utsleppsreduserande tiltak i enkeltverksemder som sluttar seg til avtala. Verksemder som sluttar seg til avtala, forpliktar seg òg til innbetalingar til Næringslivets NO_x-fond, og å gjennomføre utsleppsreduserande tiltak etter avtale med NO_x-fondet. Innbetaling skjer i samsvar med den mengda NO_x verksemda slepp ut. Betalingssatsen blir fastsett av fondet. NO_x-fondet skal gi tilskot til verksemder som gjennomfører kostnadseffektive NO_x-tiltak. Utsleppa kan reduserast ved bruk av drivstoff med lågare NO_x-utslepp, ved forbetring av forbrenningsprosessane eller ved montering av reinseutstyr, bl.a. bruk av katalysator på skip. Verksemder som slutta seg til avtala innan 1. juli 2008 får tilbakebetalt avgift som er innbetalt frå 1. januar 2008. Avgiftsfritaket gjeld i tre år – 2008, 2009 og 2010. Utsleppsreduksjonane skal vere fullt ut gjennomførte innan utgangen av 2011. Dersom næringsorganisasjonane har oppfylt mindre enn 90 pst. av den årlege forpliktinga innan fristen, må verksemdene betale avgift for det aktuelle året. Avgiftssatsen blir i så fall redusert med den prosentvise delen av forpliktinga som er oppnådd.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) vedtok 16. juli 2008 å ikkje framsetje innvendingar mot avgiftsfritaket for verksemder som er tilslutta NO_x-avtala. Avtala vil bidra vesentleg til at Noreg overheld NO_x-forpliktinga i *Gøteborgprotokollen*.

Tabell 9.12 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC)¹

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
4. Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal maksimalt vere 195 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje overstige nivået i 1988 (dvs. 252 000 tonn). Dei årlege utsleppa av VOC frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal ikkje overstige 70 pst. av nivået i 1989 (dvs. 192 000 tonn).	4.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar i samsvar med det nasjonale målet.	Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.

¹ Resultatmålet reflekterer dei plikter Noreg har teke på seg for utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) i protokollar under *ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar*, inkludert *Gøteborgprotokollen*.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 4.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar i samsvar med det nasjonale målet.

Noregs utslepp av VOC var i 2007 for første gongen lågare enn forpliktinga i *Gøteborgprotokollen* om å redusere dei samla årlege utsleppa av VOC til maksimalt 195 000 tonn innan 2010.

Dei samla norske utsleppa av VOC auka med 32 pst. frå 1990 til 2001. Frå 2001 til 2006 vart utsleppa reduserte med 50 pst. I 2006 var utsleppa av VOC 196 000 tonn. Førebelse tal presentert av Statistisk sentralbyrå i mai 2008 syner at utsleppa av VOC i 2007 var 191 000 tonn. Forpliktinga vår under VOC-protokollen av 1991 svarar til eit samla årleg utslepp på maksimalt 252 000 tonn. Dette inneber at Noreg også i 2007 overheld denne for-

pliktinga. Noreg har i VOC-protokollen av 1991 ei særskilt forplikting til å redusere utsleppa av VOC frå fastlandet og den økonomiske sone sør for 62. breiddegrad. Vi overheld også dette kravet i 2007. For å redusere utsleppa til eit nivå som er innafordet vi har forplikta oss til internasjonalt, er utsleppa av VOC frå lasting og lagring av råolje på sokkelen regulerte gjennom utsleppsløyve etter forureiningslova. Noreg har gjennom forskrifter gjennomført eit EU-direktiv om å redusere VOC-utsleppa frå lagring og distribusjon av bensin frå terminalar til bensinstasjonar, eit direktiv om utslepp av VOC frå bruk av løysemiddel i visse verksemder og anlegg, og eit anna direktiv om VOC i maling og lakk. Det er venta at desse reguleringane er tilstrekkelege til at Noreg oppfyller VOC-krava både i VOC-protokollen av 1991 og i *Gøteborgprotokollen* også i åra framover.

Tabell 9.13 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 3 langtransporterte luftforureiningar Utslepp av ammoniakk (NH₃)¹

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
5. Dei årlege utsleppa av ammoniakk (NH ₃) skal maksimalt vere 23 000 tonn f.o.m. 2010.	5.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av ammoniakk i samsvar med det nasjonale målet.	Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar.

¹ Resultatmålet reflekterer dei plikter Noreg har teke på seg for utslepp av ammoniakk (NH₃) i *Gøteborgprotokollen*.

Arbeidsmål 5.1. I samarbeid med aktuelle sektordepartement sjå til at Noreg reduserer dei årlege utsleppa av ammoniakk i samsvar med det nasjonale målet.

Førebelse tal presentert av Statistisk sentralbyrå i mai 2008 syner at utsleppa av ammoniakk i 2007 var 22 400 tonn. Utsleppa av ammoniakk i Noreg auka med om lag 10 pst. i perioden 1990-2007. Auken skuldast i hovudsak auka utslepp av ammoniakk frå landbruket og frå personbilar med trevegs katalysator. Knapt 90 pst. av ammoniakksleppa i Noreg skjer i landbruket. Det er venta at utsleppa vil endre seg lite fram mot 2010 utan nye tiltak. For å innfri krava etter *Gøteborgprotokollen* må Noreg frå 2010 halde dei årlege utsleppa av ammoniakk om lag på same nivå som i 2007.

Landbruks- og matdepartementet har innarbeidd *Gøteborgprotokollens* krav til utforming av husdyrrom og gjødsellager for ekstra store svine- og fjørfebesetningar i forskrift om gjødselvarer mv., av organisk opphav. Nyare utsleppskrav til køyretøy er utforma slik at ammoniakksleppa ikkje er venta å auke. Det er venta at dei samla norske utsleppa av ammoniakk vil endre seg lite fram mot 2010 og 2020 utan nye tiltak.

Verkemiddel

Finansiering av arbeidet under resultatområde 4, underområde 3 langtransportert luftforureining, blir i hovudsak dekt under kap. 1400 og kap. 1441. Kostnadar til kalking blir dekte under kap. 1427.

Regjeringa vil føre vidare den aktive medverkanden frå Noreg si side i det omfattande internasjonale samarbeidet knytt til forskning, utgreiing og kartlegging av miljøproblem som skuldast langtransportert luftforureining. Dette arbeidet omfattar bl.a. overvaking, undersøkingar og analysar for å etterprøve at dei protokollane som allereie er i kraft har hatt dei venta miljøeffektane, og som grunnlag for forhandlingar om moglege nye protokollar. Dei nasjonale overvaksingsprogramma, forskingsprogram under Noregs forskingsråd, og Miljøverndepartementets program Naturens tolegrensar, er sentrale for å leggje grunnlag for nye avtaler om langtransportert luftforureining. Miljøforvaltninga medverkar vidare til å finansiere dei internasjonale programma under *Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining*.

I samband med forhandlingar om nye avtalar og som grunnlag for val av tiltak og verkemiddel for å overhalde Noregs plikter når det gjeld utsleppsreduksjonar, analyserer miljøforvaltninga, i samarbeid med andre styresmakter, bl.a. potensi-

alet for utsleppsreduksjonar ved ulike tiltak og verkemiddel, og kostnadar ved desse.

I tråd med Stortingets vedtak, sette Regjeringa 1. januar 2007 i verk avgift på 15 kr/kg utslepp av NO_x. Regjeringa foreslår ingen endring i avgifta utover prisjustering for 2009. I tråd med avtalen mellom staten ved Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane vil verksemdar som sluttar seg til denne få fritak for NO_x-avgift ut 2010. Statens forureiningstilsyn arbeider med å fastsette nye krav etter forureiningslova til utsleppa til luft frå stasjonære kjelder på land og offshore, i tråd med EU-direktivet om integrert forureiningskontroll (IPPC-direktivet). Regjeringa vurderer no kva for ytterlegare reduksjonar som kan gjennomføres i NO_x-utsleppa frå kjelder som ikkje er omfatta av avtalen med næringsorganisasjonane, mellom anna fartøy som ikkje er omfatta av NO_x-avgifta. Statens forureiningstilsyn har fått nye oppgåver med å utvikle betre utsleppsfaktorar og medverke i arbeidet med verifikasjon og kontrollar av utslepp. Det er sett av ekstra løyvingar til dette arbeidet.

Som det går fram av statusbeskrivinga har ein no i hovudsak avklart kva for verkemiddel som skal nyttast for å overhalde forpliktingane i *Gøteborgprotokollen* om dei samla utsleppa av SO₂, NO_x, VOC og ammoniakk. Ein vil følgje utviklinga i utslepp av desse gassane og fortløpande vurdere om det er behov for endringar i verkemidla eller om det er behov for nye verkemiddel. Regjeringa vil i *Perspektivmeldinga 2008* leggje fram nye framskrivningar for utslepp av miljøskadelege utslepp til luft.

Styringsorganet for *Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar* vedtok i desember 2007 å starte forhandlingar om revisjon av *Gøteborgprotokollen*, med sikte på å vedta nye utsleppsforpliktingar i desember 2009. Ein gjennomgang av dei forventa miljøeffektane viser at den noverande protokollen bidrar til effektive reduksjonar av utsleppa som gir skader på økosystem (bl.a. forsuring) og på menneskjers helse, men at vi enno vil ha utslepp til luft som overskrid naturens tålegrensar for forureining og utslepp som gir helseskadar, sjølv når den protokollen har full effekt. Det er i samband med revisjon av *Gøteborgprotokollen* også aktuelt å regulere partane sine utslepp av partiklar som bidrar til helseproblem. Det er mest aktuelt at nye utsleppsforpliktingar vil gjelde frå 2020.

Regjeringa vil føre vidare Noregs aktive deltaking i arbeidet med å utvikle avtaler under *Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar*. I arbeidet med å revidere *Gøteborgprotokollen* vil regjeringa leggje vekt på å utvikle ein ny effektbasert avtale der landa tek på seg utslepps-

forpliktingar som fører til at utsleppa som bidreg til overskriding av kritiske belastningsgrenser blir redusert på ein effektiv måte. Noreg vil òg leggje vekt på få til ei avtale som flest mogleg av landa i Sørøst-Europa, Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia vil slutte seg til.

Regjeringa arbeider innanfor FN sin sjøfartsorganisasjon IMO for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. Noreg tok saman med ei gruppe av land i 2005 initiativ til å revidere MARPOL Annex VI som vart vedteken i 1997 og stiller krav til utslepp til luft frå skip. Gjennomgangen gjaldt krav til utslepp av SO₂, NO_x, VOC og partiklar og målet for

møtet i IMOs miljøkomité i mars 2008 var å ferdigstille revisjon av MARPOL Annex VI slik at dei nye reglane endeleg kan vedtas for å tre i kraft i 2010. Noreg sendte, saman med Tyskland og Finland, inn eit forslag til ei heilheteleg pakke av nye utsleppskrav for Annex VI. Noreg presenterte også miljøeffektane av dette forslaget. Etter intense forhandlingar vart det semje om ei løysning med grunnlag i Noregs forslag. Konsekvensen av sovelkrava er at ein i praksis vil fase ut bruk av tungolje.

Løysinga inneber følgjande: Se tab.9.14 og 9.15 Konsekvenser.

Tabell 9.14 Krav til svovelinnehald i marint drivstoff

Eksisterande krav	Nye krav i spesielle regionar (foreløpig i Nordsjøen og Austersjøen)	Nye globale krav
Maks. 4,5 pst. svovel i drivstoff globalt.	Frå 1. mars 2010 maks. 1,0 pst. svovel i drivstoff.	Frå 1. januar 2012 maks. 3,5 pst. svovel i drivstoff.
Maks. 1,5 pst. svovel i drivstoff i spesielle regionar.	Frå 1. januar 2015 maks 0,1 pst. svovel i drivstoff.	Frå 1. januar 2020 maks. 0,5 pst. svovel i drivstoff dersom ein gjennomgang i 2018 viser global tilgang til slikt drivstoff. Dersom det ikkje er god nok tilgang, blir dette kravet utsett til 1. januar 2025.

Tabell 9.15 Krav til nitrogenoksid (NO_x)

Eksisterande krav	Nye krav i spesielle regionar (som blir oppretta etter godkjenning av IMO)	Nye globale krav
Maskineri installert på skip etter 1. januar 2000 skal følgje IMOs NO _x -kurve.	Frå 1. januar 2016 skal skip bygde og maskineri installert etter denne datoen ha 80 pst. lågare utslepp enn krava i dag når dei er nytta i spesielle regionar.	Frå 1. januar 2011 skal skip bygde og maskineri installert etter denne datoen ha 15-22 pst. lågare utslepp enn krava i dag. Eksisterande maskineri over 5000 kW og sylindervolum over 90 liter installert på skip bygde i perioden 1990-1999 skal tilfredsstillende krava i dag dersom ein «godkjent metode» er sertifisert av administrasjonen.

Når det gjeld krav til flyktige organiske sambindingar (VOC) blei det bestemt at alle tankskip skal ha ein VOC-handteringsplan som inneheld prosedyrar for lastehandtering som minimerer VOC-utsleppa.

Resultatområde 4 underområde 4 Lokal luftkvalitet

Strategisk mål

Lokale problem med luftforureining skal førebyggast og reduserast slik at ein tek omsyn til helse og trivsel for menneska.

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere helseskadelege utslepp av dei stoffa som gir redusert luftkvalitet lokalt. Generelt er den lokale luftkvaliteten i Noreg god, men i nokre større byar og tettstader kan lokale luftforu-

reiningar i periodar gi betydelege helse- og trivselsproblem. Hovudkjeldene til dei lokale luftforureiningane er vegtrafikk og vedfyring, men andre kjelder medverkar i tillegg. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

Tabell 9.16 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM ₁₀) skal innan 2005 ikkje overskride 50 µg/m ³ meir enn 25 dagar pr. år og innan 2010 ikkje meir enn 7 dagar pr. år.	1.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for svevestøv ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.	Utslepp av svevestøv (PM ₁₀) frå stasjonære kjelder. Betring av drivstoffkvalitetar.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 1.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for luftkvalitet ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.

Målingar viser at det nasjonale resultatmålet for svevestøv som gjeld frå 2005 overskrides i fleire byområde i Noreg. I 2007 vart det registrert overskridingar av 2005-målet i Oslo, Trondheim, Drammen, Tromsø, Grenland, Lillehammer og Mo i Rana. Det kan i tillegg vere andre, mindre byar som har overskridingar av nasjonale mål. Overskridingane skjer i hovudsak i område langs dei mest trafikkerte vegane. Nivåa for svevestøv vil bli reduserte fram mot 2010, men det vil bli vanskelig å nå det nasjonale målet for svevestøv for 2010 utan ytterlegare tiltak eller ein auke i styrken av eksisterande tiltak. Dei fleste som blir utsette for overskridingar av det nasjonale målet for 2010 vil vere busette i sentrumsnære byområde og langs dei mest trafikkerte hovudvegane. Utrekningar viser at i 2005 vart rundt 230 000 menneske i Oslo utsette for konsentrasjonar som var høgare enn det nasjonale målet for 2010. Endå fleire vart utsette

for forureining som kan gi helseverknader for spesielt utsette grupper. Det må setjast i verk ytterlegare tiltak for å nå dei nasjonale måla for svevestøv. Utsleppet av svevestøv (PM₁₀) frå stasjonære kjelder (inkludert offshore) er redusert med 23 pst. mellom 1990 og 2006.

Fyring med ved er fleire stader ei vesentleg kjelde til luftforureining (svevestøv), spesielt på kalde dagar om vinteren. Dette gjeld spesielt dei minste partiklane. Utslepp frå vedfyring gjekk ned med 13 pst. frå 1990 til 2006 fordi stadig fleire skifter ut gamle forureinande omnar med nyare og meir miljøvennlege omnar. I tillegg til svevestøv medverkar vedfyring til utslepp av andre helseskadelege sambindingar. Utslepp frå store, stasjonære kjelder kan i dag føre til enkelte overskridingar av dei nasjonale resultatmåla.

Også vegtrafikken er ein hovudbidragsytar til partikkelforureining gjennom eksosgassar og vegslitasje. Gjennom nye krav til utslepp frå tunge køyretoy, kvaliteten på drivstoff og redusert piggdekkbruk er utsleppa av svevestøv frå vegtrafikken blitt reduserte med 44-45 pst. frå 1990 til 2006.

Tabell 9.17 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO ₂) skal innan 2010 ikkje overskride 150 µg/m ³ meir enn 8 timar pr. år.	2.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for nitrogendioksid ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.	Utslipp av nitrogendioksid (NO ₂) frå stasjonære kjelder. Betring av drivstoffkvalitetar.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 2.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for nitrogendioksid ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.

Vegtrafikk er den dominerande kjelda til lokal luftforureining. For nitrogendioksidkonsentrasjonar

(NO₂) i byar og langs vegar er eksosgassar frå vegtrafikk hovudkjelda. Utsleppa av nitrogenoksid, NO_x (NO₂ og NO) frå vegtrafikk er redusert med 54 pst. frå 1990 til 2006 som følgje av innførte avgasskrav, men effekten har vore størst for NO. NO₂-konsentrasjonane har vore stabile eller aukande dei seinare åra.

Tabell 9.18 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
3. Døgnmiddelkonsentrasjonen av svoveldioksid (SO ₂) skal ikkje overskride 90 µg/m ³ .	3.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for svoveldioksid ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.	Utslepp av SO ₂ frå stasjonære kjelder. Betring av drivstoffkvalitetar.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 3.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for svoveldioksid ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.

Konsentrasjonane av svoveldioksid er generelt låge, og målet for svoveldioksid er i stor grad vur-

dert til å vere nådd i Noreg. Årstalet i målet (var 2005) er teke ut, men målet blir vidareført.

Tabell 9.19 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 4 lokal luftkvalitet

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
4. Årsmiddelkonsentrasjonen av benzen skal innan 2010 ikkje overskride 2 µg/m ³ som bybakgrunnsverdi.	4.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for benzen ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.	Utslepp av benzen frå stasjonære kjelder. Betring av drivstoffkvalitetar.

Statusbeskriving:

Arbeidsmål 4.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for benzen ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff.

Konsentrasjonen av benzen i by- og tettstadsluft vil truleg vere innafor det nasjonale målet som gjeld frå 2010.

Verkemiddel

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med lokal luftkvalitet, og blir dekte under kap. 1441 og 1410. Resultat frå miljøovervaking blir nytta vidare i utrekningsmodellar, utgreiingar av tiltak og i dose-responsamanhengar. Budsjettmidlane blir dessutan nytta til å utvikle verktøy og metodar.

Føresegna om lokal luftkvalitet i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 7 er det sentrale verkemidlet på området lokal luftkvalitet. I føresegna er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta set grenseverdiar for konsentrasjonane av ei rekkje stoff og set krav til målingar, utrekningar, tiltaksutgreiingar og rapportering. I tilknytning til føresegna følgjer det dessutan ein rettleiar. Det går føre eit oppfølgingsarbeid for å sikre at forskrifta blir etterlevd. Eit nytt EU-direktiv om tungmetall og polyaromatiske hydrokarboner (PAH) er gjennomført i forureiningsforskrifta og trådte i kraft 1. juli 2007. EU har i april 2008 vedteke ei samanslåing av ei rekkje luftkvalitetsdirektiv og har i tillegg fastsette ny regulering av svevestøv storleik PM_{2,5}.

Gjennom føresegna om kvaliteten på bensin og autodiesel til bruk i motorvogner i forskrift 1. juni

2004 nr. 922 om avgrensning i bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier og andre produkt (produktforskrifta), implementerer Noreg EU-direktiv på området. I 2005 vart det innført eit avgiftsintensiv basert på svovelinnhaldet i drivstoff. Formålet var å få til ein rask overgang til svovelfritt drivstoff. Reduksjon av svovelinnhaldet medverkar til å betre luftkvaliteten og sikre full utnytting av ny og meir miljøvennleg teknologi. Avgiftsintensivet har vist seg svært effektivt då drivstoff til veggåande køyretøy i hovudsak no er svovelfritt. I 2008 ble det fastsette nye krav til svovelinnhald i anleggsgdiesel.

Utslepp frå transport og vedfyring står for ein stor del av kjeldene til lokal luftforureining. Ytterlegare tiltak for reduksjon av utslepp frå samferdselssektoren og vedfyring er under utgreiing. For å redusere utslipp av svevestøv er det innført høgare årsavgift for dieselskøyretøy utan fabrikkmontert partikkelfilter (sjå nærare omtale i St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Finansdepartementet). Det er behov for å intensivere arbeidet med luftforureining og å setje i verk meir omfattande tiltak. Det er vidare behov for å sjå meir samla på ulike tiltak og verkemiddel som påverkar luftforureininga. Det vil i samarbeid med aktuelle styresmakter bli utar-

beidd ein handlingsplan for å betre den lokale luftkvaliteten, der det bl.a. vil bli identifisert nye og/eller styrkt eksisterande tiltak og verkemiddel.

Dessutan har Fylkesmannen ansvar for oppgaver under resultatområde 4. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7.

Resultatområde 4 – underområde 5 Støy

Strategisk mål

Støyproblem skal førebyggjast og reduserast slik at det blir teke omsyn til helse og trivsel for menneska.

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebygge og redusere dei støyproblema som gir negative helse- og trivselseffektar. Vidare står arbeidet med å fremje stille (fråvere av støy) som miljøkvalitet sentralt. Hovudkjelda til støyplager er vegtrafikk, men ei rekkje andre kjelder medverkar òg. Resultatområdet omfattar dessutan internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

Tabell 9.20 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 underområde 5 Støy

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999 ¹ .	1.1. Samarbeide med andre styresmakter med ansvar på området og følgje opp regelverk.	Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder, spesielt SPI for industri, motorsport og skytebaner.

¹ Berekna utan befolkningsvekst.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Samarbeide med andre styresmakter med ansvar på området og følgje opp regelverk.

Støy er blant dei miljøproblema som rammar flest menneske i Noreg. Rundt 1,7 millionar personar er utsette for et gjennomsnittleg støynivå over 50 dB ved bustaden sin. Støy frå samferdsel utgjer til saman opp mot 90 pst. av kartlagt støyplage, der vegtrafikk åleine står for nesten 80 pst. Til trass for at tala viser at det i perioden 1999-2006 har vore ein nedgang i støyplaga frå luftfarten og frå jernbane, har det vore ein samla auke i støyplaga på ca. 3 pst. i same tidsperiode. Auken i støyplage skuldast i hovudsak auka vegtrafikk, men auka busetnad i trafikkerte område har òg medverka. Det er dei ulike sektordepartementa som har hovudansvaret for å sikre ein reduksjon av støyplaga innafor sin samfunnssektor, og medverke til at det nasjonale

resultatmålet for støy kan bli nådd. Skal ein nå målet er det behov for nye tiltak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken.

Regjeringa lanserte i mai 2007 ein handlingsplan mot støy for perioden 2007–2011. Denne er første fase på vegen for å nå dei nasjonale måla og vil leggje føring for arbeidet dei næraste åra. Handlingsplanen tek opp dei viktigaste støykjeldene, og det er presentert tiltak for å redusere støyen frå desse. I denne perioden bør mykje av satsinga vere konsentrert om FoU-arbeid og utvikling av verkemiddel.

Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Miljøstyresmaktene vil engasjere seg – i samspel med sektorstyresmaktene – med sikte på at det blir utvikla meir støysvake køyretøy, bildekk og vegdekk. Miljøstyresmaktene har vidare eit ansvar for å medverke til redusert støyplage frå dei ulike kjel-

dene der miljøstyresmaktene sjølve har verkemiddel – konsesjonspliktig industri og næringsverk-

semd, skytebaner, motorsportsbaner og enkelte produkt.

Tabell 9.21 Mål- og indikatorstabell for resultatområde 4 underområde 5 Støy

Nasjonale resultatmål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005 ¹ .	2.1. Utarbeide regelverk som medverkar til å nå det nasjonale målet og samarbeide med andre styresmakter med ansvar på området.	Reell reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå.

¹ Det nasjonale målet om reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå, tek utgangspunkt i overordna berekningar av talet på støyutsette bustader der utrekningane er gjort med skjematisk fasadedemping utan omsyn til ventilar i fasade.

Arbeidsmål 2.1. Utarbeide regelverk som bidrar til å nå det nasjonale målet og samarbeide med andre styresmakter med ansvar på området.

Same omsyn som for arbeidsmål 1.1. ligg føre også for arbeidet med innandørs støynivå. Tallene frå 2007 viser at det er ca. 46 000 personar som er utsette for eit innandørs støynivå over 38 dB. Tiltak vil bli fortløpande vurderte på grunnlag av statistiske tilbakemeldingar om utvikling på området, under dette strengare forskriftskrav og fokus på samarbeidsområde. Miljøforvaltninga tek sikte på å endre grensa for gjennomføring av støyreduserande tiltak i 5. kapittel i forureiningslova frå 42 dB med stengde ventilar, til 42 dB med opne ventilar. Frist for gjennomføring er 1. januar 2020 og har ein venta kostnad på 1,4 mrd. kroner.

Verkemiddel

Støyproblem skal førebyggjast og reduserast slik at det blir teke omsyn til helse og trivsel for menneska.

Budsjettmidlar til faglege utgreingar, forskning og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med støy, og blir dekte over kap. 1441, 1400 og 1410. Miljøovervaking er innhenting av tal over utslepp og andre miljødata, og blir nytta bl.a. i utrekningsmodellar, utgreingar av tiltak og rapportering av resultat. Både utgreiingsmidlar og forskingsmidlar blir nytta for å utvikle vidare den nasjonale støymodellen for utrekning

og oppfølging av støyplaga på tvers av kjelder. Forskings- og utgreiingsmidlar skal vidare nyttast til kompetanseoppbygging i dei støyfaglege miljøa og i høgare utdanning, og til EU-arbeid og internasjonale prosessar.

Kapittel 5 om støy i forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004 set krav til gjennomføring av utbetringstiltak for dei som er utsette for innandørsstøy over 42 dB i gjennomsnitt over døgnet.

Støy frå bl.a. industri, motorsport og skytebaner kan regulerast gjennom konsesjonssystemet i forureiningslova. Lova om produktkontroll heimlar støykrav til produkt, og er nytta til å gi forskrifter om bl.a. leiketøy, fritidsbåtar m.m.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å førebyggje støyproblem. Plansystemet blir nytta til å bestemme lokaliseringa av støykjelder, og til å regulere utnyttinga av areal som ligg omkring kjeldene. Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging skal leggast til grunn for all planlegging og utøving av mynde i kommunar, fylkeskommunar og hos statlege organ. Det er gitt ei felles retningslinje for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene.

Dessutan har Fylkesmannen ansvar for store oppgåver under resultatområde 4. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 7. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

10 Resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:

- 5.1 Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet, bl.a. EUs miljøsamarbeid og UNEP
- 5.2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under desse WTO og EFTA
- 5.3 Geografisk retta miljøsamarbeid
- 5.4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda

Strategiske mål

Noreg skal vere eit føregangslanland i miljøpolitikken, og spele ei aktiv og konstruktiv rolle for å løse globale og regionale miljøproblem og miljøskadar i Noreg som skuldast aktivitetar og utslepp i andre land. Dette inneber å utvikle og gjennomføre ein ambisiøs og målretta miljøpolitikk både internasjonalt og nasjonalt. Noreg vil vidare leggje stor vekt på å medverke til at internasjonale rammevilkår på andre område enn miljø sikrar ei miljøvennleg utvikling på globalt, regionalt og nasjonalt nivå. Norsk innsats skal betre miljøsituasjonen og sikre ei meir berekraftig utvikling i nærområdet vårt og i utviklingslanda.

Noreg skal betre miljøsituasjonen og sikre ei berekraftig utvikling og medverke til å styrkje mil-

jøvernet i Antarktis og Arktis og elles i Noregs nordlege nærområde. Svalbard skal framstå som eit av dei best forvalta villmarksområda i verda. Noreg skal arbeide for at dei nordlege havområda skal halde fram med å vere blant dei reinaste i verda, og medverke til at det biologiske mangfaldet blir teke vare på. Noreg skal bidra til å redusere utslepp og risiko for utslepp av miljøgifter, klimagassar, radioaktive stoff og anna forureining som kan føre til skade på norsk miljø.

Resultatområde 5 – underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet, bl.a. EUs miljøsamarbeid og UNEP

Definisjon og avgrensing

Underområdet omfattar arbeidet med å fremje miljøpolitiske prioriteringar og målsetjingar innafor dei internasjonale organisasjonane på miljøområdet, under dette FNs miljøprogram (UNEP) og samarbeid på miljøområdet innan EU/EØS, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) og Nordisk Ministerråd (NMR). Underområdet omfattar vidare arbeid med den globale miljøfasiliteten (GEF), FNs kommisjon for berekraftig utvikling (CDS) og EØS-midlane.

Tabell 10.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjoner på miljøområdet, bl.a. EUs miljør Samarbeid og UNEP

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Arbeide for at politikk og regelverksutvikling i EU/EØS resulterer i høge miljøkrav og ei berekraftig utvikling.	1.1. Medverke til ein sterk miljødimensjon i utforminga av EUs politikk på prioriterte område for Noreg, som klima/ energi, kjemikalier, EUs havpolitikk og luftforureining.	Tydelege norske posisjonar fremja i ulike kanalar inn mot EUs avgjerdsprosessar.
	1.2. Sikre at relevante EU-rettsakter blir gjennomførte ope og effektivt i det norske lovverket.	Ingen rettsakter på ESAs resultatavle. Avhaldne referansegruppemøte. Høyring av sentralt EØS-relevant EU-regelverk.
	1.3. Medverke til målretta satsing innan miljø- og kulturarvområdet i dei nye medlemslanda i EU i samband med EØS-midlane.	Auka bilateral kontakt med nasjonale og lokale styresmakter i dei nye medlemslanda.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1. Medverke til ein sterk miljødimensjon i utforminga av EUs politikk på prioriterte område for Noreg, som klima/ energi, kjemikalier, EUs havpolitikk og luftforureining.

Miljøforvaltninga arbeider breitt for tidleg å gjere norsk syn gjeldande på område som er særst viktige for Noreg. Noreg deltek aktivt i Kommisjonen arbeidsgrupper i medhald av EØS-avtala for å medverke til utforminga av nye rettsreglar som blir utarbeidde, utviklar innspel og har uformell kontakt med sentrale aktørar i EU-kommisjonen, Europaparlamentet og EU-medlemslanda omkring saker som er viktige for oss (klimaområdet, kjemikaliepolitikken, EUs havpolitikk og luftforureiningsområdet). Det er lagt stor vekt på god dokumentasjon av norske posisjonar og effektiv formidling av desse. Det er lagt større vekt enn før på konkrete tekstbidrag i riktig fase av regelutviklinga i EU, og på bilateral kontakt og alliansebygging i viktige saker. For å bidra til dette, har vi bl.a. styrkt kapasiteten ved EU-delegasjonen i Brussel (to miljørådar frå 1. desember 2008). I arbeidet med å påverke EUs regelverksutvikling er òg det nordiske samarbeidet sentralt.

Dei fleste direktiva gjeld forureiningsområdet. Vidare vurderer miljøforvaltninga fortløpande rettsutviklinga på naturvernområdet i EU, i tråd med Soria Moria-erklæringa sitt mål om å følgje opp gode miljøinitiativ frå EU og ta i bruk det beste i EUs miljølovgeving, også der den ikkje er omfatta av EØS.

Arbeidsmål 1.2. Sikre at relevante EU-rettsakter blir gjennomførte ope og effektivt i det norske lovverket.

Fleire rettsakter på miljøområdet er innlemma i EØS-avtala i 2008. Det er i denne samanhengen lagt stor vekt på å sikre ei rask og effektiv gjennomføring i norsk lovverk av EU-rettsakter som blir sett på som relevante og akseptable.

Miljøforvaltninga ønskjer å fremje debatt om EUs betydning for norsk miljøpolitikk. Ei opa haldning og medverknad er vektlagt i EU/EØS-arbeidet, og det blir jamleg halde møte i EU/EØS-referansegruppa med deltaking frå næringslivet, partane i arbeidslivet, forskingsinstitusjonar og frivillige organisasjonar. Det blir halde høyringsprosessar for sentralt EØS-relevant EU-regelverk.

Arbeidsmål 1.3. Medverke til målretta satsing innan miljø- og kulturarvområdet i dei nye medlemslanda i EU i samband med EØS-midlane.

Miljø og kulturarv er blant dei viktigaste satsingsområda under EØS-midlane for perioden 2004–2009. Midlane medverkar til gjennomføring av EUs regelverk og auka kontakt mellom Noreg og dei tolv nye EU-medlemslanda frå 2004 og 2007, og Spania, Portugal og Hellas. Norske miljøstyresmakter har dialog med styresmakter i mottakarlanda.

Tabell 10.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjoner på miljøområdet, bl.a. EUs miljøsamarbeid og UNEP

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
2. Arbeide for at globale og regionale samarbeidsorgan på miljøområdet blir utvikla til effektiv reiskap for utvikling og gjennomføring av miljøpolitikk.	2.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden ved å gjennomføre handlingsprogrammet for det nordiske miljøsamarbeidet 2009-2012.	Handlingsprogrammet blir gjennomført som planlagt.
	2.2. Medverke til at OECD utarbeider fagleg og politisk relevante analysar og retningslinjer til støtte for miljø og berekraftig utvikling i og utanfor OECD-området.	OECDs analysar/tilrådingar er nytta i aktuelle prosessar.
	2.3. Arbeide for at Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) blir utvikla vidare som møteplass for berekraftdebatt og katalysator for handling internasjonalt.	2008-2009: CSDs medverknad til å belyse tema arealforvaltning, tørke, Afrika, jordbruk, rural utvikling og forørkning.
	2.4. Halde fram arbeidet med å styrkje UNEP politisk og finansielt gjennom oppgradering av UNEP til særorganisasjon på sikt, bl.a. ved å arbeide for å styrkje UNEP si rolle som miljøpolitisk agendasetjar gjennom å styrkje organisasjonen sin normative og vitenskaplege kapasitet.	Styrking av UNEPs finansielle grunnlag og rolle i å setje den globale miljøpolitiske dagsordenen. Klargjering av UNEPs rolle i forhold til utviklingsaktørane.
	2.5. Medverke til at miljø kjem institusjonelt styrkt ut av FNs reformprosessar.	Utvikling av prosess under FNs generalforsamling om det internasjonale miljøstyresettet.
	2.6. Skape gode ordningar for finansiering av globale miljøtiltak.	Klare, operasjonelle tilrådingar frå evalueringa av GEF.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden ved å gjennomføre handlingsprogrammet for det nordiske miljøsamarbeidet 2009-2012.

Departementet har medverka til oppfølging av det nordiske miljøhandlingsprogrammet 2005-2008, som er miljøsektorens oppfølging av den nordiske strategien for berekraftig utvikling. Miljøprogrammet er styrande for det ekspertsamarbeidet som skjer i regi av Nordisk Ministerråd. I dette samarbeidet vil det i perioden 2009-2012 vere særleg fokus på områda klima, luftforureining, hav, biologisk mangfald og kjemikalier.

Arbeidsmål 2.2. Medverke til at OECD utarbeider fagleg og politisk relevante analysar og retningslinjer til støtte for miljø og berekraftig utvikling i og utanfor OECD-området.

I 2009 ligg det an til at OECD vil ha auka fokus på å bidra til relevant analyse til støtte for globale miljøutfordringar som klima og biologisk mangfald. Det er lagt opp til miljøpolitiske vurderingar av kandidatlanda til OECD (Estland, Slovenia, Chile, Israel og Russland), samtidig som OECDs vedtak om styrkt samarbeid med Brasil, Sør-Afrika, Kina, India og Indonesia skal følgjast opp og fyllast med substans frå miljøside. I 2009 vil det truleg finne stad ei form for felles høgnivåarrangement mellom miljø- og utviklingssida.

Arbeidsmål 2.3. Arbeide for at Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) blir utvikla vidare som møteplass for berekraftdebatt og katalysator for handling internasjonalt.

I perioden 2008-2009 er CSDs hovudfokus retta mot arealforvaltning, tørke, Afrika, jordbruk, utvikling på landsbygda og forørkning. I 2008 vart status på området gjennomgått, forhandlingar skjer i 2009. Noreg var aktiv i å få belyst samanhengar mellom arealbruk og biobrensel og fremja forslag om at det bør utviklast internasjonale kriterium for biobrensel og at UNEP og FAO saman med andre bør vere aktive i dette arbeidet.

Arbeidsmål 2.4. Halde fram arbeidet for å styrkje UNEP politisk og finansielt gjennom oppgradering av UNEP til særorganisasjon på sikt, bl.a. ved å arbeide for styrkt vitenskapsskapitet i UNEP.

FNs miljøvernprogram, UNEP, har sentrale funksjonar for overvaking og analyse og tek initiativ til forhandlingsprosessar om miljøvernavtaler. Noreg legg vekt på å styrkje UNEPs rolle som FNs sentrale miljøautoritet og premissleverandør i globalt miljøarbeid, og ønskjer at UNEP på sikt skal omdannast til ein særorganisasjon under FN. UNEPs styremøte vedtok i 2008 ein ny strategi for organisasjonen for perioden 2010-2013 med seks prioriterte fokusområde, under dette bl.a. klima, forvaltning av økosystem, kjemikalier og farleg avfall og effektiv ressursbruk.

Vi vil søkje å styrkje UNEPs rolle i det internasjonale havsamarbeidet bl.a. ved å arbeide for eit tettare samarbeid mellom UNEP og IMO og følgje opp det norske forslaget om å gi IPPC i oppdrag å utarbeide ein rapport om skip og klimagassutslipp. Vidare vil vi arbeide for at UNEP i samarbeid med andre internasjonale organ utarbeider internasjonale retningslinjer for biodrivstoff.

Arbeidsmål 2.5. Medverke til at miljø kjem institusjonelt styrkt ut av FNs reformprosessar.

Noreg har delteke aktivt i konsultasjonsprosessane som går føre seg for å styrkje FNs miljøarbeid, og det blir arbeidd for eit vedtak under FNs generalforsamling i haust.

Arbeidsmål 2.6. Skape gode ordningar for finansiering av globale miljøtiltak.

Noregs bidrag til å finansiere gjennomføringa av dei globale miljøavtalene er førde over Utanriksdepartementets budsjett, men Miljøverndepartementet har det faglege ansvaret for konvensjonane,

arbeider for å sikre samverknaden mellom dei og for å føre hovudmåla deira inn i arbeidet i ulike internasjonale organisasjonar. Det globale miljøfondet, GEF, er det viktigaste organet for å fordele støtte. GEF-bidraga utløyser to til fem gonger så store midlar frå andre kjelder. For eksempel har GEF løyvd 5,6 mill. USD til eit prosjekt for meir energieffektive kjøleanlegg i India, mens det har komme 25,9 mill USD i tillegg – i hovudsak frå private kjelder. I løpet av ein 15-årsperiode er prosjektet venta å spare inn elektrisitet som tilsvarear meir enn 3 gonger Noregs årlege forbruk. Gåvemidlar er ein svært liten del av summene ved verksemd som påverkar klima, biologisk mangfald og utslepp av miljøgifter. Innretninga av GEFs arbeid legg derfor stadig større vekt på at gåvemidlane blir nytta på ein måte som gir ei langsiktig endring av miljøpolitikken.

Verkemiddel

Resultatområde 5 – underområde 1 Samarbeid i internasjonale organisasjonar på miljøområdet, bl.a. EUs miljøsammarbeid og UNEP, blir hovudsakleg finansierte over kap. 1400. EØS-midlane og reisetøtte for representantar frå utviklingsland for å delta på viktige miljømøte blir betalt av Utanriksdepartementet.

På EU/EØS-området er møte med EU-formannskap og med sentrale EU-land, Nordisk Ministerråd og nordiske «frukostmøte» i framkant av miljøvernministermøta i EU dei sentrale verkemidla på politisk plan, i tillegg til kontaktar med Europaparlamentet. I politisk kontakt med ulike EU-organ fremjar Noreg innspel på dei mest prioriterte miljøspørsmåla, som klima/energi, EUs havpolitikk, luftforureining og kjemikalier.

Noreg deltek desutan i EU-møte på departementsrådsnivå, driv aktiv nettverksbygging på embetsmannsnivå og deltek i meir enn 50 ekspertgrupper på miljøområdet for å påverke utforming av EUs miljøpolitikk. Samla sett er dette eit omfattande arbeid.

Noreg yter store ressursar gjennom EØS-midlane, som skal fremje økonomisk og sosial utvikling i det utvida EU. Tiltak som betrar miljøet og tek vare på kulturarven er prioriterte område. Miljøverndepartementet legg vekt på politisk dialog med dei nye EU-landa.

For Noreg er det nordiske samarbeidet særleg viktig både på politisk nivå, embetsmanns- og ekspertplan for å få betre gjennomslag i miljøarbeidet i EU og anna internasjonalt miljøsammarbeid. På sentrale område som hav, vatn og kjemikalier har Noreg gjennom det tette ekspert samarbeidet i nordisk regi fått høve til å påverke det internasjonale

regelverket i ei grad som ville ha vore vanskeleg for Noreg aleine.

Arbeidet i OECD med forholdet mellom miljø og økonomisk vekst er viktig for Noreg. OECDs Environmental Outlook 2030 legg grunnlag for det vidare arbeidet, bl.a. med omsyn til integrering av miljø i utviklingspolitikken og i handelssamanheng.

Regjeringa vil følgje opp arbeidet med ei FN-reform på miljøområdet. Ein vil særleg leggje vekt på å utvikle mekanismar som sikrar FN ei meir effektiv og heilskapleg tilnærming til miljøvern, bl.a. gjennom vidare å styrkje UNEPs rolle som sentral FN-autoritet på området. Deltaking i UNEPs Governing Council og norsk miljøråd i Nairobi er òg viktige verkemiddel.

Regjeringa vil halde fram å arbeide for eit meir handlingsretta CSD (Kommissjonen for berekraftig utvikling) der landa, internasjonale organisasjonar og det sivile samfunnet samarbeider om oppfølging av berekraftig utvikling, FNs tusenårs mål og målsetjingane frå toppmøtet i Johannesburg.

Arbeidet med effektive program for gjennomføring av dei globale miljøavtalene gjennom GEF krev tett koordinering mellom Miljøverndepartementet som konvensjonsansvarleg og Utanriksdepartementet som ansvarleg for finansieringsordninga. GEFs effektivitet skal evaluerast før påfylling av nye midlar i 2010. Evalueringa skal både

måle resultat i forhold til konvensjonane og gi forslag som kan nyttast ved utarbeidinga av policy for neste 4-årsperiode. Erfaringane frå ordninga for fordeling av midlar ut frå landas potensiale og styreform skal evaluerast og drøftast. Det vil vere særleg viktig at effektiviseringa ikkje hindrar allsidig miljøinnsats. Arbeidet med reorganisering, strategiutvikling og meir effektiv behandling av prosjekt i GEF medfører spesielle utfordringar for – og stiller spesielle krav til – FNs miljøprogram. Dette vil Miljøverndepartementet følgje nøye med på.

Resultatområde 5 – underområde 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA

Definisjon og avgrensing

Underområdet omfattar arbeid for å fremje miljøpolitiske prioriteringar og målsetjingar i høve til internasjonale organisasjonar og prosessar som kan ha stor betydning for miljøtilstand og verkemiddel innanfor miljøpolitikken. Dette gjeld særleg Verdas handelsorganisasjon (WTO), Noregs handels- og investeringsavtaler, arbeid med miljø- og samfunnsansvaret i bedrifter, EU/EØS' indre marknad, FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO), Verdensorganisasjonen for immaterialrett (WIPO), Verdsbanken og FNs utviklingsprogram (UNDP).

Tabell 10.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
3. Arbeide for at utviklinga av regelverket i WTO, EU/EØS' indre marknad, EFTAs tredje landsavtaler og Noregs bilaterale handelsavtaler gir rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og fremjar nødvendige omsyn til miljø og ei berekraftig utvikling.	3.1. Handelspolitikken skal utviklast vidare innafor ei ramme som fremjar miljøomsyn og berekraftig utvikling.	Miljøomsyn integrert i handels avtaler. Miljø som eige forhandlingstema med land av stor økonomisk og miljømessig betydning.
	3.2. Hindre at regelverket i WTO, Noregs handelsavtaler og EU/EØS' indre marknad reduserer handlingsrommet nasjonalt og internasjonalt for å avbøte og førebyggje miljøskade for eksempel på områda klima, kjemikalier og biologisk mangfald.	Ikkje redusert handlingsrom for miljøpolitikken. Framhald av likeverd mellom miljøavtalene og WTO-regelverket. Miljøomsyn sikra likeverd i nasjonal gjennomføring av tiltak som ledd i indre marknadstiltak i EU/EØS.
	3.3. Rammevilkåra for internasjonale investeringar skal utvikles for å stimulere til miljøvennlege investeringar og ivareta statar sin rett til å regulere på grunnlag av miljøomsyn. Miljøvernforvaltninga skal vere ein pådrivar for at bedrifter tar miljøansvar i den internasjonale delen av verksemda si.	Internasjonalt og nasjonalt tverrsektorielt samarbeid om verkemiddelutvikling.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 3.1. Handelspolitikken skal utviklast vidare innanfor ei ramme som fremjar miljø og berekraftig utvikling.

Vidareutvikling av handelspolitikken vil påverke både miljøtilstanden og rommet for miljøpolitikk og -verkemiddel. I pågåande forhandlingar i WTO og andre handelsavtaler arbeider Regjeringa for å fremje eit internasjonalt handelsregime der omsyn til miljø, faglege og sosiale rettar, mattryggleik og utvikling i fattige land skal tilleggjast avgjerande vekt. I 2008 har koplinga klima og handelspolitikk fått betydeleg meir merksemd.

I WTO-forhandlingane i 2008 om handel og miljø har det vore sterkt fokus på reduksjon av handelsbarrierar for miljøvarer. Noreg har lagt vekt på at liberalisering må medverke til reell miljøgevinst. Miljø er generelt eit omsyn som skal integrerast i alle relevante forhandlingsområde. Noreg har

arbeidd aktivt for å utvikle eit regelverk for fiskerisubsidiar som kan medverke til å hindre overkapasitet i den globale fiskeflåten og med det redusere overfiske. Noreg støttar krav frå utviklingsland om obligatorisk opphavsdeklarering i samband med patentsøknader på genressursområdet, og har fremja forslag i WTO om å endre TRIPS-avtala på dette punktet. Det er uklart kva som nå vil skje i WTO etter at ein ikkje fekk til det gjennombrotet i forhandlingane i juli som ein hadde håpa på.

Noreg ønskjer vidare å utvikle sine frihandelsavtaler til å vere positive bidrag til berekraftig produksjon og forbruk i tråd med målsetjingane for handelsområdet i Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vedtok våren 2008 at Noreg skal arbeide for miljø som eige forhandlingstema med land av stor økonomisk og miljømessig betydning, som India og Kina. Forhandlingar med India (gjennom EFTA) og Kina (Noreg åleine) vil etter alt å døme starte hausten 2008.

Arbeidsmål 3.2. Hindre at regelverket i WTO, Noregs handelsavtaler og EU/EØS' indre marknad reduserer handlingsrommet nasjonalt og internasjonalt for å avbøte og førebyggje miljøskade, for eksempel på områda klima, kjemikalier og biologisk mangfald.

Forholdet mellom WTOs regelverk og handelstiltak i miljøavtalene har vore eit sentralt forhandlingstema i 2008. Regjeringa arbeider for at dei to avtaleverka skal sikrast likeverd og verke gjensidig støttande, og departementet har i nært samarbeid med Utanriksdepartementet arbeidd fram eit norsk forslag til utkast til ministererklæring som bidrag til dette. Det har vidare vore arbeidd aktivt for å sikre at det nasjonale handlingsrommet for verkemiddel i miljøpolitikken ikkje blir svekt bl.a. i samband med forhandlingar i WTO om nytt regelverk på tenesteområdet og for handelshindringar anna enn toll.

Også bilaterale og regionale handelsavtaler gir utfordringar på miljøområdet. I pågåande forhandlingar i EFTA-regi har det vore viktig å sikre at

avtalene ikkje forpliktar Noreg på måtar som gir mindre rom for nasjonale miljøtiltak og verkemiddel.

Arbeidsmål 3.3. Rammevilkåra for internasjonale investeringar skal utvikles for å stimulere til miljøvennlege investeringar og ivareta statar sin rett til å regulere på grunnlag av miljøomsyn. Miljøvernforvaltninga skal vere ein pådrivar for at bedrifter tar miljøansvar i den internasjonale verksemda si.

Nytt arbeidsmål frå 2009.

Regjeringa har som målsetjing å styrkje arbeidet med å fremje miljø- og samfunnsansvar i næringslivet. Departementet har bl.a. medverka til å få fram forslag til tiltak for grønare leveransekjeder internasjonalt. Departementet har vidare medverka aktivt inn i nasjonal prosess for utarbeiding av ei modellavtale for bilaterale avtaler om investeringsvern.

Tabell 10.4 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
4. Arbeide for at relevante organisasjonar og prosessar som bl.a. FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO), FNs utviklingsprogram (UNDP), Verdsbanken og Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) meir systematisk fremjar omsynet til miljø og ei berekraftig utvikling.	4.1. Få omsynet til miljø- og berekraftig utvikling betre integrert i den ordinære verksemda i FAO, WIPO m.fl., bl.a. gjennom oppfølging av Traktaten for plantegenetiske ressursar i FAO og utvikling av føresegnar for betre vern av tradisjonell kunnskap i WIPO.	FAO: viktige genressursar for landbruket blir betre tekne vare på. WIPO: mindre konflikhtar om patent på genressursar. UNDP/Verdsbanken: bruk av miljøkonsekvensvurderingar og spesifikke miljøprogram.

Arbeidsmål 4.1. Få omsynet til miljø- og berekraftig utvikling betre integrert i den ordinære verksemda i FAO, WIPO mfl., bl.a. gjennom oppfølging av Traktaten for plantegenetiske ressursar i FAO og utvikling av føresegnar for betre vern av tradisjonell kunnskap i WIPO.

Verksemda i organisasjonar som FAO, UNDP, Verdsbanken mfl. har betydelege effektar for miljøtilstanden. Departementet ser det som viktig å arbeide for at dei multilaterale organisasjonane støttar opp om prioriteringane i miljøkonvensjonane. Integrering av miljøomsyn var ein sentral del av norske innspel til FAOs matvaretoppmøte i juni 2008.

I WIPOs Komité for immaterialrett og genressursar, tradisjonell kunnskap og folklore (ICG) har Noreg tidlegare fremja forslag om styrkt vern av

tradisjonell kunnskap knytt til biodiversitet. På tross av ein svak tendens til framgang i forhandlingane går prosessen langsamt. Mandatet er forlenga for ein ny toårsperiode, ut 2009.

Under arbeidet med FAO-traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk er fokuset no på finansiering og praktisk gjennomføring av avtala. Vårens fokus på matvaretryggleik har gitt auka merksemd på genressursar som tryggleik i samband med at klimaendringar endrar vilkåra for matproduksjon i fleire verdsdelar. Som eit bidrag til bevaring av genressursar globalt har Utanriksdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet samarbeidd om å etablere eit globalt lager på Svalbard for å sikre landbruksfrø som er viktige for verdas matforsyning. Opninga av frøkvelvet i februar 2008 vart ei vellykka markering med stor nasjonal og internasjo-

nal mediemerksend. Noreg medverkar til fokus på berekraftig utvikling i Verdsbanken, bl.a. gjennom det norskfinske fondet for miljøvennleg og sosialt berekraftig utvikling. Miljøverndepartementet arbeider saman med Utanriksdepartementet i fleire prosessar om FN-reform for å sikre at verksemda i FNs utviklingsprogram, UNDP, og andre utviklingsaktørar byggjer opp under miljømåla og medverkar til å tryggje livsgrunnlag. Gjennom dei siste månadene har koplingane mellom klimapolitikk, biobrensel, skog, biodiversitet og matproduksjon komme i sterkt fokus. Auka merksemd om klima samtidig som biobrensel blir meir omstridt og matvareprisane aukar har ført til ein sterk debatt om korleis ein skal få til ei politikktutvikling som ikkje fører til at tiltak for eitt formål undergrev andre formål under andre avtaler.

Verkemiddel

Resultatområde 5 underområda 2 Andre avtaler, organisasjonar o.a. som har stor betydning for miljø, under dette WTO og EFTA blir hovudsakleg finansierte over kap. 1400.

Departementet vil, i nært samarbeid med Utanriksdepartementet, delta i WTOs forhandlingsmøte og gjennom alliansebygging med andre land arbeide for løysingar som sikrar fleksibilitet for verkemiddelbruk i miljøpolitikken og reell miljøvinst i arbeidet med å identifisere «miljøvarer». Arbeidet for å få tilslutning til vårt forslag til utkast til ministererklæring om forholdet mellom miljøavtala og WTOs regelverk vil måtte prioriterast når WTO-forhandlingane eventuelt startar opp igjen. Arbeid for å sikre at internasjonale handels- og klimareglar blir gjensidig støttande, vil òg vere ei viktig utfordring i tida framover.

Når det gjeld Noregs frihandelsavtaler, vil departementet i samarbeid med andre departement utvikle miljø som eige forhandlingstema. Ved utforming av norske posisjonar under EFTAs frihandelsavtaler vil det, i nært samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet og andre aktuelle departement, bli arbeidd for å sikre rom for nasjonal verkemiddelbruk innan miljøpolitikken og at avtalene medverkar til berekraftig utvikling i tråd med målsetjingane for handelsområdet i Soria Moria-erklæringa.

Miljøverndepartementet vil intensivere arbeidet for å fremje samfunnsansvar (under dette miljøansvar) i næringslivet si internasjonale verksemd. Vi vil samarbeide med norsk næringsliv, relevante organisasjonar, EU og utvalte utviklingsland om å fremje grønare leveransekjeder. Ein vil òg arbeide for å styrkje samfunnsansvar i samband med handelsavtaler. Miljøverndepartementet vil òg søkje å fremje gode prinsipp for miljøansvar i investeringar. Vi vil medverke til å utvikle den globale rapporteringsordninga, GRI, slik at næringslivet kan konkretisere og rapportere betre på samfunnsansvar.

Regjeringa vil arbeide for styrkt miljøintegrasjon i FAO, UNDP, Verdsbanken mfl. gjennom styrande organ og andre former for samarbeid. Både eigne miljøsertifikat og gjennomføring av strategiske miljøkonsekvensvurderingar av ordinær verksemd vil vere viktige tiltak. Samtidig vil det vere viktig å sikre at desse og andre organisasjonar på tvers arbeider for gjensidig støttande løysingar for dei globale miljøproblema, jf. moglege arealkonfliktar mellom biodrivstoff, mat og biodiversitet. I WIPO vil Noreg arbeide for ein betre nord-sør-dialog slik at det i inneverande mandatperiode blir mogleg å einast om samlande løysingar innanfor området knytt til patentering av genressursar og tradisjonell kunnskap. Posisjonar her må samordnast med vidare utvikling i Biodiversitetskonvensjonen om eit regelverk for tilgang og utbyttefordeling til genressursar og TRIPS-forhandlingane i WTO.

Resultatområde 5 – underområde 3 Geografisk retta miljøsamarbeid

Definisjon og avgrensing

Underområdet omfattar miljøsamarbeid med land som i stor grad påverkar det globale miljøet og som har betydning for utvikling av dei globale miljøkonvensjonane. Underområdet omfattar vidare miljøfaglege vurderingar og bidrag til iverksetjing av Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid, programmet Olje for Utvikling, Regjeringas Rein Energi-satsing og andre strategiar/program i utviklingsarbeidet, og norsk innsats i Miljø for Europa-prosessen.

Tabell 10.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 3 Geografisk retta miljøsamarbeid

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
5. Arbeide for å styrkje utviklings- og EECCA-landas miljøforvaltning, betrar miljøtilstanden deira og førebyggjer globale miljøproblem.	5.1. Arbeide for å styrkje utviklingslandas institusjonelle evne til god miljøforvaltning og gjennomføring av miljøkonvensjonane, under dette følgje opp miljøavtalene med Kina, Sør-Afrika, Indonesia og India.	Miljøforvaltninga yter fagleg støtte med vekt på kompetansebygging i miljøforvaltninga og relevante sektor institusjonar og til oppfølging av konvensjonane på miljøområdet ved bruk av både multilaterale og bilaterale kanalar.
	5.2. Følgje opp arbeidet med å integrere omsynet til miljø i norsk utviklingssamarbeid.	Miljøforvaltninga følger opp ansvaret for miljøomsyn i programmet Olje for utvikling. Miljøforvaltninga medverkar til å setje i verk handlingsplan for det miljøretta utviklingsarbeidet. Miljøforvaltninga medverker til satsinga Ren Energi.
	5.3. Utvikle vidare det regionale miljøsamarbeidet i Europa innan FNs Økonomiske Kommisjon for Europa med særleg vekt på Miljø for Europa-prosessen og miljø-samarbeidet i EECCA (Eastern Europe, Caucasus and Central Asia).	Oppfølging av ministererklæringa frå Miljø for Europa-minis termøtet i Beograd (oktober 2007) i det norske samarbeidet med EECCA-landa.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 5.1. Arbeide for å styrkje utviklingslandas institusjonelle evne til god miljøforvaltning og gjennomføring av miljøkonvensjonane, under dette følgje opp miljøavtalene med Kina, Sør-Afrika, Indonesia og India.

Miljøverndepartementet har særskilte avtaler om miljøsamarbeid med Sør-Afrika, Kina, Indonesia og India (under norsk-indisk kommisjon). Eit samarbeid med Sør-Korea blei inngått sommeren 2008. I mars 2008 fekk Kina eit eige departement for miljøvern (Ministry for Environmental Protection, MEP) og ein miljøavtale med det nye departementet vart underteikna i juli. Desse landa har alle stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden, i kraft av store og aukande klimagassutslepp, utslepp av miljøgifter og stort biologisk mangfald som er truga. Dei er derfor sentrale i internasjonalt miljøvernssamarbeid. Det norske klima- og skoginitiativet er omtalt under resultatområde 4, Eit stabilt klima og rein luft.

Arbeidsmål 5.2. Følgje opp arbeidet med å integrere omsynet til miljø i norsk utviklingssamarbeid.

Miljøverndepartementet samarbeider med Utanriksdepartementet om å setje i verk Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid. Handlingsplanen har fire satsingsområde: biologisk mangfald og naturressursforvaltning, vatn og sanitær, klimaendringar og tilgang til rein energi, og miljøgifter. Planen peiker på kompetansebygging og utvikling av miljøstyresett og systematisk bruk av miljøkonsekvensanalysar som verkemiddel for sektorintegrering av miljø i samarbeidslanda. I mange utviklingsland er det store utfordringar knytt til forvaltninga av petroleumsressursar. Regjeringas program Olje for Utvikling, som vart starta i 2005, skal medverke til god ressursforvaltning innafor petroleumssektoren, ei finansforvaltning og eit styresett som medverkar til brei utvikling og til å ta vare på miljøomsyn. Ti land er i dag prioriterte frå norsk side. Regjeringa har òg sett i gang ei eiga satsing på rein energi hvor Miljøverndepartementet medverkar. I mange utviklingsland er det liten tilgang på energi, og dette programmet skal fremje fornybare energikjelder i utviklingssamarbeidet.

Arbeidsmål 5.3. Utvikle vidare det regionale miljøsam arbeidet i Europa innan FN's økonomiske kommisjon for Europa med særleg vekt på Miljø for Europa-prosessen og miljøsam arbeidet i EECCA (Eastern Europe, Caucasus and Central Asia).

Ei langsiktig oppbygging av miljøforvaltninga i landa på Balkan og dei såkalla EECCA-landa (Eastern Europe, Caucasus and Central Asia) er ei viktig oppgåve for å oppnå miljøforbetringar i denne regionen. Noreg vil delta i vidare utvikling av det regionale miljøsam arbeidet i Europa innan FN's Økonomiske Kommisjon for Europa med særleg vekt på Miljø for Europa-prosessen og miljøsam arbeidet i EECCA og følgje opp ministererklæringa frå Miljø for Europa-ministermøtet i Beograd hausten 2007. Noreg vil her òg leggje vekt på kapasitetsbygging i miljøforvaltninga og medverke til å gjennomføre tiltak for å betre miljøsituasjonen i nokre utvalte land.

Miljøverndepartementet har i samarbeid med Utanriksdepartementet følgd opp arbeidet med miljøstrategien for EECCA-landa bl.a. ved å støtte styrking av miljøinstitusjonar, tiltak for å verne biologisk mangfald, betre drikkevattnet og redusere forureininga. På Balkan går føre seg fleire prosjekt innan institusjonsbygging, avfall og avløpsvatn og ein har òg satt i gang fleire prosjekt i 2008.

Verkemiddel

Resultatområde 5 underområde 3 Geografisk retta miljøsam arbeid er finansiert over kap. 1400. Det bilaterale samarbeidet blir i hovudsak finansiert av Utanriksdepartementet.

Ei god forvaltning av miljøet i utviklingsland vil førebyggje og avgrense naturkatastrofar, miljøskadar og konflikhtar som rammar dei fattigaste hardest. Å støtte landa i å utvikle nasjonal miljøpolitikk og å gjennomføre internasjonale forpliktingar er sentrale norske målsetjingar. Iverksetjing av Regjeringas handlingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid er eit viktig bidrag frå norsk side. Miljøverndepartementet vil byggje på det potensial konvensjonane har som reiskap for å redusere fattigdom og medverke til utvikling. Miljøforvaltninga yter fagleg støtte til institusjonsoppbygging og oppfølging av konvensjonane på miljøområdet i samarbeidsland gjennom multilaterale og bilaterale kanalar. Det har skjedd ei betydeleg opptrapping av den finansielle støtta til Norads program Olje for utvikling (OfU). Det blir arbeidd for å leggje større vekt

på miljødimensjonen i OfU-programmet, og ein er i ferd med å inngå programavtaler med fleire land der miljøatsinga er styrkt. Noreg bidrar med betydelege midlar for å fremje rein energi og energieffektivisering i utviklingssamarbeidet. Miljøomsyn skal ivaretaast gjennom miljøkonsekvensanalyser og prosjekta skal gjennomførast i samsvar med nasjonale lovverk og internasjonalt miljøretningslinjer.

Miljøverndepartementet nyttar landavtalene med Kina, Indonesia og Sør-Afrika og den bilaterale miljøarbeidsgruppa med India til å fremje politisk dialog om globale miljøutfordringar og om forhandlingar og gjennomføring av dei internasjonale miljøavtalene. Klimaspørsmål har høg prioritet. Mål for prosjektsamarbeid er utvikling av miljøforvaltninga og miljøinstitusjonar generelt, og å auke folkeleg miljøengasjement. I Indonesia samarbeider ein om tiltak mot ulovleg hogst og handel med tropisk tømmer. Under miljøsam arbeidet med Kina er klima, opplæring i industrikontroll, reduksjon av miljøgifter, integrasjon av miljø i sektorane og miljøteknologi (i samarbeid med næringslivet) vektlagt. Eit brett program for samarbeid om kapasitet og kompetanseutvikling i miljøforvaltninga er under utvikling. Den norske støtta til Sør-Afrika innan reduksjon av forureining, vern av biologisk mangfald og godt styresett, vil medverke til å oppfylle mål i det sørafrikanske Miljø- og turismedepartementet sin strategi. Gjeldande samarbeidsprogram er for perioden 2005-2010. I samarbeidet med India er klima, biologisk mangfald, miljøgifter og miljøteknologi hovudområde. Det vil òg bli inngått ei avtale om klima og den grøne utviklingsmekanismen (Clean Development Mechanism).

Resultatområde 5 – underområde 4 Miljøsam arbeid i nord- og polarområda

Definisjon og avgrensing

Underområdet omfattar arbeidet med miljøutfordringane på Svalbard, Jan Mayen, i Barentshavet, i Arktis elles og Antarktis med biland, medrekna det bilaterale samarbeidet med Russland. Det omfattar òg miljøfagleg arbeid innafor relevante internasjonale fora som Arktisk Råd, Barentssamarbeidet og samarbeidet under Antarktistraktaten. Underområdet omfattar i tillegg arbeidet med å førebyggje og redusere utslepp og risiko for framtidige ulykker som kan medføre radioaktiv forureining som kan påverke naturmiljøet.

Tabell 10.6 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljø samarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
6. Samarbeidet i Noregs nærområde, i den arktiske regionen og i Antarktis skal medverke til å betre miljøsituasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i desse områda, og til å redusere og førebyggje grenseoverskridande forureining som kan påverke miljø, helse og næringsverksemd i Noreg.	6.1. Medverke til heilskapleg forvaltning av naturressursane og til å redusere miljøgift- og klimaverknadene gjennom samarbeidet i Arktisk Råd.	Aktivitetar som er sette i gang i arbeidsgrupper og program under Arktisk Råd på områda klima, miljøgifter og biologisk mangfald.
	6.2. Sikre dei unike natur- og kulturminneverdiane i Antarktis og ta vare på kontinentet som eit viktig referanseområde for miljøforskning gjennom samarbeidet under Antarktistraktaten.	Resultatet av miljøkrav og retningslinjer for norske aktivitetar i Antarktis. Deltaking i arbeidsgrupper og andre samarbeidsfora under traktaten.
	6.3. Medverke til tiltak som reduserer utslepp frå hot-spots i Russland og til å bevare biodiversiteten i området gjennom formannskapet i Barentsrådets miljøgruppe.	Talet på hot-spots der det er satt i gang tiltak. Talet på område der det er samarbeid om bevaring av biodiversitet.
	6.4. Ivareta miljø i oppfølginga av nordområdestategien.	Gjennomslag for miljøomsyn i oppfølginga av strategien.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 6.1. Medverke til heilskapleg forvaltning av naturressursane og til å redusere miljøgift- og klimaverknadene gjennom samarbeidet i Arktisk Råd.

Noreg deltek aktivt i Arktisk Råd, og har formannskapet i perioden oktober 2006 til oktober 2008. Noreg, Danmark og Sverige har blitt samde om å etablere eit sekretariat for Arktisk Råd for perioden 2006-2012. Sekretariatet vart oppretta i 2007 og er plassert ved Norsk Polarinstitutt. Det første møtet under det norske formannskapet vart halde i Tromsø i 2007. Det neste vart halde i Svolve i april 2008. Oppfølginga av klimaendringar og heilskapleg forvaltning av dei arktiske havområda er to av hovudprioriteringane under det norske formannskapet. Det vart tilslutning til norske klimaforslag om havisens tilbaketrekning, smeltinga av Grønlandsisen og reduksjonen av permafrost og om samarbeid om tilpassing til klimaendringar. På biodiversitetsområdet har Noreg påteke seg å leie ei arbeidsgruppe på marin overvaking. På møtet i Svolve orienterte Noreg om eit nytt prosjektforslag på kulturminneområdet. Noreg finansierer framleis storparten av sekretariatet til Arktisk Råd

miljøovervakingssystem (AMAP) og medverkar aktivt i programmet. Noreg deltek òg i prosjektsamarbeidet under ACAP (Arctic Contaminants Action Plan) som har som hovudmål å redusere faren for forureining av miljøgifter i Arktis, og i Arbeidsgruppa for vern av det arktiske marine miljøet (PAME). Noreg er ein viktig pådrivar og bidragsytar til eit større prosjekt under Arktisk Råd program for bevaring av arktisk flora og fauna (CAFF), knytt til økosystemtilnærming og bevaring av biologisk mangfald i det nordlege Russland (ECORA).

Arbeidsmål 6.2. Sikre dei unike natur- og kulturminneverdiane i Antarktis og ta vare på kontinentet som eit viktig referanseområde for miljøforskning gjennom samarbeidet under Antarktistraktaten.

Noreg deltek aktivt i ATCM (Antarctic Treaty Consultative Meeting) og CEP (Committee for Environmental Protection) og medverkar til å utvikle omfattande reglar for vern av miljøet på Antarktiskontinentet. Det relativt urørte natur- og kulturmiljøet i Antarktis er likevel under stadig større press og klimaendringar og turisme er no hovudsaker

for samarbeidet under Antarktistraktaten. Turismen i Antarktis har auka betydeleg det siste tiåret, og i sesongen 2007-2008 var det om lag 34.000 turistar i Antarktis. Noreg er i dag nest størst innan turisme ved at omtrent 20 % av alle ilandstigingar skjer frå skip med norske operatørar. Talet på ilandstigningsplassar er framleis avgrensa slik at belastninga blir stor på desse stadene.

Dei fleste turistane kjem med skip og auken i talet på cruisefartøy har vore stor. I dei siste sesongane har det vore fleire alvorlege uhell som bl.a. grunnstøyting og forlis. Det er gjennomført tiltak for å redusere farane for slike uhell og påfølgjande miljøskadar.

Effektane av klimaendringar er klart merkbare også i Antarktis. Det er lagt stor vekt på at partane til Antarktistraktaten skal halde seg oppdaterte med omsyn til lokale effektar av klimaendringane, samtidig som partane òg legg til grunn eit breitt perspektiv som omfattar Antarktis sin betydning for den globale klimautviklinga. Noreg tok i 2008 initiativ til tiltak for å redusere påverknaden på klimaet frå partane sine egne aktivitetar på sjølv kontinentet.

Arbeidsmål 6.3. Medverke til tiltak som reduserer utslepp frå hot-spots i Russland og til å bevare biodiversiteten i området gjennom formannskapet i Barentsrådets miljøgruppe.

Saman med lokalt og regionalt miljøvernssamarbeid i Barentsregionen utgjer det bilaterale samarbeidet under miljøvernkommissjonen det viktigaste bidraget frå norsk side til Barentsrådet, sjå arbeidsmål

7.3. Barentsrådets miljøarbeidsgruppe, i samarbeid med NEFCO, arbeider med å setje i gang forprosjekt til å rydde opp i dei 42 største forureiningskjeldene i Barentsregionen, dei såkalla hot-spots. Det er starta arbeid med ein informasjonsdatabase om hot-spots og utvikling av kriterium for å rekne eit hot-spot for løyst. Noreg leier Barentsrådets miljøarbeidsgruppe i 2008 og 2009. Arbeidet med reduksjon av utslepp av miljøgifter og klimagassar frå hot-spots i Russland, reinare produksjon, berekraftig produksjon og forbruk, tilpassing til klimaendringar og bevaring av biomangfald i regionen har prioritet. Det norsk-russiske samarbeidet om vern av habitat og biologisk mangfald i Barentsregionen, det så kalla Habitatcontractforum, vart knytt til miljøarbeidsgruppa i 2008, og det er skipa egne undergrupper for å arbeide med vassaker, reinare produksjon/ hot-spots og biologisk mangfald.

Arbeidsmål 6.4. Ivareta miljø i oppfølginga av nordområdestrategien.

Regjeringas nordområdestrategi legg bl.a. opp til at Noreg skal vere den fremste forvaltaren av miljøet og naturressursane i Nordområda. Miljøverndepartementet deltar aktivt i oppfølginga av nordområdestrategien og leggje særleg vekt på heilskapleg forvaltning og strenge krav til aktivitetar som påverkar miljøet. Miljøverndepartementet vil òg medverke til å styrkje internasjonalt samarbeid for å redusere menneskeskapte klimaendringar og redusere belastninga frå langtransporterte miljøgifter.

Tabell 10.7 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljø samarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
7. Miljøvernssamarbeid med Russland skal medverke til redusert forureining i nærområda, betre løysing av felles miljøoppgåver, kompetanseutvikling i miljøforvaltning og næringsliv og til å fremje russisk deltaking i internasjonalt miljøvernssamarbeid, konvensjonar og avtaler.	7.1. Medverke til at moderniseringa av nikkilverka på Kola fører til at miljømåla blir nådde.	Reduksjon i utslepp frå nikkilverka samanlikna med utsleppa i 1999.
	7.2. Fremje miljøinvesteringar i Nordvest-Russland og styrkje miljøkompetansen i russisk industri og næringsliv.	Talet på prosjekt i Nordvest-Russland med økonomisk støtte frå NEFCO og NIB og talet på prosjekt med norsk samarbeidspartnar. Økonomisk og miljømessig vinst i bedrifter som har gjennomført Program for Reinare Produksjon. Russisk forvaltnings tilrettelegging for meir berekraftig produksjon og forbruk. Sterkare forankring av programmet i regionane.
	7.3. Styrkje det grensenære samarbeidet om forvaltning av arter, miljøovervakning, vern av naturtypar og kulturminne.	Resultat av samarbeid om forvaltning av verneområde og arter, samarbeid om miljøovervakning og vern av kulturminne. Status for etablering av nasjonal parken på Frants Josefland og innhald i reglar for drifta. Etablering eller utvikling av verneområde.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 7.1. Medverke til at moderniseringa av nikkilverket på Kola fører til at miljømåla blir nådde.

Moderniseringsprosjektet for nikkilverket, som består av eit nytt briketteringsanlegg i Zapoljarny og modernisering/ nytt smelteverk med tilhøyrande gassreinsing og svovelsyrefabrikk i Nikel, kom i gang i 2002. Prosjektet har blitt seinka i forhold til ferdigstilling som tidlegare var planlagt innan utgangen av 2006. Briketteringsanlegget i Zapoljarny er vedteke bygt og skal etter planen stå ferdig i 2009. Leiinga i konsernet har enno ikkje formelt teke endeleg stilling til framtidig lokalisering av smelteverket med tilhøyrande gassreinsing og handtering av svovel. Det ser no ut til at modernisering av smelteverket i Nikel ikkje lenger er aktuelt. Tida er også for knapp til at modernisert

anlegg som møter miljøkrava i avtalene med Norge kan stå ferdig i 2010. Det kan sjå ut til at det blir bygt eit nytt smelteverk i Montsjegorsk, lengre sør på Kola-halvøya. Foreløpig ligg det ikkje føre vedtak i konsernet om dette. Frå eit miljøsynspunkt verkar flytting av smelteverket til Montsjegorsk som eit godt alternativ, som vil kunne oppfylle miljømåla. Etter Nordisk Investeringsbanks og Miljøverndepartementets vurdering vil likevel ei flytting av smelteverket til Montsjegorsk liggje utanfor avtalene om norsk støtte. Konsernet er derfor gjort kjent med at den norske økonomiske støtta er avgrensa til modernisering i Nikel og krev reduksjon av forureininga der, innafor den tidsperioden som avtalene gjeld, som er t.o.m. 2010.

Miljøverndepartementet avventar endelege vedtak, og held seg fortløpande orientert om utviklinga av prosjektet.

Arbeidsmål 7.2. Fremje miljøinvesteringar i Nordvest-Russland og styrkje miljøkompetansen i russisk industri og næringsliv.

Nordic Environment Finance Corporation (NEFCO) er ein sentral samarbeidspartnar når det gjeld miljøprosjekt i Nordens nærområde, og har medverka til fleire miljøprosjekt i Russland og land rundt Austersjøen, bl.a. energiøkonomisering, overgang til bioenergi og innsamling og destruksjon av miljøgifta PCB. Norske konsulentar og bedrifter medverkar i fleire av desse prosjekta. Arbeidet held fram i 2009.

Programmet for reinare produksjon og industriell miljøeffektivitet har som formål å introdusere metodar for miljø- og energieffektivitet i russiske industribedrifter i regionane Arkhangelsk, Murmansk, Karelen og Komi. Dei fleste store industri-kombinata i disse regionane har delteke i programmet. I 2008 har det vore lagt vekt på å få med bedrifter på AMAP/NEFCOs hot-spot-liste i programmet. Det har òg vore gjennomført basisprogram i alle regionane og lagt til rette for å inkludere kommunale bedrifter i programmet. Programmet held fram i 2009 med vekt på bedrifter på hot-spot-lista, dei 42 største forureiningskjeldene i Barentsregionen. Arbeidet med å få russiske styresmakter til å ta ansvar for vidareføring av programmet, og arbeid med å forankre programmet i regionane held òg fram

Arbeidsmål 7.3. Styrkje det grensenære samarbeidet om forvaltning av arter, miljøovervakning, vern av naturtypar og kulturminne.

Pasvikprogrammet vart fullført i 2007. Det vart utarbeidd ein oppdatert miljøstatus for nedslagsfel-

tet for forureining frå nikkelverket og fremja eit forslag om eit felles langsiktig miljøovervakingssystem som eit samarbeid mellom Noreg, Finland og Russland. Resultata av miljøundersøkinga vart presenterte for lokalbefolkninga i juni 2008. I 2009 er det planlagt tilleggsundersøkingar med omsyn til mattryggleik for bær og kjøtt. Samarbeid med Russland om overvaking og varsling av luftforureining skal styrkjast ved at det blir oppretta fleire målestasjonar. Etablering av ein felles norsk-russisk-finsk vennskapspark i verneområda i Pasvik-Inari vart fullført i 2008 med sertifisering av parken etter Europarc-standarden. Viktige samarbeidsområde vidare er artsforvaltning av bjørn, forskning, miljøundervisning og økoturisme. Bioforsk Svanhovd har mellom anna vidareført det naturfaglege samarbeidet, gjesteforskarordninga og fenologi-samarbeidet med russiske institusjonar og skular.

På området bevaring av habitat og biologisk mangfald, samarbeidet om forvaltning av Yugyd Va nasjonalpark i Komi, og om metodar for bevaring av kulturlandskapet i Kenozero nasjonalpark har halde fram i 2008. Tilrettelegging i eit helleristningsfelt i Karelen blir slutført i 2008. Prosjekt for kartlegging og bevaring av utrydningstruga arter der Noreg og Russland har felles ansvar, som ismåke og dverggås, er også vidareført. Samarbeidet om forvaltning av arktiske verneområde har stått stille i 2008 grunna interne russiske tilhøve. Planen om å opprette ein nasjonalpark på Franz Josef Land er ferdig utarbeidd, men ikkje vedteken.

Det grensenære samarbeidet i Pasvikområdet, kulturminnesamarbeidet, samarbeid om bevaring av biologisk mangfald og om forvaltning av verneområde blir ført vidare i 2009.

Tabell 10.8 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikator
8. Utnytting av ressursane i våre nære arktiske havområde skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir truga eller utrydda. Bestandar av arter som i dag er rekna som truga eller på annan måte er negativt påverka av areal bruk, hausting og/eller forureining skal bevarast og om mogleg byggjast opp att.	8.1. Ferdigstille rapport om miljøstatus for heile Barentshavet.	Grad av felles problemforståing og felles forvaltningsprinsipp når det gjeld miljøutfordringane i Barentshavet. Krav til regulering og forureiningskontroll for å verne havmiljøet i Barentshavet. Status for samarbeidet om miljøovervaking og etablering av felles miljødataportal. Russisk tilslutning til OSPAR-standardar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 8.1. Ferdigstille rapport om miljøstatus for heile Barentshavet.

Framtidig utvikling når det gjeld utnytting av naturressursar, m.a. produksjon og transport av olje og gass, vil vere viktig for Barentshavet. Den heilskaplege forvaltningsplanen for norsk del av Barentshavet inneheld bl.a. tiltak for å sikre låg risiko for akutt oljeforureining. Det er viktig å styrkje samarbeidet med Russland for å sikre ei god oppfølging av forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen for norsk del av Barentshavet er oversett til russisk og presentert for russiske styresmakter og fagfolk. Vidare skal det utarbeidast ein felles norsk-russisk statusrapport for miljøtilstand og biologiske ressursar i heile Barentshavet. Arbeidet skal vere ferdig i 2009. Den russiske sida har og vist interesse for å utarbeide ei forvaltningsplan for russisk del av Barentshavet basert på norske erfaringar, og å etablere eit grunnlag for økosystembasert miljøovervaking i Barentshavet. Dette vil bli diskutert som ei oppfølging av arbeidet med ein felles miljøstatusrapport. Arbeidet med å etablere ein norsk-russisk miljø-

dataportal blir ført vidare i 2008, og vil inngå i dette grunnlaget.

Eit viktig mål for havmiljøsam arbeidet er å arbeide for streng miljøregulering av alle aktivitetar som påverkar miljøet i Barentshavet. Vi skal styrkje samarbeidet om kompetanseoppbygging og erfaringsutveksling og arbeide for å fremje bruk av miljøvennlege produksjonsprosessar i all petroleumsverksemd i området. Dette skal oppnåast gjennom samanlikning av norske og russiske normer og regelverk på miljøområdet og gjennom praktisk tilnærming til miljøregulering og kontroll av verksemd i Barentshavet. I 2007 vart det gjennomført eit regelverksseminar i Kaliningrad, med besøk på ein russisk plattform. Det er planlagt eit tilsvarende besøk på norsk sokkel i 2008-2009.

Harmonisering av overvakingismetodikk er høgt prioritert og skjer bl.a. ved hjelp av felles norsk-russisk miljøovervakingstokt. Tokt har blitt gjennomført sidan 2002. I juni 2007 vart det gjennomført tokt i Petchorahavet og i juli 2008 i Kvitsjøen. Her blir utført både prøvetaking og laboratorieanalyser i samsvar med OSPARs retningslinjer for overvaking av miljøgifter (JAMP), som eit ledd i å introdusere OSPARs metodikk for russiske fagmiljø og styresmakter.

Tabell 10.9 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsam arbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
9. Omfanget av samanhengande villmarksområde på Svalbard skal søkjast oppretthalde. Eit representativt utval av natur på Svalbard skal sikrast mot vesentlege inngrep og påverknad gjennom særskilde vernevedtak. Viktige marine naturverdiar rundt Svalbard skal sikrast.	9.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprega naturområde utanfor verneområda.	Omfanget av urørt villmark på Svalbard. Fråvær av gjennomgåande «linjeinngrep». Områdevernet sin representativitet og vernestatus. Talet på verneområde der vernevedtektene er oppgraderte. Omfanget av område med vernestatus.
	9.2. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter på Svalbard og sikre at påverknad av miljøet frå lokal verksemd og busetnad på Svalbard blir halde på eit lågt nivå.	Bestandsstatus for utvalde arter. Talet på arter som har endra status på raudlista for Svalbard og Jan Mayen. Mengde, gjenvinningsgrad og system for handtering av avfall. Lokale utslepp til luft og vatn frå verksemd på Svalbard. Status på kvalitet på arealplanarbeidet i busetnadene.
	9.3. Sikre effektiv utnytting av midlane i Svalbard miljøvernfond.	Talet på og effekten av gjennomførte tiltak og prosjekt med støtte frå fondet.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 9.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprega naturområde utanfor verneområda.

Noreg har som mål at Svalbard skal framstå som eit av verdas best forvalta villmarksområde, og det er eit mål for miljøvernpolitikken at omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal søkjast oppretthalde, og at ein skal søkje å unngå at samanhengande villmarksområde blir delte opp ved gjennomgåande naturinngrep. Viktige tiltak i den samanhengen er å utarbeide nye verne- og forvaltningsplanar, og å styrkje kunnskapane om og overvakinga av miljøet på Svalbard. Dei siste åra er det oppretta seks nye verneområde som sikrar nokre av dei biologisk mest produktive landområda på øygruppa. I tillegg er nye sjøområde inkluderte i verneområda etter utvidinga av territorialgrensa frå fire til tolv nautiske mil. Til saman er ca. 65 pst av landområda på Svalbard og 84 pst av territorialfarvatnet verna.

Vidare er det starta eit arbeid med sikte på tiltak for vern av verneverdige fossil.

Arbeidsmål 9.2. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter på Svalbard og sikre at påverknad av miljøet frå lokal verksemd og busetnad på Svalbard blir halde på eit lågt nivå.

Det er registrert ein betydeleg nedgang i bestandane av ismåke på Svalbard og i Russland. Det er òg påvist høge nivå av særleg PCB og DDT i ismåkeegg i Russland. Undersøking av bestandsutviklinga og miljøgiftinnivå vil halde fram.

Kvalross har vore freda i 50 år og er ein raudlistart. Nye undersøkingar i 2007 viser at bestanden no er på om lag 2 600 individ. Bestanden synest å vere i vekst. Bestandsteljing av kvalross held fram i 2007.

Det har vore betydelege reduksjonar i kvikksølvutsleppa i Europa og Nord-Amerika sidan 1980.

Til trass for dette er det mykje som tyder på at dei globale utsleppa aukar. Målingar ved Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund i 2006 viser at årsgjennomsnittet av kvikksølv i luft har auka svakt sidan 2004 og er no igjen på same nivå som i 1995.

I perioden 1990-2006 har det vore ein signifikant nedgang i konsentrasjonar av svovel i luft (SO₄) og i nedbør. Dette kan hengje saman med at ei stor mengd industri i Russland og elles i Aust-Europa vart nedlagt tidleg på 90-talet. Det er grunn til å tru at tolegrensa no blir overskriden på mindre enn 5 pst. av Svalbards isfrie landareal.

PCB-konsentrasjonane frå Zeppelinstasjonen er høgast av alle PCB-målingar frå arktiske målestasjonar. Frå Canada er det rapportert ein nedgåande trend for PCB i luft. Ein slik negativ trend kan ikkje stadfestast for PCB på Zeppelinstasjonen.

DDT-verdiane målte på Zeppelinstasjonen er låge i global samanheng. Den låge, men kontinuerlege tilførselen av DDT fører likevel til ei betydeleg opphoping i den arktiske næringskjeda. Det går fram av høge konsentrasjonar funne i isbjørn og polarmåke frå Svalbard og Bjørnøya.

Det driv stadig i land store mengder søppel på strendene på Svalbard. Forsøpling er både ein risiko for dyrelivet og eit estetisk problem som forstyrrar opplevinga av urørt villmark. Sysselmannen gjennomførte også i 2008 strandryddingstoktet, og mange tonn med søppel vart rydda frå Svalbards strender. Aksjonen må halde fram. Det er eit klart behov for å styrkje overvakinga av effektar av kimaendringar og ferdsel på Svalbard. Dette gjeld særleg effektar på vegetasjon. Det er sett i gang eit utviklingsarbeid for å etablere nye overvaksingsaktivitetar som dekkjer desse behova.

Arbeidsmål 9.3. Sikre effektiv utnytting av midlane i Svalbards miljøvernfond.

Svalbards miljøvernfond vart fullt operativt i 2008. Midlar frå fondet er tildelt ei rekkje søkjarar/prosjekt med både lokal og nasjonal forankring og som kan bidra til tiltak som kan beskytte både naturmiljø og kulturminne på Svalbard.

Tabell 10.10 Tabell Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikator
10. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard og Jan Mayen skal søkjast bevart som eit vitskapeleg kjeldemateriale og eit grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 pst. årleg.	10.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet.	Skade og slitasje på utvalde kulturminne og kulturmiljø. Gjennomsnittleg årleg tap av registrerte kulturminne i pst. Gjennomføring av tiltak i medhald av kulturminneplanen for Svalbard og miljøhandlingsplanen for Jan Mayen.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 10.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet.

Det er gjennomført tiltak for å bevare kulturminne som stod i fare for å bli øydelagde bl.a. på grunn av aukande ferdsel. Det er òg sett i verk utvida vern av enkelte kulturminne som er sterkt utsette for slitasje.

Det er i tillegg utført vedlikehald og restaurering av ei rekkje freda bygningar i statleg eige i medhald av Kulturminneplan for Svalbard 2000-2010.

Svalbard representerer natur- og kulturverdiar som Noreg har eit særskilt ansvar for å sikre, og UNESCO har signalisert tydeleg interesse for arktisk natur. Miljøvernministeren har derfor teke initiativ til å føre Svalbard opp på Noregs tentative verdsarvliste.

Tabell 10.11 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
11. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjonen eller forstyrre dyrelivet. Høvet til å oppleve naturen uforstyrra av motorisert ferdsel skal sikrast òg i område som er lett tilgjengelege frå busetnadene.	11.1. Styre ferdsla på Svalbard.	Volum og fordeling av motorisert ferdsel på Svalbard. Tilgang på og forvaltning av snøskuterfrie område. Tal og geografisk spreiding av ilandstigingar frå cruiseskip utanfor planområda. Ferdselsslitasje i utvalde område.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 11.1. Styre ferdsla på Svalbard.

Talet på turistar på Svalbard er dobla dei siste ti åra. I 2007 kom det 31 000 turistar til Longyearbyen. Same året besøkte 33 000 turistar Svalbard om bord i til saman 30 oversjøiske cruiseskip. Cruiseskipa som besøkte øygruppa tek stadig fleire passasjerar. I tillegg var det 7 500 passasjerar om bord i såkalla ekspedisjonscruisebåtar.

Det har vore ein sterk auke i talet på ilandstigningsplassar frå 52 til 167 sidan 1996. Totalt tal på personar som vart sette i land låg på ca. 20 000 – 25 000 årleg i perioden 1996-2000. I 2005-2006 auka dette betydeleg og i 2007 var talet om lag 95 000. Ilandstigningsplassane hadde spreidd seg til stadig

nye område på Svalbard, spesielt dei austre delane av øygruppa.

Det er no gjennomført fleire tiltak for å møte dei utfordringane som cruiseturismen og annan skipsfart fører med seg. Det er innført forbod mot bruk av tungolje for skip som seglar innanfor dei to store naturreservata på austsida av Svalbard. Vidare er det innført avgrensingar i talet på passasjerar om bord på skip som seglar innanfor desse naturreservata. Grensa på 200 passasjerar er sett for å hindre at dei store cruiseskipa som i dag ferdist på vestkysten av Svalbard tek i bruk farvatna på austsida. Dette vil medverke til å avgrense talet på ilandstigingar og førebyggje auka slitasje og forstyring av dyrelivet innanfor naturreservata på austsida av Svalbard. Formålet med desse naturre-

servata er å sikre store, urørte referanseområde for forskning. Styresmaktene arbeider no med forslag til endringar av verneforskrifta for dei store

verneområde på Svalbard for å sikre at cruisetra- fikk og annen ferdsel i disse områda skjer på ein måte som er i samsvar med verneformålet.

Tabell 10.12 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljøsamarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
12. Samarbeid med russiske styresmakter skal medverke til å redusere risikoen for radioaktiv forureining av norske land- og sjøområde for å unngå moglege konsekvensar for helse, miljø og næringsverksemd.	12.1. Halde kontakt med russiske styresmakter gjennom miljøvernkommissjonens ekspertgruppe og vidareutvikle samarbeidet om overvaking av radioaktiv forureining.	Gjennomførte tiltak for å redusere faren for radioaktiv forureining for eksempel i Andrejevabukta. Resultat av miljøovervaking.
	12.2. Halde oss orienterte om andre eksterne kjelder til radioaktiv forureining av norske område, spesielt Sellafield.	Resultat av konsekvensutgreiing om eventuell atomhending i Sellafield. Permanent stenging av THORP-anlegget.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 12.1. Halde kontakt med russiske styresmakter gjennom miljøvernkommissjonens ekspertgruppe og vidareutvikle samarbeidet om overvaking av radioaktiv forureining.

Miljøverndepartementet deltek i arbeidet med gjennomføringa av Regjeringas handlingsplan for oppfølging av St.meld. nr. 34 (1993-94) om atomverksemd og kjemiske våpen i våre nordlege nær- område. Noreg har gjennom denne planen arbeidd for å sikre forholda rundt det radioaktive avfallet i Nordvest-Russland. Noreg har dei seinaste åra lagt vekt på samarbeid med og støtte til russiske tilsynsstyresmakter, og har lagt vekt på at konsekvensar for miljøet må vurderast før ulike tiltak blir sette i verk, slik at risikoen for ulykker blir så liten som råd er. Gjennom miljøvernkommissjonanes ekspertgruppe er det m.a. utvikla samarbeid om overvaking av radioaktiv forureining.

Miljøverndepartementet deltek òg i Embetsgruppa for koordinering av atomberedskapen i Noreg. Miljøverndepartementet har dekt sin del av kriseutvalets langtidsplan for oppgradering av den norske atomberedskapen. Det blir vidare arbeidd

med å sikre at departementet og dei underliggjande etatane er godt eigna til å redusere miljøkonsekvensane så godt som mogleg i tilfelle ei alvorleg atomhending.

Arbeidsmål 12.2. Halde oss orienterte om andre eksterne kjelder til radioaktiv forureining av norske område, spesielt Sellafield.

Reprosesseringsanlegget THORP ved Sellafield har vore stengt sidan april 2005, då det vart oppdaga ein større lekkasje ved anlegget. På grunn av tryggleikssituasjonen ved anlegget går Noreg i mot gjenopning, og har teke dette opp med britiske styresmakter fleire gonger, seinast under den britiske utanriksministerens besøk i Oslo i slutten av mai 2008. Det er nær kontakt mellom dei norske og britiske styresmaktene, både på departements- og fagnivå.

Statens strålevern har fått i oppdrag å gjere ei vurdering av moglege konsekvensar for Noreg i tilfelle ei alvorlig atomhending ved Sellafield. Resultata av denne vurderinga er venta å liggje føre i 2009 og vil gi eit betre grunnlag for Regjeringas vidare arbeid med Sellafield.

Tabell 10.13 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljø samarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
13. Utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder skal avgrensast til nivå som ikkje påverkar natur miljøet.	13.1. Styrkje arbeidet med regulering og tilsyn av verksemder som slepp ut radioaktive stoff og handterer radioaktivt avfall.	Revidert regelverk og nye krav til forureinarane. Revidert strategi for å nå OSPAR-måla for petroleumssektoren innan 2020. Nasjonal plan for handtering av radioaktivt avfall.
	13.2. Betre kunnskapsgrunnlaget gjennom auka kartlegging, utgreiing og overvaking.	Miljøeffektane av utslepp av radioaktivt materiale og radioaktivt avfall frå norske kjelder. Justert opplegg for miljøovervaking av radioaktiv forureining.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 13.1. Styrkje arbeidet med regulering og tilsyn av verksemder som slepp ut radioaktive stoff og handterer radioaktivt avfall.

Radioaktive stoff har liknande eigenskapar i naturen som tungmetall og andre miljøgifter. Ny regulering av radioaktiv forureining i det ytre miljø vil ta omsyn til dette og bli heimla også i forureiningslovgivinga. Harmonisering med anna forureiningsregelverk, reduksjon av utslepp av radioaktive stoff frå petroleumsindustrien for å nå OSPAR-målet, og utforming av ein strategi for handtering av alle typar radioaktivt avfall blir sentrale oppgåver i 2009.

Arbeidsmål 13.2. Betre kunnskapsgrunnlaget gjennom auka kartlegging, utgreiing og overvaking.

Gjennom det nasjonale overvaksingsprogrammet for radioaktiv forureining held norske styresmakter seg fortløpande orienterte om den radioaktive forureininga av norske land- og sjøområde. I tillegg til forureining utanfrå, omfattar programmet samtidig utslepp av radioaktive materiale frå nasjonale kjelder. Landbaserte kjelder har liten innverknad når det gjeld nasjonale utslepp.

Ei utgreiing leia av Miljøverndepartementet syner at det er betydelege kunnskapshol om radioaktiv forureining av det ytre miljøet. Arbeidet med å få betre kunnskap om ulike kjelder til radioaktiv forureining, om miljøeffektane og betre grunnlag for overvaking blir derfor styrkt i 2009.

Tabell 10.14 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 underområde 4 Miljø samarbeid i nord- og polarområda

Nasjonale mål	Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
14. Tiltak skal gjennomførast der historisk forureining er identifisert, slik at inga folkegruppe blir utsett for større stråledosegrenser enn tilrådd som følgje av konsum av naturprodukt eller ved opphald i friområde.	14.1. Identifisere radioaktivt avfall frå historisk gruveverksemd og vurdere ulike tiltaksstrategiar som kan sikre avfallet slik at det ikkje påverkar naturmiljøet.	Oversikt over stader med historisk avfall frå gruveverksemd. Samla mengde avfall og avrenning frå slike stader.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 14.1. Identifisere radioaktivt avfall frå historisk gruveverksemd og vurdere ulike tiltaksstrategiar som kan sikre avfallet slik at det ikkje påverkar naturmiljøet.

Miljøverndepartementet har finansiert prosjekt for å kartleggje og vurdere oppkonsentrert radioaktivt materiale frå tidlegare gruveverksemd i Noreg. Spesielt ved Søve gruver i Nome kommune og ved molybdengruva i Oterstrand i Gildeskål er det etterlate slagge med oppkonsentrert innhald av radioaktive stoff. Ein håpar å kartleggje omfanget av forureininga og vurdere ulike strategiar for å sikre at den ikkje spreier seg vidare i miljøet. Prosjektet vil halde fram i 2009 og ein vil og sjå nærare på anna tidlegare gruveverksemd.

Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 5, underområde 4 miljøsam arbeid i nord og polarområda, er dekt over Norsk Polarinstitutt's budsjetttramme, jf. kap. 1471 og kap. 1472 – Svalbards miljøvernfond. Kap. 1400 inneheld òg budsjettmidlar som skal medverke til finansieringa av dette resultatområdet i 2009, bl.a. blir det gitt tilskot til sekretariatsutgifter til «Artic Monitoring and Assessment program» (AMAP). Radioaktiv forureining er i hovudsak dekt over kap. 1410 og dekkjer bl.a. vidareføring av overvåkingsprogrammet for radioaktivitet langs norskekysten og eit terrestrisk overvåkingsprogram og kap. 1400 post 21 for å styrkje arbeidet med radioaktiv forureining av det ytre miljøet frå kjelder i Noreg.

Prosjektsamarbeidet med Russland, støtte til NEFCOs miljøutviklingsfond, til prosjekt under Arktisk råd og til NGO-samarbeidet med Russland blir finansiert over Utanriksdepartementets budsjett. Årleg løyving til NEFCOs grunnkapital er delt mellom Miljøverndepartementet (73 pst.) og Utanriksdepartementet (27 pst.). Noreg har stilt til rådvelde eit tilskot på inntil 270 mill. kroner til moderniseringsprosjektet for nikkilverket i Petsjenga. Tilskotet blir administrert av Nordisk Investeringsbank, NIB. Norilsk Nikel låner tilsvarende beløp av NIB og medverkar med resterande, minst tilsvarende beløp i eigenkapital. Sverige medverkar med 3 mill. USD i tilskot.

Miljøvernavtala og prosjektmidlane frå UD er viktige verkemiddel i miljøvernssamarbeidet med Russland. Arbeidet er leia av ein norsk-russisk miljøvernkommissjon på politisk nivå. På det 13. møtet i miljøvernkommissjonen hausten 2007 vart arbeidsprogrammet for 2007-2008 ført vidare. Programmet omfattar samarbeidsområda vern av hav-

miljø, forvaltning av biodiversitet i Barentsregionen, reduksjon av forureining og programmet reinare produksjon, grensenært samarbeid, kulturminnevern og den russisk, arktiske nasjonalparken, og undersøkingar av radioaktiv forureining som blir finansiert over UD's atomhandlingsplan. På kommisjonsmøtet blei det og gitt føringar for arbeidet med arbeidsprogrammet for 2009-2010. Det skal mellom anna leggas meir vekt på samarbeid om klimaspørsmål. Havmiljøgruppa under miljøvernkommissjonen blir eit viktig verkemiddel for samarbeidet om miljøutviklinga i Barentshavet saman med oppfølginga av St.meld. nr. 8. (2005-2006) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten. Informasjonsformidling i og om nordområda er eit viktig verkemiddel der Svanhovd miljøsenter har ei sentral rolle.

På oppdrag frå Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet har Fridtjof Nansens Institutt evaluert miljøvernssamarbeidet med Russland og enøk- og bioenergiprojekt under Utanriksdepartementets løyving til energiprojekt. Evalueringa dekkjer perioden 1995-2006. Evalueringa understreka blant anna betydninga av auka satsing på havmiljøssamarbeidet og det grensenære samarbeidet. Rapporten viser òg at miljøvernssamarbeidet er på veg bort frå bistasdprega samarbeid til samarbeid på område der Noreg og Russland har store felles interesser. Reinare produksjon-programmet har gitt gode resultat i dei enkelte bedriftene, men har ikkje blitt økonomisk sjølvgåande, og konseptet er ikkje teke opp av russiske styresmakter. Samtidig er økonomien i russiske bedrifter betre. Evalueringa stiller derfor spørsmål ved om programmet i sin noverande form bør støttast vidare. Frå 2008 er desse anbefalingane følgt opp.

Eit viktig verkemiddel for miljøvernforvaltninga på Svalbard er miljøvernlova med tilhøyrande forskrifter som tok til å gjelde 1. juli 2002. Svalbards miljøvernfond er oppretta med heimel i Svalbardmiljølova § 98. Fondet vart fullt operativt i 2008.

Andre verkemiddel som er tekne i bruk er velordna registrering og overvaking av sentrale miljøkomponentar og aktive vernetiltak gjennom bl.a. Miljøovervåkingsprogrammet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ).

Eit godt kunnskapsgrunnlag basert på forskning er ein føresetnad for at Noreg skal kunne forvalte sine polare territorium på ein økologisk forsvarleg måte. Norsk polarforskning av høg internasjonal kvalitet er òg ein føresetnad for at Noreg skal kunne spele ei aktiv rolle i den vidare utviklinga av det internasjonale forskings- og miljøvernssamarbeidet i polarområda. Det blir henta inn viktig ny

kunnskap gjennom forskning i regi av Norsk Polarinstitutt, andre forskingsmiljø og Noregs Forskingsråd.

Norge har miljø med fagleg klima- og polar-kompetanse og isbrefagleg kompetanse. Vi har i tillegg moderne infrastruktur for forskning og miljøovervaking både i Arktis og Antarktis. Denne fagkompetansen skal styrkjast, spissast og utviklast vidare innafor rammene av eit nasjonalt «*Kompetansesenter for is og klima*». I 2009 vil oppbygginga av kompetansesenteret starte med kjerne i Norsk Polarinstitutt og i samarbeid med sentrale faginstusjonar i Noreg. Senteret skal styrkje Noreg stilling som ein aktiv og synleg part i det internasjonale klimaarbeidet. Det skal bidra vesentleg til auka kunnskap om problemstillingane knytte til smeltande is og bidra til å skape auka forståing for kor viktig det er å avgrense utsleppa av klimagasar i land som har stor betydning for den vidare framgangen i det internasjonale klimaarbeidet. Kompetansesenteret skal òg vere eit viktig norsk bidrag inn i eit samarbeid med verds «brestatar» for å auke forståinga av dynamikken i – og konsekvensen av – bresmeltinga som følgje av klimaendringane. Det er stort behov for større forståing av dei felles problemstillingane dette reiser, og auka kunnskap om dei politiske, miljø- og samfunnsmessige konsekvensane smelting av snø og breis og tinande permafrost kan medføre. I IPCCs scenario er det store kunnskapshol på desse områda.

Eit internasjonalt samarbeid for forvaltning av miljøet på Svalbard, knytt bl.a. til å verne trekjande arter og hindre langtransportert forureining, er òg eit viktig verkemiddel.

Det blir kontinuerleg samla inn store mengder data om våre hav- og kystnære område i nord. Samtidig aukar behovet for miljøovervaking og krisberedskap i samband med ulykker.

Informasjon er òg eit viktig verkemiddel for å spreie kunnskap om Regjeringas miljøpolitikk for

Svalbard. Informasjonsberedskap er òg svært viktig når det gjeld radioaktiv forureining. Statens strålevern har som faginstans på området hovudansvaret for informasjonsarbeidet.

Ved ein kongeleg resolusjon hausten 2006 overtok Miljøverndepartementet mynde etter Strålevernlova og strålevernforskrifta på området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljø. Avtala mellom Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet (no Helse og omsorgsdepartementet) om Statens strålevern som faginstans for Miljøverndepartementet og myndeoverføringa sikrar at Miljøverndepartementets noverande og framtidige plikter på dette området vil bli ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Det behovet Miljøverndepartementet har for slik ekspertise har auka dei siste åra bl.a. som følgje av auka fokus på utsleppa frå oljeindustrien, behov for betre kunnskap om radioaktivt avfall og radioaktiv forureining frå annan industri og gamle gruver. Det er òg generelt aukande internasjonalt fokus på vern av miljøet mot radioaktiv forureining. Det blir arbeidd aktivt med nye kriterium for utslepp og det er aukande satsing på forskning i moglege effektar på naturmiljøet som følgje av eksponering frå radioaktive stoff. I budsjettet for 2009 er det derfor gitt betydelig auka støtte til arbeidet med radioaktiv forureining av det ytre miljø.

Noreg godkjente hausten 2008 vedlegget til miljøprotokollen under Antarktis-traktaten som regulerer ansvaret for miljøskade i Antarktis. Miljøverndepartementet arbeider no med å implementere desse reglane ved å endre forskrift om vern av miljøet i Antarktis frå 1995. Det er i Antarktistraktatsamarbeidet auka fokus på klimaendringar og på den veksande cruiseturismen. Gjennom fleire resolusjonar er det lagt det opp til tiltak som skal avgrense dei negative effektane på miljøet av den aukande turismen.

11 Resultatområde 6

Planlegging for ei berekraftig utvikling

Ein føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling er god samordning på tvers av sektorinteresser og forvaltningsnivå. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit sentralt verkemiddel for å oppnå slik samordning.

Resultatområdet består av dei tre underområda:

- 6.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling
- 6.2 Kommunal og regional planlegging
- 6.3 Kart og geodata

Strategiske mål

Den kommunale og regionale planlegginga skal medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levevilkår for ulike grupper innafor rammene av ei berekraftig utvikling. I planprosessane blir det lagt vekt på ei open haldning, innsyn og deltaking. Det er ei hovudutfordring framover å leggje til rette for at dei ulike sektorane tek plan- og bygningslova i aktiv bruk både på det kommunale og regionale nivået. Landet skal ha kart og elektronisk baserte tenester som tilfredsstillar det felles behovet ulike brukargrupper har for geografisk informasjon og fastlegging av posisjonar. Denne målsetjinga gjeld både for norske sjø- og landområde. Det er viktig å utvikle gode standardar for geodata, som er tilpassa internasjonale forhold. Innafor arealpolitikken er det eit mål å skaffe fram god informasjon om arealtilstanden, før framtidig bruk blir planlagt. Staten, fylkeskommunane og kommunane må i fellesskap etablere dette datagrunnlaget.

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arealpolitikk og samfunnsutvikling knytt til planlegging etter plan- og bygningslova, lokalt miljøarbeid, regional og kommunal planlegging og kart og geodata. Miljøverndepartementet er statleg planstyresmakt etter lova.

Resultatområde 6 – underområde 1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

Planlegging etter plan- og bygningslova skal vere eit sentralt verkemiddel for å fremje og sikre den utviklinga som kommunane og fylka ønskjer, både fysisk, økonomisk, sosialt og kulturelt. Samtidig skal planlegginga ivareta dei nasjonale og regionale interessene som bl.a. ligg i å sikre ei berekraftig arealforvaltning, effektiv utbygging av infrastruktur og tilgang på areal for utbygging. Miljøverndepartementet har som oppgåve å utvikle og formidle nasjonale mål for planlegginga i fylke og kommunar, arbeide med lov og forskrifter, behandle enkeltsaker og sikre riktig bruk av lov og plansystem gjennom rettleiing og opplæring. Dette arbeidet skal skje i nært samarbeid med andre departement. Området omfattar òg arbeidet med å styrkje miljøkompetansen og forankre det lokale miljøarbeidet i kommunane. Arbeidet med styrking av miljøpolitikken i kommunane er særleg knytt opp mot kommunane si rolle som samfunnsutviklarar.

Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 1 arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
1. Heilskapleg planlegging og arealforvaltning skal bidra til berekraftig lokal og regional utvikling og sikre landskaps-, natur- og kulturverdiar.	1.1 Fremje auka bruk av plan- og bygningslova (pbl) som verkemiddel for redusert utslepp av klimagassar og tilpassing til klimakonsekvensar blant anna knytt til areal- og transporttiltak.	Talet på planar i kommunar og fylke med særleg fokus på klimautfordringar. Talet på kommunar og fylke med sårbarheits- og risikoanalysar av klimakonsekvensar. Utslepp av klimagassar frå transport og oppvarming i kommunar og fylke. Tettstadareal totalt og pr. innbyggjar. Talet på regionar med samordna areal- og transportplanar.
	1.2 Stimulere til heilskaplege og langsiktige vindkraftutbyggingar gjennom regional planlegging.	Talet på regionale planar for vindkraft.
	1.3 Fremje auka fokus på miljø, livskvalitet og helse i byar og tettstader knytt til byomforming, sentrumsutvikling, grønstruktur og bymarker, busetjing og næringsliv. Koordinere programmet for Groruddalen og samarbeidsprosjektet Framtidas byar/klima- og miljøvennlege byar.	Sykkel- og gangvegar i tettstader pr. 10000 innbyggjarar. Leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar. Delen busette med kortare avstand enn 500 m til rekreasjonsareal større enn 200 daa i byar og tettstader. Talet på kommunar med rekreasjons- og friluftsområde lagt til rette med universell utforming. Omfang og aktivitet i nettverk for stadutvikling. Formidling gjennom nettportal for stadutvikling. Delen av gjennomførte tiltak på kvart programområde i Groruddalen.
	1.4 Stimulere til at offentlege og private, publikumsretta verksemdar blir lokaliserte på ein måte som bidrar til å byggje opp under ein berekraftig by- og tettstadstruktur.	Delen av omsetjinga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde. Delen av barn som har kortare enn 500 m til skule og barnehage.
	1.5 Styrkje universell utforming i all planlegging og utbygging ved å setje i verk og følgje opp RPR for universell utforming. Avslutte koordineringa av Handlingsplan for auka tilgjenge for alle gjennom universell utforming.	Talet på kommunar med vedteken plan og retningslinjer for universell utforming. Del av tiltak som er gjennomførte i handlingsplanen.

Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 1 arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
	1.6 Bidra til bevaring og styrking av miljøkvalitetar i landskapet gjennom å rettleie kommunane og å følgje opp Den europeiske landskapskonvensjonen.	Oppfølgingstiltak og prosjekt i kommunar, fylke og internasjonalt. Oppfølging av DN og RA sin felles strategi for arbeidet med landskap.
	1.7 Fremje berekraftig utvikling og arealbruk utanfor byar og tettstader gjennom kommunale og regionale planar med langsiktige rammer for natur- og kulturverdier, verdifulle landbruksområde, verdiskaping og stadutvikling.	Talet på fjell- og utmarksregionar med fylkesdelplan. Delen av regionale partnerskap, regionalparker, verdiskapingsprogram mv. som er forankra i kommunale og regionale planar. Areal dyrka og dyrkbar mark omdisponert og regulert etter pbl til andre føremål enn jordbruk.
	1.8 Sikre villreinens sentrale plass i norsk fjellfauna gjennom regionale planprosessar og etablering av nasjonale villreinområde og europeiske villreinregionar, og stimulere til berekraftig bruk av reindriftas areal.	Talet på vedtekte regionale planar som omfattar villreinfjella. Talet på bygningar og bygging i og innan 4 km frå villreinområde. Talet på bygningar og bygging i reinbeiteområde.
	1.9 Sikre betre og meir miljøbaserert utbygging av fritidsbustader, der omsynet til landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk blir vektlagt.	Talet på fritidsbustader i snaufjell, i strandsona, i og i nærleiken av villreinområde. Bygging av nye fritidsbustader innanfor eller i tilknytning til eksisterande fritidshusområde.
	1.10 Sikre god oppfølging av nasjonal strandsonopolitikk ved å oppfordre kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn til streng praksis ved behandling av dispensasjonar og planar i strandsona langs sjø og vassdrag.	Delen av kystsona omfatta av fylkesdelplan med føringar for arealpolitikken i kystsona. Talet på gitte og delen av dispensasjonar for nybygg i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag. Talet på nybygg i strandsona i og utanfor by- og tettstodområde. Delen av kystlinja og vassdragslinja som ligg nærare enn 100 m frå bygningar.
	1.11 Sikre ei heilskapleg forvaltning av vassdragslandskap, blant anna i høve til nedbygging, og stimulere til regional planavklaring av små vasskraftverk, der omsynet til naturmangfald, friluftsliv og landskap blir vektlagt.	Talet på regionale planar som omfattar små vasskraftverk.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1.1 Fremje auka bruk av plan- og bygningslova (pbl) som verkemiddel for redusert utslepp av klimagassar og tilpassing til klimakonsekvensar blant anna knytt til areal- og transporttiltak.

Klimagassutsleppa frå transport, oppvarming og deponi i kommunane har auka med 16 % frå 2000. Den nye plan- og bygningslova vil bli eit meir effektivt reiskap for klimaarbeidet. Lova slår fast at kommunar og fylke skal ta klimaomsyn i si planlegging. Dei skal mellom anna utarbeide planar som minskar energibruk og transportbehov. Ifølgje Kostra hadde 32 kommunar slike planar i 2007, men det er venta ei stor auke i talet dei næraste åra.

Arbeidsmål 1.2 Stimulere til heilskaplege og langsiktige vindkraft-utbyggingar gjennom regional planlegging.

For å sikre ei berekraftig utbygging av vindkraft fastsette Miljøverndepartementet i samarbeid med Olje- og energidepartementet (OED) i 2007 retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg. I retningslinjene vert det tilrådd at fylka utarbeider regionale planar. Halvparten av fylka med gode vindressursar er i ferd med å utarbeide slike planar i tråd med retningslinjene. Eitt fylke, Rogaland, har vedtatt slik plan. Dei andre fylka arbeider med ulike planar for energi med avgrensa behandling av vindkraft. Departementet har gjeve fagleg og økonomisk bistand til fylka i arbeidet med regionale planar for vindkraft.

Potensialet for offshore vindkraft og særleg frå flytande havmøller langs norskekysten er stort. Miljøverndepartementet vil i samarbeid med energistyresmaktene vurdere aktuelle utbyggingsområde for å bidra til lokalisering av offshore vindkraft til område der konflikten med andre miljøomsyn og brukarinteresser (som f. eks. skipsfart, fiskeriinteresser, petroleumsvirksemd) er akseptabel.

Arbeidsmål 1.3 Fremje auka fokus på miljø, livskvalitet og helse i byar og tettstader knytt til byomforming, sentrumsutvikling, grønstruktur og bymarker, busetjing og næringsliv. Koordinere programmet for Groruddalen og samarbeidsprosjektet Framtidas byar/klima- og miljøvennlege byar.

I dei største byane skjer ein stor del av utbygginga som fortetting og byomforming. Dette er ikkje i same grad tilfelle i mindre byar og tettstader, og for landet samla aukar no arealbruken pr innbyg-

gar etter at den i nokre år gjekk attende. Fortettinga i byane har auka presset på grønstrukturen og andre uteareal. Tal frå Kostra viser likevel at leike- og rekreasjonsarealet i dei ti største byane samla sett har auka noko frå 2001, men med store variasjonar mellom byane. Erfaringsmateriale og evalueringar syner at mange omformingsområde ikkje har god nok kvalitet i uteareala. Miljøverndepartementet har difor sendt ut eit rundskriv som løftar fram omsynet til barn i planlegginga som ei oppfølging av dei rikspolitiske retningslinjene for barn og unge. For 2007 rapporterte 171 kommunar at dei hadde eit eller fleire rekreasjons- eller friluftsområde lagt til rette med universell utforming. Groruddalssatsinga er inne i sitt andre år og er det største forsøket på å løfte eit byområde her i landet. Resultata er allereie komne i form av betre kollektivtransport, turveggar, opne skolar, gratis kjerneid i barnehage og ei rekkje andre nærmiljøtiltak. Av 166 vedtekne tiltak er 58 fullført og 62 sett i gang, medan 46 tiltak startar i år. Framtidas byar – eit av tiltaka i Klimameldinga – er eit samarbeidsprogram mellom staten og dei største byområda for å få ned klimagassutslippa og sikre eit godt bymiljø. I alt 13 byar har underskrive ein intensjonsavtale med staten om å satse på tiltak innanfor transport, oppvarming, forbruk og avfall.

Stadutvikling er ein viktig strategi for bosetting og næringsutvikling. Miljøverndepartementet støtter opp om denne verksemda ved å utvikle og spre kunnskap, skipe gode møtestader for erfaringsutveksling og styrke samarbeidet om stadutvikling mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. Ei førebels kartlegging i 2008 av Norsk institutt for by- og regionforskning/Universitetet for miljø og biovitenskap syner at det er ei stor utfordring for mange kommunar å skaffe seg kompetanse til å drive stadutvikling på ein god måte, særleg i dei mindre kommunane. Mellom anna saknast planfagleg kompetanse. Miljøverndepartementet samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet om moglege tiltak for å betre situasjonen. Det er sett i gang utvikling av byindikatorar som vil gi eit betre grunnlag for å sjå endringar i by- og tettstodområda.

Arbeidsmål 1.4 Stimulere til at offentlege og private, publikumsretta verksemdar blir lokaliserte på ein måte som bidrar til å byggje opp under ein berekraftig by- og tettstadstruktur.

Dei nasjonale måla for by- og tettstadutvikling blir i aukande grad lagt til grunn for lokale planar. I samarbeid med Statsbygg har Miljøverndepartementet fått laga ei samling med eksempel på korleis staten kan leggje desse måla og planane til grunn ved

lokalisering av sine verksemdar. Ei ny rikspolitisk føresegn om kjøpesenter er vedteken. Føresegna inneber ei skjerpning av retningslinjene for lokaliseringsplanar og service i godkjende fylkes- og fylkesdelplanar.

61 pst. av barnehagebarna hadde mindre enn 500 meter avstand til barnehagen i 2007, mens det tilsvarende talet for skulebarn er 40 pst. Samtidig med stor utbygging av barnehagar dei seinare åra, har delen med reiseavstand over 500 meter auka ein del.

Arbeidsmål 1.5 Styrkje universell utforming i all planlegging og utbygging ved å setje i verk og følgje opp RPR for universell utforming. Avslutte koordineringa av Handlingsplan for auka tilgjenge for alle gjennom universell utforming.

Miljøverndepartementet har koordinert Handlingsplanen for auka tilgjenge gjennom universell utforming som vart vedteken for perioden 2005–2009. Det skal setjast i verk ein ny handlingsplan frå 2009 under leiing av Barne- og likestillingsdepartementet.

Noverande handlingsplan inneheldt frå starten 97 tiltak på samfunnsområda transport, bygg/uteområde, IKT mv. 15 departement har ansvar for eitt eller fleire av tiltaka. Ved utgangen av 2007 var omlag 65 pst. av desse utførte 52 nye tiltak er komne til sidan starten i 2005 Av desse er 14 utførte. Ei rekkje tiltak går over mange år og har fleire delprosjekt. Samla sett er det fram til årsskiftet 2007/2008 sette i verk 136 delprosjekt.

Om lag 200 mill. kroner på ulike kapittel og postar var øyremerkte tiltak for universell utforming/auka tilgjenge i 2007, av dette 20 mill. kroner på Miljøverndepartementets kapittel 1400 post 80.

Dei siste to åra har Miljøverndepartementet lagt serleg vekt på tiltak for å auke kompetansen lokalt og regionalt når det gjeld universell utforming som strategi for planlegging og utforming av omgjevnad og produkt. Miljøverndepartementet følgjer opp ei rekkje tiltak i Handlingsplanen som gjeld planlegging, m.a. rikspolitiske retningslinjer for universell utforming, og styrking av omsynet til universell utforming i den nye plan- og bygningslova. Pilotkommunar i fleire fylke utviklar universell utforming som kommunal strategi. Dei arbeider m.a. med by- og tettstadutvikling, auka tilgjenge til offentlege bygningar og uteområde, friluftsliv og kulturminne.

Dei arealbruksindikatorane som er under utvikling, skal mellom anna gi betre oversyn over universell utforming og tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunane rapporterer på universell utforming gjennom KOSTRA. I 2007 rapporterte 48 kommunar at dei hadde plan eller retningslinjer med fokus på universell utforming, dvs. 13 pst. av dei 364 som rapporterte. I 2006 svara 8 pst. av kommunane at dei hadde slik plan. 9 av dei 16 pilotkommunane hadde innarbeida universell utforming i vedteken plan ved utgangen av 2007. Seks fylkeskommunar har plan med føringar for universell utforming.

Frå 2009 vil Miljøverndepartementet ha fokus retta mot kommunane. Pilotkommunane for universell utforming vil saman med fylka ha ei sentral rolle i dette arbeidet.

I og med at ein tek sikte på at ny handlingsplan for universell utforming og tilgjenge skal avløyse gjeldande plan i 2009, vil Miljøverndepartementet avslutte si koordineringsoppgåve med rapportering på noverande handlingsplan for åra 2005–2008 og leggje fram ei ekstern evaluering av planperioden.

Arbeidsmål 1.6 Bidra til bevaring og styrking av miljøkvalitetar i landskapet gjennom å rettleie kommunane og å følgje opp Den europeiske landskapskonvensjonen.

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen, som vart sett i kraft 1. mars 2004. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Miljøverndepartementet har ansvar for oppfølging av konvensjonen, og har bl.a. sett i verk utviklingsarbeid i Hordaland fylke knytt til landskap og regional næringsutvikling. Departementet samarbeider tett med Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren og andre sentrale statsorgan. Det er òg eit utstrekt nordisk samarbeid om oppfølging av konvensjonen, bl.a. støtta av Nordisk Ministerråd.

Arbeidsmål 1.7 Fremje berekraftig utvikling og arealbruk utanfor byar og tettstader gjennom kommunale og regionale planar med langsiktige rammer for natur- og kulturverdiar, verdifulle landbruksområde, verdiskaping og stadutvikling.

Fylkesdelplanar for fjell- og utmarksregionar er i stor grad knytte til dei større villreinområda. Desse planane vil dei næraste åra bli revidert og supplert. Ni fylke har plan for fjellområde i 2007. Også fylkesplanlegging utanom fjell- og utmarksregionane har stor verdi for utvikling av berekraftig arealbruk. 13 fylke har fylkesdelplan for kulturminne og kulturmiljø, fem fylke (inkludert Oslo) har plan for biologisk mangfald. 14 fylke har plan

med tema friluftsliv, fire har plan for grønstruktur og 13 har plan for kystsona i 2007.

Regionale natur- og kulturparker vert støtta av fire departement – Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Det er etablert erfarings- og kompetansenettverk for lokale og regionale aktørar som vil profilere seg som natur- og kulturparker som eit ledd i næringsutviklinga. Berekraftig utnytting av natur- og kulturverdiane er sentralt i satsinga. Område som til nå er definert som natur- og kulturparker er dei seks Valdres-kommunane i Oppland, Aurland i Sogn og Fjordane, Telemarkskanalen og Hordaland landskapsprosjekt med etablering av sju landskapsparker.

Regjeringa har som mål å halvere årleg omdisponering av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010. I 2007 vart i alt 16 482 daa dyrka og dyrkbar mark omdisponert til andre formål enn landbruk. Av dette var 8 799 daa dyrka mark. Dette er klart meir enn målsetjinga om ei halvering innan 2010. Fleire kommunar har rapportert inn til SSB enn tidlegare og tala er dermed meir pålitelege enn i tidlegare år. Areal dyrka og dyrkbar mark omdisponert og regulert etter plan- og bygningslova var 12 026 daa i 2007, medan omdisponering etter jordlova utgjorde 4 456 daa. Gjennom avgjerder i motsegnssakene blir gjeldande arealpolitikk konkretisert og formidla når det gjeld viktige nasjonale spørsmål. På jordvernssida har Statens Landbruksforvaltning frå 2006 hatt høve til å fremje motsegn der fylkeslandbruksstyret ikkje følgjer tilråding frå fylkesmannen. Dette har medført fleire saker til avgjerd i Miljøverndepartementet enn ein ville hatt elles, og jordverninteressene har i stor grad fått gjennomslag dei siste åra.

Arbeidsmål 1.8 Sikre villreinens sentrale plass i norsk fjellfauna gjennom regionale planprosessar og etablering av nasjonale villreinområde og europeiske villreinregionar, og stimulere til berekraftig bruk av reindriftas areal.

Fjell- og utmarksområda er ein stor ressurs for nyskaping og næringsverksemd i bygdene. Auka næringsbruk gir behov for langsiktig og samordna arealplanlegging som trekkjer grensene for utbygging av fritidsbustader og reiseliv, vegar, ferdsel osv. Dette krev ofte interkommunalt og regionalt samarbeid. Kommunal planlegging er viktig for å løyse dei langsiktige utfordringane som er knytte til berekraftig bruk og utnytting av fjellområde. Miljøverndepartementet har sett i gang eit 5-årig program for å stimulere fylkeskommunar og kommunar med villrein til å utarbeide fylkesdelplanar

for ei langsiktig forvaltning av fjellområde som er spesielt viktige for villreinens framtid i Noreg. Sikring av villreinens leveområde har stått sentralt ved oppretting av mange av våre store nasjonalparker og landskapsvernområde, men slikt vern dekkjer berre delar av leveområda og må supplerast av planar etter plan- og bygningslova.

Gjennom heilskapleg planlegging over større område kan ein leggje overordna føringar for å sikre sårbare lokalitetar for villreinen, og samtidig finne område der det kan stimulerast til lokal næringsutvikling innan gitte rammer. Planane tek sikte på å sameine mål om næringsutvikling med Noreg sitt internasjonale ansvar for å ta vare på villreinen. Ti nasjonale villreinområde er utpeika. Planarbeidet er starta opp for tre av områda: Hardangervidda, Rondane/Sølnkletten og Setesdal Austhei/Setesdal Vesthei med Ryfylke. Dei andre villreinområda vil starte sitt planarbeid etter kvart, i tråd med programmet. MD har etablert eit fagnettverk for fylka som støtte for det vidare arbeidet, der også Direktoratet for naturforvaltning er med saman med Norsk Villreinsenter Sør/Nord og NINA.

Reindrifta er ei arealkrevjande næring, og planar om hyttebygging og reiselivsutvikling kjem ofte i konflikt med reindrifta sin bruk av areala. Reindrifta nyttar om lag 40 prosent av landets areal, og omfattar òg eit stort tal bygningar. Om lag 493 000 bygningar er registrerte innanfor reinbeiteområda i 2007. Reindrifta brukar areal på tvers av kommune- og fylkesgrenser, og gjennom dialogprosjekt for reindrifta under Landbruks- og matdepartementet er det sett fokus på regional planlegging som eit mogleg verkemiddel for å avklare arealbruken.

Arbeidsmål 1.9 Sikre betre og meir miljøbasert utbygging av fritidsbustader, der omsynet til landskap, miljø, ressursbruk og estetikk blir vektlagt.

Det er no om lag 418 000 fritidsbygningar i Noreg. Av desse er 389 000 hytter og sommarhus og 29 000 heilårsbustader og bustadhus nytta som fritidsbustad. Talet på fritidsbustader i snaufjellet har auka med om lag 2 000 frå 2003, til 32 400 i 2007. Talet på fritidsbustader i 100-metersbeltet langs sjø har auka med om lag 3 600 til 82 800 i same tidsrommet. Talet på fritidsbustader innanfor 4 km frå villreinområde var 64 800 i 2007. Her har det vore ein auke på om lag 5 000 dei siste 4 åra.

Det har dei siste fem åra blitt ferdigstilt mellom 4 000 og 6 000 fritidsbustader pr. år her i landet. I tillegg kjem standardauke og utvidingar på eksisterande fritidsbustader, som vi reknar med har om lag same omfanget. Standardauke inneber, i tillegg

til auka areal og teknisk standard på bygningane, utbygging av veg, vatn og avløp og straumforsyning. Dei samla miljøkonsekvensane av slik standardauke vil vere betydelege i mange område. Auka standard fører òg med seg lengre brukstid. Regjeringa er derfor opptatt av at kommunane tek stilling til standard og storleik på eksisterande fritidsbustader i kommuneplanen. Det er om lag ein tredel av fritidsbustadene som i dag har låg eller middels standard.

Miljøverndepartementet har bede fylkeskommunar og kommunar om å prioritere fritidshus i si kommunale og regionale planlegging. Kommunane skal følgje dei nasjonale føringane for fritidsbustader som er gitt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Føringane inneber at Regjeringa vil innskjerpe kravet om betre og meir miljøvennleg planlegging og utbygging av fritidsbustader. Det er òg viktig å betre kompetansen i kommunar og planleggingsmiljø om kva god og miljøriktig fritidshusplanlegging inneber. Regjeringa innførte i 2007 ei vesentleg skjerping av energikrava for fritidshus mellom 50 og 150 kvadratmeter. For fritidshus over 150 kvadratmeter er det innført same krav som for heilårsbustader. Endringane vil på sikt gi ein vesentleg reduksjon i energiforbruket knytt til fritidsbustader.

Arbeidsmål 1.10 Sikre god oppfølging av nasjonal strandsonopolitikk ved å oppfordre kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn til streng praksis ved behandling av dispensasjonar og planar i strandsona langs sjø og vassdrag.

Utviklinga av byggjeverksemda i 100-metersbeltet langs sjøen er av nasjonal interesse. I St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* er det oppfordra til streng praksis ved behandlinga av plan- og dispensasjonssaker i 100-meterbeltet langs sjøen.

Det er gitt nye reglar om strandsona i ny plandel av plan- og bygningslova. Reglane vart vedtekne av Stortinget våren 2008, jf. Ot. prp. nr. 32 (2007-2008), og vil truleg tre i kraft 1. juli 2009. Byggjeforbodet i 100-metersbeltet og reglane om dispensasjon blir stramma inn. Regjeringa har i samband med lovarbeidet bestemt at det skal utarbeidast statlege retningslinjer for ein differensiert

strandsonopolitikk, som skal tre i kraft samtidig med dei nye lovreglane. Retningslinjene skal danne grunnlag for planlegginga i kommunen og ta omsyn til at det er ulike forhold langs kysten.

Utviklinga i strandsona blir følgt gjennom KOSTRA-rapporteringa, og blir kunngjort av Statistisk Sentralbyrå i juni kvart år. I 2007 vart det gitt 767 dispensasjonar for nye bygningar i 100-metersbeltet langs sjøen, mot 808 i 2006. 64 pst. av søknadene vart godkjente, mot 70 pst. året før. Det vart gitt om lag 1 650 byggjeløyve i samsvar med plan, mot om lag 1 300 løyve året før.

Tala viser at talet på dispensasjonar gjekk ned, mens byggjeaktiviteten i samsvar med plan gjekk opp. Av tala går det ikkje fram om den faktiske byggjeaktiviteten er i samsvar med det nasjonale målet om å bevare strandsona. Det kan òg førekomme byggjing etter gamle planar som ikkje er i samsvar med nasjonal strandsonopolitikk. Det er viktig at kommunane tek slike forelda planar opp til revisjon. 13 fylke har i følgje Kostra-tal plan for kystsona i 2007.

Arbeidsmål 1.11 Sikre ei heilskapleg forvaltning av vassdragslandskap, blant anna i høve til nedbygging, og stimulere til regional planavklaring av små vasskraftverk, der omsynet til naturmangfald, friluftsliv og landskap blir vektlagt.

I ny plandel av plan- og bygningslova er det innført nye reglar for planlegging i og langs vassdrag, som vil gi betre sikring av strandsonene langs vatn og vassdrag. For område langs vatn og vassdrag med natur-, kulturmiljø- og friluftslivinteresser blir det stilt krav om at kommunane skal fastsetje grense på inntil 100 meter med forbod mot utbygging i kommuneplanens arealdel. Fem fylke har oppgitt i Kostra at dei har eigen plan for vassdrag i 2007.

I følgje Kostra-tal vart det godtkjent 218 dispensasjonar for bygging innanfor område med byggjeforbod langs ferskvatn i 2007. Dette tilsvare 79 pst. av alle sakene som vart behandla. 11,4 pst. av vassdragslinja var bygningspåverka i 2007, mens den i 1985 var om lag 10,6 pst. Det er i dei mest sentrale delane av landet at delen av bygningspåverka vassdragslinje er størst; 18,7 pst. i 2007. I dei minst sentrale delane av landet er talet 8,2 pst.

Tabell 11.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 1 arealpolitikk og samfunnsutvikling

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
2. Lokalt miljøarbeid skal styrkjast og utviklast som del av kommunane si rolle som samfunnsutviklar, organisasjon og tenesteproducent.	2.1 Sikre tydelege rammevilkår og effektive verkemiddel for miljøarbeidet i kommunane, og bidra til at relevante satsingar i andre departement byggjer opp om programmet Livskraftige kommunar.	Erfaringar frå programmet Livskraftige kommunar, knytt til statlege rammevilkår for lokalt miljøarbeid. Gjennomførte samarbeidstiltak og bruk av programmet.
	2.2 Auke miljøkompetansen bl.a. gjennom nettverksarbeid i programmet Livskraftige kommunar, og sikre at erfaringane blir formidla og lagt varig til grunn i dei kommunale planleggings- og styringssystema.	Talet på nettverk og deltakande kommunar i programmet Livskraftige kommunar. Deltaking frå nasjonale og regionale kompetansemiljø og organisasjonar. Formidling gjennom programmet sin nettstad og møter/konferansar. Framdrift i arbeidet med utvikling av indikatorar knytte til programmet.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 2.1 Sikre tydelege rammevilkår og effektive verkemiddel for miljøarbeidet i kommunane, og bidra til at relevante satsingar i andre departement byggjer opp om programmet Livskraftige kommunar.

Erfaringar frå deltakarkommunane i programmet Livskraftige kommunar blir fanga opp gjennom følgjevalueringa og ført inn i konsultasjonsordninga mellom Regjeringa og KS. Styrking av klimaarbeidet i kommunane vil vere tema på Regjeringas konsultasjonsmøte med KS hausten 2008.

Det er lagt vekt på at samhandlinga mellom statlege sektorar på regionalt nivå, ulike departement sine satsingar og fylkeskommunalt utviklingsarbeid byggjer opp om programmet på område der dette er relevant.

Arbeidsmål 2.2 Auke miljøkompetansen m.a. gjennom nettverksarbeid i programmet Livskraftige kommunar, og sikre at erfaringane blir formidla og lagt varig til grunn i dei kommunale planleggings- og styringssystema.

176 kommunar deltek no i programmet og 40 læringsnettverk er i arbeid. Livskraftige kommunar har utvikla nye verktøy for å kartleggje, analysere og kommunisere status og utvikling på miljø og samfunn i kommunane. Det er størst interesse i deltakarkommunane for å arbeide med klima og

energi og arealpolitikk. Det er inngått samarbeidsavtale mellom nasjonale ressursmiljø og programmet om støttefunksjonar og fagleg bistand. Det er lagt meir vekt på informasjon og formidling av gode eksempel frå arbeidet i kommunane.

Ei nyleg gjennomført undersøking om plan- og miljøkompetansen i norske kommunar viser store variasjonar både mellom kommunar og i forhold til utfordringar og oppgåver. Kompetansen er i varierende grad til stades innan planlegging og biologisk mangfald, i moderat grad når det gjeld vassforvaltning og i svak grad innan miljøleing, klima og kulturminne. Kommunar som deltek i Livskraftige kommunar gir uttrykk for ein sterkare kompetanse og større evne til å utvikle ein offensiv politikk for miljø og samfunnsutvikling enn dei som står utanfor.

Soria Moria-erklæringa har som målsetjing at kommunane sin natur- og miljøkompetanse skal gjenreisast. For å kunne oppfylle nasjonale mål knytte til biologisk mangfald, klima, transport og areal, jordvern, store samanhengande naturområde, villrein og andre miljø- og samfunns mål som følgjer av ny plandel i Plan- og bygningslova, må kommunane ha ein god plan- og miljøkompetanse. Mange kommunar er i dag ikkje i stand til å arbeide med desse komplekse utfordringane på ein langsiktig og systematisk måte. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei drøfting av verkemiddel som kan styrkje det lokale plan- og miljøarbeidet på brei basis.

Resultatområde 6 – underområde 2 Kommunal og regional planlegging

Planlegginga er sektorovergripande, og er viktig for gjennomføring av mål bl.a. innafor resultatområda 1 Naturens mangfald og friluftsliv, 2 Bevaring og bruk av kulturminne og 4 Eit stabilt klima og

rein luft. Planlegginga skal sikre ei berekraftig forvaltning av landets samla arealressursar, skape gode fysiske miljø og sikre verdiskaping i lokalsamfunna. Ansvar for planlegginga ligg i hovudsak til kommunestyra og fylkestinga, men skal skje i nært samråd med statlege fagstyresmakter, organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar.

Tabell 11.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
3. Kommunal planlegging skal samordne fysisk, økonomisk, sosial, estetisk og kulturell utvikling, sikre god arealforvaltning og tryggje berekraftig utvikling.	3.1 Sikre at alle kommunar har samfunns- og arealdel av kommuneplan med tilfredsstillande kvalitet, at planane blir reviderte i tråd med krava i plan- og bygningslova og at kommunane følgjer opp nasjonalt prioriterte område i kommuneplanlegginga.	Talet på kommunar med samfunns- og arealdel i kommuneplan. Alder på kommuneplanens arealdel. Alder på kommuneplanens samfunnsdel. Talet på kommunar med gjeldande plan innafor prioriterte område, m.a. universell utforming, biologisk mangfald, friluftsliv eller kulturminne. Omfang av dispensasjonar som blir gitt innafor dei prioriterte arealpolitiske områda
	3.2 Sikre at kommunane utarbeider og behandlar reguleringsplanar og detaljplanar effektivt og med god kvalitet.	Talet på regulerings- og bebyggelsesplanar, av dette private framlegg. Tidsbruk i plansaker. Talet på kommunar som har teke i bruk Byggsøk plan ved innsending av private planar. Brutto driftsutgifter til fysisk planlegging og tilrettelegging i kommunane.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 3.1 Sikre at alle kommunar har samfunns- og arealdel av kommuneplan med tilfredsstillande kvalitet, at planane blir reviderte i tråd med krava i plan- og bygningslova og at kommunane følgjer opp nasjonalt prioriterte område i kommuneplanlegginga.

Kravet om ei berekraftig utvikling og demokrati viser behovet for kommuneplanen som strategisk plan for langsiktig utvikling av kommunen, både som samfunn og organisasjon. Dei fleste departementa stiller krav til kommunane på sine område. Det er viktig at kommuneplanane kan fange opp dei relevante sentrale plankrava utan at det nødvendigvis må utarbeidast eigne kommunale planar

for dei ulike sektoromsyna. Det er f.eks. naudsynt å sjå næringsutvikling og verdiskaping, areal- og miljøforvaltning, levekår, folketalsutvikling og kommunal tenesteyting i nær samanheng.

Mange kommunar driv eit aktivt utviklingsarbeid når det gjeld kommunal planlegging. Miljøverndepartementet samarbeider med fylkeskommunane, fylkesmennene og KS om bistand og oppfølging av kommunane, m.a. gjennom programmet Livskraftige kommunar – kommunenettverk for miljø og samfunnsutvikling, jf. resultatmål 2.

I alt vart det vedteke 196 kommuneplanar eller kommunedelplanar for arealbruk, og 152 tematiske kommunedelplanar eller samfunnsdel av kommuneplanar i 2007. 376 kommunar gir opp i Kostra at dei har ein vedteken kommune-

plan med samfunnsdel, og gjennomsnittleg alder er 5 år. Det er 385 kommunar som har vedteke arealdel til kommuneplanen, og planane er gjennomsnittleg 4 år gamle. Tala viser at mange kommunar har ei aktiv kommuneplanlegging, både for arealbruken og for den langsiktige samfunnsutviklinga. Men det er framleis ein del kommunar som ikkje har kommuneplan, eller relativt gamle planar. Dette gjeld i hovudsak kommunar med lite utbygging, og ein del byområde med eldre plangrunnlag.

Arbeidsmål 3.2 Sikre at kommunane utarbeider og behandlar reguleringsplanar og detaljplanar effektivt og med god kvalitet.

Kommunane vedtok i følgje tal frå Kostra ca. 2 100 reguleringsplanar i 2007. Av desse var om lag 1 600 private reguleringsforslag. I tillegg vart det vedteke 330 bebyggelsesplanar. Av desse var 280 private planforslag. Slike planar er viktig reiskap for kommunane for å sikre kvalitet i nærmiljø og utbygging, grønstruktur og uteareal, fellesareal, areal til barnehagar, skular og næringsverksemd

mv. Departementet har eit aktivt rettleings- og nettverksarbeid mot kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn på dette området. I samband med vedtaket av ny plandel av plan- og bygningslova vil departementet styrkje rettleinga mot kommunane, og legge vekt på korleis nye verktøy i lova kan nyttast for å sikre betre kommunal styring. Det er ei utfordring for kommunane å sikre heilskaplege og langsiktige rammer, når hovuddelen av planlegginga skjer som private planinnspel. Det er derfor viktig at kommunane brukar kommuneplanen aktivt for å sikre effektiv og god arealutnytting, samtidig som kravet til gode bu- og arbeidsmiljø blir tilfredsstilte.

Samla saksbehandlingstid er ein indikator på effektiviteten i kommunane sin planbehandling. I 2007 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for reguleringsplanar 235 kalenderdagar. Det er ein auke frå 208 året før. Det er dei største byane med over 30 000 innbyggjarar som har lengst saksbehandlingstid, gjennomsnittleg 362 dagar. Dei har òg dei største gebyra, på gjennomsnittleg 66 000 kroner for reguleringsplan. Det er store skilnader i storleik og kompleksitet mellom planane.

Tabell 11.4 Mål- og indikatorstabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
4. Den regionale planlegginga skal samordne statleg, regional og kommunal verksemd og areal- og ressursforvaltning over kommunegrensene.	4.1 Sikre at alle fylkeskommunar har ei rullerande fylkesplanlegging og at prioriterte nasjonale område blir tekne opp i regionale planar, jf. underområde arealpolitikk.	Talet på godkjende planar. Ressursinnsats til regional planlegging. Talet på fylkeskommunar med gjeldande fylkesplan eller fylkesdelplan med fokus på universell utforming, klima, kulturminne og kulturmiljø.
	4.2 Leggje til rette for at hovudtrekka i arealbruk og forvaltning av naturressursar blir tekne opp i samordna planar på tvers av kommunegrensene.	Talet på regionar med planar som gir retningslinjer for arealbruk og naturressursar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 4.1 Sikre at alle fylkeskommunar har ei rullerande fylkesplanlegging og at prioriterte nasjonale område blir tekne opp i regionale planar, jf. underområde arealpolitikk.

Alle fylkeskommunar rullerar planane sine med jamne mellomrom og tek opp nye tema i samsvar med lokale utfordringar og statlege politiske føringar. Det blir t.d. arbeid med planar for vindkraft, energi- og klimaspørsmål og universell utforming.

I 2007/2008 er 3 fylkesplanar og 7 fylkesdelplanar godkjende sentralt.

Arbeidsmål 4.2 Leggje til rette for at hovudtrekka i arealbruk og forvaltning av naturressursar blir tekne opp i samordna planar på tvers av kommunegrensene.

I alt 17 fylke hadde i 2007 regionale areal- og transportplanar. Dei største byregionane utarbeider slike planar og strategiar som innspel til Nasjonal

transportplan. Fylkesdelplanar tar og opp andre tema som går på tvers av kommunane, mellom anna planar for fjellområde, villrein og kystsona.

Som nemnt under arbeidsmål 1.2 og 1.8 har Miljøverndepartementet teke initiativ til samordna arealplanlegging for vindkraft og fjellområde med villrein. Fylkeskommunane driv i aukande grad regional arealplanlegging knytt til by- og tettstad-område, kystsona og fjellområda. Regional areal-

planlegging er òg grunnlaget for utbygging av større samferdselstiltak. I ny plandel av plan- og bygningslova blir det innført fleire nye verktøy som vil styrkje den regionale arealplanlegginga. Interkommunale planar vil utfylle regionale planar initiert av fylkeskommunen. Det er òg gitt egne reglar som skal sikre betre samordning mellom statlege verneplanar etter naturvernlova og arealbruken i randsonene til slike område.

Tabell 11.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
5. Planlegging etter plan- og bygningslova skal skje innfor rammane av nasjonal politikk, og vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå.	5.1 Sikre klar og effektiv formidling av nasjonal politikk og statlege interesser til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter.	Omfang av formidling og rettleiing. Talet på og typar formelle motsegner fremja i planprosessane, fordelt på motsegnorgan og grunngeving. Talet på motsegnssaker avgjort av departementet og endringar gjort av eigengodkjente planar.
	5.2 Syte for oppdatert lov- og forskriftsverk, og bidra til god planpraksis i kommunar og fylkeskommunar m.a. gjennom aktive kompetansenettverk for kommunal og regional planlegging.	Status på oppdatering av lov- og forskriftsverk. Omfang og aktivitet i nettverka.
	5.3 Utarbeide og revidere Rikspolitiske føresegner (RPB) og Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for prioriterte politikkområde.	Utarbeiding og revisjon av RPR og RPB. Evaluering av gjeldande RPR.
	5.4 I samarbeid med HOD følgje opp Helse i Plan og bruk av RPR som verktøy i planforankring av folkehelse og trygge lokalsamfunn.	Talet på kommunar med fokus på folkehelse i kommuneplanen.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 5.1 Sikre klar og effektiv formidling av nasjonal politikk og statlege interesser til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter.

Miljøverndepartementet utarbeider vegleiing og formidlar nasjonal politikk og god planpraksis. Fylkeskommunane har etter lova ansvar for fagleg oppfølging innanfor planlegging, og står saman med fylkesmennene for formidling og oppfølging av kommunane og statlege sektorstyresmakter. Det er etablert fleire lærings- og utviklingsnettverk mellom departementet, fylkeskommunane og fylkesmennene for å sikre klar og effektiv formidling av nasjonal politikk og statlege interesser. Direkto-

ratet for naturforvaltning og Riksantikvaren har viktige formidlingsoppgåver knytte til kommunal og regional planlegging innanfor sine fagfelt.

Etter ny plan- og bygningslov skal Kongen kvart 4. år utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Eit slikt dokument skal utarbeidast innan to år etter at lova er sett i kraft.

Motsegnsinstituttet blir nytta av fylkeskommunen og statlege styresmakter for å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir ivaretekne i planlegginga. I fjor vart det fremja motsegner til 124 kommuneplanar og kommunedelplanar. Det inneber at 53 pst. av planane vart møtte med motsegn. Vidare vart det fremja motsegner til 504 re-

gulerings- og bebyggelsesplanar. Det betyr at 21 pst. av planane vart møtte med motsegn. Dei aller fleste motsegnene blir løyste gjennom planprosessen. Berre 34 planar enda opp i Miljøverndepartementet til avgjerd.

Arbeidsmål 5.2 Syte for oppdatert lov- og forskriftsverk, og bidra til god planpraksis i kommunar og fylkeskommunar m.a. gjennom aktive kompetansenettverk for kommunal og regional planlegging.

Regjeringa la våren 2008 fram forslag til ny plandel av plan- og bygningslova, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008). Lova vart vedteken av Stortinget 5. juni 2008, jf. Besl. O. nr. 84 (2007-2008), og er venta sett i verk frå 1. juli 2009. Det er planlagt eit vegleiingsprogram for kommunar, fylke og andre aktørar våren 2009.

Arbeidsmål 5.3 Utarbeide og revidere Rikspolitiske føresegner (RPB) og Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for prioriterte politikkområde.

Rikspolitisk føresegn om kjøpesenter er vedteken. Føresegna inneber at retningslinjer for kjøpesenter i godkjende fylkesplanar og fylkesdelplanar, skal følgjast betre opp.

Arbeidsmål 5.4 I samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet følgje opp Helse i Plan og bruk av RPR som verktøy i planforankring av folkehelse og trygge lokalsamfunn.

30 kommunar deltek i prosjektet Helse i Plan, som er leia av HOD. Fokus er å integrere folkehelse i kommunane si planlegging. Høgskulane sitt arbeid med å styrkje plan- og prosesskompetansen i helsesektoren held fram.

Tabell 11.6 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 2 kommunal og regional planlegging

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
6. Planar etter plan- og bygningslova og søknader etter sektorlover skal ha god dokumentasjon av vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn.	6.1 Utarbeide vegleiing for utgreiingar i planar etter pbl.	Tidsbruk for KU-saker i forhold til dei rammer forskrifta set. Utarbeiding av KU i fylkes- og kommuneplanar. Kvaliteten på planprogram og på utgreiingar og vurderingar i planar.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 6.1 Utarbeide vegleiing for utgreiingar i planar etter pbl.

Etter departementets vurdering er arbeidet med konsekvensutgreiingar (KU) etter plan- og bygningslova no blitt ein integrert del av kommunane sitt arbeid med arealplanar på oversiktsnivå, særleg kommuneplanens arealdel. Mange av dei konsekvensutgreiingane som er gjennomførte på dette nivået er ikkje av god nok kvalitet. Saman med underliggjande direktorat arbeider departementet derfor med å ferdigstille vegleiing om korleis ulike miljøtema skal utgreiast og presenterast i slike planar. I tillegg ferdigstiller departementet i år ei samling med eksempel på korleis planprogram og konsekvensutgreiingar kan gjennomførast for ulike typar planar.

Med ny plandel av plan- og bygningslova er arbeidet med å fullt ut å integrere KU-føresegnene

for arealplanar og dei ordinære planføresegnene slutført. Nye lovføresegner inneber at KU-forskrifta må reviderast, slik at denne kan tre i kraft saman med ny plandel av plan- og bygningslova.

Resultatområde 6 – underområde 3 Kart og geodata

Området omfattar etablering og drift av stadfesta basisinformasjon knytt til kart og geodata. Det dekkjer utvikling av standardar og regelverk og fagleg samarbeid med andre land på området, stimulering av norsk næringsutvikling innafor geografisk informasjonsteknologi (GIT), forskning og utvikling, og sikring av historisk geografisk informasjon. Området inkluderer òg eit forvaltningsansvar for å skaffe fram arealdata for planleggingsformål.

Tabell 11.7 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
7. Landet skal ha eit einsarta geodetisk grunnlag (grunnlag av målepunkt) tilpassa satellittbasert stadfesting (koordinatbestemming).	7.1 Ta del i internasjonalt samarbeid som er nødvendig for å overvake og oppdatere det nasjonale geodetiske grunnlaget. 7.2 Leggje til rette for effektiv bruk av satellittbasert stadfesting i eit nasjonalt geodetisk grunnlag.	Tal på kommunar med ferdig målt landsnett. Tal på kommunar med framført høgdegrunnlag (nivellement).

Statusbeskriving

Arbeidsmål 7.1 Ta del i internasjonalt samarbeid som er nødvendig for å overvake og oppdatere det nasjonale geodetiske grunnlaget.

Verksemnda ved Statens kartverks målestasjon i Ny-Ålesund er ein del av det internasjonale samarbeidet om globale referanserammer, som blant anna legg grunnlaget for bruk av globale teknikkar for satellittbasert stadfesting. Andre, mindre avanserte norske målestasjonar inngår og i samarbeidet. Globale referanserammer legg grunnlaget for bruk av nasjonale referanserammer. Grunna kontinuerlege endringar i jordas form, gravitasjonsfelt og rotasjonshastigheit er det behov for hyppige oppdateringar av referanserammene.

Statens kartverk vil starte arbeidet med oppgradering av stasjonen i Ny-Ålesund i 2009. Plasse-ringa av stasjonen, langt mot nord, gjer at stasjonen er særleg viktig for å danne korrekte geodetiske parameterar på nordlege breiddegradar. Saman med nettverket av andre permanente geodetiske stasjonar kan ein overvake jordskorpeflyttingar og -deformasjonar, og sikre ein god overgang mellom nasjonale og globale referanserammer.

I Europa blir det no utvikla nye globale system for satellittbasert stadfesting (EGNOS og Galileo). Desse kan bli til stor nytte for Noreg. Statens kartverk vil syte for å overvake ytinga til systema. I samarbeid med Norsk Romsenter vil etaten bidra til å fremje norske behov knytt til utvikling av dei nye systema.

Arbeidsmål 7.2 Leggje til rette for effektiv bruk av satellittbasert stadfesting i eit nasjonalt geodetisk grunnlag.

Overordna nasjonalt grunnlag, basert på internasjonalt standard (EUREF89), kom på plass i 1997. Arbeidet med eit meir detaljert landsnett skjer i samarbeid med kommunar og andre brukarar som samfinansierte prosjekt. Statens kartverk slutførte målearbeidet for landsnettet i 2007, og har lagt til rette for bruken i 2008. Mange kommunar må sjølve gjere noko arbeid før dei kan ta grunnlaget i bruk fullt ut. Pr. 1. juli 2008 har 338 kommunar innført EUREF89. Det er eit mål at alle kommunane skal ha teke EUREF89 i bruk i 2009.

Det gamle høgdegrunnlaget NN1954 har betydelege manglar, og er derfor dårleg tilpassa bruk av satellitteknologi. Statens kartverk har starta arbeidet med etablering av eit nytt nasjonalt høgdegrunnlag, NN2000. Det overordna grunnlaget vil vere på plass i 2008. Det er eit mål at 80 % av kommunane skal ha innført NN2000 i 2015.

Statens kartverk skal syte for å ha eit system som på ein effektiv måte støtter opp om all privat og offentleg oppmåling, kartlegging og navigasjon gjennom distribusjon av den nasjonale referanseramma. I denne samanhengen har Statens kartverk ansvar for å utarbeide og drive tenestar som kan ta i bruk satellittinformasjon til posisjonering. Det blir i samarbeid med kommunar og privat sektor bygd ut nettverk som gir større grannsemd ved bruk av satellittdata. Talet på brukarar av denne tenesta er nå om lag 450 og er venta å auke etter som nye nettverk blir utbygde. Så langt er det nesten samanhengande dekning i område med busetnad nord til og med Trøndelag og i store delar av Nordland og Troms. Det er venta at tenesta vil vere landsdekkjande i 2010.

Tabell 11.8 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
8. Landet skal ha ein tenleg infrastruktur av nasjonale geografiske databasar.	8.1 Syte for at alle offentlege etatar deltek i samarbeidet Noreg digitalt.	Tal på kommunar og andre som har teikna avtale om Noreg digitalt.
	8.2 Bidra til at geodata blir gjort tilgjengeleg og synleg innan nye område.	Prosentvis del av felles geodata som står att å etablere for landområda.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 8.1 Syte for at alle offentlege etatar deltek i samarbeidet Noreg digitalt.

Noreg digitalt er eit samarbeid om etablering, drift, vedlikehald og distribusjon av geografiske data. Statens kartverk er den sentrale koordinatoren og tilretteleggjaren i samarbeidet. I 2008 omfattar Noreg digitalt om lag 600 partar. Dei fleste statlege etatar med ansvar for utarbeiding og bruk av geografiske data tek del. Nesten alle kommunar og fylkeskommunar er partar. Målet er at alle kommunane tek del i Noreg digitalt i 2009.

Etablering av Noreg digitalt med landsdekkjande grunnkartdata og temadata etter felles standard er eit omfattande arbeid. Produksjon og tilrettelegging av temadata har verksemdene sjølv ansvar for. Progresjonen i etablering av dei enkelte temadata vil avhenge av kapasiteten i desse verksemdene. Produksjon av grunnkartdata vil bli koordinert av Statens kartverk, med økonomisk bidrag frå samarbeidspartane i Noreg digitalt. Sjølv om alle sluttar opp om samarbeidet, er det ikkje venta at Noreg vil vere dekt med digitale kartdata på land før tidlegast i 2015. I 2008 er noko over 50 pst. av denne dataetableringa fullført. Areal i byar og tettstader er i hovudsak dekt. Utfordringa for desse areala ligg i vedlikehald av data.

Arbeidsmål 8.2 Bidra til at geodata blir gjort tilgjengeleg og synleg innan nye område.

Gjennom samarbeidet Noreg digitalt arbeider Statens kartverk for at eksisterande og nye partar skal sjå moglegheitene som ligg i bruk av geodata. Ved å gjere data tilgjengeleg gjennom Internettportalar kan dei nyttast på ein enkel måte både av partane og andre. Det gjev moglegheit for å nytte data frå ulike datakjelder, og knyte desse saman. Både forvaltninga og privat verksemd har høve til å framstille nye produkt basert på geografiske data.

Statens kartverk er registerfører for hinder som kan vere farlege for luftfarten, jf. forskrift av 14. april 2003, heimla i luftfartslova. Statens kartverk arbeider for å få med flest mogleg data frå

eigarane av slike hinder. Alle betydelege hinder var registrerte ved utgangen av 2007. Frå 2008 gikk ein inn i ein vedlikehaldsfase der den enkelte eigar av luftfartshinder rapporterer nye hinder inn til registeret etter reglane i luftfartslova.

Utrykingsetatane: AMK-sentralar/ambulanse, brann og politi er først og fremst avhengig av høg kvalitet og kontinuerleg oppdatering av adresse- og veginformasjon. Eit kvalitetshevingsprosjekt av veginformasjon vil bli gjennomført i samarbeid med Statens vegvesen i perioden 2008 – 2010.

Bruk av pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem gir betre tryggleik til sjøs. Bruk av slike system reduserer faren for skade på personar og miljø, reduserer materielle kostnader, aukar regulariteten for skipstrafikken, kortar ned tidsbruken på skipsruter og styrkjer næringsgrunnlaget langs kysten. Det er frå 2008 samanhengande elektroniske sjøkart for heile norskekysten. Alle viktige farleier er no dekte med kart for sikker ferdsel, men arbeidet med å betre kvaliteten på kartgrunnlaget vil halde fram i dei område der karta er baserte på data av eldre dato. Det vert arbeidd for at alle større skip som ferdast langs norskekysten, skal få påbod om bruk av offentleg godkjende elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem.

Dei siste åra er det blitt sendt ein årleg sjømålingsekspedisjon til Svalbard. Saman med investeringar i ny teknologi har dette gitt god framdrift i den aktuelle målesesongen frå juli til september/oktober. Til no er noko over 50 pst. av samla areal dekt med tidsmessige målingar, hovudsakleg område djupare enn 20 m. I åra som kjem vil innsatsen bli konsentrert i prioriterte, grunnare område. Dette fører til at det ikkje kan målast like store areal kvart år, då det tek lengre tid å måle i grunne område. Dei viktigaste sjøområda blir målte først. Det må no òg takast omsyn til at nye areal blir gjort tilgjengelege som følgje av auka nedsmelting av is i polarbassenget.

Statens kartverk skal føre vidare arbeidet med gjennomføring av det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet Mareano, som vart starta i

2005. Det vil bli fokusert på kartlegging av havbotnen og tilrettelegging av data for ulike bruk, bl.a. forvaltning av biologisk mangfold.

Tabell 11.9 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
9. Landet skal vere dekt av tenlege trykte og digitale kartseriar.	9.1 Ajourføring av trykte og digitale kartseriar.	Ajourhaldsfrekvens for trykt hovudkartserie Noreg 1:50000 Delen av autoriserte elektroniske sjøkart for norskekysten etter internasjonal standard i prosent av total.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 9.1 Ajourføring av trykte og digitale kartseriar.

Første gongs produksjon av økonomisk kartverk vart fullført i 2002, og omfattar vel 180 000 km², dvs. alt vesentleg produktivt areal, til saman over 32 000 kartblad. Frekvensen på ajourføringa av

denne typen kart har vore 18 år. «N50», den digitale førsteutgåva av hovudkartserien for Noreg 1:50 000, vart lansert i 2001. I 2005 starta produksjonen av dei første N50-kombikarta med land- og sjøinformasjon i same kart. Det blir no ajourført mellom 60 og 100 kartblad kvart år av N50 av totalt ca 700, noko som gjer at ajourføringsgraden vil auke sterkt.

Tabell 11.10 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
10. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.	10.1 Bidra til at geodata blir etablert på standardisert form.	Utvikling og bruk av nasjonale og internasjonale standardar.
	10.2 Syte for effektiv formidling av geodata til brukarane.	Databruken innan samarbeidet Noreg digitalt.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 10.1 Bidra til at geodata blir etablerte på standardisert form.

Det er særskilt viktig å få på plass og ta i bruk aksepterte nasjonale og internasjonale standardar for felles bruk av geografiske data.

Statens kartverk har ei oppgåve som sentral koordinator og bidragsytar i eit vellykka standardiseringsarbeid nasjonalt. Miljøforvaltninga spesielt, og offentleg forvaltning generelt, skal gjennomføre planmessig bruk av slike standardar.

Noreg er og aktivt med i utvikling og bruk av felles standardar internasjonalt. Inspire er eit nytt EU-direktiv for geografisk infrastruktur i Europa. Direktivet trådte i kraft 15. mai 2007. Inspire skal byggje på dei einskilde landa sine nasjonale geografiske infrastrukturar, men slik at data frå kvart land kan nyttast på standardisert form saman med data frå andre land. Basert på erfaringar med nor-

ske standardar tek Statens kartverk del i utforminga av dei europeiske standardane.

For sjøkartlegging finst det eigne standardar, som vert nytta ved produksjon av elektroniske sjøkart i norske farvatn.

Arbeidsmål 10.2 Syte for effektiv formidling av geodata til brukarane.

Innanfor samarbeidet Noreg digitalt vil partane få tilgang til data som er tilrettelagt ved bruk av standardar. Ved konvertering av sjøkartdata vil data for kysten og dei kystnære områda bli lagt til rette for bruk saman med kartdata for landområda. Etter konvertering vil sjødata vere tilpassa standardane for bruk på land. Formidling av data til aktørar utanfor samarbeidet Noreg digitalt skjer gjennom statsaksjeselskapet Norsk Eigedomsinformasjon. Data er lagt til rette etter dei same standardane også for denne formidlingstenesta.

Geodata er eit verkemiddel for at kommunane og den statlege forvaltninga skal oppnå effektiviseringsvinstar og betre resultat innafør område der det ofte er utarbeidd nasjonale målsetjingar. Kommunane har ei sentral rolle som planstyresmakt. Geografisk informasjon presentert på kart, framstiller viktig faginformatjon på ein forenkla og biletleg måte. Geodata kommuniserer derfor effektivt med brukargrupper som ikkje har spesialkompetanse på det enkelte fagfeltet.

Arealdata, ressursdata, miljødata og plandata inngår saman med basis geodata i den felles geografiske infrastrukturen Noreg digitalt. Det har gjennom fleire år vore arbeidd med temadata og basis geodata i samarbeid mellom kommunar, fylke og statlege fagstyresmakter leia av Statens kartverk. Data for tilgjenge blir no utvikla som nytt fagtema til bruk i planlegging og forvaltning. I

2009 skal arbeidet med å få fram ein god struktur for plandata fortsette. Med eit stadig aukande tal partar i samarbeidet Noreg digitalt, har det skjedd ein stor auke i databruken, ikkje minst med gjensidig bruk av temadata.

Sjøkartverket har etablert ei koordineringstene- neste, Primar Stavanger, for å gjere elektroniske sjøkart tilgjengelege i det internasjonale maritime miljøet. Sjøkartverket leverer i dag sjøkartdata frå 38 nasjonar gjennom denne tenesta. Store delar av kyststrekningane i dei samarbeidande landa er dekte. Om lag 3100 brukarar nyttar kartdata formidla gjennom Primar Stavanger. Blant brukarane er og den norske lostenesta. Det er ei sentral målsetjing å få sjøkarttenestene i fleire land med i samarbeidet for å kunne gi eit mest mogleg samla tilbod av sjøkart til brukarane. Kostnadene ved drift av tenesta er dekte ved brukarbetaling.

Tabell 11.11 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6 underområde 3 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	Arbeidsmål	Resultatindikatorar
11. Landet skal ha ei samla informasjonsskjelde for eigedomsdata som kan dekkje behova i offentleg og privat sektor.	11.1 Etablere Statens kartverk som statleg matrikkelstyresmakt, og syte for at matrikkelen blir etablert og halden à jour i alle kommunar.	Tal på kommunar som tek i bruk nytt matrikkelsystem.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 11.1 Etablere Statens kartverk som statleg matrikkelstyresmakt, og syte for at matrikkelen blir etablert og halden à jour i alle kommunar.

Revidert lov om eigedomsregistrering vart vedteken i juni 2007. Lova er sanksjonert og kommunane skal sjølve utføre eigedomsmålingar, som i dag. Lova vil tre i kraft i 2009, samtidig med endelig iverksetjing av matrikkelen og med nødvendige forskrifter. Statens kartverk vil halde fram med å byggje opp kapasitet og kompetanse for å ivareta rolla som sentral matrikkelstyresmakt etter lova. Ei viktig oppgåve vil vere å yte fagleg støtte til kommunane.

Det nasjonale eigedomsregisteret i Noreg har gjennom fleire år bestått av tre element: grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB), elektronisk grunnbok og digitalt eigedomskartverk (DEK). Arbeidet med etablering av digitalt eigedomskartverk er eit samarbeid mellom Statens kartverk og den einskilde kommunen. I GAB og elektronisk grunnbok finn ein komplett oppgåve over eigedommane i Noreg. Ca. 89 pst. av eige-

dommane er etablerte med eigedomsgrenser i DEK, og det er samsvar mellom GAB og DEK.

Det nyutvikla registeret Matrikkelen vil no erstatte GAB og DEK. Registeret skal spele saman med andre register, bl.a. elektronisk grunnbok. I løpet av 2008 er kartdata frå DEK og data frå GAB konvertert til Matrikkelen i mange kommunar. Data for dei resterande kommunane vil bli konvertert i 2009. Statens kartverk er ansvarleg for drifta av den sentrale Matrikkelen, medan kommunane lokalt fører sine data. Ved vidare utvikling av registeret vil informasjon om universell utforming og tilgjenge til bygningar vere ein viktig dimensjon.

I løpet av 2007 vart overføringa av ansvaret for tinglysing til Statens kartverk slutført. Justisdepartementet er ansvarleg departement for tinglysing. I Ullensvang har Statens kartverk etablert eit elektronisk register for delar i burettar og eit senter for tinglysingsspørsmål. Registeret for delar i burettar skal finansierast av brukarane. Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarleg departement for dette registeret.

Statens kartverk forvaltar no heile det nasjonale eigedomsregisteret. Det er venta at denne samlinga av ansvar vil gi ei effektiv forvaltning av informasjon om eigedommar i Noreg.

Verkemiddelomtale

Finansieringa av resultatområdet er i hovudsak dekt over kapitla 1400, 1410, 1427, 1429 og 1441. Fylkesmannen har òg ansvar for oppgåver under resultatområde 6. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

Føresegnene i plan- og bygningslova om planlegging og konsekvensutgreiing er det viktigaste verkemidlet på resultatområdet. Rikspolitiske retningslinjer, som konkretiserer den nasjonale politikken, skal leggjast til grunn for all planlegging i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ.

For å medverke til avgjerder som fungerer godt for samfunnet, må det utviklast eit godt plansamarbeid mellom kommunar, fylke og statlege etatar. Hovudansvaret for bruk av plan- og bygningslova er lagt til kommunane, som normalt fattar endeleg vedtak om arealbruken. Etatane på regionalt nivå må i ein tidleg fase av planarbeidet gjere kommunen kjent med nasjonale og viktige regionale interesser.

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet blir det arbeidd med å leggje til rette for elektronisk saksbehandling i plan- og byggesaker. Departementet gir ut rettleiing og rundskriv knytte til regelverket og vil halde god kontakt med instansar som har viktige oppgåver i forminga av dei fysiske omgivnadane. Avgjerder og lovfortolkingar blir publiserte i rettskjelderregisteret Easy-find og publikasjonen PlanJuss. Det er vidare lagt stor vekt på å formidle fortløpande informasjon over departementets internettsider www.planlegging.no. Tiltak som aukar kompetansen innan planbistand internasjonalt er òg ein del av departementets innsats.

Kap. 1400 post 80 – Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle – vart oppretta i 2005 i samband med oppfølging av Handlingsplan for auka tilgjenge gjennom universell utforming. Ordninga skal medverke til nyskaping og til samarbeid om gode løysingar på Miljøverndepartementets arbeidsområde og er eit viktig verkemiddel for å innarbeide universell utforming som strategi for auka tilgjenge.

Kap. 1400 Post 81 – Tilskot til lokalt miljø og berekraftige lokalsamfunn – vart oppretta i 2006 og skal bl.a. støtte opp under programmet Livskraftige kommunar.

Underområde Kart og geodata er planlagt finansiert med 391 mill. kroner i 2009, der alt i hovudsak blir dekt over kapitla 1465 og 2465. I tillegg dekkjer statsoppdraget midlar til delar av Statens kartverks drift som blir finansierte over resul-

tatområde 7. Kapitla 1400, 1425, 1427, 1429 og 1441 er òg med på å finansiere resultatområdet. Kapittel 412 over Justisdepartementets budsjett dekkjer Statens kartverks kostnader til tinglysing.

Statens kartverk utfører i all hovudsak Miljøverndepartementets oppgåver innan resultatområdet. Statens kartverk er det nasjonale fagorganet som skal kvalitetssikre og leggje til rette geodata for heile det norske samfunnet. Kommunane har òg eit betydeleg ansvar. Verksemda i kommunane er tradisjonelt knytt til GAB-registrering og teknisk kartlegging som er nødvendig for planlegging og saksbehandling etter Plan- og bygningslova. Statens kartverk har eit tradisjonelt ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar til sjøs og til lands, og å halde offisielle register oppdaterte. Etablering av databasar og produksjon av kart i digital form har lenge vore den store utfordringa, og vil vere det i fleire år framover.

Når kart og stadfesta informasjon blir forvalta i digital form, er ikkje informasjonen lenger knytt til ein bestemt kartmålestokk. Data samla inn til bruk for eitt formål, f.eks. lokalt i ein kommune, er like godt eigna til bruk i landsomfattande kartseriar. Å utnytte innsamla data på tvers av forvaltningsnivåa stiller krav til samarbeid om felles dataforvaltning både mellom stat og kommune og mellom dei forskjellige statlege deltakarane.

Data forvalta av samarbeidet Noreg digitalt er omsette i den kommersielle marknaden. Partane i Noreg digitalt må tilpasse seg det prisregime for denne typen informasjon som Noreg til ei kvar tid er bunde av gjennom EØS-regelverket.

Statens kartverk er eitt av Miljøverndepartementets og NORADs fagsenter for miljøutvikling, og deltek med jamne mellomrom i norske bistandsprosjekt i fleire land. I 2005 vart det oppretta eit internasjonalt senter for eigedomsrett og -utvikling ved Statens kartverk. Senteret er oppretta for å samle og styrkje kompetansen på dette området. NORAD, Utanriksdepartementet og ambassadane får rådgiving i sitt internasjonale engasjement innan formalisering av rett til fast eigedom gjennom senteret.

Noreg skal dei næraste åra medverke med betydelege midlar (EØS-finansieringsordningane) til utviklinga av samfunna i dei nye EU-medlemslanda. I samarbeid med nokre av mottakarlanda for desse midlane skal Statens kartverk prøve å få realisert prosjekt som overfører norsk kart- og geodatakompetanse.

EU har i 2007 vedteke eit miljødirektiv om kart og geodata, kalla INSPIRE. Det er starta eit arbeid med korleis direktivet skal implementerast i norsk rett.

12 Resultatområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgaver

Resultatområdet omfattar oppgaver og verkemiddel som går på tvers av alle resultatområda i miljøforvaltninga. Resultatområdet har dermed ikkje egne nasjonale mål, men må sjåast i lys av resultatområda 1-6. Resultatområdet innverkar følgjeleg på resultatopptøyna innafør alle dei andre resultatområda.

Resultatområdet er delt inn i følgjande underområde

7. 1. Styring og administrasjon
7. 2. Sektorovergripande arbeid

Områdeovergripande internasjonalt arbeid er omtalt under resultatområde 5.

Strategiske mål

Miljøforvaltninga skal innrette verksemda slik at måla i miljøpolitikken blir nådde. Styrings- og kostnadseffektivitet skal vere grunnleggjande for valet av verkemiddel.

Miljøomsyn skal integrerast i alle sektorar av samfunnet. Kunnskap, informasjon og kommunikasjon skal medverke til å styrkje forståinga av miljøspørsmåla og til at avgjerder som påverkar miljøet blir tekne på grunnlag av best tilgjengelege kunnskap.

Resultatområde 7 – underområde 1 Styring og administrasjon

Definisjon og avgrensing

Oppgåvene under dette underområdet er knytte til:

Styring, leing og organisering av miljøforvaltninga, budsjettarbeid, internadministrasjon som internadministrativt utviklingsarbeid og oppgaver innafør personale, økonomi, IKT, beredskap, miljøleing internt og forvaltningsoppgaver som ikkje naturleg høyrer inn under dei andre resultatområda.

Tabell 12.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde 1 Styring og administrasjon

Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Styringa av miljøforvaltninga skal følgje opp dei politiske prioriteringane, arbeidet med å gjennomføre politikken og vere effektiv.	Gjennomført evaluering av budsjettprosessen. Gjennomført evaluering av styringsdialogen.
2. Sikre at internadministrasjonen av miljøforvaltninga er målretta, effektiv og miljøvennleg, og i samsvar med overordna mål og retningslinjer for statsforvaltninga.	Godt utført planlegging, økonomistyring, personalforvaltning og annan internadministrasjon. Utviklinga innafør IKT har gode nytteuttak av investeringar som er gjort, og det er tilrettelagt for effektiv datautveksling mellom fagsystem. Oppdatert internt regelverk. Godt utført planlegging og gjennomføring av tiltak for organisasjonsutvikling, og god oppfølging av andre tiltak innafør Regjeringas arbeid med fornying. Gjennomført interne tiltak i tråd med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar for offentlege anskaffingar, under dette miljøpolitikken for statlege innkjøp i Miljøverndepartementet.
3. Følgje opp beredskapsarbeid og sikre miljøforvaltningas evne til å handtere kriser.	Oppdatert og ferdigstilt planverk for beredskapen i miljøforvaltninga.
4. Bidra til å sikre rammevilkår og verkemiddel for miljøarbeidet hos fylkesmannen.	Måloppnåing i fylkesmannens miljøarbeid.

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1. Styringa av miljøforvaltninga skal følgje opp dei politiske prioriteringane, arbeidet med å gjennomføre politikken og vere effektiv.

Det er utvikla eit heilskapleg system for styring, prioritering og resultatmåling/oppfølging i miljøforvaltninga. Systemet dekkjer alle nivå, og skal ivareta alle formål, under dette òg departementets arbeid med etatsstyring. Departementet arbeider med å innarbeide risikoanalyser som ein integrert del av mål- og resultatstyringssystemet, og fleire risikoanalyser er gjennomførte i 2007 og 2008. Tiltak for ytterlegare effektivisering og forenkling av arbeidet i miljøforvaltninga er under jamleg vurdering.

Arbeidsmål 2. Sikre at internadministrasjonen av miljøforvaltninga er målretta, effektiv og miljøvennleg, og i samsvar med overordna retningslinjer for statsforvaltninga.

Det er utarbeidd eit overordna plan- og styringsdokument for å leie miljøforvaltninga mest mogleg målretta og effektivt. Det blir arbeidd fortløpande med organisasjonsutvikling i tråd med Regjeringas fornyingsarbeid.

Miljøverndepartementet vil ha fokus på kompetanseutvikling og rekrutteringsstrategi, og setje i verk konkrete tiltak knytte til dette. Det blir arbeidd kontinuerleg med vidareutvikling av sentrale personalpolitiske område, under dette livsfasepolitikk, inkluderande arbeidsliv, mobilitet, likestilling og medbestemming. Departementet har gjennomført internkontroll av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet, og erfaringane frå dette skal nyttast for å halde på og auke vitaliteten i organisasjonen og utvikle departementet vidare som attraktiv arbeidsplass. Undersøkinga blir bl.a. følgd opp med utvikling av leing, styrking av den individuelle oppfølginga av medarbeidarane og tilrettelegging for læring og kunnskapsoverføring. Bruken av informasjonsteknologi skal medverke til effektive og betre arbeidsprosessar. Internadministrative system i miljøforvaltninga skal fornyast og utviklast der gevinstane ved å gjere dette er store. Strategi for IKT i heile miljøforvaltninga er fornya. Strategien har fokus på informasjonsutveksling med sluttbrukarane og andre delar av statsforvaltninga. Oppfølging av strategien er eit forpliktande samarbeid mellom departement og etatar.

Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffingar når det gjeld miljøomsyn skal gjennomførast. Vidareføring av Grøn stat er ein del av handlingsplanen. Handlingsplanen har ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp av prio-

riterte produktgrupper. Handlingsplanen blir følgd opp gjennom å integrere miljøleing i departementet sitt system for verksemdsplanlegging og gjennomføring av ISO 14001-sertifisering. I 2008 vart departementet resertifisert etter å ha hatt systemet i drift i tre år. Departementet gjennomfører årleg ein internrevisjon av systemet. Arbeidet med Grøn stat forpliktar medarbeidarane til å delta, bl.a. gjennom innspel om ulike forslag til tiltak og utbetringar. Tiltaksplanen for Grøn stat i Miljøverndepartementet er basert på dei fire satsingsområda; innkjøp, transport, avfall, og bygg og energi.

MD har ei aktiv rolle i den interdepartementale Arbeidsgruppa for bruk av IKT til å forbetre miljøet og følgje opp dette arbeidet i miljøforvaltninga og i samarbeid med andre departement.

Arbeidsmål 3. Følgje opp beredskapsarbeid og sikre miljøforvaltnings evne til å handtere kriser.

Beredskapsarbeidet er følgd opp gjennom årlege revisjonar av planverket og gjennomføring av fleire beredskapsøvingar for departementet og etatane. I tillegg deltek departementet på eksterne øvingar som omfattar ansvarsområda våre. Det er nedsett ei koordineringsgruppe leia av Miljøverndepartementet som skal ivareta tverrsektorielle oppgåver på klimatilpassingsområdet. DSB hadde i 2008 tilsyn med beredskapsarbeidet i Miljøverndepartementet og det vil i tida framover bli arbeidd med oppfølginga av denne.

Arbeidsmål 4. Bidra til å sikre rammevilkår og verkemiddel for miljøarbeidet hos fylkesmannen.

Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket, og den statlige regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmennene. Fylkesmennene ser til at nasjonale miljømål blir følgd opp regionalt og lokalt, og det arbeidet som fylkesmennene gjennomfører er ein føresetnad for å gjennomføre Regjeringas politikk. Fylkesmannen har ei sentral rolle knytt til samarbeid og samordning med andre sektorar, og forvaltar viktige delar av lovverket på miljøområdet. Fylkesmannens arbeidsoppgåver skal vere i samsvar med Regjeringas prioriteringar. Der internasjonale konvensjonar medfører regionale plikter, må dette prioriterast. Samla sett er miljøavdelinganes innsats i hovudsak retta mot resultatområda 1. Naturens mangfald og friluftsliv, 3 Reint hav og vatn og giffritt samfunn, 4. Eit stabilt klima og rein luft og 6. Planlegging for ei berekraftig utvikling. I tillegg har Miljøverndepartementet ansvaret for andre avdelingar hos fylkesmannen når det gjeld område av meir tverrsektoriell karakter under resultatområde 6 Planlegging for ei bere-

kraftig utvikling, under dette kart og geodata. Fylkesmannens viktigaste oppgaver er knytte til:

- Verneplanarbeidet der tempoet skal haldast oppe i tråd med framdriftsplanar for nasjonalparkplanen, vidareføring av arbeidet med nytt skogvern, under dette vern av skog på statsgrunn, og marin verneplan. Slutføring av nasjonalparkplanen har høgste prioritet.
 - Styrkt forvaltning av verneområda, under dette utarbeiding av forvaltningsplanar for dei store verneområda og dei viktigaste naturreservata. Auka samhandling med brukarane av verneområda vil ha høg prioritet.
 - Vassforvaltning der 9 fylkesmannsembete i vassforskrifta er peikte ut som vassregionstyresmakter (jf. EUs vassrammedirektiv). Desse fylkesmannsembeta skal i eigen vassregion i samarbeid med relevante sektorar og dei andre fylkesmannsembeta syte for utarbeiding av forvaltningsplanar i medhald av krav i forskrifta.
 - Oppfølging av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Fylkesmennenes arbeid med kartlegging av bestandssituasjonen er viktig i eit nasjonalt perspektiv og må prioriterast. Vidare skal kampen mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris førast vidare.
 - Rovviltforvaltninga, der arbeidet skal førast vidare i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur. Regionale rovviltnemnder har eit hovudansvar. Fylkesmennene skal fatte enkeltvedtak knytte til felling av rovvilt innafor dei rammene som rovviltnemndene set. Fylkesmannen har vidare ansvar knytt til betre samordning av landbrukspolitiske, reindriftspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel på regionalt nivå.
 - Nedkjemping av framande arter, der Fylkesmannen skal medverke til samordning av tiltak på regionalt nivå og gi råd til kommunane på dette temaet. Fylkesmennene kan òg ta initiativ til handlingsplanar og tiltak på regionalt nivå.
 - Friluftsliv, der det skal leggjast til rette for friluftsliv og at allmenta skal sikrast tilgang til friluftsområde. Fylkesmennene må halde god framdrift i arbeidet med sikring av friluftsområde, særleg i strandsona.
 - Arbeidet med tilpassing til klimaendringar, der fylkesmannen har ei sentral rolle. Dei utfordringane klimaendringane stiller oss overfor er svært samansette, med alvorlege konsekvensar for naturen og fleire viktige samfunnsområde.
 - Bidrag til reduksjon av klimagassutslepp bl.a. gjennom sitt arbeid på avfallsområdet og bidrag til regionale og kommunale planar.
 - Delta i landsomfattande aksjonar, og følgje opp industriverksemdar innan sitt myndeområde.
- Dette inngår som eit ledd i Regjeringas styrking av tilsynet med prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar og farleg avfall.
- Følgje opp og setje i verk tiltaksplanar for forureina sediment, og føre vidare arbeidet med grunnforureining, m.a. i forhold til nedlagte avfallsdeponi. Dette er eit ledd i Regjeringas arbeid med å sikre at forureina sediment ikkje fører til alvorlege forureiningsproblem.
 - Ansvar for regional stats deltaking og medverknad i den regionale planlegginga, og ansvaret for at nasjonal politikk blir formidla og teken vare på. Fylkesmannen har òg ei oppgave i å samordne dei statlege interessene i planarbeidet, utføre mekling i motsegn saker og behandle klager på regulerings- og utbyggingsplanar.
 - Informasjon er eit prioritert verkemiddel for heile miljøforvaltninga. Fylkesmannen skal derfor framleis prioritere innhenting, kvalitetssikring, levering og forvaltning av miljø- og geodata. Dataforvaltninga skjer ved hjelp av sentrale fagsystem som er ein del av den nasjonale geografiske infrastrukturen. Fylkesmannen har ei sentral rolle i planlegging og gjennomføring av aktivitetar under «Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald». Vidare formidlar fylkesmannen kunnskap om utvikling i miljøtilstand og arealbruk.
 - Fylkesmannen skal i sin dialog med kommunane om prioriterte miljøutfordringar utnytte skjønnsmidlane strategisk.

Ein viser elles til Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjettproposisjon, Programkategori 01.10 Fylkesmennene.

Resultatområde 7 – underområde 2 **Sektorovergripande arbeid**

Definisjon og avgrensing

Miljøovervaking og miljøforskning er sentrale verkemiddel for innhenting, utvikling og formidling av kunnskap om alle sider av miljøet. Miljøovervakinga omfattar regelmessig og langsiktig innhenting av kunnskap om miljøtilstanden og om situasjonar der årsaka til potensielle miljøproblem er kjende. Miljøovervakinga vil samstundes bidra til ny kunnskap om miljøet. Miljøforskninga er meir langsiktig og skal få fram ny kunnskap som er viktig for miljøpolitikken. I tillegg vil utgreiingar gi viktig kunnskap om særlege problemstillingar som det er viktig å få supplerande kunnskap om, både for forskning og overvaking. Formidling av kunnskapen som kjem frå overvaking og forskning ligg òg under dette resultatområdet, men må sjåast i samanheng

med anna formidling av informasjon om miljøspørsmål.

Underområdet omhandlar òg ei rekkje ulike verkemiddel i arbeidet med å integrere og forankre miljøomsyn i alle delar av samfunnet på ein effektiv måte. Dette gjeld:

- Samarbeid med andre departement, f. eks. når det gjeld kunnskap om miljø, arbeid med Stortingsmelding om Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, miljøprofilen i statsbudsjettet, nasjonal strategi for berekraftig utvikling (NA21) og skatte- og avgiftspolitikken.
- Arbeid med formidling, informasjon og kommunikasjon om miljøspørsmål på ulike nivå og med

ei rekkje ulike målgrupper. Pressearbeid og kampanjar er ein viktig del i dette arbeidet.

- Andre sentrale verkemiddel som er dekte av dette underområdet er arbeidet for å fremje miljøeffektiv produksjon og forbruk og minske miljøskadane ved økonomisk vekst, utvikle Noreg til eit føregangsland for miljøteknologi, arbeide med auka miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffingar og etablere ein sterkare samanheng mellom forbrukar- og miljøspørsmål, og å gjere det enklare å vere miljøvennleg i kvardagen.

Tabell 12.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde 2 Sektorovergripande arbeid

Miljøforvaltningas arbeidsmål	Miljøforvaltningas resultatindikatorar
1. Syte for at forskning og overvaking gir tilstrekkeleg og god kunnskap om miljøspørsmål.	Etablert og teke i bruk gode prosessar og system for utvikling av og tilgang til ny kunnskap både internt og i samarbeid med andre styresmakter og Noregs forskingsråd.
2. Arbeide for at miljøomsyn skal integrerast i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.	<p>Formidla relevant og ny miljøkunnskap på ein føre målstenleg måte til andre departement.</p> <p>Gjennomført eit godt samarbeid med andre sektorar om kunnskapsinnhenting på miljøområdet. Ha oppdatert kunnskap om mål og utfordringar i andre departement.</p> <p>Vidareutvikle Stortingsmelding om Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand for å styrkje at miljøpolitikken blir integrert i viktige prosessar og sektorar.</p> <p>Integrert miljøpolitiske mål og synleggjort det økologiske perspektivet i relevante stortingsdokument frå Regjeringa. Medverke til å endre subsidie- og skatte- og avgiftssystemet i meir miljøvennleg retning.</p> <p>Fortløpande formidling av Regjeringas miljøpolitikk via aktuelle kommunikasjonskanalar.</p> <p>Teke i bruk eigne arenaer for kommunikasjon med ulike målgrupper internt og eksternt.</p> <p>Legge til rette for meir open og tilgjengeleg miljøinformasjon.</p> <p>Inkludert standardar for tilgjenge (WAI-standard) i IKT-investeringar.</p> <p>Auke tal nettsider med talefunksjon</p> <p>Auka talet på offentlege anskaffingar som er miljøvennlege.</p> <p>Talet på statlege verksemder som har innført miljøleingsystem (Grøn stat).</p> <p>Talet på statlege verksemder med betydelege miljøbelastningar som er tredjepartsertifisert.</p> <p>Talet på statlege verksemder som har innført ein eigen miljøpolitikk for innkjøp av prioriterte produktgrupper omfatta av handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar.</p>

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1. Syte for at forskning og overvaking gir tilstrekkeleg og god kunnskap om miljøspørsmål.

Miljøverndepartementet har ansvar for å slå fast mål for ein god naturtilstand og foreslå tiltak som er naudsynte for å hindre eller rette opp skadeleg påverknad av naturtilstanden. Kunnskapen om naturtilstanden og forhold som påverkar den blir henta inn gjennom miljøovervaking og rapportering som skjer i samarbeid med relevante sektorar.

Miljøforvaltninga har sjølv omfattande program for overvaking av naturen.

Miljøforvaltninga har ansvar for dokumentasjon og kvalitetssikring av norske miljødata. Miljøforvaltninga skal syte for at data som blir nytta i statlege og sentrale internasjonale rapportar er autoriserte og offisielle norske miljødata. Det blir bl.a. lagt opp til ei systematisk rapportering og dokumentasjon av resultatata av Regjeringas samla miljøpolitikk på bakgrunn av data frå miljøovervaking, miljøstatistikk og sektorvis miljørapportering. Rapporteringa gir viktig informasjon for å

vurdere utviklinga i miljøet og gjennomføringa av politikken innfor kvar sektor, og identifisere behovet for ny politikk. Referansesystemet for miljøinformasjon skal innehalde tilvisingar til alle miljødata og vil gjere det enklare å finne fram til og vurdere data som er samla inn med sikte på gjenbruk. Arbeidet med dataproduksjon, forvaltning og formidling må sjåast i samanheng med IKT-strategien til miljøforvaltninga.

Miljøverndepartementet samarbeider med Noregs forskingsråd for å sikre at kunnskapsproduksjonen blir målretta, og at resultatata frå forskninga blir formidla slik at dei òg kan nyttast av andre avgjerdestakarar. Det er lagt stor vekt på å formidle nye forskingsresultat til avgjerdestakarane på ein god måte, og at forvaltninga får forståing for i kor stor grad forskingsresultat ligg til grunn for forvaltningas eige arbeid og dei avgjerder den tek. Nye kunnskapsbehov og resultat av forskingsinnsatsen som er finansierte av Miljøverndepartementet, er omtalte under dei enkelte resultatområda. Gjennom EØS-avtala deltek Noreg i EUs 7. rammeprogram for forskning. Norske forskingsmiljø har markert seg godt, bl.a. i miljødelen av rammeprogrammet.

Arbeidsmål 2. Arbeide for at miljøomsyn skal integrerast i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

- Miljøprofilen i statsbudsjettet og status i miljøpolitikken er omtalt i stortingsmeldinga om Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand (RM). Meldinga blir lagt fram annakvart år, siste gongen våren 2007.
- Alle aktørar har ansvar for at verkemiddel og tiltak på eige område ikkje medfører unødige miljøproblem. Styresmaktene har ansvar for at miljøomsyn blir integrerte i sektorpolitikken gjennom føremålstenlege verkemiddel og tiltak. Alt miljøarbeid skal drivast i tråd med dei strategiske og nasjonale miljømåla.
- Sektoransvarsprinsippet vil i hovudsak bli vida-reutvikla gjennom dei ordinære budsjett- og RM-prosessane.
- Miljøverndepartementet og Finansdepartementet samarbeider om å ta omsyn til miljø og berekraftig utvikling i heile arbeidet med statsbudsjettet og om det offentlege utvalet som tar for seg slike langsiktige omsyn i offentlege beslutningsprosesser.

I tildelingsbrevha har departementet følgd opp initiativet frå FAD og bede etatane gjennomføre systematiske brukarundersøkingar som òg skal gjerast allment tilgjengelege. Fleire av etatane rapporterer

om gjennomførte eller planlagde undersøkingar mot viktige samarbeidspartnarar og brukarar. Nokre eksempel er periodiske omdømmeundersøkingar, befolkningsundersøkingar når det gjeld kunnskap om farleg avfall, miljømerking og klimavoter, undersøkingar om tilgjenge- og formidlingsaspektet på websider og nettstader etc. Det tverrdepartementale samarbeidet om planen eNoreg omfattar spørsmål som både er knytte til berekraftig utvikling og IKT, og til verdien av miljøinformasjon og stadfesta (koordinatbestemt) informasjon som elektronisk innhald.

Informasjon og kommunikasjon

Departementet vil styrkje kommunikasjonen om miljøspørsmål med fleire målgrupper, slik at dei ulike sektorane i samfunnet blir motiverte til å ta miljøomsyn. Pressa og frivillige organisasjonar er særleg viktige målgrupper for Miljøverndepartementet, men ein legg òg stor vekt på å spreie kunnskap om miljø og leggje til rette for tilgjenge til miljøinformasjon gjennom ei rekkje ulike tiltak.

Miljøverndepartementet samarbeider tett med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet om det internetbaserte læremiddelet «Nettverk for miljølære». Læremiddelet tek for seg natur- og miljøvern og berekraftig utvikling og set det i samanheng med læreplanverket. «Nettverk for miljølære» er ein del av den norske oppfølginga av FN's utdanningstiår for ei berekraftig utvikling. «Den naturlege skulesekken» (DNS) skal bidra til å utvikle nysgjerrigheit og kunnskap om naturen, medvit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hos alle elevar og lærarar i grunnskulen. DNS skal vere fagleg og metodisk forankra i Læreplanverket for grunnskuleopplæringa. Programmet skal vere eit samarbeid mellom undervisnings- og miljøstyresmaktene og ulike institusjonar og faglege frivillige organisasjonar. I 2009 blir det sett i gang eit pilotprosjekt med utgangspunkt i tre fylke og 10 kommunar.

Informasjon om saker i departementet blir spreidd på ulike måtar, slik at så mange som mogleg får vite om dei. Pressmeldingar blir sende ut til organisasjonar og mediebedrifter. Det blir utarbeidd artiklar og kronikkar til aviser og tidskrift. Journalistar blir òg fora med bakgrunnsstoff og får tilbod om intervju med den politiske leiinga. Det blir arrangert pressereiser ved viktige hendingar. Godt samarbeid med organisasjonane er viktig for departementet, og driftstilskot til dei frivillige organisasjonane er eit nyttig verkemiddel for å styrkje aktivitet og deltaking.

Klimainformasjonskampanjen Klimaløftet koordinerer Regjeringas samla klimainformasjon retta

mot folk flest. Det skal setjast i gang ei rekkje felles prosjekter og utviklast omfattande nasjonale informasjonstiltak i tråd med pkt. 1.3 i Klimaforliket om ei opptrapping og styrking av klimainformasjonsarbeidet. Klimaløftet vil i 2009 ha sterkt fokus på oppdatert og vitskapeleg basert informasjon om klimændringar, og bidra til å oppretthalde eit høgt engasjement blant folk flest ved å gi informasjon om handlingsalternativ til kva enkeltpersonar sjølve kan gjere for å redusera utsleppa av klimagassar.

I tillegg til media er Internett ein viktig kanal for informasjonsformidling frå Miljøverndepartementet og underliggjande etatar. Store mengder miljøinformasjon er gjort tilgjengeleg gjennom nettstadene til miljøforvaltninga. Departementsinngangen www.miljo.no gir full oversikt over informasjonstilbodet frå miljøforvaltninga. Miljøstatus i Noreg (www.miljostatus.no) er inngangen til fakta og annan informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøpolitiske resultatområda. Det er etatane sitt ansvar å oppdatere denne informasjonen. Departementets nettsider skal vere ein formidlingskanal i tråd med lov om rett til miljøinformasjon. Eitt døme er høyringssaker der også høyringsfråsegnene blir lagt ut på nettet.

Nyhende, avgjerder og tolkningsfråsegner innan planlegging etter plan- og bygningslova og kartforvaltning blir formidla gjennom departementets nettsider www.planlegging.no og gjennom publikasjonane Plannytt og Planjuss. Departementet er i gang med ein gjennomgang av den samla informasjonsstrategien knytt til området regional og kommunal planlegging.

Internasjonale standardar for tilgjenge, WAI (Web accessibility initiative) er innarbeidde på miljøforvaltningas nettsider. Syntetisk tale er tilgjengeleg på alle departementets nettsider på ODIN. Nettstaden www.universell-utforming.miljo.no som er knytt til Regjeringas handlingsplan for auka tilgjenge, har vore banebrytande på dette feltet i Noreg.

Departementet har eit nært samarbeid med dei underliggjande etatane om informasjon til utvalde målgrupper.

Miljøinformasjonslova

Informasjon er eit heilt sentralt verkemiddel i miljøpolitikken. Lov om rett til miljøinformasjon og deltaking i offentlege avgjerdsprosessar med innverknad på miljøet (miljøinformasjonslova), gir omfattande rettar til miljøinformasjon frå både offentlege organ og private verksemder. Ei eiga uavhengig klagenemnd, Klagenemnda for miljøinformasjon, behandlar klager over avslag på innsyn hos private verksemder. På bakgrunn av ei evaluering av lova vil Regjeringa gjere miljøinformasjons-

lova og produktkontrollovas regler om rett til informasjon enda betre kjent, gjennom meir målretta informasjon

Berekraftig produksjon og forbruk

Det er eit mål at auka økonomisk vekst ikkje samtidig fører til auka miljøbelastning. Forbruket av varer og tenester har auka jamt i industrilanda i mange år og aukar raskt i mange overgangskononomiar og utviklingsland. Følgjene er eit stort press på naturressursane. Ein svært stor del av miljøfølgjene av forbruk i Noreg gjeld råvarer og produkt som er framstilte i andre land. Tiltak for meir miljøvennleg råvareuttak, produksjon og betre produkt-design må derfor treffast både i u-land og i i-land. Dette kan dels påverkast ved at importørar, profesjonelle kjøparar og forbrukarar stiller krav, dels gjennom arbeidet med miljøavtaler og i internasjonale organisasjonar. På FN-toppmøtet i Johannesburg vart det sett i gang eit 10-års rammeverk med program for berekraftig produksjon og forbruk (Marrakech-prosessen).

Noreg spelar ei aktiv rolle i FN-samanheng og samarbeider nært med EU i Marrakech-prosessen. Vidare følgjer EUs arbeid med ein handlingsplan for berekraftig forbruk og produksjon og berekraftig industripolitikk. Vi følgjer òg opp nordisk samarbeid på dette feltet. Måla våre er bl.a. å fremje miljøeffektiv produksjon og minske miljøskadane ved økonomisk vekst, å nytte miljømerking, grønare leveransekjeder og miljøbevisste innkjøp til å fremje tiltak til beste for miljø og sosiale forhold i utviklingsland. Det er lagt vekt på forbrukarane sin rett til kunnskap om varer og tenester for å kunne fatte forbruksval som står i forhold til interessene og overtydinga deira.

Miljøteknologi – miljø som vekstnæring

Utvikling av miljøteknologi vil vere svært viktig for å få til ei fråkopling mellom økonomisk vekst og miljøbelastning. Utvikling av miljøteknologi vil gi gevinstar for miljøet, og kan føre til økonomisk vekst og sysselsetjing i Noreg. Miljøteknologi blir fremja blant anna gjennom dei generelle miljøpolitiske verkemidla, og gjennom forskning og næringspolitikken.

I St.meld.nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* er det skissert tiltak som kan medverke til å utvikle Noreg som eit føregongs land for miljøteknologi. Det går blant anna fram av meldinga at arbeidet med å fremje miljøteknologi vil bli omtalt i den kommande stortingsmeldinga om innovasjon som skal leggjast fram i 2008. Regjeringa styrker arbeidet med å fremje

innovasjon av miljøteknologi. Dette er eit interdepartementalt samarbeid. Miljøverndepartementets budsjett er styrka med 3 mill. kroner. Miljøteknologi er òg eit prioritert område innafor investeringsfondets ramme på 2 mrd. kroner. Regjeringa viser òg til omtalen av arbeidet for å utvikle teknologi som kan redusere utsleppa av klimagassar frå gasskraftverk, bl.a. samarbeidet mellom staten og Statoil om å etablere verdas største fullskala CO₂-rensaneanlegg ved kraftvarmeanlegget på Mongstad.

Regjeringa vil i 2009 føre vidare samarbeidet i tilknytning til EUs handlingsplan for miljøteknologi og samarbeider òg nært med andre nordiske land gjennom Nordisk ministerråd.

Miljøansvar i anskaffingar og drift av offentlege verksemder

Innkjøp i offentleg sektor var på 300 mrd. kroner i 2006, og utgjer eit betydeleg potensial for reduserte miljøbelastningar.

Sommaren 2007 la Regjeringa fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar med konkrete tiltak for å fremje etterspørsel etter miljøvennlege varer og tenester som er tilverka med høge etiske og sosiale standardar. Planen gjeld for 2007 – 2010. Hovudpunkta i handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar er nærare omtalt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* og i St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk*. Det er eit mål at miljøbelastninga knytt til offentlege anskaffingar skal minimerast. I arbeidet med miljøomsyn i offentlege innkjøp har Regjeringa eit særlig fokus på tiltak knytte til klima- og energi, helse og miljøfarlege kjemikalier og biologisk mangfald. Avfallsførebygging og effektiv ressursutnytting er ein del av dette. Handlingsplanen har ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp med konkrete mål og krav til innkjøp av særlege viktige produktgrupper. Måla og krava i miljøpolitikken for statlege innkjøp gjeld frå 1. januar 2008. Vegleiane kriterium for dei prioriterte produktgruppene til bruk for innkjøparar vil liggje føre i løpet av 2008. Miljøleing i statlege verksemder (Grønn stat) blir førte vidare gjennom handlingsplanen, og miljøpolitikken for statlege innkjøp er ein obligatorisk del av miljøleingsystemet.

Underliggande etatar er gjennom tildelingsbrevet pålagt å rapportere si oppfølging av denne handlingsplanen.

Direktoratet for forvaltning og IKT, (DIFI) vil få eit utøvande ansvar på nasjonalt nivå. DIFI bygger i desse dagar opp ei eiga avdeling for å ivareta dei statlege innkjøpsoppgåvene på ein heilskapleg

måte. Når fagmiljøa i direktoratet er etablerte vil DIFI ha ei sentral rolle i den operative oppfølginga av handlingsplanen.

I kvart fylke/region vil det bli etablert ei fagleg støttetjeneste (knutepunkt) som skal stå til rådvelde for både statlege og kommunale verksemder. Dei første knutepunkta vil bli etablerte hausten 2008. Dei andre fylka/regionane får oppstart hausten 2009

Miljøverndepartementet sette i 2005 ned eit breitt samansett rådgivande panel for miljøbevisste offentlege innkjøp. Panelet gir Regjeringa fortløpande råd på området, og har vore ein viktig bidragsytar ved utarbeiding av handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar. Noreg deltek òg aktivt i det internasjonale samarbeidet for å fremje miljøbevisste offentlege anskaffingar, bl.a. i NMR, EU og FN's arbeidsgruppe for berekraftige offentlege innkjøp under Marrakech-prosessen for berekraftig produksjon og forbruk.

Berekraftig forbruk

Regjeringa vil leggje til rette for ein tettare samanheng mellom forbrukar- og miljøspørsmål og gjere det enklare å vere miljøvennleg i kvardagen. Regjeringa ser på dei frivillige, offisielle miljømerkeordningane som viktige for å gi forbrukarane høve til å velje dei mest miljøvennlege produkta i eit vogge til grav-perspektiv.

Regjeringa vil på dette området:

- Arbeide for at fleire produktgrupper som medfører stor miljøbelastning blir merkte slik at forbrukarane får høve til å gjere miljøriktige val.
- Medverke til å få utarbeidd indikatorar og pedagogiske hjelpemiddel som kan få fram den komplekse samanhengen mellom forbruk og miljø i globalt perspektiv.
- For å belyse og følgje med utviklinga av miljø- og ressursbelastninga knytt til forbruk i Noreg skal det utviklast statistikk, analysar og indikatorar for dei forbrukargruppene som i globalt perspektiv er mest miljøbelastande.

Støtte til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk blir bl.a. gitt over kap. 1400 post 73, programkategori 12.10.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 801,2 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett for 2009. Resultatområdet omfattar innsatsen av områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver på tvers av alle resultatområda 1-6, og blir finansiert av alle delar av miljøforvaltninga, jr.

kap. 1400, 1410, 1425, 1426, 1427, 1429, 1432, 1441, 1465 og 1471.

I tillegg blir lønn og drift av fylkesmannens miljøavdelingar finansierte over kap. 1510, Fylkesmannsembeta, jf. St prp nr. 1 (2007-2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Tilskot til dei frivillige miljøorganisasjonane er òg eit viktig verkemiddel for å styrkje medverknad og engasjement omkring ulike miljøspørsmål, jf. kap. 1400, post 70. Tilskot til andre organisasjonar eller prosjekt og tiltak som stimulerer til ei berekraftig utvikling er òg sentralt, jf. kap. 1400, post

73. For år 2009 er det totalt avsett 143,4 mill. kroner til miljøovervaking over Miljøverndepartementets budsjett, jf. kap. 1410, post 21.

Miljøverndepartementet utviklar og forvaltar ei rekkje lover, reglar og instruksar som har innverknad på miljøsektoren og plansida, f.eks. plan- og bygningslova, forureiningslova, naturvernlova m.m.

Ein effektiv og målretta organisasjon er eit avgjerande verkemiddel for gjennomføring av Miljøverndepartementets mål.

Del III
Miljøverndepartementets
budsjettforslag for 2009

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda.

ei auke på 203,7 mill. kroner, eller 24,6 pst. samantlikna med saldert budsjett for 2008.

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2009 er på om lag 1 031,4 mill. kroner. Dette er

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1400	Miljøverndepartementet	402 941	436 142	569 731	30,6
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	367 476	391 518	461 676	17,9
	Sum kategori 12.10	770 417	827 660	1 031 407	24,6

Kap. 1400 Miljøverndepartementet

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	
01	Driftsutgifter	178 702	172 813	195 156	
21	Spesielle driftsutgifter	63 058	75 457	174 757	
22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>				2 000
70	Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar	33 216	38 544	40 240	
71	Internasjonale organisasjonar	38 497	38 757	41 257	
72	Miljøverntiltak i nordområda, <i>kan overførast</i>	7 000	7 000	1 800	
73	Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, <i>kan overførast</i>	30 200	23 750	25 750	
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	2 200	3 700	3 700	
75	Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overførast</i>	6 940	21 000	31 000	
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	9 104	12 621	22 471	
79	Den nordiske verdsarvstiftelsen	3 500	3 500	5 000	
80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	17 649	20 000	600	
81	Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	12 875	19 000	26 000	
	Sum kap. 1400	402 941	436 142	569 731	

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Miljøverndepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. I perioden 1. mars 2001 – 1. mars 2008 er talet på årsverk i departementet redusert frå 256 til 224.

Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, bl.a. drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei største. Departementet har òg høge reiseutgifter pga. det internasjonale miljøarbeidet.

I 2009 er det foreslått ei totalloyving til tiltaka under posten på 195,2 mill. kroner. Dette er ein auke frå 2008-budsjettet på om lag 22,3 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak lønnskompensasjon og ei generell styrking for å betre driftssituasjonen i departementet. Det er i tillegg sett av 5 mill. kroner i 2009 for å sikre at norsk klimaforvaltning skal ha ei leiande rolle i arbeidet fram mot København i 2009.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Lønn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøvernforvaltningas ansvarsområde.

Miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Miljøverndepartementet har tilstrekkelege ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

I 2009 er det foreslått ein auke til tiltaka under posten på 99,3 mill. kroner.

Løyvingane som er foreslått i 2009-budsjettet vil blant anna bli nytta til å styrkje arbeidet med å tryggje framtida for villreinen. Det er sett av 20 mill. kroner til oppstart av et norsk artsprosjekt.

6 mill. kroner er satt av som del av satsinga på styrka forvaltning av verneområde. Midlane skal nyttast til utgreiingsarbeid m.a. knytt til reiselivs-

prosjekt, prosjekt om nasjonalparklandsbyar og verdiskaping med utgangspunkt i naturarven. Det vil òg bli sett av 5 mill. kroner til arbeid med å utvikle «den naturlege skulesekken» i samarbeid med Kunnskapsdepartementet.

Det er sett av 7,5 mill. kroner for å styrkje arbeidet med ei ny internasjonal klimaavtale fram mot København i 2009. Det er vidare sett av midlar til oppfølging av stortingsmeldinga om helse- og miljøfarlege kjemikalier. I tillegg er det avsett midlar til eit offentleg utval som skal sjå på korleis målet om å stanse utslepp av miljøgifter innan 2020 kan nåast. Utvalet skal gi innspel til styresmaktene om konkrete tiltak som kan setjast i verk for å bidra til at styresmaktene når måla sine. Opprettinga av utvalet var varsla i St.meld.nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid.*

Posten er auka med 10 mill. kroner til gjennomføringa av Kulturminneåret 2009 som er Regjerings store satsingsområde på kulturminnefeltet. I tillegg er posten auka med 3,5 mill. kroner til arbeidet med nye nominasjoner til UNESCO si verdsarvliste.

Det er sett av betydelege midlar til oppfølging av klimameldinga for å styrkje arbeidet med klima og energisaker. Til arbeidet med klimatilpassingar er det blitt tilført 5 mill. kroner som skal nyttast til oppstart av ei offentleg utgreiing for å kartlegge kor sårbart samfunnet er for klimaendringar og behov for tilpassing. Utvalet skal sjå på kva risiko klimaendringane representerer for natur og samfunn, og gjere greie for kva samfunnsområde som er mest utsette.

Løyvinga på posten vil òg dekkje 11 mill. kroner til å styrkje arbeidet med radioaktiv forureining av det ytre miljø frå kjelder i Noreg. Midlane skal gå til styrking av Statens strålevern sitt arbeid med regulering og tilsyn med verksemdar som handterer radioaktivt avfall eller slepp ut radioaktive stoff, kartlegging, kunnskapsinnhenting og miljøovervaking.

Post 22 Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, kan overførast

Under kap. 1400 Miljøverndepartementet er det foreslått oppretta ein ny post 22 Driftsutgifter knytt til lokalt miljøvern og universell utforming med ei løyving på 2 mill. kroner. Sjå nærare omtale under kap. 1400 post 81 Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftig lokalsamfunn.

Det er foreslått å knyte stikkordet «kan overførast» til den nye posten.

Post 70 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar

Midlane under posten er retta mot resultatområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver.

Posten omfattar grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar som blir gitt over Miljøverndepartementets budsjett. Støtte blir gitt til organisasjonar som har sitt kjerneområde direkte knytt til miljøvern eller fagspesifikke område innan departementets ansvarsområde.

Løyvinga for 2009 er auka med 1,7 mill. kroner i forhold til 2008-budsjettet som følgje av prisjustering.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit breitt utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med miljøvern som hovudarbeidsfelt, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og sentralt, basert på fagleg innsikt. Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonanes aktivitetsnivå lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Tabell 13.1 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar

Organisasjon	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2007	Vedteke budsjett 2008	Forslag 2009
Norges Naturvernforbund	5 705	6 507	6 793
Framtiden i våre hender	2 095	2 590	2 704
Den Norske Turistforening	3 830	4 403	4 597
Norges Jeger- og fiskerforbund	5 250	5 487	5 729
Friluftslivets fellesorganisasjon	2 588	2 705	2 824
Norsk Ornitologisk Forening	1 580	1 751	1 828
Norges kulturvernforbund	710	742	774
Fortidsminneforeningen	3 350	3 651	3 812
Forbundet Kysten	1 420	1 634	1 706
Norsk forening for fartøyvern	1 295	1 503	1 569
Natur og Ungdom	1 125	1 326	1 384
Norges Miljøvernforbund	224	234	244
WWF-Norge	600	1 527	1 594
Norsk forening mot Støy	855	944	9 85
Norsk Vannforening	243	304	317
Samarbeidsrådet for biologisk mangfold	750	889	929
Norsk Biologforening	105	200	209
Norsk Zoologisk Forening	70	200	209
Norsk Entomologisk Forening	105	200	209
Norsk Botanisk Forening	105	200	209
Foreningen Våre Rovdyr	170	278	290
Norges Sopp- og nyttevekstforening	66	200	209
Miljøagentene	975	1 069	1 116
Sum	3 3216	38 544	40 240

Departementet tek atterhald og vurderer fort-løpande om organisasjonar som blir tildelte grunnstøtte tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte på denne posten.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Auken på posten er ei generell prisjustering og fordi *Agreement on Conservation of Albatrosses and Petrels* har komme inn. I tillegg har Noreg auka det frivillige bidraget til FNs miljøprogram i samsvar med FNs fordelingsnøkkel.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt eit frivillig bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale hydrografiske organisasjon (IHO)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtala (oljeforureining)
- Interimsekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)

- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Kyotoprotokollen
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)
- Rotterdamkonvensjonen om notifikasjon og forhandssamtykke ved eksport av kjemikalier
- Århuskonvensjonen om miljøinformasjon
- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Agreement on Conservation of Albatrosses and Petrels (ACAP)
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og deres leveområder (Bernkonvensjonen)

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 72 Miljøverntiltak i nordområda, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Frå denne posten er 5,2 mill. kroner blitt overført til kap. 1410 post 70, Nasjonale oppgaver ved miljøforskningsinstitutta. Ordninga er ikkje open for søknad. Relevante tilskotsmottakarar blir tilskrivne.

A: Tilskot til drift av Polarmiljøsenderet A/S

Mål:

Målet med ordninga er utvikling av Polarmiljøsenderet A/S i Tromsø slik at selskapet kan løyse fellesoppgaver knytte til drifta av Polarmiljøsenderet på ein økonomisk og fagleg effektiv måte. Vidare skal selskapet ha som oppgåve å formidle informasjon om og profilering av Polarmiljøsenderet nasjonalt og internasjonalt.

Oppfølging og kontroll:

I tillegg til fagleg kontakt blir det motteke årsrapportar om gjennomførte aktivitetar og reviderte

rekneskapsrapportar frå tilskotsmottakar. Kontroll skjer ved fagleg og generell formaliakontroll av årsrapport og rekneskap, ved kontroll av tilskotsmottakaren si faktiske etablering i senteret og ved at tre av departementets direktorat deltek i selskaps styre.

B: Tilskot til polarattraksjonen Polaria

Mål:

Målet med tilskotsordninga er å sikre fornying av utstillingar.

Oppfølging og kontroll:

Rapport og revidert rekneskap blir innhenta frå Stiftelsen Polaria. Kontroll skjer ved generell formaliakontroll av årsrapport og rekneskap.

Post 73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot alle resultatområda til Miljøverndepartementet. Målet med løyvinga er å stimulere ei berekraftig utvikling.

Det er omdisponert 4 mill. kroner frå posten til nyoppretta kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp, post 21 Spesielle driftsutgifter jf. omtale under kap. 1447 i programkategori 12.40.

1) Øyremerkte tilskot

Mål

Målet med tilskotsordninga er å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

I 2009 vil ordninga omfatte:

- Drifts- og prosjekttilskot til Grønn Hverdag – Miljøheimevernet. Verksemda skal gjennom praktiske råd og løysingsforslag påverke bl.a. forbrukarane til meir miljøvennleg åtferd.
- Drifts- og prosjekttilskot til Stiftelsen Idébanken. Stiftelsen har som formål å fremje og formidle praktiske, lokale forsøk på å realisere ei berekraftig utvikling og gjere synleg det lokale handlingsrommet som finst.
- Driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking, som skal stimulere næringslivet si satsing på å utvikle meir miljøvennlege produkt og stimulere forbrukarane til val av desse (ordninga er næra-

re omtalt i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon).

- Prosjekttilskot til LOOP, ein stiftelse som arbeider med å gi meir heilskapleg og samordna informasjon til næringsliv, kommunar og forbrukarar om handtering av alle typar avfall, under dette spesialavfall.
- Prosjekttilskot til Avfall Norge si Farleg avfallkampanje 2009 som har som mål å auke korrekt innlevering av farleg avfall og å betre kunnskapen om kva som er farleg avfall og kor det skal leverast.

Kriterium for måloppnåing

I tillegg til det overordna målet for tilskotsposten er det utarbeidd meir konkrete arbeidsmål for dei enkelte verksemdene som mottek støtte. Desse måla går fram av tilsegnsbrevet til den enkelte verksemda. Ved å ta utgangspunkt i tiltak, aktivitetar og prosjekt som har vore gjennomførte, skal verksemdene gjere greie for effektane av dette og knyte det til fastsette arbeidsmål, relevante nasjonale miljømål og mål for berekraftig utvikling nedfelt i Nasjonal Agenda 21.

Miljøverndepartementet arbeider kontinuerleg for å betre opplegget for resultatrapportering frå verksemdene og gjere dette meir systematisk og straumlinjeforma.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på verksemdas resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

2) Til disposisjon for departementet

Det er sett av midlar til tilskot til miljøstiftelsen Bellona og Zero til arbeid med klima- og energitiltak. Det er òg sett av midlar som departementet vil disponere til prosjekt og tiltak som ligg innanfor målsetjingane til posten som til dømes Regnskogfondet. Departementet vil følgje opp tilskot på bakgrunn av rapportar frå tilskotsmottakarane.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå måla på resultat-område 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda.

Mål

Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre vidareføring av programmet for arktisk miljøovervakning (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftelsen AMAP.

Stiftelsen AMAP vart oppretta av Miljøverndepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvern-samarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. AEPS-samarbeidet er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk Råd. Miljøovervakingssystemet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Post 75 Miljøvennleg byutvikling, kan overførast

Midlane under denne posten er i hovudsak retta mot resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling. Løyvinga er auka med 10 mill. kroner i 2009. Auken skal nyttast til å styrkje innsatsen for eit betre miljø i Groruddalen.

Mål

Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007-2016. Hovudmålet er ei berekraftig byutvikling, synleg miljøoppusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande samarbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar.

Oslo kommune har ansvaret for den heilskaplege utviklinga i Groruddalen. Miljøverndepartementet samordnar staten sin innsats. Den felles innsatsen er organisert i fire program. Miljøverndepartementet fylgjer opp program 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Målet for dette programmet er å styrkje den blågrøne strukturen

og naturmangfaldet i Groruddalen, gi betre forhold for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Kulturminne skal vernast og brukast og forståinga for historia skal styrkjast.

Kriterium for måloppnåing

Planarbeidet skal drivast i eit breitt samarbeid mellom partane og føre fram til fysiske forbetringar innan program 2.

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad og handlingsprogram for program 2.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang blir følgde opp fortløpande både fagleg og økonomisk. Det blir kravd årlege fagrapportar og rekneskapsrapportar etter avslutta prosjekt.

Evaluering

I 2008 blir det utarbeidd ein statusrapport for tilstanden på dei fire programområda. Arbeidet skal følgjast opp med midtvegs- og sluttrapport.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Midlane under denne posten gjeld resultatområda 3 Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn, 4 Eit stabilt klima og rein luft og 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Posten er styrkt med eit tilskot til NILUs arbeid som tema-senter under European Environment Bureau med 0,3 mill. kroner, med ytterlegare 10,0 mill. kroner i forbindelse med REACH og ei styrking på 1,0 mill. kroner til arbeidet med ein vegleiar for grønare leveransekjeder.

Mål

Målet med ordninga er å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt. Ordninga skal òg medverke til at Noreg gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld klimaendringar, stoff som bryt ned ozonlaget, grenseoverskridande luftforureiningar og helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Tilskotsordninga blir kunngjort i eit eige rundskriv frå Miljøverndep-

artermentet om alle tilskotsordninga frå departementet.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat departementet ønskjer å oppnå i det internasjonale miljøvernssamarbeidet, eller plikter Noreg må innfri gjennom nasjonale tiltak.

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Post 77 Oppfylging av garantiansvar for miljøvernlån

Ordninga med statsgaranterte miljølån i Industribanken (seinare Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND) og garanti gitt av Industribanken på vegner av staten til pålagte reinsetiltak vart avvikla frå og med 1991. I 1991 vart det innført ei ny ordning med statsgaranterte miljøvernlån for investeringar i tiltak innan gjenvinning, spesialavfall og miljøteknologi i industrien. Denne vart avvikla frå og med 1997.

Posten blir nytta til å innfri garantiar som er gitt i samsvar med tidlegare garantifullmakt. Departementet har fullmakt til å utgiftsføre utan løyving fastslåtte tap under føresetnad av at det så snart det er formålstenleg blir fremje forslag til løyving for Stortinget. Dette er gjort for at innfriinga av garantiar skal kunne skje på ein praktisk måte, og for at staten ikkje skal pådra seg unødige rentekostnader. Denne fullmakta blir foreslått ført vidare i 2009, jf. forslag til vedtak III. Det var ingen tap på ordningane i 2007. Garantiansvaret for dei som er avvikla, men der staten framleis sit med garantiansvar, var samla sett redusert frå om lag 9 mill. kroner pr. 31. desember 2006 til om lag 4 mill. kroner ved utgangen av 2007.

Tabell 13.2 Garantifullmakter under kap. 1400 post 77

I Garanti for lån i Innovasjon Noreg (tidlegare SND)	(i 1000 kr)
a) Tap i 2007	0
b) Garantiansvar 31.12.07	538
c) Fullmakt, nye tilsegner i 2008	0
d) Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2009	0
e) Totalramme i 2009	538

Ordninga med garanti frå Innovasjon Noreg (tidligere SN) til private kredittinstitusjonar på vegne av staten er gått ut.

II Statsgaranterte lån i private kredittinstitusjonar og Innovasjon Noreg (tidlegare SND)	(i 1000 kr)
a) Tap i 2007	0
b) Garantiansvar 31.12.07	3 489
c) Fullmakt, nye tilsegner i 2008	0
d) Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2009	0
e) Totalramme i 2009	3 489

Post 78 Miljøtiltak til nikkilverka på Kola, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten gjeld resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Løyving skal nyttast som tilskot til modernisering av nikkilverket på Kola. Det er venta ein reduksjon i utslepp frå verket av svoveldioksid, støv og tungmetall på minst 90 pst. i forhold til utsleppet i 1999, dersom prosjektet blir gjennomført. Dette vil gi merkbar betring av helse og miljø lokalt og for miljøet i Finnmark.

Prosjektet går ut på å byggje briketteringsanlegg i Zapoljarny og ny smelteovn med gassreining og tilhøyrande svovelsyrefabrikk i Nikel. Investeringane, som var planlagt til om lag 93,5 mill. USD, blir finansierte med tilskotet frå Noreg og eit tilskot frå Sverige på 3 mill. USD, mens resten blir dekt av lån frå NIB (Den Nordiske Investeringsbanken) på 30 mill. USD og eigendel frå Norilsk Nikel-konsernet. Eventuelle kostnadsoverskridingar skal dekkjast av Norilsk Nikel.

Norilsk Nikel-konsernet gjer i tillegg omfattande investeringar i gruvedrift og knusing og oppkonsentrering av malm i Zapoljarny. Selskapet bedømmer no at verksemda i Nikel vil halde fram over ein lengre periode enn ein trudde tidlegare. Tidsperspektivet er sett ut frå venta tilgang til eksternt smelttemateriale og gjennom tilgangen til eigen malm. Malmførekomstane i området er gjennom djupare malmbryting betydelege, og er venta å kunne vare betydeleg lenger enn til 2015.

Ombygginga starta i 2002, om lag eit halvt år forseinka pga. at det tok lengre tid enn føresettt å slutføre avtalane om tilskot og lån. Ved to anledningar har prosjektet seinare blitt ytterlegare seinka i forhold til tidlegare planlagt ferdigstilling, som var innan utgangen av 2006. Første gong var i 2003/ 2004 då hovudgrunnen var vanskar med handteringa av dei store mengdene med svovel-

syre som vil bli produserte; sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2003-2004). Norilsk Nikel-konsernet bestemte å halde fram med bruk av den opphavlege nye teknologien. Vidare bestemte Norilsk Nikel-konsernet hausten 2003 for eiga rekning å byggje eit pilotanlegg med den nye smelteteknologien i Montchegorsk. Dette vil betre sikre at den nye smelteomnen i Nikel møter dei miljøkrava Noreg har sett. Dette er omtala i St.prp. nr. 1 (2004-2005). Begge desse forholda, som hadde som formål å sikre at miljømåla skulle nåast, førte til forseinkingar på ca. 1,5 år med ferdigstilling ved utgangen av 2008.

I januar 2006 vart departementet orientert av NIB om ytterlegare forseinkingar av prosjektet med ca. 2 år, sjå òg informasjon gitt i St.prp. nr. 66 (2005-2006) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2006*. Denne forseinkinga skuldast tekniske feil i det nye briketteringsanlegget og tekniske problem i pilotprosjektet for utprøving av ny teknologi. Av brevet gjekk det òg fram at Norilsk Nikel var heilt innstilt på å fullføre prosjektet og at NIB meinte det framleis var mogleg å nå dei miljømåla som er føresetnaden for den norske støtta.

Miljøverndepartementet gjennomførte ein juridisk gjennomgang av avtala mellom departementet og NIB som følgje av rapporteringa om ytterlegare to års forlenging av prosjektet for å sjå om forseinkinga er å sjå på som eit avtalebrot. Forseinkinga var sakleg grunnsett og strekkjer seg ikkje ut over avtaletida på 10 år, og den var derfor ikkje å sjå på som misleghald av avtala. Miljøverndepartementet godkjente utsetjinga som inneber at miljømåla skal vere nådd i 2010, og gjorde samtidig NIB merksam på at ved ein eventuell ny søknad om utsetjing vil vurderinga kunne bli ei anna fordi avtala som er inngått berre gjeld i 10 år.

Forseinkingane med tilhøyrande forandringar i gjennomføringa av prosjektet, under dette bygginga av pilotanlegget, har ført til auka kostnader for prosjektet. Dei samla investeringane er no anslått til om lag 144 mill USD. Alle meirkostnadene blir dekte av konsernet.

I budsjettproposisjonen for 2007 vart det òg stilt i utsikt at Norilsk Nikel-konsernet ville ta ei avgjerd om gjennomføringa av investeringane i byen Nikel i løpet av hausten 2006. Då dette ikkje skjedde, gav Miljøverndepartementet NIB i oppdrag å vurdere når ei avgjerd må fattast for at moderniseringa skal kunne gjennomførast innafor avtaleperioden. I brev frå NIB datert 4. mai 2007 gjekk det fram at bygging/modernisering av smelteverket i Nikel må starte opp i første kvartal 2008, dersom det skal vere mogleg å gjennomføre moderniseringa innafor avtaleperioden.

Det er òg teke andre initiativ for å få ei avklaring av planane til det russiske konsernet. Saka vart drøfta på møte i Miljøverndepartementet med representantar frå NIB og leiinga i Norilsk Nikel, og på politisk plan med guvernør Jevdokimov i Murmansk fylke under hans besøk i Oslo i april 2007. På møta forsikra Norilsk Nikel at konsernet står fast på å oppnå miljømåla som ligg i moderniseringsavtala, det vil seie 90 pst. reduksjon i utsleppa av SO₂ og støv med tungmetall i forhold til 1999-nivå. Utsleppa av SO₂ var om lag 150 000 tonn i 1999. Sidan 1999 er det gjennomført fleire mindre utbetringstiltak ved anlegga i Nikel og Zapoljarny, slik at utsleppa no er reduserte til i overkant av 100 000 tonn pr. år.

Briketteringsanlegget i Zapoljarny er vedteke bygt, og skal etter planen stå ferdig i 2009. Dette vil gi ein årleg reduksjon i SO₂-utsleppa på nesten 50 000 tonn. Det betyr at om lag 40 pst. av den utsleppsreduksjonen for SO₂ som avtala føreset vil bli oppfylt. Men for å få full miljøeffekt i neste ledd må desse brikettane nyttast i ein smelteomn med fungerande gassreinsing, og handtering av svovel f.eks. via ein svovelsyrefabrikk.

Leiinga i konsernet orienterte òg om dei utgreiingane som no går føre om framtidig lokalisering av smelteverket med tilhøyrande gassreinsing og handtering av svovel. Dei to alternativane som er til vurdering er bygging/modernisering av smelteverket i Nikel og bygging av nytt smelteverk i Montsjegorsk, lengre sør på Kola-halvøya. Konsernet utgreier òg ulike høve for alternativ verksemd i byen Nikel, dersom resultatet av den pågåande utgreiinga skulle bli flytting av nikkelsmeltinga til Montsjegorsk.

Sett frå et miljøsynspunkt framstår flytting av smelteverket til Montsjegorsk som eit godt alternativ, som vil kunne oppfylle miljømåla. Etter NIBs og Miljøverndepartementets vurdering vil likevel ei flytting av smelteverket til Montsjegorsk ligge utanfor avtalenes geografiske verkeområde. Konsernet er derfor gjort kjent med at den norske økonomiske støtta er avgrensa til modernisering i Nikel, innafor den tidsperioden avtalen gjeld.

Leiinga i Norilsk Nikel-konsernet har enno ikkje teke formell stilling til framtidig lokalisering av smelteverket med tilhøyrande gassreinsing og handtering av svovel. Det ser derfor no ut til at modernisering av smelteverket i Nikel ikkje lenger er aktuelt. Tida er også for knapp til at eit modernisert anlegg som møter miljøkrava i avtalene med Noreg kan stå ferdig i 2010. Dette betyr at mesteparten av det norske tilskotet, om lag 220 mill. kroner, venteleg ikkje vil komme til utbetaling.

Miljøverndepartementet held seg fortløpande orientert om utviklinga av prosjektet, og legg i alle

kontaktar med konsernet vekt på at det alternativet som blir valt gir ei tilfredstillande løysing på miljøproblema i området. Noreg har trappa opp miljøovervakinga i området for å halda seg fortløpande orientert om utviklinga.

Det er avsett 0,7 mill. kroner under kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter til å dekkje utgifter ved forvaltning av tilskotet i 2009.

Rest på tilsegnfullmakta blir etter dette 218,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Post 79 Den nordiske verdsarvstiftelsen

Midlane under posten er retta mot resultatområde 5 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområda.

Midlane dekkjer tilskot til Den nordiske verdsarvstiftelsen (Nordic World Heritage Foundation, NWHF) gjennom ei grunnløyving som er auka i 2009 med 1,5 mill. kroner til 5 mill. kroner i 2009.

Mål

Målet med løyvinga er å styrkje oppfølginga av UNESCOs verdsarvskonvensjon. Den nordiske verdsarvstiftelsen skal bl.a. fungere som eit knutepunkt for den samla innsatsen frå dei nordiske landa på området, tilby teknisk ekspertise, spreie informasjon og medverke til nyskapande prosjekt, reise midlar og tilby assistanse til utviklingsland.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 80 Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, kan overførast, kan nyttast under post 22

Midlane under posten er knytte til underområde kommunal og regional planlegging under resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling

Posten er oppretta for å ivareta oppfølginga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne – plan for universell utforming innan viktige samfunnsområde (2005-2009) som er koordinert av Miljøverndepartementet, vert utfasa i 2008. Størstedelen av midlane er overført til Barne- og likestillingsdepartementet som tek til med ein ny handlingsplan for universell utforming frå 2009.

MDS attverande midlar er knytte til sektortiltak, særleg retta mot kommunesektoren. Ettersom offentlege instansar har ansvaret for å resultatfølgje enkelte av tiltaka, er det behov for at ein del av midlane kan nyttast under post 22.

Mål

Ordninga skal støtte mål, strategiar og prioriterte tiltak i tråd med den nye plan- og bygningslova si styrking av universell utforming. Målgrupper er kommunale og regionale forvaltningsnivå, organisasjonar og offentlege og private instansar.

Kriterium for måloppnåing

Ordninga skal stimulere til nytenking i planlegging og utforming av byggverk og uteområde slik at alle, utan omsyn til funksjonsevne, kan nytte dei på ein likestilt måte. Ordninga legg til grunn at det skal vere aktiv brukarmedverknad og formidling av resultat.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang vil bli følgde opp fagleg og økonomisk.

Post 81 Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, kan overførast, kan nyttast under post 22

Løyvinga i 2009 er auka med 7,0 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2008. Auken skuldast ei styrking av Framtidas byar på 9 mill. kroner. Løyvinga er samtidig redusert med 2 mill. kroner mot tilsvarende auke under kap. 1400 post 22 for å styrkje den statlege oppfølginga av Livskraftige kommunar.

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling og omfattar satsinga på Livskraftige kommunar med 11 mill kroner og Framtidas byar med 15 mill kroner, det er òg avsett midlar under kap. 1400 post 21 til Framtidas byar.

Livskraftige kommunar

Midlane skal nyttast til å organisere læringsnettverk, og drive systematisk erfaringsformidling og støtte dei kommunane som ønskjer å vere pådriverar for miljø og samfunnsutvikling. Kunnskap og erfaring frå lokalt miljøvernarbeid skal vidareutviklast og overførast til flest mogleg kommunar på ein systematisk måte. For at satsinga skal gi varig effekt, er programperioden 5 år (2006–2010).

For å kunne møte kommunanes behov administrativt og få størst mogleg miljøeffekt ut av programmet, er det nødvendig å styrkje den statlege oppfølginga av programmet. Det er foreslått å redusere løyvinga under kap. 1400 post 81 med 2 mill. kroner mot tilsvarende auke under kap. 1400 post 22 (NY) Driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, kan overførast.

Mål

Ved å synleggjere og styrkje kommunanes rolle som samfunnsutviklar, skal det oppnåast auka gjennomslagskraft for viktige miljøomsyn innan ei rekkje politikkområde i kommunane. Konkrete resultat skal oppnåast bl.a. innan arealpolitikken, innkjøpspolitikken, klima og energi, ressursforvaltning og biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, livskvalitet, folkehelse og friluftsliv. Nettverksgrupper av kommunar skal arbeide med konkrete tiltak innafor dei prioriterte miljøområda i mindre nettverk leia av KS, med miljøfagleg bistand frå ei rekkje aktørar. Deltakarane i nettverket er ein del av eit større nasjonalt nettverk med tett samarbeid mellom fagmiljø, organisasjonar og næringsliv nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing

Det skal leggjast vekt på eit målretta informasjonsystem og formidling av gode eksempel, slik at kommunane betre kan finne fram og ta initiativ til og gjennomføre miljøretta tiltak. Satsinga skal gi fornya lokal verksemd og kompetanse innan miljøområdet. Satsinga skal vidare leggje grunnlag for utvikling av indikatorar og tettare kommunikasjon mellom stat og kommune, bl.a. gjennom konsultasjonsordninga. Ved at mange aktørar medverkar blir det skapt nye løysingar som òg er venta å føre til meir effektiv ressursbruk knytt til tradisjonelle kontrolloppgåver.

Tildelingskriterium

Ein vesentlig del av midlane er knytt til å organisere læringsnettverk og drive erfaringsformidling. Desse midlane vil bli fordelte på bakgrunn av ei avtale mellom Miljøverndepartementet og KS. Det er føresetnaden at KS medverkar med betydeleg eigeninnsats og at kommunane går inn med eigne ressursar til prosjektansvarlege og tiltak. Ein del av midlane er knytte til statleg oppfølging av programmet, formidlingstiltak og støtte til pilotprosjekt med overføringsverdi.

Oppfølging og kontroll

Det skal utviklast indikatorar og leggjast til rette for målretta styring og oppfølging av tiltaka gjennom det ordinære plan- og styringssystemet. Det blir lagt opp til rapportering av oppnådde resultat innan dei prioriterte miljøområda bl.a. gjennom vidare utvikling av KOSTRA. Arbeidet vil bli følgt opp fortløpande både fagleg og økonomisk. Årsrapport og rekneskapsversikt vil bli utarbeidd.

Evaluering

Det skal setjast i gang ei følgjeevaluering av programmet. Erfaringane og resultatata vil gå inn i det ordinære konsultasjonsarbeidet mellom staten og KS og i andre relevante samhandlingsfora. Erfaringane skal nyttast til å vidareutvikle rammevilkår og verkemiddel for ein miljøvennleg praksis lokalt.

Framtidas byar

Framtidas byar er eit samarbeidsprogram mellom staten og dei største byområda for å få ned klimagassutsleppa og sikre eit godt bymiljø. Programmet er eitt av tiltaka i Klimameldinga og er starta opp fordi det er naudsynt med felles innsats og politisk vilje både frå kommunar og stat for å nå klimamåla. Arbeidet er kopla til «Klimaløftet» og «Livskraftige kommunar».

Mål

Hovudmålet er å redusere dei samla utsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk, forbruk og avfall i dei største byområda. Det skal òg gjennomførast tiltak for å møte framtidige klimaendringar. Samtidig må byane halde fram med å utvikle eit godt fysisk miljø, betre helse for innbuarane og gode føresetnader for næringslivet.

Byane utarbeider handlingsprogram saman med nabokommunar og regionale styresmakter og i dialog med staten. Også næringslivet, organisasjonar og innbyggjarane blir trekt med. Handlingsprogramma skal vere grunnlag for forpliktande samarbeidsavtaler mellom byane og staten. Avtalene skal sikre at planar og tiltak som det er semje om, blir gjennomførte av partane.

Kriterium for måloppnåing

Med bakgrunn i dei nasjonale måla og kommunane sine eigne mål for reduksjon av energibruk og klimagassutslepp, vil det bli utarbeidd informasjonssystem og indikatorar for å kunne følgje utviklinga. Dette arbeidet er samkøyrte med Livskraftige

kommunar. Det blir lagt vekt på utvikling og formidling av gode eksempel, slik at kommunane både i og utanfor programmet kan få kunnskap og inspirasjon til å gjennomføre gode og effektive tiltak. Ei samordning av tiltak og ressursar gjennom partnerskap, vil venteleg føre til meir effektiv ressursbruk og raskare løysingar.

Tildelingskriterium

Regjeringa ønskjer i første rekkje avtaler med dei byane som vil gripe tak i klima- og miljøutfordringane på ein grunnleggjande ny måte, og er innstilte på å bruke verkemidla sine slik at dei byggjer opp under felles visjonar, mål og strategiar. Den statlege innsatsen vil i hovudsak vere knytt til bruk av ordinære budsjett- og tilskottsmidlar meir samordna og sterkare retta mot måla i Framtidas byar, til dømes innafor samferdsels- og energisektoren. Midlane på denne posten kan nyttast til kompetansebygging og andre tiltak og pilotprosjekt som er

nyskapande, går på tvers av fagområda eller som utløyser andre ressursar, til dømes i næringslivet. Det er ein føresetnad at kommunane går inn med egne midlar.

Oppfølging og kontroll

Ved sida av bruk av informasjonssystem og indikatorar, blir det lagt opp til årleg rapportering av oppnådde resultat og ressursbruk innan dei prioriterte miljøområda. Arbeidet vil bli følgt opp fortløpande både fagleg og økonomisk, blant anna gjennom faglege samlingar og bruk av fagkoordinatorar på kvart innsatsområde.

Evaluering

Det skal setjast i gang ei følgjeevaluering av programmet. Erfaringane skal nyttast til læring både lokalt og på sentralt nivå og gi grunnlag for å vidareutvikle rammevilkår og verkemiddel.

Kap. 4400 Miljøverndepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Ymse inntekter	6 097	313	327
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	840	887	926
16	Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar	1 013		
18	Refusjon av sjukepengar	2 384		
	Sum kap. 4400	10 334	1 200	1 253

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, bl.a. gebyr for parkering på området til Miljøverndepartementet. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka i tråd med venta inntekter.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 926 000 kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Miljøovervaking og miljødata	111 342	116 928	143 428
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	105 965	110 521	131 460
51	Forskningsprogram m.m.	125 318	131 518	144 518
53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	5 000	5 000	5 000
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	15 151	15 151	19 738
72	Tilskot til Genøk – Senter for biotryggleik	4 700	9 400	9 400
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstituttene		3 000	8 132
	Sum kap. 1410	367 476	391 518	461 676

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda, unnateke underområde Kart og geodata under resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling. Regjeringa legg vekt på å vidareføre løyvinga til forskning og overvaking på eit høgt nivå i 2009 og fremjar forslag om å auke løyvingane til forskning og overvaking med respektive 34,2 mill. kroner og 26,5 mill. kroner i 2009.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

I 2009 er det foreslått ei totalløyving til miljøovervaking og miljødata på 143,4 mill. kroner. Dette er ein auke frå 2008 på om lag 26,5 mill. kroner. Blant anna er det lagt inn 10 mill. kroner til styrkt overvaking av truga arter og naturtypar, 6 mill. kroner til styrkt bestandsovervaking av rovvilt og 3 mill. kroner til eit overvåkingsprogram for verneområda.

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og arbeidet med standardisering på miljøområdet. Posten dekkjer òg formidling av resultatata som blir oppnådde, bl.a. utvikling og drift av Miljøstatus for Noreg på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeressursar som kan haustast er dekte over andre postar på Miljøverndepartementets budsjett.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken, vurdere i kva

grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvåkingsprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvåkingsprogramma derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er nødvendig å underbyggje argumenta for tiltak med eit godt kunnskapsunderlag, bl.a. utslepp av næringsstoff til vassdrag og fjordområde, sur nedbør og ozon.

Auka vektlegging av resultatoppfølging og sektoransvar i miljøpolitikken gjer det nødvendig med meir systematisk bruk av miljøstatistikk enn tidlegare. Denne statistikken er bl.a. viktig for oppfølging av Regjeringas mål for miljøpolitikken og for arbeidet med å halde oversyn over miljøtilstanden. Dels erstattar miljøstatistikken anna overvaking og dels blir resultatata nytta saman med data frå overvakinga. Miljøstatistikken må vere stabil og langsiktig og sjåast i samanheng med annan relevant statistikk og miljøvernforvaltning. I 2009 vil det blant anna bli lagt vekt på å vidareføre arbeidet med utvikling av ein arealstatistikk for Noreg.

Utgiftene er i hovudsak kjøp av varer og tenester frå forskningsinstitutt m. fl. som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvåkingsdata.

Vi registrerer framleis eit stort tap av den viktige tareskogen med tilhøyrande økosystem langs kysten og gode overvåkingsdata vil vere avgjerande for å kunne setje i verk tiltak. Regjeringa vil

arbeide vidare for å avdekkje årsakene til at tare-skogen forsvinn. Denne situasjonen har samtidig avdekt at vi har mangelfull kunnskap om årsakene til det som skjer, og innsatsen i kystovervaking-programmet vil derfor bli styrkt.

På andre område er overvakinga under utvikling for å kunne møte nye krav og ny kunnskap. Dette gjeld særleg innafor naturens mangfald, nye miljøgifter og kulturminne. I 2009 er det lagt opp til å vidareføre dette arbeidet, med spesiell vekt på etablering av ein naturindeks og å betre kunnska-pen om truga og framande artar.

Posten dekkjer bl.a. overvaking av forureininger og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av data frå det kommunale kartleggingsprogrammet, bestandsovervaking av rovvilt, vidareføring av sjøfuglprogrammet SEAPOP og auka overvaking av truga og sårbare artar, bl.a. tareskog.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Løyvinga i 2009 er auka med 20,9 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2008. Løyvinga er auka med 14,6 mill. kroner for å styrkje den langsiktige kompetanseoppbygginga for sektoren, og vidare auka ved rammeoverføring av 2,1 mill. kroner frå kap. 1410, post 70 Nasjonale oppgåver. Løyvinga er òg auka ved rammeoverføring av 5,8 mill. kroner frå kap. 1301, post 50 Samferdselsforskning (frå Samferdselsdepartementet) og 2,6 mill. kroner frå kap. 920, post 50.2 Næringsrettet strategisk forskning (frå Nærings- og handelsdepartementet) fordi grunnløyvingsansvaret for Transportøkonomisk institutt er overført til Miljøverndepartementet som ansvarleg for grunnløyvinga til fordelingsarenaen for miljøinstitutt. Det er rammeoverført 4,3 mill. kroner frå løyvinga til kap. 1137, post 51 Basisløyvingar til forskningsinstitutt m.m. (Landbruks- og matdepartementet) fordi grunnløyvingsansvaret for Bioforsk, Jord og miljø er overført til Landbruks- og matdepartementet som ansvarleg for grunnløyvinga til nokre institutt på fordelingsarenaen for primærnæringsinstitutt.

Posten dekkjer grunnløyvinga til ny fordelingsarena for miljøinstitutt (miljøforskningsinstitutta og Transportøkonomisk institutt) og dei strategiske instituttløyvingane til miljøforskningsinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Bioforsk, Jord og miljø på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt. Desse basisløyvingane blir kanaliserte gjen-

nom Noregs forskingsråd som gir råd om fordeling av midlane.

Det er viktig å sikre ei brei og god deltaking frå alle relevante forskingsmiljø i EUs rammeprogram for forskning. Ordninga med delfinansiering av eigendelen når norske forskingsinstitutt får tildelt prosjekt frå EU, skal først vidare. Forskningsrådet skal forvalte midlane som ei felles ordning, sjølv om løyvingane kjem frå ulike departement. Det skal nyttast opp til 3,5 mill. kroner av løyvinga på posten til denne ordninga i 2009.

Nytt finansieringssystem for instituttsektoren

Regjeringa legg opp til å innføre eit nytt, felles basisfinansieringssystem for instituttsektoren frå 2009, jamfør omtale i St. prp nr. 1 (2008–2009) Kunnskapsdepartementet.

Den statlege basisfinansieringa av forskningsinstitutta består av grunnløyving og strategiske løyvingar. Grunnløyvinga består av ein fast del og ein resultatbasert del. Det nye systemet skal fordele ein del av grunnløyvinga etter resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular (avlagte doktorgrader og bistillingar), internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter. Alle indikatorane skal vektast mot ein relevanskomponent som består av summen av internasjonale inntekter, forskingsrådsinntekter og nasjonale oppdragsinntekter som del av samla forskningsinntekter ved institutta (eksl. finansinntekter).

Institutta er fordelt på fire ulike arenaer ut frå omsynet til at relativt like institutt skal ha relativt like føresetnader for å konkurrere om den same potten. Dei fire fordelingsarenaene er arena for miljøinstitutt, primærnæringsinstitutt, samfunnsvitenskaplege institutt, og teknisk-industrielle institutt. Miljøverndepartementet har finansieringsansvar for grunnløyvinga til fordelingsarenaen for miljøinstitutt. Denne fordelingsarenaen inkluderer Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR), Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO) og Transportøkonomisk institutt (TØI). Bioforsk Jord og miljø (tidlegare Jordforsk) høyrer no til i fordelingsarena for primærnæringsinstitutt under finansieringsansvaret til Landbruks- og matdepartementet.

Ordninga blir innført i 2009, og berre nye midlar blir fordelt etter resultat det første året. Frå 2010 vil delar av eksisterande grunnløyving bli omfordelt etter oppnådde resultat på indikatorane

nemnt over, og regjeringa tek sikte på ei omfordeling på 10 prosent av grunnløyvinga dette året.

Inntil 40 prosent av basisløyvinga på fordelingsarenaen for miljøinstitutta skal nyttast til strategiske instituttløyvingar for å ta i vare langsiktig kompetanseheving og kunnskapsoppbygging ved institutta på område av spesiell interesse for sektoren, og som ikkje let seg realisere gjennom andre finansieringskjelder. Sektordepartement for denne fordelingsarenaen er Samferdselsdepartementet (for Transportøkonomisk institutt) og Miljøverndepartementet (for dei andre institutta på fordelingsarenaen). Kontraktar om strategiske instituttprogram som institutta har inngått skal i hovudsak gå som avtalt også etter overgangen til ny basisfinansieringsordning. Når alle institutta på arenaen har avslutta dei vesentlegaste kontraktane om strategiske instituttprogram frå den tidlegare ordninga, skal alle institutta på arenaen setje av 40 pst. av basisløyvinga si til den nye strategiske ordninga. Ein hovudregel er at dei strategiske løyvingane blir lyste ut i regi av Noregs forskingsråd. Berre unntaksvis, og når faglege vurderingar tilseier at berre eit institutt kan ta på seg oppdraget, kan sektordepartementa tildele midlar direkte til eit institutt.

Mål

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR), Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO) og Transportøkonomisk institutt (TØI) er sentrale institutt innan sine område av miljøvernforskninga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøvernforvaltninga, og skal tilfredsstillende samfunnets behov for å løyse problem på kort og lang sikt innan sine område.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med det enkelte institutt for drøftingar av miljøforvaltnings kunnskapsbehov. St. meld nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* konkluderte med at basisløyvinga har ein ikkje ubetydeleg innverknad på instituttas kompetanseutvikling. Grunnløyvinga er framleis eit sentralt verkemiddel for å sikre nødvendig kunnskapsbasis til å utvikle sentrale fagområde

som ein ventar vil vere av verdi for forvaltninga, og blant anna derfor blir det no innført eit nytt finansieringssystem for instituttsektoren.

Post 51 Forskingsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innafor alle resultatområde.

Løyvinga i 2009 er auka med 13 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2008. Auken i løyvinga skal nyttast til å styrkje samfunnsfagleg forskning for utvikling og bruk av fornybar energi.

Mål for miljøvernforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøvernarbeid og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøvernforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikkkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøvern-samarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning innan klimaendringar, inkl. forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Marin forskning og forskning innan biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. I 2008 vart 6 forskingsprogram finansierte over Miljøverndepartementets budsjett, og alle var samfinansierte, hovudsakleg med midlar frå budsjetta til andre departement. Desse forskingsprogramma omfattar fleire fagområde, og Miljøverndepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Forsking er eit viktig verkemiddel og er derfor nærare omtalt under dei enkelte resultatområda. Det blir framleis arbeidd for å betre integreringa av miljøvernforskning i alle relevante delar av verksemda innan Noregs forskingsråd.

Det internasjonale polaråret (IPY) 2007-2008 er no godt i gang, og viktige mål for norsk deltaking er nådd. Det er over 200 samarbeidsprosjekt som er godkjende som IPY-prosjekt av den internasjonale komiteen, og norsk deltaking i vel halvparten av desse. På Svalbard har IPY betydd ein auke på 10-20 pst. i bruken av Svalbard som forskingsplattform. Løyvinga på 2 mill. kroner over budsjettet til Miljøverndepartementet skal medverke til å dekkje det norske sekretariatet som er etablert.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøvernforvaltninga valde inn i programstyre.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning**Mål**

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som tek vare på den norske medlemskapen.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Løyvinga i 2009 er auka med 4,6 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2008. Løyvinga er auka med 1,5 mill. kroner til driftsstøtte for luftmålestasjon NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund. Løyvinga er òg auka ved rammeoverføring av 5,2 mill. kroner frå kap. 1400, post 72 Miljøverntiltak i nordområda fordi oppgåvene til NILU, NINA og NIVA ved Polarmiljøsentret no skal løyvast over denne posten. Løyvinga er redusert ved rammeoverføring av 2,1 mill. kroner til kap. 1410, post 50 Basisløyvingar m.m. fordi informasjons- og bibliotektenester skal dekkjast av grunnløyvinga ved innføring av eit nytt finansieringssystem for instituttsektoren.

Mål

Målet er å syte for at alle miljøinstitutta har ressurser til fagleg rådgiving til miljøvernforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøvernforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitets-sikring av data, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m. Målet med tilskotsordninga for samarbeidande institutt som er deltakarar i Polarmiljøsentret er å styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

Post 72 Tilskot til Genøk – Senter for biosikkerhet**Mål**

Posten skal sikre ei heilskapleg tilskotsordning til GenØk – Senter for biotryggleik. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 73 Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta**Mål**

Løyvinga skal sikre drift av NINA sin forskingsstasjon på Ims som blir nytta til overvaking av villaks, med 3 mill. kroner. Løyvinga i 2009 er auka med 5,1 mill. kroner til støtte for andre naudsynte tiltak i institutta.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for bruken av infrastruktureltiltaka i samband med drøftingane av dei nasjonale oppgåvene.

Kap. 4410 Miljøvernforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Refusjon frå diverse fond	4 000	4 000	4 000
	Sum kap. 4410	4 000	4 000	4 000

Beløpet gjeld den delen av basisløyvinga til NINA som er finansiert av inntektene til Viltfondet

og Statens fiskefond. Ein viser til omtale under kap. 4425 under programkategori 12.20.

Programkategori 12.20 Naturens mangfold og friluftsliv

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld i hovudsak resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfold og friluftsliv med sine 4 underområde: Underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar, underområde 3 Framande arter og genmodifiserte organismar og underområde 4 Friluftsliv.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2009 på 1,161 mrd. kroner. Dette er ein auke på 298 mill. kroner, eller ca 34,5 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2008. Største aukingane er til gjennomføring av handlingsplan for berekraftig bruk, skjøtsel og forvaltning av verneområde, vern av skog, rovviltformål, bevaring av villaksen og andre tiltak retta mot 2010-målet om å stanse tapet av naturmangfoldet, inkludert naturindeks. Tiltak retta mot oppfølging av EUs rammedirektiv for vatn blir òg styrka.

Innan naturvern byggjer satsingane framleis opp omkring målet om å stanse tapet av naturmangfold innan år 2010. Dette fordeler seg på to hovudområde: Områdevern og artsvern. Innanfor områdevernet (jf. underområde 1) er det skogvernet som tek opp mest midlar med løyvinga til erstatningar for vern, mens nasjonalparkvern og

fylkesvise verneområde trekkjer mest midlar når det gjelder oppsyn, utarbeiding av forvaltningsplanar, konkrete tiltak og skjøtsel i verneområda og til lokale forvaltningsordningar. Innafor artsvern (jf. underområde 2) er innsatsen særleg konsentrert om villaks (kalking og gyro-tiltak), handlingsplanar for truga og sårbare arter (utarbeiding og iverksetjing av tiltaksplanar), og rovvilt (bestandsregistrering, skadeførebygging og konfliktdempande tiltak og erstatning for skade på husdyr).

Innsatsen mot framande arter og i høve til genmodifiserte organismar (jf. underområde 3) blir ført vidare på omtrent same nivå innafor programkategorien. Hovudinnsatsen med omsyn til genmodifiserte organismar ligg innafor programkategori 12.10, jf. kap. 1410 post 72 Tilskot til GenØk – senter for biotryggleik.

Når det gjeld friluftsliv (jf. underområde 4) er meir midlar lagt inn for å møte venta utbetalingar til oppretting av nye friluftsområde, mot ein reduksjon i midlane til tiltak i friluftsområde.

Budsjettmidlar til arbeidet med betring av kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjekt) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1425	Vilt- og fisketiltak	70 278	76 442	78 942	3,3
1426	Statens naturoppsyn	131 320	129 109	167 755	29,9
1427	Direktoratet for naturforvaltning	674 736	657 520	914 270	39,0
	Sum kategori 12.20	876 334	863 071	1 160 967	34,5

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	24 868	27 842	27 842
61	Tilskot til kommunale vilttiltak, <i>kan overførast</i>	5 350	4 000	3 500
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	7 749	9 500	10 000
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	32 311	35 100	37 600
	Sum kap. 1425	70 278	76 442	78 942

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er retta mot resultatområde 1, først og fremst underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar, men involverer også underområde 4 Friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, og korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond. Samla sett er løyvingane auka med 2,5 mill. kroner i høve til 2008. Auken skuldast prisjustering av fiskaravgiftene og bruk av oppspart kapital i Viltfondet. For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 4425 og inntektene til dei ulike fonda, viser vi til omtale under kap. 4425.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

Både løyvingsforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingsforslaget under post 01 går til formål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Føremålet med drøftingane er å sikre at midlane blir nytta på ein kostnadseffektiv måte i høve til måla innan vilt- og fiskeforvaltninga. Dette må sjåast i nær samanheng med arbeidet for å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på bl.a. driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå ei samla målsetjing.

Store delar av dei midlane som blir løyvde til vilt- og fisketiltak blir nytta ved at brukarar, organisasjonar og lag søker om midlar til konkrete tiltak. Planen er at frå og med 2009 vil søknader om tilskot til vilttiltak bli fremja i eit nettbasert søknads-senter i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Dette vil betre sikre lik behandling og utnytting av

resultata frå tiltaka som blir utførte. Etter kvart som direktoratet vinn erfaring med denne måten å behandle søknader på vil dette òg omfatte fisketiltak.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar.

Løyvinga skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og utgreiingar som grunnlag for konkrete forvaltningstiltak, og administrative kostnader knytte til desse prosjekta. Løyvinga skal leggje til rette for ei langsiktig og berekraftig utnytting av vilt- og fiskeressursane og allmentas tilgang til desse. Posten dekkjer i tillegg til utgifter til fallvilt og drift av villreinnemndene, utgifter til lønn og godtgjersler for mellombels tilsette knytte til gjennomføringa av prosjekt og spesielle utgreiingar o.a. Utover dette dekkjer midlane utgifter til saksførebuing, forvaltning av tilskotspostane over kap. 1425, og fondsforvaltninga av Viltfondet og Statens fiskefond med 4,5 mill. kroner. Det sist nemnde er i samsvar med ein fleirårig praksis.

Post 61 Tilskot til kommunale vilttiltak, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre ei berekraftig viltforvaltning i kommunane.

Posten skal dekkje utgifter til tiltak innan den lokale viltforvaltninga. Kommunane skal i utgangspunktet sjølve dekkje dei administrative kostnadene sine til viltarbeidet, jf. Ot.prp. nr. 37 (1999-

2000) Om lov om endring i viltloven. Posten har i ein overgangsperiode tent til å stimulere og styrkje forvaltningstiltak i kommunar med særlege utfordringar i viltforvaltninga si. Posten blir trappa ned fram mot år 2010.

Posten dekkjer berre delar av dei kommunale utgiftene til tiltak, ettersom fellingsavgifter for elg og hjort blir kravde inn av kommunen og inngår i kommunale viltfond.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga medverkar til å sikre ei berekraftig viltforvaltning i kommunar med avgrensa inntekter frå fellingsavgifter.

Tildelingskriterium

Tildeling skjer på bakgrunn av søknader og melde behov frå kommunane via eit sentralt nettbasert søknadssenter. Fylkesmannen tildeler midlar til kommunane i tråd med regionalt prioriterte tiltak. Ved tildelinga legg ein serleg vekt på kommunar som sjølve har eit avgrensa inntektsgrunnlag gjennom fellingsavgiftene, dvs. kommunar som har små bestandar av hjortevilt, og der dei kommunale viltfonda bør få tilført midlar til prioriterte tiltak via denne tilskotsposten. Det kan givast tilskot til kartlegging av viltressursane og viltinteressene i kommunane, innarbeiding av viltinteressene i kommunale planar, oppretting og drift av driftsplanområde, deltaking i rettshavaranes driftsplanarbeid, delfinansiering av kompetansegivande etter- og vidareutdanning i viltforvaltning og andre oppgåver som følgjer av den mynde kommunane har etter viltlova. Det kan ikkje ytast tilskot til å dekkje administrative kostnader i kommunane. Det skal særleg leggjast vekt på å styrkje interkommunale fellesprosjekt som omfattar kommuneovergripande viltbestandar. Ein del av midlane på posten blir disponert til felles tiltak for kommunane, under dette kjøp av tenester for alle kommunar i hjorteviltregisteret og hjortesenteret på Svanøy.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarane.

Det er venta at overgangen frå statleg til kommunalt ansvar for innkrevjing av fellingsavgifter for hjortevilt vil vere gjennomført i 2010, jf. omtala ovanfor. Kommunar med mindre inntektsgrunnlag

frå hjortevilt må frå 2010 søkje på vanleg måte i konkurranse med andre søkjarar på midlar frå det sentrale Viltfondet.

I budsjettet for 2009 blir løyvinga foreslått redusert med 0,5 mill. kroner. Reduksjonen er med på å gjere mogleg ein auke i løyvinga under post 71 Tilskot til viltformål.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokalt og sentralt styrte tiltak.

I 2009 er posten foreslått auka med 0,5 mill. kroner grunna justering av fiskaravgiftene. Ein viser til nærare omtale av fiskaravgiftene og fondet under kap. 4425 post 52 Refusjonar frå Statens fiskefond.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til forvaltning og tiltak knytte til berekraftig bruk av bestandar av anadrom laksefisk som det kan haustast av, til beste for fiskarar og rettshavarar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga medverkar til at fiskeforvaltninga blir gjennomført på ein berekraftig måte og med medverknad frå lokalsamfunn og rettshavarar.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt tiltak i regi av lag og organisasjonar etter søknad. Ein kan gje tilskot til investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande formål, anvend forskning og overvaking. Tiltak kan vere direkte retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Tilskot til FoU blir kontrollerte spesielt i forhold til dei forventningane som er gitt i tilsegna eller kontrakten.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
71.1	Hjortevilttiltak	32 311	7 750	7 750
71.2	Villreintiltak		3 350	3 350
71.3	Lokale vilttiltak m.v.		17 500	20 000
71.4	Viltovervaking		6 500	6 500
	Sum post 71	32 311	35 100	37 600

Midlane under posten er retta mot resultatområde, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Ein gjer framlegg om å auke posten med 2,5 mill. kroner i 2009 til lokale vilttiltak.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre oppgåver innan viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisasjonar der tiltaket har ein regional, interkommunal eller nasjonal karakter.

Etter endringane i viltlova i 2001, krev kommunane inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort som ein del av eit kommunalt viltfond. Det er derfor føresett at søknader om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansierte med fellingsavgifter, midlar frå post 61, og eventuelt egne kommunale midlar. Tiltak av regional karakter er føresett ivaretekne ved at fylkesmennene forvaltar delar av løyvinga etter tildeling frå Direktoratet for naturforvaltning.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert på bakgrunn av om ordninga medverkar til at viltforvaltninga på regionalt og nasjonalt nivå blir gjennomført på ein berekraftig måte.

Tildelingskriterium

På bakgrunn av søknader via eit sentralt nettbasert søknadssenter tildeler fylkesmannen tilskot til tiltak innafor prioriterte satsingsområde som kan stimulere til regionale utviklingsoppgåver, og som støttar opp om kommunale og interkommunale prioriterte tiltak. Under dette blir det gitt tilskot til tiltak som stimulerer til eit større engasjement i arbeidet med driftsplanar blant rettshavarane, og

som støttar opp under betre tilrettelegging av jakttilhøva for allmenta.

Tiltak som kan få tilskot er kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde, kartlegging av viltinteressene i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteressene i kommunale planar etter plan- og bygningslova, kartlegging og iverksetjing av tiltak med formål å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, FoU og studentoppgåver, organisasjonar, lag og foreiningar som ønskjer å setje i verk tiltak, og andre prioriterte viltføremål. Det kan givast tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jakttilhøve. Fordeling av midlane på dei ulike fylka skjer etter nøklar baserte på bl.a. innbetalt jegeravgift, talet på jegerar i fylket, felt vilt m.m.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Den skal dekkje dei sentrale overvåkingsprogramma for utvikling og samansetjing av bestandar, og hjortevilt delen av programmet for vilthelseovervaking. Dette er viktige grunnlagsdata for konkret forvaltning. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m., og forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, driftsplanar, arbeid med å sikre leveområda, forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak. Innbetalte felingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak. Oppfølginga av tilrådingar frå prosjektet Villrein og Samfunn er blitt ført vidare bl.a. gjennom eit eige fornyingsprosjekt. Det er òg lagt til rette for administrative endringar og rasjonalisering av den offentlege forvaltningsstrukturen, ved at talet på villreinnemnder er redusert frå 23 nemnder til 10 i 2008. Det er òg etablert ein betre struktur på sekretariata for nemndene, og det er to nasjonale villreinsenter i drift som er finansierte over kap 1427 post 76.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak mv.

Midlane blir nytta til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, forvaltningsretta FoU knytt til dokumentasjon og overvaking av naturmangfald, lokale vilttiltak og

sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

Midlane skal nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver på vegne av eller i samarbeid med styresmaktene for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning. I budsjetta for 2004-2008 har det vore ein jamn auke til dette arbeidet. I budsjettet for 2009 gjer Regjeringa framlegg om å fortsetje å styrkje lokale vilttiltak, blant anna arbeidet i organisasjonane. Underposten er av denne grunnen auka med 2,5 mill. kroner.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta til overvakingssoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Dei sentrale overvakingssprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov. Resultat frå denne overvakinga har bl.a. stor betydning i samband med arbeidet rundt fugleinfluensaen.

Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
51	Refusjon frå Viltfondet	56 300	59 942	61 942
52	Refusjon frå Statens fiskefond	16 000	16 500	17 000
	Sum kap. 4425	72 300	76 442	78 942

Hovuddelen av refusjonane til statsbudsjettet, basert på inntektene frå jeger- og fiskaravgiftene til Viltfondet og Statens fiskefond, er budsjettert under dette kapitelet.

Refusjonane under kap. 4425 gir grunnlag for tilsvarande utgifter som er budsjetterte under kap. 1425 Vilt- og fisketiltak. Forslaget er basert på venta inntekter i fonda i 2009, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 51 Refusjon frå Viltfondet

Hovuddelen av dei midlane som blir refunderte frå Viltfondet til statsbudsjettet blir budsjettert under denne posten. Viltfondet refunderer i tillegg midlar

til kap. 4410 post 50 Refusjon frå diverse fond og kap. 3904 post 02 Oppdragsinntekter, jf. tabell nedanfor.

Refusjonane frå Viltfondet til posten er foreslått auka med 2 mill. kroner slik at omfanget av viltoppgåver under kap. 1425 post 71 Tilskot til viltformål kan styrkjast i 2009. Dette er mogleg ved bruk av kapitaliserte inntekter frå fondet som følgje av høgare inntekter enn budsjettert i 2007 og 2008.

Nærare om Viltfondet*Mål*

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter

satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

- Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale tiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegerservice.
- Den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggings-

tiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige typar inntekter til fondet frå enkelte typar fallvilt og frå renter av fondskapitalen.

I 2001 vart det gjennomført ei omfattande omlegging av viltforvaltninga, der kommunane i staden for staten krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Omleggingsarbeidet blir følgt opp fortløpande av Direktoratet for naturforvaltning. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar blir tilbakeførte til det enkelte villreinområde i høve til innbetalte avgifter føregåande år.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2008. Ein gjer ikkje framlegg om å endre desse for 2009. Satsane for dei ulike avgiftene er oppgitt i tabell 13.3.

For oversikta si del er dei økonomiske konsekvensane for kommunane i 2009 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. Merk at for kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 13.3 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2009 (tal i heile kroner)

Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2009	Estimert tal innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt:	280	195 000	54 600 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	75	105 000	7 875 000	Viltfondet
Gebyr jaktstatistikk:	175	20 000	3 500 000 ¹	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	60	2 000	120 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	250	3 000	750 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	145	1 200	174 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			67 019 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	465	25 000	11 625 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	270	12 000	3 240 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	350	20 000	7 000 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	210	6 100	1 281 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			23 146 000	Kommunane

¹ Innkrevjing av gebyret skjer etterskotsvis i 2009, for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2007/2008. Talet er vurdert til ca. 20 000.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettet med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 13.4.

Tabell 13.4 Berekening av kapital i Viltfondet i 2009

	(i 1000 kr):
Saldo pr. 31.12.07:	5 801
Budsjettert innbetalt i 2008 ¹ :	66 954
Budsjettert refusjon i 2008 (utbetalinger frå fondet):	-67 642
Budsjettert saldo pr. 31.12.08:	5 113
Budsjettert innbetalt i 2009 ¹ :	68 219
Budsjettert refusjon i 2009 (utbetalinger frå fondet):	-69 642
Budsjettert saldo pr. 31.12.09:	3 690

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 1,2 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Refusjonane frå Viltfondet som blir førte under kap. 4425, kap. 4410 og kap. 3904, finansierer utgifter til vilttiltak og viltforvaltning over kap. 1425, forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50 og utgifter til drift av Jegerregisteret i Brønnøysund-registra over kap. 0904 under Nærings- og handelsdepartementets budsjett, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Nærings- og handelsdepartementet. I budsjettet for 2009 gjer ein framlegg om at 4,7 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysund-registra over kap. 3904. Planlagt bruk av refusjonane frå Viltfondet går fram av tabell 13.5.

Tabell 13.5 Samla refusjonar frå Viltfondet i 2009

Formål	(i 1000 kr)
Sentrale fallviltutgifter (kap.1425.01):	1 000
Drift villreinnemndene (kap.1425.01):	2 615
Prosjekt, administrasjon, jaktstatistikk mv. (kap. 1425.01):	17 227
Kommunal viltforvaltning (kap.1425.61):	3 500
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	7 750
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	3 350
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	20 000
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	6 500
Sum refusjon frå Viltfondet under kap. 1425, jf. kap. 4425:	61 942
Viltforskning, NINA (kap.1410.50 jf. kap. 4410.50):	3 000
Drift av Jegerregisteret (kap 0904 jf. kap. 3904):	4 700
Sum refusjon frå Viltfondet i 2009:	69 642

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølv om kommunane har fått primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgåver innan desse felte som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det framleis eit behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 01 Driftsutgifter.

Spesielt om lisensfelling av rovvilt

Lisensfelling av rovvilt vart innført i 2005. I 2006 vart det innført ei ordning slik at dei som deltek i lisensfelling registrerer seg særskilt i Jegerregisteret. Det er førebels ikkje lagt opp til at denne gruppa jegerar skal betale særskilde avgifter slik som hjorteviltjegerar.

Post 52 Refusjon frå Statens fiskefond

Hovuddelen av dei midlane som blir refunderte frå Statens fiskefond til statsbudsjettet er budsjettert under denne posten. Statens fiskefond refunderer i tillegg midlar til kap. 4410 post 50 Refusjon frå diverse fond, jf. tabell under.

Refusjonane frå Statens fiskefond til kap. 4425 post 52 er foreslått auka med 0,5 mill. kroner i høve til vedteke budsjett for 2008. Auken er grunna i framlegg om endringar i avgifta.

Nærare om Statens fiskefond

Mål

I lov om laksefisk og innlandsfisk o.a., § 30, heiter det at den som er fylt 16 år og vil fiske etter anadrom laksefisk eller innlandsfisk skal betale avgift til fiskefondet. Fiskaravgift skal betalast for fiske etter anadrom laksefisk. Det er gitt visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål. Vidare skal det ikkje betalast fiskaravgift for fritidsfiske etter anadrom laksefisk i sjøen.

Følgjande retningslinjer for bruken av midlar frå Statens fiskefond er lagt til grunn:

- Statens fiskefond skal nyttast til forvaltningstiltak knytte til anadrom laksefisk og som kjem samfunnet og allmenta til gode; under dette investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande føremål, fiskeforskning og overvaking.
- Den årlege fordelinga av midlane mellom formåla som nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er føresett at om lag halvparten av fondet sine inntekter skal gå til lokale tiltak.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond består av fiskaravgift på fiske etter anadrom laksefisk og renter av kapitalen i fondet. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er basert på brukarfinansiering.

Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk var i 2008 uendra i høve til 2007. For 2009 gjer Regjeringa framlegg om å justere satsane.

For fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag inneber framlegget ei årsavgift for enkeltpersonar på 220 kroner, mens familieavgifta foreslåast sett til 355 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 16 og 18 år.

For fiske med faststående reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli gjerast det framlegg om ei årsavgift på 555 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli foreslåast sett til 335 kr.

DN utgreier ei konsesjonsordning for sjølaksefisket i samband med laksereguleringane og det er lagt opp til at ordninga skal setjast i verk seinast frå og med fiskesesongen 2010.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstraum i Statens fiskefond som vist i tabell 13.6.

Tabell 13.6 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2009

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.07:	3 680
Budsjettert innbetalt i 2008 ¹ :	16 650
Budsjettert refusjon i 2008 (utbetalningar frå fondet):	-17 500
Budsjettert saldo pr. 31.12.08:	2 830
Budsjettert innbetalt i 2009 ¹ :	17 357
Budsjettert refusjon i 2009 (utbetalningar frå fondet):	- 18 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.09	2 187

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,5 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Refusjonane frå Statens fiskefond finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (jf. kap. 4425), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50 (jf. kap. 4410 post 50).

Planlagt bruk av refusjonane frå Statens fiskefond går fram av tabell 13.7.

Tabell 13.7 Samla refusjonar frå Statens fiskefond i 2009

Formål	(i 1000 kr)
Prosjekt, administrasjon mv. (kap.1425.01):	7 000
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	10 000
Sum refusjon frå Statens fiskefond under kap. 1425, jf. kap. 4425:	17 000
Fiskeforsking, NINA (kap. 1410.50, jf. kap. 4410.50):	1 000
Sum refusjon frå Statens fiskefond i 2009	18 000

Spesielt om lokal bruk av midlane

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meint å gi effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte frå offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Kap. 1426 Statens naturoppsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	74 683	78 352	95 498
30	Tiltak i nasjonalparkane, <i>kan overførast</i>	9 749	13 891	18 891
31	Tiltak i naturvern-, kulturlandskapsområder, <i>kan overførast</i>	33 477	18 671	30 671
32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overførast</i>	13 411	18 195	22 695
	Sum kap. 1426	131 320	129 109	167 755

Kap. 1426 Statens naturoppsyn omfattar midlar til etablering og drift av Statens naturoppsyn og midlar til tiltak i naturvern- og friluftsområde. Midlane under kap. 1426 er retta mot resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv og i noko grad resultatområde 7 Tverrgående verke-middel og oppgåver.

Rolle og oppgåver for Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn er etablert med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996 for å ta vare på dei nasjonale miljøverdiane og førebyggje miljøkriminalitet, og skal føre kontroll med at regelverket i 7 ulike miljølover vert etterlevd. Statens naturoppsyn er framleis under utvikling, og arbeider for å etablere eit samla grep om statleg oppsynsinnsats i naturområde. Den nasjonale leiinga ligg i Direktoratet for naturforvaltning. Det heiltidstilsette lokale oppsynet er tilsett i Direktoratet for naturforvaltning, men har arbeidsstad tilknytt eit geografisk område. Dei områda der behovet for styrkt oppsyn er størst, blir prioriterte.

Hovudoppgåvene er førebygging av miljøkriminalitet og kontroll med at miljølovene vert etterlevde, naturvegledning, rettleiing om regelverket og dei nasjonale miljøverdiane, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og drift. I dette inngår viktige oppgåver innan rovviltforvaltninga, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knytt til den lovfesta erstatningsordninga. Statens naturoppsyn har eit overordna ansvar for lakseoppsynet og oppfølginga av ordninga med Skjergardstenesta. Ei viktig utfordring for oppsynet er å skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. Det blir lagt stor vekt på å etablere godt samarbeid med dei andre aktørane innan naturoppsyn. Dette gjeld både politiet, Kystvakta, Statskogs fjellteneste, fjelloppsynet i regi av fjellstyra og bygdeallmenningar. Særleg er samordning med politiet viktig når det gjeld oppgåver knytte til kontroll. Statens naturoppsyn samverkar med desse bl.a.

gjennom miljøforum og sentrale og regionale oppsynsutval.

Statens naturoppsyn har utvikla seg i tråd med dei føringane som vart gitt i lovforarbeid og seinare styringssignal for verksemda og står no fram som eit bortimot landsdekkjande, heilskapleg og kompetent statleg naturoppsyn. Miljøverndepartementet har utvikla ei meir aktiv rolle som eigar av Statens naturoppsyn og gjeve klårare styringssignal.

Miljøverndepartementet legg vekt på Statens naturoppsyns rolle som oppsyns- og feltapparat, men viser òg til at Statens naturoppsyn har tilsett naturvegeliarar ved dei to nye villreinsentra.

Direktoratet for naturforvaltning, Politidirektoratet og Riksadvokaten har utvikla ei felles rolleforståing når det gjeld det fortløpande samarbeidet i dei respektive underliggjande einingane. Både Miljøverndepartementet og Justis- og politidepartementet har sagt seg nøgde med dette arbeidet.

Miljøverndepartementet samarbeider med Landbruks- og matdepartementet, Statskog og Norges Fjellstyresamband for å tydeleggjere rolleforståing og utvikle samarbeid om oppsyn i statsallmenningar og forholdet mellom Statens naturoppsyn og fjellstyras oppsynsordningar.

Miljøverndepartementet vil vurdere behovet for presiseringar i lovverket om oppsyn i samband med lovarbeidet som skal gjerast elles i oppfølginga av NOU 2004: 28 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold*.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er hovudsakleg retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområder, og underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. I noko grad går midlane også til underområde 4 Friluftsliv og resultatområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver. Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til Statens naturoppsyn, bl.a. til engasjement i den sentrale eininga for Statens naturoppsyn i Direktoratet for naturforvaltning, og kjøp av ulike tenester i samband med drifta av det samla statlege naturoppsynet. Posten dekkjer utgifter til dei lokale rovviltkontaktane som arbeider med dokumentasjon av rovviltskadar. Utgifter knytte til oppdragsverksemda er førte under denne posten. Inntektene til denne verksemda er budsjetterte under kap. 4426 post 01 Ymse inntekter og post 02 Oppdragsinntekter. Andre utgifter førte under driftsposten er knytte til IT- og sambandsutstyr, køyretøy og oppsynsbåtar, feltutstyr, uniform/arbeidsklede, opplæringsiltak, informasjonsmate-

riell, tiltak innan naturrettleiing m.m. og utviklingskostnader.

Statens naturoppsyn dekkjer lønn og drift av naturvegeliarstillingane ved dei to informasjons- og kompetansesentra for villrein, jf. kap 1427 post 76.

Posten er auka med 17 mill. kroner. Av desse skal 4 mill. kroner nyttast til auka kostnader ved drift av rovviltkontaktnett, og 1 mill. til lønn av jegerar som Statens naturoppsyn engasjerer ved ekstraordinære fellingsoppdrag. Auken skal vidare nyttast til oppsynsstillingar og kjøp av oppsynstester i prioriterte verneområde/nasjonaleparker, og til oppsyn i samband med oppfølging av ny lov om naturområde i Oslo og nærliggjande kommunar (Marka).

Post 30 Tiltak i nasjonalparkane, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Midlane på posten dekkjer statlege investeringsutgifter og tiltak i samband med oppfølginga av nasjonalparkane og tilliggjande verneområde i tråd med godkjent forvaltningsplan og andre styringsdokument. Vidare dekkjer posten utgifter til tilretteleggingstiltak av ulike slag i samband med styringa av ferdsla inntil og i nasjonalparkane.

Regjeringa ønskjer på ein berekraftig måte å gjere nasjonalparker og andre større verneområde meir tilgjengelege for brukarane. Opparbeiding av stigar og løyper, kløpping og merking, tiltak for å betre tilgjenge til verneområda, etablering av parkeringsplassar og etablering av informasjonsordningar medverkar til å sikre viktige kvalitetar ved at stor ferdsel og aktivitet blir kanalisert til bestemte område. Naturen blir lettare tilgjengeleg for brukarane, og dermed blir grunnlaget for lønnsame reiselivsaktivitetar betre.

Posten er auka med 5 mill. kroner.

Post 31 Tiltak i naturvern- og kulturlandskapsområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde og skal dekkje feltvise utgifter i naturområde freda ved kgl. res. Dette er bl.a. utgifter til opparbeiding av stigar, tilrettelegging for publikum, uteinformasjonstiltak og skjøtsel for å ivareta naturmangfold mv.

Løyvinga vert auka med 12 mill. kroner. Av desse skal 3 mill. kroner nyttast i utvalde kulturlandskap i jordbruket, saman med midlar over Landbrukets utviklingsfond.

Post 32 Skjergardsparkar o.a., kan overførast

Posten er primært retta mot resultatområde 1, underområde 4 Friluftsliv. I tillegg er midlane retta mot underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Posten dekkjer utgifter til den praktiske forvaltninga av skjergardsparkar og friluftslivsområde langs kysten, knytt til drift av skjergardstenesta i Oslofjorden, i skjergardsparkane og i Vestkystparken. Skjergardstenesteordninga er

etablert på statleg initiativ. Posten dekkjer dessutan statlege naturoppsynsoppgåver som er integrerte i skjergardstenesta og oppsynsbåtar til Statens naturoppsyn.

Posten er styrkt med 4,5 mill kroner til ny oppsynsbåt i Finnmark.

Regjeringa foreslår ei bestillingsfullmakt under posten på 6,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI nr. 1.

Kap. 4426 Statens naturoppsyn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Ymse inntekter	14	132	138
02	Oppdragsinntekter	187	2 129	1 000
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	154		
18	Refusjon av sjukepengar	185		
30	Sal av eigedommar	25 148		
	Sum kap. 4426	25 688	2 261	1 138

Post 01 Ymse inntekter

På posten er det ført ulike inntekter for Statens naturoppsyn, bl.a. inntekter frå oppdragsverksemda.

Post 02 Oppdragsinntekter

I samband med overføringa av Statskogs fjellteneste i Finnmark til Statens naturoppsyn, er det budsjettert med oppdragsinntekter frå Finnmarkseigedommen. Løyvinga er redusert med 1,1 mill. kroner for 2009, grunna lågare inntekter enn venta i 2007.

Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	86 185	87 117	124 733
21	Spesielle driftsutgifter	94 311	115 442	204 326
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	48 103	24 405	34 405
31	Tiltak i friluftsområder, <i>kan overførast</i>		27 500	17 500
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	14 287	19 450	19 450
33	Statlege tileigningar, barskogvern, <i>kan overførast</i>	4 893		
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	5 942	10 100	25 100
35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	106 875	82 981	137 881

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
49	Statlege tileigningar, kjøp av forsvaret sine eiendomar	3 360		850
60	Tilskot til lokalt utviklingsfond			6 000
70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, <i>kan overførast</i>	91 067	88 000	88 000
71	Forvaltningstiltak i verdensarvsområder, <i>kan overførast</i>		7 600	9 600
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløving</i>	123 234	103 895	116 895
73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, <i>kan overførast</i>	46 669	51 000	80 500
74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overførast</i>	14 333	14 520	17 520
75	Internasjonale avtaler og medlemskap	972	1 010	1 010
76	Tilskot til informasjons- og kompetansesentra, <i>kan overførast</i>	14 500	6 900	7 900
77	Tilskot til nasjonalparksentre, <i>kan overførast</i>	13 105	10 600	14 600
78	Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, <i>kan overførast</i>	6 000	7 000	8 000
80	Tilskudd til Stiftelsen Kunnskapsenter for laks og vannmiljø	900		
	Sum kap. 1427	674 736	657 520	914 270

Midlane under kap. 1427 er i retta mot alle resultatområda, men i særleg grad resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv med sine underområde, og resultatområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver.

Direktoratet for naturforvaltnings rolle og oppgåver

Direktoratet for naturforvaltning er Miljøverndepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan naturforvaltninga.

Direktoratet for naturforvaltning arbeider bl.a. med etablering og forvaltning av verneområde, forvaltning av truga arter inkludert utarbeiding og oppfølging av handlingsplanar, lakseforvaltning, marin naturforvaltning, vassdragsforvaltning og tilrettelegging for friluftsliv. Dette arbeidet er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal politikk og få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

Direktoratet har brei oversikt over naturtilstanden i Noreg og rapporterer fortløpande om dette. Direktoratet har fagleg instruksjonsmynde overfor

miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta. Dei konkrete miljømåla som direktoratet arbeider mot er omtalte under resultatområdeomtala i del II. Hovudstrategiane for å nå måla er:

- Sikre ein brei variasjon i norsk natur og landskap og halde oppe den naturlege produksjons-evna
- Syte for at omsynet til ei langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved areal- og vassdragsplanlegging og planar om naturinngrep
- Fremje høve til å bruke naturen til friluftsliv, opplæring og hausting
- Skaffe fram og formidle kunnskap som grunnlag for ei aktiv og førebyggjande naturforvaltning.

Satsingar for bevaring av naturmangfaldet

Det er lagt inn ei styrking på 345 mill. kroner til bevaring av naturmangfaldet og til friluftslivet. Dette er fordelt på ei lang rekkje tiltak. Dei største er omtalt nedanfor.

Styrka forvaltning av verneområde

Til styrkt verneforvaltning er det lagt inn ein auke på om lag 63 mill. kroner. Desse er fordelte i budsjettet som følgjer:

- 6 mill. kroner under kap. 1400 post 21 til utgreiingsarbeid m.a. knytt til reiselivet, prosjekt om nasjonalparklandsbyar og verdiskaping med utgangspunkt i naturarven.
- 3 mill. kroner under kap. 1410 post 21 til eit overvåkingsprogram for verneområda.
- 7,5 mill. kroner under kap. 1426 post 01 til fleire oppsynsstillingar og kjøp av oppsynstenester i prioriterte verneområde/nasjonaleparker.
- 5 mill. kroner under kap. 1426 post 30 til tiltak i nasjonalparker.
- 12 mill. kroner under kap. 1426 post 31 til skjøtselstiltak i verneområde, av dette 3 mill. kroner til utvalde kulturlandskap i jordbruket.
- 4,5 mill. kroner under kap. 1426 post 32 til ny kystoppsynsbåt for Statens naturoppsyn i Finnmark.
- 17 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til prosesskostnader, konsekvensutgreiingar mv. til gjennomføring av nasjonalparkplanen, utarbeiding av forvaltningsplanar, tilsynsutval og lokal forvaltning av nasjonalparker og store verneområde, oppfølging av markalova og evaluering av eksisterande vern. I tillegg kjem 2 mill. kroner til skjøtsel av seterområde og gamle ferdselsvegar og til ei interkommunal stilling i samband med utvida vern av Trillemarka-Rollagsfjell.
- 6 mill. kroner under kap. 1427 post 60 til lokalt utviklingsfond for dei tre kommunane Rollag, Sigdal og Nore og Uvdal i samband med utvida vern av Trillemarka-Rollagsfjell.
- 2 mill. kroner under kap. 1427 post 71 til å styrkje forvaltninga av naturdelen i verdsarvområda Vegaøyan og det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.

Utover dette aukar posten for erstatningar for vern under nasjonalparkplanen, kap. 1427 post 34, med 15 mill. kroner. I tillegg kjem ei styrking på 5 mill. kroner til nasjonalparksenter og andre informasjonssenter knytte til verneområde under kap. 1427 postane 76 og 77.

Skogvern

I budsjettet aukar løyvingane til skogvern med 57 mill. kroner, inkludert erstatningsutbetalingar knytte til fredinga av Trillemarka-Rollagsfjell. I tillegg blir tilsegningsfullmakta for skogvern auka, slik

at nytt skogvern for om lag 107 mill. kroner kan bli vedteke i 2009. I hovudsak vil vernet omfatte stats-eigd skog. Styrkinga er fordelt på følgjande poster:

- 2 mill. kroner til styrkt saksbehandlarkapasitet i Direktoratet for naturforvaltning, kap. 1427 post 21.
- 55 mill. kroner til erstatningar for skogvern, kap. 1427 post 35.

Rovvilt

Regjeringa aukar løyvingane til erstatningar, forebyggjande og konfliktdempande tiltak og til skadefellingar med 54 mill. kroner. Styrkinga er fordelt slik:

- Styrkt bestandsovervaking aukar med 6 mill. kroner under kap. 1410 post 21.
- Kostnader ved drift av rovviltkontaktnett og lønn til jegerar som Statens naturoppsyn engasjerer ved ekstraordinære fellingsoppdrag aukar med 5 mill. kroner under kap. 1426 post 01.
- Erstatningar for beitedyr tekne av rovvilt aukar med 13 mill. kroner under kap. 1427 post 72.
- 30 mill. kroner under kap. 1427 post 73 til forebyggings- og konfliktdempingstiltak, av dette går 2 mill. kroner til prøveordning med kompensasjon for tapt arbeidsforteneste ved forsøk på skadefelling av rovdyr.

Villaks

Løyvingane til bevaring av villaksen aukar med 21,5 mill. kroner som følgjer:

- Tiltak for å bevare villaksen blir styrkte med 21 mill. kroner under kap. 1427 post 21. Auken er hovudsakleg retta mot nedkjemping av lakseparasitten Gyrodactylus salaris. Drifta av genbankane for villaks vil òg bli styrkt.
- Lokale tiltak for laksefisk aukar med 0,5 mill. kroner, jf. kap. 1425 post 70.

Villrein

Løyvingane til sikring av villreinen aukar med 6 mill. kroner og skal brukast til:

- Ulike arbeid med villrein aukar med totalt 4 mill. kroner, blant anna arbeidet med fylkesdelplanar for nasjonale villreinområde som aukar med 3 mill. kroner under kap. 1400 post 21.
- Eit FoU-prosjekt om effektar og konsekvensar av menneskelege inngrep og ferdsel i Snøhettaområdet i høve til villreinen. Løyvinga er på 2 mill. kroner.

Bevaring av andre truga dyre- og plantearter

Arbeidet for bevaring av andre truga dyre- og plantearter blir trappa opp med over 40 mill. kroner:

- Innsatsen for å utarbeide handlingsplanar aukar med 22 mill. kroner, under kap. 1427 post 01 og post 21.
- Kartlegginga av truga naturtypar og arter blir styrkt med 15 mill. kroner, under kap. 1410 post 21 og kap. 1427 post 01.
- Overvåkingsprogrammet for stortare og sukkertare blir styrkt med 5 mill. kroner under kap. 1410 post 21.

Artsprosjekt og naturindeks

Regjeringa styrkjer budsjettet med 35 mill. kroner for oppstart av eit artsprosjekt og til utvikling av ein naturindeks:

- Artsprosjektet for systematisk kartlegging av artene i norsk natur er plassert under kap. 1400 post 21. Løyvinga er på 20 mill. kroner.
- Det er løyvt 15 mill. kroner under kap. 1427 postane 01 og 21 til ein naturindeks som skal bli eit viktig verktøy for å måle utviklinga i det norske naturmangfaldet.

Framande arter

Den nasjonale strategien mot framande skadelege arter som vart utarbeidd i 2007, blir følgt opp med ein budsjettauke på 10 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til blant anna tiltaksplanar og informasjons-tiltak.

MAREANO

Kartleggingsprogrammet MAREANO skal innhente kunnskap om det biologiske mangfaldet på havbotnen, som grunnlag for ei berekraftig forvaltning. Ei styrking er naudsynt blant anna som ledd i arbeidet med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten. Dette er eit samarbeid med Fiskeri- og kystdepartementet, og Nærings- og handelsdepartementet. Auken i Miljøverndepartementets budsjett i 2009 er på 6,3 mill. kroner under kap. 1465 post 21. Same auke er lagt inn under dei to andre departementa, til saman 19 mill. kroner. Det er òg ein auke på 3 mill. kroner til arbeidet med heilskapeleg forvaltning av norske havområde, blant anna overvaking av miljøgifter og biologisk mangfald i havområda.

Den naturlege skulesekken

Frå 2009 startar eit prøveprosjekt i utvalde kommunar for styrking av natur- og miljøfaga i grunnskulen. Prosjektet «Den naturlege skulesekken» er eit samarbeid med Kunnskapsdepartementet, og får ei løyving på 5 mill. kroner under kap. 1400 post 21.

Andre satsingar

Oppfølginga av EUs rammedirektiv for vatn vil styrkje norsk vassforvaltning vesentleg. Forvaltninga vil i all hovudsak bli styrt etter kjemiske og økologiske mål som blir sette i vassførekomstane. Budsjettauken i 2009 er på 18 mill. kroner og med ein reduksjon på 2 mill. kroner frå kap. 1441 post 01 gir det følgjande fordeling:

- 17,5 mill. kroner under kap. 1427 post 21 til utvikling av system for økologisk og kjemisk klassifisering av vatn og styrking av forvaltningsarbeidet hos fylkesmennene.
- 2,5 mill. kroner under kap. 1410 post 21 til styrkt overvaking av vassførekomstane.

Styrka forvaltning av verneområda

Soria Moria-erklæringa seier at «Regjeringa vil legge fram en handlingsplan for bærekraftig bruk og skjøtsel av nasjonalparker og andre verneområder. Det påbegynte arbeidet med å utvikle nasjonalparkene som en ressurs for lokalsamfunnene og for lokal verdiskaping skal fortsette».

Miljøverndepartementet har fått innspel til ei slik plan frå ei arbeidsgruppe med representantar frå dei berørte departementa og direktorata, Sametinget, fylkesmenn, fylkeskommunar og Utmarkkommunanes samanslutning. Arbeidsgruppas rapport har vore ute på ei brei høyring. Det er kome inn 111 fråsegn til rapporten.

Regjeringa legg med dette budsjettet fram forslag til ei kraftig styrking av forvaltninga av verneområda, i tråd med innspela frå arbeidsgruppa.

Målet med naturvernområda

Hovudmålet med vern av norsk natur er å sikre viktige nasjonale og internasjonale naturverdiar for ettertida. Det er likevel ønskeleg, innanfor dei rammene desse måla sett, at verneområda skal kunne nyttast som ein ressurs for lokalsamfunna og som grunnlag for lokal verdiskaping. Det er ei stor utfordring å sikre ei forvaltning som er av ein slik kvalitet at desse ulike måla kan kombinerast.

Tilstanden i verneområdeforvaltninga

Noreg har tradisjonelt hatt ei avgrensa bruk av verneområda. Reservata har, med unntak av dei som ligg nær folks bustader, vore lite brukt. Nasjonalparkane har vore nytta til vanleg bruk som beiting, jakt, fiske og tradisjonelt friluftsliv. Med ein slik bruk har trongen for tyngre forvaltningstiltak vore avgrensa.

Likevel syner erfaringane no at vi har sakka akterut både når det gjeld å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for allmentas bruk av områda. Dette er blitt enno tydelegare når lokalsamfunna no treng fleire bein å stå på.

Riksrevisjonens rapport bl.a. om forvaltninga av verneområda i Noreg (Dokument nr. 3:12 (2005-2006)) og Stortingets handsaming av denne (Inst. S. nr. 65 (2006-2007)) syner at det er ei stor trong for styrking av alle sider ved verneområdeforvaltninga. Kvaliteten i dag er ikkje i samsvar med Regjeringas mål om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010.

Ihht internasjonale avtaler vert krava om eit betre vitenskapleg og heilskapleg fundament for forvaltninga stadig skjerpa. Det tyder at vi må auke innsatsen i heile verneforvaltninga, både i Direktoratet for naturforvaltning (DN) og hos fylkesmennene eller lokal forvaltningsmyndigheit. Dette gjeld både den kunnskapen vi legg til grunn og korleis vi handterer den daglege forvaltninga. Det understrekar og behovet for eit nasjonalt, heilskapleg grep om oppsynet i verneområda.

Den samla verneområdeforvaltninga inneheld mange element, og dei er i stor grad avhengig av kvarandre:

Forvaltningsplanar for det einskilde verneområdet skal konkretisere korleis verneforskrifta skal forståast, gje forvaltningsmål for området, gjere synleg behov for ulike tiltak, og gje rammer som dei som skal drive ein aktivitet i verneområdet, kan halde seg til over tid. Forvaltningsplanane ligg alltid innafor rammene til verneforskrifta for området, og kan såleis ikkje vere verken mildare eller strengare enn kva forskrifta føreset. Det er stor støtte til arbeidsgruppa sitt forslag om å styrke arbeidet med forvaltningsplanar. Innsatsen på dette området vart styrka i 2008, og Miljøverndepartementet foreslår ei ytterlegare styrking i 2009. Arbeidet skal kome både store og små verneområda til gode. Ikkje minst planar for Ramsarområda og verneområda i dei befolkningstette områda av landet må styrkast. Miljøverndepartementets mål er at forvaltningsplanar skal liggje føre så nær vernetidspunktet som mogeleg. Det er ein føresetnad at lokalsamfunn og eigarar vert godt involvert i arbeidet med forvaltningsplanane.

Forvaltningsapparatet treng og ei styrking. I riksrevisjonens rapport framkom at manglande kapasitet i forvaltninga var den aller viktigaste årsaka til at verneverdiane vart utsette for press. DN treng noko styrking for å utvikle fleire element som må vere på plass, m.a. eit program for overvaking og kompetanseoverføring til forvaltningsorganane. Fylkesmennene treng ei styrking for å kunne gå tyngre inn i arbeidet med oppfølging av verneområda, mellom anna syte for gode prosesser med alle lokale aktørar og ha ei aktiv samhandling med dei som ønskjer å ha aktivitetar i verneområda. Det er brei støtte for ei slik styrking i fråsegna til arbeidsgruppa sin rapport, men fleire var opptekne av at det lokale nivået bør styrkast.

Regjeringa foreslår ei auke på 13,5 millionar til styrking av forvaltningsapparatet og arbeid med forvaltningsplanar mv.

Forvaltningstiltak

Det er stor trong for midlar til tiltak i verneområda, både midlar til økologisk skjøtsel, tilrettelegging og informasjon overfor allmenta. Forvaltningstiltak skal både kome naturen, allmenta og dei som ønskjer å drive ein næringsaktivitet i verneområda til gode. Både nasjonalparkane og ei rekkje av dei mindre verneområda med store naturverdiar har behov for tiltak. Det same gjeld dei utvalde kulturlandskapa. Regjeringa foreslår difor ei styrking på 17 mill. kroner til formålet. Det er viktig å merke seg at dei mindre områda oftare har eit større biologisk mangfald, av di dei gjerne ligg i låglandet med allment høgare biologisk variasjon. Verneverdiane er oftast mest utsett i desse områda.

Verdsarvområda

I verdsarvområda som Vegaøyene og det Vestnorske fjordlandskapet har naturverdiane ein sentral plass i grunngevinga for plasseringa på UNESCOs liste. Regjeringa foreslår å auke innsatsen til desse områda med 2 mill kroner.

Kunnskap og naturovervaking

Noreg har pr. i dag ikkje ein samla oversikt over tilstandsutviklinga i verneområda. Dette tyder at det er vanskeleg å vere sikker på at dei forvaltningstiltaka ein sett inn er dei mest treffsikre i høve til utfordringane i det einskilde området. Noreg har gjennom Konvensjonen om biologisk mangfald og Bern-konvensjonen også eit krav på seg til å følge med på utviklinga i verneområda. DN er i ferd med å utvikle eit program for overvaking av verneområda. I fråsegna til arbeidsgruppa sin rapport er det

brei støtte til oppretting av eit slikt program. Ei god overvaking er og naudsynt dersom ein skal utvikle ei arbeidsform med målstyrt forvaltning.

I tillegg til overvaking trengs kunnskap om konsekvensar av økt bruk av verneområda, slik at vi kan bli betre til å styre nye aktivitetar til dei minst sårbare områda. Regjeringa foreslår 4 mill. kroner for å utvikle og starte opp eit overvåkingsprogram og å innhente betre kunnskap om konsekvensar av økt bruk av verneområda.

Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) er gradvis blitt styrka som følgje av oppretting av nye verneområde dei seinare åra. Det er likevel fortsett store udekkede behov for oppsyn, ikkje minst i områda nær større befolkningskonsentrasjonar, der presset på naturområda og det biologiske mangfaldet er størst. Statens naturoppsyn har ansvaret for det samla grepet om naturoppsyn i Noreg, med heimel i lov om Statens naturoppsyn. Fråsegna til arbeidsgruppa sin rapport støtter ei styrking av oppsynet, men fleire aktørar ønskjer meir mynde til lokalnivået med omsyn til ansvar for oppsynet. Miljøverndepartementet vil peike på at SNO har eit monaleg stort kjøp av lokale teneste, i tråd med Stortingets føresetnader. Rollefordelinga mellom SNO og politiet er avklart. Miljøverndepartementet samarbeider med Landbruks- og matdepartementet, Statskog og Norges Fjellstyresamband for å tydeleggjere rolleforståing og utvikle samarbeid om oppsyn i statsallmenningar og forholdet mellom Statens naturoppsyn og fjellstyras oppsynsordningar.

Miljøverndepartementet har ansvaret for kvaliteten i det samla naturoppsynet, og viser til evalueringsrapporten som syner at SNO har lykket godt i å heve kvaliteten på dette oppsynet. Miljøstyresmaktene må og ha tryggeleik for eit oppsyn som følgjer opp dei nasjonale miljøverdiane på ein ein-skapleg, profesjonell og forutsigbar måte. Statens naturoppsyn skal medvirke i gjennomføringa av overvåkingsprogrammet for verneområda. Miljøverndepartementet legg opp til at kjøp av lokale teneste skal aukast, men det er ei føresetnad at tenestekjøpet gjer ein meirverdi, og at det er rasjonelt, effektivt og målretta i forhold til dei nasjonale miljømåla. Det vil og bli viktig å engasjere lokale krefter i gjennomføring av til dømes skjøtseloppgåver. Regjeringa foreslår ei styrking av ressursane til oppsyn med 12 mill. kroner, herav 4,5 mill. kroner til ny båt i Finnmark.

Utprøvingar

Miljøverndepartementet vil setje i gang eit arbeid for å opne for utvikling og utprøving av modeller og metodar for ein dynamisk og kunnskapsbasert forvaltning i verneområda. Ei såkalla målstyrt forvaltning vil innebære at ein i større grad enn i dag kan prøve seg fram med omsyn til korleis aktivitet verker inn på det biologiske mangfaldet på staden. Ved uønska konsekvensar, må aktiviteten opphøyre eller endrast. Dette tyder at ein ikkje kan prøve ut tiltak som kan gje irreversible endringar i naturtilhøva. Arbeidsgruppa sitt framlegg om ei slik forvaltning har brei støtte i fråsegna, men det er ei krevjande forvaltningsform som stiller store krav til kunnskap, overvaking og oppfølging.

Miljøverndepartementet ønskjer og å prøve ut om den verdfulle naturarven, inkludert verneområda, kan vere ein ressurs for samfunnsutviklinga, ikkje minst lokalt. Fråsegna til arbeidsgruppa sin rapport gir brei støtte til dette. Intensjonen er at økonomiske middel frå Miljøverndepartementet skal virke saman med andre økonomiske og private middel med målet å auke verdien av naturområda, både økologisk, tilgjenge for allmenta, med omsyn til informasjonsverdi og som grunnlag for økonomisk verdiskaping. Regjeringa foreslår å nytte 5 mill. kroner til utprøvingar.

Ein føresetnad for å setja i gang slike utprøvingar er at verneområdeforvaltninga blir styrka slik budsjettframlegget legg opp til. Naturkvalitetane må ikkje bli skadelidande og forvaltningsstyresmaktene må få tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å samarbeide om slike tiltak.

Andre forhold

Med omsyn til spørsmålet omkring lokal forvaltning av verneområda vil Miljøverndepartementet gjennomgå evalueringa av forsøka i dei 4 store verneområda som blei avslutta i 2008, før ein går vidare med tilrådingar for den vidare organiseringa av forvaltninga. Evalueringa gir viktige innspel til denne diskusjonen.

Naturinformasjonssentrene spelar ei viktig rolle i den samla verneområdeforvaltninga. Alle dei nasjonalparksentra som låg inne i den første planen for slike sentre er nå etablert. Det er behov for å styrkje dei eksisterande sentra. Miljøverndepartementet ønskjer også å vurdere etablering av eit nytt nasjonalparksenter, og foreslår ei styrking på 5 mill. kroner til naturinformasjonssentre.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot dei fleste resultatområde, men fyrst og fremst resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv med sine underområde og dernest resultatområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgaver.

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette. Den dekkjer òg ulike driftsutgifter i form av husleige, IT-utgifter, informasjon, innan- og utlandstreiser og internasjonalt arbeid i Direktoratet for naturforvaltning. For ei utgreiing av kva slags føremål løyvinga dekkjer, viser vi til omtala under «Direktoratet for naturforvaltnings rolle og oppgaver» i innleiinga til dette budsjettkapitlet. Utover tekniske endringar grunna kompensasjon for lønnsoppgjering 2008 og auke som følgje av prisjustering av motsvarande inntektsløyving på knappe 4 mill. kroner, er posten styrkt med om lag 33,5 mill. kroner. Direktoratet får i forslaget til 2009-budsjettet ei rekkje nye og krevjande oppgaver, jf. bl.a. auken i budsjettet under kap. 1427 post 21 og tilskuddspostane. Med desse oppgåvene følgjer det òg auka ordinære driftsutgifter. Til dette formålet er det lagt inn 9 mill. kroner. I tillegg er det omdisponert 10 mill. kroner frå kap. 1427 post 21 for å rydde opp i ei utvikling der stadig fleire slike utgifter har blitt belasta 21-posten i staden for 01-posten.

Utover dette er det på posten lagt inn 5 mill. kroner til DNs arbeid med utvikling av Naturindeks og 4,5 mill. kroner til DNs arbeid med å utarbeide handlingsplanar for utvalde, truga arter. I tillegg er det her lagt inn 5 mill. kroner til DNs arbeid med kartlegging og overvaking av truga arter og naturtypar.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4427 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda med unnatak for resultatområde 6. Mest midlar går til oppgaver innafor resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv med størst ressursbruk på underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som direktoratet utfører, og utgifter som er knytte til inntekter over kap. 4427.

Posten dekkjer mykje av bevaringsarbeidet for villaksen med vekt på tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, midlar til oppfølging av strategi mot andre framande og skadelege arter, arbeidet med genmodifiserte organismar, sikring av

utvalde truga arter på den norske raudlista som til dømes bevaring av fjellreven og midlar til førebuing av Trondheimskonferansen 2010. I samband med rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for rovviltovervaking og møtegodtgjersle for dei regionale rovviltnemndene, og det er òg midlar til det statleg-kommunale kartleggingsarbeidet for naturens mangfald. Posten dekkjer saksutgiftene i samband med skogvern, tematiske verneplaner og nasjonalparker. Vidare er direktoratets utgifter i samband med verdsarvområda finansierte frå posten, likeins oppfølging av norske forpliktingar i Ramsarkonvensjonen, norsk implementering av det europeiske verneområdenettverket Emerald Network, verneplan for vassdrag, marin verneplan og juridisk bistand til kommunar til arbeid med strandsona. Posten har òg midlar til heilskapleg forvaltning av norske havområde. Elles blir utgifter til internasjonale bistandsoppdrag, jegerprøveordninga og drifta av Kongsvold Fjeldstue og Songli forsøksgard dekte over posten.

Frå posten er det flytta 10 mill. kroner til kap. 1427 post 01, jf. omtale ovanfor.

Til auka innsats på følgjande område er det lagt inn om lag 99 mill. kroner:

- 21 mill. kroner til bevaringsarbeidet for villaksen med vekt på tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.
- 17,5 mill. kroner til arbeidet med å sikre utvalde, truga arter på den norske raudlista gjennom eigne handlingsplanar.
- 17,5 mill. kroner til norsk oppfølging av EUs rammedirektiv for vatn, det vil seie gjennomføring av vassforvaltningsforskrifta. Dette inneber blant anna å styrkje forvaltningsarbeidet hos fylkesmennene, og spesielt dei ni fylkesmennene som er utpeikte til vassregionstyresmakt. Vidare trengst det midlar til blant anna å utvikle system for økologisk og kjemisk klassifisering av vatn, og til problemkartleggingar/undersøkningsprogram for alle norske vassområde.
- 13,5 mill. kroner til prosesskostnader, konsekvensutgreiingar mv. til gjennomføring av nasjonalparkplanen, utarbeiding av forvaltningsplanar, tilsynsutval og lokal forvaltning av nasjonalparker og store verneområde, oppfølging av markalova og evaluering av eksisterande vern.
- 10 mill. kroner til arbeidet med naturindeks.
- 10 mill. kroner til tiltak mot framande arter.
- 2 mill. kroner til direktoratets arbeid med å sikre framdrift og samordning av arbeidet med nytt skogvern, jf. kap. 1427 post 35.
- 2 mill. kroner til eit FoU-prosjekt om effektar og konsekvensar av menneskelege inngrep og ferdsel i Snøhetta-området i høve til villreinen.

- 2 mill. kroner til styrkt sjøfuglforvaltning.
- 1 mill. kroner til arbeid med klima og naturens mangfald.
- 1 mill. kroner til interkommunal stilling i samband med Trillemarka
- 1 mill. kroner til skjøtsel av seterområder og gamle ferdselsveggar i samband med Trillemarka
- 0,5 mill. kroner for å sikre vidareføring av samisk kompetanse innan rovviltarbeidet hos fylkesmannen i Finnmark.
- 0,5 mill. kroner til ytterligere styrking av arbeidet med heilskapleg forvaltning av norske havområde.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4427 post 09 og post 54, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 4 Friluftsliv.

Regjeringa held fram arbeidet med å sikre nye friluftsområde. Særleg er det viktig at område i kystsona blir sikra. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar.

Staten har det økonomiske ansvaret for å sikre særskilte friluftsområde av nasjonal og regional verdi som f.eks. skjergardsparkar (jf. kap. 1426 post 32 Skjergardsparkar o.a.). Staten investerer i kommunal sikring av lokalt viktige friluftsområde i byar og tettstader gjennom bidrag til sikring mot tinglyst bandlegging av arealbruken til allment friluftsliv. Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak gjeld bygningar som anten skal rivast eller dei kan nyttast i friluftsliv-samanheng i området.

Sikringa blir gjennomført ved tileigning eller ved servituttavtale med grunneigar, helst på frivillig grunnlag, men i enkelte tilfelle ved ekspropriasjon eller ved vilkår til konsesjon. I tillegg til sikring av friluftsområde skal midlane dekke andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene.

Investeringsmidlane blir utbetalte når Direktoratet for naturforvaltning har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at statens vilkår er oppfylte. Posten er styrkt med 10 mill. kroner som i 2008-budsjettet midlertidig vart lagt på kap. 1427 post 31. Årsaka til omdisponeringa i 2008 var store overføringar på 30-pos-

ten som gjorde løyvinga større enn dei forventade utbetalingane. Til 2009 er det venta låge overføringar og auka utbetalingar. Det er derfor naudsynt å styrkje løyvinga att.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnsmakt på 80 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Det blir elles vist til nærare omtale under resultatområde 1 Naturens mangfald og friluftsliv, underområde 4 Friluftsliv.

Post 31 Tiltak i friluftsområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1, underområde 4 friluftsliv.

Posten skal dekkje utgifter til ulike praktiske tiltak som følgjer av statleg tileigning av nasjonalt eller regionalt viktige friluftslivsområde, eller varige servituttavtaler for å sikre allmentas friluftsliv-interesser i slike område. Etter at tiltaksarbeidet i friluftsområde i 2008 fekk eit ekstra løft ved ei mellombels omdisponering av 10 mill. kroner frå posten for erverv av friluftsområde, er løyvinga no redusert, jf. omtale under kap. 1427 post 30.

Det blir elles vist til nærare omtale under resultatområde 1 Naturens mangfald og friluftsliv, underområde 4 Friluftsliv.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og retts-havarar har ved vernetiltak etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturvernlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane.

Ut frå dei kostnadsoverslaga vi har i dag medfører dette behov for ei tilsegnsmakt på til saman 34,7 mill. kroner i 2009, jf. forslag til vedtak VII.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Naturens mangfald og friluftsliv, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

Post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, kan overførast

Posten er utan løyving i 2009. Kostnader til område som er finansierte frå denne posten høyrer inn under den barskogplanen som vart vedteken i 1996. Planen hadde siste vernevedtak i 2002 i tråd med Stortingets behandling av stortingsmeldinga om barskogvern, jf. St.meld. nr. 40 (1994-95) Opptrapping av barskogvernet fram mot år 2000. Erstatningsbeløp gjenstår berre for nokre få område, og desse vil vere dekte av overførte beløp på posten.

Løyvinga til nytt skogvern er omtalt under kap. 1427 post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparker, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelige avtaler eller ved rettslege skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på denne posten dekke andre kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen.

Gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991-1992) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*, vil følgje ei framdrift som sikrar at planen med eitt unntak er slutført i år 2010.

Løyvinga er auka med 15 mill. kroner for å ta høgd for venta utbetalingar i 2009 for vern som naturreservat.

Ut frå dagens kostnadsoverslag er det gjort framlegg om ei tilsegnfullmakt på 185 mill. kroner i 2009, jf. forslag til vedtak VII. Dette er ein auke på 110,6 mill. kroner i høve til fullmakta for 2008. Årsaka er at det er lagt inn påkomne renteforplikningar på tidlegare verna område der oppgjeret er utsett i påvente av avklaring i erstatningsreglane for nasjonalparker og landskapsvernområde. Utanom rentene er omkostningane elles òg vesentleg oppjusterte. Det er serleg utgifter til grensemerking som har stige, både merking i felt og digitalisering av desse grensemerka som kartdata. Ein mindre del skuldast oppjusterte erstatningsoverslag på områdene verna som naturreservat.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Naturens mangfald og friluftsliv, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

Post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelige forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturvernlova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedommar, vederlagsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern. Løyvinga vil bl.a. bli brukt til frivillig vern og til verneprossarar på statsgrunn og i skog som er eigd av Opplysningsvesenets fond.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, informasjonstiltak, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a. Midlane vil òg dekkje gjennomføring av ei evaluering av arbeidet med frivillig skogvern. Posten er auka med 54,9 mill. kr., til 137, 881 mill. kr.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 140 mill. kroner. mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII. Dette er ei auke på 68,6 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008.

Det blir elles vist til nærare omtale av skogvernarbeidet under resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

Post 49 Statlege tileigningar, kjøp av forsvarrets eiendommer, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 4 Friluftsliv.

Det vart i St.prp. nr. 65 (2004-2005) og i St.prp. nr. 66 (2005-2006) løyvd midlar til kjøp av avhenda forsvarseigedommar for friluftslivsformål. Gjennomføringa av kjøpa har i hovudsak gått som planlagt og til føresett pris. Ein liten del saker har teke lengre tid å gjennomføre. Løyvingane knytte til disse sakene har i mellomtida gått tilbake til statskassen grunna toårsregelen om høvet til å overføre ubrukte beløp. I forbindelse med RNB 2008, jf. St.prp. nr. 59 (2007-2008), vart det derfor løyvd på nytt 3,8 mill. kroner. Løyvingsforslaget for 2009 på 0,9 mill. kroner er knytt til dei siste utbetalingane for kjøp av forsvarseigedommar.

Post 60 Tilskot til lokalt utviklingsfond

Tilskotsordninga under denne posten rettar seg mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde.

I samband med regjeringas avgjerd om utvida vern i Trillemarka-Rollagsfjell blir det etablert eit felles utviklingsfond for dei tre kommunane Rollag, Sigdal og Nore og Uvdal på 30 mill. kroner. Det legges opp til at løyvinga fordelast over fem år med eit årleg beløp på 6 mill. kroner. Fondet skal bli forvalta av eit styre samansatt av dei tre kommunenes ordførere og to representantar oppnemnd av Innovasjon Norge i Buskerud.

På denne bakgrunn gjer ein framlegg om ei løyving på 6 mill. kroner under ny post 60 Tilskot til lokalt utviklingsfond.

Post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområda 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar, men er elles sterkt relaterte til underområde 4 Fri-luftsliv og resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på naturmangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte trugsmål. Vidare skal tilskotsordninga nyttast til å avdekkje behov for nye tiltak eller gi grunnlag for innsats som kan redusere behovet for kalking i Noreg. Kalkingsverksemda har i dei seinaste åra hatt eit nivå på om lag 3 000 lokale prosjekt og 24 elvekalkingsprosjekt.

Tilførsla av sur nedbør har blitt sterkt redusert dei seinaste åra, men enno er om lag 10 pst. av arealet i Noreg forsuringsskadd. Dersom alle avtalte reduksjonar i luftutslepp blir oppfylte vil om lag 7 pst. av landet vere påverka i 2010, og etter dette og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen. Denne avtala er under revisjon.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er at ein oppnår god vasskvalitet i dei områda som blir kalka.

Tildelingskriterium

Det kan bli gitt tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsuring er overskriden. I tillegg vil bl.a. førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsuring bli vurdert ved prioritering av prosjekt. Prosjekt som er inkluderte i forslag til nasjonal handlingsplan for kalking for perioden 2004-2010, og/elles fylkesvise planar for kalkingsverksemda blir prioriterte. Tilskot kan bl.a. bli gitt til kjøp, transport og spreieing av kalk og nødvendige installasjonar. Det blir gitt tilskot til tiltak innan fiskekultivering og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag og til utprøving av kalking og alternative tiltak i terrenget. Posten dekkjer dessutan informasjon om effektar av utførte tiltak og vegleieing om kalking i vatn og vassdrag. Delar av tilskotsordninga er bundne i langsiktige tiltak.

Tilskotsmottakarar er organiserte lag som jeger- og fiskarforeiningar, fiskarlag, grunneigarlag o.l., og kommunar.

Ved tildeling av midlar skal det stillast vilkår om at fiske i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid, kultiveringstiltak o.a.

Tilskotsordninga blir forvalta dels av Direktoratet for naturforvaltning og dels av fylkesmennene.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i dei kalka vassdraga. Resultata er positive. Fiskebestandar er reetablerte og naturmangfaldet er sikra gjennom kalking. På Sørlandet har laksefisket hatt ei svært positiv utvikling i dei kalka elvane, og denne regionen er igjen blitt viktig for norsk villaks.

Post 71 Forvaltningstiltak i verdsarvområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde, men omfattar i tillegg resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne. Frå posten blir det gitt tilskot til arbeidet for norske verdsarvområde med viktige naturverdiar. Midlane må sjåast i samanheng med midlar til dei norske verdsarvområda under kap. 1429 post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Vegaøyane vart tekne inn på UNESCOs verdsarvliste i 2004. Det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart ført på lista i 2005.

Det er stort behov for forvaltningstiltak som kan oppretthalde dei verdiane som ligg til grunn for utpeikinga som verdsarvområde. Det er oppretta ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for å sikre ein samordna og målretta bruk av statlege verkemiddel inn mot dei viktigaste utfordringane i verdsarvområda slik dei kjem fram i ein tiltaksplan kommunane har utarbeidd.

Løyvinga vert auka med 2 mill kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde med viktige naturverdiar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus.

Tildelingskriterium

Midlane til verdsarvområde skal gå til å følgje opp forvaltninga av slike område i Noreg som har viktige naturverdiar. Mottakarar er i hovudsak organisasjonar som arbeider med oppfølging av verdsarvområda.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, *overslagsløyving*

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
72.1	Erstatning for husdyr	123 234	74 983	77 293
72.2	Erstatning for tamrein		28 912	39 602
	Sum post 72	123 234	103 895	116 895

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Posten omfattar erstatningar for dokumenterte og udokumenterte tap av husdyr og tamrein som følgje av rovdyrangrep. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving. Posten er auka med 13 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008. Dette er gjort på bakgrunn av tal frå erstatningsutbetalingane for 2007.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltsskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i viltlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med forskrift fastsett i medhald av lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet, § 12 a. Ein viser til «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 2. juli 1999 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjonen av skadane er betra etter kvart som innsatsen

med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp. Det er Statens naturoppsyn som gjennomfører skadedokumentasjonen.

Post 73 Førebyggjande og konfliktdepande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast

Midlane er retta mot resultatområde 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdepande tiltak i rovviltforvaltninga. For å redusere tap av husdyr og tamrein til rovdyr, og for å dempe konfliktnivået, blir arbeidet styrkt med 40 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2008. Arbeidet med førebyggjande og konfliktdepande tiltak vart av same årsak styrkt med 20 mill. kroner i samband med RNB 2008. Prioriteringane som vart gjort i samband med RNB 2008 er vidareførte i budsjettet for 2009. Sikrere og meir presis kunnskap om blant anna bestandsstorleik, områdebruk, talet på ynglingar og tap av beitedyr til rovdyr er avgjerande for å redusere konfliktnivået i rovdyrforvaltninga. Av auken på 40 mill. kroner er derfor 6 mill. kroner lagt på kap. 1410 post 21, slik at datakonflikten kan dempast ytterlegare. I tillegg er 4 mill. kroner foreslått avsett til styrking av rovviltkontaktnettet under Statens naturoppsyn, jf. kap. 1426 post 01. Dette er grunnlagt med at oppdragsmengde og skjerpa krav til oppdragsgjennomføring har auka både når det gjeld skadedokumentasjon, bestandsregistreringsoppdrag og bistand i fellingsoppdrag. Til kap. 1427 post 21 er det omdisponert 0,5 mill. kroner for å sikre vidareføring av samisk kompetanse innan rovviltarbeidet hos fylkesmannen i Finnmark.

Post 73 blir auka med 29,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2008. Av desse er det sett av 2 mill. kroner til prøveordninga med kompensasjon for tapt arbeidsforteneste ved forsøk på skadefelling av rovdyr.

Midlane på posten kan nyttast til utviklingsarbeid med klar relevans til målet med posten.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Vidare skal midlane medverke til å dempe konflikthar knytte til rovdyr i lokalsamfunn.

For 2009 vil det bli lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdepanding med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikthar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane gjennom iverksetjing av effektive førebyggjande og konfliktdepande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak blir fordelte etter eit eige regelverk. Det er utarbeidd ei eiga nettside for bl.a. å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdepande tiltaka meir tilgjengelege for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanaliserte gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdepande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber bl.a. at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltningsorgana, mellom anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidde.

Post 74 Tilskot til friluftslivstiltak, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 4 Friluftsliv. Midlane skal nyttast til arbeid med og konkrete tiltak til fremje av friluftslivet som utgangspunkt for gode helsevanar og

miljøhaldningar. Innsatsen vil i første rekkje rettast inn mot barn, unge, funksjonshemma og etniske minoritetar. Løyvinga vert auka med 3 mill kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringsstiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, med vekt på å styrkje allmenta sine interesser. Posten skal og bidra til drifta av dei regionale nettverka Forum for natur og friluftsliv (FNF).

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv, sjå tabell 6.1.

Tildelingskriterium

I 2009 skal det gjennomførast eit nytt kulturminneår. Tiltak som bidrar til å fremje målsetjinga med kulturminneåret eller å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminnevern, vil ha høg prioritet. Utover dette vil tiltak som følgjer opp «Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009» og rapporten «Friluftsliv for funksjonshemma» også i 2009 vere særleg aktuelle for tildeling av stimuleringsmidlar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporter.

Post 75 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområde 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda som igjen står i nær relasjon til arbeidsmål under resultatområde 1 Bevaring av naturens mangfald og friluftsliv.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturens mangfald og berekraftig bruk av naturens ressursar, og å gjere Direktoratet for naturforvaltning og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimelig grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Direktoratet for naturforvaltning og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUOPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)

Posten skal dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske laksevernorganisasjonen North Atlantic Salmon Conservation Organisation (NASCO). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Direktoratet for naturforvaltning kan ha av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Direktoratet for naturforvaltning på møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta

avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Post 76 Tilskot til informasjons- og kompetansesentra, kan overførast

Tilskotsordninga er hovudsakelig retta mot resultatområde 1, underområde 2 Berekraftig bruk og vern av arter, bestandar og genressursar, og skal i hovudsak gå til drift av dei to informasjons- og kompetansesentra for villrein; eitt på Skinnarbu i Tinn kommune og eitt på Hjerkin i Dovre kommune. Driftsutgifter knytte til dei statlege naturvegeliarstillingane ved sentra blir dekte over kap. 1426 post 01. Posten dekkjer også tilskot til stiftelsen Kunnskapssenter for laks og vassmiljø i Nam-sos. Løyvinga vert auka med 1 mill kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av to informasjons- og kompetansesentra for villrein. Informasjons- og kompetansesentra sin hovudfunksjon er å formidle kunnskap om villrein, dei livsvilkåra den har, krav til leveområde mv., og på denne måten medverke til ei god forvaltning av villreinen i Noreg. Midlane må sjåast i samanheng med midlar under kap. 1426 Statens naturoppsyn, post 01 Driftsutgifter til lønn og drift for statleg naturvegeliarpersonell som arbeider ved desse sentra.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for informasjons- og kompetansesentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til forprosjektering og etableringskostnader, drift, informasjonsformidling og kompetanseutvikling ved sentra.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmaterieil som det er gitt støtte til.

Post 77 Tilskot til nasjonalparksentra, kan overførast

Tilskotsordninga for nasjonalparksentra er i hovudsak retta mot resultatområda 1, underområde 1 Berekraftig bruk og vern av leveområde, men er nært knytte til underområde 2 Berekraftig bruk av vern av arter, bestandar og genressursar og underområde 4 Friluftsliv. Løyvinga vil bli brukt til å sikre vidare utvikling og drift av desse. Nasjonalparksenter er viktige i arbeidet med å gi informasjon og rettleiing til dei som besøker nasjonalparkane, og dessutan for å spreie kunnskap og engasjement for norsk natur og friluftsliv generelt.

Løyvinga vert auka med 4 mil kroner.

Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt knytt til nasjonalparksenter på 2 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak VI.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av nasjonalparksenter ved eksisterande og framtidige nasjonalparker, jf. omtale under resultatområde 1. Nasjonalparksentra sin hovudfunksjon er å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar og medverke til ei god forvaltning av nasjonalparkane. Nasjonalparksenter er viktige i arbeidet med å gi informasjon og rettleiing til dei som besøker nasjonalparkane. Det vart i 2005 utarbeidd ein revidert strategi for statleg medverknad i nasjonalparksenter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for nasjonalparksentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar i samsvar med «Policy og retningslinjer for miljøforvaltningens samarbeid med nasjonalparksentrene» (Rapport 2005-1).

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til forprosjektering og etableringskostnader ved nasjonalparksenter og tiltak innan informasjonsformidling og kompetanseutvikling ved eksisterande senter, under dette driftstilskot.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det

blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmaterieil som det er gitt støtte til.

Post 78 Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1, underområde 4 Friluftsliv. Friluftsrådas Landsforbund (FL) er ein paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. FL vart oppretta i 1986, er i jamn vekst, og har i dag 19 tilslutta interkommunale friluftsråd som til saman dekkjer 170 kommunar med opp mot 2/3 av befolkninga i landet. Løyvinga vert auka med 1 mill kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmentas interesser for og deltaking i friluftslivet gjennom det arbeidet som skjer i dei interkommunale friluftsråda.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir m.a. vurdert ut frå oppnådde resultat i dei interkommunale friluftsrådas arbeid med sikring, opparbeiding og skjøtsel av friluftsområde og tal på deltakarar i aktivitetsfremjande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga har to formål. For det første skal ordninga gi grunnstøtte til FL (jf. at andre miljøvernorganisasjonar får grunnstøtte over kap. 1400 post 70) og dei interkommunale friluftsråda. Vidare er den retta mot praktiske friluftslivstiltak i

deira regi. FL står for organisering av arbeidet med sikring, tilrettelegging og skjøtsel av friluftslivsområde på vegne av det offentlege.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar skjer ved gjennomgang av rapportar som blir leverte til fastsette tidspunkt. Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med Friluftsrådas Landsforbund.

Post 79 Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg

I samband med opprettinga av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vedtok Stortinget at enkelte nasjonale laksefjordar skal vere oppdrettsfrie innan 2011, jf. Innst. S. nr. 134 (2002-2003). Stortinget vedtok at det skal bli gitt «rimelig kompensasjon» for verksemdar som må flytte ut av nasjonale laksefjordar som følgje av vedtaket. Dette gjeld tre oppdrettsanlegg.

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av St.prp. nr. 65 (2004-2005) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005, jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005), at Miljøverndepartementet kan gi tilsegn om å dekkje dokumenterte flyttekostnader for oppdrettsanlegga innafor ei total ramme på 6,75 mill. kroner, dvs. inntil 2,25 mill. kroner pr. anlegg, jf. forslag til vedtak VII. I samsvar med Stortingets vedtak vil ingen oppdrettsanlegg bli pålagt å flytte før 1. mars 2011. Vel nokon av oppdrettsanlegga å flytte i 2009, vil Regjeringa kome tilbake med forslag om løyving til eventuell utbetaling i 2009.

Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Ymse inntekter	5 930	7 587	7 221
09	Internasjonale oppdrag	5 608	4 763	4 973
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak		7	

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 568		
18	Refusjon av sjukepengar	1 137		
40	Inntekter frå sal av makeskifteareal	334		
54	Gebyr	2 631	2 900	3 074
	Sum kap. 4427	17 215	15 250	15 268

Post 01 Ymse inntekter

Hovuddelen av inntektene på denne posten består i refusjon frå kap. 1425 til dekning av direktoratets utgifter over kap. 1427 post 01 til forvaltning av tilskotspostane på kap. 1425 og fondsforvaltninga av Viltfondet og Statens fiskefond med 4,5 mill. kroner. Dette er i samsvar med ein fleirårig praksis. På posten er det budsjettert med enkelte andre oppdragsinntekter, inntekter frå sal av rapportar utarbeidde av Direktoratet for naturforvaltning, og enkelte andre produkt. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte under kap. 1427 post 01 Driftsutgifter. Løyvinga er noko redusert i tråd med regnskapstala dei siste åra.

Løyvinga under kap. 1427 post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til verksemd tilknytt bl.a. miljødirektoratas avtale med Norad i samband med miljøretta bistand, samarbeid med institusjonar i utviklingsland og bilateralt miljørarbeid med Russland. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte på kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter. Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka med 210 000 kroner i tråd med venta inntekter.

Post 54 Gebyr

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, og til utgifter i samband med merkjepliktig vilt.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr. Gebyret vart sist gang endra i 2006, og ein gjer framlegg om å prisjustere gebyret med 15 kroner, slik at gebyret for 2009 blir 265 kroner. Dette vil gi ein venta inntektsvekst på 174 000 kroner som posten er auka med. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter til å drive eksamensordninga.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om ivaretaking av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret er sett til 400 kroner pr. individ. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ivareta informasjon om individ, og til å gjennomføre kostnadsfri ettermerking for allereie preparerte individ. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1427 post 21.

Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2009 på om lag 647,9 mill. kroner. Dette er ein auke på 49,1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2008, når vi korrigerer for den eittårige løyvinga til fondskapital i Kulturminnefondet på 200 mill. kroner. Satsinga på kulturminneområdet er i samsvar med intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner som legg vekt på å sikre at mangfaldet av viktige kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt og at potensialet som kulturarven representerer, blir teke meir aktivt i bruk. Satsinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og bevaringsverdige kultur-

minne og kulturmiljø, og midlar til verdiskapingsprogrammet. Regjeringa har peika ut 2009 som kulturminneår. Det er sett av 10 mill. kroner til formålet i 2009. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Miljøverndepartementet og Kultur- og kyrkje-departementet. Norges kulturvernforbund har fått hovudansvaret for gjennomføringa av året. Sentrale samarbeidspartnarar er Riksantikvaren, museum, kommunar og fylkeskommunar, arkiv og bibliotek og eit stort tal frivillige i organisasjonar under Norges kulturvernforbund. Alle statlege sektorar skal markere kulturminneåret, bl.a. gjennom å vise resultat av arbeidet med sektorvise verneplanar knytte til prosjektet Statens kulturhistoriske eiendommer (SKE).

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1429	Riksantikvaren	317 761	355 146	404 260	13,8
1432	Norsk kulturminnefond	236 659	43 680	243 680	457,9
	Sum kategori 12.30	554 420	398 826	647 940	62,5

Kap. 1429 Riksantikvaren

		(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	
01	Driftsutgifter		92 338	92 634	99 258
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 72 og 73</i>		59 761	22 425	26 915
50	Tilskot til Samisk kulturminnearbeid		2 000	3 000	3 000
72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		115 192	172 130	195 130
73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		8 819	11 953	11 953

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
74	Fartøyvern, <i>kan overførast</i>	30 164	32 004	42 004
75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	1 087	1 100	1 100
77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	8 400	13 400	18 400
78	Tilskot til beslutningsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under post 21</i>		6 500	6 500
Sum kap. 1429		317 761	355 146	404 260

Rolle og oppgaver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Miljøverndepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementets arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel er særleg knytte til gjennomføring av ti bevaringsprogram for nasjonalt viktige kulturminne. Riksantikvaren skal stimulere eigarar og næringsliv til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøver mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet til fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard som regionale styresmakter for kulturminne. Gjennom tilretteleggings- og stimuleringsiltak skal det medverkast til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivnader. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer òg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt/utgreingar. Kostnader

til drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga er òg dekt her. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til deltaking i kompetansenettverket for miljøretta bistand og anna oppdragsverksemd. Dei tilsvarande inntektene blir førte under kap. 4429 respektive post 02 og 09. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under dei to nemnde inntektspostane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Posten er foreslått auka med 6,6 mill. kroner i 2009. Dei auka midlane skal bl.a. gå til høgt prioriterte tiltak for å sikre eigarane av freda kulturminne betre rammevilkår. Posten skal òg dekkje auka lønnskostnader bl.a. i forbindelse med behandling av dei sektorvise landsvernplanane innafor prosjektet Statens kulturhistoriske eiendommer, ta stilling til kva bygningar og anlegg som skal fredast og gjennomføre fredingar.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under postane 72 og 73

Posten dekkjer kostnader ved tiltak som gjeld høgt prioriterte freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, bl.a. når Riksantikvaren står som tiltakshavar i spesielt prioriterte prosjekt. Midlane på post 21 må sjåast i samheng med midlane som er budsjetterte under tilskotspostane 72 og 73.

Midlane skal bl.a. gå til kjøp av eksterne tenester for planlegging og gjennomføring av Kulturminneåret 2009. Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehald- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigaransvar for. I tillegg dekkjer posten utvikling og drift av kulturminnedatabasen. Kulturminnedatabasen er avgjerande for å sikre god informasjon om kulturminneverdiar til bl.a. forvaltning, lokalsamfunn, eigarar og andre interesserte. Vidare skal posten brukast til å leggje til rette for istandsetjing av freda bygningar og arbeidet med å etablere publi-

kumsutgåva av Askeladden og arbeidet med landsverneplanar, under dette å ta stilling til kva slag bygningar og anlegg som skal fredast.

Posten er auka med 4,4 mill. kroner. Auken skal bl.a. dekkje etablering av eit kulturhistorisk kunnskapsnettverk for å gjere tradisjonelle handverkar tenester og produkt lettare tilgjengelege for eigarar av freda og verneverdige kulturminne.

Post 50 Tilskot til Samisk kulturminnearbeid

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyna i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane skal i hovudsak nyttast til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid og til skjøtsel, og blir stilte til disposisjon for Sametinget.

Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast, kan nyttast under post 21

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
72.1	Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak	115 192	10 500	10 500
72.2	Vern og sikring av freda bygningar og anlegg		51 867	51 867
72.3	Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen		26 757	29 757
72.4	Kystkultur		14 700	14 700
72.5	Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap		3 280	3 280
72.6	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne		10 308	10 308
72.7	Fartøyvernsentra		3 550	6 550
72.8	Tekniske og industrielle kulturminne		18 202	27 202
72.9	World Heritage List, nasjonale oppgåver		32 966	40 966
	Sum post 72	115 192	172 130	195 130

I medhald av St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner skal rammevilkåra for dei private eigarane av freda kulturminne bli betre. Alle tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne. Posten blir nytta til tiltak knytte til forvaltning og sikring av freda og verneverdige kulturminne, kulturmiljø, og verdifulle landskap. Dette skjer gjennom direkte tilskot til vedlikehald og istandsetjing av kulturminne som i hovudsak er eigde eller forvalta av private.

Ved større tiltak er det ofte føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunane står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Tiltaket kjem i desse tilfella eigarane/forvaltarane til gode, men kostnadene blir rekneskapsførte som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under denne posten.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre

retningslinjer frå Riksantikvaren eller fylkeskommunane.

Tilskotsmidlane blir fordelte etter søknad eller prioriterte program.

Ein stor del av løyvinga blir fordelt via fylkeskommunane. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren og fylkeskommunane utføre ei samla fagleg vurdering av den kulturhistoriske verdien og betydninga som tiltaka har i forhold til målet for tilskotsordninga. Det skal leggjast stor vekt på at tilskota medverkar effektivt til progresjon i arbeidet med å sikre ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.

Riksantikvaren kan sjølv òg prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt fastsette av Regjeringa.

Det er foreslått ei tilsegnsmakt under posten på 35 mill. kroner jf. forslag til vedtak VI.

Underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak

Staten skal dekkje ein større del av utgifter til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre, private tiltak.

Målgruppa er private tiltakshavarar.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege forpliktingane i § 10 i kulturminnelova og gi heil eller delvis dekning av utgifter som følgjer av pålegg om særskilt gransking av automatisk freda kulturminne eller til særskilte tiltak for å verne dei.

Tildelingskriterium

Tilskot skal givast til heil eller delvis dekning av utgifter i samsvar med kulturminnelovas § 10 og utfyllande retningslinjer.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging av tiltaket skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskap.

Underpost 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg

Staten skal dekkje ein større del av meirutgiftene i samband med antikvarisk sikring og istandsetjing av freda kulturminne og kulturmiljø. For å sikre kostnadseffektiv gjennomføring er det nødvendig å prioritere tiltaka. Midlane skal nyttast til gjennomføring av bevaringsprogrammet for freda kulturminne i privat eige.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av freda bygningar og anlegg.

Posten må sjåast i samanheng med Kulturminnefondet, kap. 1432, post 50 til disposisjon for kulturminnetiltak. Kulturminnefondets midlar skal òg brukast til freda kulturminne. Iflg. fondets forskrifter skal minst 1/3 av avkastninga brukast til dette formålet.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege forpliktingane i § 15a i kulturminnelova ved å gi heilt eller delvis vederlag til eigarar for fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og å dekkje utgifter til andre sikrings- og restaureringstiltak på freda bygningar og anlegg, og sikre at freda bygningar har eit normalt vedlikehaldsnivå.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til å dekkje fordyrande vilkår sett ut frå antikvariske omsyn, jf. § 15 i kulturminnelova og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar jf. § 17 i kulturminnelova.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring av freda bygningar og anlegg som forfell, og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Underpost 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen

Posten dekkjer arbeidet i to bevaringsprogram; bevaringsprogrammet for stavkyrkjene og bevaringsprogrammet for ruinane. Satsinga på desse nasjonalt viktige og prioriterte kulturminna, som istandsetjing av stavkyrkjene, verdifull kyrkjekunst i desse og ruinane, blir ført vidare. Underposten er auka med 3 mill. kroner i forhold til 2008. Auken skal gå til å styrkje ruinprogrammet.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda kulturminne frå mellomalderen og nasjonalt viktige ruinar.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tiltak på mellomalderbygningar og anlegg som er automatisk freda etter kulturminnelova, under dette tilskot til tiltak innafor eit fleirårig stavkyrkjeprogram for å setje stavkyrkjene i bygningsmessig god stand og til sikring og konservering av den verdifulle kyrkjekunsten i desse kyrkjene. Midlane dekkjer òg tilskot til tiltak innafor eit fleirårig ruinprogram for å sikre nasjonalt viktige ruinar, og tilskot til andre viktige sikrings- og restaureringstiltak.

Tilskota skal fordelast på grunnlag av same overordna strategi som omtalt under underpost 72.2.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og slutt-rapport frå tilskotsmottakaren. I enkelte tilfelle skjer det òg ved kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

Underpost 72.4 Kystkultur

I arbeidet med kystkulturen skal det leggjast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive bustader og gode lokal-samfunn.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar av freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne langs kysten.

I startfasen er det er nødvendig å gjere ei prioritering av omfattande og samansette istand-setjingstiltak.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til sikring og istandsetjing av freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. Bygningar og anlegg som forfell skal sikrast mellombels.

Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografisk dokumentasjon frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen, for å sjå til at kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

Underpost 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å ta vare på dei freda kulturmiljøa: Havråtunet i Hordaland, områda omkring Utstein kloster i Rogaland, Skoltebyen Neiden i Finnmark, Kongsberg Sølververk i Buskerud, Sogndalstrand i Rogaland, Birkelunden i Oslo. Det kan òg givast tilskot til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Dei freda kulturmiljøa skal prioriterast ved tilde-ling av tilskot.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskap. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen og Sametinget.

Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Posten blir nytta til arbeidet med bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre arkeologiske kulturminne, under dette arkeologiske kulturminne under vatn. Midlane blir i hovudsak nytta til oppfølging av Bergkunstprosjektet og eit tiårig prosjekt for skjøtsel og restaurering av eit utval arkeologiske kulturminne av nasjonal verdi.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tilskot til prosjekt der det er stort lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til kulturminna.

Tilskot kan bl.a. givast til sikring, skjøtsel, restaurering og formidling, under dette tiltak som gir auka tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging av tiltaket skjer ved kontroll av om tiltak blir gjennomførte i samsvar med faglege krite-

rium for tilskotet. Vidare ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren.

Underpost 72.7 Fartøyvernentra

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til at dei tre utvalde fartøyvernentra: Nordnorsk fartøyvernenter og båtmuseum, Hardanger fartøyvernenter og Bredalsholmen Dokk- og Fartøyvernenter kan fungere som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av fartøy. Tilskot skal medverke til at fartøyvernentra òg kan ivareta fellestenester knytte til dokumentasjon og forskning, fagleg rådgiving og liknande drift og oppgradering. Posten er auka med 3 mill. kroner, som er nesten ei dobling i forhold til 2008. Auken skal setje fartøyvernentra betre i stand til å bidra til langsiktig ivaretaking av fartøya, i samsvar med Soria Moria-erklæringa.

Tildelingskriterium

Tilskot kan givast som driftstilskot for å dekkje sentra sine utgifter til forskning og dokumentasjon. Noko av tilskotsmidlane kan nyttast til investeringar i anlegga.

Oppfølging og kontroll

Generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernentra.

Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Midlane skal gå til arbeidet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. I samarbeid med eigarane skal det utarbeidast strategiar for å fullføre arbeida med å setje i stand dei ti prioriterte tekniske og industrielle kulturminna.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar av dei ti utvalte anlegga.

Underposten er auka med 9 mill. kroner som skal brukast til å forsere framdriften i arbeidet. Tyssedal kraftanlegg, Klevfoss Cellulose- & Papirfabrikk og Sjølingstad Uldvarefabrikk har no ønskt bevaringstilstand, men det vil framleis vere behov for tilskot til fortløpande vedlikehald på desse. Anlegg som ligg nærast an til å få ønskt bevaringstilstand er Kistefos Museet, Neptun sildoljefabrikk og eventuelt Nes Jernverk. Arbeidet med desse vil bli prioritert i 2009.

Mål

Tilskotsordninga skal i første rekkje medverke til å setje i stand og sikre forvaltning, drift og vedlikehald av følgjande ti tekniske og industrielle anlegg som er valte ut for spesiell oppfølging:

- Fetsund lenser/Fetsund lensemuseum
- Sjølingstad Uldvarefabrikk
- Klevfoss Cellulose- & Papirfabrikk
- Nes Jernverksmuseum
- Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum (Tyssedal kraftanlegg)
- Norsk Fiskeriindustrimuseum/Neptun sildoljefabrikk
- Spillum Dampsag & Høvleri
- Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter
- Follidal gruver
- Kistefos Museet

Tildelingskriterium

Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med å setje i stand dei respektive anlegga skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det vil bli lagt vekt på at denne typen kulturminne skal kunne gi grunnlag for verdiskaping gjennom ny bruk.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Vidare gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen. Vidare blir det kontrollert at drifta ved anlegget går føre seg etter formålet. Dette skjer bl.a. ved at Riksantikvaren kontrollerer revidert årsrekneskap og årsmelding og rapportar/uttaler frå fylkeskommunane.

Underpost 72.9 Verdsarvlista, nasjonale oppgåver

Posten er nytta til arbeidet med bevaringsprogrammet for verdsarven. Dei norske verdsarvområda skal forvaltast på ein god måte og kulturminna skal vere formelt verna gjennom lovverket.

Underposten er auka med 8 mill. kroner i forhold til 2008. 5 mill. kroner av auken skal gå til istandsetjing og sikring av Bryggen i Bergen. Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av verdsarvområda.

Arbeidet med å følge opp Unescos retningslinjer for å ta vare på kultur- og naturarv i verda er eit høgt prioritert område.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske områda på Unescos liste over verdas kultur- og naturarv. Desse områda er: Bergstaden Røros, Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje, Helleristningene i Alta, Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap. I tillegg inngår meridianstøtta i Hammerfest og tre andre punkt i Struves meridian, som er det første teknisk-vitskapelege kulturminnet på verdsarvlista.

Tildelingskriterium

Tilskot skal givast til tiltak for å sikre og setje dei norske områda i stand i tråd med forpliktingane som følgjer av Unescos verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco. Tilskot kan òg givast til tiltak som gir betre tilgjenge og som bidreg til å avgrense slitasje.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar som blir gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og slutt-rapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 73 Brannsikring og beredskapstiltak, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten er nytta til arbeidet med bevaringsprogrammet for brannsikring av historisk trehusbusetnad. Tilskotsordninga under posten rettar seg mot resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av utvalte kulturminne og kulturmiljø.

Ved større tiltak er det ofte føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunane står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Tiltaket kjem i desse tilfella eigarane/forvaltarane til gode, men kostnadene blir rekneskapsførte som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under denne posten.

Mål

Tilskotsordninga skal sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot brann og andre ulykker.

Tildelingskriterium

Midlane under posten blir nytta til tilskot til drift, vedlikehald og oppgradering av sikringsanlegg ved dei 28 stavkyrkjene, til å etablere sikring eller drift av sikringsanlegg i utvalde kulturminne og kulturmiljø, under dette Bergstaden Røros, og til førebbyggjande brannsikring av utvalde tette trehusmiljø.

Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og slutt-rapport frå tilskotsmottakar. På stadenkontroll frå Riksantikvaren kan òg vere aktuelt, under dette kontroll av om sikringstiltak, sikringsarbeid eller drift av sikringstiltak er gjennomførte på eit fagleg akseptabelt nivå.

Post 74 Fartøyvern, kan overførast

Tilskotsordninga under posten rettar seg mot resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne. Posten er nytta til arbeidet med bevaringsprogrammet for fartøy.

Fartøyvernet genererer viktige verdiar for eigarar, brukarar og lokalsamfunn langs kysten. I tråd med Soria Moria-erklæringa har posten fått eit betydeleg løft. Det er sett av 10 mill. kroner meir til dette formålet samanlikna med 2008. Auken må sjåast i samanheng med utarbeidinga av ein ny fartøyvernplan som skal vere ferdig i 2009. Planen vil vere retningsgivande for den framtidige ressursbruken i fartøyvernet.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid på freda fartøy og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: prosjekt som har potensial for stort lokalt engasjement, og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til fartøyet, tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

I startfasen av omfattande og samansette istandsetjingstiltak skal det skje ei god planlegging og prioritering av tiltaka, for å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring.

Tilskotsmidlane blir i hovudsak fordelte etter søknad. Målgruppa er eigarar eller forvaltarar av slike fartøy.

Riksantikvaren kan òg sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen for å sjå til at kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overførast

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 5 Internasjonalt miljøsamorbeid og miljø i nord- og polarområda.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelerorganisasjonar innan fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av kulturminne i tre.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til faglege samarbeidsprosjekt med andre land i samsvar med

norske politiske og fagpolitiske prioriteringar. Det blir òg gitt tilskot til medlemsavgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid, under dette det norskrussiske miljøvernssamarbeid under den bilaterale miljøvernavtala.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølginga av spesielle prosjekt skjer gjennom referansearbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet. Kontrollen skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane.

Post 77 Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, kan overførast, kan nyttast under post 21

Verdiskapingsprogrammet skal stimulere til at ressursane som ligg i kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling. Posten er auka med 5 mill. kroner i forhold til 2008 og skal brukast til å sikre vidareføring av dei gode resultatata som er skapte innafor programmet.

Samarbeidet med Norsk kulturminnefond skal førast vidare. Det blir øyremerkt 10 mill. kroner frå kap. 1432 Norsk kulturminnefond, post 50 til gjennomføring av programmet, som vil ha ei totalramme på 28,4 mill. kroner.

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 2 kulturminne og kulturmiljø.

Mål

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet skal stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og næringsliv. Det skal utviklast modellar for samarbeid mellom eigarar, rettshavarar, næringslivet, offentlege aktørar, museum og frivillige organisasjonar. Det skal vidare utviklast kunnskap om korleis berekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø fremjar næringsutvikling og styrkjer lokalsamfunn og regionar.

Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete tiltak knytte til verdiskaping med utgangspunkt i

kulturminne og kulturmiljø og til kunnskapsoppbygging og formidling.

I den første fasen (2006-2010) kan det givast tilskot til dei pilotprosjekta som er valte ut innafør ulike geografiske område. Prosjekta kan vare i fire år. Ved tildeling av midlar skal det leggjast vekt på at prosjekta samla sett representerer kulturelt mangfald og geografisk spreining. Prosjekta skal ha eit vesentleg potensial for verdiskaping – økonomisk, sosialt, kulturelt og miljømessig.

Det blir prioritert prosjekt som inngår i ein lokal eller regional strategi for verdiskaping og innovasjon, der ulike offentlege og private verkemiddel blir sett i samanheng. Prosjekta skal ha ein overføringsverdi, slik at kunnskap om korleis kulturarven kan medverke til verdiskaping blir bygd opp og spreidd.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av fortløpande kontakt med prosjekta og gjennom at Riksantikvaren er observatør i prosjektas styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar.

Kap. 4429 Riksantikvaren

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Refusjonar og diverse inntekter	4 161	3 538	3 694
09	Internasjonale oppdrag	3 156	1 307	1 365
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	624		
18	Refusjon av sjukepengar	1 441		
	Sum kap. 4429	9 382	4 845	5 059

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar mv., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det òg budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 78 Tilskot til avgjerdsgrunnlag for utøving av mynde innan arkeologi

Tilskotsordninga under posten rettar seg mot resultatområde 2 Bevaring og bruk av kulturminne. Målgruppa er forvaltningsinstitusjonar med ansvar for arkeologiske kulturminne etter gjeldande forskrifter.

Midlane skal dekkje nødvendig fagleg assistanse i forvaltningssaker til fylkeskommunane og Sametinget, utgifter til utgraving og anna sikringsarbeid, og bistand i kulturminnekriminalitetssaker ved dei 5 arkeologiske landsdelsmusea og dei 5 sjøfartsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved dei 5 sjøfartsmusea. Midlane skal òg dekkje nødvendig fagleg underlagsmateriale for Riksantikvarens forvaltningsoppgåver som blir utførde av NIKU.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til ei god fagleg og føreseieleig forvaltning av arkeologiske kulturminne.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom rapportering om bruk av midlane.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta arbeid, jf. omtale under kap. 1429 post 01. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	36 659	43 680	43 680
90	Fondskapital	200 000		200 000
	Sum kap. 1432	236 659	43 680	243 680

Norsk kulturminnefond vart oppretta i 2002 med ein grunnkapital på 200 mill. kroner. Fondskapitalen er sidan auka til 1 mrd. kroner. Det er foreslått ein ytterlegare auke på 200 mill. kroner i 2009.

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Beløpet på posten svarer til den samla avkastninga av kapitalen i Norsk kulturminnefond som er budsjettert under kap. 4432 post 85 Avkastning frå Norsk kulturminnefond. Midlane under post 50 blir stilt til disposisjon for dei formåla og prosjekta Norsk kulturminnefond støttar opp under. Ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondet, bl.a. lønn til tilsette i sekretariatet og til administrative funksjonar, styrehonorar og reiser.

For 2009 vil avkastninga utgjere om lag 43,7 mill. kroner. Samarbeidet innafor verdiskapingsprogrammet skal førast vidare. Det er øyremerkd 10 mill. kroner til formålet i 2009, jf. kap. 1429 post 77.

Mål

Målet med fondet er å leggje til rette for auka samspel mellom offentlege og private midlar til vern og utvikling av freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø. Ordninga skal stimulere til auka verneinnsats frå eigarar og næringsliv, og til meir effektive samarbeidsformer mellom offentlege og private aktørar. Midlane frå fondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål. Fondets midlar skal gå til både freda og ikkje freda, bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø. Tildeling til freda kulturminne må aukast for å etterkomme kravet i forskriftene om at minst 1/3 av fondets avkastning skal gå til freda

kulturminne. Tildelingar frå Kulturminnefondet til freda kulturminne må sjåast i samheng med kap. 1429, post 72.2.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Tilskot blir nytta til tiltak som fører til vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø og til prosjekt som fremjar verdiskaping, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet. Prosjekt som gir synergieffektar, som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats skal prioriterast.

Kulturminnefondet skal ha auka fokus på å oppfylle føresegnene i forskriftene om freda kulturminne og kulturmiljø i 2009.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 90 Fondskapital

Fondskapitalen er på i alt 1,0 mrd. kroner. Frå og med 2009 er denne foreslått auka med 200 mill. kroner. Fondskapitalen er plassert som kontolån i Statskassa med rente tilsvarande renta på 10 års statsobligasjonslån. Avkastninga av kapitalen skal nyttast til tilskot til kulturminneformål og til forvaltning av tilskotsmidlane, jf. post 50.

Kap. 4432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
85	Avkastning frå Norsk kulturminnefond	36 659	43 680	43 680
	Sum kap. 4432	36 659	43 680	43 680

Post 85 Avkastning frå Norsk kulturminnefond

Posten gjeld avkastninga av Norsk kulturminnefond. Avkastninga skal nyttast til tilskot til kulturminnetiltak og til forvaltning av tilskotsmidlane, jf. kap. 1432 post 50. Fondsmidlane er plasserte som

kontolån i statskassa med rente tilsvarande renta på 10-års statsobligasjonslån.

Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1432 post 50, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Programkategori 12.40 Forureining

Programkategorien omfattar i hovudsak følgjande resultatområde: Resultatområde 3 Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn, Resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft og Resultatområde 7 Tverrgåande verkemiddel og oppgåver.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på omlag 632,9 mill. kroner i 2009. Dette er ein auke på ca. 7,4 mill. kroner, eller 1,2 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2008.

Miljøverndepartementet vil ha styrkt fokus på kjemikaliepolitikken, med særleg fokus på å redusere utsleppa av dei farlegaste miljøgiftene. Satsinga vart presentert i St.meld. nr. 14 (2006-2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid*. I meldinga er det presentert verkemiddel og tiltak for å stanse utslepp frå produkt, både under produksjon, bruk, og når dei blir avfall. Streng regulering av utslepp frå industri og prosessutslepp skal leggjast til grunn. Vidare vil Regjeringa styrkje kontroll og tilsyn og stimulere til ein aktiv innsats for internasjonale reguleringar på kjemikalieområdet. Det blir dessutan satsa på viktige forskings- og overvåkingsaktivitetar. Regjeringa vil òg føre vidare arbeidet med å stanse bruk av miljøgifter i produkt retta mot private forbrukarar. Det skal ryddast opp meir i forureina jord og sjøbotn. Det skal gjennomførast handlingsplanar for å rydde opp i forureina jord i barnehagar og på leikeplassar, og i forureina sjøbotn.

Det er framleis nødvendig med fokus på avfallsfeltet for å nå dei nasjonale måla, og Regjeringa vil føre vidare arbeidet med avfall og gjenvinning. Ei rekkje sentrale verkemiddel er etablerte, fornya og justerte dei siste åra. Særlege utfordringar i tida framover er knytte til avfallsførebygging, ytterlegare innsats overfor farleg avfall på avvegar, og å vurdere ytterlegare tilpassing av avfallspolitikken til klimapolitikken. Det skal vidare arbeidast for at produsentar og importørar får gode nok insentiv til å ta omsyn til produkta sine miljøeigenskapar i heile levetida, under dette i avhendingsfasen. Eksisterande verkemiddel i avfallspolitikken blir fortløpande evaluerte og eventuelt justerte slik at dei fungerer mest mogleg etter føremålet.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med gjennomføring av den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet-Lofoten og det faglege grunnlaget

for heilskaplege forvaltningsplanar for Norskehavet og Nordsjøen. Formålet med forvaltningsplanane er å etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innanfor ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanane skal leggje til rette for verdiskaping basert på ressursane i havområdet, og samtidig stille krav slik at miljøet i dei norske havområda blir sikra for kommande generasjonar.

Rammedirektivet for vatn vil effektivisere vassforvaltninga og medverke til å sikre miljøet i vassdraga og dei kystnære områda. Dette arbeidet vil gi ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning av ferskvatn, grunnvatn og kystvatn.

Regjeringa la fram St.meld. nr 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk* 25. juni 2007. Der har Regjeringa teke initiativ til ein meir offensiv klimapolitikk. Klimameldinga inneheld bl.a. langsiktige mål for klimapolitikken, sektorvise klimahandlingsplanar og sektorvise mål for dei sentrale utsleppssektorane i Noreg. Det blir lagt fram handlingsplanar for petroleum og energi, transport, industri, primærnæringer og avfall, for kommunalt klimaarbeid og for drifta av statleg sektor. Jf. nærare omtale under resultatområde 4. Regjeringa vil i 2009 føre vidare arbeidet med å overhalde Noregs forpliktingar i *Protokollen om reduksjon av forsurening, overgjødning og bakkenært ozon (Gøteborgprotokollen)*. Ei særleg viktig oppgåve blir å gjennomføre avtalen mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane om reduksjon av NO_x-utslepp. Avtalen vil bidra til at Noreg overheld forpliktinga i *Gøteborgprotokollen* om å redusere dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) til maksimalt 156 000 tonn innan 2010. Regjeringa vil òg føre vidare Noreg sin medverknad i det omfattande internasjonale samarbeidet knytt til forskning, utgreiing og kartlegging av miljøproblem som skuldast langtransportert luftforureining og arbeidet med å utvikle avtalar på dette området. I arbeidet med å revidere *Gøteborgprotokollen* vil Regjeringa leggje vekt på å utvikle ein ny effektbasert avtale, der landa tek på seg utsleppsforpliktingar som fører til at utsleppa som bidreg til overskriding av kritiske belastningsgrenser blir reduserte på ein effektiv måte. Regjeringa vil òg føre vidare

det aktive arbeidet i FNs sjøfartsorganisasjon IMO der det i 2008 vart oppnådd semje om eit strengare regelverk, bl.a. om langsiktig utfasing av tungolje

som drivstoff for skip og strengare krav til utslepp av NO_x.

Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1441	Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)	515 583	619 490	621 854	0,4
1444	Produktregisteret	16 537			
1445	Miljøvennleg skipsfart	2 000	2 000	3 000	50,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp		4 000	8 000	100,0
	Sum kategori 12.40	534 120	625 490	632 854	1,2

Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	
01	Driftsutgifter	202 919	211 195	257 376	
21	Spesielle driftsutgifter	19 506	25 195	32 195	
22	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar			13 183	
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast</i>	54 977	112 780	102 780	
73	Tilskot til biloppsamlingssystemet	34 808			
75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	159 081	216 320	166 320	
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	44 292	54 000	50 000	
	Sum kap. 1441	515 583	619 490	621 854	

Statens forureiningstilsyn skal setje i verk forureiningspolitikken og arbeide for å oppnå miljøforvaltningas miljømål. SFT skal medverke til å:

- redusere klimagassutsleppa
- redusere spreining av helse- og miljøfarlege stoff
- oppnå ei heilskapleg og økosystembasert hav- og vassforvaltning
- auke gjenvinninga og redusere utsleppa frå avfall
- redusere skadeverknadene av luftforureining og støy
- sikre tilgang til oppdatert og påliteleg miljøinformasjon

Ein viser elles til omtale under del II Miljøforvaltningas resultatområde.

Statens forureiningstilsyn utøvar følgjande roller for å medverke til å nå miljømåla:

- overvake og informere om miljøutviklinga

- utøve mynde og føre tilsyn etter forureiningslova, produktkontrolllova og klimakvotelova
- styre fylkesmennenes miljøvernavdelingar innan Statens forureiningstilsyns ansvarsområde
- utgreie og gi råd overfor Miljøverndepartementet
- gjere tydeleg dei ulike samfunnssektorane sitt ansvar for å oppfylle miljøpolitiske mål
- delta i det internasjonale miljøvernssamarbeidet og utviklingssamarbeidet på miljøområdet

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og andre driftsutgifter for Statens forureiningstilsyn. Utgiftene omfattar bl.a. husleige, reiser, internasjonalt arbeid, informasjon/formidling, kjøp av tenester, IKT-utgifter og drift av miljøinforma-

sjonssystem (for eksempel Miljøstatus i Noreg, kvoteregisteret, Produktregisteret og miljøinformasjonsbanken).

Statens forureiningstilsyn forvaltar fleire forskrifter som heimlar gebyr i samsvar med prinsippet om at forureinar skal betale. Utgiftene til forvaltning av desse ordningane er dekte over denne posten og dei tilsvarande inntektene er ført under kap. 4441, post 04. Dei aktuelle ordningane er:

- konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forureiningsforskrifta
- tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking mv. av farlege kjemikalier
- deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta
- drift av EE-registeret, i medhald av avfallsforskrifta
- forvaltning av klimavoteforskrifta
- eksport og import av avfall

Auken på posten skuldast i hovudsak ei budsjettjustering av gebyrordningane (nemnt over), der utgifter og inntekter er budsjetterte i forhold til realistisk budsjettering.

Det vart i 2008 gitt ei eingongsløyving på 3 mill. kroner i samband med flyttinga av Produktregisteret. Posten er derfor redusert tilsvarande i 2009. Det er vidareført 3,7 mill. kroner til å styrkje SFTs arbeid med oppfølging av olje- og gassverksemda, og kompetanseoppbygging på energifeltet.

Det er løyvd 5 mill. kroner til oppretting av ein nasjonal miljøprøvebank for analyse av miljøgifter i ulike typar prøvemateriale. Formålet er å kunne foreta nye analysar av prøver når betre metodar for å oppdage miljøgifter vert utvikla, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrender. Kunnskap frå materialet i ein miljøprøvebank vil blant anna danne grunnlag for tiltak mot forureining med miljøgifter, og gi dokumentasjon om spreiding av miljøgifter. Miljøprøvebanken vil òg bidra til auka utnytting av ressursar og effektivisering innanfor overvaking og forskning. Den systematiske innsamlinga av prøvematerialet vil skje frå faste stasjonar over heile landet, inkludert arktiske område og havområde utanfor norskekysten.

I forbindelse med partskonferansen på Bali i 2007, vart det sett i gang ein langsiktig prosess for samarbeid under FN's klimakonvensjon. Noreg skal her ha ei leiande rolle fram mot partsmøtet i København mot slutten av 2009 og arbeidet innan klima skal intensiverast. Posten er auka med 2,5 mill. kroner.

Det er gjort ei omdisponering mellom kap. 1441.01 og 1441.21 på 4 mill. kroner. Posten er ytterlegare styrkt med 4 mill. kroner til drift.

Posten dekkjer vidare utgifter til delar av fylkesmennene sitt arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. inntekter under kap. 4441 post 06. Inntektene blir tilbakeførte til fylka ved at SFT utstedar belastningsfullmakt på denne posten til fylkesmennene. I samband med gebyrordningane er posten styrkt med 12 mill. kroner som følgje av auke av kontroll og tilsyn hos miljøvernavdelingane i fylka. (sjå omtale kap 4441, post 06 gebyrinntekter – fylkas miljøvernavdelingar).

Posten er ytterlegare auka med 7,2 mill. kroner i samband med forvaltning av kvotesystemet, sjå nærare omtale under kap. 4441, post 07.

Posten er auka med 2 mill. kroner i samband med innføringa av gebyr for arbeid med førehandsmeldingar og utarbeiding av samtykkjer for import eller eksport av avfall. Sjø omtale under kap. 4441, post 04.

I samband med at det er i innført gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), er posten auka med 2,7 mill. kroner jf. kap. 4441, post 04.

Post 1441 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4441, postane 02 Gebyrinntekter – statleg kvotesletting (ny), 04 Gebyr, post 05 Leigeinntekter, post 06 Gebyrinntekter, fylkas miljøvernavdelingar (ny) og post 09 Internasjonale oppdrag, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten er fordelt som følgjer:

Farleg avfall – (beredskap)

Posten dekkjer utgifter Statens forureiningstilsyn kan få ved å måtte fjerne spesielle typar avfall slik som eigarlaust farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Innovasjon – miljøteknologi

Posten dekkjer utgifter til arbeid med å fremje innovasjon av miljøteknologi. Posten er styrkt med ytterlegare 3 mill. kroner og utgjer til saman 6 mill. kroner til ei eiga satsing for å fremje innovasjon av miljøteknologi.

Lokalt klimaarbeid

Regjeringa har varsla at fagkompetansen i kommunane innan natur- og miljø skal gjenreisast, jf. St.prp. nr. 1 *Tillegg nr. 1 (2005-2006)*. I Soria

Moria-erklæringa er det vidare nedfelt at kommunanes rolle som samfunnsutviklar skal styrkjast. For å styrkje kommunanes arbeid med miljø/samfunnsutvikling, samarbeider Miljøverndepartementet og Kommunanes Sentralforbund om eit femåring program om kommunenettverk for miljø og samfunnsutvikling. Klima og energi er eitt av dei tema som inngår i programmet. Det vil elles bli vurdert ytterlegare tiltak for i sterkare grad å involvere det lokale nivået i klimapolitikken. Det blir vidareført 2,0 mill. kroner til arbeidet med lokalt klimaarbeid.

Helse- og miljøfarlege kjemikalier

Midlar til arbeidet med internasjonalt kjemikaliearbeid og til særlege prosjekt som følgjer opp forslag i stortingsmeldinga om helse- og miljøfarlege kjemikalier er ført vidare med 5,5 mill. kroner. Løyvinga skal bl.a. nyttast til styrking av internasjonal regulering av miljøgifter og kartlegging av miljøgifter. Posten er ytterlegare styrkt med 3,0 mill. kroner til oppfølging av EØS/EUs nye kjemikaliereregulering REACH.

NO_x-avgift – kompensasjon

Posten vart i 2007 styrkt varig med 1,5 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje kostnader knytte til SFTs oppgåver i samband med etablering av ei NO_x-avgift, bl.a. de ulike oppgåver i samband med etablering av utsleppsfaktorar og verifisering av utslepp. Løyvinga er vidareført i 2009. Frå 2009 vil løyvinga òg dekkje kostnader knytte til SFTs oppgåver i samband med NO_x-avtala mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane.

Heilskaplege forvaltningsplanar for norske havområde

Det er vidareført 5 mill. kroner til arbeidet med heilskapleg forvaltning av norske havområde og posten er styrkt med ytterlegare 0,5 mill. kroner til dette arbeidet i 2009.

CO₂-handtering

Det er vidareført 0,5 mill. kroner til auka kapasitet og kunnskapsoppbygging om CO₂-handtering.

Norsk klimaforvaltning frem mot København i 2009

I forbindelse partskonferansen på Bali i 2007 vart det sett i gang ein langsiktig prosess for samarbeid under FN's klimakonvensjon. Noreg skal her ha ei leiande rolle fram mot partsmøtet i København

mot slutten av 2009 og arbeidet innan klima blir intensivert. SFT leier ei faggruppa på klima som mellom anna skal utarbeide underlagsmateriale for ei ny klimamelding. Posten er auka med 5 mill. kroner.

Utsleppsrekneskap – luft

Det er vidareført 2,75 mill. kroner i samband med betring av utsleppsregnskap for enkelte utslepp til luft.

Kartlegging av klimagassutslepp

Posten er styrkt med 1,5 mill. kroner til kartlegging av klimagassutslepp.

Tidsavgrensa oppdrag og utgreiingar (FoU)

Redusert med 2,0 mill. kroner til rammedirektivet i samband med initierte konsekvensjusteringar.

I tillegg dekkjer posten utgreiingar og vurderingar knytte til etatane sine saksområde. For 2008 gjeld dette i hovudsak arbeidet med helse- og miljøfarlege kjemikalier, avfall og klima (bl.a. overvaking).

Post 22 Spesielle driftsutgifter – statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar

Statens forureiningstilsyn (SFT) har på oppdrag frå Miljøverndepartementet ansvaret for ei statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar. Føremålet er å gi publikum anledning til å kjøpe og få sletta godkjente klimakvotar på ein enkel måte. Kvar kvote som blir sletta, inneber ein utsleppsreduksjon på 1 tonn CO₂. SFTs ordning kan bidra til å senke terskelen for at allmenta/publikum vil bidra til utsleppsreduksjonar gjennom kvotekjøp. På posten blir ført alle utgifter knytte til drift av ordninga. Dette gir grunnlag for eit administrasjonsgebyr som blir lagt på alle transaksjonane slik at den statlege ordninga ikkje blir konkurransevridande i forhold til andre tilbydarar.

Posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4441 post 02, jf. vedtak II nr. 1.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast

Posten er knytt til nytt resultatområde 3 Reint hav og vatn og giftfritt samfunn. Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i vatn, grunn og sediment som er forureina med farlege miljøgifter. Posten dekkjer dessutan opprydding i Vansjø og eventuelle andre vassførekomstar med samansette miljø-

problem. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i telknytning til opprydding i forureina sjøbotn og i forureina jord. Fokus vil vere oppfølging av handlingsplanene om opprydding i forureina jord og forureina jord i barnehager. Løyvinga er redusert med 10 mill. kroner i samband med budsjettforhandlingane.

Proessen med å forberede og gjennomføre oppryddingsprosjekt, særleg i sjøbotnen, er eit omfattande og tidkrevjande arbeid. Ansvarsforholda er uoversiktlege og saksområdet er fagleg komplisert. Prinsippet om at forureinar skal betale medverkar òg til at prosessen før oppryddingsarbeida kan starte blir lang. Før det er forsvarleg å fatte vedtak om kva tiltak som bør setjast i verk må det i tillegg gjennomførast grundige prosjekteringsundersøkingar inkludert gode kostnadsberekningar. For at opprydding i sjøbotnen skal gi varige forbetringar er det òg heilt avgjerande at viktige nye tilførsler av miljøgifter blir stansa før oppryddinga startar.

For mange av tiltaksplanområda vil ein først i 2010/2011 ha komme langt nok til at større oppryddingstiltak kan setjast i gang og dei største kostnadene vil først komme i perioden frå 2011 og utover. Tiltak i forureina sjøbotn vil når prosessen kjem så langt vere svært dyre. Det er derfor heilt avgjerande for framdrifta i det nasjonale arbeidet med forureina sjøbotn at Statens forureiningstilsyn også frå 2010 og framover har tilstrekkeleg med midlar på denne posten.

Som nemnt ligg forureinar betaler-prinsippet til grunn for arbeidet på dette feltet, og så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sediment. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga.
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding.
- Der det hastar å få rydda opp. Staten forskotterer oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og vil krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant.
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling.
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område.
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene.

Posten kan òg nyttast til planmessig kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeidet og anna kunnskapsoppbygging. Fordi tiltaka strekkjer seg over fleire år, er det foreslått å vidareføre bestillingsfullmakta knytt til posten med 25 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Post 73 Tilskot til biloppsamlingsystemet

Stortinget vedtok ei avgrensa tilskotsordning for 2008 for køyretøy som ikkje er omfatta av produsentansvar for køyretøy. Det er venteleg naudsynt med utbetalingar også i 2009 som følgje av etterlep i utbetalingane. Det er ikkje foreslått løyving på posten i 2009-budsjettet.

Post 75 Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving

Saman for eit giftfritt miljø – føresetnader for ei tryggare framtid

Vrakpantordninga rettar seg mot resultatområde 3, underområde 4 Miljøgifter og underområde 5 Avfall og gjenvinning. Dei siste åra har det vore innlevert omlag 110 000 bilvrak. Det er venta at innsamlingsnivået held seg stabilt i 2009.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy trådte i kraft i juli 2002 og inneber at produsentar og importørar frå 2007 har teke over ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er no ein del av avfallsforskriftas kapittel 4 om kasserte køyretøy. Sjølv om ansvaret er lagt på produsentar og importørar, vil Regjeringa inntil anna vert avgjort vidareføre dagens statlege avgifts- og panteordning.

Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinær vrakpant for 2009 vil vere på 1 500 kroner.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant, eventuelt forhøgd vrakpant, blir kvitteringa kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområde 3, underområde 4 Miljøgifter, resultatområde 3, underområde 5 Avfall og gjenvinning og resultatområde 4 Eit stabilt klima og rein luft. Posten dekkjer dessutan utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøstyresmaktene har behov for i samband med administrering av ordningane.

Det har vist seg vanskeleg å stipulere utbetalningar til ordninga og overslaga har variert. Forslaget til løyving er redusert med 4 mill. kroner frå 2008 til 2009 då prognosane for utbetalt refusjon for den mengda hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon er justert ned.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje, og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71. Refusjonsordninga vart innført i 1994 og utvida i 2000 for å sikre høgare innsamlingsgrad.

På oppdrag frå Miljøverndepartementet arbeider SFT med ei vurdering av å innføre produsentansvar for spillolje, til erstatning for dagens ordning. Departementet kjem tilbake til denne saka i budsjettet for 2010.

Kriterium for måloppnåing

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) er i dag i overkant av 80 pst. og har vore stabil dei siste åra. I 2007 var total mengd innsamla spillolje på om lag 40 000 m³, av dette i overkant av 23 000 m³ med rett på refusjon. Det er ikkje rekna med vesentleg endring i mengd innsamla spillolje i 2009. Posten dekkjer òg utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer m.m.) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av bl.a. spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Statens forureiningstilsyn. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte i forhold til førehandstilsegna.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir ivareteken gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstatert mange brot på ordninga for refusjonar. Statens forureiningstilsyn følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Refusjon av avgift på Trikloretten (TRI)

Mål

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og den er eit verkemiddel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloretten (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utslepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løysemiddel som først og fremst blir brukt til avfetting i industrien, vart frå 1. januar 2000 pålagt avgift, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*. Refusjonsordning for innbetalt TRI-avgift vart innført samtidig, for å auke effekten av verkemidla.

Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga. Det har dei siste åra vore få utbetalningar gjennom ordninga som følgje av at bruken av ny TRI er kraftig redusert. Det er ikkje venta vesentlege endringar i 2009.

Tildelingskriterium

TRI-haldig avfall skal leverast til godkjent mottak eller behandlingsanlegg for farleg avfall, og ein vil få delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjonsatsen sett til 25 kroner pr. kilo, noko som utgjer under halvparten av avgiftssatsen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga skjer gjennom statistikk over årleg innsamla mengd TRI. Anlegg som tek imot farleg avfall og gjenvinningsverksemda skal vere godkjent av Statens forureiningstilsyn.

Avgifta har medverka til ein kraftig reduksjon i etterspørselen etter ny TRI. På grunn av dei små mengdene som er i bruk og som er omfatta av refusjonssystemet, vil ein vurdere om det er føremålstenleg å vidareføre refusjonsordninga eller om ein kan sikre innlevering av TRI-haldig avfall på andre måtar.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2003 å innføre ei avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) frå 1. januar 2003. Avgifta er retta mot import og produksjon av HFK og PFK, både som bulkvare og som delemne i produkt. Refusjonsordninga trådde i kraft 1. juli 2004. Den er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. HFK blir i første rekkje nytta i kjøle-, fryse- og varmpumpeanlegg, men blir òg brukt til brannsløkking, og som drivgass til produksjon av isolasjonsmaterial.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon

er venta å medverke til bruk av miljøvennlege hjelpemedium og mindre bruk av dei mest skadelege HFK/PFK-gassane, stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for ordninga er aktørar som har større mengder HFK- og PFK-haldig avfall.

Kriterium for måloppnåing

Det er venta at kombinasjonen av avgift og refusjon vil gi ein vesentleg utsleppsreduksjon i 2010, i høve til kva utsleppet ville ha vore utan avgift og refusjon.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er leverte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Statens forureiningstilsyn fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3.

Kap. 4441 Statens forureiningstilsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar			13 314
04	Gebyr	33 445	21 059	25 759
05	Leigeinntekter	640	300	313
06	Gebyrer, fylkenes miljøvernavdelinger			12 000
07	Gebyrinntekter (kvotesystemet)			7 200
08	Inntekter frå sal av bilvrak	38 982		
09	Internasjonale oppdrag	5 460	5 202	5 431
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	1 830		

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
18	Refusjon av sjukepengar	1 484		
	Sum kap. 4441	81 841	26 561	64 017

Post 02 Inntekter – statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar

Det er oppretta ein ny post 02 Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar med ei løyving på 13,314 mill. kroner, jf. omtale under kap 1441 post 22 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar. Statens forureiningstilsyn (SFT) har ansvaret for ei statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar. Føremålet er å gi publikum høve til å kjøpe og få sletta godkjente klimakvotar på ein enkel måte.

Kvotane skal seljast med eit påslag som skal dekkje administrative kostnader inkludert etablerings- og investeringskostnader.

Det er budsjettert med 1,1 mill. kroner i driftsutgifter. Det vil i 2009 vere nødvendig med eit påslag på om lag 18 kroner pr. selde kvote for å dekkje utgiftene ved etablering og drift av ordninga. Det er då lagt til grunn at etableringskostnader på 1,3 mill. kroner blir dekte inn over 10 år. Inntekter frå kvotesalet er anslått til 13,314 mill. kroner.

Det er vanskeleg å berekne inntektene frå sal av kvotar før ordninga er sett i gang. SFT vil følge dette nøye og Miljøverndepartementet vil komme tilbake med sikrere prognosar i løpet av 2009.

Storleiken på det administrative påslaget vil avhenge av kor mange kvotar som blir sletta, og kan òg vil bli justert når ein har fått erfaring med kor mange kvotar som faktisk blir selde.

Post 04 Gebyrinntekter

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innafør forureiningsområdet. Posten omfattar Statens forureiningstilsyns inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- gebyr for tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking mv. av farlege kjemikalier
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema

med opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Statens forureiningstilsyns kjøp av tenester ved drift av systemet.

- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. Alle som omset elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar anten å ha eit eige retursystem som tek seg av desse produkta når dei blir avfall, eller å melde seg inn i eit kollektivt retursystem som tek seg av desse forpliktingane på deira vegne.
- gebyr for eksport- og import av avfall. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepiktig avfall må ha løyve til dette.

I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel:

- Gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt. Biociddirektivet vart ein del av EØS-avtala i 2003 og har blitt implementert i norsk lovverk gjennom biocidforskrifta. Biociddirektivet krev at nasjonale styresmakter etablerer gebyrordningar som dekkjer dei kostnadene styresmaktene har ved gjennomføring av direktivet.

Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 05 Leigeinntekter

Inntektene omfattar dei leigeinntektene Statens forureiningstilsyn har i samband med utleige av nokre kontorlokale og utleige av konferansesenteret. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 06 Gebyrinntekter – fylkas miljøvernavingdelingar

Forureiningsforskrifta vart frå 2007 endra slik at Fylkesmannen kan krevje gebyr for arbeid med

konsesjonsbehandling og kontroll. Fylkesmannens gebyrinntekter er førte under denne posten. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 07 Gebyrinntekter (kvotesystemet)

Statens forureiningstilsyn (SFT) forvaltar kvoteforskrifta. Verksemdar som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå SFT til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av SFT.

SFT har òg ansvaret for tilsyn av kvotepliktige verksemdar gjennom inspeksjonar og revisjonar. I tillegg har SFT ansvaret for å etablere og drifte det elektroniske kvoteregisteret.

I tråd med føresegnene i kap. 5 i kvoteforskrifta skal SFTs kostnader ved dette arbeidet finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Inntektene har tidlegare vore førte på kap. 4441 post 04. Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene er knytte til internasjonalt miljosamarbeid og bistandsarbeid med Utanriksdepartementet, Norad o.a., f.eks. til institusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli utvikla vidare og trappa opp, jf. kap. 1441 post 01 Driftsutgifter. Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1444 Produktregisteret

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	16 537		
	Sum kap. 1444	16 537		

Produktregisteret vart 1. januar 2008 slått saman med Statens forureiningstilsyn og det er difor ikkje løyva midler på kapitlet.

Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Spesielle driftsutgifter	2 000	2 000	3 000
	Sum kap. 1445	2 000	2 000	3 000

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er fagleg underlagt Miljøverndepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljø, og utfører viktig arbeid innafor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljø-

området retta mot FNs sjøfartsorganisasjon IMO, EU, Nordsjøsamrådet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og operasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. I tillegg skal

direktoratet medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje lønn til faste og mellomtids tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjen-

nomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreiding av framande arter i ballastvatn. Det skal dessutan arbeidast for ein ny konvensjon som tek sikte på forsvarleg opphogging av skip. Posten dekkjer vidare midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål. Posten er styrkt med 1 mill. kroner til intensivering av strategisk internasjonalt arbeid, handheving av nye og eksisterande miljøkrav og oppfølging av tiltaka i Regjeringas maritime strategi

Kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Spesielle driftsutgifter		4 000	8 000
	Sum kap. 1447		4 000	8 000

Under Fornying- og administrasjonsdepartementet blei, frå 1. januar 2008, Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) oppretta. Eitt av hovudarbeidsområda for direktoratet vil vere å leggje til rette for samfunnsstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp og arbeide for at miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp blir minimert. Miljøbevisste offentlege nyskaffingar vil vere hovudarbeidsområdet til direktoratet innafor Miljøverndepartementets ansvarsområde. Det vil vere heilt sentralt for direktoratet å sikre at miljøomsyn blir integrerte som ein naturleg del av den generelle innkjøpspolitikken i all offentlig verksemd. Direktoratet har ansvar for å følgje opp handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege nyskaffingar på dei områda som gjeld miljøomsyn.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten skal medverke til å dekkje lønn til faste stillingar og driftsutgifter for Direktoratet for forvalt-

ning og IKT (DIFI) sitt arbeid med miljøbevisste offentlege nyskaffingar og miljøleing. Dette vil omfatte ansvar for å vidareutvikle verkemiddel og sikre at handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar blir gjennomført i praksis, under dette å fremje bruken av miljøleingsystem i stat og kommune, og vidareføringa av Grønn stat. Kompetanseoppbygging er eit heilt sentralt element i handlingsplanen og det vil bli etablert ei fagleg støttete-neste (knutepunkt) i kvart fylke/region som skal bistå offentlege verksemder i den operative gjennomføringa. Posten skal vidare dekkje drifts- og utgreiingsmidlar, informasjon, faglege råd til Miljøverndepartementet som grunnlag for politikktutforming, bistand til Miljøverndepartementet i internasjonalt arbeid på området og formidling relatert til miljøspørsmål. Direktoratet skal setje i verk Regjeringas politikk på områda miljøansvar ved offentlege nyskaffingar og miljøleingssystem.

I forbindelse med gjennomføringa av handlingsplanen er posten er styrkt med 4 mill. kroner til knutepunkt.

Kap. 5322 Statens miljøfond, avdrag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
91	Innbetaling av avdrag	88 797		
	Sum kap. 5322	88 797		

Statens miljøfond vart innløyst i 2007.

Kap. 5621 Statens miljøfond, renteinntekter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
80	Renteinntekter	2 046		
	Sum kap. 5621	2 046		

Statens miljøfond vart innløyst i 2007.

Programkategori 12.50 Kart og geodata

Utgiftene under programkategori 12.50 høyrer inn under resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling og underområde 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver.

Ei samanlikning med saldert budsjett 2008 viser ein auke på 7,5 mill. kroner, eller 2 pst. Aukem i hovudsak som følgje av ein styrking av Mareano på 6,3 mill. kroner.

Utgifter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk	351 436	371 353	378 823	2,0
2465	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)	6 672	12 000	12 000	0,0
	Sum kategori 12.50	358 108	383 353	390 823	1,9

Kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Betaling for statsoppdraget, <i>kan overførast</i>	351 436	371 353	378 823
	Sum kap. 1465	351 436	371 353	378 823

Kapitlet dekkjer etablering og drift av infrastruktur for geografisk informasjon. Løyvinga blir sett på som ei inntekt for Statens kartverk, slik at tilsvarende beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter.

Post 21 Betaling for statsoppdraget, kan overførast

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 6 Planlegging for ei berekraftig utvikling og 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver.

I 2008 vart det forserte arbeidet med å dekkje heile norskekysten med moderne elektroniske sjøkart avslutta. Fullføringa av dette arbeidet har hatt høgste prioritet for Statens kartverk dei tolv siste åra. Fokus vil no i større grad bli retta mot land-

kartlegging og eigedomsinformasjon, der behova for auka innsats er særleg stor.

Når lov om eigedomsregistrering trer i kraft i 2009, vil Statens kartverk bli sentral matrikkelstyresmakt. For å ivareta denne oppgåva har Statens kartverk utvikla eit dataregister, kalla Matrikkelen. Data frå mange kommunar er allereie lagt inn i Matrikkelen. I 2009 vil matrikkelen innehalde data frå alle norske kommunar. Saman med tinglysingsdata vil Matrikkelen (eigedomsdata og -kart) gi høve til ein heilskapleg tilgang til eigedomsdata for Noreg.

Det blir utarbeidd spesifiserte produksjonsmål og aktivitetar som grunnlag for departementets styring med og kontroll av statsoppdraget.

Det er behov for ei fullmakt i 2009 på 90 mill. kroner for å kunne bestille kartgrunnlag, jf. forslag til vedtak VI nr. 2.

Departementet foreslår at inntil 5 mill. kroner kan omdisponerast mellom denne posten og kap. 2465 post 45, jf. forslag til vedtak IV.

Kap. 2465 Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24	Driftsresultat:			
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	6 672	12 000	12 000
	Sum kap. 2465	6 672	12 000	12 000

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 6, delen om kart og geodata.

Rolle og oppgåver for Statens kartverk

Miljøverndepartementet legg vekt på at Statens kartverk skal vere eit tydeleg nasjonalt fagorgan innan sitt fagområde. Verksemda skal konsentrere om styresmaktoppgåver og tilrettelegging for heile den norske geodataverksemda. Satsinga på Noreg digitalt blir ført vidare. Her inngår produksjon, standardisering, forvaltning og drift av offentlege data. Statens kartverk har ansvar for å samordne standardar og regelverk med andre land.

Hovudoppgåva for Statens kartverk er å byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur, og syte for at brukarane får enkel og effektiv tilgang til stadfesta (koordinatbestemt) informasjon. Geografiske data er venta å utgjere ei stadig viktigare informasjonsskjelde innan nye område.

Statens kartverk skal delta i forskning og utvikling av kartteknologi, og samarbeide med norsk industri og kartbransje, bl.a. om eksportretta tiltak. Statens kartverk skal syte for at den geografiske informasjonen etaten forvaltar blir sikra for ettertida.

På enkelte område blir basisproduksjonen forsert ut over det statsoppdraget gir grunnlag for, gjennom tilskot frå brukarar eller samarbeid om felles geodataprojekt gjennom Noreg digitalt. Fleire av Statens kartverks produksjonsmål føreset

at budsjetterte samfinansieringsprosjekt blir realiserte.

Viktige målsetjingar for Statens kartverk i 2009 vil vere:

- setje i verk og forvalte ny lov om eigedomsregistrering
- vidareutvikle og setje i verk dataregisteret Matrikkelen i heile landet
- etablere, forvalte og gjere tilgjengeleg ein infrastruktur av stadfesta (koordinatbestemt) informasjon som ein viktig og integrert del av Noreg digitalt
- medverke til samarbeid med andre offentlege maritime etatar på sjøtryggleiksområdet
- leie og koordinere ei internasjonal offisiell elektronisk kartteneste for å styrkje tryggleiken til sjøs bl.a. gjennom Primar Stavanger
- leie arbeidet med å etablere og føre vidare forvaltningssamarbeidet Noreg digitalt med flest moglege offentlege store dataeigarar og -brukarar
- etablere standardar for det kartfaglege området, harmonisert mot andre fagområde
- vidareutvikle ein funksjonell og påliteleg tinglysingsorganisasjon
- betre rammevilkåra for eit samla eigedomsinformasjonssystem med felles tilgang til Matrikel, Grunnbok og planregister
- vidareutvikle Cpos (posisjoneringsteneste med cm-grannsemd) til å dekkje nokre fleire landområde, særleg i Nord-Noreg.

Post 24 Driftsresultat:

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24.1	Driftsinntekter	-801 117	-801 353	-823 823
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	742 420	789 912	814 712
24.3	Avskrivningar	8 723	9 482	6 887
24.4	Renter av statens kapital	1 887	1 959	2 224
24.5	Til reguleringsfondet	48 087		
Sum post 24		0	0	0

Statens kartverk er ei statleg forvaltningsbedrift som styrer den interne økonomien etter bedriftsøkonomiske rekneskapsprinsipp, mens statsbudsjettet og statsrekneskapen blir rapporterte etter kontantprinsippet. Statens kartverks tilknytingsform vil bli sett i samanheng med budsjettprosessen for 2010, og sett i samanheng med at tinglysinga er overført frå domstolane til Statens

kartverk. Driftsresultatet i budsjettet for 2009 er sett til kr. 0.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Statens kartverks bedriftsøkonomiske driftsinntekter fordeler seg som følgjer:

Tabell 13.8 Statens kartverks driftsinntekter

		(i mill. kr.)		
		Rekneskap 2007	Plan 2008	Plan 2009
Betaling for statsoppdraget		351	371	379
Samfinansiering		173	180	185
Tinglysingsprosjektet mm.		161	170	180
Royalty av sal av kart og geografiske data og salsinntekter frå sjøkart		72	80	80
Sum driftsinntekter		757	801	824

Rekneskap 2007 er ført opp i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap. Plan 2008 refererer seg til St.prp. nr. 1 (2007-2008).

Statens kartverks salsinntekter er i hovudsak knytte til selskapet Primar Stavanger, som formidlar sjøkart i samarbeid med sjøkartverk i andre land, og royaltyavtale med statsaksjeselskapet Norsk Egedomsinformasjon som formidlar Statens kartverks basisinformasjon i den kommersielle marknaden.

Behovet for relevante og riktige egedomsopplysningar aukar innan fleire samfunnssektorar. Stortinget vedtok juni 2007 revidert lov om egedomsregistrering, jf. Ot.prp. nr. 57 (2006-2007). Lova gir rom for ei framtidsretta forvaltning av egedomsinformasjon.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten omfattar utgifter til lønn og andre fortløpande driftsutgifter, og etablering og oppgradering av Statens kartverks databasar og geografiske infrastruktur elles.

Underpostane 24.3 Avskrivningar og 24.4 Renter av statens kapital

Avskrivningar og renter av statens kapital er budsjetterte ut frå ein venta bokført kapital på 44 mill. kroner pr. 31. desember 2008.

Avskrivningane for Statens kartverk blir utrekna etter fast praksis på grunnlag av dei kapitalgjensstandane som er bokførte pr. 31. desember året før budsjettåret. Det blir såleis ikkje berekna avskri-

vingar av kapitalgjenstandar som er skaffa i løpet av budsjettåret.

Avskrivningane skal baserast på historisk nyskaffingspris for kvar enkelt kapitalgjenstand. Dette prinsippet vart slått fast ved Stortingets vedtak av 11. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989-90), jf. Innst. S. nr. 243 (1989-90).

Det skal nyttast eit lineært avskrivingsprinsipp. Avskrivningane på dei enkelte kapitalgjenstandane skal skje med like store beløp kvart år basert på ein fastsett avskrivingsperiode (dvs. venta levetid for vedkommande kapitalgjenstand).

Utrekning av renter av den faste kapitalen i Statens kartverk skal skje i samsvar med føresegner for forvaltningsbedriftene, vedtekne av Stortinget 9. juni 1982 på grunnlag av St.prp. nr. 115 (1981-82), jf. Innst. S. nr. 285 (1981-82).

Underpost 24.5 Til reguleringsfondet

Eit eventuelt avvik mellom budsjettert beløp under post 24 Driftsresultat og det rekneskapsførte beløpet under posten skal regulerast ved overføringer frå/til reguleringsfondet. Ei vesentleg årsak til

avvik mellom det faktiske driftsresultatet og det budsjetterte driftsresultatet vil vere terminforskyvingar i kontante inn- og utbetalingar. Pr. 31. desember 2007 var reguleringsfondet på 156,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten skal omfatte alle varige investeringar over kr 200 000.

Statens kartverks produksjonsutstyr er IT-basert. Produksjonsverksemda omfattar behandling av store datamengder frå oppmåling av sjø og land, EDB-basert kartproduksjon mv. Statens kartverk må fortløpande fornye og utbetre utstyrsparcken for å kunne utnytte effektivitetsvinstane i ny teknologi i produksjonen, og møte etterspørselen etter nye produkt. Det budsjetterte investeringsnivået svarer likevel ikkje til meir enn ca. 1,5 pst. av totalomsetnaden.

Posten kan overskridast ved sal av utstyr der inntektene blir rekneskapsførte under kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Tabell 13.9 Statens kartverks kapitalbalanse

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.06	Rekneskap 31.12.07	Venta 31.12.08	Venta 31.12.09
Eigedelar				
Anleggsmidlar:				
Driftsmidlar, eigedommar	43,0	41,0	52,2	57,3
Aksjar, andelar	0,0	0,0	0,0	0,0
Utlån og obligasjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum anleggsmidlar	43,0	41,0	52,2	57,3
Omløpsmidlar:				
Varebeholdning, varer i arbeid	4,9	3,1	3,1	3,1
Kortsiktige fordringar	198,4	246,5	246,5	246,5
Kortsiktige plasseringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Kassebeholdning og innskot	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum omløpsmidlar	203,3	249,6	249,6	249,6
Sum eigedelar	246,3	290,6	301,8	306,9

Tabell 13.10 Statens kartverks gjeld og egenkapital¹

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.06	Rekneskap 31.12.07	Venta 31.12.08	Venta 31.12.09
Gjeld og egenkapital				
Eigenkapital ² :				
Eigenkapital utan reguleringsfond	-40,5	-40,0	-40,0	-40,0
Reguleringsfondet	108,8	156,9	156,9	156,9
Sum egenkapital	68,3	116,9	116,9	116,9
Langsiktig gjeld ³ :				
Staten sin renteberande kapital	43,0	41,0	52,2	57,3
Anna langsiktig gjeld	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum langsiktig gjeld	43,0	41,0	52,2	57,3
Kortsiktig gjeld ⁴ :				
Kortsiktig gjeld	262,1	309,1	309,1	309,1
Mellomverande med statskassen	-127,1	-176,4	-176,4	-176,4
Sum kortsiktig gjeld	135,0	132,7	132,7	132,7
Sum gjeld og egenkapital	246,3	290,6	301,8	306,9

¹ Omløpsmidlar. Det blir ikkje gjort overslag over omløpsmidlane før rekneskapsavslutning. Omløpsmidlane blir derfor førte opp uendra i budsjettåret. Omløpsmidlane blir rekneskapsførte i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap.

² Eigenkapital. Posten kjem fram som ein differanse mellom eigedelar og gjeld. Eventuelt avvik mellom rekneskapsført driftsresultat (etter føring til eller frå reguleringsfondet) og Statens kartverks bedriftsøkonomiske resultat blir rekna mot eigenkapitalen.

³ Langsiktig gjeld. Statens kartverk finansierer alle anleggsmidlar fullt ut som «lån» i statskassen. Statens renteberande kapital fungerer derfor som motpost til anleggskapitalen. Den renteberande kapitalen er fordelt på 5 ulike «lån».

⁴ Kortsiktig gjeld. Det blir ikkje gjort overslag over kortsiktig gjeld før rekneskapsavslutning. Kortsiktig gjeld blir derfor ført opp uendra i budsjettåret. Kortsiktig gjeld blir rekneskapsført i samsvar med Statens kartverks bedriftsøkonomiske rekneskap.

Kap. 5465 Statens kartverk

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
49	Sal av anleggsmidlar	0		
	Sum kap. 5465	0		

Post 49 Sal av anleggsmidlar

På posten er det ført tilfeldige inntekter for Statens kartverk, bl.a. inntekter frå sal av anlegg og utstyr, som av rekneskapstekniske grunnar skal bruttoførast.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 4 Eit stabilt klima og rein luft, 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda og 7 Tverrgående verkemiddel og oppgåver.

Regjeringa prioriterer høgt å styrkje forskning og overvaking i polarområda som ledd i å følge globale miljøendringar og effektane av desse. Samstundes vil kunnskapsgrunnlaget for miljøforvaltninga av norske nord- og polarområde vere viktig. Hovudinnsatsen vil vere retta mot klimaendringar, miljøgifter og biologisk mangfald. Det er behov for å framskaffe ny kunnskap om viktige delar av Barentshavets økosystem, bl.a. påverknaden frå klima, miljøgifter og hausting. Kunnskap til forvaltninga av isbjørnbestanden, arter som er sentrale for forvaltninga av Svalbard som villmarksområde, og raudlistearter som har regelmessig opphald på Svalbard, vil ha prioritet. Langtransporterte miljøgifter og miljøgifter frå kjelder med lokal betydning vil ha særleg fokus. Vidare er verneområda på

Svalbard viktige referanseområde for klima, miljøgift og økologisk forskning, og det er behov for auka kunnskap som grunnlag for forvaltning og vern av desse områda. Noreg har dessutan eit ansvar for å bringe fram kunnskap om og verne kulturminne som viser den menneskelege verksemda i polarområda gjennom tidene. Satsinga under det internasjonale polaråret (IPY 2007-2008) vil òg medverke til ny og betre kunnskap om polarområda.

Arbeidet med gjennomføring av den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet er prioritert av Regjeringa. Formålet med forvaltningsplanen er å etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innafør ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanane skal leggje til rette for verdiskaping basert på ressursane i havområdet, og samtidig stille krav slik at miljøet i dei norske havområda blir sikra for kommande generasjonar.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1471	Norsk Polarinstitut	196 933	169 422	210 738	24,4
1472	Svalbard miljøvernfond	1 315	8 500	11 550	35,9
	Sum kategori 12.60	198 248	177 922	222 288	24,9

Kap. 1471 Norsk Polarinstitut

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	136 066	112 597	143 969
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	60 376	56 327	66 271
50	Stipend	491	498	498
	Sum kap. 1471	196 933	169 422	210 738

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstitut:

Norsk Polarinstitut er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992-93) Norsk polarforskning, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse i miljøforvaltning innan viltforvaltning, område- og habitatvern, klimaovervaking og forureiningsproblematikk
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttets infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følgje opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- ivareta forvaltningas kunnskapsbehov
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan det bilaterale norskrussiske miljøvern-samarbeidet
- fokusere forskinga si på klimaprosessar og klimaendringar, effektane av desse på naturen, og økotoksikologi i Arktis og Antarktis
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- leie Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av Barentshavet og havområda utanfor Lofoten
- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Polarmiljøsentret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- drive utovervendt informasjon om polarområda m.a. gjennom samarbeid med Polaria.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 4 Eit stabilt klima og rein luft, 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda og 7 Tverrgåande verkemiddel og oppgaver. Auken i løyvinga for 2009 skuldast bl.a. at det er løyvd 22 mill. kroner til oppbygging av eit norsk «Kompe-

tansesenter for is og klima» med utgangspunkt i Norsk Polarinstitut og i samarbeid med sentrale faginstitutionar i Noreg. Midlane vil òg gå til nasjonale og internasjonale fagkonferansar og seminar innafor denne kompetanseramma. Det skal haldast ein internasjonal konferanse for å løfte problemstillingane statar med høgtliggjande isbrear står overfor høgare på dagsordenen for det internasjonale klimaarbeidet. Noreg har òg teke på seg å arrangere eit partsmøte under Isbjørnavtala i 2009 for å styrkje internasjonalt samarbeid om forvaltninga av isbjørnbestandane.

Det er òg aktuelt med støtte til regionale klimavurderingar.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitut har til lønn og godtgjersler for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskningsfartøyet R/V «Lance». Dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyving kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr.1.

Heilskapelege forvaltningsplanar for norske havområde

Midlar til arbeidet med gjennomføringa av den heilskapelege forvaltningsplanen for Barentshavet er vidareført med 1 mill. kroner. Posten er i 2009 ytterlegare styrkt med 0,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 4 Eit stabilt klima og rein luft, 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda og 7 Tverrgåande verkemiddel og oppgaver. Auken i løyvinga skuldast at miljøovervåkingsstasjonen på Bouvetøya skal byggjast opp igjen. Posten dekkjer utgifter til vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

Noreg medverkar gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten og Miljøprotokollen til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis. Noreg deltek òg i viktige klimaforskningsprosjekt. Det er ein nær samanheng mellom å ha innverknad og å vere

til stades, og norsk polarforskning i Antarktis har derfor ein viktig politisk og fagleg funksjon.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis vil no vere styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Løyvinga skal òg dekkje etablering av ein ny miljøovervåkingsstasjon på Bouvetøya i Sørishavet til erstatning for den tidlegare stasjonen som var øydelagt i 2007, truleg som ei følgje av ras og erosjon. Stasjonen er eit viktig norsk bidrag til overvåkingsprogrammet under Konvensjonen for bevaring av marine levande ressursar i Antarktis (CCAMLR).

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat og utgifter til flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Dei tilsvarande inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyving kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II nr.1.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultat-område 5 Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda.

Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Sals- og utleigeinntekter	6 902	8 198	8 559
03	Inntekter frå diverse tenesteyting	48 770	19 979	20 858
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	356		
18	Refusjon av sjukepengar	632		
21	Inntekter, Antarktis	11 072	10 093	10 537
	Sum kap. 4471	67 732	38 270	39 954

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innafor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforskning på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstraavgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Gjennomført feltarbeid i tilknytning til hovudfagsstudie eller doktorgrad.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Det blir kravd innsendt ei rekneskapsversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

forskningsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av Norsk Polarinstitutt's utgifter for drift av TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	1 315	2 200	
50	Overføring til Svalbard miljøvernfond			11 550
70	Tilskot, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>		6 300	
	Sum kap. 1472	1 315	8 500	11 550

Svalbards miljøvernfond er føresett oppretta i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005.

Det er gjort ein gjennomgang av ein del fond, bl.a. Svalbard miljøvernfond. Resultatet er at:

- Inntekter frå sektoravgiftene miljøgebyr for reisande til Svalbard og gebyr for jakt-, fangst- og fiskekort blir budsjetterte over nytt kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet, post 70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond.
- Andre inntekter til fondet som ikkje kan karakteriserast som sektoravgifter, blant anna miljøerstatning og tvangsmulkt blir budsjetterte over kap. 4472 Svalbards miljøvernfond, post 70 Diverse inntekter.
- Overføring til fondet blir løyvd over kap. 1472 Svalbard miljøvernfond, post 50 Overføring til fondet.
- Utgiftene til forvaltning av fondet og utbetaling av tilskot til miljøtiltak på Svalbard blir dekte direkte frå fondet.

Fondet vil i utgangspunktet vere sett saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for kort og for felling i samband med hausting, gebyr for teoretisk

eksamen i samband med jegerprøva, verdien av flora og fauna som er handtert i strid med lova, miljøerstatning fastsett av Sysselmannen og tvangsmulkt. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Svalbards miljøvernfond har eit styre som fordeler fondsmidlane etter eksterne søknader. Sekretariatet for fondet er lagt til Sysselmannen på Svalbard. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og gjeve forskrift om tilskot frå Svalbards miljøvernfond.

Inntektene til fondet gir grunnlag for tildeling til dei formåla som skal dekkjast av fondet i samsvar med svalbardmiljølova.

Post 50 Overføring til fondet

Posten er knytt til resultatområde 5, Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond og kap. 4472 post 70 Diverse inntekter, til fondskapitalen.

Kap. 4472 Svalbard miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Refusjon frå fondet	1 315	8 500	
70	Diverse inntekter			125
	Sum kap. 4472	1 315	8 500	125

Under dette kapitlet er budsjettert refusjonane til statsbudsjettet basert på inntektene (bl.a. frå diverse avgifter) til Svalbards miljøvernfond. Refusjonane under kap. 4472 gir grunnlag for tilsvarende utgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond.

Post 70 Diverse inntekter

Posten er knytt til resultatområde 5, Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Denne posten blir nytta til inntekter til fondet som ikkje kan karakteriserast som sektoravgifter, blant anna miljøerstatning og tvangsmulkt.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond			11 425
	Sum kap. 5578			11 425

Post 70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond

Posten er knytt til resultatområde 5, Internasjonalt samarbeid og miljø i nord- og polarområda. Denne posten blir nytta til avgifter som er innbetalte til

fondet. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med refusjon av fondsmidlar som stammar frå sal av jakt- og fiskekort m.m.

Del IV
Organisasjonsendring og oppfølging av
oppmodningsvedtak frå Stortinget

14 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling

14.1 Organisering

Miljøverndepartementet er overordna styresmakt for Statens kartverk, Statens forureiningstilsyn, Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitutt, Norsk kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond. Det statlege miljøarbeidet blir regionalt ivareteke av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen og sysselmannen på Svalbard. Etatar som Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet og Innovasjon Noreg har oppgåver innafør miljøområdet som Miljøverndepartementet styrer.

Det har ikkje vore store endringar i organiseringa av miljøforvaltninga, men Statens kartverk har no overtatt all tinglysing frå domstolane.

Statens forureiningstilsyn og Produktregisteret vart slått saman 1. januar 2008.

Årsverksoversikt

Ei samla årsverksoversikt pr. 1. mars 2008, fordelt på Miljøverndepartementet og underliggjande etatar, finst i tabell 5.1 under kap. 5 Oversiktstabellar.

14.2 Oversikt over fornyingsarbeidet

Enklare regelverk

Miljøverndepartementet er i ferd med å utarbeide generelle forureiningskrav til industrien som skal erstatte fleire hundre enkeltløyve. Det vil bli stilt spesifikke bransje- og prosesskrav, og arbeidet er svært omfattande. SFT sende forslag til forskriftsregulering av seks industribransjar med standardiserte krav på høyring i desember 2007 med høyringsfrist 1. april 2008. Det arbeides med sikte på ... fastsetting av forskriftsreguleringa iløpet av 2008. Ny plandel av plan- og bygningslova vart vedteken av Stortinget 5. juni 2008, med sikte på iverksetjing frå 1. juli 2009. Departementet vil våren 2009 gjennomføre eit rettleiingsprogram om det nye regelverket. Nettversjonen av rettleiinga vil bli fornya. Forskrift om konsekvensutgreiingar knytt til planlegging etter plan- og bygningslova vart revidert i 2005. Departementet har i samarbeid med Olje- og energidepartementet vedteke retningslinjer for planlegging og lokalisering av

vindkraftanlegg. Retningslinjene inneheld samordning mellom regelverket etter plan- og bygningslova og energilova i vindkraftsaker.

Byggsøk Plan

Det er sett i gang ei driftsløysing for Byggsøk Plan i Statens Bygningstekniske etat, som legg til rette for elektronisk innsending av private planforslag til kommunane. Løysinga er under utprøving i kommunane, og blir no vidareutvikla. Samtidig blir det arbeidd vidare med å utvikle gode løysingar for å gi tilgang på digitale plandata og anna nødvendig temainformasjon.

Miljøansvar i nyskaffingar og drift av offentlege verksemdar

Hovudpunkta i Regjeringas handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege nyskaffingar er nærare omtalt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* og i St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk*. Det er eit mål at miljøbelastninga knytt til offentlege nyskaffingar skal minimerast. I arbeidet med miljøomsyn i offentlege innkjøp skal tiltak knytte til klima og energi, helse og miljøfarlege kjemikalier og biologisk mangfald prioriterast. Handlingsplanen skal medverke til ein effektiv offentlig sektor og eit konkurransedyktig næringsliv. For å tydeleggjere ambisjonsnivået i statlege innkjøp, innfører Regjeringa ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp med konkrete krav til statlege verksemdar innan prioriterte produktgrupper. Vegleiande kriterium for dei prioriterte produktgruppene vil liggje føre innan utgangen av 2008. Miljøpolitikken er gjort gjeldande frå 1. januar 2008 og skal integrerast i styringssystema til den enkelte verksemda. Regjeringa ser på bruk av miljøleingsystem som eit viktig grep for å fremje miljøomsyn ved offentlege innkjøp, og tiltak knytte til innkjøp som ein viktig del av ein heilskapleg miljøpolitikk for verksemda. Miljøleing i statlege verksemdar er vidareført gjennom handlingsplanen. Miljøpolitikken for statlege verksemdar er ein obligatorisk del av miljøleingsystemet. På nasjonalt nivå vil direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) få ei sentral rolle i

den operative oppfølginga av handlingsplanen. I kvart fylke/region vil det bli etablert ei fagleg støttetetene (knotepunkt) som skal stå til rådvelde for offentlege verksemdar. Sjå nærare omtale under resultatområde 7 underområde 3 Verkemiddel og prosessar.

Forenkling av rovviltforvaltninga

Frå 2005 er rovviltforvaltninga forenkla og effektivisert gjennom oppfølginga av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 74 (2003-2004). All regional mynde er frå 1. april 2005 samla i åtte nye rovvilt nemnder, mens tidlegare fylkesvise rovviltutval, jervenemnder og gaupenemnder er lagt ned. Det er vidare utarbeidd ei samordna forskrift om forvaltning av rovvilt. Dette forvaltningsområdet var tidlegare regulert i fleire ulike forskrifter.

Forenkling og effektivisering i forvaltninga av vilt- og innlandsfiskeressursar som kan haustast

Målet er at forvaltninga av desse ressursane i størst mogleg grad skal utøvast lokalt, slik at retts-havarane får eit større ansvar for forvaltninga av vilt- og fiskeressursar innafor rammer som sikrar nasjonale målsetjingar. Forskriftene på dette området skal vere få, enkle og korte og skal fokusere på overordna mål som berekraftig hausting, fordelingspolitikk, kultur- og næringsutvikling. Vilt- og innlandsfiskestyremaktene legg dette til grunn i den fortløpande revisjonen av forskriftene innafor dette feltet.

14.3 Rapport om likestilling i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er gjennom likestillingslova pålagt ei målretta og planmessig rolle for likestilling.

Likestilling internt i Miljøverndepartementet

Fordeling kvinner og menn

Kjønnsfordelinga i Miljøverndepartementet er 55 pst. kvinner og 45 pst. menn. Kjønnsfordelinga i avdelingane er stort sett jamn, men innan enkelte fagområde er det overrepresentasjon av eitt av kjønna.

Det er jamn kjønnsfordeling blant leiarstillingane i departementet. På toppleiarnivå (departementsråd og ekspedisjonssjefar) er det tre (43 pst.) kvinner og fire (57 pst.) menn. På mellomleiarnivå (avdelingsdirektør og underdirektør) er det 50 pst. kvinner. I gruppa høgtlønnte rådgivarar (spesialrådgivarar og seniorrådgivarar) er det 49 pst. kvinner og 51 pst. menn. På saksbehandlarnivå (rådgivar, førstekonsulent og arkivleiar) er det 56 pst. kvinner og 44 pst. menn. For kontorstillingar er fordelinga 87 pst. kvinner og 13 pst. menn.

Rekruttering og omorganisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen.

Rekruttering

Ein gjennomgang av alle eksternt kunngjorde stillingar i 2007 viste at av den totale søkjarmassen var 53 pst. kvinner og 47 pst. menn. Av kandidatane som vart kalla inn til intervju var 57 pst. kvinner og 43 pst. menn. Av desse vart 21 kvinner og 19 menn tilsette. Departementet tilsette 2 kvinner og 2 menn i eksternt utlyste leiarstillingar i 2007.

Lønn

Leiarar på ekspedisjonssjef- og avdelingsdirektørnivå har jamn fordeling av lønn mellom kvinner og menn. Det same gjelder for høglønnte rådgivarar og saksbehandlarnivået. Det er heller ikkje lønnsforskjellar mellom kvinner og menn på kontornivået.

Totalt i departementet har menn ei gjennomsnittleg årslønn som er noko høgare enn kvinnene. Differansen i lønn mellom kvinner og menn skuldast hovudsakleg at det er fleire kvinner enn menn i lågare lønte stillingar som på kontornivå, og at det er fleire menn i høgtlønnte seniorrådgivarstillingar. I løpet av 2007 ble det ført individuelle forhandlingar for 17 kvinner og 7 menn etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.4. For 5 kvinner og 3 menn medførte forhandlingane omgjering til høgare stillingskode. Ved dei lokale lønnsforhandlingane etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.3 hausten 2007 fekk kvinner 56,5 pst. av forhandlingspotten.

Arbeidstid

80 pst. av dei som arbeider deltid er kvinner. Mange av desse har mellombels redusert fulltidsstillinga si. Overtidsbruken fordeler seg jamt mellom kvinner og menn.

Tiltak som er sette i verk

Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. Under dei lokale lønnsforhandlingane er det prioritert å skape jamn lønnsfordeling mellom kvinner og menn. Rekruttering er eit viktig verkemiddel for jamnare fordeling av kjønn på ulike nivå i organisasjonen, saman med tilbod om kompetanse og karri-

ereutvikling. I utlysningstekst som gjeld leiarstillingar blir kvinner oppmoda til å søkje dersom kvinner er i mindretal. I tillegg har vi oppmoda kvinner og menn til å søkje stillingar innafor fagområde der kjønnet deira er underrepresentert.

Planlagde tiltak

Vi vil vidareføre og utvikle dei tiltaka som er sette i verk og som er nemnde ovanfor.

Kjønnsfordeling i statlege råd og utval

Naturforvaltningsområdet

Kartlegging har vist at kvinner deltek i mindre grad enn menn i statlege råd og utval på naturforvaltningsområdet. Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltningsområdet. Tidlegare har det i liten grad vore lagt føringar for koordinering mellom kommunar og organisasjonar for å sikre oppfølging av likestillingslova når dei har foreslått representantar til dei ulike utvala til Direktoratet for naturforvaltning og fylkesmannen. Det er no lagt inn krav i tildelingsbrevet til Direktoratet for naturforvaltning om å sikre at likestillingslova blir følgd ved oppnemning til og reoppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller fylkesmannen har ansvar for. For å få velfungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessentar for det arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar vil no bli bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Forureiningsområdet

I 2008 har OECD gjennomført ei internasjonal undersøking om hushaldsåtferd i høve til miljøtiltak. Det er bl.a. vurdert om sosiodemografiske ulikskapar kan forklare ulikskapar i åtferdsmønster relatert til bl.a. energibruk, avfall, transport og økologisk mat. Ulikskapar mellom kjønn er eit parameter som skal vurderast. Noreg er eitt av 10 OECD-land som er med i denne studien. Resultata frå undersøkinga vil bli presenterte på ein OECD-konferanse våren 2009.

Likestilling i Miljøverndepartementets underliggjande etatar

Miljøverndepartementets underliggjande etatar har likestillingskrav i sine tildelingsbrev med tilhøyrande rapportering, bl.a. på sine måltal for kvinner i leiande stillingar.

Likestillingstiltak i Miljøverndepartementets underliggjande etatar

Departementet har pålagt etatane å gjennomføre ei kartlegging av kjønnsrelevans og status for likestilling innafor egne verksemdsområde. Dette som eit ledd i arbeidet med å etablere systematisk oppfølging av aktivitetsplikta etter likestillingslovas § 1 A. Kartlegginga har teke føre seg vurdering av kjønnsrelevans, oppsummering av status og oversikt over planlagde tiltak. Departementet har òg følgd opp dette arbeidet på eit seminar med etatane. Kartlegginga blir følgd opp med fokus på funna med oversikt over gjennomførte og planlagde tiltak.

Direktoratet for naturforvaltning

I følge TNS Gallups Natur- og miljøbarometer (siste tal frå 2004) betyr kjønn lite for nordmenns interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er godt ivareteke i dette arbeidet. Dette gir seg mellom anna utslag i at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei ti siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Norges jeger- og fiskerforbund auka frå tre til nærare ti pst., og det er etablert egne kvinnenettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Direktoratet for naturforvaltning disponerer innafor sitt virkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nyttast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan givast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er bl.a. nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1427 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, post 74 Tilskot til friluftstiltak og 78 Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd

Desse postane har indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn. Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l.

Riksantikvaren

Av totalt tal tilsette hos Riksantikvaren i 2007 var 56 pst. kvinner og 44 pst. menn. Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si. Dette gjeld f.eks. at alle aldrar skal vere representerte blant dei tilsette og at Riksantikvaren gjer bruk av kompetansen til seniormedarbeidarane. Riksantikvaren har 14 tilsette med bakgrunn frå 10 nasjonalitetar. Riksantikvaren har i løpet av dei to siste åra gitt arbeidstrening til minst seks personar frå NAV-systemet. Dette gjeld personar med spesielle behov for tilrettelegging når det gjeld arbeids- og/eller sosial trening.

Riksantikvaren fokuserer på representativitet når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen i målsetjinga er å ivareta både kvinner, menn og minoritetar sine liv og historie. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, bidra til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet og Kulturminneåret 2009. I verdiskapingsprogrammet arbeider Riksantikvaren for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Kulturminneåret har som hovudtema «Dagliglivets kulturminne». Temaet femner vidt, både sosialt og i tid. Det omfattar alle delar av befolkninga, også dei nasjonale minoritetane og innvandrarakar.

Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre ivareteke, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinners innsats og profesjonalisering innafor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

Norsk polarinstitutt

Norsk Polarinstitutt har fokus på å få ei mest mogleg lik samansetjing av tilsette kvinner og menn på alle område. Det er ei særleg målsetjing å auke kvinnedelen ved rekruttering av personell til utestasjonane. Som tiltak for å rekruttere begge kjønn er det alltid oppgitt både mannleg og kvinnelig kontaktperson i kunngjeringstekstar. Kvinner/menn blir oppfordra til å søkje dersom det finst mindre enn 40 pst. av det eine kjønn i aktuell type stilling. Representantar frå begge kjønn deltek i heile utveljingsprosessen og det blir lagt vekt på at det under tilsetjingsintervjuet blir stilt relevante spørsmål vedrørande likestilling.

14.4 Oppfølging av IA-avtala

I styringsdialogen med etatane har Miljøverndepartementet lagt opp til tett oppfølging av IA-måla. I samsvar med IA-avtala er det lagt vekt på behovet for konkrete mål som kan etterprøvast, førebyggjande tiltak og systematisk HMS-arbeid. IA-måla blir i stor grad utforma av den enkelte etat og tilpassa lokale forhold.

Resultatutvikling og tiltak

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå viser at verksemdene i miljøforvaltninga hadde eit samla legemeldt fråvær i 2007 på 3,9 pst. Det legemelde sjukefråværet gjekk dermed opp i forhold til 2006 (3,3 pst.) Eigemeldt sjukefråvær er ikkje inkludert i tala.

Verksemdene i miljøforvaltninga har satt i gang fleire tiltak for å førebyggje sjukefråvær, spesielt er vektlagt tiltak for å fremje fysisk aktivitet blant medarbeidarane. Andre førebyggjande tiltak omfattar blant anna fysioterapi og tilpassing av arbeidsplassar. I forhold til IA-mål 2 og 3, rekruttering av personar med redusert funksjonsevne og auke i pensjoneringsalder, er det sett individuelle mål og sett i verk eigne tiltak, for eksempel traineeordning, tilbod om praksisplassar og karriereutvikling for seniormedarbeidarar.

I tilknytning til målet om reduksjon i sjukefråværet har departementet i tildelingsbrev for 2008 bede etatane om ein halvårleg statusrapport om utviklinga i sjukefråværet, resultatoppnåing i for-

hold til etatens mål for redusert sjukefråvær og effekten av førebyggingstiltak som er sette i verk. Når det gjeld rekruttering av personar med redusert funksjonsevne er etatane pr. 31. desember 2008 bedne om å opplyse om rekrutteringspolitiske tiltak som er sette i verk for å integrere desse og innrapportere kor mange av etatens nytilsette i

2007 som tilhøyrrer målgruppa. Etatane er òg bedne om å opplyse om tiltak som er sette i verk for at seniormedarbeidarar skal stå lengre i arbeid, og innrapportere reell pensjoneringsalder i 2007. Rapporteringa gir eit heilskapeleg bilete av resultatutvikling på IA-området og er eit godt grunnlag for den vidare styringsdialogen.

15 Om oppfølging av oppmodningsvedtak frå Stortinget

Vedtak nr. 415, 3. april 2008

«Stortinget ber Regjeringen legge fram forslag til endring i eksisterende lovverk som sikrer at vann- og avløpsinfrastrukturen forblir heleid av det offentlige. Lovgivningen må gi unntak fra offentlig eie for de vann- og avløpsvirksomheter som i dag er organisert som ikke-kommersielle private andelslag eid av abonnentene, slik at dagens eierorganisering for disse kan videreføres.»

Miljøverndepartementet uttaler i brev 21. august 2008:

«Regjeringen vil be Statens forurensningstilsyn om, i samarbeid med andre berørte myndigheter, å utrede en endring i lovgivningen for å lovfeste offentlig eierskap til vann- og avløpsinfrastrukturen. Regjeringen vil så ta sikte på å følge opp denne utredningen med en odelstingsproposisjon i løpet av 2009.»

Vedtak nr. 416, 3. april 2008

«Stortinget ber Regjeringen vurdere hvordan faggruppens utredning og NOU 2006:6 om en egen sektorlov for vann og avløp skal følges opp politisk»

Miljøverndepartementet uttaler i brev 21. august 2008:

«Regjeringen vil be Statens forurensningstilsyn om å følge opp anbefalingene i en rapport som ble utarbeidet av en faggruppe ledet av SFT i desember 2007. Etter faggruppens vurdering var det ikke dokumentert tilstrekkelig behov for en egen sektorlov for vann og avløp slik som det ble anbefalt i NOU 2006:6. Faggruppen anbefalte imidlertid at det bør arbeides videre med enkelte problemstillinger innenfor vann- og avløpsområdet, og da særlig på enkelte prioriterte områder. Disse omfatter problematikk knyttet til flom og overvann, brannvann og et eventuelt behov for nye eller forbedrede veiledere på området.»

Miljøverndepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2009 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1400–1472 og 2465	kr	4 086 279 000
b. Sum inntekter under kap. 4400–4472, 5322, 5578 og 5621	kr	264 861 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2009, kapitla 1400-1472 og 2465, 4400-4472, 5322, 5578 og 5621

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		
1400	Miljøverndepartementet		
	01 Driftsutgifter	195 156 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	174 757 000	
	22 Spesielle driftsutgifter knytta til lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>	2 000 000	
	70 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar	40 240 000	
	71 Internasjonale organisasjonar	41 257 000	
	72 Miljøverntiltak i nordområda, <i>kan overførast</i>	1 800 000	
	73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, <i>kan overførast</i>	25 750 000	
	74 Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	3 700 000	
	75 Miljøvennleg byutvikling, <i>kan overførast</i>	31 000 000	
	76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	22 471 000	
	79 Den nordiske verdsarvstiftelsen	5 000 000	
	80 Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	600 000	
	81 Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i>	26 000 000	569 731 000
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking		
	21 Miljøovervaking og miljødata	143 428 000	
	50 Basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta	131 460 000	
	51 Forskingsprogram m.m.	144 518 000	
	53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	5 000 000	
	70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta	19 738 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	72	Tilskot til Genøk – Senter for biosikkerhet	9 400 000	
	73	Infrastrukturtiltak til miljøinstituttene	8 132 000	461 676 000
		Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		1 031 407 000
Naturens mangfold og friluftsliv				
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	27 842 000	
	61	Tilskot til kommunale vilttiltak, <i>kan overføres</i>	3 500 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	10 000 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overføres</i>	37 600 000	78 942 000
1426		Statens naturoppsyn		
	01	Driftsutgifter	95 498 000	
	30	Tiltak i nasjonalparkane, <i>kan overføres</i>	18 891 000	
	31	Tiltak i naturvern- og kulturlandskapsområder, <i>kan overføres</i>	30 671 000	
	32	Skjergardsparkar o.a., <i>kan overføres</i>	22 695 000	167 755 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning		
	01	Driftsutgifter	124 733 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	204 326 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overføres</i>	34 405 000	
	31	Tiltak i friluftsområder, <i>kan overføres</i>	17 500 000	
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overføres</i>	19 450 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overføres</i>	25 100 000	
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overføres</i>	137 881 000	
	49	Statlege tileigningar, kjøp av forsvaret sine eiendommer	850 000	
	60	Tilskot til lokalt utviklingsfond	6 000 000	
	70	Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, <i>kan overføres</i>	88 000 000	
	71	Forvaltningstiltak i verdensarvsområder, <i>kan overføres</i>	9 600 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløving</i>	116 895 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, <i>kan overførast</i>	80 500 000	
	74	Tilskot til friluftslivstiltak, <i>kan overførast</i>	17 520 000	
	75	Internasjonale avtaler og medlemskap	1 010 000	
	76	Tilskot til informasjons- og kompetansesentra, <i>kan overførast</i>	7 900 000	
	77	Tilskot til nasjonalparksentre, <i>kan overførast</i>	14 600 000	
	78	Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, <i>kan overførast</i>	8 000 000	914 270 000
		Sum Naturens mangfald og friluftsliv		1 160 967 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	99 258 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 72 og 73</i>	26 915 000	
	50	Tilskot til Samisk kulturminnearbeid	3 000 000	
	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	195 130 000	
	73	Brannsikring og beredskapstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	11 953 000	
	74	Fartøyvern, <i>kan overførast</i>	42 004 000	
	75	Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	1 100 000	
	77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	18 400 000	
	78	Tilskudd til beslutningsgrunnlag for myndighetsutøvelse innen arkeologi, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	6 500 000	404 260 000
1432		Norsk kulturminnefond		
	50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	43 680 000	
	90	Fondskapital	200 000 000	243 680 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		647 940 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Forureining				
1441	Statens forureiningstilsyn			
	01 Driftsutgifter		257 376 000	
	21 Spesielle driftsutgifter		32 195 000	
	22 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar		13 183 000	
	39 Oppryddingstiltak, <i>kan overførast</i>		102 780 000	
	75 Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>		166 320 000	
	76 Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>		50 000 000	621 854 000
1445	Miljøvennleg skipsfart			
	21 Spesielle driftsutgifter		3 000 000	3 000 000
1447	Miljøomsyn i offentlige innkjøp			
	21 Spesielle driftutgifter		8 000 000	8 000 000
	Sum Forureining			632 854 000
Kart og geodata				
1465	Statens kjøp av tenester i Statens kartverk			
	21 Betaling for statsoppdraget, <i>kan overførast</i>		378 823 000	378 823 000
2465	Statens kartverk			
	24 Driftsresultat:			
	1 Driftsinntekter	-823 823 000		
	2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	814 712 000		
	3 Avskrivinger	6 887 000		
	4 Renter av statens kapital	2 224 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		12 000 000	12 000 000
	Sum Kart og geodata			390 823 000
Nord- og polarområda				
1471	Norsk Polarinstitut			
	01 Driftsutgifter		143 969 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		66 271 000	
	50 Stipend		498 000	210 738 000
1472	Svalbard miljøvernfond			
	50 Overføring til Svalbard miljøvernfond		11 550 000	11 550 000
	Sum Nord- og polarområda			222 288 000
Sum departementets utgifter				4 086 279 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		
4400		Miljøverndepartementet		
	02	Ymse inntekter	327 000	
	03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	926 000	1 253 000
4410		Miljøvernforskning og miljøovervaking		
	50	Refusjon frå diverse fond	4 000 000	4 000 000
		Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		5 253 000
		Naturens mangfald og friluftsliv		
4425		Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond		
	51	Refusjon frå Viltfondet	61 942 000	
	52	Refusjon frå Statens fiskefond	17 000 000	78 942 000
4426		Statens naturoppsyn		
	01	Ymse inntekter	138 000	
	02	Oppdragsinntekter	1 000 000	1 138 000
4427		Direktoratet for naturforvaltning		
	01	Ymse inntekter	7 221 000	
	09	Internasjonale oppdrag	4 973 000	
	54	Gebyr	3 074 000	15 268 000
		Sum Naturens mangfald og friluftsliv		95 348 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
4429		Riksantikvaren		
	02	Refusjonar og diverse inntekter	3 694 000	
	09	Internasjonale oppdrag	1 365 000	5 059 000
4432		Norsk kulturminnefond		
	85	Avkastning frå Norsk kulturminnefond	43 680 000	43 680 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		48 739 000
		Forureining		
4441		Statens forureiningstilsyn		
	02	Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	13 314 000	
	04	Gebyr	25 759 000	
	05	Leigeinntekter	313 000	
	06	Gebyr, fylkenes miljøvernavdelinger	12 000 000	
	07	Gebyrinntekter (kvotesystemet)	7 200 000	
	09	Internasjonale oppdrag	5 431 000	64 017 000
		Sum Forureining		64 017 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Nord- og polarområda				
4471	Norsk Polarinstitut			
	01	Sals- og utleigeinntekter	8 559 000	
	03	Inntekter frå diverse tenesteyting	20 858 000	
	21	Inntekter, Antarktis	10 537 000	39 954 000
4472	Svalbard miljøvernfond			
	70	Diverse inntekter	125 000	125 000
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet			
	70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	11 425 000	11 425 000
		Sum Nord- og polarområda		51 504 000
		Sum departementets inntekter		264 861 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II
Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2009 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1427 post 01	kap. 4427 post 01
kap. 1427 post 21	kap. 4427 postane 09 og 54
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1432 post 50	kap. 4432 post 85
kap. 1441 post 01	kap. 4441 postane 04, 05, 06 og 09
kap. 1441 post 22	kap. 4441 post 02
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 4472 post 70 og kap. 5578 post 70

2. overskride løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, med eit beløp som tilsvarende regnskapsførte inntekter frå sal av anleggsmidlar under kap. 5465 Statens kartverk, post 49 Sal av anleggsmidlar. Unytta inntekter frå slikt sal kan takast med ved utrekning av overført beløp.

III

Fullmakter til å utgiftsføre utan løyving

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2009 kan utgiftsføre utan løyving fastslåtte tap på garantiar for lån til miljøverntiltak og energiøkon-

miseringsformål som staten er juridisk forplikta til å dekkje, under kap. 1400 Miljøverndepartementet, post 77 Oppfylgning av garantiansvar.

IV
Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2009 kan omdisponere inntil 5 mill. kroner mellom kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens

kartverk, post 21 Betaling for statsoppdraget og kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold.

*Fullmakter til å påføre staten forpliktingar utover gitte løyvingar*V
Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2009 kan utføre bestillingar:

1. av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1426		Statens naturoppsyn	
	32	Skjergardsparkar mv.	6,5 mill. kroner
1441		Statens forureiningstilsyn	
	39	Oppryddingstiltak	25,0 mill. kroner

2. av kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk, post 21 Betaling for statsoppdraget, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 90 mill. kroner.

VI
Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2009 gir tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1400		Miljøverndepartementet	
	78	Miljøtiltak i nikkilverka på Kola	218,5 mill. kroner
1427		Direktoratet for naturforvaltning	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	80,0 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	34,7 mill. kroner
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar	185,0 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern	140,0 mill. kroner
	77	Tilskot til nasjonalparksentra	2,0 mill. kroner
	79	Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg	6,75 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	72	Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø	35,0 mill. kroner
	73	Brannsikring og beredskapstiltak	2,0 mill. kroner
	74	Fartøyvern	8,0 mill. kroner
	77	Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet	2,0 mill. kroner

Andre fullmakter

VII

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet kan fråvike spesifikasjonane av løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 24 Driftsresultat ved bruk av reguleringsfondet i 2009.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hjå:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Faks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringen.no

Trykk: 07 Gruppen AS - 10/2008

